

Strengleikar og Lais

Høviske noveller i omsetjing
frå gammalfransk til gammalnorsk

Band 1: Tekstanalyse

Ingvil Brügger Budal



Avhandling for graden philosophiae doctor (PhD)
ved Universitetet i Bergen
2009

*Pource que scet bien mon entente
Jehan de Calais, honnorable homme,
Qui ne me vist des ans a trente
Et ne scet comment on me nomme,
De tout ce testament, en somme,
S'aucun y a difficulté,
L'oster jusqu'au rez d'une pomme
Je lui en donne faculté.*

*De le gloser et commenter,
De le diffinir et descripre,
Diminuer ou augementer,
De le canceller et perscripre
De sa main, et ne sceut escripre,
Interpreter et donner sens
A son plaisir, meilleur ou pire,
A tout cecy je m'y consens.*

François Villon, *Testament* v. 1844–1859 (utg. Rychner og Henry 1974)

*Min hensikt kjennes av notaren,
den respektable Jean calais,
men vit: på tretti år har karen
nå ikke sett og hørt meg. Det
gjør ingen ting; han får jo se
mitt testament. Og vil han fjerne
en tøddel, så kan det få skje,
for vansker oppstår gjerne.*

*Så jeg går med på nå at han
kan få forklare, kommentert
mitt testament, så godt han kan
og skjønner best blant mange flere,
og øke, minke, annullerer,
og stryke, med samt sette frist
for dag og tid. Interpretere,
det får han òg, til aller sist.*

Gjendikting av Harald Gullichsen (1994)

Føreord

Det er mange som fortener takk, nokre fagleg, andre privat, og dei fleste begge delar. Universitetet i Bergen og LLE skal ha takk for å tru nok på meg og prosjektet mitt til å gje meg stipend. Senter for mellomalderstudiar, CMS, skal takkast for kontor og fagmiljø. Det har vore godt å vera i nærleiken av nokon ein kan spørja om det meste, og eit betre fagmiljø kunne eg ikkje ha drøymt om.

Denne avhandlinga hadde ikkje vore skriven om det ikkje var for rettleiaren min, professor Odd Einar Haugen. Han har teke del i dette frå eg først tok til å interessera meg for kva som skjer i møtet mellom gammalfransk høvisk litteratur og ein gammalnorsk omsetjar. Han har vore eit oppkomme av kunnskap og har halde meg i taumane når eg har spora av. Eg har sett stor pris på samtalar, innspel, konstruktiv kritikk – og store mengder te.

Dei to kursa i gammalfransk i regi av CMS gav meg kjensla av å vera privilegert og del av noko som fleire enn eg brydde meg om. Alle deltakarar fortener stor takk. Ikkje minst gjeld dette Anders Melkersson som heldt oss i handa gjennom eit gjennomtenkt utval av gammalfranske tekstar. Å lesa *La Vie de Saint Thomas Beckett* av Guernes de Pont-Sainte-Maxence og Raoul de Houdencs *Le songe d'Enfer* i solskinet kjem til å stå som eit strålende minne frå denne tida. Anders Melkersson har dessutan vore entusiastisk og hjelpsam der eg har møtt på problem i dei gammalfranske tekstane.

Vidare vil eg takka Carolinabiblioteket i Uppsala for å la meg, med vørnad og entusiasme, ha fingrane i det gammalnorske handskriftet De la Gardie 4–7. Faksimileutgåva til Mattias Tveitane er utmerkt, men ho kan ikkje måla seg med det å kjenna og sjå variasjonen i pergamenttjukkuleik og blekkstone, for ikkje å snakka om dei fabelaktige fargane som er nytta i delar av handskriftet.

Kollegaer som fortener takk er mange, og berre nokre vert nemnde her. Om eg har gløymt nokon, ber eg om orsaking. Sigbjørn Sønnesyn på nabokontoret har vore ei kaffidrikkande kjelde av innspel som har måtta lytta på idéar og tanketrådar undervegs. Dagane har vore mindre einsame etter kontorskiftet hans. Frå eg først vart tilsett ved Universitetet i Bergen har Eldar Heide vore kunnskapsrik, hjelpsam og imøtekommande. Det har vore godt at eg så lett kunne banka på døra hans. Kristel Zilmer har velviljug delt av kunnskapen sin, og har gjennom venskapen sin vore med på lya opp hausten. Åslaug Ommundsen har i løpet av det siste året vore ei god støtte, både fagleg og privat, når me begge har hatt seine

kveldar på kontoret. Samtalar med Jonas Wellendorf har vore til stor nytte når det gjeld omsetjing i mellomalderen. Det er elles mange som har vore rause med kunnskapen sin. Jennifer McDonald, Bjørn Bandlien, Pekka Tolonen, Rune Kyrkjebø, Bernt Øyvind Thorvaldsen, Agathe Hahn, Jo Rune Ugulen, Haki Antonsson, Daniel Sävborg, Kjersti Bruvoll, Aidan Conti og Jenna Habegger-Conti fortener alle takk.

Takkar går òg til Kyrre Styve som har stilt opp for å ta seg av sonen vår når eg har vore på reise eller hatt lange dagar på kontoret.

Eg hadde ikkje vore der eg er i dag utan støtte og oppmuntring frå to kloke og lesande foreldre som veit å oppdra ungar, både store og små. Nærleiken de har skapt i familien og mellom søstrene mine og meg er uvurderleg. De har begge, på kvar dykkar vis, stilt opp i innspurten av avhandlingsarbeidet. Far min skal ha takk for korrekturlesing og mor mi for barnepass.

Til sist: Minst av storleik, men ikkje minst i takkane, sonen min; Iver. Du er min *Tilfyslegr*, min *Desire*. I løpet av avhandlingsarbeidet har du snudd opp ned på livet mitt og planane mine. Ein sårt tiltrengt struktur kom med deg, og du har i desse åra gjeve meg meir glede enn du anar. Å komma heim saman med deg har vore ein *merveille*, ein *kynligr atburðr*, mitt eventyr.

Bergen, januar 2009

Ingvil Brügger Budal

Innhald

| | | |
|-------------------|--|-----|
| Kapittel 1 | Innleiing | 19 |
| 1.1 | Omgrepsavklaring og ortografi | 20 |
| 1.1.1 | Anglo-normannisk og gammalfransk | 20 |
| 1.1.2 | Kuplettar, vers og verseliner..... | 21 |
| 1.1.3 | Kjeldetekst og måltekst. Førelegg og omsetjing | 22 |
| 1.1.4 | Primær- og sekundærhandskrifter | 23 |
| 1.1.5 | Omsetjar, skrivar og tekstredaktør | 24 |
| 1.1.6 | Ortografi | 24 |
| 1.1.7 | Litteratur | 26 |
| 1.2 | Hypotesar..... | 26 |
| 1.3 | Skisse av innhaldet i avhandlinga..... | 28 |
| Kapittel 2 | Historisk og kulturell bakgrunn | 33 |
| 2.1 | <i>Bene litteratus</i> : Håkon Håkonsson | 34 |
| 2.2 | Den ukjende Marie de France..... | 40 |
| 2.2.1 | Diskusjonar om identiteten til Marie de France | 41 |
| 2.2.2 | Å sjå verda gjennom slottsvindaug: <i>Lais</i> | 46 |
| Kapittel 3 | Materialet | 49 |
| 3.1 | Gammalnorske handskrifter | 49 |
| 3.2 | Gammalfranske handskrifter | 64 |
| 3.3 | <i>Strengleikar</i> og <i>lais</i> | 70 |
| 3.4 | Inndeling av det gammalnorske materialet..... | 73 |
| Kapittel 4 | Omsetjingsomgrepet | 77 |
| 4.1 | Opplæring i arbeid med tekst: <i>Trivium</i> | 78 |
| 4.2 | Hieronymus | 80 |
| 4.3 | Om omsetjing i eldre engelske og franske kjelder | 81 |
| 4.4 | Omsetjing i norrøne kjelder | 85 |
| 4.5 | Problemet med tapte førelegg og ukjende ledd | 87 |
| 4.6 | Oppsummering | 91 |
| Kapittel 5 | Tekstvandring | 95 |
| 5.1 | Hypotesar og metode | 95 |
| 5.1.1 | Mikronivå | 99 |
| 5.2 | Forskingshistorie | 102 |
| 5.3 | Tekstendringar på mikronivå..... | 105 |
| 5.3.1 | Titlane | 105 |
| 5.3.2 | Prologen..... | 109 |
| 5.3.3 | <i>Guiamar</i> | 110 |
| 5.3.4 | <i>Eskia</i> | 128 |
| 5.3.5 | <i>Equitan</i> | 131 |
| 5.3.6 | <i>Bisclaret</i> | 134 |
| 5.3.7 | <i>Laustik</i> | 139 |
| 5.3.8 | <i>Desire</i> | 140 |
| 5.3.9 | <i>Tidorel</i> | 147 |
| 5.3.10 | <i>Chetovel</i> | 149 |
| 5.3.11 | <i>Doun</i> | 150 |
| 5.3.12 | <i>Tveggia elskanda liod</i> | 151 |

| | | |
|-------------------|---|------------|
| 5.3.13 | <i>Milun</i> | 154 |
| 5.3.14 | <i>Geitarlauf</i> | 156 |
| 5.3.15 | <i>Strandar strengleikr</i> | 156 |
| 5.3.16 | <i>Leikara liod</i> | 157 |
| 5.3.17 | <i>Janual</i> | 159 |
| 5.3.18 | <i>Jonet</i> | 168 |
| 5.3.19 | <i>Naboreis</i> | 172 |
| 5.4 | Typologisering av tekstendringane på mikronivå..... | 173 |
| 5.4.1 | Endringar i dei ulike laga i tekstgenesen..... | 173 |
| 5.4.2 | Typologi..... | 178 |
| 5.5 | Tekstendringar på makronivå..... | 182 |
| 5.5.1 | Kuplettar med omvend rekkjefølgje i N jamført med primærhandskriftene, men i samsvar med sekundærhandskrifter..... | 185 |
| 5.5.2 | Kuplettar med omvend rekkjefølgje i N jamført med alle dei gammalfranske handskriftene..... | 186 |
| 5.5.3 | Kuplettar som manglar i N jamført med primærhandskriftene, men der det er i samsvar med sekundærhandskriftene..... | 187 |
| 5.5.4 | Kuplettar og lengre parti som manglar i N, men finst i alle dei gammalfranske handskriftene..... | 187 |
| 5.5.5 | Nedkorting i den gammalnorske omsetjinga..... | 189 |
| 5.5.6 | Semantisk kategorisering av kuplettar og lengre parti som ikkje er atgjevne i dei gammalnorske tekstane, men som finst i alle dei gammalfranske handskriftene ... | 190 |
| 5.5.7 | Innskot i N jamført med primærhandskriftene, men i samsvar med sekundærhandskriftene..... | 200 |
| 5.5.8 | Semantisk kategorisering av tillegga i N jamført med alle dei gammalfranske handskriftene..... | 201 |
| 5.6 | Oppsummering..... | 216 |
| 5.6.1 | Mikronivået..... | 217 |
| 5.6.2 | Makronivået..... | 217 |
| Kapittel 6 | Ord og uttrykk | 221 |
| 6.1 | Hypotesar og metode..... | 221 |
| 6.2 | Forskingshistorie..... | 225 |
| 6.3 | Ord i den narrative ramma..... | 228 |
| 6.3.1 | <i>Lais: ljóð, strengleikr</i> | 228 |
| 6.3.2 | <i>Aventure: atburðr</i> | 229 |
| 6.4 | Ord for kjærleik..... | 231 |
| 6.4.1 | <i>Amur, a(i)mer og ami(e)</i> | 232 |
| 6.4.2 | <i>Druërie og dru(e)</i> | 239 |
| 6.4.3 | Kjærleikssorg og -pinsler..... | 240 |
| 6.4.4 | Uttrykk for fysisk kjærleik..... | 248 |
| 6.5 | Ord for dygder..... | 250 |
| 6.5.1 | Omsetjing av <i>Amur</i> | 251 |
| 6.5.2 | Omsetjing av <i>Fortune</i> | 251 |
| 6.5.3 | Omsetjing av <i>Nature</i> | 252 |
| 6.6 | Ord for sosial status..... | 253 |
| 6.6.1 | Dei lågare i samfunnet..... | 254 |

| | | |
|-------------------|---|-----|
| 6.6.2 | Dei høge i samfunnet..... | 257 |
| 6.7 | Ord med særskilde avleiingar..... | 266 |
| 6.7.1 | Substantiv med avleiingssuffikset <i>-leikr</i> | 267 |
| 6.7.2 | Adjektiv med avleiingssuffikset <i>-ligr</i> | 272 |
| 6.7.3 | Adverb med avleiingssuffikset <i>-liga</i> | 277 |
| 6.7.4 | Substantiv med avleiingssuffikset <i>-skapr</i> | 284 |
| 6.7.5 | Adjektiv med avleiingssuffikset <i>-samr</i> | 287 |
| 6.7.6 | Substantiv med avleiingssuffikset <i>-semd</i> | 288 |
| 6.8 | Presens partisipp..... | 290 |
| 6.9 | Tempohevande uttrykk..... | 293 |
| 6.9.1 | Bruk av <i>í því</i> | 293 |
| 6.9.2 | Bruk av <i>því næst</i> | 294 |
| 6.9.3 | Bruk av <i>þegar</i> | 297 |
| 6.10 | Oppsummering..... | 299 |
| 6.10.1 | Kjernevokabular..... | 299 |
| 6.10.2 | Avleiingar, partisipp og adverb..... | 302 |
| 6.10.3 | Dialektskifte og skrivarhender..... | 303 |
| 6.10.4 | Frekvensjamføringar med Menota..... | 304 |
| Kapittel 7 | Tekstklang | 307 |
| 7.1 | Hypotesar og metode..... | 308 |
| 7.2 | Forskingshistorie..... | 310 |
| 7.3 | Trykk, tyding, avstand og intensjon..... | 313 |
| 7.4 | Fonologisk avgrensing..... | 319 |
| 7.4.1 | Allitterasjonsnormen i norrøn poesi..... | 319 |
| 7.4.2 | Jamføring mellom allitterasjonsnormen i norrøn poesi og den i <i>Strengleikar</i> | 321 |
| 7.4.3 | Kryssallitterasjonar i <i>Strengleikar</i> | 324 |
| 7.4.4 | Fleirledda allitterasjonar i <i>Strengleikar</i> | 325 |
| 7.4.5 | Allitterasjonsnormen i <i>Strengleikar</i> | 332 |
| 7.5 | Allitterasjonar i dei gammalfranske <i>lais</i> | 333 |
| 7.6 | Allitterasjonar i <i>Strengleikar</i> . Semantisk analyse..... | 339 |
| 7.6.1 | Narrativ ramme..... | 341 |
| 7.6.2 | Personskildringar..... | 342 |
| 7.6.3 | Kjensler..... | 353 |
| 7.6.4 | Kommunikasjonssituasjonar..... | 357 |
| 7.6.5 | Tid, stad og gjenstandar..... | 360 |
| 7.6.6 | Oppsummering av den semantiske analysen..... | 361 |
| 7.7 | Strukturerande allitterasjonar..... | 363 |
| 7.7.1 | <i>Guiamar</i> | 366 |
| 7.7.2 | <i>Eskia</i> | 372 |
| 7.7.3 | <i>Equitan</i> | 380 |
| 7.7.4 | <i>Milun</i> | 385 |
| 7.7.5 | <i>Jonet</i> | 387 |
| 7.7.6 | Oppsummering av granskinga av mogleg bruk av strukturerande allitterasjonar..... | 389 |
| 7.8 | Analyse på grunnlag av allitterasjonsfrekvens..... | 390 |
| 7.8.1 | Avgrensing..... | 391 |
| 7.8.2 | Allitterasjonsfrekvens i kvar forteljing i <i>Strengleikar</i> | 392 |
| 7.8.3 | Allitterasjonsfrekvens i heile <i>strengleikar</i> | 395 |

| | | |
|--|---|-----|
| 7.8.4 | Allitterasjonsfrekvens i <i>Forræða</i> og <i>Equitan</i> | 398 |
| 7.8.5 | Allitterasjonsfrekvens i personskildringar..... | 400 |
| 7.8.6 | Oppsummering av granskinga av allitterasjonsfrekvens | 404 |
| 7.9 | Oppsummering | 405 |
| 7.9.1 | Allitterasjonar i <i>Strengleikar</i> | 405 |
| 7.9.2 | Dialektskifte og skrivarhender | 407 |
| Kapittel 8 | Samanfatning | 411 |
| 8.1 | Tekstgenese og profilering av tekstredaktørar | 411 |
| 8.2 | Fanst det ei <i>Guigemar</i> -gruppe? | 415 |
| Appendiks: Semantisk kategorisering av allitterasjonane i kvar tekst | | 427 |
| Litteraturliste | | 451 |

Figurar og tabellar

| | | |
|------------|---|-----|
| Fig. 1.1: | Forholdet mellom kjelde- og måltekst, førelegg og omsetjing | 23 |
| Fig. 1.2: | Forholdet mellom omsetjar, skrivar og tekstredaktør..... | 24 |
| Tab. 3.1: | <i>Strengleikar</i> i De la Gardie 4–7 og AM 666b 4°..... | 60 |
| Tab. 3.2: | Fordeling og omfang av Marie de France sine <i>Lais</i> i Harley 978 | 65 |
| Tab. 3.3: | Vers-og ordmengd i dei gammalfranske tekstane i handskriftene som vert granska | 68 |
| Tab. 3.4: | Oversikt over materialet | 71 |
| Tab. 3.5: | Inndelingar i det gammalnorske materialet | 75 |
| Fig. 5.1: | Minimal tekstvandring av <i>Strengleikar</i> | 97 |
| Fig. 5.2: | Maksimal tekstvandring av <i>Strengleikar</i> | 98 |
| Tab. 5.1: | Gammalfranske førelegg for titlane i <i>Strengleikar</i> | 106 |
| Tab. 5.1: | Plassering av forskyvingar mellom <i>Strengleikar</i> i N og dei gammalfranske førelegga i tekstgenesen | 176 |
| Tab. 5.2: | Korrupsjonstypologi | 179 |
| Tab. 5.3: | Pronomenskilnad mellom gammalnorsk og gammalfransk tekst..... | 181 |
| Tab. 5.4: | Kuplettar med omvend rekkjefølgje i N jamført med alle dei gammalfranske handskriftene | 186 |
| Tab. 5.5: | Kuplettar og lengre parti som finst i alle dei gammalfranske handskriftene, men manglar i N..... | 187 |
| Tab. 5.6: | Prosentvis nedkorting | 189 |
| Tab. 5.7: | Semantisk kategorisering av kuplettar og lengre parti som finst i alle dei gammalfranske handskriftene, men ikkje i N | 191 |
| Tab. 5.8: | Semantisk kategorisering av lengre tillegg i gammalnorsk tekst..... | 203 |
| Tab. 6.1: | Omsetjing av <i>aventure</i> (subst.)..... | 229 |
| Tab. 6.2: | Førelegg for <i>atburðr</i> (subst.) | 230 |
| Tab. 6.3: | Omsetjing av <i>amur</i> (subst.) | 232 |
| Tab. 6.4: | Omsetjing av <i>a(i)mer</i> (vb.) | 234 |
| Tab. 6.5: | Omsetjing av <i>ami(e)</i> (subst.) | 237 |
| Tab. 6.6: | Omsetjing av <i>druërie</i> (subst.) | 239 |
| Tab. 6.7: | Omsetjing av <i>dru(e)</i> (subst.)..... | 240 |
| Tab. 6.8: | Omsetjing av pinslene som er knytte til kjærleiken | 240 |
| Tab. 6.9: | Attgjeving av ord med rota <i>dol-</i> | 244 |
| Tab. 6.10: | Fysiske effektar av kjærleiken..... | 246 |
| Tab. 6.11: | Fysisk kjærleik..... | 248 |
| Tab. 6.12: | Omsetjing av <i>Amur</i> | 251 |
| Tab. 6.13: | Omsetjing av <i>Fortune</i> | 251 |
| Tab. 6.14: | Omsetjing av <i>Nature</i> | 252 |
| Tab. 6.15: | Omsetjing av <i>meschine</i> | 254 |
| Tab. 6.16: | Omsetjing av <i>pucele</i> | 255 |
| Tab. 6.17: | Omsetjing av <i>vallet</i> | 256 |

| | | |
|------------|---|-----|
| Tab. 6.18: | Omsetjing av <i>chamberlenc/chamberlein</i> | 257 |
| Tab. 6.19: | Førelegg for <i>riddari</i> | 259 |
| Tab. 6.20: | Omsetjing av det gammalfranske <i>barun</i> | 261 |
| Tab. 6.21: | Førelegg for <i>konungr</i> | 264 |
| Tab. 6.22: | Omsetjing av <i>sire</i> | 265 |
| Tab. 6.23: | Substantiv med avleiingssuffikset <i>-leikr</i> i <i>Strengleikar</i> .. | 267 |
| Tab. 6.24: | Frekvens av substantiv med avleiingssuffikset <i>-leikr</i> i dei lemmatiserte tekstane i Menota | 271 |
| Tab. 6.25: | Adjektiv med avleiingssuffikset <i>-ligr</i> | 272 |
| Tab. 6.26: | Frekvens av adjektiv med avleiingssuffikset <i>-ligr</i> i dei lemmatiserte tekstane i Menota | 277 |
| Tab. 6.27: | Adverb med avleiingssuffikset <i>-liga</i> | 277 |
| Tab. 6.28: | Frekvens av adverb med avleiingssuffikset <i>-liga</i> i dei lemmatiserte tekstane i Menota | 284 |
| Tab. 6.29: | Substantiv med avleiingssuffikset <i>-skapr</i> | 285 |
| Tab. 6.30: | Frekvens av substantiv med avleiingssuffikset <i>-skapr</i> i dei lemmatiserte tekstane i Menota | 286 |
| Tab. 6.31: | Adjektiv med avleiingssuffikset <i>-samr</i> | 287 |
| Tab. 6.32: | Frekvens av adjektiv med avleiingssuffikset <i>-samr</i> i dei lemmatiserte tekstane i Menota | 287 |
| Tab. 6.33: | Substantiv med avleiingssuffikset <i>-semd</i> | 288 |
| Tab. 6.34: | Frekvens av substantiv med avleiingssuffikset <i>-semd</i> i dei lemmatiserte tekstane i Menota | 289 |
| Fig. 6.1. | Presens partisipp-former i <i>Strengleikar</i> og <i>lais</i> | 292 |
| Tab. 6.35: | Frekvens av presens partisipp i dei lemmatiserte tekstane i Menota..... | 292 |
| Tab. 6.36: | Frekvens av <i>i því</i> i dei lemmatiserte tekstane i Menota.. | 294 |
| Tab. 6.37: | Bruk av <i>því næst</i> i <i>Strengleikar</i> | 294 |
| Tab. 6.38: | Frekvens av <i>því næst</i> i dei lemmatiserte tekstane i Menota..... | 296 |
| Tab. 6.39: | Bruk av <i>þegar</i> i <i>Strengleikar</i> | 297 |
| Tab. 6.40: | Frekvens av <i>þegar</i> i dei lemmatiserte tekstane i Menota..... | 298 |
| Fig. 7.1. | Fordeling av vokaliske allitterasjonar med lik/ulik inital vokal i <i>Strengleikar</i> | 323 |
| Tab. 7.1: | Fleirledda forsterkande allitterasjonar i <i>Strengleikar</i> | 326 |
| Fig. 7.2. | Fleirledda forsterkande allitterasjonar i <i>Strengleikar</i> -tekstar på over 2000 ord. Tilfelle/ 1000 ord..... | 331 |
| Tab. 7.2: | Attgjeving av gammalfranske allittererande tautologiar | 334 |
| Fig. 7.3. | Attgjeving av allittererande gammalfranske tautologiar i <i>Strengleikar</i> | 338 |
| Tab. 7.3: | Framtredande vokabular i allitterasjonar i person- skildringar..... | 348 |
| Tab. 7.4: | Skjematisk oversyn over handlinga i <i>Guiamar</i> | 366 |
| Tab. 7.5: | Skjematisk oversyn over handlinga i <i>Eskia</i> | 372 |
| Tab. 7.6: | Skjematisk oversyn over handlinga i <i>Equitan</i> | 381 |
| Tab. 7.7: | Skjematisk oversyn over handlinga i <i>Milun</i> | 385 |
| Tab. 7.8: | Skjematisk oversyn over handlinga i <i>Jonet</i> | 387 |
| Tab. 7.9: | Frekvens av allitterasjonar per 1000 ord i kvar | |

| | | |
|-----------|---|-----|
| | tekst i <i>Strengleikar</i> | 392 |
| Fig. 7.4. | Frekvens av allitterasjonar/1000 ord for <i>Strengleikar</i> -tekstane..... | 394 |
| Fig. 7.5. | Allitterasjonar/1000 ord i heile tekstar i <i>Strengleikar</i> | 397 |
| Fig. 7.6. | Allitterasjonar/ 1000 ord i dei enkelte delane av <i>Forræða</i> og <i>Equitan</i> | 399 |
| Fig. 7.7. | Allitterasjonar i skildringar av hovudpersonar Allitterasjonar/tal på hovudpersonar. | 401 |
| Fig. 7.8. | Innskotne allittererande ledd i skildringar av hovudpersonar. Allitterande ledd/tal på personar. | 403 |
| Fig. 8.1. | Mogleg framvokster av <i>Strengleikar</i> i N og <i>Gvímars saga</i> i K | 423 |
| Fig. 8.2. | Maksimal tekstvandring for <i>Strengleikar</i> med minst to gammalfranske førelegg | 425 |

Forkortingar

Verk

| | |
|------|--|
| DN | Diplomatarium Norvegicum |
| ÍF | Íslenszk fornrit |
| KLMN | Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder |
| ONP | Ordbog over det norrøne prosasprog |

Tekstar

| | |
|---------|---|
| BiL | <i>Bisclavret</i> i <i>Lais</i> |
| BiS | <i>Bisclaret</i> i <i>Strengleikar</i> |
| Bi | <i>Bisclavret</i> og <i>Bisclaret</i> |
| ChaL | <i>Chaitivel</i> i <i>Lais</i> |
| CheS | <i>Chetovel</i> i <i>Strengleikar</i> |
| Che | <i>Chaitivel</i> og <i>Chetovel</i> |
| ChiL | <i>Chievrefoil</i> i <i>Lais</i> |
| DesLA | <i>Desire</i> i <i>Lais anonymes</i> |
| DesS | <i>Desire</i> i <i>Strengleikar</i> |
| Des | Forteljinga <i>Desire</i> på begge språk |
| DeuL | <i>Deus Amanz</i> i <i>Lais</i> |
| DoLA | <i>Doon</i> i <i>Lais anonymes</i> |
| DoS | <i>Doun</i> i <i>Strengleikar</i> |
| Do | <i>Doon</i> og <i>Doun</i> |
| EskS | <i>Eskia</i> i <i>Strengleikar</i> |
| Esk | <i>Fresne</i> og <i>Eskia</i> |
| EqL | <i>Equitan</i> i <i>Lais</i> |
| EqS | <i>Equitan</i> i <i>Strengleikar</i> |
| EqS I | <i>Equitan</i> i <i>Strengleikar</i> utan den inkorporerte moraliserande epilogen |
| EqS II | Den moraliserande epilogen i <i>Equitan</i> i <i>Strengleikar</i> |
| Eq | Forteljinga <i>Equitan</i> på begge språk |
| ForS | <i>Forræða</i> i <i>Strengleikar</i> |
| ForS I | Første halvdel av <i>Forræða</i> i <i>Strengleikar</i> |
| ForS II | Andre halvdel av <i>Forræða</i> i <i>Strengleikar</i> |
| For | <i>Prologue</i> og <i>Forræða</i> |
| FreL | <i>Fresne</i> i <i>Lais</i> |
| GeiS | <i>Geitarlauf</i> i <i>Strengleikar</i> |
| Gei | <i>Chievrefoil</i> og <i>Geitarlauf</i> |
| GraLA | <i>Graalent</i> i <i>Lais anonymes</i> |

| | |
|-------|--|
| GreS | <i>Grelent i Strengleikar</i> |
| Gre | <i>Graelent og Grelent</i> |
| GuiK | <i>Gvímars saga i Lbs. 840, 4°.</i> |
| GuiL | <i>Guigemar i Lais</i> |
| GuiS | <i>Guiamar i Strengleikar</i> |
| Gui | <i>Guigemar og Guiamar</i> |
| GurS | <i>Gurun i Strengleikar</i> |
| JanS | <i>Janual i Strengleikar</i> |
| Jan | <i>Lanval og Janual</i> |
| JonS | <i>Jonet i Strengleikar</i> |
| Jon | <i>Yonec og Jonet</i> |
| LanL | <i>Lanval i Lais</i> |
| LaL | <i>Laüstic i Lais</i> |
| LaS | <i>Laustik i Strengleikar</i> |
| La | <i>Laüstic og Laustik</i> |
| LeLA | <i>Lecheor i Lais anonymes</i> |
| LeiS | <i>Leikara lioð i Strengleikar</i> |
| Lei | <i>Lecheor og Leikara lioð</i> |
| MiL | <i>Milun i Lais</i> |
| MiS | <i>Milun i Strengleikar</i> |
| Mi | Forteljninga <i>Milun</i> på begge språk |
| NabLA | <i>Nabaret i Lais anonymes</i> |
| NabS | <i>Naboreis i Strengleikar</i> |
| Nab | <i>Nabaret og Naboreis</i> |
| ProL | <i>Prologue i Lais</i> |
| RicS | <i>Ricar hinn gamli i Strengleikar</i> |
| StraS | <i>Strandar strengleikr i Strengleikar</i> |
| TyLA | <i>Tydorel i Lais anonymes</i> |
| TiS | <i>Tidorel i Strengleikar</i> |
| Ti | <i>Tydorel og Tidorel</i> |
| TvLS | <i>Tveggja elskanda lioð i Strengleikar</i> |
| Tvl | <i>Deus Amanz og Tveggja elskanda lioð</i> |
| TvS | <i>Tveggja elskanda strengleikr i Strengleikar</i> |
| YonL | <i>Yonec i Lais</i> |

Handskrifter

Med norrøn tekst:

- N Uppsala, De la Gardie 4–7. Datert til 1270. *Strengleikar* utgjør storparten av dette handskriftet som inneheld 19 av forteljningane og føreordet.

- AM 666b, 4° Dei 4 siste blada til De la Gardie 4–7, attfunne i ein bispemitra på Skálholt i 1703. Har vore klipt til for å stiva av denne, og mykje tekst er tapt. Inneheld *Tveggia elskanda strengleikr* og *Grelent*.
- K Kalinkes siglum (1979). Det islandske papirhandskriftet Lbs. 840, 4° frå 1737. Inneheld *Gvímars saga*.

Med gammalfransk tekst:

- C London, British Museum, Cotton Vespasianus B.XIV. Datert til slutten av 1200-talet eller byrjinga av 1300-talet. Inneheld *Lanval*.
- H British Museum, Harley 978. Datert til midten av 1200-talet. Inneheld Marie de France sine 12 *lais* med eit føreord.
- P Paris, Bibliothèque Nationale. Ms. français 2168. Datert til andre halvdel av 1200-talet. Inneheld *Yonec*, *Guigemar*, *Lanval* og *Graelent*.
- Q Bibliothèque Nationale. Ms. français 24432. Datert til 1300-talet. Inneheld *Yonec*.
- S Bibliothèque Nationale. Nouvelles acquisitions françaises 1104. Datert til slutten av 1200-talet. Har fjorten forteljingar felles med *Strengleikar*: *Guigemar*, *Lanval*, *Desiré*, *Yonec*, *Chievrefueil*, *Doon*, *Deus Amanz*, *Bisclavret*, *Milon*, *Fresne*, *Lecheor*, *Equitan*, *Tydorel* og *Graalant*.
- T Den tidlegare Sir Thomas Phillipps samlinga no. 3713, no Bibliotheca Bodmeriana, Cologny nær Genève. Ms. Bodmer 82. Datert til slutten av 1200-talet eller byrjinga av 1300-talet. Inneheld *Nabaret* og *Desiré*.

Skrivarhender

- Str. I Skrivaren av første delen av *Strengleikar*-samlinga i handskriftet De la Gardie 4–7, det vil seie den som har skrive *Forræða*, *Guiamar*, *Eskia*, *Equitan*, *Bisclaret* og deretter til og med det som svarar til det gammalfranske v. 163 av forteljinga *Desire*.
- Str. II Skrivaren av andre halvdelen av *Strengleikar*-samlinga. Arbeidet hans tek til frå og med v. 164 i forteljinga *Desire*. Det er dessutan Str. II som har skrive forteljingane i AM 666 b, 4°

Andre forkortingar

| | |
|--------|---|
| adj. | adjektiv |
| adv. | adverb |
| gf. | gammalfransk |
| gn. | gammalnorsk |
| pl. | fleirtal |
| pres. | presens |
| pron. | pronomen |
| sg. | eintal |
| subst. | substantiv |
| vb. | verb |
| * | markerer ei ordform eller eit vers som er rekonstruert eller hypotetisk |

Kapittel 1 Innleiing

Kva skjer i møtet mellom gammalfranske høviske versnoveller og ein gammalnorsk omsetjar? Kva kan ein lesa om framvoksteren til mellomaldertekstar ut frå dei versjonane som er overleverte? I kva grad viser tekstredaktørar seg gjennom ordval og stilistiske særdrag?

Ein stor del av den overleverte gammalnorske litteraturen er høviske omsetjingar, mange frå tolvhundretalet. Likevel er nærlesingar og granskingar av tilhøvet mellom omsett norrøn litteratur og førelegga til denne sjeldsynte. Trass mange handskrifter med omsett høvisk litteratur eller etterlikningar av denne – søger av denne sjangeren har vore kopierte og etterlikna i mange hundre år, og motiva har vore resirkulerte i folkediktinga – har annan norrøn litteratur vore vurdert som meir høveleg for både forskning, utgjeving og attgjeving i ei moderne språkdrakt. Det er truleg to grunnar til dette. Den første grunnen er bruken av den norrøne mellomalderlitteraturen i samband med nasjonsbygginga, der den omsette litteraturen vart lågare vurdert enn den heimlege. Den andre grunnen er handskriftssituasjonen på både gammalnorsk og gammalfransk side. Tapte handskrifter og manglande mellomledd gjer det vanskeleg med sikre jamføringar mellom dei gammalnorske omsetjingane og deira gammalfranske førelegg. Storparten av både den høviske omsette litteraturen og dei gammalfranske førelegga til denne er overlevert i yngre handskrifter. Kvar avskrift av ein tekst kan auka avstanden til den opphavlege teksten. For den høviske omsette litteraturen gjeld dette for to sett tekstar; dei gammalnorske omsetjingane og dei gammalfranske førelegga. Alt i alt skapar dette større vanskar for omsetjingslitteraturen enn for den heimlege litteraturen.

Tekstane som ligg til grunn for denne granskinga er ei samling gammalnorske høviske prosanoveller, *Strengleikar*, som er omsette frå gammalfranske versnoveller, *lais*. Den vanlege oppfatninga er at omsetjinga skjedde i Noreg mot midten av 1200-talet. Korkje den første gammalnorske omsetjinga eller den gammalfranske teksten det vart omsett frå, er overlevert. Tekstnærleiken mellom dei overleverte gammalnorske og gammalfranske tekstane gjer at dei like fullt er eigna for komparativ analyse. Det er fleire grunnar til dette. Først og fremst er både dei gammalnorske tekstane og gammalfranske tekstar som ligg tett opp til den gammalnorske omsetjinga overleverte. For det andre er tekstane frå begge språk overlevert i handskrifter av om lag same alder. Med eitt unntak er dei gammalnorske tekstane berre kjende frå eitt handskrift, DG 4–7, vanlegvis datert

1. Innleiing

til om lag 1270. Handskriftet ligg dermed ikkje langt frå den første omsetjinga i alder, og talet på avskrifter mellom den første omsetjinga og det overleverte handskriftet kan ikkje ha vore stort. Funnet av ein yngre versjon av ei av forteljingane, *Gvímars saga*, i eit islandsk handskrift frå 1737, gjer at ein i granskingar av desse omsette forteljingane har ein yngre tekst som kan visa noko av dynamikken i overleveringa. *Strengleikar* inneheld òg fire forteljingar utan kjende førelegg, og er dermed det einaste tekstvitnet til desse gammalfranske forteljingane.

Målet med denne avhandlinga er å auka kunnskapen om kva som skjer i omsetjing frå gammalfransk til gammalnorsk, kva som skjer i framvoksteren av strengleikane og i nokon grad kva tid dette skjer i prosessen. Temaet er altså tilhøvet mellom dei gammalfranske *lais* og dei gammalnorske omsetjingane. Dermed ser eg på samsvar og variasjon mellom dei 22 tekstane i *Strengleikar* og dei gammalfranske førelegga på fleire steg i tekstgenesen med eit blick på både den gammalfranske og den gammalnorske delen av teksthistoria. Granskinga tek òg føre seg den innbyrdes variasjonen mellom tekstane i *Strengleikar*.

Avhandlinga omfattar tre større analysekapittel. Desse kapitla gjev tre ulike innfallsvinklar til *Strengleikar* og dei gammalfranske førelegga. Eg har derfor funne det teneleg å presentera aktuell forskingshistorie i kvart av desse kapitla.

1.1 Omgrepsavklaring og ortografi

Emnet for denne avhandlinga er omsetjing. Dei *gammalfranske* tekstane som vart omsette til gammalnorsk, hadde truleg eit *anglo-normannisk* opphav. Desse tekstane hadde form av parrima *kuplettar*. Teksten som vart omsett er ein *kjeldetekst*. Omsetjinga er ein *måltekst*. Omgrepa *førelegg* og *omsetjing* viser òg til tekstane. Dei som arbeidde med tekstane er *tekstredaktør*, *omsetjar* og *skrivar*. Dei gammalfranske handskriftene kan vera *primærhandskrifter* eller *sekundærhandskrifter* i forhold til *Strengleikar*. Eg gjev korte avklaringar for korleis desse omgrepa er nytta i kap. 1.1.1 – 1.1.5. Eg avklarar deretter i kap. 1.1.6 den ortografien som vert nytta for gammalfransk og gammalnorsk, både i verk-, stad- og personnamn i denne avhandlinga.

1.1.1 Anglo-normannisk og gammalfransk

Til liks med gammalnorsk hadde gammalfransk ei rekkje ulike dialektar. Men medan dei gammalnorske dialektskilnadene var små, var truleg skilnadene mellom gammalfranske dialektar nokså store. Dei ulike regionale trekka kjem til

syne i skriftspråket, men ein reknar med at det også var innslag av standardisering i skriftspråket. Konsekvensen av dette er at dei skriftlege kjeldene ikkje er trugne kjelder til dei ulike dialektane.

Nemninga anglo-normannisk viser til den gammalfranske dialekten som utvikla seg i England i tida etter den normanniske erobringa i 1066 og som vart nytta fram til midten av 1400-talet. Etter erobringa var fransk, og då den normanniske dialekten, talemålet til kongen og miljøet kring kongen. Hoffet vart ein smeltedigel der òg adelsfolk frå andre franske regionar fann tilhaldsstad. Dette prega også skriftspråket.

Både i Frankrike og England var administrasjonsspråket latin, og den skriftlege bruken av fransk i England var knytt til fiksjonslitteraturen. Dei dialektale trekk som finst i dokument skrivne i England i denne perioden er ikkje spesielt normanniske, og forklaringa på dette kan vera at det kom tilreisande adels- og arbeidsfolk frå ulike regionar i Frankrike. Det er dermed usikkert om nemninga anglo-normannisk er dekkjande for denne dialekten, og i innleiinga til *Anglo-Norman Dictionary* er det sagt at det kanskje hadde vore rettare å tale om anglo-fransk enn om anglo-normannisk (Rothwell).¹ Men termen anglo-normannisk er innarbeidd, og den andre lekken av denne viser òg til det geografiske opphavet til den nye styrande klassa i England. I tråd med det som er vanleg, nyttar eg termen i denne avhandlinga for å omtala den gammalfranske dialekten som utvikla seg i England etter 1066.

Samstundes bør det peikast på at det har vore hevda at adelen i England var så skild frå kontinentet etter tapet av Normandie i 1204 at anglo-normannisk ikkje er ein gammalfransk dialekt, men eit eige språk (Bruneau, 1955, 39). Dette synet er ikkje utbreidd. Sjølv etter 1204 var banda over den engelske kanalen tette og det for alle sosiale lag (Trotter, 2003). I ein artikkel med den talande tittelen *L'anglo-normand: variété insulaire, ou variété isolée?* konkluderer Trotter (ibid.) med at anglo-normannisk er ein dialekt av gammalfransk.

Dei gammalfranske *lais* er overleverte i handskrifter som inneheld ulike dialektale trekk og som er av ulikt regionalt opphav. Dermed vil språket i desse verta omtala med den overordna termen gammalfransk i det som følgjer. Berre i særskilde tilfelle vil dialektnemninga anglo-normannisk verta nytta.

1.1.2 Kuplettar, vers og verseliner

Dei gammalfranske førelegga til *Strengleikar* er i form av oktosyllabiske parrima kuplettar. Ein kuplett har to vers eller verseliner. Omgrepa 'vers' og 'verseliner' er synonyme.

1. <http://www.anglo-norman.net/sitedocs/main-intro.html>

1. Innleiing

I denne avhandlinga kjem eg gjennomført til å nytta termen ‘vers’ i omtalen av dei gammalfranske tekstane. Referansen til vers følgjer den nummereringa som er brukt i tekstutgåvene.


1.1.3 Kjeldetekst og måltekst. Førelegg og omsetjing

Korkje den gammalfranske teksten (i eitt eller fleire handskrifter) som den gammalnorske omsetjaren omsette frå, eller den faktiske omsetjinga hans er overleverte. Desse to tapte tekstane er dei faktiske kjelde- og måltekstane i omsetjinga av *Strengleikar*. Dei er tekstar me veit har eksistert, men som no er hypotetiske tekstar. Dermed viser omgrepa kjelde- og måltekst til dei tapte tekstane som ein gammalnorsk omsetjar arbeidde med ein gong mot midten av 1200-talet.

Det ligg fleire ukjende versjonar av dei gammalfranske og gammalnorske forteljingane mellom tekstane me kjenner i handskrifter frå siste halvdel av 1200-talet. Tilhøvet mellom kvar enkelt gammalnorsk forteljing og dei gammalfranske versjonane av desse har vore granska for å avgjera kva for ein av dei gammalfranske versjonane som ligg nærast kvar strengleik. Eg stør meg i denne avhandlinga på dei slutningane som er komne ut av tidlegare granskingar (Tobin, 1976 og Cook og Tveitane, 1979). Omgrepet førelegg vert nytta om dei overleverte gammalfranske tekstane som er rekna for å liggja nærast kvar av strengleikane i handskriftet DG 4–7.

Forteljingane i *Strengleikar* vert i denne avhandlinga omtala som omsetjingar og ikkje som adaptasjonar eller imitasjonar (sjå òg “Problemet med tapte førelegg og ukjende ledd” (s. 79) om dette). I røynda er *Strengleikar* så godt som det einaste kjende steget i overleveringa av omsetjinga frå gammalfransk. Unntaket er den eine forteljinga som er overlevert i ein islandsk versjon frå 1700-talet. Me veit ikkje kor mange gammalnorske avskrifter det ligg mellom den første omsetjinga og tekstane i DG 4–7.

Forholdet mellom kjelde- og måltekst, førelegg og omsetjing kan illustrerast som vist i fig. 1.1, der dei to viktigaste handskriftene er oppførte, Harley 978 (H) og DG 4–7 (N). Meir om desse i kap. 3.



Figur 1.1. Forholdet mellom kjelde- og måltekst, førelegg og omsetjing

Tekstane som er overleverte i handskrifter er korkje kjelde- eller måltekst, men er manifestasjonar av desse.


1.1.4 Primær- og sekundærhandskrifter

Forholdet mellom kvar av forteljingane i *Strengleikar* og dei gammalfranske handskriftene dei er overleverte i, varierer. Dermed finst det ikkje eitt gammalfransk hovudhandskrift for alle strengleikane, og ikkje alle dei gammalfranske forteljingane er overleverte i fleire handskrifter. I denne avhandlinga vil nemninga *primærhandskrift* verta nytta om den gruppa handskrifter som er rekna for å liggja nærast dei gammalnorske omsetjingane. *Sekundærhandskrifter* viser til den gruppa handskrifter som inneheld versjonar av dei gammalfranske forteljingane i primærhandskriftene, men som er vurderte til å liggja lengre vekk frå dei gammalnorske omsetjingane. Dermed er innhaldet i nemningane ulikt for kvar strengleik. For den første av forteljingane i N, *Guiamar*, vil primærhandskriftet vera H, medan sekundærhandskriftene er SP. For den første forteljinga med førelegg i ein *lai anonyme* i *Strengleikar*, *Desire*, er primærhandskriftet T, medan sekundærhandskriftet er S. Desse nemningane vert særleg nytta i kap. 5. Eit fullstendig oversyn over handskriftene vert gjeve i kap. 3.

1. Innleiing

1.1.5 Omsetjar, skrivar og tekstredaktør

Omgrepa tekstredaktør, skrivar og omsetjar vert nytta i omtalen av dei individa som har teke del i overleveringa av *lais* og *Strengleikar*. Tekstredaktør er eit nøytralt samleomgrep, der det ikkje vert sagt noko om korleis teksten har vore handsama, om han har vore korta ned, utvida eller skriven om. Omgrepet kan nyttast om alle som har vore del av den skriftlege overleveringa av ein tekst etter han er vorten til. Nemninga tekstredaktør kan dermed både visa til ein omsetjar og til ein skrivar, som vist i fig.1.2.



Figur 1.2. Forholdet mellom omsetjar, skrivar og tekstredaktør

Omsetjaren sitt arbeid ligg naturleg nok før skrivaren sitt arbeid i tid.

1.1.6 Ortografi

I denne avhandlinga har eg nytta både unormalisert og normalisert norrøn ortografi. Ved sitat har eg gjeve att teksten slik han er å finna i den diplomatariske utgåva til Cook og Tveitane (1979). Ved jamføringar og sitat frå den islandske *Gvímars saga* har eg sitert frå utgåva til Kalinke (1979) som også er diplomatarisk. I band 1 av avhandlinga vert sitata frå både gammalnorske og gammalfranske tekstar sette i kursiv, og kursivering nytta for å visa oppløyste abbreviaturar fell dermed bort. Den står derimot i band 2, i samsvar med utgåvene.

I granskingar, kategoriseringar og kommentarar av enkelte ord eller særskilde omgrep har eg ikkje attgjeve den ortografiske variasjonen, men har nytta normalisert norrøn ortografi.

Denne praksisen har eg òg følgd for dei gammalfranske tekstane. Dei gammalfranske utgåvene som er nytta i denne avhandlinga er langt mindre diplomatariske enn Cook og Tveitane si *Strengleikar*-utgåve. For eksempel er ikkje oppløyste abbreviaturar markerte i nokon av dei gammalfranske utgåvene. For dei av strengleikane som har førelegg i Marie de France sine *Lais*, har eg nytta den gammalfranske teksten frå utgåva til Rychner (1966, opptrykk 1983). Rychner følgjer i all hovudsak teksten i det anglo-normanniske handskriftet Harley 978, men vel å leggja til nokre kuplettar frå andre gammalfranske handskrifter. I nokre få tilfelle utelet han dessutan kuplettar frå Harley 978. Det er ikkje berre på dette nivået han endrar teksten. Tidlegare utgåver av Marie de France sine *Lais* har anten rekonstruert teksten (Warnke, 1885) eller trufast attgjeve teksten i Harley 978 (Ewert, 1944). Rychner vel ein mellomveg (1983, xxii) og polerer teksten ved å mellom anna justera delar av ortografien i tekstane.

For *lais anonymes* er dei gammalfranske tekstane henta frå Tobin si utgåve av desse (1976). Denne utgåva er diplomatarisk, men markerer ikkje oppløyste abbreviaturar.

Den gammalfranske versjonen av forteljninga *Grelement* som er rekna for å liggja nærast den gammalnorske teksten, finst i handskriftet S, og står i Grimes si utgåve (1928, opptrykk 1976)

Det anglo-normanniske opphavet til *lais* gjer at *Anglo-Norman Dictionary* har vore det ordbokverket som eg har nytta mest i arbeid med desse. Oppføringane i denne ordboka viser den store ortografiske variasjonen i anglo-normannisk. Der det har vore aktuelt å normalisera gammalfransk tekst, har eg nytta den oppføringa i *Anglo-Norman Dictionary* som ligg nærast den faktiske ordforma i teksten.

Alle verktitlar er i denne avhandlinga attgjevne i norrøn ortografi. Desse er i samsvar med registeret til *Ordbog over det norrøne prosasprog* (ONP). Eg har derimot valt å gje titlane på kvar enkelt strengleik i unormalisert form, og dermed skriv eg *Tveggja elskanda liod*, og ikkje *Tveggja elskanda ljód*. Stad- og personnamn har moderne norsk form, med eitt unntak: namnet Marie de France er så innarbeidd at eg har valt å nytta dette namnet og ikkje den norske varianten, Maria av Frankrike, sjølv om denne har vore nytta av fleire norske forskarar (Keyser og Unger 1850; Rytter, 1962). I dei få tilfella det vert vist til liknande franske namnekonstruksjonar, har eg nytta norsk standard og skriv dermed Marie av Boulogne og ikkje Marie de Boulogne. For dei islandske eigennamna har eg nytta den standarden som er gjeven i *Handbok i norrøn filologi* (2004, 451–456).

1. Innleiing

1.1.7 Litteratur

Litteraturlista omfattar den litteraturen som er sitert i avhandlinga og gjer ikkje noko skilje mellom primærlitteratur og sekundærlitteratur. Utgåver er oppførte på namnet til utgjevaren, ikkje verktittelen. Tilvisingar, både til verk og til tekststader, set eg i parentes i teksten. Nokre av dei parentesane som viser til tekststader er rett lange, men eg har vurdert det som mest tenleg å ha dei i sjølve teksten og ikkje i fotnotar. Alle omsetjingar frå eldre kjelder er mine med mindre noko anna vert sagt. For omsetjing av latinske sitat har eg fått god hjelp av Sigbjørn Sønnesyn, medan Aidan Conti har hjelpt til med mellomengelske sitat.

Internettadresser er sjekka i januar 2009.

1.2 Hypotesar

Målet med denne avhandlinga er å utvida kunnskapen både om kva som skjer i omsetjing frå gammalfransk til gammalnorsk, og kva som skjer i framvoksteren av strengleikane. Eg har to overordna hypotesar som har lege til grunn for analysedelen av denne avhandlinga.

- Det er mogleg å plassera mange endringar, avvik og tekstforskyvingar i tekstgenesen gjennom jamføringar av ulike versjonar av same tekst.
- Tekstredaktørane trer fram i teksten på ulikt vis. Nokre viser seg gjennom stilistiske særdrag eller gjennom bruk av særreigne ord og uttrykk. Andre er vanskelegare å spora då dei er synlege i det som manglar i ein tekst jamført med andre versjonar av teksten.

Framvoksteren til *Strengleikar* tek til med dei ukjende gammalfranske kjeldetekstane som omsetjaren arbeidde med. Ein eller fleire versjonar av dei fleste av desse tekstane er overleverte i gammalfranske handskrifter frå siste halvdel av 1200-talet. Variasjonen mellom tekstane er så liten at det er sannsynleg at dei ligg nokså nær førelegga til den første gammalnorske omsetjinga av *lais*. Materialoversynet i kap. 3 (s. 49) viser at det i *Strengleikar*-forteljingane i det gammalnorske handskriftet DG 4–7 er spor etter minst to steg i tekstgenesen. Mest synleg er skrivarskriftet midt i ei setning i forteljinga *Desire*. Derne er det ein dialektvariasjon i handskriftet. Denne variasjonen går på tvers av forteljingane og skrivarskriftet. Det er grunn til å tru at dialektvariasjonen avspeglar ulike førelegg, men ein kan heller ikkje sjå bort frå at skrivarens eigen dialekt påverka avskrifta. Dersom det finst felles trekk i strengleikane som er i samsvar med rekkjefølgja deira, skrivarskriftet eller dialektvariasjonen, kan dei gje kunnskap om

førelegg og tekstredaktørar. Eg har dermed ikkje sett på *Strengleikar* som eit homogent materiale, men lagt vekt på heterogeniteten i strengleikane og korleis denne viser seg i kvar enkelt forteljing.

Den vanlege oppfatninga er at omsetjinga av høvisk litteratur frå gammalfransk til gammalnorsk har skjedd i Noreg, og då helst i tilknytning til miljøet kring Håkon Håkonsson. På dette punktet er dei omsette tekstane svært knappe. Oftast vert omsetjinga knytt til oppdragsgjevaren, men det vert ikkje fortalt noko om kvar omsetjingane vart utførte.

I det meste av litteraturen om *Strengleikar* vert kvaliteten på omsetjingane vurdert, og det vert sagt noko om kvar omsetjingane vart gjort og kven som utførte denne. Derimot finst det få vurderingar av kva form dei gammalfranske kjeldetekstane til omsetjaren hadde. Dei fleste held omsetjinga for å vera god. Dei første utgjevarane av *Strengleikar*, Rudolf Keyser og Carl Richard Unger, foreslo at ho var den første reinskifta av omsetjinga (1850, xiv–xix). Ein slik omtale indikerer ei polering, perfektjonering og ferdigstilling av eit råprodukt.

Det er underforstått i dei fleste granskingane av *Strengleikar* at omsetjinga har skjedd i Noreg, og drøftingane har derfor dreia seg om kvar i Noreg dette kan ha skjedd. Det mest utbreidde synet er at omsetjinga vart utført i Lyse kloster utanfor Bergen. Dette framlegget stammar frå Leach (1921). Cook og Tveitane vekslar mellom å meina at innhaldet er for vågalt til at omsetjinga av *Strengleikar* kan ha skjedd i Lyse kloster (1979, xxvi) og å meina at talet på tekstredaktørar opnar for at omsetjinga har skjedd nettopp i dette klosteret (ibid., xxvii).

Spørsmålet om korleis tekstane kom til landet vert sjeldan stilt, og det er oftast underforstått at Håkon Håkonsson har sendt nokon for å henta gammalfranske handskrifter i England. Keyser og Unger (1850) nemner ikkje dette i det heile teke, medan Meissner (1902, 115) meiner at dei gammalfranske kjeldetekstane til *Strengleikar* vart frakta til Noreg, gjerne av geistlege og dermed at omsetjinga har skjedd i Noreg. I bokmeldinga av doktorgradsavhandlinga til E.F. Halvorsen argumenterer Holtsmark (1959, 163) for at dei gammalfranske førelegga til det materialet Halvorsen arbeidde med, ikkje trong å ha vore henta til landet, men snarare kom hit med gammalfranske sjonglørar i såkalla sjonglørhandskrifter. Dette var kompilasjonar som inneheld repertoaret til dei omreisande underhaldarane. Dermed meiner ho at omsetjinga til gammalnorsk var eit samarbeid mellom ein gammalfransk sjonglør og ein gammalnorsk omsetjar. Seinare har Barnes (1974, 85) og Goodwin (1988, 10) vore opne for eit slik samarbeid. Cook og Tveitane (1979, xxv–xxviii) meiner at Holtsmark sin teori har noko for seg, men peiker på at slike sjonglørhandskrifter nok var meir sjeldsynte enn det Holtsmark trudde. Cook og Tveitane legg til at omstenda kring omsetjinga av *Strengleikar* er kompliserte og at mykje er uavklart. Dei meiner at omsetjinga

1. Innleiing

kan ha vore gjort av ei gruppe omsetjarar, og at kvar av desse kan ha omsett frå ei til fire forteljingar. Samstundes meiner dei at forteljingane i handskriftet DG 4–7 truleg først vart samla i dette handskriftet, og at dei før dette har sirkulert i hefteform, kvart med tre til fire forteljingar.

Dei to framlegga om korleis dei gammalfranske kjeldetekstane kom til Noreg, er altså at dei vart innførte som sjonglørhandskrifter eller at dei vart henta i England av ein utsending frå kongen. Begge framlegga inneber at dei gammalfranske kjeldetekstane til *Strengleikar* kom til Noreg som ei ferdig samling.

Det som ikkje har vore foreslått, er at omsetjinga kan ha skjedd i England og at heterogeniteten i *Strengleikar* kanskje kan forklarast ut frå omsetjings situasjonen. Kva om Håkon Håkonsson gav melding om kva type litteratur han ynskte omsett og sende ein gammalnorsk omsetjar med eit handelsskip til England for å gjera arbeidet der? Ein slik hypotese held eg for å vera like sannsynleg som hypotesen om at arbeidet har skjedd i Noreg. Ingen handskrifter med gammalfransk tekst har blitt funne, korkje i Noreg eller på Island. Å reisa til England for å velja ut eit høveleg verk, låna eller kjøpa dette, frakta handskriftet attende til Noreg for å omsetja det og deretter anten selja handskriftet eller ta vare på det, det trass i at innhaldet var utilgjengeleg for dei aller fleste – det er ei tungvint løysing. Kan det vera teikn i tekstane på at omsetjinga har vore gjort andre stader enn i Noreg eller at dei stammar frå fleire gammalfranske handskrifter?

1.3 Skisse av innhaldet i avhandlinga

Denne granskinga er tredelt. Den første delen tek til med ein presentasjon av den historiske og kulturelle bakgrunnen for omsetjingane av høvisk gammalfransk litteratur til norrøn prosa generelt og omsetjinga av *Strengleikar* spesielt (“Historisk og kulturell bakgrunn” (s. 35)). Deretter gjev eg eit oversyn over det gammalnorske og det gammalfranske tekstmaterialet som ligg til grunn for granskinga (“Materialet” (s. 49)). Mangfaldet og kompleksiteten i dei tilsynelatande homogene strengleikane syner seg allereie i dette materialoversynet, både i forteljingane i DG 4–7 og i jamføring med dei gammalfranske førelegga. I neste kapittel, “Omsetjingsomgrepet” (s. 77), ser eg på innhaldet i omsetjingsomgrepet i mellomalderen og dessutan på korleis ein arbeidde med tekstar. Hovudvekta i dette kapitlet ligg på refleksjonar kring omsetjingsverksemd i kjelder frå mellomalderen. For informasjon om synet på tekstar og tekstarbeid har eg nytta tekstar frå mellomalderen som diskuterer utdanninga, og då med vekt på *trivium*. Synet på omsetjing i mellomalderen er dynamisk, og det er dermed naudsynt å diskutera kva syn på omsetjing som ligg bak *Strengleikar*. Diskusjonar kring denne aktiviteten er nære på fråverande i norrøne kjelder, og dei merknadene som er å finna, er svært generelle. Eg har dermed vendt meg til

1.3. Skisse av innhaldet i avhandlinga

refleksjonar kring omsetjing frå to typar kjelder: (1) Det den mest kjende av alle omsetjarar, Hieronymus (†419/420) skriv om eige arbeid, bakgrunnen for det og vidareføringa av det. (2) Refleksjonar frå eldre engelske og franske kjelder.

Den andre og langt den største bolken av denne avhandlinga er tekstanalysen. Her har eg valt tre ulike innfallsvinklar på tekstmaterialet. Dermed har eg også valt å presentera hypotesar, metode og aktuell forskingshistorie i byrjinga av kvart av desse kapitla. Dette er kapitla “Tekstvandring” (s. 95), “Ord og uttrykk” (s. 221) og “Tekstklang” (s. 307). Fellesnemnaren for dei tre kapitla er at dei er komparative analysar av tekstmaterialet. Rekkjefølgja av kapitla samsvarar i nokon mon med framvoksteren av dei gammalnorske strengleikane frå dei gammalfranske førelegga.

Kapitlet “Tekstvandring” (s. 95) omfattar ei jamføring mellom dei ulike versjonane av kvar av dei gammalfranske *lais* og dei gammalnorske omsetjingane av desse. Berre ei av dei gammalnorske forteljingane finst som nemnt i ein yngre versjon, *Gvimars saga*, skriven på Island i 1737. Denne vert òg teken med her. I dette kapitlet er det den første hypotesen som vert testa. Er det mogleg å plassera endringar, avvik og forskyvingar i tekstane i tekstgenesen? Det at forteljingane i *Strengleikar* er omsette, gjev eit fast – om ikkje tidfesta – haldepunkt i tekstgenesen: sjølv omsetjinga. Det kan vera at nokre av skilnadene mellom dei gammalfranske og dei gammalnorske tekstane kan forklarast med avvik i den gammalfranske kjelde-teksten omsetjaren arbeidde med jamført med den teksten som no er rekna for å liggja nærast denne. Slike avvik kan vera å finna i variantane i andre gammalfranske handskrifter. Andre skilnader har sannsynlegvis oppstått i sjølv omsetjinga, og nokre kan ha kome til i overleveringa av dei gammalnorske forteljingane.

Kapitlet “Tekstvandring” er delt i eit mikro- og eit makronivå. Mikronivået er kuplettinternt, dvs. at det ser på endringar innanfor den enkelte kupletten. Denne delen av granskinga er ei nærlesing og jamføring av avvik, endringar og forskyvingar mellom dei gammalnorske og dei gammalfranske forteljingane. Resultata frå nærlesinga vert, der dette er mogleg, plasserte både i tekstgenesen og i ein korrupsjonstypologi. Det neste nivået i tekstvandringa, makronivået er kupletteksternt og tek dermed føre seg større tekstbolkar. Omrokeringar, utelatingar og tillegg i dei gammalnorske tekstane jamfører eg på dette nivået med alle dei gammalfranske handskriftene. Både kuplettar og lengre parti som ikkje er attgjevne i dei gammalnorske forteljingane og det som tilsynelatande er innskot i dei gammalnorske forteljingane, kategoriserer eg deretter på eit semantisk grunnlag. I tillegg vert oversynet av kuplettar og lengre parti som ikkje er med i dei gammalnorske tekstane, nytta til å rekna ut i kva grad desse tekstane er nedkorta jamført med dei gammalfranske.

1. Innleiing

Jamføringa i det neste analysekapitlet, “Ord og uttrykk” (s. 221), er også mellom dei gammalnorske forteljingane og dei gammalfranske førelegga, men òg innbyrdes mellom dei gammalnorske forteljingane. I dette kapitlet er det to typar variasjon som vert granska. Den første er variasjonen mellom korleis sentrale gammalfranske ord og omgrep i *lais* vert omsette i strengleikane. Kriteria mine for utveljing av ord og uttrykk er at orda skal vera knytte til dei meir stereotype delane av narrasjonen, dei skal ha høg bruksfrekvens eller vera knytte til delar av forteljingane som kan ha vore framandarta for ein gammalnorsk omsetjar. Dersom enkelte ord og uttrykk er attgjevne på same vis i alle dei gammalnorske forteljingane, stammar dette sannsynlegvis frå omsetjaren fordi seinare tekstredaktørar ikkje hadde tilgang på dei gammalfranske kjeldetekstane. Dersom det derimot er variasjon i attgjevinga av orda og uttrykka som vert granska og det er mogleg å sjå mønster i denne – knytt til rekkjefølgje og tekstredaktørar – kan dette gje kunnskap om på kva steg i framvoksteren til tekstane dette har skjedd, og vera til hjelp i ei profilering av dei gammalnorske tekstredaktørane. Den andre bolken av kapitlet ser på fordeling og frekvens av nokre av dei orda og ordtypane som har vore peikt på som særigne ved omsetjingslitteraturen, særleg i omsetjingar frå latin, men òg i dei verka som vart omsette frå gammalfransk. Med utgangspunkt i dei gammalnorske tekstane ser eg på ord med eit utval avleiingssuffiks, partisipp-former og dessutan bruken av dei tempohevande uttrykka *þegar*, *i því* og *því næst*. Der det har vist seg å vera grunnlag for det, har eg jamført omsetjingar og fordelingar av orda med dei to skrivarhendene, og den dialektale variasjonen i handskriftet DG 4–7. Kartlegginga av ord med eit utval avleiingssuffiks, presens partisipp og dei tempohevande uttrykka ser eg dessutan i samanheng med kva for førelegg dei har i den gammalfranske teksten. Jamføringa i dette kapitlet inkluderer også ei samanlikning av frekvens for utvalde ord og ordtypar i *Strengleikar* med frekvensen av desse i det søkbare korpuset til *Medieval Nordic Text Archive*. Her har eg kunna arbeida med eit korpus av gammalnorske tekstar på 217064 ord, fire større tekstar som alle er frå 1200-talet. Ein av dei fire er *Strengleikar*.

I den tredje og siste tekstanalysen, “Tekstklang” (s. 307), er jamføringa hovudsakleg mellom dei 22 gammalnorske forteljingane, og den er knytt til gammalnorske tekstredaktørar. Den tekstklangen som vert granska, er det mest iaugefallande retoriske grepet som er nytta i *Strengleikar*, allitterasjonen. Kapitlet er fleirdelt. Eg tek til med å granska allitterasjonsnorma i *Strengleikar*. Deretter ser eg etter eit mogleg opphav til overfloden av gammalnorske allitterasjonar i dei gammalfranske *lais*. Med utgangspunkt i ei semantisk kategorisering av allitterasjonane i *Strengleikar* jamfører eg fordelinga av særskilt hyppig nytta allittererande samanstillingar med skrivarhender, dialektar og dessutan med annan norrøn litteratur. Deretter vert det sett etter mogleg bruk av allitterasjonar på eit

1.3. Skisse av innhaldet i avhandlinga

strukturelt nivå i ei gruppe tekstar som er representative for dei ulike inndelingane i strengleikane. Eg jamfører dessutan allitterasjonsfrekvensen innbyrdes i strengleikane.

Dei tre analysekapitla vert så samanfatta (s. 411). Her dreg eg trådane saman og presenterer kva dei tre tilnærmingane til *Strengleikar* kan fortelja om tekstgenesen og tekstredaktørane. Dersom det finst felles trekk på fleire nivå i ei gruppe forteljingar i *Strengleikar*, så kan dette vera eit indisium om eit særskilt samband mellom desse.

Det andre bandet, og også den tredje og siste delen av avhandlinga, er den synoptiske utgåva av *Strengleikar* og deira gammalfranske førelegg i eit eige tekstband. I denne er dei gammalnorske tekstane tekne frå utgåva til Cook og Tveitane (1979), som byggjer på handskriftet *De la Gardie 4–7*. Dei gammalfranske tekstane er tekne frå Jean Rychners utgåve av Marie de France sine *Lais* (1983, opptrykk av 1966-utgåva), Prudence Marie O'Hara Tobin si utgåve av *Lais anonymes* (1976) og E. Margaret Grimes (1928, opptrykk 1976) si utgåve at tre av dei anonyme *lais*. Rekkjefølgja av forteljingane i den synoptiske utgåva er den same som i *De la Gardie 4–7*.

1. Innleiing

Kapittel 2 Historisk og kulturell bakgrunn

Den gammalnorske mellomalderlitteraturen er i stor grad omsetjingar, adaptasjonar og imitasjonar av andre europeiske verk. Blømingstida for denne verksemda var regjeringstida til Håkon Håkonsson (1217-1263). Omsetjing til norrønt var på dette tidspunktet ikkje noko nytt, men i første halvdel av tolvhundretalet skjer det ei endring i kva type tekstar som vert omsette. Medan det hovudsakleg var religiøse tekstar som vart omsette på 1100-talet, vart det no meir høvisk og verdsleg litteratur som vart omsett. Bakgrunnen er å finna i det politiske og kulturelle klimaet under Håkon Håkonsson og det kulturelle programmet som vart initiert i hans tid. Kongen ønskte å heva riket opp på nivå med andre europeiske statar. Utetter ville han oppnå dette gjennom å fremja diplomatisk og økonomisk samarbeid, og innerter gjennom å skapa langvarig fred og stabilitet, gjennom å styrkja autoriteten til den sentrale kongemakta og gjennom å importere seder, skikkar og litteratur frå utlandet. I dette kapitlet skal eg presentera den gammalnorske konteksten for dei høviske omsetjingane og gje eit oversyn over dei omsetjingane som vi veit kan knytast til Håkon Håkonsson. Til slutt presenterer eg den ukjende Marie de France og framlegga til kva verk som er hennar og kva for ein historisk person ho kan ha vore.

Håkon Håkonssons liv er rikt dokumentert i saga om han, *Håkonar saga Hákonsonar*. Den tok Sturla Tordsson til å skriva mindre enn eitt år etter han døydde. Sogeskriveren hadde etter alt å døme tilgang på eit rikhaldig dokumentmateriale i tillegg til munnleg informasjon frå miljøet rundt kongen. Nærleiken i tid mellom hendingane og nedskrivninga gjer at saga ofte vert rekna som ei påliteleg kjelde til kongens liv. Soga er eit tingingsverk, tinga av Magnus, son hans. Dét kan ha verka inn på både kva som vart fortalt og korleis det vert fortalt. Samstundes var Sturla Tordsson brorson til Snorre Sturlasson, som vart myrda som ein konsekvens av ordrane til Håkon Håkonsson. Den ironiske tonen som er å spora i omtalen av kongen i saga vert ofte kobla til dette drapet.

Situasjonen er ein heilt annan når det gjeld dei gammalfranske førelegga til *Strengleikar*. Noko av kritikken av saga om Håkon Håkonsson har gått på at biografen hans har hatt tilgang på for mykje dokumentmateriale og at saga er langdryg, og til dels tørr og keisam. For dei fleste gammalfranske *lais* er forfattern, om det no berre var *ein* forfattar, så unnvikande at ei av dei nyaste bøkene om henne og verket hennar heiter *The Anonymous Marie de France* (Bloch,

2. Historisk og kulturell bakgrunn

2003). Denne første kvinnelege forfattere som skreiv på fransk, er først og fremst myteomspunnen.

2.1 *Bene litteratus*: Håkon Håkonsson

Mange av dei høviske omsetjingane til gammalnorsk er knytt til Håkon Håkonsson (1204–1263, konge 1217–1263) og miljøet kring kongen. I løpet av regjeringstida hans gjekk det norske riket frå uro og ufred til vekst og stabilitet, og ved kongens død i 1263 var kongedømet i utstrekning på sitt største og omfatta - i tillegg til dagens Noreg - Jämtland, Härjedalen, Bohuslän, Grønland, Island, Færøyane og dei skotske øygruppene. Håkon fekk kongemakt som ung gut, men var frå først av under formyndarskapet til Skule Bårdsson, den framtidige svigerfar hans. Den tidlegaste delen av regjeringstida til Håkon var prega av dei øydeleggjande borgarkrigane med ribbungane, som først tok slutt i 1227 då leiaren deira, Knut Jarl, inngjekk forlik med kongen. Ein vanskelegare konflikt var den mellom den unge kongen og formyndaren hans. I motsetnad til Håkon var Skule ektefødd og hadde eit sterkt krav på trona då Håkon fekk kongsnamn av birkebeinarane i 1217. Håkon og Skule kiva om makta i ei årrekke, og ekteskapet mellom Håkon og Margrete Skulesdotter i 1225 var ein fåfengd freistnad på å løysa konflikten. Først med drapet på Skule ved Elgeseter kloster i Nidaros enda denne striden, og frå 1240 regjerte Håkon Håkonsson over eit samla rike. Dermed vart drapet på Skule innleiinga til det som er rekna for å vera ei stordomstid i norsk historie, både innanriks og utanriks. Mellom dei største endringane i løpet av regjeringstida hans er etableringa av einekongedømet. Lovendringa som sikra ei arverekkefølgje basert på primogenitur og legitimitet vart truleg vedteke på eit riksmøte i samband med Frostatinget i 1260. Denne lovendringa skulle minska faren for nye borgarkrigar. Monarkiet vart ytterlegare styrkt gjennom utviklinga av ein riksdekkjande statsorganisasjon, og saman med eit tettare samarbeid mellom kyrkje og stat gav dette stabilitet i riket. Det gav mellom anna rom for ein meir aktiv utanrikspolitikk og eit rikt kulturliv.

Det overleverte diplomaterialet frå Håkon Håkonssons regjeringstid viser at det heilt frå byrjinga vart inngått økonomiske og diplomatiske alliansar med fleire av dei europeiske landa: Danmark, Sverige, Tyskland, Frankrike og England. Initiativet kom frå norsk side. Kontakten med dei fremste monarkane i Europa vart ivareteke med utveksling av brev og gåver. Til og med sultanen av Tunis mottok i 1262 jaktfalkar som gåve frå den norske kongen.¹ Det anglo-normanniske England, styrt av huset Anjou-Plantagenet, vart kongens hovudallierte. Kontakten var ikkje berre økonomisk og politisk, men òg religiøs. Det må understrekast at

1. *Håkonar saga Håkonsonar*, kapittel 313.

det blømande handelssambandet var gjensidig. Norske handelsmenn og skipa deira fekk fordelar og fekk t.d. løyve til å segla trass i handelsblokader. Lokalbefolkninga vart dessutan tvinga til å betala erstatning etter at norske fartøy hadde vorte plyndra. Brevvekslinga mellom Håkon Håkonsson og den anglo-normanniske kongen Henrik 3. stadfestar vennskapet, både merkantilt og privat. Eit storarta døme på kongens vilje til å pleia det gode forholdet til den anglo-normanniske kongen er gåvene Håkon Håkonsson sende til Henrik 3. Mellom gåvene var eksotiske dyr som falkar, ein elg og ein isbjørn. Sistnemnde vart nytta til å fiska i Themsen frå ein flåte. Til gjengjeld vert det mellom anna fortalt om at Henrik 3. i samband med den offisielle kroninga av Håkon fekk laga to kroner, ei til Håkon, og ei av same slag, men med meir opphøgde blommar til Henrik sjølv (DN 19, 252).

Alt før Håkons regjeringstid hadde majoriteten av dei norske klostera tette band til anglo-normanniske klosterordnenar, og vart ofte styrte av anglo-normanniske abbedar. Dette galdt mellom anna cisterciensarklosteret på Lyse ved Bergen, som vart grunnlagt i 1146 av utsendingar frå Fountains Abbey i Yorkshire. Dei geistlege fungerte dessutan ofte som diplomatiske sendebod mellom dei to landa. England var på denne tida eit knutepunkt både for nordmenn på veg sørover, til dømes på pilegrimsferd, og for geistlege som kom reisande sørfrå på veg til Noreg. Kardinal Vilhelm av Sabina, pavens utsending for å krona Håkon i Bergen i 1247, oppheldt seg i England på veg til Noreg og fekk melding om å bu seg på dårleg mat og drykk. Regnvêret kroningssomaren og mangelen på ein høveleg sal til representasjon førte til at kroningsfesten vart halden i eit stort naust ved Vågen. Først til kongssonen Magnus Håkonsson, seinare Lagabøte, sitt bryllup i 1261 stod kongebustaden og festsalen Håkonshallen ferdig. Sjølve kroninga av Håkon i Kristkyrkja markerte den katolske kyrkja og paven si anerkjenning av Håkon som Noregs konge. Paven gav i forkant av dette ordre om ei gransking av Håkons bakgrunn, og gav han dispensasjon frå å ikkje vera ektefødd (DN. I, 38).¹

Ekteskapa til borna til Håkon var klart strategiske og styrkte alliansane med fleire av dei europeiske kongehusa. Håkons samregent, sonen Håkon unge, vart gift med dottera til ein mektig svensk jarl. Etter Håkon unges død i 1257 freista kongen å få i stand eit giftarmål mellom den nye tronfølgjaren Magnus og ei anglo-normannisk prinsesse, Beatrice, i 1258–1259. Prinsessa var alt lova vekk til ein fransk prins, og kort tid etter vart Magnus trulova med den danske prinsessa Ingeborg. Den norske kongsdottera Kristin vart send til Kastilja for der å gifta seg

1. Medan desse granskingane tok stad lova Håkon paven å reisa på krosstog (DN.I, 33). Den franske kongen, Ludvig 9., tilbyr Håkon flåten sin til dette oppdraget (DN. 19, 244, 245). Etter å ha vorte krona bryt han dette løftet og unnskuldar seg med knappe ressursar.

2. Historisk og kulturell bakgrunn

med Don Felipe, bror til den spanske kongen i 1258. Ho døydde der nokre år seinare.

Banda til resten av Europa var samstundes styrka av at studentar frå dei nordiske landa allereie i lang tid hadde utdanna seg i utlandet. Det ser ut til at studiemåla i all hovudsak har vore Frankrike, Italia og seinare Tyskland (Bagge, 1984), og ikkje det anglo-normanniske England. Oppteikningane over studentar ved Cambridge og Oxford på 1200-talet har gått tapt (Goodwin, 1988, 7), men mellom anna Leach (1921, 100 og 109) meiner at dei tette økonomiske og kulturelle banda mellom Noreg og det England gjev grunn til å rekna med at det har vore nordiske studentar ved desse lærestadane. Nokre norske studentar er kjende frå Cambridge og Oxford frå tida etter 1300 (Bagge, 1984, 6).¹

Håkon Håkonsson hadde vore i skule frå ung alder, og då han som trettanåring vart henta av birkebeinarane for å verta konge, fann dei han i latinskulen i Kristkyrkja i Nidaros (*Håkonar saga Hákonsonar*, kap. 13 og 14). Det tyder på at kongen i det minste hadde basiskunnskapar i latin. Dette og kongens leseglede vert stadfesta i den rørende skildringa av dødsleiet hans i *Håkonar saga Hákonsonar*. Kongen ber om at ei rekkje litterære verk vert lesne opp for han. Først ut var dei latinske bøkene, men, som saga fortel, vert dei etterkvart for tunge for kongen. Dernest vart *heilagra manna søgur*, soger om heilage menn og kvinner, lesne opp for kongen. Så stod kongesogene for tur. Til slutt vart *Sverris saga* lesen, saga om bestefar hans, og då den var til endes fekk kongen den siste olja og døydde (*Håkonar saga Hákonsonar*, kap. 329).² I eit samtidig vitnemål, historieverket *Chronica Major*, skrive av den benediktinske munken Matthew Paris, vert Håkon Håkonsson omtala som *vir discretus et modestus e bene litteratus*, ‘ein forstandig, måtehalden og lærd mann’.³ Matthew Paris kom til Noreg to gonger i løpet av kort tid. I 1248 kom han som sendebod frå Ludvig 9. om ei felles krossferd, og så, truleg året etter, oppheldt han seg i lang tid ved Nidarholm kloster for å rydda opp i dei økonomiske problema der (Vaughan, 1958, 4–5 og 7).

Den forstandige og lærde kong Håkon er rekna for å ha teke initiativ til skrivinga av det didaktiske verket *Konungs skuggsjá* kring 1250 og då til bruk i opplæringa av kongssønene. Verket er bygd opp som ein samtale mellom far og son og tek for

1. Eliten i Noreg hadde kulturelle band til Frankrike alt frå 1100-talet, og på 1100- og 1200-talet reiste ein del norske geistlege til klostera St. Victor og St. Geneviève i Paris for å studera (Bagge, 1984, 3). Barnes presenterer eit oversyn over nordmenn og islendingar som hadde opphald i Frankrike (1974, 44–45), men i dei to tilfella ein finn “Frakkland” omtala i norrøne kjelder er det uklart om det verkeleg viser til Frankrike eller om det er nytta om eit mindre spesifikt område i denne regionen, “bounded by the north coast of France, Saxony and Lombardy” (ibid. 45).

2. Denne episoden finst ikkje i alle handskriftene som inneheld saga.

3. Bjarne Fidjestøl si omsetjing (1996, 89).

seg eit vidt spekter av emne (etikk, natur, samfunnsordning, kongemakt og forholdet mellom konge og kyrkje). I eit avsnitt i byrjinga av verket vert det sagt at ein for å verta fullkommen i kunnskap må vera kjent med alle mål. Viktigast er dei mest utbreidde og nyttigaste språka, det vil seia latin og fransk. Likevel vert det presisert at morsmålet ikkje må gløymast: *ok ef þú vilt verða fullkominn i fróðleik, þá nemdu allar mállýzkur, en allra helst latinu ok völsku, þvíat þær tungur ganga víðast, en þó týndu eigi at heldr þínu máli eða tungu* (utg. Keyser, Munch og Unger, 1848, 6). Etter alt å døme skreiv ikkje Håkon Håkonsson sjølv noko litterært verk, men bidraget hans til norsk mellomalderlitteratur er likevel stort. Det var nemleg han som tok initiativ til å få omsett høviske verk frå gammalfransk (og tysk?) til norrønt. Ein reknar med at målet hans med å tinga omsetjingar av samtidig europeisk litteratur var å utdanna og forma den norske eliten etter dei modellane som finst i desse verka. Kongens iver etter å forma riket sitt etter samtidas europeiske høviske modellar kjem til syne gjennom innføringa av høviske skikkar og seder i løpet av regjeringstida hans. Mellom anna vart dei heimlege rangtitlane erstatta av føydale titlar. I det store og heile var det stor litterær aktivitet i det norske kongedømet på 1200-talet, og storparten av den overleverte norrøne litteraturen vart skriven ned på denne tida.

Det er semje om at førelegga til storparten av dei omsette høviske verka var gammalfranske, og at handskriftene som var førelegga til desse truleg kom frå det anglo-normanniske England. Så langt me veit, hadde dei eldre omsetjingane latinske førelegg. Tidlege døme på dette er omsetjingane av Prospers versjon av Augustins *Epigram* og av Pseudo-Cyprian (Seip, 1954, 32 og 65). Både hagiografisk og historisk litteratur vart omsett, mellom anna *Trójamanna sögur* (med førelegg frå mellom anna Dares Phrygius sin *De excidio Trojae*) og *Breta sögur* (med førelegg i Geoffrey of Momouths *Historia regum Britanniae*). E.F. Halvorsen meiner stilen i desse to historiske verka plasserer dei i gruppa av verk som vart omsette i tilknytning til hoffet til Håkon Håkonsson (1959, 23). Sjølv om mange av dei omsette tekstane berre er overleverte i islandske handskrifter, har det vore hevda at storparten av omsetjingsverksemda skjedde i Noreg, (mellom anna av Seip, 1945, 1954 og 1955, 83).

Jamført med den tidlegare omsetjingsverksemda var sjangeren til og intensjonen bak dei verka som vart omsette i løpet av Håkon Håkonssons regjeringstid noko nytt. Det er ikkje semje om kva føremålet var med dei høviske sogene, *riddarasögur*. Nokre forskarar meiner dei hadde ein didaktisk funksjon, medan andre framhevar underhaldningsfaktoren; riddarsogene handlar om vakre kvinner og tapre riddarar. Eg sluttar meg til at den høviske litteraturen vart omsett til norrønt for å gjera den norske eliten kjent med riddarskap og europeisk kultur, men om det didaktiske aspektet i verka er spegla i dei norrøne omsetjingane er eit ope spørsmål.

2. Historisk og kulturell bakgrunn

Det eksakte talet på omsetjingar kongen tinga er ukjent, men kongen er nemnd i føreorda til fem av dei omsette *riddarasögur*. For nokre av dei er det rimeleg sikkert at den “kong Hákon” det vert vist til, er Hákon Hákonsson, også kalla Hákon Gamle. At son til Hákon Hákonsson, Hákon Unge, hadde same fornamn som far sin gjer at me ikkje kan vera heilt sikre på kven som det er vist til i føreorda. Hákon Unge fekk kongsnamn som åtteåring i 1240 for å sikra tronfølgja i tilfelle far hans døydde i kamp med hertug Skule. Den unge kongen døydde av sjukdom i 1257. Hákon Unge har også vore nemnd som omsetjar frå latin til gammalnorsk av *Barlaams ok Josaphats saga*, men her er det nok slik at omsetjinga vart gjord for den unge kongssonen heller enn av han.¹

Den første riddarsoga som vart omsett til norsk er *Tristrams saga ok Ísöndar*, som er den eldste kjende fullstendige versjonen av Tristanlegenda (Rindal, 2003, 7). *Tristrams saga ok Ísöndar* fortél om den forbodne kjærleiken mellom Tristram og Isond, og i prologen til saga er det skrive at arbeidet vart gjort av ein *bróðir Robert* i 1226 *eptir befallingu ok skipan virðuligs herra Hákonar kóngs* (utg. Kalinke, 1999, 28).² Argumenta for å rekna *Tristrams saga* som det første av dei omsette høviske verka er for det første denne utsegna og dernest kongens alder i 1226; han var då 22 år og nygift med Margrete Skulesdotter. Ein abbed Robert er nemnd som omsetjar i sluttlíne til eit liknande verk, *Elis saga ok Rosamundu*, ei omsetjing av den franske *chanson de geste* kalla *Elie de Saint Gille* (denne saga er overlevert i DG 4-7, jf. s. 49). På slutten av saga står det: *en Roðbert áboti sneri, oc Hacon *konungr, son Hakons konungs, lét snua þesse nærrænu bok yðr til skemtanar*. (utg. Kölbing, 1881, 116). Den vanlege oppfatninga er at den broder Robert som i 1226 omsette *Tristrams saga*, nokre år seinare har vorte abbed og at han heldt fram med denne verksemda. I prologen *Forræða* til dei høviske forteljingane i *Strengleikar* står det å lesa: *<E>n bok þessor er hinn virðulege hacon konongr let norræna or volsko male ma hæita lioða bok*. (utg. Cook og Tveitane, 1979, 4). Dernest nemner omsetjaren seg i slutten av *Ívens saga*, ei omsetjing av den franske hoffpoetens Chrétien de Troyes *Yvain/Le Chevalier au lion*: *Ok lýkr hér sögu herra Íven er Hákon kóngr gamli lét snúa ór franzeisu í norrænu* (utg. Kalinke, 1999, 98). Ei liknande formulering finst i omsetjinga av den franske *fabliau* *Le mantel mautailél/ Lai du court mantel* som på gammalnorsk har fått namnet *Mottuls saga*: *en þvilik sannendi, sem valskan sýndi mér, þá norræna ek yðr áheyröndum til gaman ok skemmtanar, svá sem virðuligr Hákon*

1. Sjå t.d. Magnus Rindal (2009), “*Barlaams ok Josaphats saga* i det norske litterære miljøet”.

2. Dette står berre i det handskriftet som inneheld heile saga, AM 543 to, datert til seint på 1600-talet (Kalinke, 1999, 26). Når me veit kva endringar seinare skrivarar har stått for i desse tekstane, provar ikkje utsegna noko datering for omsetjinga, jf. m.a. Sverrir Tómasson (1977, 47–78).

konungr, son Hákonar konungs, bauð fakunnugleik mínum at göra nökkut gaman af þessu eptir fylgjanda efni (utg. Kalinke, 1999, 6). Fleire forskarar har også tenkt seg at Håkon Håkonsson er den Håkon som er nemnd i innleiinga til visjonon *Duggals Leizla (Visio Tnugdali)* (Barnes, 1974, 84; Hallberg, 1971 og 1975; Cahill, 1983).¹ Wellendorf avviser dette den nyaste studien av den norrøne visjonslitteraturen. Han meiner at den Håkon det vert vist til er Håkon 5. Magnusson (1299–1319) (Wellendorf, 2007, 185).

Ei rekkje andre verk utan direkte referansar til Håkon Håkonsson kan truleg knytast til miljøet kring han. Til denne gruppa reknar Holm-Olsen (1974, 142ff.) mellom anna to verk til av Chrétien de Troyes; *Erex saga (Erec et Énide)* og *Parcevals saga (Le Conte du Graal)* og omsette romanar som *Partalópa saga (Partenopeu de Blois)* og *Florés saga ok Blankiflúr (Floire et Blancheflor)*. To latinske verk skal også nemnast. Kjærleiksdiktet *Pamphilus de amore* ligg føre i omsetjinga *Pamfiluss saga* (overlevert med unntak av den siste tredjeparten i handskriftet DG 4-7, jf. s. s. 50) og *Amikuss saga ok Amiliuss* er ei omsetjing av ei legende frå Vincent de Beauvais' verk *Speculum Historiale*. I løpet av regjeringstida til Håkon vart òg soga om Karl den store (d. 814) omsett, *Karlamagnús saga*. Ho er ein kompilasjon som byggjer på ei rekkje kjelder. Frå tysk segnstoff kjem *Piðriks saga af Bern* om den østgotiske kongen Theoderik den store. Fleire andre omsette verk frå om lag same periode er òg kjende, og då for det meste overlevert i islandske handskrifter.

Talet på overleverte handskrifter som inneheld riddarsoger og etterlikningar av dei tyder på at sjangeren var svært populær på Island. Der har høviske motiv vorte brukte på ny i forteljingar, folkeviser og ballader.

Til doms over Håkon Håkonsson

Synet på Håkon Håkonsson har vore vekslande hos norske historikarar. I nasjonsbyggingstida på 1800-talet var han sett på som den fremste representanten for den norske stordomstida i mellomalderen (til dømes P.A. Munch, 1852), medan marxistiske historikarar (t.d. Halvdan Koht, 1921) har sett han i ein større samanheng, der rolla til det enkelte individet vert nedtona i forhold til større historiske og økonomiske prosessar. Maktkampen mellom Håkon og svigerfar hans, hertug Skule, har òg vore gjenstand for ulike syn, og historikarar har til dels valt side i konflikten.

Den hardaste domen over Håkon Håkonsson stod Hans E. Kinck for i det essayistiske verket *Storhetstid* (1922). Han karakteriserer kong Håkon som ein narr, svak for titlar, praksjuk og sjølvskodande (1922, 41–43). Kulturimporten

1. *Hakon konungr or latinu tok ok let norœna til umbotar monnum ok hugganar* (s. 329, l. 15–16)

2. Historisk og kulturell bakgrunn

hans, mellom anna representert av “frivoliteten” i det høviske verket *Strengleikar*, vert tolka som eit oppløysningsfenomen (1922, 168).¹ Seinare har Andreas Holmsen sett han som det samlande symbolet riket trengte, og nyttar omgrepet “storhetstid” utan snev av ironi (1964, 250ff.). Han vurderer likevel den materielle praktutfoldinga og den europeiske kulturimporten til riket som “en blanding av parvenymessig narraktighet, av storstilt kraftutfolding og av virkelig nyvunnen kultur” (ibid. 259). Knut Helle (1964, 73–97) tek òg opp att storhetstid-omgrepet om kongedømet til Håkon Håkonsson, men ser tida som en “æra av indre enhet og styrke” med ein vilje til å styrka kongedømet, aristokratiet og kyrkja stilling både hos folket og utad. Eit av midla for å oppnå dette var å nytta både seremoniar og byggverk for å etablere ein imponerande fasade (ibid. 73–74). Sverre Bagge har seinare peika på at det meste som er kjent om Håkon Håkonsson er teke frå saga om han, og et ei slik framstilling er prega av forfattarens val når det gjeld dei karaktertrekka han har lagt vekt på.

Sikkert er det at siste del av regjeringstida til Håkon var ei politisk og kulturell blømingstid der mykje litteratur vart omsett til bruk ved hoffet, men der det også vart skapt original litteratur etter utanlandske førebilete. *Konungs skuggsjá* er det fremste dømet i så måte.

2.2 Den ukjende Marie de France

Dei fleste verka me kjenner frå 1100- og 1200-talet, har anonyme forfattarar. Men nokre unntak finst det. Ei kvinne med namnet Marie presenterer seg i tre gammalfranske verk frå denne perioden. Dei er alle knytte til det same kulturelle miljøet i siste tredjedel av 1100-talet, og dette har ein teke som tilstrekkeleg prov for at det er den same Marie i dei tre verka. I epilogen til eitt av verka seier ho at ho er frå Frankrike, *de France*, så ho har seinare gått under namnet Marie de France. Ho er rekna for å vera den første kjende kvinnelege forfattere som skreiv på fransk. Det vesle som er kjent om henne, stammar frå granskingar av verka hennar og dedikasjonar i dei. Det meste kring Marie de France er omdiskutert, til og med talet på verk ho har skrive og kva det opphavlege innhaldet i dei har vore. Det er heller ikkje semje om dateringa av verka, den interne kronologien mellom

1. Kinck omtalar *Strengleikar* som “damelektyre” (1922, 120), og ser verket som ein trussel mot den norrøne litteraturen som dukka opp “under storhetstidens usikkerhet og værste import (1922, 169). Fleire gonger dreg han fram *Strengleikar* som det ultimate dømet på den fordervinga som tok stad under Håkon Håkonsson. Til dømes meiner han at “En samling som *Strengleikar* og dens popularitet i folket maaler hvor vældig den bølge av import var, som flommet ind over det hjemlige aandsliv og tildels kvalte det.”, før han slår fast at “En bok som *Strengleikar* betegner en stor svækelse – for ikke å si et sammenbrud – i hele den kunstneriske retning” (1922, 89).

dei og dermed òg om kven dedikasjonane viser til. Det sikraste som kan seiast om Marie de France er nettopp at det meste er usikkert.

Dei tre verka som vanlegvis vert rekna for å vera hennar, er alle omarbeidingar av stoff som i ulik grad er kjent frå andre stader. I dateringa av desse verka kjem eg til å halde meg til Rychner (1983, viii–xii). Det første verket til Marie de France går under namnet *Lais* og er hos Rychner og andre datert til om lag 1170. Dette er førelegget til elleve av dei gammalnorske strengleikane, som vist i tab. 3.4 (s. 71). *Lais* omfattar tolv høviske forteljingar med ein tilhøyrande prolog; det er altså berre ei av forteljingane i *Lais* som ikkje er omsett til gammalnorsk. Dette er den tolvte og siste forteljinga i samlinga, *Eliduc*. Forteljingane har til dels uklart opphav i segn og mytar. Med utgangspunkt i dedikasjonar vert også ei samling fablar omsette frå mellomengelsk, *Fables* eller *Isopets/Ysopets*, rekna for å vera eit verk av Marie de France. Denne omsetjinga er datert til perioden 1167–1189. Det som sannsynlegvis er det siste verket hennar, visjonen *Espurgatoire seint Patriz*, er ei omsetjing til gammalfransk av ein latinsk tekst. Det tradisjonelle synet er at Marie de France utførte omsetjinga i perioden 1189–1190. At forfattaren i eit nær samtidig verk, *La vie seinte Audree*, òg presenterer seg som Marie, har ført til spekulasjonar om dette kan vera eit fjerde verk av Marie de France.

2.2.1 *Marie ai nun, si sui de France*. Diskusjonar om identiteten til Marie de France

Det er sparsame opplysningar Marie de France gjev om seg sjølv i dei tre nemnde verka, *Lais*, *Fables* og *Espurgatoire seint Patriz*. Den truleg eldste omtalen finst i byrjinga av den første forteljinga i samlinga *Lais*, *Guigemar*:

Oëz, seignurs, ke dit Marie,

(Høyr no, edle herrar, kva Marie fortel)

(GuiL, v. 3)

2. Historisk og kulturell bakgrunn

Ei Marie finn ein att i epilogen til *Fables*:

Al finement de cest escrit
que en romanz ai treité e dit
me numerai pur remembrance:
Marie ai num. si sui de France

(På slutten av denne nedskrivninga | der eg har teke for meg og fortalt på fransk, | namngjev eg meg for å verta hugsa: | Marie er namnet mitt og eg er frå France.)

(*Fables, Epilogue* v. 1–4)

Heilt på slutten av epilogen til visjonen *Espurgatoire seint Patriz* finst den siste presentasjonen av denne typen:

Jo, Marie ai mis en memoire
Le Livre de l’Espurgatoire
En romanz

(Eg, Marie, har foreviga på fransk | Boka om Skjærselden.)

(*Espurgatoire seint Patriz, Epilogue* v. 2297)

Utsegna i epilogen til *Fables* (v. 4) om at Marie er frå Frankrike, “de France”, gjev berre meining dersom ho på den tida oppheldt seg i utanlandet. Dermed er det allment akseptert at Marie var fransk og sannsynlegvis frå Île-de-France, altså det som i dag er Paris-regionen, eller det nærliggjande normanniske området. Ein reknar òg med at ho oppheldt seg i England då ho skreiv dette verket. Framlegget til Winkler (1918, sitert i Mickel, 1974, 16 og note 5, 148) om at “de France” fortel at ho hørde til kongefamilien er, saman med dei fleste av slutningane hans, forkasta no. Ytterligere indisum på bandet hennar til England har forskarar sett i at hovudhandskriftet av *Lais* og *Fables*, Harley 978, er knytt til det benediktinske klosteret i Reading. Også dei to andre verka av Marie de France har band til England. Ifølgje forfattaren sjølv er *Fables* omsette frå kong Alfred si engelske utgåve av desse forteljingane, og kjeldeteksten til *Espurgatoire seint Patriz* er ein latinsk tekst nedskriven i England. Granskingar viser dessutan at skildringane av landskap i Sør-England og Wales i *Lais* er meir nøyaktige enn dei frå kontinentet. Bortsett frå forteljinga *Deus Amanz*, førelegget til den gammalnorske *Tveggia elskanda liod*, er slike skildringar i *Lais* anten lånte frå Wace eller svært vage. *Deus Amanz*, som går føre seg i Normandie, skil seg ut frå resten av *Lais* med eit

samsvar mellom det fiktive og det reelle landskapet, noko som kan tyda på at forfattaren var kjend i Nord-Frankrike (Mickel, 1974, 17).

At det er dedikasjonar til engelske adelsmenn og kongelege i dei tre verka som er rekna for å vera forfatta av Marie de France, styrkjer bandet hennar til England og det anglo-normanniske hoffet. Trass i, eller kanskje nettopp på grunn av, eit mylder av framlegg til kva historiske personar dedikasjonane viser til, er det ingen sikre identifikasjonar. Dersom ein hadde visst kven dedikasjonane viste til, kunne ein ha gjeve ei langt sikrare datering av verka hennar. Denne kunnskapen ville òg gjeve eit bilete av kva for miljø Marie de France oppheldt seg i. Versnovellene i *Lais* er dediserte til ein *nobles reis* (*Prologue*, v. 4) og dei fleste meiner at dette må vera kong Henrik 2. Plantagenet (1133–1189, konge frå 1154), ein uvanleg lærd mann som var vel heime i både latin og fransk. Kring han og kona hans, den tidlegare franske dronninga Aléinor d’Aquitaine, blømde det kulturelle miljøet med mellom anna forfattarar som Chrétien de Troyes og altså truleg Marie de France. Det har òg vore trekt fram andre kandidatar til denne noble kongen; son til Henrik 2., Henrik den unge (Henry the Young King), samregent med far sin frå 1170 og til han døydde i 1183 (Levi, 1921, sjå Burgess, 1977, 72) og Henrik 3., soneson til Henrik 2. (Mall, 1867; LaRue, 1834, 47–100). Det har dessutan vore framlegg om at denne dedikasjonen ikkje viser til ein historisk person, men at han må lesast som ein rein retorisk figur (Dragonetti, 1986, 36–37): “ainsi, conformément aux conventions de l’éloge, la rhétorique de la dédicace ne retient absolument rien de la personne historique du roi. Seule la figure importe”, ‘dermed, i tråd med retningslinene for lovtalar, finst det absolutt ingenting av den historiske kongspersonen i retorikken i dedikasjonen. Det er berre den retoriske figuren som er viktig’.

I epilogen til *Fables* fortel Marie at ho har omsett fablane ut frå kjærleik til ein “cunte Willam” (*Epilogue*, v. 9). Det er kjent langt fleire enn ein “cunte Willame” i denne perioden, og det har ikkje mangla på framlegg om kven det kan vera. Men ein har ikkje lykkast i å oppnå semje om identiten hans. Som før nemnt skriv Marie at ho har nytta ei engelsk utgåve av fablane som kjelde og presiserer at denne kjelda tilhørde “li reis Alvrez”; kong Alfred (*Epilogue*, v. 16). Den anglo-saksiske kong Alfred regjerte i perioden 871–899. Ei slik samling er ikkje overlevert og jamvel med heile tre hundre år mellom kongen og Marie de France, eksisterer ingen referansar til at ei slik engelsk omsetjing av fablane. Dedikasjonen vert derfor problematisk, og dei manglande prova på eit slikt verk frå kong Alfreds tid gjer at den vanlegaste forklaringa på denne dedikasjonen er at Marie de France rett og slett har gjort ein feil. Den omtala Alfred vert dermed ikkje rekna for å vera kong Alfred slik det står i teksten, men omsetjaren Alfred l’Anglais (Alfredus Anglicus eller Alfred av Sarashel) som på 1100-talet arbeidde med ei latinsk utgåve av fablane (Mall, 1885, 161–203 og Warnke, 1900. Begge sitert i Brucker, 1991, 8).

2. Historisk og kulturell bakgrunn

I det tredje og siste verket, *Espurgatoire Seint Patriz*, finst ingen dedikasjonar som kan vera med på å identifisera den historiske personen Marie de France.

Ei Marie som skreiv ein eller fleire *lais* er også omtala av Denis Piramus. Han var ein geistleg, truleg frå klosteret Bury-Saint-Edmunds i Suffolk. Denis Piramus fortel i byrjinga av *La Vie Seint Edmund le rei* at han i ungdommen oppheldt seg ved hoffet. Dette verket vert datert til ein gong etter 1170, kan hende mellom 1190 og 1200. I byrjinga av *La Vie Seint Edmund le rei* vert også litteratur han vart kjend med ved hoffet omtala. Først tek han føre seg hendingane i *Partonopé*, som berre er fablar og løgn, men og er nedskrivne av ein stor kunstnar og mykje omtykt av alle. Deretter går han over til å omtala ei Marie, som har skriva *lais* og som er knytt til hoffet:

E la dame Marie autresi,
Ki en rime fist e basti
E compassa les vers des lais,
Ke ne sunt par del tut verais;
E si en est ele mult loée
E la rime par tut amée,
Kar mult l'aiment, si l'unt mult cher
Cunte, barun e chivaler;
E si enaument mult l'escrit
E lire le funt, si unt delit,
E si les funt sovent retreire.
Les lais solent as dames pleire,
De joie les oient e de gré,
Qu'il sunt sulum lur volenté.
(v. 35-48, s. 4-5 utg. Kjellmann, 1935)

(Likeeins fru Marie | som skreiv på rim | og sette saman versa i *lais* | som ikkje er sanne i det heile teke, | men som ho er mykje rosa for | og rima er omtykte av alle, | og alle tykkjer om dei og har dei svært kjære | Grevar, baronar og riddarar, | dei får teksten opplesen, og har glede av han | og får den ofte fortald på ny. | *Lais* er meint for å gleda kvinner | som høyrer på dei med glede og lyst | fordi dei er slik dei ønskjer dei.)

Lang tids leiting etter kvinner med namnet Marie frå siste del av 1200-talet og frå i krinsane kring dei mektige mennene som *Lais* og *Fables* kan ha vore dediserte til, har resultert i ei tilsvarande lang liste meir eller mindre sannsynlege kandidatar til rolla som den første kvinnelege forfattaren som skreiv på fransk. Med få unntak er dei fleste av kongeleg eller adeleg ætt. På bakgrunn av justeringar i dateringar av

verka til Marie de France er nokre av framlegga no uaktuelle. Dei viktigaste framlegga som står att er:

- Den saksiske nonna Roswitha som levde på 900-talet og var nonne i Gandersheim. Framlegget vert avvist av Ménard (1979, 30) som peikar på at den djupe religiøsitet som er å finna i verka til denne nonna er fråverande i Marie sine verk. Datering er dessutan eit problem.
- Herrad av Landsberg, abbedisse av Hohenburg (ca. 1130–1195). Abbedissa skreiv *Hortus Deliciarum* (Hoepffner, 1935, 52). Ménard har same innvendingar som over.
- Ei nonne kalla Marie som skreiv *Vie Seint Audree* på byrjinga av 1200-talet (datering av utgjevaren Södergård, 1955, 55). Til grunn for dette framlegget er bruken av fornamnet Marie i v. 4618–4620: *Mut par est fol ki se oblie. | Ici escrie mon non Marie, | Pur ce ke soie remembre, ‘Den som gløymer seg sjølv er svært dum. | Her skriv eg namnet mitt, Marie | slik at eg skal bli hugsa’*. Fleire forskarar har seinare leika med denne tanken (Baum, 1968, 196; Mickel, 1974, 16; Curley, 1993, 7), medan andre (Ménard, 1979, 16) avviser denne moglegheita på eit stilistisk grunnlag. Først nyleg har *Vie Seint Audree* vore gjenstand for ei språkleg og stilistisk samanlikning med eit av verka som vert rekna for å vera forfatta av Marie de France. Etter å ha jamført *Vie Seint Audree* med *Espurgatoire Seint Patriz*, meiner McCash (2002, 773) å ha sterke indisium på at det er same person som forfatta desse verka.
- Marie av Boulogne, dotter av Stephen av Blois og Mathilda av Boulogne. Knapton (1976–1977) meiner at fargevala i *Lais* tyder på at Marie anten voks opp i eit kloster eller at ho var under stadig påverknad av kyrkjelege ritual. Dette stemmer med det som er kjent om livet til Marie de Boulogne.
- Den uekte dottera til Geoffrey av Anjou og Lady of Outillé, og halvsøster til Henrik 2. Ho var abbedisse i Shaftesbury frå 1181 til 1216 (Bullock-Davis, 1965, 314–322; Crosland, 1956, 97; Fox, 1910, 303–306 og 1911, 317–326). Holmes (1949) ser mangelen på kjennskap til kyrkjeleg rett og sedvane når det gjeld ekteskap og skilsmisse i forteljingane *Fresne* og *Eliduc* som eit argument mot at Marie de France kan ha vore abbedissa i i Shaftesbury.
- Mary, abbedisse i Reading, staden der hovudhandskriftet av *Lais* og *Fables*, Harley 978, kan ha vorte skriven. Argumentet er at Marie de France har god kjennskap til klosterliv (Levi, 1921, 472–493). Men Holmes (sjå over) sine motargument må gjelda her òg.
- Den åttande dottera til den normanniske greven Galeran/Waleran av Meulan (1104–1166) og kona hans Agnès av Monfort. Ho vart gift med Hugues Talbot, baronen av Cleuville (Holmes, 1932, 1–10 og 1949, 335–339; Flum 1961–1962: 53–56).

2. Historisk og kulturell bakgrunn

Det som kan seiast sikkert, er at tre av dei gammalfranske verka som er overleverte frå slutten av 1100-talet er skrivne av ein forfattar som presenterer seg med namnet Marie. Det vert rekna som sannsynleg at denne Marie er ei og same kvinne. Det er grunn til å tru at ho var fransk av fødsel, men hadde opphaldsstad i England, der ho hadde samband med det anglo-normanniske hoffet. Verka hennar speglar ei velutdanna og språkmektig kvinne, og referansar og narrative element i verka viser at ho har vore godt kjend i både den klassiske litteraturen og samtidslitteraturen. I skildringa av veggmåleriet av Venus i *Guigemar* viser ho til Ovid, venteleg *Remedia Amoris*. Påverknad frå Ovid finst òg mellom anna i *Deus Amanz* og *Laüstic* der ho truleg har nytta førelegg frå *Metamorphoses*. Kjennskapet hennar til samtidslitteraturen kjem fram gjennom andre referansar i *Lais*. Ho må ha hatt kjennskap til Waces *Brut* (1155), Geoffrey of Monmouths *Historia regum Britaniae* (1135), Gaimar's *Estoire des engleis*, *Roman de Thèbes* (mellom 1150 og 1160), og dessutan ein versjon av *Tristan* (Mickel, 1979, 22–23; Hoepffner, 1935, 5–38 og Ménard, 1979, 31–50).

Forskaren Richard Baum meiner at det er lite sannsynleg at alle forteljingane i det som vert rekna for å vera Marie de France sine *Lais*, altså forteljingane i handskriftet Harley 978, er dikta av same forfattar (1968, 218). Han møtte mykje motstand for dette synet (sjå til dømes bokmeldinga til Ross, 1970), men det kan ha mykje for seg. Nokre av dei norske forskarane som har granska *Strengleikar* har opna for dette (Keyser og Unger, 1850, xvii; Holm-Olsen, 1974, 140). Som me skal sjå seinare, er talet på og rekkjefølgja av forteljingar skiftande i kvart einaste av dei overleverte handskriftene. Det finst ikkje noko avgjerande prov på at alle *lais* i Harley 978 er skrivne av same person.

2.2.2 Å sjå verda gjennom slottsvindaug: *Lais*

Handskriftet Harley 978 inneheld ein prolog og tolv *lais*, forteljingar med høviske motiv. Der har forteljingane fått samletittelen *Lais de Bretagne*, sannsynlegvis av ein seinare skrivar (Tobin, 1976, 9). *Lai*-namnet er eigentleg ei sjangernemning, og var i mellomalderen brukt om to ulike gammalfranske litterære sjangrar – ein narrativ og ein lyrisk – og vart dessutan nytta om ein eigen musikk sjanger. Dei to litterære sjangrane kan ha hatt eit felles opphav, men i mellomalderen ser det ikkje ut til å vera samband mellom dei (Mickel, 1974, 54).

Det etymologiske opphavet til termen er omdiskutert og både latinske og keltiske ord har vore foreslått som moglege utgangspunkt.¹ Allereie i 1841 forkasta Ferdinand Wolf (sitert i Reaney, 1958, 343) framlegga *lessus*, *leudus*, *laxatum*, *lag* og *laikan* som etymologiske opphav til den musikalske sjangernemninga, og

1. Debatten har vore lang og oppheta, jf. Tobin, 1976, s. 9, fn. 1.

foreslo at termen anten stammar frå det walisiske *llais* eller det gæliske *laio(dh)*. Det har Reaney (1958, 343) sagt seg einig i. Både *llais* og *laio(dh)* viser til musikk, ein slått eller song, og kan dermed jamførast med det norrøne *ljóð*. Baum (1968, 31 fn. 96 og 1977, 51) meiner det latinske *laicus* må vera opphavet til termen, dvs. opphavet til det moderne norske ordet *lek*, t.d. i uttrykk som *lek og lærd* og i samansetjingar som *lekmann* og *lekfolk*. I så fall framhever ordet motsetnaden mellom det utdanna i latinsk kultur og det verdslege i folkekulturen, og parallelt til termen *roman*, som først viste til folkespråket, dernest til tekstar skrivne på dette folkespråket. Kurt Ringger ser opphavet til *lais* i det latinske *laus/laudis* og det tyske *Leich* og meiner at *lai* opphavelig hadde tydinga “Vogelsang” (1973, 39). Dette minner om tolkinga til H. d’Arbois de Jubainville (1879, 422–425) som meiner at termen stammar frå det irske *loïd (laid)*, nytta i marginaliar i eit nord-irsk handskrift frå Ulster datert til 830–850 om svarttrostsong og i overført tyding om ein poesisjanger. Etymologisk ser han *loïd* knytt til dei latinske *laus, laidis*. Det rådande synet i dag er at sjangeren *lais* har sprunge ut frå musikalske *lais*, som er forteljingar akkompagnerte av strengeinstrument. Eit slikt musikalsk opphav ligg til grunn for dei fleste av framlegga til etymologi for sjangernemninga. Ordet er nytta med om lag same semantiske tyding som i *Lais* i andre samtidige tekstar, og finst mellom anna i eit handskrift av Waces *Roman de Brut* frå 1200-talet der det viser til ein instrumental melodi¹ og i ei scene i Sneyd-fragmentet av Thomas’ *Tristan* om ein *lai* komponert av Iseult.²

Litteratursjangeren *lai* er ei stutt forteljing med mellom 100 og 1000 vers i form av oktosyllabiske kuplettar. Tema er gjerne henta frå bretonske sagn og mytane kring kong Arthur. Handlinga er plassert i eit høvisk bretonsk miljø. Mellom kjenneteikna til ein *lai* er at han er meint for å halda levande minnet om fantastiske hendingar og at han er knytt til ein musikalsk komposisjon. Talet på *lais* som er overleverte frå den perioden sjangeren var produktiv (1160–1250), varierer mellom forskarane, men det er vanleg å rekna med mellom tretti og førti *lais*, inkludert Marie de France sine tolv forteljingar. Noka klar sjangeravgrensing eksisterer ikkje. I somme handskrifter er termen nytta, stundom av seinare skrivarar, om tekstar som i dag ikkje vert rekna for *lais*. *Shrewsbury-list* (Shrewsbury School Ms.VII, fol. 200) frå 1300-talet listar opp heile 67 *lais*. Berre

1. *Mult out la la court juleürs, | Chanteürs, estrumenteürs; | Mult peüssiez oïr chançuns, | Rotruenges e novels suns, | vieleüres, lais de notes, | Lais de vieles. lais de rotes, | Lais de harpes, lais de frestels* (utg. Weiss, 1999, v. 10543–10549, s. 264). Ikkje alle handskriftene har denne bolken, men versa finst i handskrifter frå 1200-talet, mellom anna det såkalla Vatikan-handskriftet, Palatine Library MS 1971).

2. *La reïne chante dulcement, | La voiz acorde a l’estrument. | les mainz sunt bel(e)s, li lais b(u)ons | Dulce la voiz, bas li tons.* v. 791–794 i Wind (utg.) 1950.

2. Historisk og kulturell bakgrunn

nokre få av dei er kjende. I studien sin av dei bretonske *lais* definerer Donovan (1969, 63–64) Marie de France sine *lais* slik:

(...) a short narrative poem of between one hundred and one thousand lines, about ideal love and designed as reading for the court of England of the twelfth century. Although its origin in Celtic literature is uncertain, it may even be a simplified *conte* accompanying a Breton lay, which is believed to have been a musical-vocal composition; its conscious simplification is extended to plot and language. Considered externally, the narrative lay contains, besides the story proper, a prologue and epilogue, in which either a Breton source is claimed or the setting is given as Brittany. It is written in octosyllabic couplets, in the vernacular rather than Latin. Artistically it shows both a knowledge of the arts of rhetoric and a conscious attempt at elegance, which does not necessarily conflict with the author's desire for simplification. Its unity is derived from the single idea about love which develops; but love in the narrative lay is a simpler, more natural emotion than that associated with Courtly Love. In scope it may vary within a limited range by presenting (1) a simple dramatic situation without much action (2) an anecdote or (3) a biography in brief.

Fleire av dei anonyme *lais* har vore tilskrivne Marie de France, mellom anna på språkleg og metrisk grunnlag. Dei liknar Marie de France sine forteljingar tematisk, men skil seg så mykje frå dei i forteljestil og vokabular at det er lite sannsynleg at dei er skrivne av same forfattar. Som me skal sjå nedanfor (s. 70), inneheld *Strengleikar* 11 av dei *lais* som er tilskrivne Marie de France, og 6 av dei anonyme *lais*. Felles for både Marie sine *lais* og dei anonyme *lais* er at dei oftast utspelar seg i eit univers med rot i keltiske sagn og at dei foregår i grenseland mellom røyndom og fantasi. At opphavet til desse *lais* er munnlege forteljingar framførte til musikk vert framheva av forfattaren sjølv. Dei nedskrivne *lais* har som funksjon å halda hendingane levande for ettertida, til underhaldning og som eksempel til etterlevnad.

Kapittel 3 Materialet

3.1 Gammalnorske handskrifter

Den gammalnorske samlinga av høviske prosanoveller som har vorte gjeven namnet *Strengleikar* er overlevert i eitt einaste handskrift, Uppsala De la Gardie 4–7. Handskriftet var del av den store boksamlinga grev Magnus Gabriel De la Gardie gav til Universitetsbiblioteket i Uppsala i 1669. Der er handskriftet framleis å finna, no i Carolinabiblioteket. Tittelen *Strengleikar* er ikkje nytta som samletittel for prosanovellene i handskriftet, men vart gjeven av dei første utgjevarane, Rudolf Keyser og Carl Richard Unger (1850). Dei kalla utgåva si *Strengleikar eða Ljóðabók* med undertittelen “En Samling af romantiske Fortællinger efter bretoniske Folkesange (Lais), oversat fra fransk paa norsk ved Midten af det trettende Aarhundrede efter Foranstaltning af Kong Haakon Haakonsson”. Nemningane *strengleikr*, *ljóðabók* eller ein kombinasjon av desse er nytta i innleiinga eller avslutninga av nær alle dei gammalnorske tekstane. Unntaket er forteljinga *Janual*. Denne forteljinga er kalla ein *saga* i dei avsluttande linene, men den første delen av omsetjinga er ukjent grunna ei lakune i det gammalnorske handskriftet. Nemninga *strengleik* må reknast for å vera ei god attgjeving av den gammalfranske *lais*-nemninga. Det er vanleg å omtala handskriftet som N, og eg kjem til å nytta dette siglumet i det som følgjer.

3.1.1 De la Gardie 4–7 og AM 666 b, 4°

Kodeksen. Kodeksen er innbunden i kvitt pergament med monogrammet til Magnus Gabriel de la Gardie prega på begge sider. Kodeksen inneheld i dag 44 blad frå to ulike handskrifter frå andre halvdel av 1200-talet. Han har ein del mindre skadar og eit par lakuner. Fire blad har vore fjerna frå slutten av kodeksen og er å finna som AM 666 b, 4° i Den Arnamagnæanske Samlinga i København.

Dei to handskriftene som utgjer N, har i dag same storleik, 310 x 230 mm. Teksten på blada viser at dei ein gong har vorte skorne til. Dette har truleg skjedd ved samlinga av dei to delane i N.

Teksten i heile kodeksen er skriven i to spalter. Talet på liner i kvar spalte varierer. På dei to første blada er det gjennomsnittleg 47 liner i kvar spalte. I resten av handskriftet varierer talet på liner i kvar spalte mellom 39 og 44 liner.

Dei to første blada i kodeksen er alt som står att av det første av handskriftene. Det handskriftet som utgjer hovuddelen av kodeksen, inneheldt opphavleg 56 blad. Blada har vore fordelte på 7 legg, kvart med 8 blad. Eit slikt legg på 8 blad var sydd saman av 4 bladpar (*bifolia*) som ein kan sjå av dei skjematiske oppstillingane på

3. Materialet

s. 50 ff.¹ Av dei 7 legga står det no 42 blad att. Midtparet av første legg, bl. 4–5, manglar, og det neste bladet, bl. 6 har vorte skore ut av kodeksen. Likeeins manglar midtparet av andre legg, mellom bl. 10 og 11 i den noverande nummereringa. Tredje og fjerde legg er uskadde, men rekkjefølgja av dei to inste para i fjerde legg vart omsnudd då handskriftet vart bunde inn, slik at det som no er bl. 24, 25, 26 og 27 opphavleg hadde rekkjefølgja 25, 24, 27, 26, som vist på s. 50 nedanfor. Ei seinare hand har nytta latinske minusklar for å markera rett rekkjefølgje av desse blada. Femte legg manglar òg midtparet, og i sjette legg har det fjerde bladet vorte skore ut. Berre ytterparet av det sjuande legget finst i N. Det vert ikkje rekna med at handskriftet nokon gong har vore på Island, men det var der Árni Magnússon i 1703 fann att delar av dei blada som manglar frå det sjuande legget i N. Blada var då nytta som fôr i mitraen til Skálholtbispens og hadde vore skorne til for formålet. Desse blada og resten av det sjuande legget i N vart truleg fjerna frå kodeksen i Noreg (Keyser og Unger, 1850, xxi), kan hende i Trondheim på 1500-talet (Tveitane, 1972, 13). Tilklippinga av blada gjer at berre delar av teksten på desse blada er kjent. Blada er no å finna som AM 666 b, 4^o i Den Arnamagnæanske Samlinga i København.

Datering. Keyser og Unger meinte at tekstane i N var den første avskrifta av den første omsetjinga av dei gammalfranske tekstane (1850, xix). Dei daterte handskriftet til midten av 1200-talet (ibid. xi og xix), og same vurdering er å finna hos Kålund (1903, xiv, nr. 53). Noko meir presise framlegg har vore gjevne seinare. Hægstad daterte først *Strengleikar* og *Elis saga* til om lag 1250 (1906, 10 og 12), men flytta så dateringa for *Strengleikar* til ca. 1260 (1909, 13). I tillegg til det språkhistoriske verket hans *Indre sudvestlandsk, færøymaal, islandsk* (1916), enda han opp med å meina at tekstane er “knappt eldre enn fraa omkring 1270” (1935, 23), men peikte samstundes på at den hyppige bruken av refleksivformer på *-zk* i *Strengleikar* tyder på eit førelegg frå før 1250.

På språkleg, paleografisk og historisk grunnlag er det vanleg å rekna med at handskriftet N er ei avskrift frå andre halvdel av 1200-talet, truleg frå om lag 1270. Det er også denne dateringa som ein finn i ONP.

Innhald. N inneheld fem ulike tekstar. *Strengleikar* er den lengste og fyller om lag to tredelar av handskriftet. Tekstane fordeler seg slik i handskriftet:

- Blad 1–2
Eit fragment av slutten av *Ólafs saga Tryggvasonar*, ei omsetjing til norrønt av

1. Det har vore foreslått at det siste legget i N ikkje har innehalde 4 par blad som dei andre, men 5 (Skårup, 1975). Dersom framlegget til Skårup er rett, har hovuddelen av kodeksen innehalde 58 og ikkje 56 blad.

eit tappt latinsk verk skriva av den islandske munken Oddr Snorrason. Utgjeven av P.A. Munch (*Saga Olafs Tryggvasunar*, 1853, 64–71)

- Blad 3–5
Ei omsetjing av den latinske dialogen *Pamphilus de amore* til gammalnorsk, til vanleg omtala som *Pamfiluss saga*. Grunna ei lakune i handskriftet manglar slutten av dialogen. Utgjeven av Ludvig Holm-Olsen (*Den gammelnorske oversettelse av Pamphilus, med en undersøkelse av paleografi og lydverk*, 1940)
- Blad 6r l. 1–13
Tretten liner av *Æðru sennur ok hugrekka*. Denne tekstbolken er ein del av ei omsetjing frå latin av det som opphavleg var (Pseudo-)Senecas dialog mellom *Securitas* og *Timor; De remediis fortuitarum*. Den fullstendige teksten er kjent frå Hauksbók og AM 696, 4°, fragment XXXVIII. Utgjeven av C.R. Unger (*Heilagra manna sögur I*, 1877, 452).
- Blad 6r l. 14–17v l. 5
Ei omsetjing av *Elie de Saint Gille*, ein gammalfransk *chanson de geste* tilhøyrande sagnkrinsen kring Guillaume d'Orange. Den har på gammalnorsk fått namnet *Elis saga ok Rosamundu*. Den gammalfranske teksten som me kjenner, er svært ulik den som må ha vore førelegg for omsetjinga. Omsetjinga sluttar brått midt i teksten. Olsen (1965, 109) føreslår at omsetjinga har vore gjort etter eit defekt handskrift. Utgjeven av Eugen Kölbing (1881).
- Blad 17v l. 6–blad 43
Storparten av *Strengleikar*, omsetjinga av ein prolog og 19 gammalfranske *lais*. Utgjevne to gonger; Keyser og Unger (1850) og Cook og Tveitane (1979).
- Det som er kjent av framhaldet av N er dei fire blada i AM 666 b, 4°. Desse inneheld delar av omsetjingane av to gammalfranske *lais*. Desse omsetjingane finst i dei same utgåvene som resten av *Strengleikar*.


Innhaldet i heile handskriftet er gjeve ut i faksimile med ei grundig innleiing (Tveitane, 1972). I innleiinga gjer Tveitane greie for historien til handskriftet (9–16), paleografi og språk (17–26) og til slutt den litterære bakgrunnen (27–34). I faksimileutgåva er også det som opphavleg har vore den siste delen av kodeksen teken med (AM 666 b, 4°). På grunn av tilklippinga vantar mykje at teksten på desse blada.

N er ein kompilasjon, ikkje berre fordi handskriftet inneheld ei rekkje ulike tekstar, men òg fordi det som nemnt er sett saman av to opphavleg separate handskrifter som seinare har vorte bundne saman. Av det første av handskriftene


3. Materialet

står det berre att to blad frå *Ólafs saga Tryggvasonar* som utgjer første legget. Tveitane (1972, 15) inkluderer ikkje dette legget i nummereringa si av legga, men tek til med legg 1 på bl. 3r. Eg følgjer denne praksisen. Legget med *Ólafs saga Tryggvasonar* er derfor kalla legg 0. Det skjematiske oversynet av legga er resultat av eit studieopphald ved Carolinabiblioteket i Uppsala hausten 2008.


- Legg 0, 1r–2v
1r–2r inneheld *Ólafs saga Tryggvasonar*. Blad 2v har truleg vore tomt, men inneheld no ei teikning av ein konge med eit våpenskjold.




- Legg 1, 3r–7v
Blada 3–5 inneheld *Pamfiluss saga*. Blad 6r l. 1–13 inneheld *Æðru sennur ok hugrekka*. Deretter tek *Elis saga ok Rosamundu* til på blad 6r. l. 14.



- Legg 2, 8r–13v
Heile legget inneheld framhaldet av *Elis saga ok Rosamundu*.




- Legg 3, 14r–21v
Blad 14r–17v 1.5 inneheld resten av *Elis saga ok Rosamundu*. Deretter tek *Strengleikar* til. Blad 17va–17vb inneheld *Forræða*, 17vb–21vb *Guiamar*. *Eskia* tek til på blad 21vb.



3. Materialet


- Legg 4, 22r–29v

I samband siste samling av legget har dei to indre bladpara vorte bytta om, dvs. dei som no er b. 25/26 og bl 24/27. Dei må derfor lesast i rekkjefølgja bl. 25r–v, 24r–v, 26r–v og 27r–v. Blad 22r–25va, men ikkje 24r og 24v, inneheld resten av *Eskia*. Blad 25va–24r–24v–27r–27vb inneheld *Equitan*. Blad 27vb–26rv–28r–28va inneheld *Bisclaret*. Blad 28va–29ra inneheld *Laustik*. *Desire* tek til på blad 29ra.




- Legg 5, 30r–35v


Blad 30r–32va inneheld resten av *Desire*. Så tek *Tidorel* til på blad 32vb. Deretter er det ei lakune på eitt blad mellom 32v og 33r. Bladet har innehalde slutten av *Tidorel* og byrjinga av *Chetovel*. Avslutninga av *Chetovel* finst på blad 33ra–33rb. Blad 33rb–34rb inneheld *Doun*. Blad 34rb–35rb inneheld *Tveggia elskanda lioð*. *Gurun* tek til på blad 35rb.



- Legg 6, 36r–42v
Legget tek til med slutten av *Gurun*. Blad 36vb–38ra inneheld *Milun*. Blad 38ra–38vb inneheld *Strandar strengleikr*. Blad 38vb inneheld byrjinga av *Leikara lioð*. Deretter har det eine bladet av midtparet vorte skore varsamt ut. Resten av *Leikara lioð* og byrjinga av *Janual* er dermed tapt. Blad 38ra–40vb inneheld resten av *Janual*. Deretter tek *Jonet* til på blad 40vb.



- Legg 7, 43r–44v
Berre ytterparet står att av dette legget. Blad 43rb inneheld slutten av *Jonet*. Blad 43rb–43va inneheld *Naboreis*. *Ricar hinn gamli* tek til på blad 43va. Slutten av denne forteljinga er tapt. Fire av innerblada i dette legget er i dag fragmenta i AM 666 b 4°. Av desse inneheld 1r–4rb *Tveggia elskanda strengleikr* og 4rb–4vb byrjinga av *Grelent*.



Det er mogleg at ein strengleik har gått tapt mot slutten av handskriftet. Skårup (1975, 99) har vist at det sjuande og siste legget i den opphavlege kodeksen kan ha hatt fem par blad, og ikkje fire par som resten av N. Kvart blad inneheld

3. Materialet

omsetjinga av mellom 200 og 300 vers, og det som manglar av omsetjinga av forteljinga *Grejent* er mellom 579 og 589 vers. Resten av denne omsetjinga må dermed ha fylt minst to blad. Dermed foreslår Skårup at dei tapte blada inneheldt omsetjinga av ein *lais* som det i dag berre er mogleg å meina noko om lengda på. Skårup tenkjer seg at dette ikkje kan ha vore den tolvte og lengste forteljinga av Marie de France sine *Lais*, *Eliduc* (1184 vers), men derimot ei kort forteljing.

Clover (1986) meiner at nettopp *Eliduc*, som berre finst i H, har vore kjent på Island, men plasserer ikkje denne forteljinga på dei tapte blada i N. Ho viser til likskapane mellom eit avsnitt frå *Vølsunga saga* og v. 1029–1064 i *Eliduc*. Motivet i saga finst ikkje andre stadar i norrøn litteratur. Dette leier Clover til å meina at *Eliduc* fanst i førelegget til *Strengleikar*. Ho ser to moglege årsaker til at denne *lai* ikkje vart omsett, og meiner at den gammalnorske omsetjaren anten såg for seg ei eiga omsetjing av denne *lai* seinare eller at han visste at forteljinga allereie var kjent (ibid. 83).

Kva for ein gammalfransk *lai* kan så ha fått plass på dei blada Skårup (1975) meiner har funnest i N? Sjølv om nokre av dei gammalnorske forteljingane er mykje korta ned, er dei fleste kjende *lais anonymes* truleg for lange til å ha fått plass på dei tapte blada; *Guingamor* er på 678 vers, *Tyolet* på 704, *Espine* på 512, *Melion* på 594 og *Trot* på 306 vers (Tobin, 1976). Desse *lais anonymes* vert tidfesta til ein gong mellom slutten av 1100-talet og første del av 1200-talet. Eit unntak frå denne tidfestinga kan vera forteljinga *Trot*. Denne kan ha blitt skriven så seint som i 1267, men utgjevaren Tobin hallar mot å datera denne til mellom 1200 og 1220 (1976, 336). Lengda på denne forteljinga gjer ho kanskje til det mest sannsynlege alternativet for å ha fylt dei tapte blada i N.

Samstundes er det kjent at ei rekkje *lais* har gått tapt. Den engelske Shrewsbury-lista (Brereton, 1950) er ei oppstilling frå 1200-talet med 67 titlar på *lais* og det som kan hende er andre romansar. Av dei 67 tekstane på lista er 15 verk me kjenner. 13 av titlane kan visa til kjende verk eller til verk me veit har eksistert frå omtale i andre eldre kjelder. Dei siste 39 titlane er tekstar som har gått tapt. Titlane seier litt om emnet og sjangeren for 15 av desse tekstane, men dei siste 24 veit me ingenting om. Dersom det sjuande legget i N har hatt eit ekstra blad og dersom det har innehalde ein strengleik som no er tapt, treng ikkje denne strengleiken ha vore ei omsetjing av ein *lai anonyme*. Han kan like gjerne ha vore ei omsetjing av ein *lais* frå Shrewsbury-lista.

Skrivarar, språk og opphavsstad. Ein meiner at fire skrivarar har arbeidd med N. Den første av dei skreiv dei to første blada med fragmentet av *Óláfs saga Tryggvasonar*, altså det første av dei to handskriftene som i dag utgjer N. Neste skrivar har teke seg av *Pamphilus*, fragmentet av dialogen og *Elis saga*. Dei to siste skrivarane har arbeidd med *Strengleikar*. Skrivarskiftet har skjedd midt i den

sjuande forteljninga i samlinga, *Desire*. I ei gransking av målform og skrift i *Strengleikar* omtalar Hægstad (1935) skrivarane som Str. I og Str. II. Skrivaren Str. I avsluttar midt i ei setning nedst på ei venstreside, 29v, og Str. II fører arbeidet vidare frå 30r. På grunnlag av språk og skrift kan skrivararbeidet tidfestast til perioden 1260–1280, og språket er rekna for å vera sørvestlandsk. I så fall må ein rekne med at dialektane til skrivarane stammar frå området mellom Bergen og Aust-Agder/Vest-Telemark. Alternativt må skrivarane ha vore opplærte i skriveskikkar frå dette området (Hægstad, 1935 og Tveitane, 1972). Hægstad (1935, 22) plasserer Str. I nord i Ryfylke eller sør på Jæren og Str. II (ibid. 23) i innlandet i Vest-Agder, Mandalen. Ei gjennomgåing av språk og paleografi fører Hødnebo (1987, 97) til å meina at Str. II har fått opplæringa si ved ein lærestad som praktiserte ei eldre skrivenorm enn den Str. I viser.

Eit studieopphald ved Carolinabiblioteket i Uppsala hausten 2008 gav meg høve til å jamføra skrivarhendene Str. I. og Str. II. I denne kartlegginga av tok eg ikkje føre meg heile handskriftet, men såg først og fremst på det faktiske skrivarskiftet midt i forteljninga *Desire*. Her sluttar Str. I arbeidet sitt nedst på ei venstreside (29v), medan Str. II vidarefører arbeidet øvst på høgreside (30r). Etter ei jamføring av alle grafema i teksten, med hovudvekt på dei som varierte mest, *d*, *ð*, *f*, *g*, *h*, *m*, *n* og *s*, såg eg at det var klare systematiske skilnader. I dei få tilfella det aktuelle teiknet ikkje fanst på desse to sidene, eller der det var behov for fleire døme, leita eg etter desse på dei nærliggjande blada. Det kan ikkje rå tvil om at det har funnest to skrivarar, ein Str. I og eit Str. II, kvar med sin, somme tider varierende, men likevel særprega, paleografiske stil.

Kvar handskriftet vart til, er ikkje kjent. Fordi Lyse kloster ved Bergen hadde tette band til det anglo-normanniske England meinte Leach (1921) at dette var eit godt alternativ. Hægstad (1935) freistar korkje å lokalisera staden eller kommentera i kva type miljø handskriftet har vorte skrive. Han føreslår likevel idéen om at førelegga til *Strengleikar* kan ha stamma frå ein annan kant av landet, og viser til dei trøndske målmerka i teksten (1935, 11 og 23). Tveitane (1972, 1973 og 1979) meiner at *Strengleikar*-tekstane først ikkje vart omsette til den samlinga dei er overleverte i, men i fleire hefte, der kvart inneheldt ei eller fleire forteljingar. Forteljingane meiner han først vart samla noko seinare (1973, 50). Forteljingane i N meiner Tveitane at stammar frå minst to ulike førelegg, ei stor vestnorsk gruppe og ei mindre austnorsk ei. Det kan hende at den austnorske gruppa bør delast i ei frå Tønsberg/Skien og ei frå Oslo (1973, 49). I innleiinga til *Strengleikar*-utgåvar (1979) bryt han med dette synet og seier seg samd med Holtmarks hypotese om *Karlamagnús saga* (1959, 163): Dei gammalfranske tekstane, nedskrivne i eit sjonglørhandskrift, kom til Bergen med franske sjonglørar og vart omsette der. Sjonglørar eller leikarar er omtala i fleire eldre kjelder, og ofte nedlatande. Det vert i kjeldene ikkje fortald om kvar desse sjonglørane kom frå (KLNMB, bd. 10,

3. Materialet

462–467). Nyare forskning på dei såkalla sjonglørhandskriftene tyder på at moderne forskarar har feiltolka intensjonen bak desse kompilasjonane, og at dei heller er boksamlingar for adelen (Collet, 2007). Eit av framlegga til Tveitane er at arbeidet kan ha vore leidd av ein mann, men at fleire klerkar med ulik dialektbakgrunn har arbeidd med tekstane, noko som forklarar dei ulike dialektinnsлага i strengleikane (Tveitane, 1979, xxv–xxvi og Holtsmark, 1959, 163–164). Han meiner at fleire innskot i omsetjinga peikar på eit slikt munnleg opphav. Tveitane tenkjer seg at tekstane kan ha vore framførte ved det norske hoffet som ein fransk musikkkomposisjon følgd av ei norrøn prosaomsetjing.

Holtsmark (1959, 163) spør om kva kjennskap til gammalfransk språk ein eigentleg kunne venta seg i Noreg på 1200-talet. Ho meiner at omsetjingsarbeidet må ha vore eit samarbeid mellom ein fransktalande sjonglør og ein norsk klerk eller omsetjar. Vidare hevdar ho at det er “nesten utenkelig at han skulle gjøre det uten leksikon og andre hjelpemidler” (ibid.), og ser det som usannsynleg at ein norsk student i utlandet skulle ha lært seg nok fransk til å ta på seg ei slik oppgåve. Ho legg då vekt på at både undervisning og samtale føregjekk vanlegvis på latin ved dei utanlandske lærestadane. På dette punktet er ikkje Tveitane (1979, xxv) einig, men meiner at det må ha vore fleire som meistra fransk i Noreg. Det er kjent at det var norske studerande i Paris, og då særskilt i tilknytning til St. Victor i denne perioden. Ein kjenner ikkje til mange namngjevne studentar, men dei ser ut til å representera den norske eliten (sjå til dømes Bagge, 1984, 3). Desse studentane må ha hatt kjennskap til fransk språk. Fransk var dessutan språket som vart nytta av eliten i det anglo-normanniske England, og det er sannsynleg at både den diplomatiske og den merkantile kontakten med England har gjeve nordmenn kjennskap til språket.

Tveitane gjev klarast uttrykk for sine tankar om opphavet til omsetjinga av *Strengleikar* i innleiinga til den diplomatariske utgåva (1979). Han tenkjer seg at omsetjingsarbeidet har skjedd i miljøet kring Håkon Håkonsson kring 1250, og at årsaka til dialektskilnadene i tekstane ligg i at det har vore skrivarar frå fleire regionar. Motsett Leach (1921, 203 og 226) meiner han at det slett ikkje var ein from og lærd munk som omsette tekstane, men at arbeidet har vore delt mellom fleire av kongens klerkar. Kvar av desse kan ha omsett alt frå ein til tre – fire forteljingar. Han foreslår at dei gammalnorske forteljingane først vart samla i N (1979, xxviii). Ikkje minst ser Tveitane det som usannsynleg at ein munk har omsett den vulgære *Lai du lecheor* i eit kloster (1979, xxvii–xxvii). På den andre sida vil eg her peika på at det – trass den noko dristige karakteren av nokre av kjærleiksforteljingane – slett ikkje var uvanleg at denne typen litteratur vart omsett eller skriven av i ulike kloster (Taylor, 2002, 91). Slike verdslege verk vert sjeldan tekne med i oppteikningar over litteratur ved den enkelte institusjon. Dei er oftast anten tingingsverk eller privat lektyre for nokon som er knytt til staden. Det vågale

innhaldet i ei av dei omsette forteljingane bør derfor ikkje vera grunn til å utelukka Lyse kloster som opphavsstad for handskriftet N.

At forteljingane kom til Noreg med sjonglørar er nær utenkjeleg ifølgje Hødnebø (1987, 100). Han peikar på at *leikarar* eller sjonglørar vert omtala i mellomalderkjelder, men at dei ikkje er nemnde i samband med litterær aktivitet. Både mengda av omsett litteratur frå ulike sjangrar og den tydlege kjeldenærleiken i *Strengleikar* ser han som teikn på at førelegga må ha vore skriftlege og ikkje munnlege. Hødnebø meiner at dei tre siste skrivarane har arbeidd på same tid og stad, og at førelegga til alle tekstane då var unge. Hødnebø (ibid. 94–95) viser til Holm-Olsens framlegg om at avskrivninga av *Pamfiluss saga* skjedde ved Lyse kloster (Holm-Olsen 1940), og dermed òg for *Strengleikar*. Argumentasjonen for dette hos Holm-Olsen er firedeelt:

1. Sidan det ikkje fanst noko kultursentrum i Agder, ville Bergensområdet vera det næraste alternativet.
2. Namnet på omsetjaren av *Elis saga*, Robert, kan vera engelsk.
3. Lyse kloster hadde tette band til England, grunnlagt av engelske munkar frå Fountains Abbey og klosteret hadde ei rekkje engelske abbedar.
4. Klosteret låg dessutan ved Bergen, der kongen heldt seg mest.

Hødnebø er ikkje ueinig med Holm-Olsen (1987, 95ff.), men ser argument som talar mot òg: Ingen abbed Robert er kjent frå Lyse. Det er heller ingen grunn til at opphavsstaden til første omsetjing og siste avskrift var same stad. Granskinga til Hødnebø av språklege og paleografiske forhold i den delen av N som inneheld *Pamphilus*, dialogen og *Elis saga* får Hødnebø til å tru at det kan vera ein islandsk skrivar som har kopiert etter eit norsk førelegg.

Sjølv meiner eg, slik det vart nemnt i innleiinga, at omsetjingane frå gammalfransk til gammalnorsk like gjerne kan ha skjedd i England som i Noreg. Dersom det var tilfelle, løyser det nokre av problema som førte Holtmark (1959) til å foreslå at omsetjingar frå gammalfransk kan ha vore eit samarbeid mellom ein sjonglør og ein gammalnorsk omsetjar. Problemet med mangelen på oppslagsverk og meistring av gammalfransk vokabular som Holtmark (1959) peikte på ville ha vore løyst dersom den gammalnorske omsetjaren arbeidde i England. Då ville han ha vore i eit miljø der han hadde høve til å få forklart ord og termar han ikkje meistra. Det er heller ikkje overlevert handskrifter med gammalfransk tekst i Noreg. Kva om desse handskriftene aldri vart frakta til Noreg? Tapet av norrøne handskrifter har vore stort og dersom det fanst handskrifter med gammalfransk tekst her, kan desse anten vorte frakta ut av landet eller øydelagde. Dermed kan ikkje mangelen på slike handskrifter reknast for noko anna enn ein indikasjon på at gammalfranske handskrifter ikkje har funnest i Noreg.

3. Materialet

3.1.2 *Strengleikar* i N

Strengleikar i N inneheldt opphavleg eit føreord og 21 forteljingar. N inneheld i dag føreordet og dei første 19 forteljingane, medan dei arnemagnæanske fragmenta inneheld restane av dei to siste forteljingane.

Alle strengleikane i N har blå initialar, men dei er ikkje fullførte i første del av handskriftet. Det ser ut til at arbeidet med initialane har teke til bakerst i handskriftet. Kapitteltiltar og overskrifter i margin er skrivne med raudt. Dei er ikkje fullførte og kapitteltitlane manglar i dei første forteljingane i *Strengleikar*.

Ei seinare hand har ført inn kapittelnummerering med arabiske tal, men har ikkje fullført arbeidet. Kapittelnummereringa er å finna i *Forræða*, *Guiamar*, *Eskia*, *Equitan*, *Bisclaret*, *Laustik* og *Desire*. Deretter er det inga nummerering i *Tidorel*, *Chetovel*, *Doun* og *Tveggia elskanda lioð*, men så igjen i *Gurun*, *Milun* og *Geitarlauf*. Deretter er det inga slik nummerering i resten av forteljingane frå N (*Strandar strengleikr*, *Leikara lioð*, *Janual*, *Jonet*, *Naboreis* og *Ricar hinn gamli*), og heller ikkje i dei arnamagnæanske fragmenta (*Tveggia elskanda strengleikr* og *Grelent*).

Strengleikar fordeler seg slik i N:

Tabell 3.1: *Strengleikar* i De la Gardie 4–7 og AM 666b 4°

| Innhald | Blad | Ord | Skrivar | Kommentar |
|------------------|--|--|---------|--|
| <i>Forræða</i> | 17va–17vb | 600 (ForS I: 266 ForS II: 334) | Str. I | |
| <i>Guiamar</i> | 17vb–21vb | 6374 | Str. I | |
| <i>Eskia</i> | 21vb–25va, men ikkje 24r og 24v | 4176 | Str. I | Omrokking av blad. Blad 24(rv) tilhøyrrer neste forteljing, <i>Equitan</i> . |
| <i>Equitan</i> | 25va, deretter 24r og 24v. Så 27r–27vb | 3162 (EqS I: 2613 EqS II: 549) | Str. I | Sjå kommentar over. Blad 26(rv) tilhøyrrer <i>Bisclaret</i> . |
| <i>Bisclaret</i> | 27vb, deretter 26rv, 28r–28va | 2773 | Str. I | Sjå kommentar over. |
| <i>Laustik</i> | 28va–29ra | 800 | Str. I | |

3.1. Gammalnorske handskrifter

Tabell 3.1: *Strengleikar* i De la Gardie 4–7 og AM 666b 4°

| Innhald | Blad | Ord | Skrivar | Kommentar |
|-------------------------------------|---------------------|------|-------------------|--|
| <i>Desire</i> | 29ra–32va | 5287 | Str. I og Str. II | Skrivarskifte. Str. I sluttar nedst på blad 29v, medan Str. II tek til øvst på blad 30r. |
| <i>Tidorel</i> | 32vb | 389 | Str. II | Berre byrjinga er overlevert. To blad manglar. |
| <i>Chetovel</i> | 33ra–33rb | 662 | Str. II | To blad manglar, med byrjinga av forteljinga. |
| <i>Doun</i> | 33rb–34rb | 1343 | Str. II | |
| <i>Tveggja elskanda lioð</i> | 34rb–35rb | 1481 | Str. II | |
| <i>Gurun</i> | 35rb–36va | 2128 | Str. II | |
| <i>Milun</i> | 36vb–38ra | 1906 | Str. II | |
| <i>Geitarlauf</i> | 38ra–38va | 718 | Str. II | |
| <i>Strandar strengleikr</i> | 38va–38vb | 593 | Str. II | |
| <i>Leikara lioð</i> | 38vb | 89 | Str. II | Eitt blad manglar og berre byrjinga av forteljinga er kjent (omsetjing tilsvarande 15 vers). |
| <i>Janual</i> | 38ra–40vb | 2657 | Str. II | Eitt blad manglar med omsetjinga av dei første 156 vers frå den gammalfranske teksten. |
| <i>Jonet</i> | 40vb–43rb | 3359 | Str. II | |
| <i>Naboreis</i> | 43rb–43va | 386 | Str. II | |
| <i>Ricar hinn gamli</i> | 43va–43vb | 481 | Str. II | Slutten manglar. Lakune på eitt eller to blad. |
| <i>Tveggja elskanda strengleikr</i> | AM 666b 4° 1r–4rb | 1948 | Str. II | Defekt. Blada har vore oppklipte til ein mitra. |
| <i>Grelent</i> | AM 666b 4°, 4rb–4vb | 715 | Str. II | Defekt. Blada har vore oppklipte til ein mitra. |

3. Materialet

Det er stor variasjon i lengda på dei gammalnorske forteljingane. Den kortaste av dei heile forteljingane, *Naboreis*, tel ikkje meir enn 386 ord. Den lengste forteljinga, *Guiamar*, er på heile 6374 ord. Samla utgjer *Strengleikar* 42027 ord i N. Oppteljinga mi er gjort ved hjelp av ordteljingsfunksjonen i tekstbehandlingsprogram. Tala må derfor reknast for omtrentlege, men med om lag same avvik for alle tekstane. Dette talet er avvikande frå ordteljinga i *Medieval Nordic Text Archive*, der ordmengda som vert gjeven for *Strengleikar* er 39835. Fordi *Medieval Nordic Text Archive* ikkje gjev ordmengd for kvar forteljing har eg valt å ikkje nytta den totale ordmengda som vert gjeven der.

3.1.3 Andre handskrifter som inneheld ein eller fleire strengleikar

Ein eller fleire av strengleikane finst i unge avskrifter av N:

- Holm. papp. 4° nr. 34: Kungliga biblioteket i Stockholm. Handskriftet er datert til seint 1600-tal, og inneheld utdrag frå eit handskrift med *Strengleikar*-tekstar.
- NKS 1832, 4°: Det Kongelige Bibliotek i København. Handskriftet er datert til seint 1700-tal og inneheld eit fragment av *Grelentz saga*. Avskrift av AM 666 b, 4° (Kålund, 1888, 239).
- AM 948c, 4°: Den Arnamagnæanske Samling i København. Handskriftet er datert til 1800-talet og er ei avskrift av heile N med unntak av *Óláfs saga Tryggvassonar* på oppdrag for den Arnamagnæanske Legat.
- AM 391 fol.: Den Arnamagnæanske Samling i København. Handskriftet er datert til ca. 1875 og er ei avskrift av *Forræða* og *Tveggia elskanda liod* frå N på oppdrag for det Arnamagnæanske Legat.

I tillegg er ein av strengleikane kjent i ein yngre islandsk versjon:

- Lbs. 840, 4°: Eit islandsk papirhandskrift frå 1737. Dette inneheld *Gvímars saga* (292r–299v). Teksten er utgjeven av Kalinke (1979). Sjå omtale av dette nedanfor.

3.1.4 *Strengleikar* på Island

Store delar av den norske mellomalderlitteraturen var kjent på Island, og fleire av dei norske verka er hovudsakleg overlevert i islandske handskrifter. Ofte er det omdiskutert om opphavet til litteraturen er norsk eller islandsk. Storparten av riddarsogene er overleverte i islandske handskrifter, men ein har lenge meint at *Strengleikar* ikkje har vore kjent på Island. Eldre svenske kjelder tyder likevel på at det kan ha vore islandske handskrifter med *Strengleikar*-tekstar som no er tapte. Det er mogleg at byrjinga av *Strengleikar*; *Forræða* og *Guiamar* fanst i eit no tapt

islandsk handskrift frå 1300-talet. Det gjekk truleg tapt i brannen i Stockholm i 1697 og er kjent gjennom katalogoppføringar av svenske antikvarar på 1600-talet (Tveitane, 1979, xi). I Verelius' indeks (1691)¹ finst heile fem oppføringar med sitat frå *Strengleikar*-tekstar i *Ormr Snorrasons bok*, alle på forma “Cod. Orm i Gwiamars S”, men med varierende ortografi for namnet Guiamar. Eitt av desse sitata er henta frå *Forræða*, dei resterande frå *Guiamar* (Broberg, 1908, 58–59).

Nettopp forteljinga *Guiamar* er den einaste av strengleikane som er kjent i fleire versjonar. Blant dei 24 tekstane i det islandske papirhandskriftet Lbs. 840, 4° frå 1737, finst det fleire “Romances”, og ikkje minst ei *Gvímars saga* (292r–299v). Det er vanleg å nytta siglumet K om denne. I lang tid vart ikkje denne teksten lagt merke til, sidan han var oppført med den misvisande tittelen *Grimars saga* i Páll Eggert Ólason si *Skrá um handritasöfn Landsbókasafnsins* (bd. I). Ved eit slumpetreff vart teksten oppdaga av Marianne Kalinke som seinare gav denne ut (1979). Granskingane hennar viser at den islandske forteljinga må stamma frå eit søsterhandskrift til N. Ho peikar på at den islandske versjonen på fleire punkt ligg nærare den gammalfranske teksten enn det den gammalnorske gjer. Dette viser at det ikkje er omsetjaren av tekstane som skal klandrast for feil og endringar, men at desse må stamma frå ein seinare avskrivar av N og/eller K (ibid. 115). Den islandske *Gvímars saga* er noko nedkorta jamført med *Guiamar* i N. Versjonane av forteljingane i N og K utfyller til dels kvarandre.

Eit liknande døme er å finna i forteljinga om varulven *Bisclaret* som òg finst i ei islandsk omarbeiding, *Tiódels saga* (Kalinke, 1981). I *Tiódels saga* er varulven bytt ut med ein bjørn, men historia er påfallande lik den som er å finna i den gammalnorske *Bisclaret*. Den omtalar Hødnebø (1987, 100) som “så og si identisk med teksten i *Bisclaret*, bortsett fra navnet”, men ei jamføring av tekstane viser at dette på ingen måte stemmer. Det kan hende at synet hans stammar frå Meissner (1904) som hevda at *Tiódels saga* var ei avskrift av den gammalnorske teksten. Hødnebø (1987, 101) ser dette som prov på at det må ha vore fleire ledd mellom den første omsetjinga av tekstane og N.

Den siste forteljinga frå *Strengleikar* som ein meiner å finna spor etter på Island, er *Janual*. Opningsscena i ei av tættene frå *Flateyjarbók*, *Helga þátr Þórissonar*, minner sterkt om opningsscena i den gammalfranske *Lanval*. Omsetjinga av dei første 156 versa av den gammalnorske versjonen av forteljinga er tapt grunna ei lakune i N. Det er dermed ikkje mogleg å jamføra opningsscenene i *Helga þátr Þórissonar* og *Janual*. I ei samanlikning mellom tåtten og den gammalfranske teksten ser Power (1985, 158–161) opningsscena som ein parallell til den i *Lanval*. Forfattaren av *Helga þátr Þórissonar* har ifølgje Power (1985, 161) nytta *Lanval*, kan hende i gammalnorsk omsetjing, som førelegg til forteljinga. Ho meiner at han

1. *Index lingvæ veteris Scyot-Scandicæ sive Gothicæ*, Upsalæ 1691

3. Materialet

arbeidde etter minnet og endra og korta ned i detaljrikdomen i skildringane. Dette meiner Power er forklaringa på at denne scena ikkje liknar noko anna i islandsk mellomalderlitteratur.

3.2 Gammalfranske handskrifter

Dei gammalfranske kjeldetekstane den gammalnorske omsetjaren arbeidde med er tapte. Gammalfranske tekstar som er rekna for å visa stor likskap til desse tapte kjeldetekstane er overleverte i fleire handskrifter, og det er desse som eg presenterer i det som følgjer. Gammalfranske førelegg til halve prologen og 17 av forteljningane i *Strengleikar* finst i seks gammalfranske handskrifter. Viktigast av dei er London-handskriftet Harley 978 i British Library. Dette handskriftet er rekna for å liggja nærast førelegga til dei fleste av strengleikane. Det er vanleg å omtala det som H.

3.2.1 Harley 978 i British Library

Kodeksen. H er eit anglo–normannisk samlehandskrift. Det består av 162 blad i storleiken 190 x 130 mm, kvart med to spalter med 32 til 35 liner.

Datering. H er sett saman av fleire handskrifter.¹ Store delar av eigarhistoria fram til dei siste private eigarane, Robert Harley (1661–1724), første jarl av Oxford og son hans, Edward, andre jarl av Oxford (1689–1741), er kjent. Blada 36–57 mangla allereie då frå handskriftet. Namna til fleire munkar knytte til det benediktinske Reading Abbey i Berkshire i 1270- og 1280-åra finst på siste bladet i handskriftet (Taylor, 2002, 84). Innføringa av namna er rekna for å vera eit seinare tillegg. Det har vore hevda at dei manglanda blada har vore fjerna svært tidleg i handskriftets historie, før namna på Reading-munkane vart førte inn.

Den første og eldste delen av handskriftet inneheld mellomaldermusikk er rekna for å ha vore skrive om lag 1240 (Gillingham, 2006, 143). Det kan hende at denne delen av handskriftet vart skriven ved klosteret i Reading.

Det var lenge vanleg å datera den bolken av H som inneheld Marie de France sine *Lais* til om lag 1250 (Baum, 1968, 46). Den nyaste granskinga av H er Taylor si (2002). Han meiner at H har vore eit bestillingsverk for ein munk ved klosteret i Reading; William of Winchester, omtalt i ulike dokument frå 1276 til 1284. Innhaldet i handskriftet speglar hans lesevanar (sjå Taylor 2002, særleg 110–121). Taylor daterer ihopsettinga av handskriftene til 1261–1265.

Innhald. H er eit samlehandskrift med svært variert innhald. Det inneheld ein del latinske og franske tekstar av det meir underhaldande slaget, og fleire religiøse

1. Sjå Baum (1968, 46) for eit oversyn over innhaldet i handskriftet.

musikkstykke, mellom anna den mellomengelske *Sumen is icumen*. Vidare inneheld H medisinsk litteratur, eit fransk dikt om falkejakt og goliardiske satirer. I tillegg inneheld det prologen og dei tolv parrima oktosyllabiske forteljingane som er rekna for å vera Marie de France sine *Lais*.

Skrivarar og opphavsstad. I alt åtte skrivarar har vore i arbeid med H. Marie de France sine *Lais* i H er ført i pennen av to skrivarar. Den første av dei stoppa på recto-sida av blad 120 ved *Fu la dame el vergier alee* (v. 262 i Rychners nummerering av *Guigemar* (1966)), medan den andre overtok på verso-sida av same blad med verset *Dormi aveit après mangier*.

Det samordna lagarbeidet av fleire skrivarar tyder på at dette ikkje er ei tilfeldig samling (Taylor, 2002, 93). Mot midten av 1200-talet var slike skrivargrupper ikkje lenger vanlege ved klostera. Slikt arbeid vart heller overlata til profesjonelle skrivarar. Ved Reading-klosteret vart berre kortare tekstar skrivne av etter 1180 (Coates, 1999, 68). Eit lite stykke nord for Reading ligg Oxford, og her meiner Taylor å finna opphavsstaden til handskriftet (2002, 94). Særskilt er det dei goliardiske satirane og musikkstykkane i handskriftet som får han til å meina dette. Taylor meiner at desse tekstane spring ut frå ei utdanningsmiljø. Han meiner at både dei tette banda mellom klosteret og Oxford og den rike kommersielle bokproduksjonen i Oxford frå midten av 1200-talet styrkjer denne teorien.

Marie de France sine *Lais* i Harley 978. Prologen og dei tolv *lais* fordeler seg slik i handskriftet:

Tabell 3.2: Fordeling og omfang av Marie de France sine *Lais* i Harley 978

| Tekst | Blad | Omfang | Skrivar |
|-----------------------|-------------|----------|------------------------------|
| <i>Prologue</i> | 118ra og b | 56 vers | 1 |
| <i>Guigemar</i> | 118rb–125rb | 886 vers | 1 til v. 262 2 frå v. 263 |
| <i>Equitan</i> | 125rb–127vb | 314 vers | 2 |
| <i>Le Freisne</i> | 127vb–131v | 518 vers | 2 |
| <i>Bisclavret</i> | 131v–133vb | 318 vers | 2 |
| <i>Lanval</i> | 133vb–138v | 646 vers | 2 |
| <i>Deus Amanz</i> | 138v–140rb | 242 vers | 2 |
| <i>Ywenec (Yonec)</i> | 140rb–144rb | 552 vers | 2 |
| <i>Laustic</i> | 144rb–145rb | 160 vers | 2 |

3. Materialet

Tabell 3.2: Fordeling og omfang av Marie de France sine *Lais* i Harley 978

| Tekst | Blad | Omfang | Skrivar |
|--------------------|------------|-----------|---------|
| <i>Milun</i> | 145vb–149r | 536 vers | 2 |
| <i>Chaitivel</i> | 149r–150rb | 240 vers | 2 |
| <i>Chievrefoil</i> | 150vb–151v | 118 vers | 2 |
| <i>Eliduc</i> | 151vb–160 | 1184 vers | 2 |

Tabellen er laga på grunnlag av informasjon i Ward (1883, 410–415). Det er ikkje alltid samsvar i talet på vers i kvar forteljing i H hos Ward (1883, 410–415) og i Rychner si utgåve av Marie de France sine *Lais* frå det same handskriftet (1966). Dette gjeld *Deus Amanz* der Rychner tek inn 12 vers frå eit anna gammalfransk handskrift i utgåva si, og *Milun* der han utelet 2 vers frå teksten.

Den siste og lengste *lai* i H, *Eliduc*, er den einaste som ikkje er omsett til norrønt. Som det har vore peika på tidlegare, kan denne forteljinga ha vore for lang til at ho kan ha fått plass på dei tapte blada i N.

3.2.2 Andre gammalfranske handskrifter

Fem andre handskrifter med gammalfransk tekst inneheld versjonar av dei gammalfranske førelegga til ei eller fleire av *Strengleikar*-forteljingane.

- Paris-samlinga: Handskrift 1104 i Fonds des Nouvelles Acquisitions françaises de la Bibliothèque Nationale. Teksten i handskriftet er skriven med frankisk dialekt, altså dialekten frå området Île-de-France. Handskriftet vert vanlegvis kalla S. Det vert datert til rundt 1300. Utanom H, er dette den mest omfattande samlinga av Marie de France sine *Lais*, og inneheld (i rekkjefølgje) *Guiamar*, *Lanval*, *Desiré*, *Dyonet (Yonec)*, *Chievrefueil*, *Doon*, *Deuz amanz* (v. 1–169), *Bisclaret* (v. 233–318), *Milon*, *Fresne*, *Lecheor*, *Aquitan*, *Tydorel* og *Graalent*.
- Handskriftet 2168 frå Fonds français de la Bibliothèque Nationale. Teksten i handskriftet er skriven med pikardisk dialekt og handskriftet vert vanlegvis kalla P. Det vert datert til slutten av 1200-talet. Det inneheld i rekkjefølgje; *le lais d'Eudemaret (Yonec)* (v. 395–558), *li lais de Gugemer*, *lai de Lanval* og *lais de Graalent*. Delar av dette handskriftet vart skriva av på 1700-talet. Denne avskrifta er no Paris, Ars. fr. 2770, eit handskrift som inneheld i rekkjefølgje; *li lay de Eudmares (Yonec)* (byrjinga manglar), *lais de Gugemer*, *c'est de Lanval*, *l'aventure de Graalent*. Avskrifta har “de nombreuses erreurs

de lecture”, ‘mange lesefeil’ (Tobin, 1976, 15) og vert ikkje teke med i granskingar av *lais*.

- Handskriftet 24432 frå Fonds français de la Bibliothèque Nationale. Teksten i handskriftet er skriven med pikardisk dialekt, og handskriftet vert vanlegvis kalla Q. Det er datert til 1332 og inneheld *Yonec*.
- London, British Museum, Cotton Vesp. B. XIV. Dette anglo-normanniske handskriftet vert kalla C. Handskriftet vert datert til slutten av 1200-talet eller byrjinga av 1300-talet. Det inneheld *Lanval*.
- Den tidlegare Sir Thomas Phillipps-samlinga, nr. 3713, no i Bibliotheca Bodmeriana i Genève. Dette anglo-normanniske handskriftet, Bodmer 82, kalla T, vert datert til byrjinga av 1300-talet og inneheld *Desiré* og *Nabarez*.

I tillegg finst det ei liste over ei rekkje *lais* og romansar frå 1300-talet. Fleire av desse forteljingane er ikkje kjende.

- Den engelske *Shrewsbury*-lista (Shrewsbury School, Ms. VII f. 200). Dette er ei liste over 67 *lais* og romansar som ein gong har funnest. Lista har to kolonnar, ei med 36 titlar, den neste med 31. Ved hjelp av klammer er titlane delte inn i grupper på tre eller fire forteljingar. Det er uviss kva funksjon desse klammene har (Brereton, 1950, 40). Kan dei ha vore markering av hefte? I så fall er dette ei nedteikning av 21 handskrifter som har gått tapt. Dersom klammene i *Shrewsbury*-lista viser til hefte, inneheldt ingen av desse heftene forteljingar i same rekkjefølgje som N.

Eg gjev her att dei titlane som svarar til dei gammalnorske forteljingane og nyttar Brereton (1950) si nummerering. På denne lista finst ti forteljingar som er omsette til gammalnorsk: (9) *Bisclaueret*, (12) *Doun*, (14) *Frene*, (22) *Laumual*, (27) *Tidorel*, (53) *Nobaret*, (56) *Cheuerefoil*, (57) *Milun*, (58) *Vygamer* og (61) *Yonech*. To av dei andre forteljingane som er lista opp kan vera omsette. Dette gjeld (15) *Gorum* og (46) *Le rey richard*. Brereton (1950, 42) meiner at *Gorum* kan ha vore den tapte *Lai de Guirun* som ofte vert omtala i gammalfransk litteratur. Denne *lai* har vore ein versjon av “eaten heart”-temaet. *Gorum* kan like gjerne visa til den gammalnorske *Gurun*. Tittelen *Le rey richard* meiner Brereton (1950, 44) kan vera det tapte franske diktet om Rikard Løvehjarte som berre er kjent i ein engelsk versjon. Brunner si utgåve av dette diktet (1913) gjev ein kritisk tekst frå sju handskrifter, og er på heile 604 sider. Resten av forteljingane på *Shrewsbury*-lista ser ut til å vera nokså korte stykke, og eg meiner at *Le rey richard* like gjerne kan visa til det gammalfranske førelegget til forteljinga *Ricar hinn gamli*.

3. Materialet

3.2.3 Oversyn over dei *lais* som ligg nærast den gammalnorske omsetjinga

I si utgåve av *Strengleikar* (1979) gjev Cook og Tveitane si vurdering av kva for eitt av dei gammalfranske handskriftene som ligg nærast den gammalnorske teksten. Det er denne vurderinga eg har lagt til grunn i min tekstanalyse og i den synoptiske utgåva i band 2. Tabell 3.3 viser kva gammalfranske handskrifter Cook og Tveitane meiner ligg nærast førelegga til *Strengleikar*, og gjev eit oversyn over omfanget av kvar enkelt forteljing i desse handskriftene. Det er dermed desse handskriftene som vert omtala som primærhandskrifter i denne avhandlinga (s. 23).

Tabell 3.3: Vers-og ordmengd i dei gammalfranske tekstane i handskriftene som vert granska

| Tekst | Primærhandskrift | Vers (Totalt tal vers) | Ord |
|--------------------|------------------|------------------------|-------|
| <i>Prologue</i> | H | 56 | 293 |
| <i>Guigemar</i> | H | 886 | 4866 |
| <i>Fresne</i> | H | 518 | 2747 |
| <i>Equitan</i> | H | 314 | 1720 |
| <i>Bisclavret</i> | H | 318 | 1758 |
| <i>Laüstic</i> | H | 160 | 871 |
| <i>Desire</i> | T | 764 | 4117 |
| <i>Tydorel</i> | S | 58 (490) | 301 |
| <i>Chaitivel</i> | H | 156 (240) | 1275 |
| <i>Doun</i> | S | 286 | 1567 |
| <i>Deus Amanz</i> | H | 254 | 1412 |
| <i>Milun</i> | H | 534 | 2878 |
| <i>Chievrefoil</i> | H | 118 | 632 |
| <i>Lecheor</i> | S | 15 (122) | 85 |
| <i>Lanval</i> | H | 489 (646) | 3565 |
| <i>Yonec</i> | H | 556 | 3065 |
| <i>Nabaret</i> | T | 48 | 264 |
| <i>Graalent</i> | S | 167 (732) | 907 |
| | | | 32323 |

3.2.4 Omsetjingar og adaptasjonar av *lais* til andre språk

Populariteten til *lais*-sjangeren viser seg gjennom omsetjingar til andre språk enn norrønt. To av Marie de France sine *Lais* finst i mellomengelske versjonar frå 1300-talet. Begge versjonane er rekna for å vera meir eintydige og realistiske, men mindre elegante enn førelegga (Utg. Bliss, 1960, 2). Desse er:

- *Lay le Freine*, frå tidleg på 1300-talet. Denne forteljinga er ein adaptasjon av *Fresne*. Det einaste handskriftet forteljinga er kjent frå er ille skadd og store delar er dermed tapt (bl. 261ra–262A i Auchinleck Manuscript NLS Adv MS 19.2.1, omtale i McCreesh, 1999, 386).¹ *Lay le Freine* er utgjeven av Rumble (1965).
- *Sir Landevale*, ei anonym forteljing frå tidleg 1300-tal som finst i Bodleian Library, Ms. Rawlinson C 86. Denne forteljinga har førelegg i *Lanval*. *Sir Landevale* er utgjeven som appendiks i Bliss (1960, 103ff.).

Både Marie de France si forteljing om *Lanval* og *Graalent*, ein av dei anonyme *lais* som er omsette til gammalnorsk, er knytt til to yngre omarbeidingar av dette materialet. For *Lanval* er dette indirekte, det vil seia gjennom omsetjinga *Sir Landevale*. Denne mellomengelske omsetjinga vart på slutten av 1300-talet nytta av Thomas Chestre som eitt av førelegga til forteljinga *Sir Launfal* (British Museum, Ms. Cotton Caligula A. ii). Nokon som ikkje kjende til arbeidet til Thomas Chestre skreiv *Sir Lambewell*, som òg er laust knytt til *Lanval* (Ms. Additional 27, 879 bl.29b–33b) (Bliss, 1960, 2). Desse to adaptasjonane har fjerna seg så langt frå Marie de France sine tekstar at dei av nokre forskarar ikkje er rekna for å vera til nytte i ein kritisk studie av tekstane (Warnke, 1885, cxxix, teke opp att av Rychner, 1983, xx). Goodwin (1988, 149–173) tek dei likevel med i ei gransking av det ho kallar “topical improvisation”, som ho definerer som “the process of a translator’s interpretation and invention on a given tenor” (ibid. 150). Hennes syn er at omsetjaren av *Sir Landevale* har halde seg nær den gammalfranske teksten, og har hatt ei medviten tilnærming til denne. Ho meiner at han har ynskt å fortelja ei god forteljing og tilpassa denne for at ho skulle falla i smak hos det nye publikummet. Den narrative strukturen i forteljinga er ivareteken, men med auka vekt på klårleik og handling. Det som er underforstått i *Lanval*, er forklart i *Sir Landevale*.

Ein meiner dessutan at det har eksistert ein no tapt versjon av *Lanval* skriven på mellomnederlandsk. Grunnlaget for det er at ein slik versjon er nedlatande omtala

1. Ei god elektronisk utgåve med digitale bilete og ein søkbar transkribert tekst er dessutan tilgjengeleg på nett: <http://www.nls.uk/auchinleck/>.

3. Materialet

av den flamske diktaren Jacob van Maerlant i hans omarbeiding av Vincent de Beauvais' *Speculum historiale* ikring 1285.¹ Påverknad frå Marie de France si *Lanval*-forteljing har òg vore sett i italienske og mellomhøgtyske dikt (Prettyman, 1906, 205–208 og Puckett, 1918, 87 peikar begge på ein slåande likskap med det mellomhøgtyske diktet *Peter von Staufenberg*, datert til om lag 1310).

3.3 *Strengleikar og lais*

Det eldste av alle overleverte handskrifter som inneheld *lais*, anten på gammalfransk eller i omsetjing, er det gammalnorske handskriftet N (DG 4–7). Granskingar av felles feil i N og dei gammalfranske handskriftene har ikkje ført til noka sikker slutning om forholdet mellom desse.

Det varierer kva for eitt av dei gammalfranske handskriftene som vert vurdert til å liggja nærast kvar enkelt *Strengleikar*-forteljing. Dette vert kommentert til innleiingane til kvar av desse i Cook og Tveitane si diplomatariske utgåve (1979), og er samanfatta i tab. 3.4 (s. 71).

Det er semje om at handskriftene N og H er dei som liknar mest på kvarandre i innhald. Desse to handskriftene har dessutan om lag same datering. Det er derfor dei som vil vera primærmaterialet mitt i arbeidet med dei gammalnorske tekstane som har førelegg i Marie de France sine *Lais*. Det er uvisst kor mange manglande mellomledd det er mellom N og H. På den gammalnorske sida har den første omsetjinga av tekstane gått tapt. Kor mange tapte ledd som ligg mellom denne omsetjinga og den overleverte versjonen kan me berre gissa. Kalinke (1979, 119) opnar for minst eitt manglande mellomledd mellom omsetjinga og N. For dei gammalfranske tekstane er H det eldste handskriftet som er kjent. Sidan tekstane er rekna for å ha vore skrivne rundt 1170 og *Lais*-delen i H er datert til rundt 1250, må originalen og truleg eitt eller fleire mellomledd ha gått tapt. Likskapen mellom N og H tyder på at førelegget til omsetjinga har tilhøyrt same grein i stemmaet som H. I tabellen under har eg gjeve eit oversyn over dei gammalnorske og gammalfranske forteljingane. I denne tabellen har eg inkludert kva for nokre handskrifter kvar forteljing finst i og gjeve ein kort kommentar til N.

1. *Dien dan die boerde vanden Grale, | Die loghene van Perchevale, | Ende andere vele valscher sgen | Vernoyen ende niet behagen, | Houde desen Spiegle Ystoriale | Over die truffen van Lenvale; Part I, Bok I, Prologie* (Maerlant, 1863 v. 55–60)

Tabell 3.4: Oversikt over materialet

| Tittel i <i>Strengleikar</i> | Tittel i <i>lais</i> | Handskrifter | Kommentar til N |
|------------------------------|----------------------|---|---|
| <i>Forræða</i> | <i>Prologue</i> | H og N | Første halvdel av teksten er utan gammalfransk førelegg. Resten er ein omskriven og noko nedkorta versjon av teksten i H. |
| <i>Guiamar</i> | <i>Guigemar</i> | H, S, P, N og K | Ein islandsk versjon av teksten, truleg med samme førelegg finst i K og er utgjeven med kommentarar i Kalinke (1979). Cook og Tveitane (1979, 11) peikar på felles feil som indikerer ei felles kjelde for S og P. H og N viser likskap fleire stader, men har ingen felles feil. To stader (v. 348 og 672) ligg N nærare P enn H, men dette kan vera tilfeldig (Meissner, 1902, 200–201). Den mykje studerte prologen til <i>Guigemar</i> der Marie de France namngjev seg sjølv, er ikkje omsett (v. 1–18). |
| <i>Eskia</i> | <i>Fresne</i> | H, S og N | Cook og Tveitane (1979, 42) vurderer likskapen til H større enn til S. Det finst ingen felles feil i N og H som kan stadfesta eit felles opphav. |
| <i>Equitan</i> | <i>Equitan</i> | H, S og N | N viser likskaper til både H og S. Cook og Tveitane (1979, 65) vurderer ikkje kva for eitt som ligg nærast. |
| <i>Bisclaret</i> | <i>Bisclavret</i> | H og N. S inneheld slutten (v. 233–318) | Alt er uvisst om om forholdet mellom handskriftene (Cook og Tveitane, 1979, 85) |
| <i>Laustik</i> | <i>Laüstic</i> | H og N | |
| <i>Desire</i> | <i>Desire</i> | S, T og N | S og T har ein felles feil (v. 652) som ikkje finst i N (Cook og Tveitane, 1979, 106–107) Ny skriar i vers 163 i N. |

3. Materialet

Tabell 3.4: Oversikt over materialet

| Tittel i <i>Strengleikar</i> | Tittel i <i>lais</i> | Handskrifter | Kommentar til N |
|---|----------------------|--|---|
| <i>Tidorel</i> | <i>Tydorel</i> | S og N | Storparten av denne teksten er tapt grunna to manglande blad. |
| <i>Chetovel</i> | <i>Chaitivel</i> | H og N | Dei første 84 versa manglar i omsetjinga grunna eit defekt handskrift. N er mykje nedkorta. |
| <i>Doon</i> | <i>Doun</i> | S og N | |
| <i>Tveggia elskanda lioð</i> | <i>Deus Amanz</i> | H, S (l. 1–169) og N | |
| <i>Gurun</i> | - | Ukjent kjelde. N | |
| <i>Milun</i> | <i>Milun</i> | H, S og N | Den gammalnorske teksten ligg nærast H (Cook og Tveitane, 1979, 183). N er mykje nedkorta. |
| <i>Geitarlauf</i> | <i>Chievrefoil</i> | H, S og N | |
| <i>Strandar strengleikr</i> | - | Ukjent kjelde, N | |
| <i>Leikara lioð</i> | <i>Lecheor</i> | S og N | Ny lakune i N. Eit blad og storparten av forteljinga er tapt. |
| <i>Janual</i> | <i>Lanval</i> | H, S, P, C og N | Eit blad manglar i N, og omsetjinga av dei første 156 versa er tapt. Resten er noko nedkorta. |
| <i>Jonet</i> | <i>Yonec</i> | H, S, Q, P (l. 395–558) og N | |
| <i>Naboreis</i> | <i>Nabaret</i> | T (48 vers), og N | |
| <i>Ricar hinn gamli</i> | - | Ukjent kjelde, N | Det nest siste bladet i hovudkodeksen inneheld byrjinga av denne forteljinga. Resten er tapt. |
| <i>Tveggia elskanda strengleikr</i> | - | Ukjent kjelde, AM 666b, 4 ^o | Defekt tekst frå AM 666b, 4 ^o |
| <i>Grelent</i> | <i>Graalent</i> | S, P og AM 666b, 4 ^o | Berre første del av den norrøne teksten er overlevert. |

3.4. Inndeling av det gammalnorske materialet

Korkje innhaldet i N eller rekkjefølgja av forteljingane i *Strengleikar* er i samsvar med noko gammalfransk handskrift. I avskrift vil anten rekkjefølgja av forteljingane bli teken vare på, eller ein kan tenkja seg ei omarrangering av forteljingane. Det kan vera fleire grunnar til ei slik omarrangering, men det er vanskeleg å sjå nokon raud tråd eller tematisk utvikling i rekkjefølgja av forteljingane i nokon av samlingane. Skårup meiner derfor at ingen av dei eksisterande av samlingane av *lais* er ei avskrift av ei anna slik samling (1975, 106). Dersom *Strengleikar* i N stammar frå eitt handskrift, og ikkje frå fleire hefte, kan ikkje dette eine handskriftet ha vore identisk med nokon av dei kjende handskriftene. Moglege forklaringar på dette kan vera: (1) Handskriftet som var førelegget til omsetjinga hadde eit anna innhald enn H, men var beslekta med dette. (2) Mindre hefte, kvart med eit par *lais*, har sirkulert, og vorte skrivne av. Avskrifter av dei har vorte samla i fleire ulike kompilasjonar. Det kan forklara variasjonen i intern rekkjefølgje av forteljingane i både dei gammalfranske og det gammalnorske handskriftene. I så fall er det mogleg at i dei tilfella to forteljingar står i same rekkjefølgje i to handskrifter, høyrer dei til same grein i stemmaet. Skårup (1975, 106) gjev eit oversyn over dette, og det er berre to slike tilfelle.

- *Doun* og *Deux Amants* er i same rekkjefølgje i S og N.
- *Guigemar* og *Lanval* er i same rekkjefølgje i S og P.

3.4 Inndeling av det gammalnorske materialet

Det er tre signifikante skilje i det gammalnorske materialet som reflekterer ulike lag i tekstgenesen: det er skifte av skrivar, språkform og førelegg. Den dialektale variasjonen som finst i det gammalnorske handskriftet går på tvers av skrivarskiftet, av rekkjefølgja av forteljingane og av dei tre ulike typene gammalfranske førelegg som finst for *Strengleikar*-tekstane.

1. Skrivarskiftet midt i *Desire* (v. 163) viser tydelege språklege skilnader mellom dei to skrivarane til vanleg kalla Str. I og Str. II (Hægstad 1935). Variasjonar i språkbruk og stil, til dømes bruken av retoriske grep mellom skrivarane Str. I og Str. II illustrerer kva fridom skrivarane har hatt i arbeidet sitt.
2. Den store språklege ulikskapen er ikkje berre å finna mellom dei to skrivarane, men òg mellom dei enkelte forteljingane i samlinga. Dette gjer Tveitane (1973) grundig greie for i sin detaljstudie av språklege og paleografiske trekk i *Strengleikar*. Han meiner at teksten i N må ha hatt minst to norske førelegg, og grupperinga hans av tekstane på grunnlag av dette går på tvers av skrivarskiljet.

3. Materialet

Første tekstgruppa har hatt austnorsk (søraustnorsk) språkform og inkluderer *Equitan* og kanskje *Forræða* frå *Str. I* og *Tveggia elskandia lioð*, *Gurun*, *Milun* og *Geitarlauf* frå *Str. II*. Språklege detaljar gjer at Tveitane foreslår å dela denne gruppa i to undergrupper, den eine med tekstane *Forræða*, *Equitan* og *Gurun*, som alle viser “ytre vikværske” språkdrag, og den andre gruppa med tekstane *Tveggia elskanda lioð*, *Milun* og *Geitarlauf* viser “indre vikværske” språkdrag. Brorparten av tekstane i *Strengleikar* viser vestnorske språkdrag, og det er her Tveitane plasserer 16 av dei 22 *Strengleikar*-tekstane. I denne gruppa gjer variasjonar i mellom anna bruken av refleksivformene at Tveitane plasserer nokre av i eit eldre lag (*Desire* og *Janual*) og eit yngre lag (*Tveggia elskanda strengleikr*). Han opnar òg for eit mellomlag i dei vestnorske tekstane (*Guiamar* og *Jonet*). Dei elleve tekstane som då står att plasserer Tveitane som vestnorske.

3. Det tredje og siste skiljet ligg ikkje i den gammalnorske tekstsamlinga, men i førelegga til ho. Av dei 22 omsette tekstane har 12 førelegg i Marie de France sine *Lais*, 6 er funne i den anonyme gruppa av *lais* og 4 er utan kjende gammalfranske førelegg. Stilforskjellen mellom forteljingane til Marie de France og *Lais anonymes* er stor, og det er rimeleg å rekna med at dette er synleg i dei gammalnorske tekstane.¹ Særleg er det to av dei anonyme *lais* som merkjer seg ut, *Lecheor* og *Nabaret*. Det er usikkert om sjangernemninga *lais* bør nyttast om desse to, sjølv om begge er omtalte som *lais* i titlane. *Lecheor* er kan hende ein parodi på ein *lai* og *Nabaret* har meir til felles med den gammalfranske *fabliau*-sjangeren enn med *lais*.

1. For ein omtale av dei stilistiske ulikskapane mellom Marie de France sine *Lais* og *Lais anonymes*, sjå Tobin, 1976, 77ff og Donovan, 1969, 65–120

3.4. Inndeling av det gammalnorske materialet

Ei samanstilling av desse tre inndelingane gjev det følgjande skjematisk oversynet for det gammalnorske materialet:

Tabell 3.5: Inndelingar i det gammalnorske materialet

| Tittel | Skrivar | Språkdrag | Kjelde |
|-------------------------------------|---------|-----------------|----------------------|
| <i>Forræða</i> | Str. I | Ytre vikværsk | Marie de France |
| <i>Guiamar</i> | Str. I | Vestnorsk | Marie de France |
| <i>Eskia</i> | Str. I | Vestnorsk | Marie de France |
| <i>Equitan</i> | Str. I | Ytre vikværsk | Marie de France |
| <i>Bisclaret</i> | Str. I | Vestnorsk | Marie de France |
| <i>Laustik</i> | Str. I | Vestnorsk | Marie de France |
| <i>Desire I</i> | Str. I | Eldre vestnorsk | <i>Lais anonymes</i> |
| <i>Desire II</i> | Str. II | Eldre vestnorsk | <i>Lais anonymes</i> |
| <i>Tidorel</i> | Str. II | Vestnorsk | <i>Lais anonymes</i> |
| <i>Chetovel</i> | Str. II | Vestnorsk | Marie de France |
| <i>Doon</i> | Str. II | Vestnorsk | <i>Lais anonymes</i> |
| <i>Tveggia elskanda lioð</i> | Str. II | Indre vikværsk | Marie de France |
| <i>Gurun</i> | Str. II | Ytre vikværsk | Ukjent |
| <i>Milun</i> | Str. II | Indre vikværsk | Marie de France |
| <i>Geitarlauf</i> | Str. II | Indre vikværsk | Marie de France |
| <i>Strandar strengleikr</i> | Str. II | Vestnorsk | Ukjent |
| <i>Leikara lioð</i> | Str. II | Vestnorsk | <i>Lais anonymes</i> |
| <i>Janual</i> | Str. II | Eldre vestnorsk | Marie de France |
| <i>Jonet</i> | Str. II | Vestnorsk | Marie de France |
| <i>Naboreis</i> | Str. II | Vestnorsk | <i>Lais anonymes</i> |
| <i>Ricar hinn gamli</i> | Str. II | Vestnorsk | Ukjent |
| <i>Tveggia elskanda strengleikr</i> | Str. II | Yngre vestnorsk | Ukjent |
| <i>Grelent</i> | Str. II | Vestnorsk | <i>Lais anonymes</i> |

3. Materialet

Kapittel 4 Omsetjingsomgrepet

Mellomaldertekstar var sjeldan meinte til privat, stille lesing, men til høgtlesing eller somme tider til ei musikalsk framføring. Bruken av tekstane var dermed ein sosial og offentleg aktivitet, der den som framførte teksten, gav ei stemme til teksten, og der reaksjonane frå publikum verka inn på framføringa av teksten. Det finst nokre få døme på tekstar frå seinmellomalderen der forfattaren av teksten er identisk med den som skriftfesta han.¹ Men oftast er avstanden i tid mellom opphavet til teksten og dei overleverte versjonane så stor at teksten er vesentleg endra i overleveringa. Mellomalderteksten vert definert nettopp som *mouvance* (Zumthor, 1972) eller *variance* (Cerquiglini, 1989 og 1999). Tekstane i mellomalderen vart endra gjennom omskriving, nedkorting og utviding (*remaniement*). Formålet med desse endringane var å tilpassa innhaldet til publikummet, bringa klårleik i det som framstod som vagt, vektleggja det som var essensielt og eventuelt omarbeida teksten for at han skulle falla i smak hos oppdragsgjeveren. Konsekvensen av dette er at tekstar som spring ut av det same verket, kan bli så ulike at dei ikkje lenger kan karakteriserast som versjonar av verket, men som nye, sjølvstendige verk.

Føresetnaden for at mellomalderlege tekstar skal forståast som noko som er i rørsle, er knytt til det fysiske materialet og til dei endringar som kopiering for hand førte med seg. Men det handlar også om at teksten vart sett på som noko det var mogleg å arbeida med og forbetra. Dette synet gjer seg ikkje berre gjeldande i avskrivning av tekst, men òg i omsetjing av tekst. Resultatet er at avskrifta eller omsetjinga av ein tekst, det me kan kalle målteksten, framstår som noko svært ulikt frå førelegget, det som er kjeldeteksten.

Det vert ofte skilt mellom tre typar av tekstoverføring i mellomalderen (t.d. hos Halvorsen 1974, Bassnett 1990 og Snell-Hornby, 2007, 116–118). Omsetjing (*translation*) viser til ein måltekst som ligg nær kjeldeteksten, tilpassing (*adaptation*) er ein tekst som står friare i forhold til kjeldeteksten, medan ei etterlikning (*imitation*) eller parafrase er ein type overføring der tema, motiv eller element frå ein kjeldetekst er nytta svært fritt. Grensene mellom desse tre typane er flytande, og innanfor ein og same tekst vil det kunna variera frå avsnitt til avsnitt

1. Ei nær komplett samling av Christine de Pizans verk er å finna i Ms. Harley 4331. Handskriftet er rekna for å ha vore skriva av forfatterinna sjølv. I ein av tekstane viser Christine de Pizan dessutan at ho aktivt har teke del i handskriftsproduksjonen. Ho omtalar mellom valet av person til å ta seg av illuminasjonane på eit vis som indikerer at ho har sett arbeidet vorte utført (*Livre de la cité des dames*, utg. Cheney Curnow, Maureen, 1975).

4. Omsetjingsomgrepet

kva for ein av desse kategoriane han fell inn under. Nokre har gått så langt at dei ikkje i det heile teke vil nytte termen *omsetjing* (*translation*) om desse tidlege tekstane, men derimot *transformasjon* (*transformation*) (Bately, 1984, 1–21). Det trur eg er å strekkje kritikken for langt.

I dette arbeidet kjem eg til å nytta omgrepet *omsetjing* i vid tyding. Ei omsetjing er heilt allment ei overføring av tekst og innhald frå eitt språk til eit anna. Nærleiken til kjeldetekstane varierer, ikkje berre frå tekst til tekst, men òg innanfor kvar enkelt tekst. Granskingsobjektet for denne analysen, *Strengleikar* er eit verk som følgjer førelegget nokså nøye, så langt me kan vurdere forholdet ut frå dei overleverte handskriftene. Men det må òg seiast at det gammalfranske førelegget er i bunden form og den gammalnorske omsetjinga i ubunden form, og i dette ligg det ein uomgjengeleg avstand. Etter mitt syn kan den gammalnorske *Strengleikar*-teksten likevel definerast som ei omsetjing, i noko som ligg nær den første tydinga ovanfor (*translation*). Men omsetjinga er ikkje alltid like trugen, og i nokre tilfelle inneheld den element av tilpassing (*adaptation*). Dette kjem eg attende til særleg i kap. 5.

4.1 Opplæring i arbeid med tekst: *Trivium*

Ein omsetjar som meistra både gammalfransk og gammalnorsk på eit slik nivå at han var i stand til å omsetja tekstar av høg litterær kvalitet og med eit stort vokabular til eit flytande og velklingande norrønt må ha fått ei utdanning ut over det mest grunnleggjande, i tillegg til at han sannsynlegvis må ha opphalde seg i utlandet over lengre tid. Kan hende vart omsetjinga av *Strengleikar* utført i utlandet, slik eg drøftar annan stad i avhandlinga (s. 56). Det felles grunnlaget for utdanning i mellomalderen var dei sju frie kunstane (*artes liberales*). Desse var igjen delte inn i to grupper, språkdelen *trivium*, som er av særskilt interesse her, og den numeriske eller matematiske delen, *quadrivium*. Dei tre bolkanane av *trivium* var grammatikk, dialektikk og retorikk.

Emnet for grammatikkdelen var latinsk språk og litteratur, og dei vanlege læreverka som vart nytta var Donats' to *Artes* og Priscian sin *Institutiones grammaticae*. Frå slutten av 900-talet vart fleire ulike verk inkludert i dialektikkundervisninga. Hovudverket hadde vore *Categoriae decem*, eit verk som i mellomalderen vart tilskrive St. Augustin. Etterkvart vart òg verk og kommentarar av mellom anna Boethius innlemma i grammatikkstudiet. Retorikkdelen tok utgangspunkt i den klassiske litteraturen, og her var Ciceros *De inventione*, Victorinus' kommentar av Pseudo-Ciceros *Auctor ad Herennium* og den fjerde boka av Augustins *De doctrina christiana* grunnverk. I løpet av 1100-talet vart dessutan Quintilians *Institutiones oratoriae* innlemma som lærebok. Etersom ulike stiltypar vart rekna som høvelege for ulike typar tekstar, var bruken av

exempla eit viktig element i retorikkopplæringa. Gjennom systematisk arbeid med slike *exempla* skulle studentane læra seg utsmykking av teksten, *exornatio*. Dei tekstane som studentane arbeidde med, var såleis ikkje urørlege einingar, men eit materiale der studentane skulle nytta eigne kunnskapar for å forbetra, utsmykka og framheva dei elementa dei såg som sentrale.

Særleg grammatikkopplæringa gav ein metode for arbeid med tekst med utgangspunkt i skriftleg materiale. Dette er mellom anna illustrert i Mattheus av Vendômes *Ars versificatoria* (ca. 1175), meint til bruk i grunnopplæringa og som han truleg sjølv nytta i undervisninga si i Orléans. Læreboka er ei innføring i det å skrive, og då hovudsakleg i bunden form. Underliggjande er det at studenten ikkje skal arbeide med eigenprodusert tekst, men at tekstproduksjonen hans skal basere seg på ein *materia* som er valt for han. Dei talrike døma til Mattheus av Vendôme er ikkje berre av versemål, men òg ord, heldige og mindre heldige kombinasjonar av desse, og ulike retoriske figurar. Emna som er handsama i læreverket, hevar seg i noko grad frå setningsnivå og til tekstens struktur, og råda som vert gjevne vektlegg vidareføring av stiltonen i førelegget, der endringar berre er tillatne for å retta opp leksikalske, grammatikalske eller metriske feil. Samanhengen i narrasjonen kan betrast, og vage tekstbolkar gjerast tydelegare. *Sententia*, idéen i førelegget skal framhevast, og dette kan gjerast gjennom endringar i ord og syntaks. Dei viktigaste endringane som elevar på grunnivå vart opplærte til, var ulike typar utvidingar av teksten; omskrivingar, bruk av synonym, og veksling mellom direkte og indirekte tale (Kelly, 1966, 267–268). Denne utvidingstanken vert vidareført og eksemplifisert hos Geoffrey av Vinsauf (ca. 1200) i hans *Poetria nova*, der teksten i seg sjølv illustrerer dei ulike teknikkane som vert diskutert. Omtalen av utvidingar er utvida, men omtalen av nedskjeringar er forkorta. *Poetria nova* var den mest nytta retoriske læreboka i siste del av mellomalderen, og over 200 handskrifter av verket, ofte med kommentarar og glossar, er overleverte.

I kva grad har så desse eller liknande verk vore kjende for norske studentar? Dei leiande personane i lærdomsmiljøa i Noreg i mellomalderen var utdanna ved utanlandske universitet, og må ha vore oppøvde i dei teknikkane som vert presenterte i *Ars versificatoria* og *Poetria nova*. Sjølv om ingen latinspråklege handskrifter med grammatisk litteratur er overleverte frå Noreg eller Island, veit me at slike tekstar har vore tilgjengelege. I ei bokliste frå byrjinga av 1300-talet som vert knytt til Arne Sigurdsson, biskop i Bergen 1305–1314, er det rekna opp heile tolv såkalla grammatiske bøker, *gramaticales libros*. Mellom oppføringane finst *partium orationis et in eo glosa super Donatum*, ei kommentert utgåve av Donat (Storm, 1880, 186). Øystein Åsgrimssons religiøse dikt *Lilja* (1340–1360) viser at Geoffrey av Vinsaufs *Poetria nova* har vore kjent (Foote, 1982, 117ff.). Sannsynlegvis var Olav Tordsson Kviteskald forfattaren av den tredje grammatiske avhandling, der den første delen, *Málfræðinnar grundvöllr* er ei

4. Omsetjingsomgrepet

omarbeiding av Priscians *Institutiones* I og II med døme frå folkespråket i definisjonane av av dei latinske termene. Andre del, *Målskrúðfræði* er ei omsetjing av Donats' *Ars major* III, ofte kalla *Barbarismus*. Det vert rekna med at Olav Tordsson har arbeidd ut frå ei kommentert avskrift av latinske grammatikkar.

Dei metodar for tekstarbeid som er omtalte i *Ars versificatoria* og *Poetria nova* må såleis ha vore kjent i Noreg i mellomalderen. Det må reknast som sannsynleg at det har vore undervist i desse teknikkane, og at dei ikkje berre har vore nytta i bearbeiding av tekst på eitt språk, men òg i omsetjinga av tekst frå eit språk til eit anna.

4.2 Hieronymus: Ikkje ord for ord, men meaning for meaning

Opphavet til det meste av refleksjonar kring omsetjing i mellomalderen er å finne hos kyrkjefaderen Hieronymus († 419/420), framfor alt i hans kommentarar til eige omsetjingsarbeid. Hieronymus er den mest kjende av omsetjarane i antikken og den mest brukte bibelomsetjinga i mellomalderen, *Vulgata*, er hans. Mange av kommentarane hans dreiar seg om dei problema som oppstår når skilnadene i syntaks og ordtilfang mellom kjelde- og målspråk gjer det umogleg med ei ordrett omsetjing. Men han drøftar også dei stilistiske problema som melder seg i overføring av tekst. Arbeidet hans viser dessutan at han nærma seg ulike tekstar på ulikt vis. Ein stor del av kommentarane hans om omsetjing er å finna i hans brev til Pammachius (brev 57) og i hans forord til Eusebius' kyrkjehistorie. Sjølv om Hieronymus' refleksjonar ikkje er kjende i norrøn omsetjing, er det "nærmost utænkkelig at de ikke har været kendt i Norge og på Island i middelalderen i deres latinske form" (Wellendorf, 2007, 11).

Brevet til Pammachius (skrive 395) er Hieronymus' forsvar mot kritikken ei av omsetjingane hans møtte. Hieronymus hadde omsett ein tekst frå gresk til latin for ein ven og hadde kommentert denne i margen. Teksten var meint til privat bruk, men vart likevel spreidd, og ettersom den ferdige teksten hans ikkje var ei ordrett omsetjing, vart Hieronymus skulda for å ha svikta som omsetjar. I forsvaret sitt skil han mellom to måtar å omsetja på: For omsetjing av heilage skrifter frå gresk strevar han etter å gjera dette i størst mogleg grad ord for ord, medan han i omsetjing av andre typar tekstar gjer dette meaning for meaning; "non uerbo e uerbo, sed sensum exprimere de sensu" (Brev 508). Desse to teknikkane, ordrett omsetjing eller omsetjing i meaningseiningar, er òg omtala i eldre kjelder (Cicero, Horats). Grunngevinga for ei meir ordrett omsetjing av bibeltekstar er at desse i seg sjølv er eit *mysterium* som overgår den menneskelege fatteevna. Hieronymus' eiga bibelomsetjing, *Vulgata*, er ikkje ordrett, men vert likevel vurdert til å ligga nærare førelegget enn det andre av omsetjingane hans gjer (Brown, 1992, 87–120).

4.3. Om omsetjing i eldre engelske og franske kjelder

I forordet til Eusebius' kyrkjehistorie (om lag 380) tek Hieronymus på nytt føre seg vanskane forbunde med omsetjingsarbeid, og då særleg dei stilistiske vanskane. Han uttrykkjer uro over dei endringane ein må gjera i teksten for å gje denne att korrekt, men peikar på at ei omsetjing ord for ord er umogleg: *Si ad verbum interpreter, absurde resonant* (PE 35) og meiner det er nødvendig med tillegg og endringar i den omsette teksten for å gje att innhaldet i kjeldeteksten på best mogleg vis.

Dilemmaet for omsetjaren er at ei ordrett omsetjing fører til eit merkeleg og uforståeleg resultat, medan ei omsetjing meining for meining bryt mot den plikta ein omsetjar har og fører inn eit avvik frå kjeldeteksten. Debatten kring desse to omsetjingsteknikkane held fram i mellomalderen, og kan enno ikkje seiast å vere løyst. Dei folkespråklege refleksjonane som følgjer nedanfor, kan truleg sjåast som representative for perioden.

4.3 Om omsetjing i eldre engelske og franske kjelder

Avstand i tid og kultur gjer det vanskeleg for ein omsetjar å jamne ut skilnadene mellom kjeldetekst og måltekst. Gjennom utdanninga var omsetjarane i mellomalderen opplærte i å forbetra og endra tekstar for å oppnå bestemte effektar. Dilemmaet deira låg i feltet mellom truskap og fridom. Tekstar vart omsette fordi dei inneheld element som skulle gjerast tilgjengelege for eit større publikum, og for å gjera dette var det naudsynt med forklaringar til og utdjupingar av teksten. Samstundes inneheldt kjeldetekstane element som helst skulle vidareformidlast så nøyaktig som mogleg. Resultatet av dette er ein stor variasjon i korleis tekstar i mellomalderen vart omsette. Metodane som er nytta, spenner frå nær ordrette attgjevingar av tekst til parafrasering og omarbeiding, og mange gonger er begge brukte i ein og same tekst. Men som nemnt ovanfor meiner eg det er forsvarleg å bruke termen *omsetjing* i denne granskinga, så lenge ein har klart for seg at mellomalderlege omsetjingar kan ha svært varierende krav til truskap til kjeldeteksten.

Ei empirisk tilnærming til oppfatninga av omsetjing i mellomalderen er å finna i Flora Ross Amos sitt no klassiske verk *Early Theories of Translation* (1920). Her tek ho for seg føreorda i ei rekkje engelske verk for å spora utviklinga i synet på omsetjingsverksemda fram til 1500-talet. Første kapitlet hennar presenterer kommentarar kring denne verksemda i dei eldste engelske kjeldene frå mellomalderen, og ho meiner at desse gjev eit representativt bilete av den generelle haldninga til omsetjing i heile perioden (1920, 3). Tendensen er at omsetjaren ønskjer å vera klår og konsis heller enn å nytta ulike retoriske verkemiddel til utsmykking. Dermed finn Ross Amos (1920, 4) at kjende ord og uttrykk i folkespråket vart valde framfor mindre kjende eller framandarta ord og uttrykk.

4. Omsetjingsomgrepet

Styrande i arbeidet til omsetjaren er forventningane og kunnskapen til det nye publikummet, og dermed er målteksten tilpassa det som vil vera forståeleg og underhaldande for dette publikummet. Tilpassinga inkluderer ikkje berre forklaring og tydeleggjering, men òg nedkorting for vektlegging av det omsetjaren har sett som hovudinnhaldet i teksten. Desse prinsippa gjaldt i høgare grad for omsetjinga av verdslige tekstar enn av Bibelen, der det grunnleggjande problemet var å finna ut korleis Guds ord kunne gjevast att på andre språk.

I engelske mellomaldertekstar er omgrepa *translation* og *translate* brukte i ei mykje vidare tyding enn i moderne engelsk. Sentralt i omgrepa er tanken om overførsle. Dei følgjande døma er henta frå *Oxford English Dictionary* (1989, bd. 18, 409). Overførsla som ligg i verbet *translate* kan vera ei heilt konkret rørsle frå ein stad til ein annan, slik ordet vart nytta i ei kjelde frå rundt 1300:

Helias was in þat siquare, Translated in a golden chiare.

(På den tida vart Helias boren i ein gyllen stol)
(*Cursor Mundi* v. 9162)

Men verbet *translate* kunne også referere til overføringa av ein tekst til ein annan. Denne kunne vera av to slag. For det første kunne det vere i form av omskriving, det vil seie ei overføring frå eit språk til eit anna der tekstens mening vert teken vare på, men der forma vert endra i prosessen. Sitatet er frå den same kjelda:

Dis ilk bok it es translate In to Inglis tong to rede

(Denne samme boka, ho er omsett til det engelske språket for å verta lesen)
(*Cursor Mundi* v. 232)

Den andre tydinga ligg nær det moderne semantiske innhaldet i verbet, men bruken av denne er yngre. Det følgjande dømet er frå Palladius, *On Husbandry*, frå om lag 1440:

Yet as myn auctor spak so wold I speke Sith I translate, and looth am from hym breke.

(Slik som forfattaren min tala, slik ville eg tala fordi eg omset, og eg er uvillig til å vike frå han)
(I. v.735)

4.3. Om omsetjing i eldre engelske og franske kjelder

Grunntydinga til verbet er dermed markering av ei form for overføring frå ein tilstad til ein annan, både reint fysisk og i overført tyding.

Same tydinga er å finna i gammalfranske tekstar, der verbet *translater* først er nytta om overføring eller flytting av eit fysisk objekt, her frå jorda til himmelen.¹ Denne kjelda er frå 1175:

nostre Sires volt translater e remuer Helye le prophete de terre al ciel

(Vårherre vil overføra og flytta profeten Elie frå jorda til himmelen.)

(*Li Quatre Livre des Reis*, 174)

På same måte som det engelske verbet *translate* er *translater* seinare dokumentert nytta om omsetjing, til dømes i *La Estoire de seint Aedward le Rei*, frå om lag 1245:

le primer qi translate de Hebreu en Gru (...) (35)

(den første som set om frå hebraisk til gresk)

Fleire andre gammalfranske verb er nytta om ulike typar omsetjing; *enromancer* og *romancer* om omsetjing til folkespråket; *gloser* og *interpreter* om tolking og kommentering av tekst, og til slutt dei meir generelle *transmuer* og *tresturner* som har grunntydinga *snu* eller *vende*.

Sjølv nyttar Marie de France *traire* (*E de latin en romaunz traire*, ‘og omsetje frå latin til fransk’ ProL 30) i omtalen av kva materiale ho denne gongen let liggja. Verbet *traire* indikerer igjen ei form for fysisk rørsle, ei styrt overføring av noko, og er mellom anna nytta om å skyta med pil og boge, om å okkupera land og om å utføra eit sjakktrekk. Grunnleggjande i verbet er den medvitne overføringa.

Den dominerande tydinga til *translate/translater* og *translation/translatiun* er dermed identisk med grunntydinga i det latinske etymologiske opphavet, verbet *transfero*, ‘overføre’ og *translatio*, ‘overføring’. Dei mellomengelske og gammalfranske omgrepa bør tolkast slik at det er tale om ei overføring, ei flytting av innhald, og dermed av meininga i teksten. Dette semantiske innhaldet stemmer dessutan overeins med nokre av dei andre gammalfranske verba som vart nytta om det å omsetje i mellomalderen (*transmuer* og *tresturner*), og ikkje minst med Marie

1. Dei gammalfranske døma er henta frå *Anglo-Norman Dictionary* (www.anglo-norman.net) og Tobler-Lommatzsch (1925).

4. Omsetjingsomgrepet

de France sitt ordval i omtalen av omsetjinga: *traire*, som peikar på ei styrt overføring.

Oftast er dei beste kjeldene til kva omsetjarane sjølv meinte om arbeidet dei utførte, det føreordet dei skreiv til verka sine. I desse finst det somme tider kommentarar kring omsetjingsmetoden, mange nok til at det er mogleg å henta noko informasjon om omsetjaranes haldning til eige arbeid og tekst. Den formuleringa som går att i ei rekkje anglo-saksiske verk i omtalen av omsetjingsmetoden, “word be worde, andgit of andgite”, ‘ord for ord, meining for meining’, opptrer for første gong i føreordet til kong Alfreds omsetjing av *Pastoral Care* (slutten av 800-talet). Den latinske versjonen av formuleringa; “nec verbum ex verbo, sed sensum ex sensu” vert nytta av Ælfric i føreorda til fleire av verka hans. Same type formuleringar finst òg i gammalfranske omsette tekstar. I sin *Le Roman de toute chevalerie* (1170–1185), ei omsetjing av Pseudo-Callisthenes Alexander-roman, presiserer Thomas av Kent at han har overført tydinga, dvs. sanninga, i kjeldeteksten (“la verité ai estrait” P11) utan å leggja noko til i narrasjonen. For å gleda publikum har han fortalt historia i “beles paroles”, ‘vakre ord’ (P13). Ei slik utsmykking av teksten meiner han er ein del av oppgåva hans som omsetjar:

homme ne deit lange translater autrement;
qui direit mot por mot, trop irreit laidement

(Ein kan ikkje setje om språk på noko anna vis;
| den som fortel ord for ord, endar dårleg opp.)
(P 16–17)

Dette viser at Thomas av Kent har hatt ei oppfatning av at ein kan visa truskap til kjeldeteksten sjølv om det skjer endringar i form og uttrykk. Ein kan høyra gjenklangen frå Hieronymus, men Thomas skil seg frå kyrkjefaderen på eit viktig punkt. Der Hieronymus vektla ei mest mogleg korrekt attgjeving av meining, fokuserer Thomas av Kent på “beles paroles”.

Eit hundreår seinare dediserer Jean de Meun omsetjinga si av Boethius’ *Consolatio* til Filip 4. (konge 1285–1314) og slår fast at han vil halde seg nært førelegget:

(...) je preisse plainement la sentence de l’auteur sens trop ensuivre les paroles du latin. (...) Or pri touz ceulz que cest livre verront, s’il leur semble en aucuns lieux que je me soie trop eslongniés des paroles de l’auteur ou que je aie mis aucunes fois plus de paroles que li auteur n’i met ou aucune fois mains, que il

le me pardoingnent. Car se je eusse espons mot a mot le latin par le françois, li livre en fust trop occurs

(Eg tok rett og slett forfattarens meining, utan å følgja den latinske teksten i nokon høg grad. (...) No ber eg alle dei som ser denne boka, at om dei finn at eg nokon stader har fjerna meg for langt frå forfattarens ord eller at eg andre gonger har nytta fleire ord enn forfattaren eller nokre gonger færre, at dei tilgjev meg dette. Dersom eg hadde freista å erstatta latin med fransk ord for ord, hadde boka vorte for dunkel.)

(168)

Jean de Meuns kommentarane til eige omsetjingsarbeid viser at han er medviten om å ta utgangspunkt i forfattarens meining (*la sentence de l'auteur*), men gjev denne att med eigne ord (*sens trop ensuivre les paroles du latin*). Han er klar over at konsekvensane av dette er at han fjernar seg frå den opphavlege teksten, både gjennom tillegg og utelatingar (*plus de paroles/mains*) og ber om orsaking for dette. Grunngevinga for denne omsetjingsmetoden er at resultatet av ei omsetjing ord for ord frå latin til fransk ville ha gjeve eit verk der meininga var uklar (*trops occurs*). Igjen er ekkoet av Hieronymus' refleksjonar tydeleg. Samstundes viser Jean de Meun seg meir sjølvstendig og medviten om dei problema som ligg i omsetjingsprosessen enn det mange av dei tidlegare omsetjarane er.

4.4 Omsetjing i norrøne kjelder

Dei første omsetjingane til gammalnorsk er omsetjingar frå latin av religiøs litteratur, truleg frå andre halvpart av 1000-talet (jf. kap. 2 ovanfor). Dei eldste handskriftene med slike tekstar stammar frå midten av 1100-talet, men finst no berre i fragment. Etter kvart kom det til verk frå den verdslege litteraturen. Omsetjingar av høviske verk kom allereie i første halvparten av 1200-talet; desse har me overlevert i noko yngre handskrifter, frå andre halvpart av 1200-talet og seinare. Dette er verk av ein heilt annan sjanger og med eit anna formål enn det som har vore tilfelle med dei tidlegare omsetjingane av religiøs litteratur. Då desse gammalfranske høviske verka vart omsette til gammalnorsk, fanst det altså allereie ein godt etablert norrøn tradisjon for omsetjingsarbeid. Men det inneber nødvendigvis ikkje at det fanst nokon uttalt omsetjingsteori.

Omsetjingsteknikk vert ikkje diskutert i nokon av dei norrøne kjeldene, og det finst berre nokre få spesifikke referansar til omsetjingsverksemd. Dei avgrensar seg til fire moment og er oftast å finna i byrjinga av teksten, men kan også stå som ein avsluttande kommentar. Døma under er alle henta frå *Forræða* til *Strengleikar*, men svært like utsegner er å finna i dei fleste av dei omsette høviske verka:

4. Omsetjingsomgrepet

- Stadfestingar om at verket er omsett: *lét norræna*
- Informasjon om kva språk verket er omsett frå: *or volsko male*
- Informasjon om kven oppdragsgjevaren er: *er hinn virðulege hacon konongr*
- Ein generell kommentar om kva formålet med omsetjinga er: *gera ser ok oðrum til skemtunar*

Formuleringane er formelprega med lite variasjon. Dei fire momenta ovanfor er i samsvar med dei formelle krava for eit latinsk *praefatio*, og dei finst i annan folkespråkleg litteratur. I prologen til Marie de France sine *Lais* er det tilsvarende moment; Forfattaren vurderte å setja om eit verk (*traire*, ProL 30), frå latin til fransk (*E de latin en romaunz*, ProL 30), men vel å samla *lais* som ho hadde høyrte (*k'oiz aveie*, ProL 33). Dette gjer ho for å æra kongen sin (*En l'honur de vus, noble reis*, ProL 43). Her skal det føyast den delen av prologen til *Strengleikar* det vert sitert frå over er nyskriven på gammalnorsk, og det er dermed tale om uavhengige førekomstar.

Wellendorf (2007, 7–24) gjev eit grundig bilete av kva som finst av kommentarar om omsetjing i norrøne kjelder. Han presenterer og diskuterer dessutan dei fire norrøne verba som vart nytta for å omtale omsetjingar: *snúa*, *snara*, *norræna* og *þýða*. På grunnlag av tydinga av verba, deler han dei i to grupper (ibid. 15). Den første består av *snúa* og *snara*, som begge har tydinga “venda/snu”. I desse ser han eit mogleg 1:1 forhold mellom kjelde- og måltekst, der teksten har andre ord og setningar, men framleis er den same. Han samanliknar dette med å vringja ein genser. Resultatet av vringinga er det same plagget, men med ei anna framtoning, og dette tilsvorar det som skjer i overføringa av tekst frå eit språk til eit anna (2007, 15). Likevel er eg ikkje sikker på om eg meiner at jamføringa er heldig. Vrangt av eit plagg er den sida ein ikkje ønskjer å visa, det er sida med feil og trådendar, det som ligg bak den vakre yttersida og held denne saman, og for å skapa denne er det naudsynt å skjula lyta på innsida. Ei omsetjing er ei anna side av ein tekst, men essensen av det å omsetja er å visa fram og gjera noko vakkert forståeleg for fleire, og det på same nivå som i kjeldeteksten. Det er ikkje å gjera defektane synlege. Den andre gruppa til Wellendorf (2007) består av verba *norræna* og *þýða*, der han meiner at dei begge har ei felles målspråkorientert grunntyding, ‘å gjera forståeleg for folket’, ‘fornorske’. Gammalfransk har tilsvarende verb; *snúa* og *snara* kan reknast for å svara til *traire*, *transmuer* og *translater*, medan *norræna* og *þýða* har eit overlappande semantisk innhald med *enromacer* og *romancer*.

4.5 Problemet med tapte førelegg og ukjende ledd

Ingen av dei handskriftene som var førelegg for dei gammalnorske omsetjingane av den høviske litteraturen, er funne i Noreg. Heller ikkje noka form for omtale av desse er kjend frå norske eller islandske kjelder. I tida fram mot reformasjonen vart gammalnorsk stadig vanskelegare å forstå, noko som førte til at mange handskrifter gjekk tapt eller vart brukte til andre føremål. Det siste legget i *Strengleikar*-handskriftet er eit døme på dette – det vart som nemnt ovanfor (s. 49) brukt til avstiving av ein bispemitra (AM 666 b, 4^o). Den post-reformatoriske bruken av latinske sekvensar, der handskriftene vart delte opp og nytta til innbinding av til dømes rekneskapsbøker, er ein god illustrasjon på kor liten verdi denne typen handskrifter etterkvart fekk (meir om dette tapet i Ommundsen, 2007, 79).

Bøker med gammalfranske tekst kan ikkje ha vore meir forståelege enn bøker med gammalnorsk tekst. Dersom dei gammalfranske førelegga til dei omsette riddarsogene vart verande i Noreg etter omsetjinga, er det ikkje urimeleg at dei rett og slett har forsvunne. Sirkulasjonen av bøker i perioden var høg, og ein bør heller ikkje sjå vekk frå at då handskriftene med gammalfransk hadde tent til det formålet dei var meint, omsetjing, vart dei anten sende eller selde ut av landet. Dersom dei var innlånte, vart dei sjølv sagt returnerte til eigarane. Hovudinteressa for desse handskriftene låg nok i innhaldet, berre eit fåtal var i stand til å lesa teksten i originalhandskriftene. Som nemnt ovanfor (s. 59) er det også ei heilt anna forklaring på at vi ikkje har noko førelegg for *Strengleikar* her i Noreg: omsetjinga kan ha vore gjort utanlands.

Sjølv om dei høviske sogene vart omsette i Noreg på 1200-talet, er storparten av desse berre overleverte i islandske handskrifter, ofte fleire hundreår yngre enn den opphavlege omsetjinga. Det er ikkje berre sannsynleg, men så nær som sikkert at seinare skribarar har endra innhaldet i desse tekstane. Men det er vanskeleg å avgjera kva for delar av tekstane og innhaldet i desse som verkeleg stammar frå den opphavlege omsetjinga og kva som yngre tillegg og forskyvningar. Det materialet som ligg til grunn for komparative studiar av omsetjing i mellomalderen, er typisk tekstar som ikkje er identiske med korkje det førelegget omsetjaren arbeidde med, eller den omsetjinga han produserte. Denne mangelen på sikre førelegg gjer at det i mange tilfelle er eit så lite samsvar mellom det som kan reknast som kjelde- og måltekst, at det er vanskeleg med ein komparativ analyse av dette materialet. Det vil likevel ikkje seie at unge avskrifter alltid er dårlege. Gjennom sin studie av den gammalfranske, gammalnorske og islandske versjonen av forteljinga om riddaren Guigemar har Kalinke (1979) vist at sjølv om det islandske papirhandskriftet som inneheld forteljinga, Lbs 840 4^o, er 500 år yngre enn den gammalnorske omsetjinga av teksten, ligg fleire av lesemåtane i dette nærare den gammalfranske

4. Omsetjingsomgrepet

teksten i Harley 978 enn det teksten i N gjer. Det er denne innsikta som Giorgio Pasquali har uttrykt gjennom sitt kjende dictum *recentiores, non deteriores*, 'yngre, ikkje ringare' (jf. t.d. West 1973, 50).

Dei grunnleggjande krava for komparative studiar for kartlegging av kva som hender i omsetjinga av mellomaldertekstar må derfor vera:

1. Måltekstar med kjende førelegg
2. Nærleik i alder mellom kjelde- og måltekst
3. Kjelde- og måltekst som ligg så nær kvarandre at dei kan karakteriserast som omsetjingar og ikkje som adaptasjonar eller gjendiktningar

På grunnlag av mitt arbeid med *Strengleikar*-materialet, både med dei kjende gammalfranske tekstane og med omsetjinga i DG 4–7, meiner eg at det oppfyller dei tre krava ovanfor. Den synoptiske oppstillinga i bd. 2 av avhandlinga viser at det er svært få tekstbolkar som er omrokkerte i dei norrøne tekstane jamført med dei gammalfranske. Oftast er desse omrokeringane i samsvar med teksten i andre gammalfranske handskrifter. I *Strengleikar/Lais* er det eit tilnærma 1:1 samsvar mellom det som er rekna for å vera kjelde- og måltekst.

Dermed er situasjonen for *Strengleikar*-materialet ein ganske annan enn den Wellendorf (2007) stod ovanfor i sine granskingar av dei norrøne visjonane. Den relativt oversiktlege handskriftssituasjonen er ei medvirkande årsak til dette. For storparten av dei gammalnorske tekstane er det berre tale om eitt handskrift, og for dei gammalfranske aldri fleire enn fire. Det ligg dessutan føre tekstutgåver med variantapparat som gjer det mogleg å jamføra dei ulike tekstversjonane, i alle fall den substansielle variasjonen. Rett nok kan ulik edisjonspraksis i desse utgåvene gjere det tidkrevjande å arbeida med dei, men det er aldri til seriøst hinder for eit komparativt studium. Dette forholdet kan kort illustrerast gjennom jamføringar av nokre stykke frå dei gammalfranske og dei gammalnorske tekstane. Dei viser at *Strengleikar* vekslar mellom å vera ei nokså ordrett omsetjing, ei friare omsetjing med innslag av utvidingar og forkortingar, og ei omsetjing som balanserer krava til kjeldetruskar med dei syntaktiske og leksikalske tilpassingar som er nødvendige under overføringa til målspråket. Dei følgjande døma er alle henta frå forteljinga *Fresne/Eskia*.

I samsvar med den synoptiske utgåva av tekstane i band 2 av denne avhandlinga er avvik i teksten understreka, og det er sett til eit plussteikn, +, for ord eller uttrykk som kjem i tillegg i den gammalnorske omsetjinga, og eit minusteikn, ÷, for dei ord

4.5. Problemet med tapte førelegg og ukjende ledd

eller uttrykk i den gammalfranske teksten som ikkje kjem med i den gammalnorske omsetjinga. Når det er tale om nærståande uttrykk, t.d. eit pronomen som er attgjeve med eit substantiv, er nesten-lik-symbolet, ≈, brukt.

Trass i dei syntaktiske skilnadene mellom gammalfransk og gammalnorsk er det ei rekkje tilfelle der omsetjinga må karakteriserast som nære på ordrett (FreL v. 106–116 og EskS s. 48):

A li vint, si la cunforta:

”Dame, fet ele, ÷ ne vaut rien;
Lessiez cest dol, ÷ si ferez bien!
L’un des enfanz me baillez ça:
Jeo vus en deliverai ja,
Si que honie ne serez

Ne ke jamés ne la verrez

A un mustier la ÷ geterai,

Tut sein e sauf le porterai;
Aucuns produm la trovera:

Si Deu plest, nurir la fera.”

(Ho gjekk til henne og trøysta henne. | Frue, sa ho, dette er ikkje viktig. | Slepp frå deg denne sorga, det er klokt av deg! | Gje meg eit av borna. | Eg skal verta kvitt det for deg. | Slik at du ikkje skal bli vanæra. | Og slik at du aldri skal sjå henne. | Eg legg henne frå meg ved eit kloster. | Dit skal eg frakta henne i god behald. | Ein eller annan heidersmann vil finna henne. | Og om Gud vil, så let han henne fostra.)

+ ok gæcc hon + þa til hænnar ok
huggaði hana

+ ok mællti. fru min

hætt þæssom + hormulegom latom.

fa mer hingat aðratvæggia mœyianna
ec ska<1> koma hænni sua fra þer
at alldri scalltu fa svivirðing + ne róp
ne hatr af hænni.

+ ok skal hon alldri + oftar koma i þitt
auglit.

Ec (114) scal bera (113) hana til kirkiu
+ dura

hæila ok halldna.

Nokkorr dugandi maðr man finna
hana.

+ ok ef guð vill man hann lata fostra
hana.

(Og så gjekk ho til henne og trøysta henne og sa. Fru mi, slepp frå deg denne sorgsame låten. Gje meg den eine jenta. Eg skal ta henne vekk frå deg, slik at du aldri skal få svivørsle, eller uord eller hat på grunn av henne. Og ho skal aldri meir kome for augsynet ditt. Eg skal bera henne til kyrkjedøra heil og halden. Ein eller annan dugande mann kan finna henne. Og om Gud vil, kan han kan hende fostra henne.)

4. Omsetjingsomgrepet

Det er også mange døme på at omsetjaren har hatt eit friare forhold til kjelde-teksten og utvida (eller forkorta) målteksten. Dømet under er versa 228–234 av *Fresne* og den gammalnorske omsetjinga i *Eskia*.

Pur ceo qu'el freisne fu trovee,

Le Freisne \approx li mistrent a nun,

\neq E le Freisne l'apelet hum.

La dame la tint \approx pur sa niece;

\div Issi fu celee grant piece.

Dedenz le clos de l'abbeie

Fu la dameisele nurie.

(Fordi ho vart funnen i asken | gav dei henne namnet Eskia, | og Eskia vert ho kalla av folk. | Frua heldt henne som si eiga niese. | Slik vart ho lenge skjult | og innanfor murane til klosteret | voks jenta opp.)

+ En með þui at hon var fundin undir asken*om*.

+ þa likar hæn*ni* at lata kalla æskio \approx mœyna.

\neq þui at þat er <hit> fægrsta nafn. ok atkuæði i volsku male.

(225) ~ Abbadis bauð þa klokkaran*om*

(226) at *hann* gere engom manne

kunnegt. með *hueriom* hætti þætta gærðizt.

+ Abbadis upp hellt siolf þetta barn*n* i skir*nn* hæl*ag*re með þui naf*ne* sem ver gatom.

ok kallaðe hana ser \approx mioc skyllda.

+ ok var hon + siðan j*n*nan klaustrs i fostri + til þess er hon var fullkomen. i fogrum likams væxti.

(Og fordi ho vart funnen under asken | då tykte ho om å la jenta kallast Eskia | fordi det er det vakraste namnet og nemninga på velsk mål. Abbedissa baud klokkaren at han ikkje skulle gjera det kjent for nokon korleis dette var gjort. Abbeddissa heldt sjølv i den heilage dåpen med det namnet me ha nemnt og sa at ho var i nær familie med henne. Sidan var ho inne i klosteret i fortring til dess ho var fullkomen i fager kroppsskapnad.)

Endeleg finst det døme på at kjeldeteksten er attgjeven med stor truskap, berre med dei justeringane som er nødvendige på bakgrunn av dei leksikalske og syntaktiske skilnadene i kjelde- og målspråket (FreL v. 31–36 og EskS s. 44):

”Si m’ēit Deus, jo m’esmerveil

U cist produm prist cest conseil,
Qu’il a mandé a mun seinur
Sa hunte e sa ÷ grant deshonor,
Que sa femme ad eü deus fiz,
E ≈ il e ele en sunt huniz!

(Gud hjelpe meg, eg undrar meg |
kvar denne heidersmannen fekk
dette rådet | at han sendte bod til
herren min | om skamma og den
store vanæra si | at kona hans har
fått to søner. | Og av dette er han og
ho vanæra!)

Guð hialpe mer sua + kuað hon at mer
þykkir þat kynlegt
hvar þæsse hinn goðe maðr tok þat rað
at *hann* hævur orð sænt herra minum.
+ ok þo skom sina ok svivirðeng
at kona hans hævur fœðtt tva sunu
af huæim ≈ þau ero + bæði suivirð

(Gud hjelpe meg, sa ho, det er for meg
underleg, at denne gode mannen tok eit
slikt råd at han har sendt ord til herren
min og om den skamma og svivørsla at
kona hans har født to søner. Av desse er
dei begge svivørde.)

4.6 Oppsummering

Dei refleksjonane over omsetjingsarbeidet som ein finn i eldre engelske og franske tekstar, ser for det meste ut til å byggje på Hieronymus. Variasjonar av “non uerbo e uerbo, sed sensum exprimere de sensu” (LP 508) er frekvente. Refleksjonane viser at omsetjarane har vore medvitne om mangelen på samsvar på fleire nivå mellom kjelde- og målspråk, men at innhaldet av teksten vart oppfatta som det essensielle. Metodediskusjonane dreiar seg om dei to hovudteknikkane det er mogleg å nytta i omsetjing; ei ordrett attgjeving av teksten, eller ei attgjeving av meining for meining, ofte i form av ei forklarande parafrasering av innhaldet i kjeldeteksten. Begge metodane kan vera nytta innanfor ein og same tekst. Den beste karakteristikken av mellomalderomsetjingar og -omsetjarar er å seia at dei er ustadige og prega av variasjon i tilnærmingane til teksten. Vanlegast var ei omsetjing i meiningseiningar som dessutan inkluderte ulike former for tilføyingar for å tydeleggjera innhaldet. Dette ser også ut til å gjelda dei norrøne omsetjingane, sjølv om ein ikkje finn nokon eksplisitte diskusjonar av korleis dei norrøne omsetjarane oppfatta verksemda si.

4. Omsetjingsomgrepet

I arbeidet med *Strengleikar*-materialet har det slått meg at dei tilskota som ein finn i den gammalnorske omsetjinga svarar godt til dei endringane studentar vart opplærte til å gjera i arbeidet for å forbetra *exempla* og framheva innhaldet i desse gjennom *exornatio*. Dette opnar for to hypotesar som ikkje utelukkar kvarandre: (1) Omsetjaren har arbeidd med kjeldetekstane sine på same vis som han ville ha gjort det med ein tekst på folkespråket, utan å oppleve skilnaden mellom kjelde- og målteksten som noko problem, og har dermed ikkje kommentert dette. (2) Sjølve omsetjinga av tekstane er idiomatisk med ei *ad sensum* tilnærming til materialet. Det neste laget med tekstredaktørar har hatt eit materiale som har vore oppfatta som *exempla*, og har gjennomført dette arbeidet med dei metodane og teknikkane dei var opplærte i. Dermed bør det opnast for at det ikkje er i sjølve omsetjingsprosessen, men i den seinare overleveringa at mange av tekstforskyvingane har skjedd.

Innanfor det overleverte tekstkorpuset av norrøne omsetjingar finst det ikkje, etter det eg kjenner til, tekstar som er rekna med å vera overleverte i første versjon av omsetjinga. Det nærmaste me kjem, er den hypotesen som Keyser og Unger kasta fram, nemleg at DG 4–7 inneheld den første reinskrifta av *Strengleikar*-omsetjinga (s. 50 ovanfor).¹ Heller ikkje er nokon av dei faktiske kjeldetekstane omsetjarane arbeidd ut frå overleverte, og dermed kan ikkje nokon av dei to hypotesane ovanfor testast. Når det gjeld omsetjingane frå gammalfransk til gammalnorsk på 1200-talet, er dei alt frå trufaste og tekstnære omsetjingar til adaptasjonar eller omskrivingar. Det nære sambandet mellom rollene som omsetjar og avskrivar i mellomalderen gav rom for at omsetjarane stod fritt i å gjera endringar i tekstane, og seinare kunne skrivarane gjera sine endringar. Ofte er det umogleg å skilja mellom desse endringane, men som me skal sjå i kap. 5 nedanfor, er det somme endringar som truleg må ha vore gjort under omsetjinga og andre som truleg må ha vore gjort i seinare avskrift.

Mellomaldertekstane var i stadig endring. Svært mange handskrifter har dessutan gått tapt, og følgja av dette er at det er tilfeldig kva tekstar som i dag er tilgjengelege for forskning. For komparative granskingar mellom kjelde- og måltekst frå mellomalderen er det naudsynt å vera medviten om manglande kunnskap om overleveringa av tekstane og at dei overleverte tekstane i seg sjølv er resultat av ei mangledda tekstgenese.

Trass i den uvissa som knyter seg til teksthistoria sjølv i eit så oversiktleg materiale som *Strengleikar*-tekstane, er det viktig at ein ikkje misser av syne at materialet faktisk opnar for eit komparativt studium. Etter å ha arbeidd med desse tekstane er det mitt klare inntrykk at det ikkje er nokon stor avstand mellom

1. Seinare i avhandlinga skal me sjå at det truleg må ha vore minst eitt tapt handskrift mellom omsetjinga og DG 4–7 (jf. s. 98 nedanfor).

kjeldetekstane og måltekstane, men at dei kan jamførast stykke for stykke, med få omrokeringar og ofte med ein truskap til førelegget som nærmar seg det me kunne venta i ei moderne omsetjing. Derfor har eg også valt å omtala *Strengleikar*-tekstane som omsetjingar – ikkje som adaptasjonar eller imitasjonar. I materialdelen av avhandlinga kjem eg til å visa at det er tale om reine feil og misforståingar i materialet – noko anna ville ikkje ha vore å venta. Men feila er trass alt unntak. Andre stader er det større tilføyingar eller strykingar som berre kan forklarast som medvitne inngrep av omsetjaren, eller av ein seinare avskrivar. Men i det store og det heile er det tale om ei omsetjing som følgjer sitt førelegg med truskap og med respekt.

4. Omsetjingsomgrepet

Kapittel 5 Tekstvandring

Mellomaldertekstane står ikkje stille, men utviklar seg gjennom medvitne og umedvitne inngrep av tekstredaktørar og avskrivarar. Det er denne dynamikken som blir omtalt som *mouvance*, det forholdet at tekstane heile tida er i rørsle. I ei kritisk utgåve av ein mellomaldertekst er desse rørslene oppsummerte, men samstundes usynleggjorde, i det kritiske apparatet til teksten. Rørslene stammar frå ulike lag i framvoksteren til den enkelte teksten, og kan vera i form av tydingsforskyvingar, misforståingar eller reine feil i avskrift. Nokre av desse rørslene er synlege i den enkelte teksten – frå detaljnivå med typiske skrivarfeil som haplografiar og dittografiar via ugrammatiske konstruksjonar og utypiske tillegg i teksten til eit høgare nivå med logiske brot i narrasjonen. Andre av rørslene kjem til syne i jamføring med andre versjonar av same tekst – eitt ord kan ha vorte erstatta av eit synonym, rekkjefølgja kan ha vorte endra, større tekstbolkar kan ha vorte strokne eller lagde til.

Målet mitt i dette kapitlet er å sjå om – og eventuelt korleis – dei ulike laga i framvoksteren til *Strengleikar* er synlege i ei jamføring mellom tekstane i dei gammalnorske og gammalfranske handskriftene. Dette vil eg gjera gjennom ei samanlikning av dei gammalnorske strengleikane og dei ulike gammalfranske versjonane av desse forteljingane for å finna tydingsforskyvingar, endringar og avvik mellom tekstane. Sjølve omsetjinga av forteljingane er eit fast haldepunkt i framvoksteren til desse, og eg tek til denne granskinga med ei oppfatning om at rørslene i teksten kan plasserast på begge sider av dette haldepunktet. Tekstjamføringa i dette kapitlet er på to nivå, eit mikro- og eit makronivå. Den største eininga som vert granska på mikronivået er kupletten. Dette er samstundes den minste eininga som vert granska på makronivået.

5.1 Hypotesar og metode


Ei komparativ gransking av alle dei kjende versjonane av ein tekst vil til ein viss grad gjera det mogleg å plassera tydingsforskyvingar, endringar og avvik i tekstkjeda, både på detaljnivå og på eit strukturelt nivå. Slik kan tekstens *mouvance* verta delt i bolkar. Det vil sjeldan vera mogleg å tidfesta dei ulike rørslene, men ei slik komparativ gransking kan i nokre tilfelle gje kunnskap nok til å plassera endringane og avvika i tekstane hos ulike tekstredaktørar på ulike steg i tekstgenesen. Dei gammalnorske strengleikane og dei gammalfranske *lais* er i så måte eit velegna materiale. Dei er slett ikkje noko ukomplisert materiale, men i kraft av å vera eit omsett materiale, gjev dei eit første og viktig skilje i

5. Tekstvandring

tekstkjeda, nemleg språkskiljet. Overleveringa av tekstane på kvart språk involverer fleire ukjende tekstredaktørar. Tidslina til tekstgenesen tek til med overleveringa og avskrift av dei gammalfranske tekstane, går deretter til sjøve omsetjinga til gammalnorsk, og avsluttar med overleveringa og avskrift av dei gammalnorske tekstane. Nokre av endringane i tekstane kan ha skjedd under avskrivning innanfor kvart språk. På eit mellomsteg på den tenkte tidslina kan avviket mellom tekstane stamma frå feillesing av gammalfransk tekst, anten av ein fransk skriivar eller av den gammalnorske omsetjaren. Nokre avvik og endringar kan berre ha skjedd i sjøve omsetjinga frå gammalfransk til gammalnorsk. Dei gammalnorske tekstane i N er ikkje den første omsetjinga, men ei seinare avskrift. Dermed er det ei gruppe avvik og endringar som kan plasserast i overleveringa av gammalnorsk tekst.

Det er mogleg å tenkja seg to ulike tekstvandringar frå gammalfransk til gammalnorsk, ei minimal og ei maksimal. Begge desse kan setjast opp som ein slags stemma, jf. fig. 5.1 og 5.2 nedanfor. Både det gammalnorske, det islandske og dei gammalfranske handskriftene er inkludert i desse figurane. I figurane ligg det inga vurdering av kronologi eller det faktiske forholdet mellom dei overleverte handskriftene. Alle dei gammalfranske handskriftene som inneheld *lais* er yngre enn den første gammalnorske omsetjinga, og dermed kan ingen av desse ha vore kjeldeteksten den gammalnorske omsetjaren arbeidde med.


Den minimale tekstvandringa er i samsvar med vurderingane av tilhøva mellom N og den gammalfranske kjeldeteksten som kjem fram hos Keyser og Unger (1850) og Meissner (1902). I denne er forteljingane i N vurderte til å liggja så nærme den første omsetjinga at dei representerer arbeidet til omsetjaren, og har vore lite endra i avskrift.



Figur 5.1. Minimal tekstvandring av *Strengleikar*

Funnet av ein islandsk versjonen av forteljinga *Guiamar* i eit islandsk handskrift frå 1737 viser at tekstvandringa har vore lengre enn før trudd (Kalinke, 1979 og 1980). Forteljingane i N representerer ikkje den første omsetjinga frå gammalfransk, men er ei redigert avskrift av denne. Det finst minst ein, kanskje fleire tapte versjonar av dei gammalnorske tekstane mellom den første omsetjinga og *Strengleikar* i N. Trekanten som står mellom dei gammalfranske handskriftene og den gammalnorske omsetjinga i fig. 5.2 peiker på at det interne forholdet mellom desse ikkje er spesifisert, men at dei gammalfranske handskriftene er knytte til den gammalnorske omsetjinga. Det gammalnorske handskriftet er eldre enn alle dei gammalfranske handskriftene. Dei gammalfranske handskriftene grupperer seg på ulikt vis for kvar forteljing og det er inga semje om korleis dei forhold seg til kvarandre (for eit oversyn, sjå til dømes Rychner, 1983, xx–xxi og Tobin, 1976, passim.).

5. Tekstvandring



Figur 5.2. Maksimal tekstvandring av *Strengleikar*

Den største skilnaden mellom den minimale og den maksimale tekstvandringa i fig. 5.1 og 5.2 er innføringa av det tapte mellomleddet γ på den gammalnorske sida av framvoksteren av *Strengleikar*.

Begge typene tekstvandring har eit fast haldepunkt: sjølve omsetjinga til gammalnorsk. Med utgangspunkt i dette haldepunktet er den overordna hypotesen i dette kapitlet:

- I mange tilfelle er det mogleg å lokalisera tekstforskyvingar og -endringar i tekstgenesen.
Det vil seia at ein kan skilja mellom det som har skjedd før, under, og etter omsetjinga av *Strengleikar*.

Dei gammalnorske forteljingane i *Strengleikar* ligg svært nær dei gammalfranske versjonane av desse. Dette vert illustrert i den synoptiske oppstillinga av tekstmaterialet i band to av denne avhandlninga. Trass dei språklege skilnadene er det eit nesten lineært samsvar mellom dei ulike versjonane av forteljingane. Dei speglar innhaldet og rekkjefølgja i førelegga, men på sitt vis og med sine ord. Tekstopstillinga synleggjer samstundes ein del ulikskapar mellom dei gammalnorske og dei gammalfranske tekstane. Dei er å finna på to nivå; eit mikro- og eit makronivå. Skiljet mellom desse går ved den parrima kupletten, som oftast inneheld ein idé eller ei meiningseining. Konsekvensen av dette er at fråværet av ein kuplett i den gammalnorske omsetjinga i seg sjølv ikkje er nokon indikasjon på at dei har mangla i førelegget til omsetjaren. Fordi den enkelte gammalfranske kupletten ofte inneheld ei sjølvstendig meiningseining, kan denne eininga ha vore vurdert som lite naudsynt og dermed vorte utelaten, det vere seg av ein gammalfransk eller ein gammalnorsk skriar. Det som følgjer er ei gransking av tekstvandringa på desse to nivåa, der mikronivået er kjenneteikna ved å vera kuplettinternt og jamføringa er på detaljnivå. Makronivået er kupletteksternt og den enkelte kupletten er den minste teksteininga som vert granska. Granskingane på dette nivået inkluderer variasjon mellom kuplettar og større tekststykke i dei gammalnorske og gammalfranske forteljingane.

5.1.1 Mikronivå

Mikronivået er som nemnt kuplettinternt. Det vert granska i kap. 5.3 og 5.4. Storparten av forskyvingane som skjer i overleveringa av desse tekstane, både innanfor eit språk og i overføringa frå eitt språk til eitt anna, skjer på dette nivået. Det inkluderer leksikalske endringar, avvik og feillesingar. Eg kommenterer dei i kap. 5.3, og då i same rekkjefølgje som forteljingane har i N. Hovudvekta i granskinga ligg på dei gammalnorske tekstane, og eg analyserer det gammalfranske materialet i kontrast til desse. Rørslene på mikronivå mellom dei ulike versjonane av *lais* vert utelukkande granska når det er relevant for ei forståing for korleis teksten i *Strengleikar* har utvikla seg.

5. Tekstvandring

Eg vil understreka at variasjonen mellom dei ulike versjonane av dei gammalfranske tekstane er liten, og oftast er finna på mikronivå i tekstane. Dette vert illustrert i Rychners utgåve av *Le Lai de Lanval* (1958). Med utgangspunkt i ei synoptisk oppstilling av dei fire kjende versjonane av forteljinga etablerer Rychner (1958) ein kritisk tekst. Oppstillinga hans av dei fire versjonane illustrerer kor små rørslene er i overleveringa av akkurat denne *lai*. Handskriftene som inneheld forteljinga er av ulik alder, reflekterer ulike gammalfranske dialektar og har ulikt geografisk opphav. Trass desse ulikskapane er variasjonen i omfang og innhald mellom dei fire tekstane liten.¹ Ser ein vekk frå den ortografiske variasjonen, er rørslene mellom tekstane i all hovudsak på leksikalsk nivå. Det følgjande dømet, vers 333, er mellom dei versa som viser størst variasjon:

| P | H | S | C |
|--|---|--|--------------------------------------|
| A sen ostel ert reuenus | A sun chastel fu reuenuz | A son ostel sen est venuz | A son ostel en sunt venuz |
| (Han er komen attente til herberget sitt.) | (Han var komen attente til slottet sitt) | (Han har kome seg til herberget sitt) | (Dei er komne til herberget hans) |

I den kuplettinterne granskinga er det to av forteljingane som skil seg ut med mange kommentarar: *Guigemar/Guiamar* og *Lanval/Janual*. Grunnen til det store talet på kommentarar er ikkje at desse to forteljingane merkjer seg ut med spesielt mange ulikskapar. For *Guiamar* er årsaka å finna i handskriftssituasjonen. Det er den einaste av forteljingane i *Strengleikar* som er kjent i ein annan versjon, den islandske *Gvímars saga* i Lbs 840, 4°. Eg har dermed òg sett på samhøvet mellom desse to tekstane. Den andre forteljinga eg har sett særskilt på, er *Lanval*, som er den einaste av dei gammalnorske forteljingane ein romanist har jamført med det gammalfranske førelegget og gjeve ei vurdering av arbeidet til omsetjaren (Aebischer, 1958).² Gjennomgåinga av denne forteljinga er dermed todelt. Eg går først kronologisk gjennom storparten av Aebischers vurderingar av kortare

1. Den kritiske teksten til Rychner har 646 vers. Den har han etablert på grunnlag av tekstane frå handskriftene P (640 vers. ÷ 6 vers jamført med den kritiske teksten), H (646 vers. Den er identisk i lengd og innhald med den kritiske teksten, men er noko omarrangert), S (650 vers. ÷16 vers og +20 vers jamført med den kritiske teksten) og C (646 vers. ÷ 2 vers og +2 vers jamført med den kritiske teksten). Teksten i P er den same som i H, men manglar seks av versa. På nokre få stader er dessutan rekkjefølgja av kuplettar endra. Tekstane i handskriftene S og P viser at vers vert skotne inn og utelatne, desse to tekstane har både vakse og minka. Dette har dei gjort uavhengig av kvarandre – der er ikkje samsvar mellom tillegga og utelatingane i desse to versjonane.

passasjar i den gammalnorske teksten jamført med den gammalfranske. Deretter gjev eg mine eigne kommentarar til *Janual* jamført med *Lanval* frå dei fire gammalfranske handskriftene. Med unntak av ein kommentar til *Strandar strengleikr* har eg ikkje teke med dei gammalnorske forteljingane utan kjende gammalfranske førelegg i tekstgjennomgåinga i dette kapitlet. Det er heller ikkje dei arnamagnæanske fragmenta. Det gjeld desse forteljingane: *Gurun*, *Ricar hinn gamli*, *Tveggia elskanda strengleikr* og *Grelent*.

Med utgangspunkt i dei kuplettinterne tekstkommentarane har eg så kategorisert materialet med to ulike tilnærmingar. Først plasserer eg i kap. 5.4.1 ein del av ulikskapane mellom dei gammalnorske og dei gammalfranske forteljingane på ulike stadier i tekstgenesen. Her finst ulikskapar som er i samsvar med andre gammalfranske handskrifter, og ulikskapar som kan forklarast som feillesingar av gammalfransk tekst, anten det har vore gjort av ein gammalfransk skrivar eller ein gammalnorsk omsetjar. Nokre av endringane kan plasserast i overleveringa av teksten på den gammalnorske sida. Dette gjeld hovudsakleg for forteljinga *Guiamar*, som står i ei særstilling innanfor det gammalnorske tekstmaterialet.

Deretter kategoriserer eg i kap. 5.4.2 tekstendringane som ganske sikkert høyrer til den gammalnorske sida av overleveringa. Eg plasserer dei i ein tabell for å etablere eit utkast til ein typologi for tekstendringane.

5.1.2 Makronivå

Makronivået er kupletteksternt og vert granska i kap. 5.5. Den minste eininga på dette nivået er den parrima oktosyllabiske kupletten og den gammalnorske attgjevinga av denne. Også større tekststykke vert tekne med i denne granskinga. Noko av det som kjem tydeleg fram i den synoptiske oppstillinga, er at det ikkje er tale om store ulikskapar på eit strukturelt nivå mellom tekstane. Med unntak av ein bolc i *Guiamar* er rekkjefølgja av innhaldet i forteljingane identisk med dei gammalfranske forteljingane. På detaljnivå er det snudd om på rekkjefølgja i nokre kuplettar i dei gammalnorske forteljingane, nokre gonger med mogleg førelegg i andre gammalfranske handskrifter enn det som er rekna for å liggja nærast førelegget til omsetjinga. Tekstane er i varierende grad nedkorta jamført med førelegga, og eg gjev eit oversyn over kva delar av tekstane som ikkje er attgjevne. Etter ei utrekning av den prosentvise nedkortinga av kvar enkelt av dei gammalnorske forteljingane, kategoriserer eg dette materialet på grunnlag av det semantiske innhaldet i utelatingane.

Ser ein dette materialet med motsett vinkling, inneheld dei gammalnorske tekstane ein del innskot jamført med dei gammalfranske tekstane. Eit fåtal av dei

2. Tobin (1976) inkluderer DG 4–7 på lik line med dei gammalfranske handskriftene i si utgåve av *lais anonymes*, men gjev der inga vurdering av franskkunnskapane til omsetjaren.

5. Tekstvandring

er i samsvar med teksten i andre gammalfranske handskrifter, medan andre er nyskrivne. Desse tillegga vert kategoriserte semantisk på lik line med utelatingane. Nokre av tillegga skil seg ut som atypiske for dei gammalnorske tekstane. Desse kan ha rot i no tapte kuplettar i dei gammalfranske førelegga til omsetjaren.

5.2 Forskingshistorie

Studiet av *Strengleikar* tek i realiteten til med utgåva til Keyser og Unger i 1850. På dette tidspunktet, var ikkje alle dei gammalfranske *lais* tilgjengelege i utgåver, men for dei gammalfranske *lais* dei hadde tilgang til, jamførte Keyser og Unger utvalde delar av dei gammalnorske strengleikane med desse. Nokre gongar plasserer dei også endringar og skilnader på ulike steg i tekstgenesen.

Cook og Tveitane går langt grundigare til verks i si utgåve frå 1979. I denne utgåva vert forholdet mellom dei ulike handskriftene kommentert i innleiinga (1979, xvi–xxii). Deretter plasserer utgjevarane dei gammalnorske forteljingane i forhold til dei gammalfranske kjeldene (1979, xxii–xxviii, særleg xxvi–xxviii). I dei korte innleiingane til kvar forteljing i denne utgåva vert desse vurderte i forhold til dei gammalfranske handskriftene. Her gjev Cook og Tveitane eit oversyn over vers og passasjar i dei gammalfranske *lais* som ikkje er med i den gammalnorske forteljinga. Uklåare passasjar og avvik jamført med dei gammalfranske førelegga vert kommenterte, og stundom vurderte i fotnotar under-vegs. Somme tider vert endringar og skilnader tilskrivne ulike steg i framvoksteren av tekstane.

Ei liknande tilnærming finst berre i ei av dei gammalfranske utgåvene. I si utgåve av *Lais anonymes* inkluderer Tobin (1976) dei gammalnorske tekstane på lik line med dei gammalfranske. Dermed er N nytta for å datera dei gammalfranske tekstane. Det gammalnorske handskriftet er dessutan teke med i dei stemma ho set opp. Tobin kommenterer skilnader og avvik mellom dei ulike versjonane av kvar *lai* i fot- og sluttnotar. I desse kommentarane er dei gammalnorske forteljingane jamstelte med dei gammalfranske. Tobin plasserer i nokon grad skilnadene mellom dei ulike versjonane av kvar forteljing, til dømes hos skrivarar av kvart handskrift.

Skilnadene mellom dei gammalnorske og dei gammalfranske tekstane har vore vurderte på ulikt vis. I føreordet sitt skriv Keyser og Unger at dei held omsetjinga for å vera svært god (1850, xiv). Dei meiner at omsetjaren først har lese gjennom større tekstbolkar for å danna seg eit bilete av dei, før han så har omsett dei. Dette ser dei som forklaringa på omrokeringar i teksten og samanflettingar av innhaldet frå ulike vers i dei gammalfranske tekstane.

Handskriftet DG 4–7 er ei særleg rik kjelde til gammalnorske omsetjingslitteraturen. Handskriftet er gammalt, truleg berre nokre tiår yngre enn sjølve omsetjingane. Dermed har ein rekna at tekstane i dette handskriftet ligg nær dei første omsetjingane (Keyser og Unger, 1850, xix). Raynaud (1879) har jamført

teksten som står før *Strengleikar* i DG 4–7, *Elis saga*, med det gammalfranske førelegget til denne, *Elie de Saint Gille*. Han rosar skrivaren av saga (S) jamført med skrivaren av den einaste kjende gammalfranske versjonen av denne (F). Raynaud oppsummerer jamføringa si med “en un mot, les fautes de S sont généralement celles d’un homme lettré et intelligent; celles de F proviennent toutes de l’étourderie et de la négligence d’un scribe ignorant” (ibid., xxxvii). I si utgåve av *Elis saga* braut Kölbing (1881) med desse vurderingane. I sine jamføringar mellom den gammalnorske og dei islandske versjonane av denne saga kom han fram til at teksten i N er ei noko forvanska avskrift av ein eldre tekst. Denne teksten meinte han ikkje kunne vera den første omsetjinga av den gammalfranske teksten (ibid. xviii). Delar av dei islandske versjonane av saga vurderte Kölbing til å liggja nærare originalen enn det teksten i N gjer.

Meissner (1902) avviste Kölbing's syn på N. Han sa seg einig med Keyser og Unger, som og meinte at teksten i N, og då særskilt *Strengleikar*, var “den første Reenskrift af Forfatterens Concept” (Keyser og Unger, 1850, xix og Meissner 1902, 138–139). Endringar i N jamført med dei gammalfranske førelegga meinte Meissner var medvitne endringar av ein gammalnorsk omsetjar. Formålet med desse var å betra den logiske samanhengen i forteljingane. Meissner si oppfatning av at tekstane i N ligg nær opp til arbeidet til ein gammalnorsk omsetjar låg dermed til grunn for den stilistiske analysen hans av *Strengleikar* (1902, 196ff.). Dette synet innskrenkar talet på lekkar mellom dei no tapte gammalfranske førelegga til *Strengleikar* og tekstane i N. For Meissner er den gammalnorske tekstvandringa kort, og endringar i tekstane kan berre plasserast i sjølve omsetjinga eller i nedskrivinga av tekstane i N. Meissner jamfører heller ikkje dei ulike gammalfranske versjonane av forteljingane med dei gammalnorske. Ikkje alle versjonar av dei gammalfranske tekstane var utgjevne då Meissner granska *Strengleikar*. For å bestemma korleis dei ulike gammalfranske handskriftene plasserer seg i forhold til N nyttar Meissner (1902, 198 ff.). Warnke si utgåve av H (1885). Denne kritiske utgåva er rekna for å vera svært god. Når Meissner så har funne ut av kva for eitt av dei gammalfranske handskriftene han meiner ligg nærast N, jamfører han ikkje den gammalnorske teksten med dei variantane som kan vera å finna i andre gammalfranske handskrifter. Dermed er den stilistiske granskinga hans basert på N og det gammalfranske handskriftet som han vurderer å liggja nærast kvar av dei gammalnorske forteljingane. Utan at det vert teke omsyn til variantar i dei andre gammalfranske versjonane, vert ikkje denne delen av tekstvandringa granska.

Samla sett vurderer Meissner arbeidet til den gammalnorske omsetjaren svært positivt og meiner at det har lege vilje og intensjon bak dei fleste av endringane i *Strengleikar* jamført med dei gammalfranske førelegga. Hans gransking er dermed avgrensa til det han meiner er sjølve omsetjingsprosessen i tekstgenesen.

5. Tekstvandring

Aebischer (1958) jamfører berre ein strengleik, *Janual*, med det gammalfranske førelegget til denne. Denne jamføringa kjem eg til å gå gjennom seinare i dette kapitlet (sjå kap. 5.3.17) og eg kommenterer her berre kort granskinga til Aebischer. Aebischer (1958) forklarar alle feil og avvik mellom den gammalfranske og den gammalnorske teksten med manglande språkkunnskap hos den gammalnorske omsetjaren. Han ser vekk frå at det gammalfranske førelegget som låg til grunn for omsetjinga, ikkje har vore identisk med nokon av dei gammalfranske versjonane som er overleverte. Heller ikkje teksttap og endringar i overlevering og avskrift av gammalnorsk tekst vert teke med som mogleg opphav til avvik mellom den gammalfranske og den gammalnorske teksten. Dermed er granskinga hans ei jamføring av det han ser som ein gammalfransk kjeldetekst og ein gammalnorsk målttekst, og han tek lite eller ikkje omsyn til rørsleane til desse tekstane i tekstgenesen.

Kölbing (1881) si oppfatning av tekstane i N vert støtta av oppdaginga til Kalinke av den islandske *Gvímars saga* i 1979 og jamføringane hennar av den gammalfranske, gammalnorske og den islandske teksten. Desse jamføringane viser at den første omsetjinga av denne forteljinga truleg har lege endå nærare den gammalfranske teksten enn det teksten i N gjer (Kalinke 1979 og 1980). Kalinke granska fleire av dei uklare punkta og avvika i den gammalnorske teksten. I si jamføring med den islandske forteljinga fann ho at den gammalnorske teksten fleire stader er forvanska. Når det såleis kan visast at den gammalnorske omsetjinga *Guíamar* både er forvanska og at opphavleg omsett tekst i denne har gått tapt, er det sannsynleg at dette har skjedd med fleire av strengleikane. Teksttapet og -forvanskinga har skjedd på overraskande kort tid – det er ikkje rekna med at det har gått meir enn eit par tiår frå omsetjinga frå gammalfransk til nedskrivinga av N. Samstundes viser den islandske *Gvímars saga* at det som ser ut til å vera lite variasjon og endringar i ei tekstoverlevering som har gått over fleire hundreår.

Fellesnemnaren for Keyser og Unger (1850), Aebischer (1958), Tobin (1976) og Cook og Tveitane (1979) er at dei primært er utgåver av tekstane og ikkje samanfattande granskingar. Kommentaranane deira er avgrensa til dei største og mest påfallande avvika og skilnadene mellom tekstane, og vert ståande som punktvis nedslag i tekstane.

Derimot er Kalinke sine to granskingar av *Guigemar*, *Guiamar* og *Gvímars saga* (1979 og 1981) nyttige for ei forståing av kva som kan hende i framvoksteren av desse tekstane. Samstundes kan ein i granskingar av *Strengleikar* berre ta stilling til dei overleverte tekstane og det er umogleg å vurdere kva den første omsetjinga har innehalde og korleis tekstane i N plasserer seg i forhold til denne.

Det finst dessutan ein del studiar av enkelttekstar der skilnader mellom ein gammalnorsk strengleik og det gammalfranske førelegget vert granska. Oftast tek desse granskingane berre for seg eit enkelt avvik mellom den gammalfranske og den gammalnorske teksten. Eg skal ikkje gå gjennom desse granskingane her, men tek dei opp der dette er relevant undervegs i kapitlet. I kronologisk rekkjefølgje gjeld dette: Meissner (1904), Magoun (1941–1942), Togeby (1972), Jakobsen (1978), Skårup (1971 og 1979), Kalinke (1979, 1980 og 1981), Fidjestøl og Haugen (1994), Burgess (1999) og Budal (2001).

I jamføringa under har eg nytta variantapparata til Lods (1944), Ewert (1969), Rychner (1966) og Tobin (1976) for å sjå etter moglege forklaringar i andre gammalfranske handskrifter. Eg har dessutan nytta fleire av dei moderne omsetjingane av Marie de France sine *Lais* og av *Strengleikar*. For *Lais* har eg nytta den engelske omsetjinga av Hanning og Ferrante (1982), den norske av Nordahl (1982) og den gammalfranske til Micha (1994). For *Strengleikar* har sjølv sagt nytta Cook i *Strengleikar*-utgåva (1979), i tillegg til Rytter (1962). I jamføringar av ordforklaringar har alle standardordbøker vore nytta, i tillegg til Otaka (1994) sin *Lexique de Marie de France*. I omsetjingane mine har eg lagt vekt på tekstnærleik heller enn på velklang, og eg har ikkje jamna ut den vilkårlege vekslinga i verbtid som tekstane ofte har.

5.3 Tekstendringar på mikronivå

5.3.1 Titlane

Den gammalnorske teksten i den synoptiske utgåva mi i band 2 er teken frå Cook og Tveitane si utgåve (1979). Utgjevarane legg der til titlar for kvar enkelt forteljing (ibid. xxxiii). I Rychner si utgåve av Marie de France sine *Lais* (1983) har òg kvar enkelt forteljing ein tittel. Dette er ikkje alltid i samsvar med teksten i H. Etter den informasjonen som vert gjeven i variantapparatet, hadde opphavleg berre *Deus amanz* og *Yonec* slike titlar i H. Kvar forteljing i H har på eit seinare tidspunkt i overleveringa blitt gjeve titlar i øvre marg (Baum, 1968, 48). I N er titlane skrivne med raudt blekk, og desse er av utgjevarane markerte i kursiv i byrjinga av kvar enkelt forteljing. Det er desse titlane som vert granska nedanfor. I jamføringa med forteljingane i H, ser det ut til at desse titlane stammar frå ein gammalnorsk tekstredaktør. Gjennom ei jamføring med dei andre gammalfranske handskriftene viser det seg at forma og stilen i dei gammalnorske titlane tydeleg stammar frå dei gammalfranske. Tabellen under er eit oversyn over titlane i kvart av handskriftene forteljingane finst i. Eg har nytta ÷ dersom forteljinga ikkje har nokon tittel i det enkelte handskriftet.¹

5. Tekstvandring

Tabell 5.1: Gammalfranske førelegg for titlane i *Strengleikar*

| Forteljing | Handskrift | Tittel |
|------------|------------|---|
| Gui | N | ÷ |
| | K | <i>Her hefer Gvijmars savgo</i> |
| | H | ÷ |
| | S | <i>Cist est de Guiamar</i> |
| | P | <i>C'est li lais de Guigemar</i> |
| Esk | N | ÷ |
| | H | ÷ |
| | S | <i>C'est le lay du Fresne</i> |
| Eq | N | <i>Equitans strengleicr er her</i> |
| | H | ÷ |
| | S | <i>C'est le lay Daquitan</i> |
| Bi | N | <i>Bisclaretz lioð er her</i> |
| | H | ÷ |
| | S | Lakune |
| La | N | <i>Laustiks lioð er her</i> |
| | H | ÷ |
| Des | N | <i>þess<i> strengleicr heitir i volsku mali desire en <i> norrænv tilfysilegr</i> |
| | S | <i>C'est le Lay du Desirré</i> |
| | P | <i>Le Lai de Desire</i> |
| Ti | N | <i><...> heitir þesse strengleicr</i> |
| | S | <i>C'est le lay de Tydorel</i> |
| Che | N | Lakune |
| | H | ÷ |
| Do | N | <i>doun heitir þesse strengleicr</i> |
| | S | <i>C'est le Lay de Doon</i> |

-
1. Tittelen på forteljninga *Gvímars saga* i K har ligaturen ‘av’.

5.3. Tekstendringar på mikronivå

| Forteljing | Handskrift | Tittel |
|------------|------------|--|
| Tvl | N | <i>Tveggia elscandi</i> |
| | H | <i>Deus amanz</i> |
| | S | <i>C'est le lay des .II. amanz</i> |
| GurS | N | <i>her er Guruns strengleicr</i> |
| Mi | N | <i>her er Miluns strengleicr</i> |
| | H | ÷ |
| | S | <i>C'est le lay de Milon</i> |
| Gei | N | <i>bretar calla gotulæf en ver kollum Geitarlauf</i> |
| | H | <i>Cheverefoil</i> |
| | S | <i>C'est le lay du chievrefueil</i> |
| Lei | N | <i>leicara lioð en i brezkv heitir þessi strengleicr Gumbelauc</i> |
| | S | <i>Ce est le lay del lecheor</i> |
| Jan | N | Lakune |
| | H | ÷ |
| | S | <i>C'est le lay de Lanval</i> |
| | P | <i>C'est Lanval</i> |
| | C | <i>Ici comemce le lay de Launval</i> |
| Jon | N | <i>J[o]net heitir þessi strengleicr</i> |
| | H | <i>Ywenet I commencé</i> |
| | S | <i>C'est le lay Dyonec</i> |
| | P | Lakune |
| | Q | <i>Ci comence a parler du lay de Yonet</i> |
| Nab | N | <i>Naboreis strengleicr</i> |
| | P | <i>Le lai de Nabarez</i> |
| Gre | N | <i>Grelentz saga</i> |
| | S | <i>C'est le lay de Graalant</i> |
| | P | <i>C'est le Lay de Graalent</i> |

5. Tekstvandring

I det gammalnorske handskriftet N er titlar heller regelen enn unntaket. Dette står i kontrast til det gammalfranske hovudhandskriftet H, der titlar er unntaket.

Dei fire typane titlar som finst innanfor det gammalfranske materialet er:

- Fr. 1. Ingen tittel (H: Gui; Esk; Eq; Bi; La; Che; Mi; Jan)
- Fr. 2. Namn, til dømes *Deus amanz* i H (H: Tvl, Gei og P; Des; Nab)
- Fr. 3. Formuleringa *C'est le XX*, 'Det er XX', til dømes *C'est le lay du Fresne* i S. (S: Gui; Esk; Eq; Des; Ti; Do; Tvl; Mi; Gei; Lei; Jan; Jon, Gre. P: Gui; Jan; Gre)
- Fr. 4. Variantar med *Ici commence XX*, 'Her byrjar XX', til dømes *Ywenet I commencé* (H). (H: Jon. Q: Jon og C: Jan)

Bruken av titlar i det gammalnorske materialet kan delast inn på liknande vis:

- No. 1. Ingen tittel (N: Gui; Esk; StraS). Dette er i nokre tilfelle knytt til lakuner i N (N: Che; Jan; Tvs).
- No. 2. Namn: *Tveggia elscandi* (N: Tvl; Nab og Gre)
- No. 3. Variantar av formuleringa *XX er her* (N: Eq; Bi; La; GurS; Mi; RicS)
- No. 4. Variantar med *heitir*: *doun heitir þesse strengleicr* (N: Ti; Do og Jon)
- No. 5. Opprekning av titlar på ulike språk; *þess<i> strengleicr heitir i volsku mali desire en <i> norrænv tilfysilegr* (Des) (N: Des; Gei; Lei). Dette skjer òg somme tider i byrjinga av forteljingane, både i samsvar med gammalfransk tekst (Bi 3–4; La 3–6) og utan førelegg i gammalfransk tekst (Des <5; Gei 2)

Dei to første forteljingane i *Strengleikar* har, i motsetnad til resten av forteljingane, ikkje titlar i N. Desse har sannsynlegvis gått tapt i sjølve nedskrivninga av forteljingane i N. I dette handskriftet har den som har teke seg av titlar og initialar starta arbeidet sitt bakerst i handskriftet, men har ikkje fullført dette. Dermed er første initial i *Strengleikar* på blad 22r, i det som svarar til v. 65 i *Eskia*. For forteljinga *Guiamar* har truleg tittelen vore ein variant av den som er å finna i den islandske *Gvímars saga*: *Her hefer Gvijmars savgo*, der bruken av verbet *hefja* kan tyde på at det gammalfranske førelegget har hatt ein variant av det som er klassifisert som Fr. 4. ovanfor: *Ici commence*. Bruken av tittelen i K, men ikkje N, tyder på at Kalinke (1979, 119) har rett når ho plasserer K som ei avskrift av ein annan og eldre versjon av teksten enn den som er å finna i N.

Likskapen mellom formuleringane på begge språk i listene over gjer at eg ser det som sannsynleg at:

- Formuleringar av typen *c'est le xx* i gammalfranske tekstar (Fr. 3) har vore opphav til både *xx er her* og *xx heitir* (No. 3 og 4).
- Formuleringar av typen *ici commence* (Fr. 4) har vore opphavet til titlar med *hefja*, berre kjent frå den islandske *Gvímars saga*).
- Samsvaret mellom typen gammalnorske titlar i No. 5 og det som er å finna i byrjinga til fleire av dei andre forteljingane, gjer at eg ser det som svært sannsynleg av denne typen titlar har opphav i gammalfransk tekst. Særleg gjeld dette *Leikara lioð*, der tittelen er *leicara lioð en i brezkv heitir þessi strengleicr Gumbelauc*, 'Spelemannssongen, men på bretonsk heiter denne strengleiken Gumbelauc'. Substantivet *gumbelauc* er rekna for å vera eit keltisk ord, og er ikkje kjent frå andre stader. Det har vore gjort mange freistnader på finna ut kva tydinga har vore (for eit oversyn, sjå Cook og Tveitane, 1979, 208).

Det einaste handskriftet som knapt har titlar er H, det største og eldste handskriftet som inneheld *lais*. Samstundes er H det handskriftet som er rekna for å liggja nærast førelegget til *Strengleikar*, der titlar er nytta. Det gammalnorske handskriftet er eldre enn nokon av dei gammalfranske, og er rekna for å stamma frå den anglo-normanniske handskriftstradisjonen. Titlar er dermed nytta både i N og i dei andre gammalfranske handskriftene som er yngre enn H, og frå både ein insulær og ein kontinental handskriftstradisjon. Det er då sannsynleg at titlane stammar frå den anglo-normanniske handskriftstradisjonen. Desse må då ha falle ut før tekstane vart nedskrivne i H, men er overleverte i yngre handskrifter. Dette kan vera eit teikn på at titlane fanst på eit tidlegare stadium i den anglo-normanniske handskriftstradisjonen, og at dei andre gammalfranske handskriftene er avskrifter av eitt eller fleire handskrifter som er eldre enn H. Mangelen på titlar i H gjer at dei vanskeleg kan vera avskrifter av H.

5.3.2 Prologen

Den gammalfranske prologen finst berre i handskriftet H. Det gammalnorske forordet i N karakteriserer Cook og Tveitane (1979) som ein noko nedkorta versjon av prologen i H. Denne teksten er likevel kanskje den som skil seg mest frå det gammalfranske førelegget. Første del av forordet er ikkje omsett frå gammalfransk, men er skriven av omsetjaren. Den synoptiske oppstillinga i band 2 viser at 19 av 56 vers, om lag 34%, av *Prologue* ikkje er omsette. Andre delen av

5. Tekstvandring

Forræða er prega av at fleire av idéane i førelegget er utdjupa eller forsterka ved bruk av synonyme innskot.

- For 8: Blomemetaforen i v. 6 vert ført vidare. Ein god idé ber først *flurs*, ‘blomar’, når hann er vidgjeten. I den gammalnorske teksten ber idéen *allden*, ‘frukt’. *Flur* står som enderim, og *frut*, ‘frukt’, ville ha brote rimet. Den logiske samanhengen i *Forræða* er opplagt og budskapen er klårare enn i det gammalfranske førelegget. At vise menn deler kunnskapen sin fører til at han ber lauv og blomar som det vakraste tre, *sem hinn villdaste viðr lauf ok blóm* (ForS 6). Vidareføringa av idéen ber frukt og gjev næring til andre: *þa fullgærezt allden ok nærer aðra* (ForS 8). Resonnementet i den gammalnorske teksten er eit avrunda heile, og må vera ei medviten endring anten av omsetjaren eller av ein seinare tekstredaktør.
- For 30: Forteljaren i *Prologue* tenkte først på ‘å setja om noko frå latin til fransk’, *E de latin en romaunz traire*. Ei omsetjing av dette ville ikkje har gjeve meining i den gammalnorske teksten, der dette er attgjeve som *or völsku i bokmal snua*, ‘setje om frå fransk til bokmal’. *Bókmál* er normalt ikkje folkespråket, men bokspråket, altså latin, og er nytta med denne tydinga i EqS II; *hæilagt bokmal*. Keyser og Unger (1850, 94) opnar for (1) ein skrivefeil for *ór bókmáli í völsku*, (2) at omsetjaren har inkludert norrønt i *bókmál*, og (3) at kjeldeteksten er misforstått. Meissner (1902, 282) held det som usannsynleg at feilen har oppstått i avskrift av teksten, og freistar å gje ei forklaring på at tydinga ‘frå fransk til latin’ har vore intendert frå byrjinga av. Cook og Tveitane (1979, 7) avviser kategorisk framlegga til både Keyser, Unger og Meissner i ein krass tone, og meiner at dette er ein feil. Dei freistar ikkje å plassera denne feilen i tekstgenesen. Eg følgjer Cook og Tveitane, men ut frå granskingane mine av *Strengleikar* og førlegga ville det overraska meg om det var omsetjaren som gjorde feilen. Eg trur helst det første framlegget til Keyser og Unger (1850, 94) er rett: At dette er ein skrivefeil for *ór bókmáli í völsku*.

5.3.3 *Guiamar*

Forteljinga er overlevert i dei gammalfranske handskriftene H, S og P og omsett i N. I tillegg finst ein versjon av forteljinga, *Gvímars saga*, i det islandske papirhandskriftet K frå 1737. Utgjevaren av denne saga, Marianne Kalinke, meiner at den gammalnorske og den islandske teksten stammar frå den same avskrifta av den opphavlege omsetjinga. Den islandske teksten er noko nedkorta jamført med den gammalnorske. Kalinke viser dessutan at den islandske teksten somme tider ligg nærare den gammalfranske enn det den gammalnorske gjer. Den islandske og den gammalnorske versjonen utfyller òg stundom kvarandre (sjå

Kalinke, 1980). Det er denne vinklinga ho nyttar i jamføringa si av tekstane i utgåva si av den islandske *Gvímars saga* (1979). Etersom mitt primærmateriale er dei gammalnorske forteljingane, nyttar eg her motsett vinkling, og legg hovudvekta på kvar den gammalnorske forteljinga ligg nærast den gammalfranske. I jamføringa av dei tre tekstane har eg berre teke med Kalinkes (1979 og 1980) kommentarar kring dei største skilnadene mellom *Guiamar* og *Gvímars saga*.

- Gui 36: Noguent er ei *damaisele*, ‘ei ung kvinne’, i den gammalfranske teksten. I omsetjinga vert det repetert at ho er *dottir*, ‘dotter’, til Odels (Gui 35), og trass eit anna førenamn, Aghatta, er teksten her elles identisk med den i *Gvímars saga* (GuiK). Tendensen er at *damaisele* er omsett til *mær*, og dersom dette òg har vore skjedd her, må forskyvinga frå *mær* til *dóttir* stamma frå ein skripar mellom den første omsetjinga og N. Den gammalfranske teksten i H har ei staving for mykje. Eit alternativ er at *filie* har vore nytta der.
- Gui 48: Guigemar får riddarslag av kongen, og deretter gjev kongen han *Armes (...) a sun talent*, ‘hærklede etter ønsket eller lysta hans’. Kven sitt ønske er det tale om her? Pronomenbruken i handskriftet H lar spørsmålet stå ope. Den gammalnorske omsetjaren har meint at det var snakk om kongen, og hærklede er dermed ‘så staselege som han sjølv ville ha ønskt’: *sua tigurlega sem hann villdi sialfr æskia*. Denne moglege feillesinga er i samsvar med den islandske teksten, *svo tigguglega sem siälfur han villdi kiosa*, og må dermed plasserast i det felles gammalnorske førelegget for handskriftene N og K. I moderne omsetjingar av den gammalfranske teksten er ønsket plassert hos riddaren (Nordahl, 1982, 23; Hanning og Ferrante, 1982, 31; Micha, 1994, 37).
- Gui 50: Før Guiamar forlet hoffet gjev han rike gáver: *Mult i dona, ainz k'il s'en turt!* I den gammalnorske teksten forlet han kongen og hoffet i det som tilsvavar det moderne ‘fred og fordragelighet’, *i vinsælld ok vinatto*. Igjen ligg det islandske handskriftet nær den gammalnorske. Den allittererande tautologien er der variert med *villd ok vinätu*. Det felles avviket frå teksten i H stammar sannsynlegvis frå det felles førelegget til N og K.
- Gui 55–56: Den islandske teksten ligg nærare teksten i H enn det N gjer. H har: *ne pout hom trover | Si bon chevalier ne sun per!*, ‘det fanst ikkje den mann | som var ein like god riddar eller jamningen hans’. Dette er i N attgjeve som *fanzk engi honum iamvaskr i vapnaskifti*, ‘det fanst ingen som var han jamngod i våpenstrid’. Teksten i K er *fanst hans jafninge at riddaraskap*, ‘fanst jamningen hans i riddarskap’. Det felles gammalnorske førelegget til N og K har truleg hatt ein tekst som likna den som er overlevert i K, og dermed må denne endringa stamma frå anten skrivaren av N eller av ein skripar av eit no tapt handskrift som må plasserast mellom det felles førelegget og N.

5. Tekstvandring

- Gui 59–60: N er i samsvar med H og omset *dame* som *frú*, *pucele* som *mær*. K har berre *fru*.
- Gui 67–68: Denne gammalfranske kupletten finst i K, men ikkje i N (sjå Kalinke, 1980, 144).
- Gui 70–71: I H reiser Guigemar til heimlandet sitt, *en sun païs*, for der å sjå, *veeir sun pere e sun seignur*, ‘far sin og herren sin’. Den gammalnorske Guiamar reiser *hæim at sia foðor sinn ok herra*, ‘heim for å sjå sin far og herre’. Gvímar fer for å *finna foður sin*, ‘finna far sin’. N ligg her på tre punkt nærare teksten i H enn det K gjer.

| | | | | |
|---|-------------|--------|------------|---------------|
| H | en sun païs | veeir | sun pere | e sun seignur |
| N | hæim | at sia | foðor sinn | ok herra |
| K | – | finna | foður sin | – |

- Gui 77: N har *um kuellidit* for H’s *La nuit*. K attgjev ikkje tidfestinga. Både *nátt* og *kveld* er nytta i omsetjinga av *nuit* i heile tekstmaterialet. Ei jamføring av dei situasjonane substantiva er nytta i, viser ein gjennomført skilnad. *Nátt* vert nytta i attgjeving av variantar av uttrykket *nuit e jur* (Gui 349, 660; Des 418, 478; Tvl 30, Jan 216 og Jon 222 og 391), og i samband med aktivitetar som varar heile natta eller skjer midt på natta (Gui 411; Eq 47, 63; La 76; Des 25; Do 114, Jan 203). *Kveld* vert nytta spesifikt der det er tale om ankomst til ein stad på slutten av dagen (Gui 77, 863; Bi 225; Des 267; Do 149). *Kveld* er dessutan nytta for å omsetja *vespre/vespreel/avesprer* (Gui 375; Che 117; Do 93; Gei 31).
- Gui 79: N har *morkena* for H’s *la forest*. K manglar plasseringa, men har *ä dijra veidar*, ‘på jakt’.
- Gui 85–86: Guigemar er på jakt, og har ein svein som har med seg *sun arc (...)*, | *Sun ansac e sun berserez*, ‘bogen hans, kortsverdet hans og jakthunden hans’.¹ N og K har begge ein heilt annan tekst i Gui 86, der sveinen ber bogen

1. Keyser og Unger (1850, 95) set om den gammalfranske teksten til ‘hans Bue, hans Pile og hans Lanse’. Utgåva dei nytta av Marie de France sine *Lais* (Roquefort, 1820) har den ortografiske varianten *hansart*, og ikkje *ansac*, ‘kortsverd, kniv’. Det kan hende at dei har lese *hansart* som *hanste*, ‘lanse, spyd’. Substantivet *berserez* må ha blitt feillese som ei substantivering av verbet *berser*, ‘jakta eller skyta med pil’. Hanning og Ferrante (1982, 32) si omsetjing er ‘his bow, his hunting knife and his quiver’. Eg ser ikkje korleis dei kan ha lese *berserez* som ‘quiver’. Dei gammalfranske orda for pilkogger var *charcheis*, *forel* og *quivre*. Micha (1994, 39) har ‘son arc, son couteau et son chien de chasse’. Nordahl si omsetjing er i samsvar med sistnemnde; ‘buen, jaktkniven og hans jakt-hund’ (1982, 23).

hans, og har med seg sporhundane som finn hjort og villsvin. Skilnaden mellom N og K er utelukkande ortografisk. Eg gjev dermed her teksten frå N. *færðe honom boga hans. ok sporrakka dyra ok villi svina*, ‘hadde med seg bogen hans, og jakthundar for hjort og villsvin’. Eg finn inga mogleg feillesing, same teksten står i alle tre gammalfranske handskrifter. Ulikskapen kan stamma frå ein kjeldetekst som skil seg frå HSP. Meir sannsynleg er det at den gammalnorske omsetjaren ikkje har vore kjent med termen *(h)ansax*, ‘kortsverd’.

- Gui 87: Verset finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 94: N ligg nærare H enn kva K gjer. H har *Il tent sun arc*, ‘han spende bogen sin’. N har *hann bændi boga sinn*, ei ordrett omsetjing av dette. K har *hann bente þä upp bogann*, ‘han spente då opp bogen’.
- Gui 95: N ligg nærare H enn K gjer. Det er noko usemje om den gammalfranske teksten i dette verset. *En l’esclot la feri devaunt*, ‘råka henne framme i esclot’, av Ewert (1969) lese som “framhov”, av Rychner (1983, 241) som “bryst”. *Anglo-Norman Dictionary* fører berre opp Ewerts leseemåte, men Rychner gjev fleire samtidige døme der *esclot* er nytta med tydinga “bryst”. Rychners leseemåte er i samsvar med teksten i både N og K. K skil seg frå H og N på fleire punkt.

| | | | | |
|---|-------------|-------|----------|----------|
| H | En l’esclot | la | feri | devaunt |
| N | laust | hana | framan i | briostet |
| K | kom | ørenn | ij | briöst |

Det er dermed rom for at omsetjaren har forstått *esclot* på same vis som Rychner. Cook og Tveitane (1979, 15) peikar dessutan på at handskriftet P har varianten *pié*, fot, som lett kan feillesast som *piz*, bryst. Ei slik forveksling er tenkjeleg, noko eg tidlegare har sagt meg samd i (Budal, 2001, 156). I så fall er det sannsynleg at det er ein gammalnorsk omsetjar som har feillese teksten, då eit vers **En le piz la feri devaunt* berre har sju stavingar. *Piz* finst òg som *peiz* som ville ha gjeve korrekt stavingstal. Togeby (1972, 344) opnar for at førelegget har hatt *escale*, ‘skjel, skal’ og då i overført tyding som ‘lukka behaldar’ eller at omsetjaren har feillese *esclot* som *escale*. Ein slik bruk av *escale* er ikkje kjent frå andre stader.

- Gui 96: N ligg nær H og har *þægar* som ei omsetjing av *demeintenaunt*, ‘straks, med ein gong’. Dette adverbet finst ikkje i K.
- Gui 100–101: K ligg nærare H enn det N gjer. H og K har (Gui 100) dei nær synonyme *aval*, ‘ned, ned av’ og *bake* og deretter *ariere*, ‘bak, bakover’ og

5. Tekstvandring

nidur (Gui 101), medan N presiserer med *hæstinom* (Gui 100) og har ei svak tydingsforskyving med *þar*.

- Gui 103: H har *La bise, ki nafree esteit*, ‘hjortekolla, som var såra’. N attgjev dette: *en kollan er þar la sár*, medan K her ikkje nemner at ho er såra: *þar ed hun lä*.
- Gui 107: H har *vassal*, oftast nytta nøytralt, men òg dokumentert nytta med eit nedsetjande innhald slik det må lesast her. Dette er attgjeve i N med *gaurr*, ‘slamp’, medan K nyttar namnet *Gvijmar*.
- Gui 113: H og N presiserer kvar såret er med *en la quisse*, ‘i låret’ (H) / *i þinu lære*, ‘i låret ditt’ (N). K har ikkje noko som tilsvavar dette.
- Gui 116: H har *grant*, N *miklar*. K har ikkje noko.
- Gui 118: Verset er omsett i N, men finst ikkje i K.
- Gui 120–121: N og K fyller kvarandre ut i omsetjinga av *ki aiment e amé avrunt | u ki puis amerunt après*, ‘(dei) som elsker og har elska | og (dei) som seinare skal elska’. N har ikkje med presensforma av verbet, men har *ælscat hava ok framlæiðes sculo konor ælsca*, ‘(dei) som har elska og som seinare skal elska kvinner’. K attgjev berre presensforma i *er konur elska*, ‘som elsker kvinner’ (sjå òg Kalinke, 1980, 145).
- Gui 121: Verset er omsett i N, men finst ikkje i K.
- Gui 127: H og N presiserer formålet med reisa, *Pur sa plaie faire guarir*, ‘for å grø såret sitt’ (H) / *at lata græða sar sitt* (N). Detaljen finst ikkje i K.
- Gui 133: Guigemar kallar sveinen sin fram, *avaunt* (H). Dette finst ikkje i N, men K har *þängad*.
- Gui 138: Verset er omsett i N, men finst ikkje i K.
- Gui 141: H og N fortel at Guigemar reiser frå staden, *d’iluec/padan*. K har ikkje noko her.
- Gui 144: Guigemar vil ikkje at venene hans skal sjå han fordi dei kunne stoppa han eller halda han tilbake, *Kil desturbast ne kil retienge*. I N og K vil han ikkje at dei skal få vita kvar han skal: *huert hann snerizt* (N) / *hvert hann snere* (K). Anten har omsetjaren ikkje skjønt den gammalfranske teksten, eller så har han vore ein annan enn i dei overleverte handskriftene.
- Gui 146–147: Vers 146 og første halvdel av 147 er attgjeve i N, men finst ikkje i K.
- Gui 149: I H og N renn det ei elv under fjellet, *D’une ewe ki desuz cureit | undir fialleno rann á*. K har *under fiallenu var aa ein*, ‘under fjellet var ei elv’.
- Gui 152: Guigemar kjem til hamna der det er eit skip. Han *choisi le tref*, ‘såg masta’ i H. N har *ræiste treet*, ‘reiste masta’. Masta er forsvunnen i K der Gvímar går ut til skipet *med hreiste mikelle*, ‘med stort mot’. Kalinke (1979, 123) peikar på at den islandske varianten føreset lesemåten i N, som

igjen er ei feillesing eller ein korrupsjon av den gammalfranske teksten.

| H | N | K |
|-----------------------------|--|--|
| <i>choisir</i> 'sjå' vb. | <i>reisa</i> 'reisa opp, setja opp' vb. | <i>hreysti</i> 'djervskap, mot' sb. |

Dermed går Guiamar ombord i skipet i v. 152 i den gammalnorske og den islandske teksten, medan han gjer det i v. 167 i den gammalfranske, utan at dette har innverknad på noko anna i handlinga (Sjå Budal, 2001, 155). I resten av tekstmaterialet er verbet *choisir* forstått og attgjeve som *kenna* (Bi 145; Che 108; Jan 240), *lita* (Esk 184; Des 664), *sjá* (Mi 420; Jon 62, 106, 302) og *kjósa* (Che 98).

- Gui 156: Verset er omsett i N, men finst ikkje i K.
- Gui 155–157: Skipet er så godt laga at *Nuls hum n'i pout trover jointure. | N'i out cheville ne closture | Ki ne fust tute de benus;* 'ingen mann kan finna samanfellingar på det. | Der var korkje naglar eller saumar | som ikkje var heilt gjennom av ibenholt'. Dette vert omsett til *ængi sia samfælling borðanna ne nægling naglanna nema sua var til synis sem æinn viðr være allt*, 'ingen kunne sjá samanfellinga av borda eller naglinga av naglene, men det såg ut som om alt var laga av eit tre(stykke).' Ordet *benus*, 'ibenholt' kan ha vorte feillese som *bois*, 'tre, trevirke'. Dette er sannsynlegvis ei feillesing av omsetjaren. Det er dessutan ikkje kjent om norrønt hadde noko ord for 'ibenholt', og det er dermed mogleg at omsetjaren har sett seg nøydd til å nytta samleomgrepet *viðr*, 'tre'. Det norrøne substantivet *linore* er nytta i *Karlamagnus saga* (1860, 69³⁷), og vert i normaliserte utgåver retta til *livori*. Opphavet må vera det gammalfranske *l'ivoire*, 'elfenbein', men det vert i *Norrøn ordbok* (1963, 425) opna for at det òg kan ha hatt tydinga 'ibenholt'.
- Gui 170: Senga er plassert midt i skipet, *En mi la nef* (H) / *a miðiu skipi* (N). Denne lokaliseringa er ikkje attgjeve i K.
- Gui 175: Silketeppe på senga er gullvove, *a or teissu* (H) / *gullvofet* (N). I K er det *sem gyllt være*, 'som om det var forgylt'.
- Gui 176: Verset er omsett i N, men finst ikkje i K.
- Gui 77: N er i samsvar med H i bruken av første person eintal, *Les altres dras ne sai preisier / æigi kann ec virða þau onnur klæði*, 'ikkje kan eg verdsetja dei andre (senge)kleda'. K nyttar tredje person eintal, *ei mätte hann virða onnur klæde*.
- Gui 193–194: H og N nyttar fleire nær synonyme termar for å skildra kor god bør skipet har. I H står det *Od lui s'en vat delivrement*, | *Bon oret e suëf vent*,

5. Tekstvandring

- ‘reiste straks avgarde med han, | God bør og mild vind’. Skipet i N har *hinn mæsti skriðr at ok byrr hinn bazti ok hinn hægazti*, ‘stor fart og den beste og mest lagelege børen’. Teksten i K har berre *hinn beste bir ä*, ‘den beste børen’.
- Gui 217: Verset er omsett i N, men finst ikkje i K.
 - Gui 219: *Vergier*, ‘frukthage’, i H er korrekt attgjeve i K, *alldinvidargarde*. Ein skrivur mellom den første omsetjinga og N har feillese dette og N har *alnar viðan garð*, ‘alenvid vegg/mur’ (Sjå Kalinke, 1979, 125).
 - Gui 221: I H og N er muren grøn, *vert* (H)/*grøens* (N). Dette finst ikkje i K.
 - Gui 239: H og N nemner *Le livre Ovide*. K gjer ikkje dette.
 - Gui 251–252: Rollene er ombytte i H og N. Der det i H er ektemannen som reiser og kjem heim, er det tenestejenta som gjer det i N. Eg har tidlegare argumentert for at dette stammar frå ein omsetjar si feillesing av personlege pronomer i den gammalfranske teksten (Budal, 2001, 150–151). Dette ser eg no at ikkje kan stemma. Teksten i K, *er hennar herra för heimann, þar til sem hann kom heim*, ‘frå herren hennar for heimanfrå, fram til han kom heim’, viser at den første omsetjinga har vore korrekt og at det er N som er forvanska (sjå dessutan Kalinke, 1979, 125–126 og 1980, 146–147).
 - Gui 255: I H og N er det presisert at presten er gamal, *vielz* (H)/*gamall* (N). Denne detaljen finst ikkje i K.
 - Gui 261: H og N har begge *Cel jur meisme* (H)/ *Pann hinn sama dag*, ‘den same dagen’. K har *Þad var eitt sinn*, ‘det var ein gong’.
 - Gui 261–265: Halve vers 261 og dei neste fire versa finst omsette i N, men ikkje i K. Gui 273–274: N og K utfyller kvarandre. N utvidar personskildringa i v. 273 med eit synonym, men manglar v. 274. K manglar personskildringa i v. 273, men har v. 274. Sjå Kalinke (1979, 116 og 126 og 1980, 144).

| H | N | K |
|--|---|--|
| Mes la meschine, ki fu sage E plus hardie de curage, | En fylgis mær hennar var kurtæis ok hyggin | Enn fylgiumær hennar var miklu diarfare |
| (Men møya, som var klok og som var modigare (...)) | (Og terna hennar var høvisk og klok.) | (Og terna hennar var mykje modigare) |

- Gui 278: I H går tenestejenta ‘ombord i skipet som er svært vakkert’, *Entre la neif, ki mut fu bele*. Ho, *gecc ovan til strandar ok sa a skipit sua fritt og fagrt*, ‘gjekk til stranda og såg det vene og vakre skipet’ i N. K har *gieck til strandar. og ut ä skiped. so fagurt og frijdt sijndest henne þetta skip*, ‘ho gjekk til stranda

og ut til skipet, og dette skipet syntest henne så fagert og fritt'. K ligg noko nærare H enn det N gjer.

- Gui 279: Tenestejenta finn 'ikkje noko levande' på skipet i H og N, *nule rien vivant* (H) / *ækki vetta* (N). I K finn ho *ecke neitt*, 'ikkje noko'.
- Gui 291: Frua og tenestejenta skundar seg i H og N, *ne targent mes* (H), *skundaðo* (N). K indikerer ikkje tempo og nyttar det nøytrale *föru*.
- Gui 292: Verset er omsett i N, men finst ikkje i K.
- Gui 315–316: N har same rekkjefølgje og innhald i desse versa som H, medan K har omvend rekkjefølgje og eit utvida innhald.

| H | N | K |
|--|---|---|
| De Bretagne la Menur fui. En bois alai chacier jehui; | Ec em komenn or hinu minna brætlande ok var ec i dag a væiðar farenn | Þad var eirn dag seiger hann, ad eg var ridenn til dijra veidar, ä minne föstur jordu þvi minna Brettlande |
| (Eg kjem frå Bretland Og i dag gjekk eg i skogen for å jakta.) | (Eg er komen frå Bretland. Og i dag var eg fare i skogen for å jakta.) | (Det var ein dag, seier han, at eg hadde ride for å jakta på dyr i fosterlandet mitt, Bretland.) |

- Gui 338: N attgjev det gammalfranske *cunseil*, 'råd' som *hialpræðe*, 'hjelperåd', og ligg nærare førelegget enn K med *hiälp*, 'hjelp'.
- Gui 341: H og N fortel begge at ektemannen er av god slekt: *de haut parage* (H) / *ætgoðr*. Denne detaljen finst ikkje i K.
- Gui 343: Verset er omsett i N, men finst ikkje i K.
- Gui 346: Verset er omsett i N, men finst ikkje i K.
- Gui 348: Verset er omsett i N, men finst ikkje i K.
- Gui 357–358: H har *volentiers vus sojurmerum | e de bon quer vus servirum*, 'me tek oss gjerne av deg | og tener deg med godvilje'. Omsetjinga i K attgjev heile innhaldet i denne kupletten; *þä skulum ved giarnan taka vid þier og med goðvilia þiöna*, medan N har ein nedkorta versjon av denne; *Giarna skulom ver þer með goðvilia þiona* (Sjå Kalinke, 1980, 145).
- Gui 370: I H og N vaskar frua og tenestejenta såret og låret til riddaren, *Sa plaie e sa quisse laverent*; (H) / *þúogo þær þa lær hans ok saret*. I K vaskar dei berre såret, *þvögu säred*.

5. Tekstvandring

- Gui 375–378: Episoden med kveldsmat er både nedkorta og omskrive i N jamført med H, men han er der. Det er ikkje tilfelle i K.
- Gui 379–380: N er ei nær omsetjing av H; *Mes Amur l'ot feru al vif; | Ja ert sis quors en grant estrif*, ‘men Amour har råka han hardt. | Hjarta hans er i stor liding’, er her attgjeve som *en ast hævir nu skæint hug hans. ok hiarta i úro*, ‘og kjærleik har no såra hug hans og hjarta i uro’. K har ein nedkorta versjon *umm er snüed hug hanz og hiarta*, ‘hug og hjarta hans er snudd (om)’
- Gui 383: Guigemar kjenner ingen smerte av såret sitt i H (*plaie*) og N (*sarssins*). K har låret (*lærenu*).
- Gui 385: Det gammalfranske *La meschine kil deit servir*, ‘møya som skulle tena han’ er i N attgjeve som *pionosto mæy*, men berre som *mey* i K.
- Gui 386 og 388. I H er det riddaren som bed tenestejenta gje han ro til å sova, *Prie qu'ele le laist dormir*. Trass i at det i v. 375 vert sagt at frua *gecc i brott*, ‘gjekk vekk’ bed frua i N og K tenestejenta om å forlata rommet i vers 386, *bað þa fruen* (N) / *þä bad früenn* (K). Vers 388, *Puis k'il li ad duné cungié*, ‘fordi han hadde gjeve henne løyve/fri’, er korrekt attgjeve i K, *hann gaf henne ordlof til*. Derimot er det framleis frua som gjev løyve til dette i N, *hon gaf hænni læyvi*. Den gammalnorske teksten er dermed korrumpert, men lese måten i K viser at dette har vore korrekt omsett, og ein kan rekna med ein opphavleg tekst **hann gaf hænni læyvi*. Forklaringa på pronomensforvekslinga kan liggja i bruken av forkortingsteikn i den gammalnorske teksten.
- Gui 390: I N er det gammalfranske *reschaufee*, ‘oppvarma, skålða, brent’ attgjeve med *orvað*, av *ørva*, ‘moda opp, kveikja’. Dette vert av Cook og Tveitane retta til *ornað* på grunnlag av den gammalfranske teksten (1979, 24). Dei var då ikkje kjende med teksten i K. Denne teksten har nettopp *ornad*, av *orna*, ‘orna, verta varm’ (Sjå Kalinke, 1980, 146).
- Gui 411: H og N er i samsvar, ‘riddaren vaker heile natta’, *Tute la nuit ad si veillé* (H) / *vakte hann alla þa nött* (N). K har *var hann þä alla nött*, ‘var han slik heile natta’.
- Gui 414–415: N og K fyller kvarandre ut i attgjevinga av den gammalfranske teksten. H har *Les paroles e le semblant*, | *Les oilz vairs e la bele buche*, ‘talen og utsjånaden | dei lyse augene og den vakre munnen’. Både N og K har *ræðor hænnar* (N) / *hennar rædur* (K) (H: *les paroles*). Berre N attgjev *Les oilz vairs*,

5.3. Tekstendringar på mikronivå

og då som *fægrð hænnar augna*. På den andre sida er det berre K som har *fegurdar litur* som svarar til *le semblant*.

| H | N | K |
|--|---|--|
| Les paroles e le semblant, Les oilz vairs e la bele buche | ræðor hænnar – fægrð hænnar augna – | hennar rædur fegurdar litur – – |
| (Talen og utsjånaden dei lyse augene og den vakre munnen.) | (Talen hennar og venleiken til augene hennar.) | (Talen hennar og den fagre utsjånaden.) |

- Gui 422: Verset finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 431–436: Tenestejenta kjenner berre til frua sine kjensler i H, men talar om begge to i N. K er i samsvar med H, og det er dermed mogleg at presiseringa er innskoten av skrivaren av N. Her følgjer v. 431–433:

| H | N | K |
|--|--|---|
| La meschine ki od li fu Al semblant ad apareceü De sa dame que ele amout | En mæren er þionaðe hænni fann þegar huat þeim var. ok at ast vollde huarotvæggia hanom ok hænni. ok at fruen var fastre ast tekin. | enn mærenn er þionade henne fann þegar hvad um var, ad hun var fastre äst tekenn |
| (Møya som var med henne såg på framferda hennar at frua hennar elska.) | (Og jenta som tente henne, oppdaga straks kva det var mellom dei, og at kjærleik styrte både han og henne, og at frua var teken av ein sterk kjærleik.) | (Og jenta som tente henne, oppdaga straks kva det var, at ho var teken av ein sterk kjærleik.) |

- Gui 434–435: Versa finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 440–443: Både den gammalnorske og den islandske teksten er prega av ei feillesing der det er Guiamar og ikkje tenestejenta som tek ordet. Trass dette er den islandske teksten nærare H, då denne tek til med *Vinur*, ei omsetjing av

5. Tekstvandring

Amie, men der hokjønner har vorte hankjønner. For utfyllande kommentarar sjå Kalinke (1979, 129 og 1980, 147–148) og Budal (2001, 152–153).

- Gui 445: N, *herra sagðe hon þu annt*, ‘herre, sa ho, du elskar’, er ei ordrett omsetjing av H, *Sire, fet ele, vus amez!*. Utsegnisfrasen er ikkje attgjeven i K.
- Gui 447–448: Versa finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 455: I H og N seier Guigemar at han er teken av ein slik kjærleik, *Je sui de tel amur espris* (H) / *Ek em (...) þæirre ast tækinn* (N). Den islandske riddaren er slått av ein slik kjærleik, *eg er þeirre äst sleigenn*.
- Gui 461: Verset finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 465: ‘Etter at frua har høyrte messa’, *Quant la dame ad la messe oïe*, er omsett som *NV sem fru hænnar hafðe høyrte þat sem hon mællti*, ‘No som frua hennar hadde høyrte det ho sa’, og messa er forsvunnen heilt frå den gammalnorske teksten. Dette finst ikkje i K. Ulikskapen mellom dei to setningane dreier seg om kva som vert høyrte, messa (H) eller det tenestejenta seier (N). Tenestejenta er alltid omtala som *la meschine* i den gammalfranske teksten. Her ser det ut som om anten ein gammalfransk skrivar eller omsetjaren har lese **Quant la dame (ad) la meschine oïe*, ‘Etter at frua hadde høyrte tenestejenta’.
- Gui 475: N er ei nær ordrett omsetjing av H, *Il la salue, e ele li* (H) / *hæilsaðe hann hænni ok hon honum* (N), ‘han helsa på henne og ho på han’. Dette er komprimert i K, *heilsade nu hvort òdru*, ‘dei helsa no på kvarandre’.
- Gui 477–480: Riddaren er redd for å fortelja kvinna om kjenslene sine i den gammalfranske teksten, medan dette gjeld frua i den gammalnorske. K er i samsvar med N.

| H | N |
|--|---|
| Il ne l’osot nient requere; | en hon villdi æigi sægia honom ne syna vilia sinn. |
| Pur ceo qu’il ert d’estrage tere | þui at hann var hænni ukunnegr ok or oðru lande. |
| Aveit pöür, s’il li mustrast. | hon ottaðezc ef hon birter nokot fyrir honum |
| Qu’el l’enhaïst e esloinast. | þat sem hon hafðe hugfast at hann myndi hata hana. og hafna hænni. |
| (Han torde ikkje å spørja henne om nokon ting fordi han kjem frå eit framand land. Han var redd for at om han viser henne (kjærleiken); at ho vil hata han og senda han vekk.) | (Men ho ville ikkje fortelja han eller visa han viljen sin, for han var framand for henne og frå eit anna land. Ho var redd for at dersom ho gjer noko av det som ho har i tankane kjent for han, at han då vil hata henne og vraka henne.) |

Dette er så omfattande at det er lite truleg at det er omsetjaren som har endra på teksten. Ei jamføring med Rychners variantapparat (1983) og ikkje minst Otaka (1987) si diplomatariske utgåve av teksten frå handskriftet H viser at den gammalnorske teksten er i samsvar med teksten i H, medan Rychner har emendert teksten.

- Gui 509: Verbtida *gérondif* i H er attgjeven som presens partisipp i både N og K. *En riant*, ‘leande’, er omsett til *læiande* i N. Bruken av det nær synonyme *brosande*, ‘smilande’, i K, gjer at den islandske teksten her ligg lengre frå den gammalfranske enn det den gammalnorske gjer.
- Gui 515: Guigemar talar om *Femme jolive de mestier*, ‘ei kvinne som er lettsindig’ (H). Uttrykket spelar kan hende på *femme de mester*, ‘prostituert’. Det ser ikkje ut til at dette har vorte forstått, N har *Su kona er skartsom er*, ‘den kona som er fin på det’, og K har erstatta adjektivet med *kurteis*.
- Gui 543: H og K har morgon, *matin* (H)/*morgun* (K). Det same semantiske innhaldet finst i N i *miok arlla dags*, men dette er ei omskriving av H.
- Gui 545: Verset gjev eit kort innblikk i den fysiske kjærleiken mellom Guigemar og frua. Ei omskriving av dette finst i N, men ikkje i K.
- Gui 556: Verset finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 559–567: Frua lagar ein *plait* i skjorta til riddaren slik at dei skal kjenna kvarandre att dersom dei kjem bort frå kvarandre. Tydinga av *plait* ser ikkje ut til å vera den same i den anglo-normanniske dialekten som på gammalfransk. Ewert (1969), Rychner (1983) og Otaka (1994) tek alle tydinga frå dei største gammalfranske ordbøkene (Godefroy, Tobler-Lommatzsch). I desse ordbøkene er ein *pleit*, oppført under *plait*, er ein ‘knote’. Det første dømet til Tobler-Lommatzschs på bruk av ordet er nettopp desse versa frå *Guigemar*. På den andre sida gjev *Anglo-Norman Dictionary* ‘fald’ som omsetjing, med dei ortografiske variantane *plei*, *plet* og *pleit*.

I *Guigemar* er *pleit/plet/plait* nytta i fleire gonger (Gui 564, 599, 734 og 801) og er omsett til det gammalnorske *faldr*, ‘fald’. Ordet eller det samrøtte verbet er innskote i presiseringar i v. 565, 567, 653, 793, 804, 805, 808. I v. 559–560 og 564 er substantivet *pleit* erstatta med verbet *fallda*. Seinare i teksten er *le pan*, ‘stoffbit, skjorteflak’ (GuiL 810) nytta om denne knuten.

Den gammalnorske omsetjinga *faldr* er i samsvar med den anglo-normanniske tydinga av substantivet. Ei slik omsetjing kan vera eit teikn på at omsetjaren har hatt tilhaldsstad i England ei tid. I Cook (1979, 29) si engelske omsetjing av den gammalnorske teksten er *knot* nytta. Ei slik omsetjing samsvarar i større grad med den gammalfranske teksten enn den gammalnorske.

- Gui 569: Verset finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 573–575: Skifte frå indirekte til direkte tale i N og K.

5. Tekstvandring

- Gui 579: Den som oppdagar Guigemar og frua, er i H *un chamberlenc mal veisié*, ‘ein vondsinna og svikefull kammertenar’. I N er han ein *vandr riddare*, ‘ein vond riddar’, ytterligare korta ned i K, der det er *einn riddare*.
- Gui 582: Sendemannen til ektemannen kjem ikkje inn i *la chambre*, soverommet eller dei private gemakkane til frua i H. Dette vert omsett til *lopteno*, ‘bursloftet’ i N, medan K har *hüsenu*.
- Gui 589: Ektemannen let bryta opp døra til soverommet, *Il en ad fet l’us depescier* (H) / *let hann þa briota upp hurðena* (N). I K er det “dei”, altså ektemannen og folket hans som gjer dette, *þeir (...) brutu upp hurdena*.
- Gui 603: Andre halvdel av verset, *e dunt fu nez*, ‘og kvar han var fødd’, er omsett i N, *ok huar hann var barnnfæddr*, men ikkje i K.
- Gui 604: Verset er ikkje attgjeve i N. Etter omsetjinga av v. 605 at K har ein variant, der det gammalfranske *E coment est laeinz entrez*, ‘og korleis han kom inn der’, er attgjeve som *þad sem til bar hanz þar komu*, ‘det som førte til at han kom dit’.
- Gui 607–610: Guigemar fortel ektemannen om hjortekolla og skipet. Desse versa er omsette i N, men ikkje i K.
- Gui 603–616: I denne dialogen mellom ektemannen og Guigemar er tredje person og indirekte tale nytta i den gammalfranske teksten, medan det i den gammalnorske teksten er ei veksling mellom indirekte og direkte tale. Dermed er det nytta indirekte tale i GuiS 603–609, direkte tale i GuiS 610–612, og til slutt indirekte tale i GuiS 614–616. Den delen av dette som finst i den islandske teksten tilsvarar Gui. Ei veksling mellom direkte og indirekte tale finst òg i den delen som av dette som finst i den islandske teksten.

| H | N | K |
|---|--|--|
| Ki il esteit e dunt fu nez | huat manna hann være. ok huar hann var barnnfæddr. | hvad manna hann være, |
| E coment est laeinz entrez. Cil li cunte cum il i vint | ok talðe hann honom allt huersu hann kom þangat | enn hann talde honum allt hvorsu hann kom þar, og þad sem til bar hanz þar komu, |

5.3. Tekstendringar på mikronivå

| H | N | K |
|---|---|---|
| E cum la dame le retint; Tute li dist la destinee De la bise ki fu nafree E de la neif e de sa plaie. | ok huersu fru hans tok væl við honom. ok (608) fra kollonne (607) er sagðe honom orlog hans þa er hann hafðe sært hana. ok huerso hann fecc sar af henni ok fra skipi þui er hann a stæig. ok huersu skipit flutti hann þannog | og hvorsu früenn tók við honum, |
| Ore est del tut en sa manaie! | ok með þæssom hætti kom ec i þitt valld. | |
| Il li respunt que pas nel creit, | Þa suaraðe sa herra honum at hann truði æigi þui er hann hafðe sagt honum | þä sv(arar) borgarherrann honum og sagde, ad hann tryde ei þvi sem hann sagde honum, |
| E s'issi fust cum il diseit, | en ef sua er sem þu hævur sagt. | enn ef svo er sem þu seiger, |
| Si il peüst la neif trover, | ok værðr skipet fundit | ok verde skiped hier funded, þä skal þig þar ä läta i haf reka, |
| Il le metreit giers en la mer: | þa scal þægar ræka hann i haf. | |
| S'il guaresist, ceo li pesast, E bel li fust si il neiast! | ef hann tynizt þa er honom fagnaðr. (615) en ef hann kœmr kuikr ok hæill af skipino þa likar honom illa. | þä er honum fagnadur ad hann tijnest, enn ef hann kiemur qvikur i land af skipenu, þä lijkar borgarherrann þad illa. |
| (Kven han var og kvar han var fødd og korleis han kom dit inn. Han fortalde han korleis han kom dit og korleis frua tok seg av han. Han fortalde han alle hendingane om hjortekolla som vart sára og om skipet og om såret sitt. No er han heilt i hans vald! | (Kva slags mann han var og kvar han var fødd. Og han fortalde han alt om korleis han kom dit, og om korleis frua tok vel i mot han. Og om hjortekolla som fortalde han lagnaden hans etter at han hadde sára henne. Og korleis han fekk sár av henne og om skipet og korleis han gjekk ombord i det og korleis skipet frakta han dit. Og på dette viset kom eg i ditt vald. | (Kva slags mann han var. Og han fortalde han alt om korleis han kom dit og kva som førte til at han kom dit, og korleis frua tok i mot han. |

5. Tekstvandring

| H | N | K |
|--|---|--|
| Han svara han at han ikkje trudde han og dersom det var slik som han sa om han kunne finna skipet då skulle han senda han til havs. Dersom han overlevde, ville dette plaga han og det ville gleda han dersom han drukna.) | Då svara den herren han at han ikkje trudde på noko av det han hadde sagt han. Men dersom det er slik som du har sagt, og om skipet vert funne, då vil han straks senda han til havs. Dersom han døyr, vil dette gleda han, men dersom han kjem levande og heil av skipet vil han mislika dette.) | Då svarar borgherren han og sa at han ikkje trudde på det han fortalde han. Men dersom det er slik som du seier og om skipet vert funne her, då skal eg la deg reka til havs på det. Det vil gleda han dersom han døyr, men dersom han kjem levande i land frå skipet, vil borgherren mislika dette.) |

- Gui 618: *Hafne*, ‘hamn’, i den gammalfranske teksten er omsett til *strandar*, ‘strand’ i både N og K.
- Gui 622: Andre halvdel av verset, *suspire e plure*, ‘sukkar og gret’, er omsett i N, *andvarpaðe gret*, men ikkje i K.
- Gui 624–627: Versa er omsette i N, men finst ikkje i K.
- Gui 629: Verset er omsett i N, men finst ikkje i K.
- Gui 630: I H er det skipet, *la neifs*, som kjem til hamn. N og K har *hann*, altså Guigemar.
- Gui 632: H har *sa cuntree*, korrekt attgjeve som *ä sijnu fösturlande* i K. *hia fylki sinu* i N er ei feillesing.
- Gui 655: I H og N vil forteljaren visa *vus mustrer* (H) / *syna yðr* (N) tilhøyrarane kva som skjedde med kona. K har varianten *segia*.
- Gui 659: Frua vert fengsla i *une tur de marbre bis*, ‘eit grått marmortårn’. N og K har begge *æinn hovan turn* (N) / *eirn häfann turn* (K), ‘eit høgt tårn’. Det er mogleg at adjektivet *bis* ikkje har vorte forstått at omsetjaren. Ordet er heller ikkje attgjeve i dei tre andre tilfella det er nytta i gammalfransk tekst, alle i *Lanval*. Dette viser ikkje nødvendigvis at omsetjaren ikkje har kunna ordet; Jan 59 er del av ei lakune og Jan 571 er del av eit langt parti som ikkje finst i omsetjinga. Det som står att er Jan 634 der *perrun de marbre bis*, ‘grå marmorstein’ er omsett til *malmara steinn*, ‘marmorstein’.
- Gui 690: Slottet til Meriadus er *vaillant e fort*, ‘rikt og sterkt’. I N er det òg nytta to adjektiv i skildringa av dette, *myklom ok osækelegom*, ‘stort/rikt og utakande’. I K er slottet berre *miklum*.

- Gui 691–692: N er ei nær ordrett omsetjing av H. K er ei omskriving av denne. V. 691:

| | | | | |
|---|----------|--------|--------------|------|
| H | Li sires | a ki | li chastels | fu |
| N | herra | sa er | þann kastala | atte |
| K | herra | sä sem | honum | ried |

V. 692:

| | | | |
|---|--------------|----------|----------|
| H | Aveit | a nun | Merīadu |
| N | var kallaðr | at nafne | Meriadus |
| K | var kalladur | – | Meriadus |

- Gui 693: Meriadus krigar med *un suen veisin*, ‘ein av naboane sine’, i H. N har *æins græiva sins* og K *eins greiva sijns*. Keyser og Unger (1850, 98) meiner at førelegget til N kan ha hatt *vavassin*, ‘undervassal’ eller at omsetjaren har lese *veisin* som *vavassin*. *Veisin* er elles rett omsett til *granna* i fleire av forteljingane (Esk 4, 14; La 23). Kalinke (1979, 134) seier seg einig med Cook og Tveitane (1979, 33) sitt framlegg om at *græiva*, ‘greve’, er ei feillesing for *granna*. Denne felles feilen er eit av hovudargumenta til Kalinke for at N og K har eit felles opphav, ikkje berre den første omsetjinga, men den same avskrifta av ho.
- Gui 699: Andre halvdel av verset finst berre omsett i N og ikkje i K. I H og N vert det her presisert at Meriadus klatrar ned ei trapp, *un degré* (H) / *graddornar* (N).
- Gui 708: Frua er ‘uendeleg vakker’, *bele (...) a demesure*, medan ho i N og K er *hin friðasta allra þeirra er hann hafðe fyrr set*, ‘den vakraste av alle han nokon gong hadde sett’.
- Gui 712: Verset finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 720: Meriadus elskar frua ‘av heile sitt hjarte’, *de bon quor* (H) / *af ollu hiarta* (N). K tonar dette ned, og han elskar henne *miked*.
- Gui 722: Verset finst i H og N, men ikkje i K. Dette kan vera ein skrivefeil, ein *saut du même au même*. Det er sannsynleg at N har ein tekst som liknar den i det felles førelegget til N og K, *þat sem hann mællti ok syndi hon honum þa bælltit er læst var um hana ok mællti aldre scal ec unna manne*, ‘det som han sa, og då viste ho han beltet som var festa i kring henne og sa: Aldri skal eg elska ein mann...’. K har ein nedkorta versjon av denne: *hvad hann mælte, aldre scal eg manne unna seiger hun* ‘det han sa: Aldri skal eg elska ein mann,

5. Tekstvandring

seier ho'. Spranget i K jamført med N går frå den utheva *mællti* til det neste tilfellet av dette ordet.

- Gui 723–724: Indirekte tale i H er attgjeve som direkte tale i N og K.
- Gui 726: Andre halvdel av det gammalfranske verset er attgjeve og utvida med eit synonym i den gammalnorske teksten: *par maltalent*, 'i harme', er *i angre ok ræiði sinne* i N. K har ikkje noko som svarar til dette.
- Gui 733: Verset finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 735: Andre halvdel av verset finst omsett i N, der *suspira*, 'sukka', har vorte til *andvarpaðe*. Dette er ikkje attgjeve i K.
- Gui 738: Dette verset finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 747–748: N ligg nærare SP enn H. H har *Chevaliers manda e retint*, | *Bien sei que Guigemar i vint*, 'Han sende bod etter riddarar og sette dei i si teneste. | Han veit godt at Guigemar kjem dit'. SP har *molt i ot semons chevaliers* | *Guiamar i fu toz li premiers*, 'mange riddarar vart stemnde dit. | Guiamar var der først av alle', ein kuplett som er svært lik den gammalnorske *stæfndi hann til sin myklom fiolda riddara ok kom þar fyrstr allra herre Gviamarr rikulega herbuin*, 'han stemnde til seg ein stor flokk riddarar og først av alle kom herre Guiamar dit, rikt herbuen'. K er i samsvar med N.
- Gui 749–752: Versa finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 762: Verset finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 771–772: Begge versa finst omsette i K, men berre det første er med i N (Kalinke, 1980, 145).
- Gui 782: Hjarta til Guigemar *suspire e tremble*, 'sukkar og skjelv'. Dette er delvis attgjeve i N med *allr skælfr hugr minn ok hiarta*, 'heile hugen og hjarta mitt skjelv', men er ikkje med i K.
- Gui 786–787: Versa finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 790: Meriadus snakka til Guigemar *en riant*, 'leande'. Dette finst i N som *læiande*, men finst ikkje i K.
- Gui 796–798: Versa finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 803–804: Kalinke (1979, 136) meiner at det islandske *og villde nu þegar taka til skyrtunnar, ad leisa fallden*, 'og ville no straks gripa skjorta og løysa falden', er ei fri omsetjing av det gammalfranske *Kar volentiers s'i essaiast* | *S'ele peüst u ele osast*, 'ho ville gjerne freista på det, dersom ho fekk høve til det eller torde'. Den tilsvarande tekstbolken i N ser ho som ei dårlegare attgjeving: *at hon þorðe æigi þat sem hon villde. til at taka skyrtuna ok læysa falldenn*, 'at ho ikkje torde det som ho ville. Å ta skjorta og løysa falden'. For meg ser det ut som om K her gjev omsetjinga av v. 803 og N den av 804, før begge avsluttar med eit presiserande tillegg.
- Gui 811: Frua løyser falden *legierement*, 'lett'. I eit vers som elles er ordrett attgjeve i N, løyser ho falden *skiott*, 'raskt'. Det finst ingen variantar i dei

andre gammalfranske handskriftene, og K skriv om dette verset. Det finst fleire gammalfranske alternativ for *legierement* som vil stemma med stavingstalet og gje *skiott* som omsetjing, til dømes *delivrement* eller *hastivement*.

- Gui 815: Andre halvdel av verset, *A li parlat en teu mesure*, ‘Snakka til henne på slikt vis’, er ikkje med i N, men i K som har *mællte hann so til hennar*.
- Gui 817: Teksten i H; *Estes vus ceo? Dites mei veir!* ‘Er dette deg? Fortel meg sanninga!’ er nær ordrett omsett i N; *ertu þæsse unnasta min. sæg mer satt*, ‘er du kjærasten min? Fortel meg sanninga!’ K har slått saman desse to setningane: *seig mier nu satt til ef þu ert mijn unnusta*.
- Gui 822–824: Kalinke (1980, 150) peikar på desse linene i N har same innhald, men ikkje same struktur som H. K har strukturen, men eit avvikande innhald.
- Gui 828–834: N set om denne oppsummeringa av kva som har hendt med frua sidan dei to elskande sist var saman. K går ikkje i detalj, og gjev ein omskriven versjon av v. 828.
- Gui 835: Skifte frå indirekte til direkte tale der det gammalfranske *Ore est sa joie revenue*, ‘no er gleda hennar komen attende’ er attgjeve som *En nu er kuað hon fagnaðr minn fundinn*, ‘og no er, sa ho, gleda mi funnen’. K er i samsvar med N.
- Gui 838: H og N har fleirtalsform: *Seignurs/Herrar*. K har eintal *Herra*.
- Gui 845: Verset finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 847: Andre halvdel av verset, *beus amis* (H)/ *goðe vinr* (N), finst ikkje i K.
- Gui 851–852: Versa finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 863: Det gammalfranske *nuit* er attgjeve som *kuælld* i N og K. Om dette sjå Gui 77.
- Gui 866: Fienden til Meriadus er *joius e liez*, ‘glad og lukkeleg’. Tautologien er attgjeven i N, *feginn ok glaðr*, men ikkje i K, *feigenn*.
- Gui 867: Verset finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 870: Verset finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 878: Verset finst i H og N, men ikkje i K.
- Gui 858: N har *er til banlagaraz varo komnir ok atræiðar*. Ordet *banlagaraz* er ikkje kjent frå andre stader. Keyser og Unger utelukka ikkje ei feillesing på denne staden (1850, 97). Cook og Tveitane opnar for at dette er genitivsforma av eit elles ukjent substantiv, **banlagaráð* (1979, 38–39). I si jamføring med K viser Kalinke (1980, 146) at den gammalnorske teksten er korrump, fordi den islandske har varianten *til bardaganns*.

5. Tekstvandring

5.3.4 *Eskia*

Forteljninga er overlevert i handskriftene H og S og omsett i N.

- Esk 149: Byen tenestejenta ber spedbarnet til er *une vile riche e bele*, ‘rik og vakker’. Dette er omsett som *æinn bæ rikan ok læynelegan*, ‘ein rik og hemmeleg by’. Cook og Tveitane (1979, 48) peikar på at omsetjarens kan ha lese *celee*, ‘løynd’, i førelegget sitt. *Celee* ville ha brote med rimet.
- Esk 173: I H står det at tenestejenta legg frå seg barnet *desuz treet*. Preposisjonen *desuz* er i anglo-normannisk nytta for både ‘under’ (normalisert *desus*) og ‘over, på, på toppen av’ (normalisert *desoz*). Rychner (1966) og Ewert (1969) vel å nytta forma *desus* i utgåvene sine, medan Lods (1959) vidarefører forma frå handskriftet H. Dei samanfallande preposisjonsformene gjer at barnet vert plassert i greinene til treet i både Hanning og Ferrante si omsetjing til moderne engelsk (1982, 77) og i Micha si til moderne fransk (1990, 107). Den gammalnorske omsetjaren har forstått preposisjonen som *undir*, ‘under’, og i N vert barnet plassert under treet. Dette er det som er logisk i konteksten.
- Esk 201: Mannen som finn *Eskia* under treet ber dotter si gje barnet *vostre leit*, ‘melka dykkar’. I den gammalnorske teksten har dette vorte til *briost þitt*. Det sematiske innhaldet er identisk, men uttrykka dei to språka nyttar for handlinga er ulike.
- Esk 223: Abbedissa fortel at ho skal la barnet *nurir*, som her må lesast som ‘fø opp’. Verbet er dessutan nytta i tydinga ‘amme’. I *Eskia* skal ho la barnet *skira*, ‘døypast’. Moglege førelegg for dette ville har vore *confermer* eller *cristiener*, men begge desse ville ha brote med versemålet. Bruken av *skira* i den gammalnorske teksten framhevar den kristne oppsedinga *Eskia* får av abbedissa i klosteret. Det er mogleg at den gammalnorske omsetjaren har ønskt å leggja vekt på dette. Eit alternativ er at den første omsetjinga har hatt *fóstra* eller *fæda* (*upp*), ei korrekt omsetjing av *nurir* og at dette av ein seinare skripar har vorte endra til *skira*.
- Esk 269: I H har Gurun ‘andre planar’, *ad autre acheisun*, enn å få syndsforlating. Teksten i N presiserer det som er underforstått i H, her bryr Gurun seg meir ‘om jenta’, *um mæyna*, enn om bønene deira.
- Esk 296–302: Abbedissa forklarar jenta korleis ho vart funnen. Den gammalfranske teksten har indirekte tale og tredje person eintal, dette er endra til direkte tale og første person eintal i den norrøne teksten.
- Esk 324: Her er det ei tydingsforskyving i den gammalnorske teksten jamført med den gammalfranske. Omgjevningane til Gurun pressar han til å gifta seg for å få *enfant*, ‘barn’. I den gammalnorske teksten vert årsaka til at dette

barnet er viktig gjort eksplisitt; han må gifta seg for å få ein *rettan arva*, ‘ein rettmessig arving’.

- Esk 331–332: Venene til Gurun tiltalar han med *Sire*, ‘herre’, i H. Nemninga *Granni* i N gjer dei meir jamstelte med Gurun. Forklaringa på dette skiftet kan vera å finna i framhaldet av verset, *ci pres de nus*, ‘i nærleiken av oss’.
- Esk 349: I N vert Eskia gøymd og ‘send bort’, *brott send*. Dette bryt med logikken i det som følgjer, der Eskia framleis er ein del av hushaldet til Gurun. Dei nærliggjande omgrepa *læynd* og *brott send*, som er nytta i den gammalnorske teksten, kan stamma frå tendensen til synonyme utvdingar i N.
- Esk 363: I den gammalfranske teksten kjem ‘brura hans’, *s’espuse*. N har her ‘far til brura’, *faðer brudarennar*. Vers 364 presiserer på begge språk at mor til brura følgjer henne til bryllaupet. Bruras far er lenge fråverande i den gammalfranske teksten, og han kjem ikkje til syne før etter bryllaupet (det vert sendt bod på han i v. 454). I N er han omtala ein gong til før oppklaringsscena, sjå kommentaren under Esk 370. Den sentrale rolla bruras far hadde i avtalar om giftemål og godkjenning av desse kan vera opphav til at far vert inkludert i den gammalnorske teksten, utan at det med dette er sagt noko om at han hadde ei anna rolle innanfor dei anglo-normanniske tradisjonane.
- Esk 370: Der mor til tvillingjentene i H vil ordna det slik med *sun gendre*, ‘svigerson sin’, at Eskia vert gift vekk, er det *herra sinom*, altså ektemannen som kjem til å få spørsmålet i den gammalnorske teksten. *Gendre* er korrekt omsett i Esk 494 til *magi*, av *mágr*, ‘verfolk, ofte om dottermann’. Dette opnar for at det i førelegget til EksS 370 kan ha stått **sun seignur*. Dette er i samsvar med Esk 454, der mora sender bod på *sun seignur/herra sinom*.
- Esk 371: Søstera reiser heim med foreldra sine som vil gifta henne vekk til ein *produme*, ‘ein verdig/dugande mann, heidersmann’. *Produme* er tidlegare i teksten attgjeve som *dyrrlegr maðr*, ‘framifrå mann’ (Esk 332). Det gammalnorske *nokkorom manni* signaliserer eit noko meir tilfeldig val, utan særlege krav, enn det *produme* gjer. Dersom formuleringa stammar frå det gammalfranske førelegget til omsetjinga, må det ha hatt **un hume*.
- Esk 401: Fresne tykkjer ikkje at teppet som ligg på ektesenga er bra nok, *mie bons*. Den gammalnorske Eskia synest *þat samði æigi tign herra hænnar*, ‘det var ikkje passande for å heidra herren hennar’. Den gammalnorske teksten er meir eksplisitt.
- Esk 407: Biskopen kjem til soverommet til dei nygifte *Pur eus beneïstre e seiner*, ‘for å velsigna og gjera krossteikn over dei’. I den gammalnorske teksten er det ektesenga deira som skal velsignast: *at signa rekkio þæirra*. Her har handskriftet H varianten: *enseiner*, som kan ha vorte lese *en seiner/seigner*. Det er mogleg å tenkja seg eit gammalfransk vers **Eus beneïstre e en*

5. Tekstvandring

seigner, der det pronominale adverbet *en* peikar attende på senga i v. 404. I så fall er berre siste halvdelen av verset omsett.

- Esk 424: Fresne gjer i stand ektesenga og legg det vakre teppet sitt over det teppet som allereie er på senga, *Sur le covertur le geta*. I N legg ho teppet sitt på senga, *yvirbræiddi rækkiona þætta pæll. Cuvertur*, kan ha vore lese som *couche*, ‘seng’, anten på gammalfransk eller gammalnorsk side. Dersom dette har skjedd på gammalfransk side, manglar ei staving i verset. Ein variant av verset der *desur* er nytta løyser dette. Dette er tilfelle t.d. i omtalen av kva teppe som er på senga i *Guigemar* (GuiL 176) og sveipinga av spedbarnet i teppet i *Fresne* (FreL 123). Eit mogleg førelegg for den gammalnorske teksten er i så fall **Desur la couche le geta*.
- Esk 452: Mor til Fresne datt i uvit bakover, *Ariere cheit*, medan mor til Eskia fell i bakken, *fell hon til iarðar*. Tydingsforskyvinga verkar ikkje inn på handlinga. I dei gammalnorske omsetjingane av Marie de France sine *Lais* er uttrykket *falla til jarðar* nytta i to andre forteljingar. Første gong er det den såra hjortekolla i *Guigemar* som *chai* (H)/*fell* (...) *til iarðar* (N) (Gui 96), og her har ikkje det gammalnorske uttrykket nokon parallell i den gammalfranske teksten. Det har det derimot i *Chetovel*. I det frua får vita kva som har skjedd med dei fire kjærastane hennar fell ho i bakken, *chiet a tere* (H), direkte omsett som *fell til iarðar* (N) (Che 144). Det er ingen overleverte variantar for FreL 452, men eg ser det som sannsynleg at førelegget til omsetjinga har hatt varianten **A tere cheit*. Den ortografiske likskapen mellom *Ariere* og *A tere* gjer dette til ein sannsynleg lesemane.
- Esk 488: Gleda over å få ei dotter han ikkje visste om, får far hennar Fresne til å takka Gud for denne store gleda, *Grant joie nus ad Deus donee*. I den gammalnorske teksten er dette attgjeve som *guð gaf oss þetta at vita*, ‘Gud gav oss dette å vita’. Dette ser ut som ein korrupsjon.
- Esk 517: Cook og Tveitane ser *lai de fræðni* som ein “badly transmitted form of *lai del Freisne*”. Togeby (1972, 345) peikar på at denne stavemåten er i samsvar med den anglo-normanniske uttala der [sn] vert til [dn] og dermed *fresne* til [fredne]. Dette tyder på at omsetjaren ikkje berre kunne lesa gammalfransk, men òg kjende til den anglo-normanniske uttalen. Dette kan enklast forklarast med at han har budd i England ei tid.

5.3.5 *Equitan*

Forteljninga finst i to gammalfranske handskrifter, H og S, og er omsett i N.

- Eq 12: I den gammafranske teksten vert det sagt at Equitan er *reis*, ‘konge’. Denne detaljen er ikkje med nokon stad i den gammalnorske teksten. Denne utelatinga fører likevel ikkje til at Equitan og lendmannen er meir likestilte i den gammalnorske teksten, der det kjem tydeleg fram at det er snakk om ein herre, Equitan, og ein som tek seg av administrative oppgåver for han.
- Eq 43–44: I den gammalfranske teksten fer kongen både for ‘å mora seg’, *esbanier* (EqL 43), og for ‘å jakta’, *chacier* (EqL 44). Berre *esbanier* er med i den gammalnorske teksten; *at skemta ser*. For mennene i dei gammalfranske tekstane er jakt og moro knytte tett saman, berre kvinner morer seg utan å jakta. Ved eitt anna tilfelle er dei rimande verba *esbanier* og *chacier* nytta (TyLA 21–22) og dei vert då omsette til *veiða* og *skemta* (TiS 21–22). Ein variant er samanstillinga av *chacier* og *deduire* som er å finna i EqL 27–28 der *sun chacier/sun deduire* er atgjeve som *at skemtan sinni (...) at væiða* i den gammalnorske teksten. Det er mogleg at den første omsetjinga har hatt både moro og jakt, men at dette har vorte stroke av ein seinare tekstredaktør.
- Eq 71–72: Desse to versa manglar i N, og tydinga av teksten er dermed endra. Utan dei er det ikkje lenger Equitans tankar kring truskapen til herren sin som er det sentrale, men truskapen til kvinna (Cook og Tveitane, 1979, 69).
- Eq 74: Truskapen til kvinna vert endå meir framheva i dette verset i den gammalnorske teksten. Der det i begge dei gammalfranske handskriftene står *Si cum jeo voil k’il face a mei*, ‘som eg vil at han skal gjera mot meg’, er teksten i N *sua sem ec villdi at hon gærði mer*, ‘slik som eg ville at ho gjorde mot meg’. Pronomenskiftet opnar for to tolkingar. Det er mogleg at teksten i N er ei korrekt omsetjing av den gammalfranske teksten. I så fall er det usikkert om Eq 71–72 var i førelegget til omsetjinga, fordi dette ville ha skapt eit logisk brot. Alternativt stammar pronomenskiftet frå den gammalfranske ‘han’ til den gammalnorske ‘ho’ frå ei feillesing i omsetjinga.
- Eq 129–132: *Se issi fust que vus amasse | E vostre requeste otreiasse, | Ne sereit pas uël partie | Entre nus deus la druërie*, ‘Dersom det skulle vera slik at eg elska deg | og gjekk med på framlegget ditt, | (132) ville ikkje kjærleiken mellom oss | (131) vera likestilt’. Cook og Tveitane (1979, 70–71) meiner at *ok mynda ec þa æiga fiandr sem nu a ec frændr. þar ovini sem nu a ek vini*, ‘og eg vil då ha fiendar der eg no har frender, uvener der eg no har vener’, er den gammalnorske omsetjinga av desse versa. Eg meiner at innhaldet i N ligg så langt frå teksten i H at eg ikkje meiner at dei gammalfranske versa er omsette, og at den gammalnorske tekstbolken ovanfor anten er eit innskot eller ei

5. Tekstvandring

omsetjing av ein annan gammalfransk tekst enn nokon av dei som i dag er kjende. Dermed har eg valt å føra dei opp som utelating og innskot i den synoptiske oppstillinga i andre bandet av avhandlinga. Eg ser det som lite sannsynleg at desse linene representerer ei omsetjing av EqL 129–132, men ser det som mogleg at førelegget til omsetjinga har hatt ein avvikande tekst.

- Eq 136: Kongens *dangier de l'amur aveir*, viser til hans *droit de seigneur*, altså 'retten til å få kjærleik'. I H er omsett til *ok gera þer vanda at unna mer*, 'og gjera det vanskeleg for deg å elska meg'.¹ Cook og Tveitane (1979, 72–73) foreslår at N ikkje skjønnte *dangier*, men dette bør nyanseras. *Vanda* er ei korrekt omsetjing av ei av dei andre tydingane av *dangier*, nemleg 'vanskeleg situasjon/vanske'. Dersom ein les det gammalfranske verset med denne tydinga, vert ho i omsetjing: 'Vanskane med å få kjærleiken [underforstått: min]'. Dette er i samsvar med den gammalnorske teksten.
- Eq 137: Kvinna ønskjer seg ein kjærleik som er *egals*, 'likestilt' (H). Denne er i N *trygg ok staðfost*, 'trygg og urikkeleg'.
- Eq 175: Eit av kjenneteikna til den høviske kjærleiken kjem til syne i teksten i H når det utrugne paret er plassert som herskarinne og tenar: *Vus seiez dame e jeo servanz*, 'ver du fru og eg tenar', medan dei i den gammalnorske teksten er jamstelte: *Ver þu fru en ec herra*, 'ver du fru og eg herre' (EqS 175). Forklaringa på *herra* i N er ikkje å finna i dei gammalfranske variantane. Det kan tenkjast at det her har vore ei feillesing, og at den gammalnorske omsetjaren har lese *seignur* eller *seneschal* og ikkje *servanz/serjanz*. Dette kan ikkje ha vore teksten i førelegget hans, då korkje stavingstalet eller rimet i den gammalfranske teksten i så fall ville stemma. Lendmannen til Equitan er i den gammalfranske teksten oftast omtala som *seneschal* (EqL 21, 29, 45, 72, 85, 109, 195, 202, 266, 268, 270, 276, 287, 301). Nemninga vert i all hovudsak omsett til *ræðismaðr*, men det er òg eitt tilfelle der ei samansetjing med *herra* er nytta (EqS 195). Den hyppige bruken av tittelen gjer det sannsynleg at omsetjaren hadde han friskt i minne, og at bruken av *herra* kan ha vore rein automatikk. Resultatet av endringa er ei likestilling av partane i N.
- Eq 230–236: Skiftet i eigepronomen frå tredje person eintal i den gammalfranske teksten; *A sun seignur* til første person eintal i den gammalnorske; *at minn herra*, er i samsvar med skiftet frå indirekte tale i den gammalfranske teksten til direkte tale i den gammalnorske, der kvinna forsikrar om at ektemannen snart er død.
- Eq 240: Kongen svarar elskerinna si at han vil gjera kva ho enn ber han om, endå om det endar med 'galskap eller klokskap', *Turt a folie u a saveir*.

1. Eg nyttar her Rychner (1966) og Otaka (1994) sine forklaringar av omgrepet. Spørsmålet om *droit de seigneur* har eksistert eller om det er ein myte går eg ikkje inn på her. Dette er mellom anna diskutert av Alain Boureau (1998).

Konsekvensane i den gammalnorske teksten er dårlege eller gode: *huart sem þat kann snuazt til illz eða goðs*. Tydingsforskyvinga er ikkje stor, men den gammalnorske teksten er meir nøktern enn den gammalfranske. Overraskande nok er dei engelske omsetjingane til Cook (1979, 77) og til Hanning og Ferrante (1982, 66) nær likelydande. Cook omset den gammalnorske teksten til “whether it turned out for ill or for good”, medan Hanning og Ferrante si omsetjing av den gammalfranske er “whether it turned out well or badly”.

- Eq 280: Det implisitte samleiet i den gammalfranske teksten; *E il la mist dejuste sei*, ‘og han la henne ved sida av seg’, er gjort tydelegare i den gammalnorske; *ok logðuzt þa bæðe saman*, ‘og dei låg begge saman’. Der det i den gammalfranske teksten er ein aktiv mannleg og ein passiv kvinneleg part, gjer endringa i pronomeren og verb partane til likestilte i den gammalnorske teksten.
- Eq 286: Dette er ei presisering der tenestejenta i den gammalfranske teksten får melding om å bli ved døra; *Une meschine i dut ester*, medan den gammalnorske vaktar døra: *mær æin gætte duranna*.
- Eq 288: Den gammalfranske tenestejenta heldt att døra; *A l’hus buta, cele le tint*, medan den gammalnorske heldt låsen i ein slags pars pro toto: *hann villde uppskiota hurðenni þa hellt mæren lokonne*. Handlinga vert ikkje endra, men den språklege variasjonen i den gammalnorske teksten er heldig.
- Eq 289: Lendmannen går til åtak på døra *par tel hair*, ‘med slikt hat/aggresjon’ og bryt ho opp. I den gammalnorske teksten gjer han dette *af ræiði*, ‘av harme’. Tydingsforskyvinga har ingen effekt på narrasjonen, men lendmannens kjensler i den gammalfranske teksten er meir intense enn i den gammalnorske.
- Eq 296: Kongen er så flau over å ha vorte oppdaga *in flagranti* av lendmannen sin at han hoppar opp i karet med kokande vatn. Dette gjer han *nuz e despuillez*, ‘naken og avkledd’, i den gammalfranske teksten. Han er litt meir anstendig i den gammalnorske, der han er *skyrta æinni klæddr. ok skolaus*, ‘kledd i ei skjorte, men skolaus’.

Tekststaden er ikkje kommentert av Cook og Tveitane (1979, 78) og handskriftet S gjev ingen alternative lesemtar av verset. Sjølv har eg inga god forklaring på kvifor kongen går frå å vera naken til å vera ikledd ei skjorte. Derimot ser eg to moglege forklaringar på *skólauss*, altså berrføtt eller skolaus. Føtene til kongen er omtala i andre halvdelene av føregåande vers (EqL 295) som ikkje er med i den gammalnorske teksten. Han hoppar i karet med *joinz piez*, ‘samla bein’. At føtene til kongen her er introdusert i narrasjonen kan ha fått ein gammalfransk tekstredaktør eller den gammalnorske omsetjaren til å lesa *despuillez* som *deschaucez*, ‘skolaus’. Med ei slik endring vil både stav- ingstal og rim framleis stemma og eg ser det som svært sannsynleg at verset i

5. Tekstvandring

førelegget til omsetjinga kan ha slutta på dette viset. Detaljen med skjorta i den gammalnorske teksten føyer ikkje noko til i narrasjonen, og det er liten grunn til at ei slik endring skal ha skjedd på den gammalnorske sida.

Dette opnar for at heile verset i førelegget til omsetjinga kan ha sett annleis ut. I dei gammalfranske tekstane er substantiva *chemise* og *bliaut* nytta for skjorte. Ei jamføring av korleis desse er attgjevne i dei gammalnorske tekstane viser at (1) *chemise* er nesten alltid omsett til *skyrta* (GuiS 139, 567, 558, 650, 793, 797, 810; DeS 101) og er oftast nytta om eit mannsplagg. Unntaka er *skinncyrttil* (DeS 136) og to nær identiske vers i *Tveggia elskanda lioð* og *Jonet* der *chemise* er attgjeve som *serc* (Tv1S 183 og JonS 341). (2) *Bliaut*, eit tunikaliknande plagg, førekjem berre eit par gonger, og då i omtale av kvinneplagg. Begge gongene er ordet omsett til det norrøne lånordet *bliat* som både Heggstad (1963, 61) og Fritzner (1973, band 2, 155) meiner peikar på ein type dyrebart stoff. Dette kan vera tilfelle med den gammalnorske teksten i *Jonet* (JonS 438), der kvinna får *eitt dyrlect bliet*, men i det gammalfranske førelegget går det klart fram at det er tale om eit klesplagg. Neste vers finst ikkje i den gammalnorske teksten, men der vert det fortalt at *Si li cumandë a vestir*, han ber henne om å kle på seg den dyrebare kjolen/tunikaen (YonL 439).

Det gammalfranske verset som har vore opphav til *skyrta æinni klæddr. ok skolaus* har sannsynlegvis innehalde *chemise* og *deschaucer*. Med rett stavingstal og rim kan denne ha sett slik ut: **en chemise e dechaucez*.

5.3.6 Bisclaret

Fram til v. 233 er denne forteljinga berre kjent frå handskriftet H. Deretter har også handskriftet S teksten. Heile teksten er omsett i N. Gjennom heile den gammalnorske forteljinga vert *Bisclaret* nytta som namn på riddaren, medan det i den gammalfranske teksten tyder varulv. Dette vert presisert ved bruken av synonym allereie i innleiinga, v. 3–4: *Bisclavret ad nun en bretan, | Garwaf l'apelent li Norman*, 'Han heiter Bisclavret på bretonsk, | Garwaf kallar normannarane han'. At tydinga av Bisclavret ikkje har vore kjent for ein gammalnorsk omsetjar er ikkje overraskande. Etymologien til ordet er omdiskutert, og det er ikkje kjent nytta i andre tekstar enn denne.¹ Bruken av *Bisclaret* som personnamn førekjem i v. >2, 3, 14, 125, 138, 140, 162, 193, 195, 197, 217, 218, 224, 227, 231, 282 og 317. Dette vert ikkje teke med i dei fortløpande kommentarane til teksten under.

1. Om etymologien, sjå Bailey (1981) og Sayers (1982).

- Bi 10: Den gammalfranske riddaren *est en cele rage*, ‘er i dette vanvitet’, medan han i N *byr i vargs ham*, ‘bur i ulveham’. Ei slik presisering ser ut til å vera typisk i N jamført med H. Det finst likevel fleire ulike gammalfranske substantiv som stemmer med rimet og som kan ha vore opphav til den gammalnorske teksten; *façonage*¹, *corsage* og *image*. Ingen av desse er å finna i Marie de France sine tekstar, men *yimage* er nytta om eit gudebilete i *Desire* (DesLA 43).
- Bi 71: Kvinna si bøn vert forsterka i den gammalfranske teksten med det innleiande *Di mei, pur Deu*, ‘Fortel meg, for Guds skuld’. N er meir nøktern og har *herra minn*.
- Bi 129: Der venene til varulvriddaren i H trur at han har lagt i veg på eige initiativ, *s'en fust del tut alez*, ‘har fare frå alt saman’, er han i N passiv, han er *at ollu tyndr*, ‘tapt/drepen for godt’.
- Bi 133: Den nye mannen *la dame ad (...) espusee*, ‘gifta seg med kvinna’. Giftarmålet er ikkje framheva på same vis i N, der han *biuggi (...) kono hans*, budde med kona hans. To delar av dette verset gjer at bandet mellom varulvriddaren og kona er sterkare i den gammalnorske teksten enn i den gammalfranske. For det første er det ulikskapen mellom *espuser* og *búa*, der førstnemnde peikar på den rettsleg bindande avtalen eit giftarmål er, medan det gammalnorske verbet kan lesast så enkelt som ‘å bu, å bu saman’. Det bør peikast på at det òg er nytta om ‘leva saman (um gifte)’ (*Norrøn ordbok*). ONP har (4) ei liknande oppføring, men inkluderer det seksuelle samveret og ekskluderer ekteskapsbiten.
- Bi 147: I H tek varulven tak i stigbygelen til kongen *Il l'aveit pris par sun estrié*, medan han *lagðe (...) baða fætr i kne konongsens*, ‘la begge føtene i fanget til kongen’ i N. Cook og Tveitane (1979, 91) peikar på at *estriuz* er rett attgjeve i *Desire* v.114, og meiner at dette er ei medviten endring av omsetjaren. Det kan like gjerne ha opphav i førelegget, men når det berre finst eitt handskrift som inneheld første delen av den gammalfranske teksten, er det umogleg å vita.
- Bi 184: Her er det ei mogleg ombyting av roller. Kongen i den gammalnorske teksten vert klar over at dyret er glad i han: *ok fann þa konongrenn at dyret unni honum*. Det tilsvarande gammalfranske verset er tvitydig og kan både lesast som om det er kongen som er glad i dyret og omvend: *Bien s'aparceit que il l'amout*, ‘såg godt at han elska det/han’. Det er ikkje semje om dette i moderne omsetjingar; Hanning og Ferrante (1982, 97) og Nordahl (1982, 56)

1. *Façunnage* er nytta i *Récit de la première Croisade* frå om lag 1200 (utg. Meyer, 1876), der *façunnage* er nytta om å sjå ut som ville dyr, *I vindrent une gent de mult lait façonage:| Groinz et oreilles ont comme beste sauvage*, ‘Kom der ein flokk som var svært stygt skapt:| Dei hadde tryner og øyrer som eit vilt dyr’.

5. Tekstvandring

meiner begge at det er ulven som er glad i kongen. I den nyaste omsetjinga av forteljingane til Marie de France til moderne fransk er det derimot kongen som er glad i dyret: *avec le sentiment que le roi a de l'affection pour elle* (Micha, 1994, 137). Den logiske lese måten av verset er den som er nytta i den gammalnorske teksten.

- Bi 185: Forteljaren i den gammalfranske teksten ber om merksemd frå publikum: *Oëz*, ‘Høyr!’. Den gammalnorske teksten har på dette punktet *nv*, ‘no’, noko som må stamma frå anten ei feillesing av *oëz* som *or*, eller at sistnemnde hadde erstatta *oëz* i førelegget til omsetjaren.
- Bi 187: Tydingsforskyving der *baruns* er attgjeve som *Riddarom*.
- Bi 199: Varulvens åtak på den nye ektemannen til kona hans er meir valdeleg i den gammalnorske teksten. Dette er i samsvar med den generelle tendensen i N til vektlegging av dramatiske parti. I omsetjinga av dette verset fatar ulven mannen med tennene og *kastaðe hann til iarðar*, ‘kasta han i bakken’, medan han i den gammalfranske teksten dreg han inn mot seg: *vers lui le trait*.
- Bi 204: Tydingsforskyving der *li plusur*, ‘dei fleste’ har vorte til *ollum*, ‘alle’.
- Bi 218: Forteljarstemma bryt inn i tekstane. H har *N'est merveille s'il le hai!*, ‘Det er ikkje underleg om han hata han’, medan det er hemn, og dermed gjenoppretting av ære, som er det sentrale i den gammalnorske teksten, *var þat æigi kynlegt at Bisclaret villdi sin a honom hæfna*, ‘det var ikkje underleg at Bisclaret ville hemna seg på han’.
- Bi 225: Der det i den gammalfranske teksten er tale om natta, *La nuit*, er dette attgjeve som kveld i den gammalnorske: *Um kuældit*. Sjå omtale under Gui 77.
- Bi 229: Den svikefulle kona har fått kongen på vitjing og stasar seg opp for å *al rei parler*, ‘snakka med kongen’, i den gammalfranske teksten, medan ho i den gammalnorske går for *at hitta hann*, ‘finna han’. Denne endringa har ingen verknad på handlinga. Det er mogleg at førelegget til omsetjaren har hatt varianten: **le rei trover*.
- Bi 234: Den munnlege framføringssituasjonen til *lais* kjem igjen fram i forteljarens oppfordring til publikum: *Oiez*, ‘høyr!’. Denne er ikkje med i den gammalnorske teksten, der forteljarstemma er mindre framtrédande i denne bolken. Det offentlege i åtaket på kvinna sin nye ektemann er framheva gjennom *matto allir sia*, ‘så alle fekk sjå’, eit mogleg innskot i teksten. Dersom dette skulle ha opphav i gammalfransk tekst, måtte verset ha teke til med **Veez* eller **Veiz*, ‘sjå!’. Ein slik variant er ikkje usannsynleg i det gammalfranske tekstmaterialet, der denne imperativforma førekjem fleire gonger i byrjinga av vers (MiL 214 og LanL 76 og 616). Men ei veksling mellom *oiez* og *veiz* er ikkje dokumentert i variantapparatet for førelegga til *Strengleikar*.

- Bi 235: Straffa varulvridderen gjev kona si, er ulik i den gammalfranske og den gammalnorske teksten. Der han i H *Le neis le esracha del vis!*, ‘Han reiv nasen av fjeset hennar’, riv han kledda av henne, *ræif af hænni klæði sin*, i den gammalnorske forteljninga.¹ Elles i forteljninga er *neis*, ‘nase’, korrekt omsett (Bi 313–314), og ei feillesing av substantivet synest lite rimeleg. Mangelen på konsekvens mellom varulven si avstraffing og omtala av denne i slutten av forteljninga (Bi 313–314) har ført til fleire freistnader på å forklara kva som har skjedd.² Det har vore tolka som ei medviten endring i omsetjingsprosessen (Meissner, Skårup), ei meir tilfeldig endring i overleveringa (Jakobsen) og som eit teksttap i samband med ei avskrivning av teksten (Kalinke).

Likskapen mellom den gammalnorske teksten og den lite kjende islandske riddarsoga *Tiódels saga* har ved fleire høve vorte framheva.³ Varulven er i denne erstatta med ein riddar i bjørneham som straffar kona for sviket hennar ved å riva av henne både kledda og nasen, i noko som minner om ei harmonisering; *reyf af henne oll hænnar klæde ok þar með nefid*, ‘reiv av henne alle kledda hennar og nasen med’.

Meissner (1904) meinte at *Bisclaret* var kjelda til *Tiódels saga* og såg likskapen mellom desse som så påfallande at han avviste moglegheita for ei munnleg kjelde for den islandske saga, men meiner at den er ei omarbeiding av teksten frå *Strengleikar*. Cook og Tveitane (1979, 94–95) foreslår at det har vore rekna som verre å mista kledda enn å mista nasen, medan Meissner (1904) meiner det motsette, altså at det var for ille å mista nasen, og at omsetjaren dermed har tona ned innhaldet her. Jakobsen (1978) meiner at dette stammar frå ein avskrivars feillesing av ei korrekt omsetjing, der klesmotivet i teksten har vore så sterkt til stades i avskrivaren sitt medvit at det i attgjevinga av nasebite-verset har “løpt (ham) i pennen”. Ansvaret for skiftet i verset legg Skårup (1979) på omsetjaren, som han meiner har feillese den gammalfranske teksten. Skårup peikar på at ein i gammalfranske handskrifter ofte finn artikkelen skriven saman med det påfølgjande ordet. Dessutan vart bokstavane “s” og “z” brukte om kvarandre og “n”, “v” og “u” kan lett forvekslast. Dermed meiner han at *le neis* kan ha vorte skriva *le nes* som resultat av vakling

-
1. Vansiring, og då av naser finst òg i *Elie de Saint Gille*, førelegget til *Elis saga*. Der er vansiringa knytt til våpenkamp, og i v. 1565 finst det gammalfranske ordtaket *Cil qui tranche son nés, il vergogne sa fache*, ‘han som får nasen sin kutta opp/av, han svivørder andletet sitt’. (utg. Kölbing, 1879, 52). Dette er ikkje med i saga (ibid., xxxiii).
 2. Sjå Jakobsen, 1978; Kalinke, 1981; Meissner, 1904; Skårup, 1979 og Budal (under utgjeving).
 3. Soga er ikkje utgjeven. Eg takkar Tove Hovn Ohlsson for lån av teksten etter handskriftet Holm papp 8° nr. 10. Soga er kjent frå heile 24 handskrifter. Det eldste er eit pergamenthandskrift frå om lag 1600, AM 123 8°.

5. Tekstvandring

i ortografien. Dersom artikkel og substantiv vart skrive som eitt ord, står ein att med *lenes*. Legg ein så til at “s” og “z” vert nytta om kvarandre og at “n” kan ha vorte lese som “v”, står ein att med verbet *levez*, ‘oppreist’: *le neis* → **lenes* → **lenes* → **lenez* → **levez*. I denne tekstforskyvinga ser Skårup forklaringa på det innskotne *upp ræistizc* i den gammalnorske teksten, og han meiner at omsetjaren etter dette har vore fanga i si eiga feillesing og har valt eit tilfeldig objekt som han tykte høvde her, nemleg kleda.

Den siste som har drøfta dette er Kalinke (1981), som foreslår at omsetjaren i samsvar med tendensen til utviding av dramatiske parti har forsterka episoden ved å leggja til kleda, og at dette har gått tapt i overleveringa av teksten. Ein mogleg rekonstruksjon av omsetjinga av v. 235 vil vera **ræif af hænni klæði sin oc þar með næfit*. Sjølv har eg sagt meg samd med Kalinke, og meiner at kombinasjonen av å mista kleda og nasen står i forhold til det som kan ventast av straff for brotsverket hennar. I europeisk tradisjon er det å miste nasen knytt til utruskap. Tapet av klede bør sjåast i samanheng med at kona er ansvarleg for å stela kleda til varulvridderen og dermed fanga han i ulvehamen (Budal, under utgjeving).

- Bi 241: Etter at varulven har bite nasen/rive kleda av kona si, tek ein av kongens rådgjevarar han i forsvar og seier at dyret lenge har vore med kongen, *od vus*. Dette er attgjeve som *með oss* i den gammalnorske teksten. Forklaringa på endringa ligg i den visuelle likskapen mellom *vus* og *nus* (oss). Anten den gammalnorske omsetjaren eller ein gammalfransk tekstredaktør har forveksla desse to formene, og dermed har vorte opphavet til ulikskapen mellom tekstane i handskriftene H og N. Frå v. 233 finst ein versjon av forteljinga i handskriftet S, og denne er i samsvar med H i v. 241.
- Bi 244: Det tette bandet mellom kongen og varulven er forsterka i den gammalnorske teksten. Der han i H *sovent*, ‘ofte’, er saman med kongen er han i N saman med kongen *bæði nætr ok daga*, ‘både natt og dag’.
- Bi 248: I forsvarstalen for varulvridderen seier rådgjevaren til kongen *Par cele fei ke jeo vus dei*, ‘Av den truskapen eg skuldar Dykk’. I N er dette omsett til *þat væit guð ok tru min*, bokstavleg ‘det veit Gud og trua mi’, men i overført tyding ‘det sver eg på, ved Gud og trua mi’. *Þat veit guð...* er eit fast norrønt uttrykk, men eg vil likevel opna for at ei mogleg feillesing av *dei*, og då som *deu*, ‘Gud’, kan ha vore opphavet til denne omsetjinga.
- Bi 265: Etter tortur fortel kvinna kva som verkeleg har hendt *par destresce e par poiir*, ‘av pining og av redsle’ i H. Ho gjer dette *sakar astsemdar ok ognar konongs*, ‘av kjærleik og trugsmål frå kongen’ i den gammalnorske omsetjinga. Keyser og Unger (1850, 103) meiner at kjærleiken viser til kjenslene hennar for den noverande ektemannen hennar, som ho gjennom tilståinga si ønskjer å setja fri. Dette heng ikkje heilt saman for meg, og i så fall

er det her noko som har gått tapt i overlevering av den gammalnorske teksten. Kvinna gjer dette ut av kjærleik og frykt for kongen, ikkje ektemannen.

- Bi 281: Ei presisering der det nokså opne *Li produm*, ‘heidersmannen’ er omsett til *hovuð raðgiafa konongs*, ‘kongens hovudrådgjevar’.
- Bi 302: Kongen gjev alt landet attende til riddaren *Si tost cum il pot aveir aise*, ‘så snart han fekk høve til det’. Dette skjer umiddelbart i N; *Sem þetta var sua buit*, ‘Då dette hadde skjedd’.
- Bi 304: Det forteljarstemma i H står i første person eintal *jeo*, står denne i fleirtal i N, *ver*.

5.3.7 Laustik

Forteljinga finst berre i handskriftet H, og er omsett i N.

- La 4: Forteljinga vert kalla *Laüstic (...) en lur païs*, ‘i landet deira’. I N heiter forteljinga dette *i bræzko male*, ‘på det bretlandske språket’.
- La 7: Teksten i Rychners utgåve gjev inntrykk av at stadnamnet *Seint Mallo* har vorte misforstått av omsetjaren som attgjev dette som *er hinn hælgi mallo huilir*, ‘kvilestaden/gravstaden til Sankt Malo’. Som Cook og Tveitane (1979, 102) peikar på har omsetjaren sett St. Malo som ein person. Helgenen var ein biskop, kan hende av walisisk opphav, og levde på 500–600 talet. Det faktiske verset i handskriftet H er *Un Seint Mallo en la cuntree* og ikkje *En Seint Mallo en la cuntree*, slik det står i dei ulike utgåvene av forteljinga. Dei to elementa i den gammalnorske omsetjinga; *I Þui fylki a brætlande er hinn hælgi mallo huilir*, svarar til dei to elementa i den faktiske teksten i handskriftet H. Dermed har *en la cuntree* vorte til *I Þui fylki a brætlande*, medan *Un Seint Mallo* er korrekt attgjeve som *hinn hælgi mallo*. Det avsluttande *huilir* er ei logisk presisering, helgenen kan ikkje vera helgen med mindre han er avliden. Det er uvisst om St. Malo/St. Machutus var kjent i Noreg. Han opptretr ikkje i nokon av dei overleverte kalendararia (KLN 8, 89–147), og er heller ikkje nemnd i helgensogene.
- La 40: Her er det gammalfranske *la fenestre*, ‘vindauga’ attgjeve som *lofte sinu*, som peikar attende på *svæfnlofti* i det føregåande verset. Samstundes har *lopt*, òg tydinga ‘gløp, opning’ og kan dermed reknast for å vera ei passande omsetjing av *fenestre*.
- La 62: Skifte frå gammalfransk fleirtal *mainent* til gammalnorsk eintal *kallaðe*.
- La 92: Ektemannen gjer narr av henne i den gammalfranske teksten og *en rist*, ler av kona og nattergalen. Reaksjonen er ein annan i N, der han vart så sint at han *þagðe* ‘tagde’. Endringa ser ut til å vera umotivert, så det er på sin plass å

5. Tekstvandring

sjå etter moglege feillesingar. Eit rimeleg alternativ er at ektemannen *en t(a)ist*, ‘tagde av dette’ (*teisir*, vb.)

5.3.8 *Desire*

Forteljninga finst i to handskrifter med gammalfransk tekst: S og T. Handskriftet T, som Tobin (1976) kallar P, er det som ligg til grunn for hennar utgåve av teksten.

- Des 11: Kapellet er svart i den gammalfranske teksten, *le neire chapele*, gult i den gammalnorske, *su hin gula kapella*.
- Des 13: Den gammalfranske teksten har her *Un vavasur*, ein undervasall. *Anglo-Norman Dictionary* plasserer ein *vavasur* som ein adelsmann av lågare stand, mellom baron og riddar. Oppslaget peikar dermed både på rang og på rettslege tilhøve, men døma som vert gjevne byggjer ikkje opp under rangsplasseringa.¹ Dette er den einaste gongen *vavasur* er nytta i det samla tekstkorpuset. Bruken av termene *vassal* og *vavasieur* i den folkespråklege litteraturen, særleg i *chansons de geste*, skil seg frå den historiske bruken av dei. I diktinga er *vassal* og *vavasieur* modige og lojale krigarar (Evergates, 1995, 946 og Woledge, 1969, 1263–1277). Termen er i den gammalnorske teksten attgjeve som *æinn Riddari*. *Riddari* er elles oftast nytta for *chevalier* (for eit oversyn av omsetjinga av titlar, sjå kap. 6.6.2). Nyanseringa har kan hende ikkje vore kjent for omsetjaren, som òg kan ha mangla ein dekkjande norrøn term. Stavingstalet er likt i *vavasur* og *chevalier* og det er ikkje usannsynleg at førelegget til omsetjaren har hatt denne varianten.
- Des 16: Riddaren heldt landet for *del rei d’Eschoce*, ‘kongen av Skottland’ i den gammalfranske teksten, medan han i N gjer det for *frannz konongi*, ‘kongen av Frankrike’.
- Des 29: Det barnlause ekteparet reiser i den gammalfranske teksten for å vitja *un cors seint*, ‘lekamen til ein helgen’. I den gammalnorske forteljninga reiser dei til *æinn (...) hæilagr maðr*, ‘ein heilag mann’. Det finst ingen variantar i handskriftet S som kan forklara dette. Om det stammar frå ei misforståing eller ikkje er umogleg å avgjera. Substantivet *cors* kan nyttast både om ein levande og ein død lekam. I førelegga til *Strengleikar* dominerer den levande, og *cors* er særleg nytta i personskildringar der den velforma kroppen til helten eller heltinna vert lovprisa i ei formelprega oppramsing. Nytt på dette viset er *cors* anten omsett til *likamr* (Gui 818; Eq 33: Bi 115; Des 61, 109, 138, 152, 190, 692; Jan 133, 150; Jon 215, 311), omskrive (Eq 180 og Che 123), eller ikkje attgjeve i N (Gui 483; Eq 52, 69; Do 136, 250; Tvl 147; Jan 100, 133, 150, 301, 530, 563).² Ein tekststad som er interessant her er v. 84 i forteljninga *Yonec*

1. Takk for oppklaring går til Jo Rune Ugulen i epostar 17.10.2008.

og den gammalnorske versjonen av denne. Ein av tekstredaktørane som har arbeidd med *Strengleikar* har vore klar over den doble tydinga av *cors* og synleggjer forståinga si av dette i teksten: *E de sun cors me marierent*, ‘og gifta meg bort til hans *cors*’, har i den gammalnorske teksten vorte til *ok pusaðo mec hans callda licam*, ‘og gifta meg bort til den kalde lekamen hans’.

- Des 32: I den gammalfranske teksten i handskriftet T er det nytta eintal: *quel quë il seit ou pres ou loing*, ‘om han er nær eller langt borte’, medan dette står i fleirtal i N: *huæðan sem þæir ero ner eða fiarre*, ‘om dei er nær eller langt borte’. Eintal er òg nytta i handskriftet S; *qui a’ait secors ou pres ou loing*.
- Des 43–44: I omtale av biletet, *Un ymage tote d’argent, | sis marz i out*, er dette i begge dei gammalfranske handskriftene gjort av sølv, medan det i N er av gull, *liknæskio æina af gulli er stoð .x. mærkr gullz*. Verdien av biletet varierer mellom seks (T), sju (S) og ti (N) mark.
- Des 81: Variasjon i mengd er vanleg. Her har handskriftene N og T begge ti år; *Dis ans/ .x. vetr*. Teksten i handskriftet S har sju år: *.VII. ans i estut*
- Des 91–92: Desire får i den gammalfranske forteljinga berre lov til å reisa *del rei*, ‘frå kongen’ for å reisa til Calatir, *fors sulement a Calartir*. Dette er truleg Calder i Skottland (Burgess, 2007, 12). Den gammalnorske helten får ikkje reisa *or hirð sinni*, ‘frå hirda’, før kongen kom til Kalatir, *til þess er konongrenn kom i kalatir*.
- Des 101: Det gammalfranske *chensil* er eit fint linty. Dette er omsett til *huitu silki*, ‘kvit silke’.
- Des 102: Ei lita forskyving av tidspunkt. I den gammalfranske teksten er stoffet kvitare enn blomane i *avril*, ‘april’. Dette har vorte til *sumars* i den gammalnorske teksten. Denne endringa er naturleg grunna kilmaskilnaden.
- Des 103: Den gammalnorske omsetjaren vert kritisert for å ikkje ha grep om fargenamn på gammalfransk (Tobin, 1976, 200 note 103). Kapellet i byrjinga av forteljinga er gult i N og svart i S og T (Des 11). I denne lina er kappa *vert*, ‘grøn’, i den gammalfranske teksten, men *skarllati* i den gammalnorske. *Skarlat* peikar i seg sjølv ikkje på fargen raud, men på ein særskild type utanlandsk ullklede som fanst i ulike fargar. Både raudt, brunt, grønt og blått vart nytta. I løpet av siste del av mellomalderen vart raudfargen dominerande (Hoffmann, KLN, 15, 404–405). Både kritikken til Tobin (1976, 200) og omsetjinga til Cook (1979, 113) av *skarllati* er dermed misvisande ettersom dei begge tek utgangspunkt i ein falsk språkven og les *skarlat* med den moderne tydinga.
- Des 107–108: Teksten varierer noko i dei gammalfranske handskriftene. I T er det hesten som er omtala i heile avsnittet, medan N er i samsvar med S og

2. Eg har her ikkje inkludert dei arnamagnæanske fragmenta.

5. Tekstvandring

omtalar først hesten og deretter Desire (Cook og Tveitane, 1979, 112). Skildringa i T er typisk for personskildringar i desse tekstane, og sjølv om det ikkje er noko som signaliserer skifte i kven som vert omtala, er det logisk at det ikkje er hesten som er *genz e avenanz | de cors, de vis e de facun*, ‘vakker og tiltalende | i kropp, i andletet og i framtoning’.

- Des 112: Desire viser seg å vera ein *bon chevalier*, ‘god riddar’. I N er han *hinn friðazti Riddare*. Dette er i samsvar med teksten i handskriftet S, der *bon* er erstatta med *bel*, ‘vakker’, og stammar dermed sannsynlegvis frå førelegget til N.
- Des 116: Desire rir etter sonen sin *tote la vile contreval*, ‘ned gjennom heile byen’. I N rir han gjennom *uændilega dala*, ‘uendelege dalar’. Meissner (1902, 289) foreslår at endringa kan ha vore gjort medvite, fordi ho gjer at vegen til Kvitskogen vert skildra meir presist. Han opnar dessutan for at *uændliga* kan ha vore ein skrivarfeil for *yndilega* i overleveringa av den gammalnorske teksten. Eit meir sannsynleg alternativ er Cook og Tveitane sitt (1979, 112). Dei foreslår at N har misforstått *contreval* og har teke utgangspunkt i rottydinga av ordet, og dermed nytta *val* og omsett dette til *dalr*.
- Des 143: Den gammalfranske tenestejenta har *dous bacins*, ‘to vaskevassfat’ i hendene. I den gammalnorske teksten er det *tvær mæiar*, ‘to jenter’ som ber slike fat. Dei første utgjevarane av *Strengleikar* retta dette etter den gammalfranske teksten (Keyser og Unger, 1850, 107). Eg meiner det er sannsynleg at lese måten i den gammalnorske teksten stammar frå ein feil i avskrift av denne.
- Des 148: Desire i den gammalfranske teksten har nesten ‘temja’ jenta *asprisvee*. Dette må lesast i overført tyding og dreier seg truleg om valdtekt. I den gammalnorske omsetjinga er dette nedtona og det vert sagt at han *myndi nesta hava læikit ser við hana*, ‘kunne nesten ha leika seg med henne’. Elles i *Strengleikar* er avleiingar av *leikr* nytta om den frivillige fysiske kjærleiken mellom to elskande, til dømes i *Gurun; ok atti hann mioc lengi við hana með kurteisum leikum ok sætum kossom*, ‘han hadde høviske leikar og søte kyss med henne svært lenge’. Slik er òg verbet nytta i *Desire* (Des 395) der kvinna snakkar med riddaren om at dei skal *rire e juer*, ‘le og leika’. Berre siste halvdel er med i den gammalnorske teksten. Der skal riddaren *leica þer við mic*, ‘leika deg med meg’. Eit likestilt seksuelt forhold er òg omtala ved bruk av *leika* i *Janual* (Jan 256), der riddaren lengtar etter å *leica við hana. siðnæmilegom leic*, ‘leika ein finsleg (?) leik med henne’. Bruken av frasen *leika sér* i seksuell tyding ser ut til å vera meir frekvent i *Strengleikar* enn i annan norrøn litteratur.

Adjektivet *siðnæmiligr* er eit *hapax legomenon* og er berre kjent frå denne teksten. Tydinga som her vert gjeven er Heggstads. Fritzner (1973) fører ikkje opp noka tyding. Adjektivet *siðnæmr*, ‘snar til å læra gode seder’ er òg kjent, men ikkje nytta i *Strengleikar*. Den store skilnaden i tydingane Hægstad fører opp for desse to adjektiva og dét at *siðnæmiligr* berre er kjent frå akkurat denne forteljinga gjer at eg vil opna for at dette er ein skivarfeil. Det kan hende at teksten opphavleg har hatt **siðveniolegom leic*. Adjektivet *siðvenjuligr*, ‘sedvane, vanleg’, er nytta to andre stadar i *Strengleikar*. Den første gongen er i *Eskia*, og då med forma *siðvæniolegs* (Esk 10). Den andre og siste gongen finst i *Jonet* med *siðveniolegum*. Det kan hende at teksten i *Desire* har hatt adjektivet *siðvenjuligr*, men med ein liknande ortografi som *Eskia*. Dette opnar for ei feillesing der eit gammalnorsk førelegg kan ha hatt **siðvæniolegom*. Då kan “v” ha vore lese som “n” og det er slett ikkje utenkjeleg at konsonantsambandet “ni” har vore lese som “m”. Desse to feillesingane gjev: **siðvæniolegom* → **siðnæniolegom* → **siðnæmolegom*

- Des 166: Tenestejenta foreslår at Desire lar henne vera i fred, men at han kan gjera som han lystar med frua hennar. Framlegget moderererer ho ved å seia at *e si ce ne vus atalente*, ‘og dersom dette ikkje tilfredsstillar deg’, så skal han få viljen sin med henne. I den gammalnorske forteljinga er dette presisert. Det er ikkje berre “det” som moglegvis ikkje vil gleda han, men “ho”, altså frua: *Ef hon hugnar þér eigi*. Denne lesemaner er i samsvar med handskriftet S, som har *e s’ele ne vus atalente*.
- Des 175: *La meschine l’ameine*, ‘jenta fører han’ til frua si. Saman med frua er det ei anna tenestejente (v. 182). I N er v. 175 attgjeve som *En mæren rann*, ‘og jenta sprang’. Cook og Tveitane (1979, 115) peikar på at endringa i v. 175 fører til at tenestejenta som spring føre vert identisk med *la pucele* som sit foran frua i vers 182. Dette forklarar Meissner (1902, 291) med at omsetjaren misforsto v. 182–183 og deretter endra omsetjinga i v. 175 for å glatta over. Cook og Tveitane (1979, 115) viser til at det ikkje er typisk for N å gjera dette, og foreslår at han med vilje slo to tenestejenter saman til ei. Ulikskapen kan òg stamma frå eit gammalfransk førelegg som var annleis enn dei overleverte versjonane av den gammalfranske teksten.
- Des 190: Kvinna i den gammalfranske teksten er kledd i *laz*, ‘blondar’. Dette er omsett til *i klæðom lagðan*, ‘kledd i klede’. Tobin (1976, 200, note 190) meiner omsetjaren ikkje har forstått epokens franske mote. Eg kjenner ikkje til noko norrønt ord for blonde. Alternativa som er kome fram i fagmiljøet er *borði* og *refill*. Førstnemnde vil eg lesa som ein dekorert kant, og *refill* vil primært vera nytta om veggteppe. Ingen av desse omgrepa svarar til *laz*, og det er mogleg at omsetjaren dermed har mangla ord og har valt å nytta eit samleomgrep. Det bør dessutan opnast for ei mogleg feillesing ein stad i

5. Tekstvandring

overleveringa av den gammalfranske teksten. Dersom *laz* har vore erstatta av eller feillese som *draz*, ‘klede’, er dette både i samsvar med den gammalnorske omsetjinga og stemmer med rim og stavingstal i den gammalfranske teksten. Dette alternativet vert kan hende støtta av at den pyntesjuke kona i forteljinga *Nabaret* smykkar seg med *lacié*, det vil seie med knytte band av eit eller anna slag (v. 10). Verbet *lacer* er samrøtt med substantivet *lace*, ‘blonde’, og *laz* er ein ortografisk variant av dette. I den gammalnorske omsetjinga av *Nabaret* er *lacier* omsett med verbet *laza*, ‘pryda med band’. Verbet er eit lånord via fransk frå latin *laqueus* (Fischer, 1909, 80).

- Des 237: *þa fær þu þat alldre oftar*, ‘då får du aldri den igjen’ i den gammalnorske teksten er avvikande jamført med dei overleverte gammalfranske tekstane. Det ser ut som om omsetjaren har lese *a tuz jorz mes l’avez perdue*, ‘og har du tapt han for alltid’ og ikkje *a tuz jorz mes m’avez perdue*, ‘og har du tapt meg for alltid’.
- Des 262: Kongen sender bod på Desire *por osteier merveilles loing*, ‘for å kriga langt borte’. I N er det ikkje krig slik som i handskriftene S og T, men kongen sender bod på han for *at taca af vannda menn er mikit mein gerðu honum*, ‘å ta seg av vondsinna menn som gjorde han stor skade’.
- Des 267: *La nuit* er attgjeve som *Um kvelldit*. Sjå kommentar for Gui 77.
- Des 282: Desire oppsøker einebuaren og *en la chapele le trova*, ‘fann han i kapellet’ i T. N har *ok fann einseto mannenn i capellu sinni*, ‘og fann einebuaren i kapellet hans’. N stemmer med handskriftet S som her har *en sa chapele*, ‘i kapellet sitt’.
- Des 285–286: *Li hermites lui ottreia, | et il s’asist, si clina*, ‘Einebuaren samtykte i det han ba om, | og han sette seg ned og bukka’. Det er, slik Cook og Tveitane (1979, 118) peikar på, Desire som set seg ned og bøyer seg, og ikkje einebuaren slik både N og Keyser og Unger (1850, 108) har oppfatta det. N har *Einsetomaðrenn iattaðe bæn hans ok laut honum*, ‘Einebuaren samtykte i bønå hans og bøygde seg for han’.
- Des 310: Desire lengtar etter frua og spør *Quant me verrez*, ‘kva tid kjem du for å sjå meg?’ i T. N har *Hui kæmr þu ei til min*, ‘kvifor kjem du ikkje til meg?’. Forklaringa her er truleg at det gammalfranske førelegget omsetjaren arbeidde med var i samsvar med handskriftet S på dette punktet. S har *qant ne venez*, ‘kva tid kjem du’. Forvekslingar mellom *venir* og *veir* førekjem fleire gonger i tekstane.
- Des 319–321: Cook og Tveitane (1979, 119) peikar med rette på at subjektet i den gammalfranske teksten er einebuaren: *Li hermites me confessa, | unques de vus mal n’i parla, | de mes pecchez requis pardon*, ‘Einebuaren tok imot skriftemålet mitt | han sa ikkje noko stygt om deg | eg ba om tilgjeving for syndene mine’. I den gammalnorske teksten er subjektet Desire: *Alldregi*

nittaða ec þer þa er ec gecc til skrifta við einseto mannen. Nu bið ec þic at þu miskunnir þvi er ec hevi misgort, ‘Aldri forneкта eg deg då eg gjekk til skriftemål hos einebuaren. No ber eg deg om å visa miskunn for det eg har gjort gale’.

- Des 404: I begge dei gammalfranske handskriftene er det Desire som er den handlande. Her er teksten frå T: *Il (...) s'en vait*, ‘han (...) reiser sin veg’. Det er frua som legg i veg i N, *þui nest hvarf hon ok for i brott*. Teksten i S og T er dermed ikkje i tråd med framhaldet i forteljinga. Cook og Tveitane (1979, 122) har fleire framlegg om kva som kan ha skjedd. Feilen kan til dømes ha vore i kjeldeteksten til N og ha vorte retta av omsetjaren. Cook og Tveitane foreslår dessutan at det er mogleg at kjeldeteksten hadde noko slikt som **Ele le beise, atant s'en vait*, ‘Ho kysser han og legg så i veg’ eller **Ele s'en torne, atant s'en vait*, ‘Ho snur seg derifrå og legg så i veg’.
- Des 412: I den gammalfranske teksten står kjærasten saman med Desire og *la croiz fere e lui seigner*, ‘gjer krossteiknet og velsignar han’. I N står ho framføre ein kross, eit krusifiks og krossar seg, *ok stannda fyrir crossenom ok signa sic*. Ei veksling mellom *lui* og *se* i det gammalfranske førelegget er ikkje atypisk, og dette kan vera forklaringa på siste delen av omsetjinga. Det er heller ikkje utenkjeleg at førelegget til omsetjaren har hatt **devant la croiz e se seinger*.
- Des 435: Her er det eit rollebyte. Det er *li reis*, ‘kongen’ som snakkar i begge dei gammafranske handskriftene, medan det er *hann* (Desire) som snakkar i N.
- Des 438: Der kongen i T snakkar om kva som har hendt *devant mes oilz*, ‘framføre augene mine’, snakkar han i N *i augliti beggia occarra*, ‘foran augene på oss begge’. Handskriftet S er i samsvar med T. Veksling mellom ulike former for eigedomspronomen er vanleg i dei gammalfranske tekstane, og det kan tenkjast at førelegget til omsetjaren har hatt **devant nos oilz*.
- Des 447: Sveinen som dei møter har *Li chef ad bel recercellé*, ‘eit hovud med vakre krøllar’ i T. Dette er attgjeve i N som *har hans gulr með fogrvm loccum*, ‘hår hans var gult med fagre lokkar’. Ei mogleg forklaring kan vera å finna i teksten i S: *le chef a bloi, recercellé*, ‘har hovudet gyllent/lyst og krølla’ som er i samsvar med N. Dermed kan ein gammalfransk skrivar ha feillese *bloi* som *bel* eller omvend.
- Des 478: Faren er så glad i guten at han *ne pot ne nuit ne jor leisser*, ‘kan ikkje forlata han, korkje natt eller dag’. I N kan han *hvarki sova netr ne daga*, ‘sova korkje natt eller dag’. Cook og Tveitane (1979, 124) foreslår at N har lese *laschier*, ‘løysa på, sleppa frå seg’. Dersom det hadde vore nytta her, ville *laschier* vore nær synonymt med *leisser*, og ikkje kunna forklara bruken av *sofa* i N.

5. Tekstvandring

- Des 486: Der T har *sur un destrer*, ‘på ein hest’, har N *a hest sinn*, ‘på hesten sinn’. Teksten i N stemmer med S, som har *sor son destrier*.
- Des > 556: S har ein kuplett der møya gjev riddaren vatn og eit klede til å tørka seg med, *L’ eve donna au chevalier | e la toaille a essuier*. Dette stemmer med teksten i N: *ok eit bvit handklæðe. ok gaf vatn riddaranom*. T har derimot berre handkledet i v. 556: *une toaile a son col prent*, ‘legg eit handklede kring nakken hans’. Første lina av kupletten i S er omsett og det er dermed sannsynleg at heile kupletten var i førelegget til omsetjinga (Cook og Tveitane, 1979, 126).
- Des 573: Desire tek *l’hanap*, ‘begeret’ i T og S. Dette har tidlegare vore omtala som eit *coupe d’or*, ‘gullbeger’ og då omsett til *borðker af brenndu gvlli* (Des 565). No har dette vorte til *silfrkeret*, ‘sølvbegeret’. Cook og Tveitane (1979, 127) foreslår at N har knytt dette begeret til *esqüele d’argent*, ‘sølvbeger’, i Des 567.
- Des 599: Rollebyte. Der dvergen samtykkjer med kongen i T *vus dites ver*, ‘du snakkar sant’, insisterer han på at han sjølv snakkar sant i N *ec segi satt*, ‘eg snakkar sant’. Teksten i T er i samsvar med S.
- Des 603: Dvergen lovar å *pres de sa chambre vus metrai*, ‘plassera deg i nærleiken av soverommet hennar’. I N står det *Ec skal leiða þic sva <at> svefn buri hennar*, ‘Eg skal føre deg til soverommet hennar’. Dette er i samsvar med teksten i S, der det står *menrai*.
- Des 620: S og T har begge *si li ad tut l’estre mustré*, ‘og viste han alt som var der’. Med utgangspunkt i N, *synande honum reckiurnar*, ‘viste han sengene’, foreslår Tobin (1976, 204 note 620) at dette kan vera ein mogleg felles feil i S og T. Tobin ser då *l’estre* som ei feillesing av *les lits*.
- Des 654: S og T har her fleirtal *k’il aveient le neim trové*, ‘at dei fann dvergen’. N har eintal *hann kom til dvergsens*, ‘han kom til dvergen’.
- Des 662: Desire har skadd seg og *sur la cuche s’est apuiez*, støttar eller hallar seg mot senga’. I den gammalnorske teksten haller han mot ei side; *hallaðezc a siðu sina*, fordi han er stygt skadd. Som Cook og Tveitane (1979, 131) peikar på, er sida til Desire omtalt i begge tekstane i v. 667. Dei foreslår at N har lese *coste*, ‘side’, og ikkje *cuche*, i v. 662. Begge dei gammalfranske handskriftene har her same tekst. Det må reknast som usikkert om denne feillesinga har skjedd i overleveringa av den gammalfranske teksten eller i omsetjinga til norrønt. Feillesinga har ikkje skjedd i avskrift av gammalnorsk tekst.
- Des 693: Frua kjem til kongen saman med ei vakker jente og *un damaisel*, ‘ein ung mann’. I den gammalnorske teksten er føljet hennar ei *jungfrov*, ‘ei jomfru’ (DeS 684) og ei *mær* som er vakrare enn alle andre i heile riket (DeS 693–694). Slik teksten står i handskriftet T er det fleire element som signaliserer kjønn; Det er tale om *un damaisel* (DeLA 693) som er *bel*

- (DeLA 694). Allereie i v. 700 vert synonymet *vallet* nytta, attgjeve som *sveini*, og det logiske brotet med dei føregåande hendingane vert tydeleg. Denne feillesinga kan ikkje stamma frå ein gammalnorsk skrivar, men må anten plasserast hos ein gammalfransk skrivar eller den gammalnorske omsetjaren. Ein av desse har lese *damaisele*, ‘ung kvinne’, og ikkje *damaisel*, ‘ung mann’.
- Des 729–730: *De Moreis e de Lëoneis | aveit a la feste dous reis* (T og S) er attgjeve i N som *en orref konungr. ok loenes konungr*. I den gammalfranske teksten er dette ikkje namna på kongane, men på landa deira.
 - Des 745: T og S har *Quant il esteient repeiré*, ‘då dei kom attende’, det vil seia då dei nygifte returnerte frå klosteret der dei gifta seg. N har *Sem þau varo pusat*, ‘då dei var gifta’. Verbet *repeirer* må reknast for å ha vore kjent for den gammalnorske omsetjaren, det er korrekt attgjeve ei rekkje stader i forteljinga (Des 50, 253, 263, 294). Det er mogleg at det gammalfranske førelegget til N kan ha hatt **Qant il esteient marié/assemblée/espuse*.
 - Des 751: Frua i den gammalfranske teksten snakkar om *vostre fiz*, ‘sonen dykkar’, noko som i den gammalnorske er attgjeve som *sun ockar*, ‘sonen vår’. Det ser ut som om den gammalnorske omsetjaren eller ein gammalfransk avskrivar har feillese *vostre*, ‘dykkar’, som *nostre*, ‘vår’.
 - Des 753: Feillesinga over er gjennomført og *vostre fille*, ‘dottera dykkar’, har vorte til *dóttur ockor*, ‘dotter vår’. Igjen er *vostre* lese som *nostre*.

5.3.9 Tidorel

Denne teksten finst berre overlevert i eitt gammalfransk handskrift, S. Tapet av to blad i N gjer at berre det som svarar til omsetjinga av dei første 58 versa av den gammalfranske teksten er kjent. Storparten av den gammalnorske omsetjinga, 432 av 490 vers (88%), er dermed tapt.

- Ti 4: Der det i S er tale om *Li sires qui Bretaingne tint*, ‘Herren som heldt Bretland’, er statusen ein annan i N: *Hann var hinn ricazte konungr i brettlannde*, ‘han var den rikaste kongen i Bretland’. To ulikskapar trer fram. Statusen er rett nok høgare i N enn i S, men landet han rår over er mindre dersom han er ein av fleire kongar i Bretland. Seinare i forteljinga kjem det fram at Tidorel er son til dronninga og ikkje kongen sjølv, slik det står i N. Denne feilen vert verande i heile teksten og talar dermed mot at omsetjaren har sett seg grundig inn i tekstane før han tok til med omsetjinga.
- Ti +16: *með slicum hætti biuggv þau saman alla .xx. vetr*, ‘slik budde dei saman i heile 20 år’. Cook og Tveitane (1979, 136) peikar på at denne detaljen ikkje finst i S og er vanskeleg å forklara. Framlegget deira er at *.xx.* er ein avskrivarfeil for *.x.* Teksten i N kan dermed vera omsetjinga av to vers som

5. Tekstvandring

kjeldeteksten hadde i staden for v. 17–18 i S, men som forsterkar det som er sagt i v. 16.

- Ti 26: Dronninga *ensemble o elles sejourna*, ‘oppheldt seg saman med dei’. I N står det at ho *lec ser með þeim*, ‘leika/mora seg med dei’. På grunnlag av N og v. 370 i den gammalfranske teksten foreslår Cook og Tveitane (1979, 137) den gammalfranske teksten kan hende burde ha vore retta til *se joua*, ‘leika/mora seg’. Omsetjinga av dette verset er tapt, men i S står det, *ensemble o eles me joai*, ‘leika/mora meg saman med dei’.
- Ti 30: Treet *qu’ele choisi*, ‘som ho såg/ valde’ er *sem henni hugnaðe bazt*, ‘det som ho tykte best om’. Det gammalfranske verbet *choisir* kan tyda både å sjå og å velja. N tolkar dette her i den andre tydinga, medan Cook og Tveitane (1979, 137) meiner at det helst burde ha vore tolka i den første. Dette minner om omsetjinga av verbet i *Guiamar* v. 152, der *choisir* er erstatta med *ræiste*, men bruken *sa* i lina før kan vera spor etter *choisir*.
- Ti 35: Refleksivforma *soi* viser til tenestejenta i den gammalfranske teksten, og *drotning* i den gammalnorske er dermed misvisande. At lese måten i den gammalfranske teksten truleg er korrekt vert støtta av at tenestejenta sovnar seinare i den gammalfranske teksten (Ti 375–377). Denne delen av teksten manglar i N. Tobin foreslår dermed at omsetjaren kan ha teke feil (1976, 224).
- Ti 41/47: Dronninga *vit un chevalier venir*, ‘såg ein riddar koma’. Riddaren kjem ridande i N, *riða at sér*. Denne presiseringa bryt med logikken seinare i forteljinga. I v. 79–82 vert det nemleg fortalt at riddaren tek med seg kvinna ut av hagen og at hesten hans står der og ventar på dei.
- Ti 45: Riddaren er rikt kledd. *de raineborc estoit vestuz*, ‘var kledd i klede frå *Raineborc*’. *Raineborc* vert rekna for å vera Ratisbonne, det vil seia den tyske byen Regensburg i Bayern (Meissner, 1902, 237 og Paris, 1966, 294) og finst mellom anna omtala i *Cligés* av Chrétien de Troyes (v. 3374). I N er verset attgjeve *hann var klæddr rikulega hinvm bezta bunaðe*, ‘han var rikt kledd i den beste klesdrakt’. Meissner (1902, 237) meiner dette er eit døme på tendensen i N til å forenkla det som er eksotisk og framandt. Dei fleste slike element er heller forklarte enn forenkla i *Strengleikar*, og det er like sannsynleg at omsetjaren ikkje kjende termen, men forsto at det var tale om noko positivt og dermed skreiv om dette.
- Ti 54–57: Rollene er bytta om i den gammalfranske og den gammalnorske teksten, truleg på grunn av feillesing av dei gammalfranske pronomenerne i overleveringa.

Teksten frå S:

| | |
|-------------------------------------|-----------------------|
| (54) q'a li venist, sel saluast. | Ho helsar på riddaren |
| (55) Li chevaliers cortoisement | |
| (56) par la main senestre le prent; | Han tek henne i handa |
| (57) mercie la de ses saluz. | Han takkar henne |

Teksten frå N:

| | |
|---------------------------------------|--|
| Han kjem mot henne og helsar på henne | (54) ok i þui kom hann at henne. ok heilsaðe henne |
| | (55) vel ok kurteislega. |
| Ho takkar han | (57) En hon þaccaðe honum kveðiv sina |
| Han tek handa hennar | (56) Ða tóç hann i vinstri hond hennar |

5.3.10 *Chetovel*

Denne forteljinga finst berre overlevert i H. Den gammalnorske omsetjinga av dei første 84 versa manglar grunna ei lakune i N.

- Che 152: Rollebyte. Der dronninga i H seier at *Il m'amoent sur tute rien*, 'dei elska meg over alt anna', seier ho i N at dei *varo mér yuir hvetvitna unnande*. Cook (1979, 147) og Rytter (1962, 113) vel begge same type omsetjing; *loving me above everything else / dei elska meg over alt i verda*. Desse stemmer med den gammalfranske teksten. Bruken av presenspartisipp i den gammalnorske teksten gjer denne tvitydig. Det er mogleg å lesa *unnande* som ei partisippform i verbal bruk, og dermed lesa teksten som 'dei elska meg over alt anna', men partisippet kan like gjerne lesast anten i adjektivisk eller substantivisk bruk og dermed som '(dei) var meg kjære/elskande over alt anna'.
- Che 161: Dronninga seier at ho *Les morz ferai ensevelir*, 'skal få gravlagt dei daude'. Tidspunktet er endra i N, der det vert fortalt at *En þeim er i dag varo grafnir*, 'og dei som i dag vart gravlagde'.
- Che 181: Tida går og *Un jur d'este, après mangier*, 'ein sommardag, etter måltidet' (...). I den gammalnorske teksten er her færre detaljar: *Einn dag sem hann var græddr*, 'ein dag då han var vorten lækt'. Ulikskapen mellom dei to tekstane er så stor at eg ser det som sannsynleg at dette verset har sett annleis ut i førelegget til omsetjaren.

5. Tekstvandring

- Che 239: I avslutninga av forteljinga kjem forteljaren fram og kommenterer det munnlege opphavet til historia, *Plus n'en oï*, 'meir hørde eg ikkje'. Passande nok er verbet endra i den gammalnorske teksten, *las ec ecki*, 'eg las ikkje'. Endringa i verb i dette verset, frå det gammalfranske *oir*, 'høyre', og til det norrøne *lesa*, stemmer med korleis me meiner dei gammalnorske tekstane er vortne til. *Chetovel* er ein av Marie de France sine *Lais*, der det alt i prologen vert fortalt at materialet er henta frå forteljingar ho har høyrte fortalt. Dette munnlege opphavet er rekna for å vera eit av kjenneteikna ved *lais*-sjangeren, og vert peika på i 14 av dei 17 gammalfranske tekstane som ligg til grunn for denne studien. På den gammalnorske sida er det ikkje mogleg å avgjera om denne endringa stammar frå omsetjaren eller ein seinare skrivar. Uansett kven av dei det er som har erstatta "høyra" med "lesa", så har dei endra utsegna til å stemma med korleis teksten faktisk er vorten til. Både den gammalnorske omsetjaren og den seinare skrivaren har arbeidd med skriftlege og ikkje munnlege førelegg. Same type formuleringar finst i to av dei gammalnorske forteljingane utan kjende gammalfranske førelegg. I forteljinga *Gurun* kjem forteljarstemma til syne og stadfestar det skriftlege førelegget sitt; *En ei las ec annar. En nu heui ec sagt yðr*, 'og ikkje las eg noko anna. Og no har eg fortalt det til dykk'. Ei liknande formulering finst i *Strandar strengleikr*, der det vert fortalt at; *Nu las ec ei lengra i volsku male. af þeima strengleic*, 'no las eg ikkje meir på fransk språk av denne strengleiken'.

5.3.11 Doun

Denne forteljinga er berre kjent frå det gammalfranske handskriftet S og den gammalnorske omsetjinga.

- Do 8: Kvinna i forteljinga bur i og rår over *les Daneborc*. Plasseringa av staden vert presisert i omsetjinga, *norðr a skottlande þar sem heitir edenburg*, 'nord i Skottland, der det heiter Edinburgh'. Dette stemmer med Brugger (1928, 280) som identifiserer *Daneborc* med Edinburgh. G. Paris (1879, 59–64) meinte at *Daneborc* var ei feillesing av Edimbourg. Bruken av dette namnet på Edinburgh er dokumentert i fleire andre tekstar der, til dømes i *Erec* v. 2131 og 2137, då skriva som *Teneboc* og *Tenebroc*. Det har truleg vore to ulike gammalfranske handskriftstradisjonar der den eine har nytta *Daneborc* og den andre *Edenburg* i omtalen av denne byen, og eg ser det som sannsynleg at dette er opphavet til den gammalnorske teksten. Alternativt har ein gammalnorsk omsetjar eller seinare tekstredaktør omsett stadnamnet.
- Do 33: Det gammalfranske verset slik det står i Tobins utgåve er korrigert ut frå teksten i N. Tobin ser teksten i S som ein feil i avskrift, og *desor hantone*

slik det står i handskriftet ville ikkje gjeve noko meining sjølv om Hantone skulle ha vore ein by. Dermed er *or suðantun er stenndr a svnnanverðo englannde*, ‘frå Southampton som er på sørsida av England’ opphavet til *de Sothantone sor la mer* i Tobins tekst.

- Do 95: Her er igjen *Daneborc* attgjeve som *edene borgar*. Sjå kommentar for Do 8.
- DoS 116: Verset står i fleirtal, *sont*, i handskriftet S, men er korrigert til eintal, *fu*, av Tobin i utgåva hennar. Dette gjer ho i samsvar med utgåvene til Paris (1879) og Holmes (1952) og fordi stavingstalet stemmer ikkje dersom heile verset stod i fleirtal. N nyttar her fleirtal.
- Do 149: I den gammalfranske teksten kjem dei om natta: *La nuit*, medan det er om kvelden; *Um kvellidit*, i den gammalnorske. Dette er i samsvar med tendensen i alle tekstane, sjå jamføringa under Gui 77.
- Do 155: Stadnamnet *Daneborc* er igjen attgjeve som *ædine borgar*. Jamfør omtale under Do 8.
- Do 224: I den gammalfranske teksten går far og son til åtak på kvarandre, *De grant eslais muevent andui*, ‘i full galopp set begge avgarde’. Denne rørsla går ein veg i den gammalnorske teksten der faren *stefnde at honum* ‘stemnte mot han’.
- Do 269: Faren snakkar med sonen om bakgrunnen hans og seier at han til mora *dis qu’ele le vos donnast*, ‘sa at ho skulle gje han (ringen) til deg’. At det står *veit ec at hon hevir <þer> fengit*, ‘veit eg at ho har gjeve han til deg’ i den gammalnorske teksten les Cook og Tveitane (1979, 155) som eit teikn på at førelegget til N kan ha hatt *sai*, av *saver*, ‘vite’ i staden for *dis*.
- Do 281–282: I avslutninga av forteljinga vert det sagt om faren *De lui e de son bon destrier | e de son filz qu’il ot molt chier*, ‘om han og om den gode hesten hans | og om sonen hans som var han svært kjær’. I den gammalnorske teksten er det hesten, og ikkje sonen, faren er så glad i, *Nu um riddarann ok vm hest hans er honum var hinn kæraste*, ‘No om riddaren og om hesten hans som var han det kjæraste...’. Meissner (1902, 207) meiner at sonen kan ha forsvunne frå førelegget til N. Det er berre tale om eit halvt vers, og eg ser det som meir sannsynleg at dette er ein skrivefeil i avskrift av den gammalnorske teksten.

5.3.12 *Tveggia elskanda lioð*

Heile den gammalfranske teksten er kjent frå handskriftet H. Handskriftet S har vers 1–169, det vil seie om lag to tredelar av teksten. Alt er omsett i N.

- Tvl 3: Rychner har her nytta lese måten frå handskriftet S, og har dermed *enfanz* og ikkje *amanz*, slik det står i H. Omsetjinga *ungmenni* ligg nærast S.

5. Tekstvandring

- Tvl 16–17: Teksten i N gjev lita meining: **En bygð ok hus oll er kunnig at allt þat fylki heitir Pистра dalar*, ‘Bygd og alle hus er kjende at heile dette fylket heiter Pistradalen’.¹ På grunnlag av dei gammalfranske versa, *Uncore i ad vile e maisuns. | Nus savum bien de la contree | Que li Vals de Pistre est nomee*, ‘Enno er der by og hus. | Vi veit vel om dette fylket | at det heiter Pistradalen.’,² foreslår Fidjestøl (Haugen, 1994, 84–85) at det her har skjedd ein feil i avskrift av den gammalnorske teksten, og at den norrøne omsetjinga, her normalisert, opphavleg har vore *Eru enn þar bygð ok hús oll (...)*, ‘Enno er bygda og alle husa der (...)’. I dei gammalfranske tekstane er *uncore* berre nytta to andre stader. I *Guigemar* (v. 395) er *Ne seit uncore que (...)* attgjeve som *en þo væit hann æigi enn*, der *enn* omset *uncore*. Dette er òg tilfelle i *Equitan* (v. 93). Fidjestøls tekstretting gjev ein gammalnorsk tekst som ligg svært nær den gammalfranske. Finitte verbformer er sjeldan nytta i byrjinga av setningar i *Strengleikar*. Desse har i staden ofte visse konjunksjonar, som til dømes *en* og *ok*. Avskrivarfeilen Fidjestøl foreslår er svært sannsynleg, men eg ser det som meir sannsynleg at den gammalnorske teksten opphavleg har hatt **En eru þar enn bygð ok hús oll (...)*.
- Tvl 38–42: Fidjestøl (Haugen, 1994, 86–87) meiner at det her kan ha skjedd ein *saut du même au même* i anten det gammalfranske førelegget eller i overleveringa av den gammalnorske teksten. Spranget har truleg skjedd frå *fille* (v. 39) til *fille* (v. 41).³

| H | N |
|---|---|
| <p>Cument s'en purrat deliverr, Que nuls sa fille ne quesist. E luinz e pres manda e dist, Ki sa fille vodreit aveir Une chose seüst de veir:</p> <p>(korleis han kunne oppnå at ingen bela til dotter hans Og fjernt og nært lova han og sa at den som ville ha dotter hans han skulle sanneleg vite ein ting (...))</p> | <p>með hverivm hætti hann mætti þui af koma. at engi biði dottr hans. [ok nær ok fjar lýsti hann því at sá er vildi biðja dóttur hans] þa viti (41) hann (42) at sannv</p> <p>(På kva vis han skulle få det til slik at ingen ba om dotter hans. [Og nær og fjern gjorde han dette kjent, og den som ville be om dotter hans] han skulle sanneleg vite det (...))</p> |

I Haugens normaliserte versjon av forteljninga (1994, 283) er det lagt til ein normalisert rekonstruksjon av dei gammalfranske versa 40–41. I oppstillinga

1. Omsetjing av Odd Einar Haugen (1994, 84)
2. Omsetjing av Bjarne Fidjestøl (Haugen, 1994, 84)
3. Omsetjinga av den gammalfranske teksten er Bjarne Fidjestøl si (Haugen, 1984, 86)

over er den markert med skarpe klammer. Framlegget om ein slik *saut du même au même* er rimeleg, men eg er ikkje samd i verbbruken i rekonstruksjonen av v. 40. Verbet *lýsa* med tydinga ‘lysa, kunngjera’ er ikkje nytta i *Strengleikar*. Det er oftast berre det mest spesifikke av orda i gammalfranske tautologiar av typen *manda e dist* som vert omsett i dei gammalnorske tekstane. I dette verset vil det vera verbet *mander*. Elles i *Strengleikar* vert dette verbet oftast omsett til *stefna* (*eftir, til*) (Gui 747; Bi 187; Do 158; Tvl 166; Jan 243; Gre 17) eller *senda* (*eftir*) (Gui 757; Esk 14, 33; Eq 258; Des 84, 259; Do 82, 233; Mi 27, 56; Gei 106; Nab 26, 29).¹ Eg ser det dermed som meir sannsynleg at den mogleg tapte omsetjinga av v. 40 kan ha vore **ok nær ok fjar sendi hann orð*.

- Tvl 105: Den kvinnelege slektningen til jenta har vore i Salernaborg *Plus de trente anz*, ‘i meir enn tretti år’. I den gammalnorske teksten har ho vore der i over femti år, *Hon hevir þar lengr verit en fimtigi vetra*. Variasjon i tal og mengd er vanleg, ikkje berre mellom dei gammalfranske og dei gammalnorske forteljingane, men òg mellom versjonane av dei gammalfranske forteljingane.
- Tvl 150–152: Det er her eit logisk brot i den gammalfranske teksten, *Si tost cum il l'avra beü. | Le beivre ad en un vessel mis, | Puis le remeine en sun païs*. ‘Straks han hadde drukke han, | hadde han drikken i eit ilåt | og fraktar han deretter til landet sitt’. Den gammalnorske omsetjinga er avvikande: *Sem hann hafðe þetta syst. þa for hann heim i fostr<land> sitt. ok hirti drvckinn i kerallde einu litlu ok hafðe með sér*, ‘Då han hadde ordna dette, då for han heim til fosterlandet sitt og gøymde drikken i eit lite kar og hadde det med seg.’. Rekkjefølgja i den gammalnorske teksten er ser ut til å vera omsnudd jamført med H, men det kjem av Rychners edisjonspraksis; rekkjefølgja i handskriftene H og N er i røynda identisk. *Beü* i den gammalfranske teksten må vera opphavet til *syst* i den gammalnorske. Det er vanskeleg å tappa noko i eit ilåt etter ein har drukke det, slik H seier. Eg meiner at *beü* må vera ein skrivefeil på gammalfransk side. Førelegget som den gammalnorske omsetjaren arbeidde med har truleg her hatt **Si tost cum i l'avra seiü*,² ‘straks han hadde fått greie på/funne ut av dette’.

1. Det finst nokre døme på anna omsetjing av *mander*: *hafði orðsænding gorva* (Gui 749); *bauð* (Jan 355); *krafðe* (Jan 542); *gerðe eftir honum* (Jon 260) og *var boðit* (Jon 472).

2. Denne forma av verbet *saveir* er dokumentert fleire stader i H (GuiL 548; FreL 346; EqL 93; BiL 78; YonL 407) og ikkje minst i *Deus Amanz* v. 142.

5. Tekstvandring

5.3.13 *Milun*

Den gammalfranske teksten er kjent frå handskriftene H og S, og omsett i N.

- Mi 46: Den gammalfranske *Milun* gjer *ceo ke il quist*, ‘det som han er ute etter’, medan den gammalnorske helten gjer *þat sem hon vill*, ‘det som ho ønskjer’. Mellom tydingane til verbet *quere* finst ‘å be om’ eller ‘oppmoda om noko’. Det er sannsynleg at førelegget til omsetjaren har hatt teksten **ce k’ele quist*, ‘det som ho ber om’, noko som også vert foreslått av Tobler (1886, 164–169 sitert hos Rychner, 1983, xlii). Alternativt kan avslutninga av det førre verset ha vorte lese to gonger, anten av den gammalnorske omsetjaren eller av ein gammalfransk skrivar. Då har det i førelegget til omsetjinga stått **si li dist | Que bien ad fet ceo k’ele dist*.
- Mi 69: Slektningen til kvinna er gift og bur i *Norhumbre* (H)/*Norrombre* (S). Dette er i N attgjeve som *normannidie*, men Normandie er jo ikkje det same som Northumbria. Denne feillesinga stammar anten frå ein gammalfransk skrivar eller har skjedd i overlevering av den gammalnorske teksten.
- Mi >114: I vers 68 seier kvinna at barnet skal sendast til mostra; *ma serur*, ‘søstra mi’. N attgjev dette med *systur minni*. Nokre vers seinare (Mi >114) er søstra omtala som *la dame* i den gammalfranske teksten. attgjeve som *faður systur sinni*, ‘faster si’. Dette er òg omsetjinga av det gammalfranske *aunte*, ‘tante’ teksten (Mi 453). I den gammalnorske teksten vekslar denne frua mellom å vera mostra og fastra til barnet. Forklaringa på at det er nytta faster i den gammalnorske teksten kan vera substantivet *aunte*. Dette er ei vidareføring av det latinske substantivet *amita*, ‘faster’, medan *matertera* peika på ‘moster’. I sine granskingar av vokabularet i Marie de France sine *Lais* opplyser McCelland om at substantivet *aunte* i *Lais* er nytta utan å visa om tanta tilhøyrer fars eller mors side av slekta (1977, 79–80). Det er sannsynleg at den gammalnorske omsetjaren har lese *aunte* med den opphavlege tydinga.
- Mi 124: Kvinna vert seinare gift vekk til ein *barun*. Statusen til ektemannen er lågare i den gammalnorske teksten, der han er riddar. Då *Strengleikar* vart omsett, var dei øvste klassane i hirda lendmenn og skutelsveinar. Først ved ei forordning frå Magnus Lagabøte i 1277 vart desse nemningane erstatta med den engelske og kontinentale terminologien. Lendmennene skulle etter dette kallast baronar og skutelsveinane riddarar (KLN 14, 167-172).
- Mi 223: Etter at kvinna har fått svana frå *Milun*, ønskjer ho å vera åleine og får derfor tømd rommet sitt: *Quant la chambre fu delivree*, ‘Då rommet var tømt’. I den gammalnorske teksten *gec hon i loft sitt ok lét bera þangat elftrena*, ‘gjekk ho på rommet sitt og fekk svana frakta dit’. Opphavet til ulikskapen i

dei to tekstane er verbet *deliverer*, som mellom anna kan tyda ‘tømme’, men òg, slik den gammalnorske omsetjaren har lese det, tyda ‘frakta til ein stad’, slik som moderne engelsk *deliver*, fransk *délivrer*, og ikkje minst norsk *levere*. Forteljinga *Fresne* (v. 409) har eit nær identisk vers, *Quant la chambre fu delivree*, ‘då rommet var tømt’. Den er korrekt omsett til *pui nest sem aller varo brot gengner or svæfnloptino*, ‘deretter, då alle hadde gått ut av soverommet’. Ein variant av denne lina finst i *Lanval* (v. 491); *fai tes chambres delivrer*, omsett til *latet ryðia svefnbur*. I resten av tekstane er dei ulike tydingane av *deliverer* godt attgjevne (Sjå Esk 10, 110, 318, 371; Tvl 38; Jan 541, 588, 624). Det er dermed mogleg å tenkja seg eit gammalfransk førelegg med varianten **A la chambre fu delivree*, ‘vart levert til rommet’.

- Mi 258: Frua festar brevet til Milun rundt halsen, *Al col*, på svana i den gammalfranske teksten. I den gammalnorske teksten er det festa under fjøra: *unndir fiaðrvm*. Substantivet *col* er nytta fleire gonger i den gammalfranske forteljinga og er elles alltid omsett til *hals* (Mi 77, 96, 163, 217 og 269).
- Mi 267: Milun kallar til seg *un despensier*, ‘ein tenar’. Dette er einaste gongen nemninga er nytta i dei gammalfranske tekstane. Statusen er heva i den gammalnorske teksten, der han kallar til seg *ræðiz/mann sinn*, ‘rådgevaren sin’. Bruken av eigeomspronomenet i den gammalnorske teksten har truleg opphav i førelegget. Handskriftet S har varianten *son despensier*.
- Mi 289: Feilen i Mi >114 vert verande i teksten. *La dame*, ‘kvinna’, i den gammalfranske teksten viser her til søstera til frua, men vert omsett til *systir Miluns*, ‘søstera til Milun’.
- Mi 295: Tanta fortel guten som no er vaksen *ki est sa mere*, ‘kven mor hans er’. Dette er endra i den gammalnorske teksten, der han får vite *hvar moðir hans var*, ‘kvar mor hans var’. Ein gammalfransk tekst **(o)u est sa mere*, er ikkje utenkjeleg.
- Mi 320: *Brutaine*, ‘Bretagne’, i den gammalfranske teksten er attgjeve som *bretlannd norðr*, ‘Nord-Bretland’, i den gammalnorske.
- Mi 409: I samband med turneringa ser Milun at sonen hans *si cuntenir*, ‘oppførte seg på dette viset’. Dette er presisert i den gammalnorske teksten, der han *reid einkar vel*, ‘reid uvanleg godt’.
- Mi 430: Milun kjenner att ringen *Al dei*, ‘på fingeren’ til sonen i den gammalfranske teksten. I den gammalnorske forteljinga står det *a hennde honum*, ‘på handa hans’. Kan det vera at *dei* her ha vorte lese som *destre*, ‘høgre hand’?
- Mi 468: Milun høyrer ei stund på det sonen fortel. Deretter *Il ne poeit plus escuter*, ‘kan han ikkje lenger lyda’. Dette er omsett til at han *matti ei þa lengr begia*, ‘kunne då ikkje lenger teia’.

5. Tekstvandring

- Mi 506: Saman reiser far og son sjøvegen. Dei har *Bon oré eurent e fort vent*, ‘god bør og sterk vind’. Rychner (1983) forkastar lesemåten *Bon oré eurent e suef vent* (S). Denne varianten av verset er så godt som identisk med *Guigemar* v. 194. I *Milun* er verset omsett til *með goðum byr ok hægivm sio*, ‘med god bør og roleg sjø’.

5.3.14 Geitarlauf

Den gammalfranske forteljinga finst i handskriftene H og S, og er omsett i N.

- Gei 40: Kongen i den gammalfranske teksten heldt *sa curt*, ‘hoffet sitt’, medan i N heldt *hatid*, ‘høgtid, helg’. Varianten av verset i S, der kongen heldt *feste*, ‘fest’, ligg nærare N.
- Gei 49–50: Tristram gøymmer seg i skogen *Sur le chemin que il saveit | Que la rute passer deveit*, ‘Ved vegen der han visste | at ferda skulle gå’. Dette er i N attgjeve som *þar i hia vegenum sem han vissi at drottning skyllði vm riða*, ‘der ved vegen som han visste at dronninga skulle ri’. Rychner har valt varianten frå S, *la rute*, men teksten i handskriftet H er i samsvar med N og har *la reine*.
- Gei 51: Tristram skaffar seg ein pinne av ein hassel som han *trencha par mi*, ‘delte på midten’. Han går hardare til verks i den gammalnorske teksten, der *hio hann niðr*, ‘hogg han ned’.
- Gei 105: Tristram *s’en rala*, ‘vende attende til’ Wales i H, medan han *dvaldizc*, ‘vart verande’ i Wales i N. Handskriftet S har varianten *reva*, ei form av *raler*. Det er mogleg å tenkje seg eit gammalfransk førelegg med teksten **Tristram en Wales sejourna*, ‘Tristram oppheldt seg i Wales’.

5.3.15 Strandar strengleikr

Denne forteljinga har ikkje noko kjent gammalfransk førelegg. Det er likevel eitt element i den gammalnorske teksten som truleg stammar frå ein omsetjars feillesing av eit gammalfransk førelegg. Kongen sender bod *til hinnar rauðu fru*, ‘til den raude frua’ og ber henne komponera ein strengleik. Etter det eg kjenner til, er inga slik raud frue kjend frå den gammalfranske mellomalderlitteraturen. Ein hypotese er at det kan dreia seg om ei feillesing av same slag som i *Desire* (Des 693) der *damaisel*, ‘ung mann’, har vorte lese som *daimaisele*, ‘ung kvinne’. I så fall kan ein spekulera på om opphavet til den raude frua har vore den meir kjende raude riddaren, kjent frå Chrétien de Troyes *Perceval*, der *le Chevalier Vermoil* først dukkar opp i v. 865 og deretter vert drepen av Perceval i v. 1063ff. I den norrøne omsetjinga av denne forteljinga, *Parcevals saga*, er denne riddaren kalla *inn rauði riddari* (Kalinke, 1999, 114 ff.). Dette er kan hende ingen sterk hypotese, mellom anna på grunnlag av bruken av personlege pronomer som viser

til denne frua. Like fullt er det ikkje fleire enn seks slike i teksten, og korkje på gammalfransk eller gammalnorsk side er det uvanleg med feil og forvekslingar i avskrift av pronomenformer.

5.3.16 *Leikara liod*

Le lai du Lecheor finst berre i det gammalfranske handskriftet S. Berre omsetjinga av det som svarar til dei første 15 versa er overlevert. Resten er tapt grunna ei lakune i N.

- Lei 1–2: Det er usemje om det som tilsvarar vers 1–2 i den gammalfranske teksten og kva som har stått i førelegget til desse. Der det i den gammalfranske teksten står *Jadis a Saint Pantelion, | ce nos racontent le Breton*, ‘I gamle dagar ved Sankt Pantelion, | det fortel bretane oss om’, står det i den gammalnorske forteljinga *Pat hava sagt oss kornbretar at hins v(p?)aris undir leuns fjalle*, ‘det har kornbretar fortalt oss, at (?) under Leuns fjell’. Det gåtefulle *at hins v(p?)aris* gjer at delar av den gammalnorske teksten er vanskeleg å tolka. Likskapen mellom grafema *p* og *v* gjer at det er umogleg å avgjera om det står *paris* eller *varis* i N. Dei to moderne utgåvene av den gammalnorske teksten gjev kvar sitt alternativ. Cook og Tveitane (1979, 208) vel *hins varis* og refererer delar av diskusjonen ikring tekststaden i ein fotnote. Keyser og Unger (1850, 68 og 119) har *hins paris* i den trykte teksten, men opplyser i ein fotnote og i tekstkommentaren at *hins varis* er ein jamstelt lese måte. Dei hadde ikkje høve til å jamføra den gammalnorske teksten med det gammalfranske førelegget, for det først vart utgjeve i 1879 av G. Paris.

Det har seinare vore leita etter løysingar i moglege variantar av det gammalfranske førelegget og moglege omsetjar- eller skrivarfeil på den gammalnorske sida. Ei gransking av korleis skrivaren av teksten på blada 38v og 39r i N har utforma *p* og *v*, viser at øvre del av teikna, det vil seie x-høgda, ser ut til å vera identisk. Tendensen til ulikskap ligg i underhøgda, der *p* elles ser ut til å ha ein svak utgangsstrek til høgre, medan *v* har ein meir markert utgangsstrek mot venstre. Dette er ikkje gjennomført, men kan likevel gje grunn til å tru at Keyser og Unger sin lese måte er den rette. Eg har derfor endra Cook og Tveitane sin *hins varis* til *hins paris* i den synoptiske utgåva i band 2. Dette har konsekvensar for korleis denne delen av teksten skal lesast og verkar inn på diskusjonen ikring desse to versa og den gammalnorske omsetjinga av dei.

Det har vore diskutert om det gammalfranske *Saint Pantelion* viser til ein helgenfest eller eit stadnamn. Den siste utgjevaren av den gammalfranske teksten, Glyn Burgess (1999, 48) vel å lesa det som helgenfesten for St.

5. Tekstvandring

Pantelion, 27. juli, noko som vert støtta opp av bruken av bestemt form i v. 39, *A la feste dont je vos di*. Dette kan like gjerne vise attende til *la feste* i v. 4. Etter å ha konferert med ein forskar ved Den Arnamagnæanske Samlinga i København meiner Skårup (1971, 52–62) at den rette lesemåten må vera *at hins varis*, og at dette viser til ein stad ved foten av fjellet Leon. Etersom vers 4, *til hatiðlegrar tignar þess hins helga nafns*, føreset ein tidlegare omtala helgen, ser Skårup to alternativ. Anten har omsetjaren sett *Leun* som eit helgennamn, eller så har han skrive *at hins helga ...s (Páls?) undir Leuns fialle*, noko som stemmer grammatisk med konteksten. Denne konjekturen krev for det første at ein seinare skrivar har forvanska *helga ... s (pals?)* til *varis*. Dessutan kan førelegget til omsetjaren ikkje ha hatt teksten *Jadis a Saint Pantelion*, slik det står i det einaste kjende gammalfranske handskriftet, men **A Saint (Pol?) soz le mont Leon*. Denne lesemåten fører til problem seinare i teksten, der fjellet vert introdusert i ubunden form i v. 41, noko Skårup sjølv gjer merksam på. Konjekturen hans føreset dermed at òg den gammalfranske teksten er forvanska to stader, først i vers 1 og deretter i vers 41.

Dersom Saint Pantelion ikkje viser til helgenfesten, men til ein stad, er det fleire alternativ i Frankrike. Men ingen av desse stadane er i det geografiske området som *lais* henta materialet sitt frå. Av tidlegare forslag, meiner Skårup at Saint Pol de Léon i Finistère, om lag 60 kilometer frå Brest, er det beste. Eg vil gjera merksam på at det er denne staden ein reknar med at *leunsborg* i *Guiamar* (v. 30) viser til (Keyser og Unger, 1850, 95). I dette verset har alle dei gammalfranske versjonane *Liun*, og det er vanleg å meina at dette namnet viser til Saint Pol de Léon, til *leunsborg* (Burgess, 1987, 23). I *Lecheor* vil dette namnet stemma med versemålet og gjev den lokale koloritten som *lais*-sjangeren krev. At den overleverte gammalfranske teksten har *Saint Pantelion* tilskriv Skårup ein seinare skrivar. Å erstatta eit stadnamn med eit anna er ein velkjend praksis.

Eit heilt anna alternativ vert gjeve av Meissner (1902, 207), som meiner at det gammalfranske førelegget til *Leikara liod* må ha hatt den latinske ordforma *panis*, ei forkorting for *pantaleonis*. Teksten ville i så fall hatt ein dobbel referanse til stadnamnet *Saint Pantelion*. Mangelen på slike latinske ordformer elles i *lais*-sjangeren gjer dette framlegget mindre sannsynleg. Samstundes er denne forteljinga i seg sjølv atypisk for sjangeren og truleg ein parodi på denne.

I Rytters moderne norske omsetjing av *Leikara ljóð*, heiter denne *Spelemannssongen* (1962, 14). Keyser og Unger si utgåve (1850) ligg til grunn for denne omsetjinga, og dermed er *hins paris* opphav til at byen Paris vert plassert under Leunsfjellet. Lesemåten *hins paris* er i seg sjølv tvilsam, men like god som nokon annan dersom ein les det gammalnorske brotstykket

lausrive frå førelegget. Rytter har vore merksam på problemet her, og foreslår at opphavet til *hins paris* er å finna i første lekken av stad- eller helgennamnet *Saint Pantelion* i den gammalfranske teksten. Dermed ser han det slik at *paris* attgjev *pante*, medan *lion* er omsett som *leuns fialle*.

Utanom Rytters (1962) framlegg har det vist seg vanskeleg å forklara det innskotne *fialle* i den gammalnorske teksten. Det har kome forslag om at *pante* i *Saint Pantelion* har vore forveksla med *pente* i tydinga ‘bakke, helling’ (Magoun, 1941–1942, sitert i Skårup, 1971, 55). Men som Skårup peikar på, er ikkje substantivet *pente* heimla i kjelder før 1358, så dermed er ikkje det noko eit sannsynleg alternativ.

Eg meiner at Rytter er inne på noko og ser det som sannsynleg at den feillesinga han foreslår er den korrekte. I så fall er *at hins varis undir leuns fialle* ei feillesing der *hins* er ei korrumpert attgjeving av *helga* og har dermed førelegg i *saint* i den gammalfranske teksten. Vidare er truleg *paris* i N ein skrivarfeil for det gammalfranske *Pante* i helgennamnet *Saint Pantelion*.

5.3.17 *Janual*

Den gammalfranske forteljinga finst i handskriftene H, S, P og C. Grunna ei lakune i N manglar omsetjinga av dei første 156 versa av *Lanval*.

Som før nemnt har *Strengleikar*-tekstane sjeldan vore granska av romanistar. Den einaste nære jamføringa av den gammalfranske og den gammalnorske versjonen av ein tekstane av ein romanist er Paul Aebischer si (1958). Den finst som appendiks til Rychner si kritiske tekstutgåve av *Lanval* (1958). Etter ei grundig innleiing etablerer Rychner ein kritisk tekst for *Lanval* med utgangspunkt i dei fire kjende gammalfranske handskriftene av teksten. Teksten frå kvart av desse vert dessutan ført opp synoptisk under den kritiske teksten. Som eit supplement til denne utgåva gjev Aebischer ei vurdering av den gammalnorske teksten, følgd av teksten frå Keyser og Unger si utgåve (1850), med hans eiga sidestilte omsetjing og tilhøyrande notar.

I motsetnad til dei fleste som har samanlikna *Strengleikar* med dei gammalfranske førelegga, har Aebischer ikkje mykje tru på den gammalnorske omsetjaren eller franskkunnskapane hans og går systematisk til verks for å demonstrera denne kunnskapsmangelen. Systematikken hans er det ikkje noko å utsetja på, men dessverre er det ein god del å utsetja på Aebischers omsetjing og dermed òg på note-apparat og vurderinga av dugleiken til den gammalnorske omsetjaren. Der Keyser og Unger (1850) lovprisa den ukjende omsetjaren og Meissner rosar han, men peikar på noko småplukk i omsetjingsarbeidet, tek Aebischer det motsette standpunktet. Manglande tekst forklarar Meissner som intenderte nedkortingar eller eit defekt gammalfransk handskrift. Innskot ser han

5. Tekstvandring

som stilistisk rett i den norrøne høviske stilen, og han meiner at ombyting av versa i ein kuplett truleg er medvite, og då for å styrka logikken i teksten. Aebischer, derimot, spør om ikkje endringar og uklare punkt i den gammalnorske teksten må stamma frå omsetjarens manglande kunnskap til “les trésors et les finesses du vocabulaire français” (1958, 88). Allereie i val av verb i neste setning kjem det tydeleg fram kva Aebischer eigentleg meiner om mannen som “prétendait traduire” desse gammalfranske versnovellene. I det som følgjer trekkjer Aebischer fram enkelte døme på slett arbeid av “ein gammalnorsk klerk frå Oslo” (sic.), og går deretter grundig til verks i noteapparatet til den gammalnorske teksten. Han ser dei gammalfranske tekstane som betre enn den gammalnorske, og nyttar dermed desse som fasit, som ei norm for korleis omsetjinga burde ha vore.

Det Aebischer ikkje ser ut til å leggja vekt på, er at N er eldre enn nokon av dei gammalfranske handskriftene, slik at noko av det som han reknar som feil i den gammalnorske teksten kan vera spor etter ein eldre gammalfransk versjon. Er dette tilfelle, kan det vera variantane i dei fire gammalfranske handskriftene som er den dårlegaste lesemåten i jakta på ein mest mogleg opphavleg tekst. Vidare forklarar Aebischer alle utelatingar i norrøn tekst jamført med dei gammalfranske med manglande språkkunnskapar hos omsetjaren. Kvar gong det ikkje finst spor etter eit eller fleire gammalfranske vers i den gammalnorske teksten, dreg han fram eit par gammalfranske ord i den aktuelle tekstbolken som omsetjaren “sans doute (...) n’a pas compris” (1958, 106). Dersom Aebischer hadde jamført desse såkalla problematiske orda med det samla vokabularet i *Lanval/Janual*, eventuelt med heile *Strengleikar*-korpuset, ville han raskt skjönt at konklusjonen hans er for lettvindt. I dei aller fleste tilfella er desse problemorda nytta andre stader i forteljinga, der dei ikkje berre er korrekt omsette, men nokså ofte gjennomført omsette. Nokre gonger er òg ordspel og dobbeltydingar freista attgjevne. For å vurdera Aebischer si oppfatning har eg kartlagt dei orda han meiner har vore problematiske for den gammalnorske omsetjaren, både innanfor forteljinga *Janual* og i *Strengleikar* samla. Her er resultatet:

- Jan 179: Substantivet *tuaille*, ‘handduk’. Med ortografien *toaille* finst i *Desire* (Des 556), der det er korrekt attgjeve som *handklæde*.
- Jan 191: Substantivet *sele*, ‘sal’. Dei to andre tilfella der dette substantivet er nytta er begge i forteljinga *Desire*, der det er omsett til *soðul* (DesS 543 og 665).
- Jan 224: Substantivet *surjur*: Det samrøtte verbet *surjurner*, ‘opphalda seg’ er elles greitt omsett til *huilizk* (Tvl 137) og korrekt til *dveldizc* (Jon 492). Derimot er *ki de surjur ait grant mestier*, ‘som hadde stort behov for ein opphaldsstad’, attgjeve som *er hialpar varo þurfi*, ‘som trong hjelp’ (Jan 206), der *hialpar* ikkje svarar til *surjur*. Dei tre andre gammalfranske handskriftene

har her *seiour* (P), *seoir* (S) og *suior* (C). Det er sannsynleg at opphavet til det gammalnorske *hialpar* er å finna i ei feillesing av dette ordet, anten av ein gammalfransk skrivjar eller av den gammalnorske omsetjaren. Ein av dei har truleg lese substantivet som **secour* og ikkje *sejour*.

- Jan 267: Substantivet *drüerie* viser til den høviske kjærleiken. Ser ein *Strengleikar* under eitt, er omsetjinga av dette substantivet oftast *astar þokka* (Gui 505; Des 213; Eq 124 og 185), med eitt tilfelle av varianten *astar* (Des 219). Det er eitt døme på tydingsforskyving til *kurtæisi riddarascap* (Eq 15). Omsetjinga er i eit par tilfelle ukjend, grunna lakuner i det gammalnorske handskriftet. I fire tilfelle er ikkje substantivet omsett (Eq 82, 132; Tvl 66 og 69). Det er ikkje mogleg å hevda at omsetjaren av *Lanval* ikkje har kjent tydinga av det gammalfranske ordet, for det er korrekt attgjeve som *astar þokka* i vers 317 og 336.
- Jan 268: Adjektivet *liez*, ‘glad’, finst ofte i *Lais* og *Lais anonymes*. Ofte er det omsett til ei reflexivform, som til dømes *gladdezc* (Gui 30), eller med ei avleiing av *fagna/feinn* (Gui 707, 866; Esk 12, 85; Bi 111; Tvl 153; Mi 29). I *Lanval* er adjektivet nytta to gonger, først i byrjinga av det som er overlevert av den gammalnorske teksten (v. 171) og deretter i dette verset (v. 268) som er del av ein delvis omsett kuplett. Vers 171, *Quant il l’oi, mut en fut liez*, ‘Då han hørde dette, vart han svært glad for det’, er attgjeve: *Sem hann hafðe þetta heyrð þa gladdizc hann mioc*. Med mindre det har vore eit skifte av omsetjar mellom v. 171 og v. 268 i *Lanval*, provar dette at omsetjaren av *Janual* har kjent til tydinga av *liez*.
- Jan 284: Verbet *malbailler*. Dette er den einaste staden dette verbet er nytta i *Lanval* verbet, og då med forma *maubailliz*. Det finst mange døme på verbet i dei gammalfranske tekstane og det er oftast omsett med *svivirða* (Esk 256).
- Jan 306: Verbet *aviler*, ‘håne’. Dette er nytta ytterlegare to gonger til i *Lanval*. Aebischer meiner at forma *avillie* har gjeve omsetjaren problem. Verbet er nytta nokre vers seinare i *Lanval* (v. 319), og det er dermed overraskande at Aebischer ikkje har sett desse i samanheng med dette verset når han så kategorisk uttalar seg om den gammalnorske omsetjarens manglande språkkunnskapar. I v. 319 er *laidi et avlia*, ‘rakka ned på og håna’, komprimert og attgjeve som *svivirðe*. Deretter, i v. 365 er *hunir e avilier*, ‘fornedra og håna’, komprimert til *svivirðr mic*. Verbet finst ikkje nokon av dei andre *lais* som har vore førelegg til *Strengleikar*.
- Jan 312: Verbet *haitier*, ‘gleda, oppmuntra’, her med forma *haitiez*, vert av Aebischer plassert i vers 319 og ikkje 312. Verbet er vanleg, og det er nytta ein annan stad i *Lanval*. I vers 481 står det *Mut fu haitiez*, ‘gleddest han mykje’, passande omsett til *huggaðezc hann þa mioc*.

5. Tekstvandring

- Jan 492: Substantivet *palie*, ‘eit rikt klede av brokade eller silke’, med den ortografiske varianten *paile*, er nytta fleire gonger i dei gammalfranske førelegga til *Strengleikar*. Eit slikt *palies* står sentralt i plottet i *Fresne*. I *Eskia* er dette alltid attgjeve som *pæll/pell* (Esk 123, 208, 293, 299, 403, 413, 421, 426, 432, 446 og 474), og sameleis i *Jonet* (501). Det norrøne substantivet er lånt frå engelst som har det frå latin *pallium* (Fischer, 1909, 49). Dette er også opphavet til både det gammalfranske ordet og til det moderne franske *poêle*. Dersom dette verset er utelate frå omsetjinga fordi omsetjaren hadde vanskar med tydinga av enkeltord, ville eg ha venta at verbet *encurtiner*, ‘henge opp gardiner eller tepper’, som berre førekjem i akkurat dette verset, ville by på større problem. I forteljinga som følgjer *Janual* i N, *Jonet*, gøymer ei eldre kvinne seg bak ei *cortine*, korrekt omsett til *reflunum* (JonS 264).
- Jan 519: Verbet *rehaitier*, og her med forma *rehaitiez* ser Aebischer som eit mogleg problem for omsetjaren. Men den gammalnorske omsetjaren hadde god kunnskap om tydinga av *haitier* (sjå Jan 312) og det er høgst usannsynleg at same verbet, men med prefikset *re-*, ville by på vanskar i omsetjing.
- Jan 522: Partisipp-forma *acemees*, ‘pynta, elegant’, er eitt av fleire moglege ord Aebischer (1958, 120) presenterer som moglege hinder for ei omsetjing av versa 519–532. Men denne partisipp-forma i adjektivisk bruk finst ein annan stad i førelegga til *Strengleikar*. I *Laüstic* (LaL 14) er den lengtande kvinna skildra som *sage, curteise e ascemee*, ‘vis, høvisk og elegant’. Dette er omsett til *friðre ok fagre kono. hyggenne ok hæverskre*, ‘pen og vakker kvinne, klok og høvisk’. Ordet ser dermed ut til å vera kjent for den som omsette *Laüstic*.
- Jan 524: Adverbet *hastivement*, som Aebischer meiner har vore problematisk her, er ofte nytta i dei gammalfranske tekstane. Det er mellom anna attgjeve som *skunndaða* (GuiS 327), *skiotan* (GuiS 669) og *skyndilega* (GuiS 701 og 853). I *Janual* er *hastivement* omsett til *skiott* (JanS 261), og det er usannsynleg at adverbet er grunnen til at denne bolken (LanL 519–532) ikkje er omsett.
- Jan 560: Substantivet *chainse*, ‘linskjorte’ er eitt av orda Aebischer (1958, 121) meiner omsetjaren har hatt vanskar med i denne bolken (v. 556–572). Ordet er nytta i *Laüstic* (LaL 118) og er der omsett til *linkyrtill*. Det samrøtte *chensil* er derimot avvikande omsett i *Desire* (sjå omtale Des 101).
- Jan 596: Adjektivet *hastif*, ‘raskt, brått’ meiner Aebischer har bydd på problem. Dersom adverbet *hastivement* var kjent (sjå omtalen under Jan 524), må ein rekna med at det samrøtte adjektivet òg var det. Dette er ofte nytta, men dette er einaste gongen adjektivet finst i *Lanval*. I andre forteljingar er det til dømes omsett med *skiott* (BiS 47) eller *skyndilega* (JonS 284).

Eit par av orda Aebischer meiner kan ha vore problematiske finst ikkje andre stader i dei gammalfranske tekstane, så me kan ikkje vita om den gammalnorske omsetjaren hadde kjennskap til dei. Dette gjeld mellom anna *crüaz* i LanL 283, som er same ord som moderne engelsk *coward*. Det førekjem berre éin annan gong i dei gammalfranske førelegga til *Strengleikar*, og då i den mykje omtala prologen til *Guigemar*, som berre er å finna i handskriftene H og P. Vidare peikar Aebischer på *essuier*, ‘tørka’ (LanL 179), *failli*, ‘mislykka person, fiasko’ (LanL 283), *cendal*, eit tynt silkestoff (LanL 475), *senglement*, ‘heilt enkelt, berre’ (LanL 476), *hanche*, ‘hofte’ (LanL 563), nektinga *mie gas* (LanL 579) og adjektiva *fauve* og *brune*, ‘brun, brunleg’ (LanL 590).

Av dei 23 enkeltorda som Aebischer meiner kan ha vore vanskelege for den gammalnorske omsetjaren, finst fjorten korrekt omsette anten i *Janual*, eller i ei eller fleire av dei andre strengleikane. Dei ni orda som då står att er anten enkelttilfelle i dei gammalfranske tekstane eller del av lakuner i den gammalnorske teksten. Kva kunnskap den gammalnorske omsetjaren kan ha hatt til desse er for oss ukjent.

Årsaka til at ein del enkeltvers, kuplettar eller lengre bolkar ikkje er omsette meiner Aebischer er anten at omsetjaren har forstått dei dårleg eller at han har vurdert dei som lite naudsynte. Han opnar ikkje for at kuplettar eller tekstbolkar har vanta i førelegget omsetjaren arbeidde med, men grunngjev kategorisk alle avvik med manglande språkkunnskapar hos omsetjaren. Eit døme på vers der han meiner at tydinga har vore vanskeleg å skjønna for den gammalnorske omsetjaren er versa 177–180, der særleg vers 177, *N'esteit mie fous ne vileins!*, ‘han var korkje dum, eller ein bondetamp’, vert framheva som problematisk. Det finst fleire døme på at dei tydingsberande orda i akkurat dette verset er passande omsette i *Janual* eller andre av strengleikar. *Fou* som substantiv er ikkje omsett nokon annan stad i *Strengleikar*, men i adjektivisk bruk er *fol amur* omsett til *uhofsamlegvm astum* (Lan 410), det samrøtte substantivet *folie* er attgjeve som *hæimsca* (Gui 329, 777; Tvl 161; Jan 367), adverbet *folement* som *hæimslega* (Esk 29), og uttrykket *dis folie* som *amællta* (Esk 468). Nemninga *vilein* er i *Janual* omsett til *suivirðlega* (Lan 364). Det samrøtte *vilenie* er omsett til *hæimsku* (Esk 437), *synd/svivorðing* (Eq 294) og *amælis* (Jan 166). Ingen av dei tydingsberande orda i dette verset ser dermed ut til å ha vore ukjende for den gammalnorske omsetjaren.

Ein kuriøs fotnote hos Aebischer (1958, 123) omtalar verbbruken i Jan 604. Den gammalnorske teksten er her; *hofðu þa allir augu sin a henni*, ‘alle hadde då augene sine på henne’. I jamføringa si med den gammalfranske teksten stussar Aebischer over at omsetjaren ser ut til å ha lese *venue*, ‘komen’, skrive *ueue* i den

5. Tekstvandring

gammalfranske teksten som *veue*, ‘sett’. I Rychners synoptiske oppstilling av dei fire gammalfranske versjonane av *Lanval* (1958) kjem det fram at tre av handskriftene har *veue*, ‘sett’ (SPC) og eitt *uenue*, ‘komen’ (H), og dermed er den gammalnorske teksten i tråd med storparten av dei gammalfranske handskriftene. *Veue* er også den varianten Rychner vel i den kritiske utgåva si av *Lanval* (1958, 72). Dermed ser det ut til at Aebischer korkje har sett på den synoptiske oppstillinga av tekstane eller den ferdige kritiske teksten av *Lanval* før han meinte at den gammalnorske omsetjaren har feillese dette gammalfranske verbet.¹

Når det gjeld ulikskapane mellom tekstane, ser Aebischer berre eitt døme der dette kan stamma frå eit avvik i omsetjaren sitt førelegg jamført med dei overleverte gammalfranske handskriftene. Dette gjeld v. 602, der *vint*, ‘kom’, er attgjeve som *sa*, ‘såg’. Her foreslår Aebischer at førelegget har hatt **unc um si bele ne vit mais*, ‘såg aldri noko sinne nokon som var så vakker’, og ikkje *Unkes si bele n’i vint mais!*, ‘aldri noko sinne kom det nokon så vakre dit’. Dette er ei rimeleg forklaring på den gammalnorske teksten, *engi maðr sa aðra iamfriða*, ‘ingen såg noka anna som var like vakker’. Ser ein *Strengleikar* under eitt, har ikkje konstruksjonar av typen *engi maðr* opphav i variantar av *unc um*. Samansetjinga er ikkje nytta i nokon av dei gammalfranske tekstane, der “ingen” oftast er uttrykt med *nuls* (*hum*), eller med nektande frasar som til dømes *n’ad humme* (EqL 83).² *Unc* og *humme* står saman ein einaste gong i dei gammalfranske tekstane. I *Bisclavret* er *Unke mes humme* (Bi 245) godt attgjeve på gammalnorsk som *ne alldri ængom manne*. Teksten Aebischer foreslår er utypisk for dei gammalfranske forteljingane. Omsetjinga av *unc* elles i *Strengleikar* er nesten alltid til former av *aldri*, variert med *alls ekki*, *eigi*, *ekki*, *engi*. I *Milun* er *unc* attgjeve som *engan mann* (Mi 525) og i *Eskia* som *engi* (Esk 126 og 376). Eg ser det dermed som meir sannsynleg at anten har førelegget hatt **unkes si bele n’i vit mais!* eller at ein gammalfransk skrivar eller den gammalnorske omsetjaren har feillese *vint* som *vit*.

Den nedlatande tonen i Aebischers kommentarar om den gammalnorske omsetjaren sine språkkunnskapar gjennomsyrrar heile framstillinga hans. Det er ikkje tvil om at det er feil i den gammalnorske teksten jamført med den gammalfranske. Den mest alvorlege av desse finst i omtale av rettargonga, der domarane skal *departir*, ‘skiljast eller ‘avseia dom i ei sak’ (LanL 471, 503 og 547), attgjeve i N som *skiliazc*. At denne dobbeltydinga av verbet *departir* har vore ukjend for omsetjaren bør ikkje lesast som prov på manglande språkkunnskap. I

-
1. Ei jamføring med teksten i Rychners utgåve av Marie de France sine *Lais* (1983, 91) viser at er *veüe* er lese måten Rychner vel å nytta i denne. Dette gjer han trass i at denne er meint å vera ei utgåve av forteljingane slik dei er å finna i handskriftet H, det einaste som på denne staden nyttar eit anna verb.
 2. Andre døme er å finna i Gui 38, 155, 661; Eq 83, 254; Bi 232, 245; La 84; Mi 427; Jan 645; Jon 100, 179, 423.

den kritiske utgåva av teksten går Rychner (1958, 78–86) gjennom rettargonga i detalj, og i omtalen av dette verset gjer han i ein fotnote (1958, 83 fn. 1) merksam på at dette er det einaste kjende dømet på at verbet er nytta med dette innhaldet. Det er heller ikkje ført opp i dei standardgammalfranske ordbøkene med denne tydinga. Dermed bør me spørre oss om verbet har ei anna tyding enn den den gammalnorske omsetjaren tenkte på. *Skilja* kan ha ei liknande tyding som den som er lesen inn *departir* i den gammalfranske teksten, men den er ikkje kjent nytta i refleksivform andre stader enn i *Janual* (Cook og Tveitane, 1979, 222–224, fn. 3, 4 og 6). I glossariet til *Norges Gamle Love* (1895) er ei av tydingane til *skilja*: “fremsette klart og bestemt, fastsette, bestemme (saavel ved private avtaler og ensidige erklæringer gjennom lovudsagn” (567–568), og eit *skilmáli* er ein “bindende avtale” (569). På den gammalfranske sida har me eit verb med ei dobbeltyding som berre er kjent frå denne teksten. Situasjonen på den gammalnorske sida er nær lik. Her har ein eit verb med ei liknande dobbeltyding, men som ikkje er dokumentert nytta i refleksivform i tydinga ‘avseia dom’. Eg kan ikkje sjå anna at dette like gjerne kan vera ein freistnad på å overføra dobbeltydinga i omsetjinga på best mogleg vis. Dermed kan dette like gjerne lesast som prov på dugleiken til omsetjaren som det motsette.

I resten av tekstane er *departir* nytta i tydinga ‘forlata, avslutta’ og omsett til ulike omskrivingar av dette (Esk 501; Bi 212; Des 63; Tvl 250; Mi 481; Jan 630; Jon 209, 221 og 490). Unntaket, og truleg eit viktig unntak, finst i forteljinga *Yonec / Jonet* (v. 253). Ektemannen og tenestekvinna bestemmer seg for å spionera på kvinna og *De cel cunseil sunt departi*, ‘Dei skildest med denne avgjerda’. Dette er i den gammalnorske omsetjinga attgjeve som *ok varo þau þa samþycc a þetta rað*, ‘og var dei då samde om denne avgjerda’. Attgjevinga av *departir* som *samþykkja* kan vera ein indikasjon på at omsetjaren har kjent til dobbeltydinga av det gammalfranske verbet.

Då eg sjølv jamførte den gammalnorske og den gammalfranske versjonen av denne forteljinga, fann eg fleire og andre endringar, avvik og ulikskapar enn dei som er kommenterte over. Desse vert drøfta i det som følgjer:

- Jan 213: Med nyvunnen rikdom er ingen så *estrange ne privé*, ‘framand eller kjent/ nær venn’ at ikkje Lanval deler ut gåver til dei. Nordahls omsetjing av uttrykket til moderne norsk er både korrekt og velklingande: *kjende som ukjende* (1982, 62). Samansetjinga mellom *estrange* og *privé* er vanleg.¹ Den gammalnorske teksten har her *utlenzcr ne mallaus*, ‘utanlandsk eller mållaus’. *Privé* i denne tydinga er elles nytta fire gonger i førelegga til *Strengleikar*, og er der korrekt omsett til norrønt:

5. Tekstvandring

Gui 32: *De sun seignur fu mult privez*, ‘Han var herren sin svært kjær’, attgjeve som *hinn kæraste herra sinom*, ‘den kjæraste til herren sin’.

Gui 587: *De ses priveiz demanda treis*, ‘Ba om tre av dei næraste venene sine’, attgjeve som *ok kallaðe hann til sin þria hina villdasto vini sina*, ‘og han kalla tre av dei gildaste venene sine til seg’.

Bi 19: *De sun seinur esteit privez*, ‘han var herren sin kjær’, attgjeve som *ok var hinn kærasta sinom herra*, ‘og han var den kjæraste for herren sin’.

Do 84: *envoiast li de ses privez*, ‘skulle senda han av dei kjæraste venene sine’, attgjeve som *hon skyllde sennda til hans fulltrva sina*, ‘ho skulle senda venene sine til han’.

Det er altså fire døme frå tre ulike forteljngar at *privé* ha vore forstått av omsetjaren. Eg ser det som sannsynleg at opphavet til *mallaus* anten er å finna i det no tapte førelegget til omsetjinga, eller i ein avskrivarfeil eller ei tydingsforskyving på gammalnorsk side. Den gammalnorske teksten følgjer den gammalfranske frå handskriftet H tett i denne bolken (v. 209–214), med unntak av utelatinga av v. 212. Vers 213 er identisk i dei fire gammalfranske handskriftene, og det synest dermed lite rimeleg at opphavet til *mallaus* finst i den gammalfranske førelegget. Skulle det likevel vera å finna der, er det mogleg at det har stått **estrangle ne mué*, som høver både med stavingstal og rim. Tendensen til tautologiar i dei gammalnorske tekstane kan ha leidd til ei tolking ‘framand og mållaus’, sistnemnde med tydinga ‘ikkje snakka språket’.

- Jan 269: Dronninga kjem med framlegget sitt til Lanval. Hans omgåande svar er *lessiez m’ester!*, ‘la meg vera!’. Den gammalnorske hovudpersonen er noko mildare i svaret sitt, *mæl ecki slict*, ‘sei ikkje slikt’. Ein tekst i førelegget som likna varianten i handskriftet C, *leissez ester!*, ‘la (det) vera/liggja!’ kan forklara den gammalnorske teksten.
- Jan 304: Etter avslaget fer dronninga gråtande til *sa chambre*, ‘rommet sitt’. I den gammalnorske teksten går ho *i svefn loft konungs*, ‘på soverommet til kongen’. Det er ikkje noko i dei gammalfranske handskriftene som kan gje

1. Ordboka www.anglo-norman.net har mange døme som kombinerer *estrangle* og *privé*. Dei fleste av desse er førte opp som juridiske døme: *tuz merchants, auxibien estranges come privez* frå *Rotuli Parliamentorum Anglie hactenus inediti* 238 (1279–1377); *ceo est peremptorie si bien entre priviés du sank come estraungez et touz autrez* frå *Year Books of Richard II* 74; *maint en sun corage change E quide troveir en l’estrangle Ço qu’il ne puet en sun privé* frå *Tristan* av Thomas d’Angleterre 336 (andre halvdel av 1100-talet); *Altresi as estranges par tut cum as privez* frå *La Vie de Saint Thomas Becket* v. 4519 av Guernes de Pont-Sainte-Maxence (1174); *Il est estrange, jeo sui privez; Par tant deusse estre plus amez* frå *La Vie de Saint Clement Pape* v. 2975 (byrjinga av 1200-talet).

denne lese måten. Internt i den gammalnorske teksten vert det eit logisk brot i v. 312 når kongen går inn på soverommet til dronninga.

- Jan 354: Lanval kjem *a la curt*, ‘til hoffet’ i dei gammalfranske tekstane, medan han *kæmi til konungs* i N. Kva verb som er nytta i dei gammalfranske handskriftene varierer, C har *alast*, SP: *vienge*, H *uoise*. N ligg dermed nærast SP her.
- Jan 371: *Lanval defent la deshonor*, ‘Lanval verjar seg mot krenkinga’. Omsetjinga av denne, *Janual varðe sec með morgum af rogum*, ‘Janual verja seg med mange orsakingar’, kan vera korrumpert. Teksten i N har *afróg*, ‘orsaking’, men ei mogleg omsetjing av *deshonor* er *róg*, ‘baktale, skuldning’. Det bør opnast for at den opphavlege omsetjinga har hatt **Janual varðe sec af rogum*, ‘Janual verja seg mot skuldningane’. *Með morgum* kan vera eit innskot i avskrift.
- Jan 377–378: Skifte frå indirekte tale i den gammalfranske teksten til direkte tale i den gammalnorske.
- Jan 511–512: Dei to kvinnene er *Vestues de deus pailles freis* – | *Chevauchent deus muls espanneis* –, ‘kledde i dekorerte silke(kappar) | dei rir på to spanske muldyr’. Dette er omsett til *rikolega bunar a hinum friðaztom hestom*, ‘rikt utstyrte/ kledde på dei vakraste hestar’.

På gammalfransk side er delar av tydinga av denne kupletten uklar. Dette gjeld uttrykket *pailles freis*, der det ikkje er semje kring tydinga av adjektivet *freis*. Hanning og Ferrante (1982, 119) omset v. 511 til “dressed in Phrygian silks”. Denne tolkinga av *freis* stammar frå Ewerts ordliste (1969, 201) der han ser ut til å meina at dette adjektivet er kopla til *orfreis* (YonL 500), ‘gullbrodert’. Rychner (1983) gjev ikkje noko ordforklaring på dette adjektivet, medan Otaka (1994) nyttar den som er gjeven av Lods (1959, 213), nemleg ‘brodert, utsmykka’. Micha (1994, 171) les det som *vêtues de soies toutes neuves*, altså som ein variant av *fresch*, men med varianten *frais*. Den gammalnorske omsetjaren ser ut til å ha forstått adjektivet i samsvar med Lods (1959) og Otaka (1994). Det einaste dømet som finst i *Anglo-Norman Dictionary* på ein slik bruk av ordet er for utsmykka hjelmar. Samstundes er likskapen mellom *pailles freis* og *palefrei(s)*, ‘liten ridehest’ så påfallande at Aebischer (1958, 89 og 119) foreslår at omsetjaren har lese *pailles freis* som *palefrei(s)*. Her ser han opphavet til *hinir friðaztom hestom*. *Palefrei(s)* må ha vore kjent for omsetjaren, for det er nytta fleire gonger i *Lanval*, og er omsett til *gangari* (Jan 473, 555) og *hestr* (Jan 551, 639). Det kan, med Jakobsens ord “ha løpt (ham) i pennen” (1978), men dét kan òg gjelda ein gammalfransk skrivar. Dersom omsetjaren har attgjeve *pailles freis* med *friðaztom hestom*, følgjer det av dette at v. 512 ikkje er omsett og at *vestus*, ‘kledd’ er opphavet til *rikulega bunar*, ‘rikt utstyrte’. Det siste er lite sannsynleg. Slik Aebischer

5. Tekstvandring

(op.cit) les teksten, er *bunar* kopla til hestane og ikkje til adverbet. Dermed ser han ei større tydingsforskyving i den gammalnorske teksten jamført med den gammalfranske enn det som verkeleg er tilfelle.

Slik eg ser det er desse to versa greitt attgjevne i N. Der den gammalfranske teksten gjev detaljar, nyttar den gammalnorske generelle termar, men innhaldet er det same. Kvinnene er (1) rikt kledde og (2) kjem ridande. Dette gjer dei på *deus muls espanneis* ‘to spanske muldyr’ (Jan 512). Dette er attgjeve som *friðaztom hestom*, ‘dei vakraste hestar’ i den gammalnorske teksten. I ei av dei andre strengleikane, *Desire*, er *mule* omsett som *múll*, ‘muldyr’ (v. 682). Har omsetjaren medvite endra dyret frå muldyr til hest? *Múll* er kjent nytta i norrøn litteratur (Fritzner, 1973, band 2, 743) men dyret har vore lite kjent i Norden (KLN, 12, 2–4), og har truleg ikkje vore nytta her. Tradisjonelt har muldyr dessutan vore nytta som kløvdyr, og først i seinmellomalderen vart det i middelhavslanda vanleg å bruka dei som meir eksklusive ridedyr. Eg ser det som lite sannsynleg at dette har vore kjent for den gammalnorske omsetjaren. Han har truleg erstatta *mul*, det han har rekna for å vera eit arbeidsdyr, men eit meir passende ridedyr for desse vakre kvinnene.

5.3.18 Jonet

Denne forteljinga finst i dei gammalfranske handskriftene H, S, Q og dessutan frå v. 395 i P. Heile forteljinga er omsett i N.

- Jon 19: Kvinnas funksjon er å skaffa ektemannen *enfanaz*, ‘barn’. Dette vert gjort endå tydelegare i den gammalnorske teksten, der ho skal skaffa han *arfa*, ‘arvingar’.
- Jon 110: I den gammalfranske teksten vert det sagt om gåsehauken at han *Giez ot as piez*, ‘hadde reimar/stroppar om føtene’. Attgjevinga av dette i den gammalnorske teksten er merkeleg, for der har gåsehauken *fogrum fotum*, ‘fagre føter’. Omsetjaren har forstått *piez*, ‘føter’, og lagt til eit allittererande adjektiv til dette. Overraskande nok har uttrykket òg skapt problem i omsetjinga til moderne norsk, der det er attgjeve som *var lodden på benene* (Nordahl, 1982, 78). Same uttrykk er nytta i *Desire* (Des 113), men der med førelegg i den gammalfranske teksten. Ei mogleg forklaring er påverknad frå Dares Phrygius’ portrett av dei trojanske heltane i *Historia de excidio Trojae*, som minner om det høviske venleiksidealet der mellom anna harmonisk bygde kroppar vert skildra, oftast frå toppen og nedover. På slutten av desse vert velskapte føter i nokre tilfelle framheva. I *Trójumanna saga* er uttrykket *føtt vel* nytta, og dette finn heimleg samsvar i portretta av biskop Pål og Olav den

heilage, der begge er *litt fætr* (*Páls saga byskups* og *Den legendariske Olavssaga*, begge sitert av Lönnroth, 1965, 93).

- Jon 118: I den gammalfranske teksten dekkjer kvinna til hovudet sitt, *sun chief covri*, slik skikken er. I N *gnufði hon með hofði sinu*, ‘legg ho hovudet på skakke’. Verbet *covrir* er elles omsett til *fela* (Eq 394 og Che 158). Ei avleiing av ordet finst til og med på norrønt. *Kofri* (m.) er ei slags hue eller hette, og stammar nettopp frå ein variant av det gammalfranske uttrykket som er nytta her, substantivet *covrechef* (‘dekke-hovud’). Det samrøtte verbet *descovrir*, ‘avdekke’ er forstått når kvinna nækjer hovudet sitt i v. 136: *sun chief descovri*, korrekt omsett til *ok toc þa klæðe af hofði ser*. Dette får meg til å tru at avviket i Jon 118 må stamma frå ein seinare skrivar og ikkje frå omsetjaren. Det er sjølvstøtt mogleg at omsetjaren til dømes har feillese *covri* som *cline*, av *cliner*, ‘halla, skakka på hovudet’. Dette ville ha brote både rimet i kupletten og logikken i forteljinga. Eg heller dermed mot at ein skrivar har lese *hverfa* (fð) i tydinga ‘setja eller leggja einhverju um eithvert’ som *gnufði* eller kanskje heller varianten *hnufði*. Eit mogleg førelegg for *gnufði hon með hofði sinu* kan då vera **hverfði hon um hofði sinu*, ‘la ho (noko) rundt hovudet sitt’, der *hverfði* har vorte lese som *hnufði*.
- Jon 132: Yonec kan ikkje reisa frå sitt *palais* (H), medan Jonet ikkje kan reisa frå *fostr lande minv*, ‘fosterlandet mitt’. Handskriftet S har i dette verset forkortinga *pal.*, som kan ha vore opphav til den alternative lesemåten i handskriftet Q, *païs*, ‘land’. Dette må reknast for å vera feillese av ein skrivar på gammalfransk side. Det er dessutan ein felles feil som på akkurat dette punktet grupperer H og S, N og Q.
- Jon 138–140: Skifte frå indirekte tale i den gammalfranske teksten til direkte tale i den gammalnorske.
- Jon 152: Meininga i *Par le mors de la pumme amere*, ‘frå å bita av det bitre eplet’ er presisert i den gammalnorske teksten der Adam *af þui bannaðo tré át er gvð firirbauð honum*, ‘åt av det forbodne treet som Gud forbaud han’. Eg kjenner ikkje til at det gammalfranske uttrykket er nytta andre stader, men koplinga mellom eple og syndefall var allmennkunnskap.
- Jon 178: Tenestekvinna fortel frua at herren hennar, *Mis sires*, har fare til skogs for å jakta. Dette er attgjeve som ‘din herre’, *herra þinn*, i den gammalnorske teksten. Det er fleire tilfelle der eigeomspronomena er endra i det samla tekstmaterialet. For dei fleste av desse finst det variantar i andre handskrifter, eller ein ortografisk likskap som kan forklara endringa. Dersom denne ulikskapen har opphav i det gammalfranske førelegget, er det rimeleg sikkert at eigeomspronomenet som har vore nytta i der ikkje har vore *tis* (din). Bruken av forma i andre person eintal er, som i moderne fransk, meir uformell. Ei gransking av kvar eigeomspronomenet i andre person eintal er nytta i dei

5. Tekstvandring

gammalfranske tekstane viser at bruken anten indikerer intimitet eller markerer skilnad i sosial status. Det er dermed nytta av både Milun og Doon i gjenforening med sønene deira (MiL 435–436; DoLA 243 og 263–264). Ei noko anna form for intimitet er signalisert av tenestejenta som ber Fresne ut i skogen når ho ber til Gud og tiltalar han i andre person eintal (FreL 162–163). Skilnaden i status er tydeleg ordre eller spørsmål til tenarar, slik mor til Fresne og Milun brukar forma (FreL 420 og MiL 167). Ei blanding av begge typar bruk er å finna i *Lanval*, der tenestejentene til fea først nyttar forma for å gje kong Arthur ordre om å setja i stand eit rom til frua deira, og deretter av fea sjølv i det ho fortel kongen om kjærleiken sin til Lanval (LanL 615–617).

Ei gransking av korleis *vos*, både i tydinga ‘dykk’ og ‘dykkar’, er attgjeve i den gammalnorske teksten viser at det i all hovudsak er omsett som andre person eintal; *þu*, *þer* osb. Det er nokre tilfelle der andre person fleirtal er nytta og i desse finst det klare mønster. Det er alltid i byrjinga av ein replikk i direkte tale mellom to høviske personar. Deretter vert det skifta til andre person eintal i framhaldet av replikken. Eit typisk døme på dette finst i *Bisclaret* (Bi 43–48):

| H | N |
|---|---|
| Sire, jeo sui en tel esfrei | herra sagðe hon. Ec em þa iafnan rygg ok rædd ok i miklum angre |
| Les jurs quant vus partez de mei, El cuer en ai mut grant dolur E de vus perdre tel poür, Si jeo n'en ai hastif cunfort, Bien tost en puis aveir la mort. | um daga. þa er ec missi yðar. ok oll em ec hugsjuk ok harms full ok ottomk ec miok at ec tyna þer. nema þer huggið mec skiott. þa fæ ec dauða af þessom harme. |
| (Herre, eg er i slik ei redsle Dei dagane når du fer i frå meg Har eg ei svært stor smerte i hjartet Og ei slik redsle for å mista deg. Dersom eg ikkje snart får trøyst for dette Kjem eg snart til å døy av dette.) | (Herre, sa ho. Eg er heile tida sorgfull og redd og i stor redsle om dei dagane når eg er utan deg. Og eg er heilt hugsjuk og sorgfull og eg er svært redd for at eg skal mista deg. Om ikkje du snart trøystar meg, kjem eg til å døy av denne sorga.) |

- Jon 190: *E la vielle ad les us fermez*, ‘og den gamle kona lukka døra’ er omsett til *ok læsti þa kerlingen lofteno*, ‘og då låste den gamle kona rommet’.
- Jon 253: Det gammalfranske verbet *departir* er attgjeve som *samþykkja*. For ein omtale av dette, sjå diskusjonen kring bruken av det gammalfranske verbet i samband med domen i *Lanval/Janual* (s. 165).
- Jon 317: ‘Ho ser blodet og såret’, *Ele veit le sanc e la plaie*, er i den gammalnorske teksten omsett til *ok sa hon þa ok kenndi hann saran*, ‘og såg

ho då og kjende at han var såra'. Ei mogleg forklaring på avviket i omsetjinga kan vera at *sanc* kan ha vore lese som *sens* anten av ein fransk skrivar eller den gammalnorske omsetjaren. Det kan dermed tenkjast at det i førelegget til omsetjinga har stått **ele veit e sens sa plaie*, 'ho ser og kjenner såret hans'.

- Jon 339: Her har dei gammalfranske handskriftene *vint piez de haut*, 'tjue fot høgt', på gammalnorsk attgjeve som *x alna har*, 'ti alen høgt'. Cook og Tveitane (1979, 239) peikar på denne ulikskapen. I røynda dreier det seg ikkje om den store ulikskapen i anna enn måleeiningar. Begge lengdemåla har variert med periode og stad, men ein alen har vore om lag to fot (KLNLM, 1, 71–75). Dermed viser dei franske *vint piez* til den same høgda som dei gammalnorske *x alna*, like over 6 meter.
- Jon 343: Kvinna følgjer etter blodsporet *Ki del chevalier degotot*, 'som draup frå riddaren'. I N er situasjonen noko meir dramatisk, blodet *or hafðe runnit licam hans*, 'hadde runne ut av kroppen hans'. Rychner har i utgåva si (1966/1983) ikkje trykt lese måten frå H, *curot*, 'rann', men valt lese måten frå handskriftet Q. N er i samsvar med H i omsetjinga av dette verset.
- Jon 346: Kvinna kjem til ein *hoge*, 'haug, gravhaug' i H, medan ho i N kjem til ein *hellir*, 'heller, berghole'. N ligg her like nært varianten i S, *cave*, 'hole'.
- Jon 358: I H vert kvinna *mut esmaiee*, 'svært forferda' av blodsporet, medan det i N er nytta samansetjinga *þykkja kynlegt*, 'å finna underleg'. Det gammalnorske uttrykket er alltid nytta i omsetjingar av *merveille*, *merveilles*, *esmerveilles*, som alle har rottyding i 'under'(subst.). Det er mogleg at førelegget til omsetjaren har hatt teksten: **Dunc s'est ele esmerveillee*, 'som ho tykte var underleg' og ikkje *Dunc s'est ele mut esmaiee*. Ei jamføring med dei andre tekststadane dette verbet er nytta gjev ikkje svar. I *Jonet* er *s'esmaie* korrekt omsett til *reddizc* (v. 182) og *angraðez* (v. 318), medan verbet er omsett til *þykkja kynlegt* to gonger i *Guiamar* (Gui 124 og 197).
- Jon 370: Tal og mengd varierer ofte mellom dei ulike versjonane av tekstane. Dei tre hundre mastene, *treis cent tres*, i handskriftene HSQ, har vorte til fire hundre skip i den gammalnorske forteljinga: *fiugur hunndrat skipa*.
- Jon 403: Den gammalfranske teksten i Rychners utgåve er retta etter variantar i handskriftene P og Q. Handskriftene H og S har her *devant le jour*, 'før dagen, dvs. før det blir dag'. Lesemåten i handskriftene P og Q, *en mi le jur*, 'midt på dagen', stemmer med teksten i N, *a þessvm miðium degi*, 'midt på denne dagen'.
- Jon 417–420: Skifte frå indirekte tale i gammalfransk tekst til direkte tale i gammalnorsk tekst.

5. Tekstvandring

5.3.19 Naboreis

Denne *lai anonyme* er berre overlevert handskriftet T, og omsett i N.

- Nab 1–2: Den geografiske ramma for forteljinga kjem fram allereie i det første verset: *En Bretagne fu li laiz fet*, denne *lai* vart laga i Bretagne. Den gammalnorske teksten skil seg frå den gammalfranske: *I kornbreta lannde var konungr einn*. Utgjevaren av den gammalfranske teksten meiner at omsetjaren ikkje har forstått ordet *laiz* (Tobin, 1976, 364), men det finst ingen døme på at dette ordet er misforstått i resten av tekstane. Sjangernemninga *lais* er heilt grunnleggjande i dei gammalfranske tekstane, og denne er vekselvis omsett til *ljóð* (For 33, 47; Gui 884, Esk 1, 517; Eq 7, 312; Bi 1, 317; La 2; Des 764) og *strengleikr* (Gui 884; Esk 517; Eq 7, 312, Bi 1; La 2, 159; Des 4, 5, 763, 764; Ti 1; Che 203, 207, 225, 231; Do 1, 6; Tvl 5, 254; Mi 8, 532, Gei 2, 113; Jon 1, 556; Nab 46, 47, 48; Gre 3), og ofte er desse substantiva nytta synonymt. Nokre variantar er òg å finna: *liodsonga* i GuiS 20 og *lioda talum* i DeS 4. Til og med det franske *lai* er nytta i ein av strengleikane. Dei siste orda i *Eskia* kunne nesten like gjerne tilhøyrt ein gammalfransk tekst: *lai de fræðni*.

Ettersom omsetjinga av *lai* stemmer, ikkje berre i dei andre forteljingane, men i alle døma og, ikkje minst, tre gonger i avslutninga av *Nabarez*, er ikkje Tobins framlegg sannsynleg. Cook og Tveitane (1979, 248) meiner at N kan ha lese *reis* i staden for *laiz*. Eg sluttar meg til dette alternativet, men ser det som like sannsynleg at dei to første versa i den gammalfranske teksten ikkje stemmer overeins med førelegget omsetjaren arbeidde med. Der det i det overleverte handskriftet står: *En Bretagne fu li laiz fet | ke nus appellum Nabaret*. ‘I Bretagne vart den *lais* som me kallar Nabaret laga’, kan det tenkjast, med utgangspunkt i den gammalnorske teksten, at lese måten i førelegget til omsetjaren har vore **En Bretagne fu li reis nez/fet (?) | ke nus appellum Nabarez/t*, ‘I Bretagne vart den kongen fødd, som me kallar Nabaret’. Eit anna misforhold i den gammalnorske attgjevinga av desse to versa er person og tempus i v. 2. Den gammalfranske teksten nyttar første person fleirtal og presens: ‘me kallar’, medan den gammalnorske har tredje person fleirtal og står i preteritum: ‘dei kalla’. Ein slik bruk av første person fleirtal er i seg sjølv atypisk i det gammalfranske tekstmaterialet som vert granska her, og er heller ikkje å finna i dei andre *lais anonymes*. Det er dermed tenkjeleg at dette stammar frå ein seinare tekstredaktør og at teksten i førelegget til N har vore **En Bretagne fu li reis nez | Nabaret esteit apelez*.

- Nab 15: Ektemannen i den gammalfranske forteljinga vert svært sint på kona si, *mut durement s'en coruça*. Den gammalnorske ektemannen vert ofte sint på henne, *ok reiddiz hann henni oftsamlega*. Endringa verkar ikkje inn på

innhaldet eller tonen i teksten, men framhevar det vedvarande i kvinna si pyntesjuka og ektemannen sin irritasjon over ho. Ein gammalfransk tekst der *mut durement* til dømes er erstatta med *soventfeiz* er ikkje utenkjeleg. Bruken av *durement* i det samla gammalfranske tekstmaterialet er stabil, og det finst ingen variantar.

- Nab 31: Nabaret klagar seg over *k'ele se demenot issi*, 'at ho oppførte seg slik'. Dette er presisert i N, *at hon vill ei af lata afstarki sinu*, 'at ho ikkje vil slutta med tråskapen sin'.
- Nab 39: Dette verset er ein del av det partiet som har vore opphav til store delar av diskusjonane kring forteljinga (Nab 37–40). Kvinna sitt svar på klagemålet til ektemannen er; *k'il face crestre sa barbe grant | e ses gernuns face trescher*, 'at han let skjegget sitt veksa seg stort | og får fletta sideskjegget sitt'. Reaksjonen til slektningane tyder på at dette er ustyrteleg morosamt, men trass i talrike freistnader har moderne forskarar framleis til gode å finna ut kva det er som er så festleg.¹ I N er svaret svakt avvikande; *at hann late lengi vaxa skegg okampa. Sidan skere hann af hvarrtveggia*, 'at han lenge let skjegg og bart veksa. Sidan skal han skjera begge av'. Tobin foreslår at anten må omsetjaren ha lese *trencher*, 'klippa, skjera' i staden for *trescher*, 'flette', eller at skrivaren av T har gjort ein feil (1976, 364). Eg ser begge desse framlegga som rimelege.

5.4 Typologisering av tekstendringane på mikronivå

Granskinga av forskyvingane i tekstmaterialet knyter ein del av desse til ulike lag i tekstgenesen. I dette underkapitlet vil eg plassera desse tekstforskyvingane kronologisk i tekstgenesen og gje døme frå kvar enkelt kategori.

Med utgangspunkt i ei slik lagdeling av avvik, endringar og ulikskapar mellom tekstane, er det mogleg å skilja ut dei av desse som høgst sannsynleg er knytte til omsetjinga og overleveringa av dei gammalnorske tekstane. Dette gjev grunnlag for å etablere ein typologi over forskyvingar og korrupsjonar som viser kva delar av tekstane som anten har vore vanskelege å omsetja eller ustabile i overleveringa.

5.4.1 Endringar i dei ulike laga i tekstgenesen

Som det går fram av den kronologiske gjennomgåinga av forteljingane, er det i nokre høve grunnlag for å meina noko om kva stad i tekstgenesen dei ulike endringane, forskyvingane eller ulikskapane har oppstått. Dette er samanfatta i tab. 5.1 (s. 176) som er ei kategorisering av delar av det materialet som her har

1. Eit oversyn over dei ulike forklaringane som har vorte gjevne til denne episoden finst i Burgess (1999, 77–80), som er tilgjengeleg på nett: www.liv.ac.uk/soclas/los/narrativelays.pdf

5. Tekstvandring

vorte presentert. Utforminga av tabellen tek utgangspunkt i ei tenkt tidslinje frå venstre til høgre. Tabellen går frå gammalfransk tekst, via gammalfranske avskrifter, deretter den gammalnorske omsetjinga og så gammalnorske avskrifter og dermed speglar han ulike lag i tekstgenesen i kronologisk rekkjefølgje.

Teksten i det gammalnorske handskriftet er somme tider meir i samsvar med sekundærhandskrifter enn med primærhandskriftet. Dette gjeld til dømes Des 112, der *hinn friðazti Riddare* ikkje svarar til *bon chevalier* i handskriftet T, men derimot til *bel chevalier* i S.

Stundom meiner eg skilnader mellom ei av strengleikane og det gammalfranske primærhandskriftet, kan ha ei forklaring i ein avvikande gammalfransk tekst som ikkje er dokumentert. Mor til Fresne svimer av og ‘fell attover’, *Ariere cheit*, i H, medan ho *fell (...) til iarðar* i N (Esk 452). Førelegget kan ha hatt varianten **A tere cheit*. Dette er i samsvar med teksten i N. Eg har dessutan vist at uttrykket er nytta andre stader i H og omsett likeeins der.

Overgangen er glidande til neste kategori, der eg meiner forklaringa på ulikskapen ligg i ei feillesing, anten i overlevering av gammalfransk tekst eller i omsetjinga av han. Pronomenformene *vus*, ‘Dykk’ og *nus*, ‘oss’ er visuelt like og lette å forveksla. Dette har truleg skjedd i Bi 241, der varulven har vore lenge *od vus*, ‘med deg’ i H, medan han har vore *með oss* i N.

Mellom dei ulikskapane som må plasserast hos omsetjaren er dei tilfella der det er tydeleg at han ikkje har skjønt dobbeltydinga av ord. Det har gjeve ei tilstøytande tyding i den gammalnorske teksten. Dette er tilfelle med kongens *dangier de l’amur aveir* i Eq 136. Romanistane meiner at *dangier* er kongens omdiskuterte *droit de seigneur*, og har dermed ikkje tydinga ‘vanske, vanskeleg situasjon’. I den gammalnorske teksten er *dangier* attgjeve som *vanda*, som nettopp svarar til denne andre tydinga av ordet.

Å plassera skilnader mellom gammalfransk og gammalnorsk tekst i overleveringa av sistnemnde er vanskeleg når berre ei av forteljingane er overlevert i meir enn eitt handskrift, er vanskeleg. I tilfellet *Guïamar/Gvímars saga* er dette greit, og eit godt døme er v. 219. Der er det gammalfranske *vergier* attgjeve som *alldinvidargarde* i K, men som *alnar viðan garð* i N. Ein avskrivarfeil er truleg forklaringa på at nasen til kvinna forsvinn frå teksten, men ikkje frå andletet til kvinna i den gammalnorske *Bisclaret* (v. 235). Dette kan òg vera forklaringa på skiftet frå ei jente med *dous bacins* til *tvær mæiar* med kvar sitt fat i *Desire* (v. 143).

Nokre av ulikskapane har eg ikkje vore i stand til å forklara, og desse er plasserte som ein eigen kategori i tabellen, skild frå resten med to liner for å markera at desse ikkje kan plasserast i tekstgenesen. Her plasserer eg mellom anna den utypiske omsetjinga av *estrange ne privé* til *utlenzcr ne mallaus* i Jan 213. Ikkje alt som er kommentert kan kategoriserast. Dette gjeld store delar av det som er omtala for forteljingane *Guïamar* og *Janual*. Tilnærminga mi til desse to

5.4. Typologisering av tekstendringane

forteljingane er dels avvikande frå resten av materialet. *Guiamar* er kjent i ei yngre avskrift av den gammalnorske teksten, og også forholdet mellom desse to versjonane har vorte kommentert ovanfor. I jamføringa av *Janual* med den gammalfranske teksten kjem Aebischers manglande tru på den gammalnorske omsetjaren sine språkkunnskapar tydeleg fram (1958), og i kommentarane til denne forteljinga har eg teke stilling til kva hald det er i vurderinga hans. Vidare er berre nokre av tydingsforskyvingane i *Strengleikar* kommenterte. Å sjå på alle desse ville ha vore svært omfattande, og truleg lite fruktbart.

Tabell 5.1: Plassering av forskyvingar mellom *Strengleikar* i N og dei gammalfranske førelegga i tekstgenesisen

| N i samsvar med sekundærhandskrifter | Forklaring truleg i det gammalfranske førelegget | Forklaring i ei feillesing, anten i overleveringa av gammalfransk tekst eller i omsetjinga | Forklaring i omsetjinga | Forklaring truleg i overleveringa | Uforklarte |
|--|--|--|--|--|----------------------------------|
| Gui 477–480, 747–748 | Gui 36(?), 144(?), 811 | Gui 95, 465 | Gui 36(?), 48, 77, 86, 107, 144(?), 152, 155–157, 440–443, 515, 610–612, 618, 630, 659, 708, 723–724, 863, | For 30 Gui 55–56, 219, 251–252, 278, 386–388, 431–436, 543 632, 693 | |
| | Esk 370, 371, 407(?), 424(?), 452 | Esk 407(?), 424(?) | Esk 149, 201, 223(?), 269, 296–302, 324, 331–332, 349(?), 363(?), 401, 488 | Esk 201(?), 223(?) 349(?), 363(?) | |
| | Eq 296 | | Eq 136, 175, 230–236, 280, 288, 289 | Eq 43–44 | |
| | Bi 184, 229, 234(?) | Bi 10, 147, 185, 234(?), 241, | Bi 129(?), 133, 199(?), 204(?), 225, 302 | Bi 199(?) 235 | Bi 218 (?), 265, 304 |
| | La 7 | La 92 | | | La 4 |
| Des 32, 81, 107–108, 112, 166, 282, 310, 447, 486, >556, 603 | Des 404 (?), 620, 745 | Des 13, 29(?), 43–44, 175, 237, 404 (?), 412, 438, 654, 662, 693, 751, 753 | Des 29(?), 101, 102, 116, 148, 190, 267, 285–286, 319–321, 573, 729–730 | Des 143 | Des 11, 16, 91–92, 262, 435, 478 |
| | Ti +16, 26 | Ti 54–57 | Ti 4, 35, 41/47, 45 | | |

5.4. Typologisering av tekstendringane

| N i samsvar med sekundærhandskrifter | Forklaring truleg i det gammalfranske førelegget | Forklaring i ei feillesing, anten i overleveringa av gammalfransk tekst eller i omsetjinga | Forklaring i omsetjinga | Forklaring truleg i overleveringa | Uforklarte |
|--------------------------------------|--|--|-------------------------|-----------------------------------|--------------|
| | Che 181 | | Che 161(?), 239 | Che 161(?) | |
| Do 116 | Do 269 | | Do 149, 224 | Do 281–282 | |
| Tvl 3 | Tvl 150 | Tvl 105 | | Tvl 16–17, 38–42 | |
| Mi 267 | Mi 295 | Mi 46, 69, 223, 258, 430 | Mi >114, 267, 289, 468 | | |
| Gei 40, 49–50 | Gei 105 | | | | |
| | | | Lei 1–2 | | |
| Jan 354, 604 | Jan 224(?), 269, 602, | Jan 224(?) | | Jan 371 | Jan 213, 304 |
| Jon 132, 343, 403 | | Jon 178, 317, 358, 370 | Jon 110 | Jon 118 | |
| | | Nab 1–2, 15, 39 | | | |

5. Tekstvandring

5.4.2 Typologi

Kategoriseringa i tab. 5.1 (s. 176) gjev grunnlag for å laga ein typologi over tekstkorupsjonar som finst i tekstane i N jamført med dei gammalfranske førelegga. Eksempla i tre av kategoriane i tabellen er truleg ikkje knytte til den gammalnorske delen av tekstgenesen, og derfor har eg utelukka desse frå typologien under. Dette gjeld kategoriane til venstre i tabellen, det vil seie (1) “N i samsvar med sekundærhandskrifter” og (2) “Forklaring truleg i det gammalfranske førelegget”. Heller ikkje kategorien “uforklarte” kan inkluderast i denne typologien. Av døma som då står att er pronomena den største gruppa. Den har eg valt å skilja ut som ei eiga gruppe. Dermed vert typologien todelt. Første del av korupsjonstypologien står i tab. 5.2 (s. 179), som har tre typar av forskyvingar:

1. Feil i omsetjinga. Desse kan stamma frå at omsetjaren har misforstått eller ikkje skjønt gammalfranske omgrep.
2. Omgrep erstatta med nærliggjande omgrep, samleomgrep eller presiseringar.
3. Feil, endringar og tillegg i den gammalnorske overlevering.

Den største gruppa i typologien er knytt omsetjing av pronomen og er skild ut i ein egen tabell, tab. 5.3 (s. 181). I denne er døma på avvikande pronomenbruk delt inn i fire typar:

1. Ulikskap, men med mogleg/sannsynleg forklaring på gammalfransk side.
2. Skifte frå indirekte til direkte tale.
3. Misforståing av ein tekstredaktør. Attgjevinga av pronomen er vaklande også i dei gammalfranske tekstane, og dette kan ha skjedd både på gammalfransk og gammalnorsk side.
4. Endring i overlevering av gammalnorsk tekst.

Ettersom alle feila er siterte og drøfta i kap. 5.3 ovanfor, skal eg ikkje ta dei opp på nytt her, men viser berre til dei i tab. 5.2 og tab. 5.3 med tittel og vers. Såleis finn ein drøftinga av den først oppførte feilen, Gui 86, på s. 112 ovanfor osb.

5.4. Typologisering av tekstendringane

Tabell 5.2: Korrupsjonstypologi

| Feil i omsetjinga | Omgrep erstatta med nærliggjande omgrep, samleomgrep eller presiseringar | Feil, endringar og tillegg i den gammalnorske overleverlinga |
|--|--|---|
| | | For 30 |
| Gui 86, 95(?), 144, 157, 515, 659 | Gui 36, 77, 157, 618, 708, 863 | Gui 55–56, 67, 119–121, 219, 274, 278, 357, 387, 390, 431–436, 543, 632, 693, 858 |
| Eks 149, 331–332(?), 349(?) | Esk 201, 223, 269, 324, 363, 401, 488(?) | Eks 349(?) |
| Eq 136, 175 | Eq 280, 288, 289 | Eq 43–44 |
| Bi 147(?) og omgrepet <i>Bisclaret</i> | Bi 10, 129, 133, 187, 199, 225, 244, 281 | Bi 235 |
| Des 116, 573, 662, 693, 729–730 | | Des 143 |
| Ti 4 | Ti 41/47, 45 | |
| | Che 239 | |
| | Do 149, 224 | Do 281–282 |
| Mi 69(?), >114, 223(?), 289, 468(?) | Mi 124, 258, 267, 320, 409, 430 | |
| StraS (?) | | |
| | | Lei 1–2 |
| Jan 304(?) | | Jan 371(?) |
| Jon 110(?) | Jon 19, 152 | Jon 118 |
| | | delar av Nab 1–2 |

5. Tekstvandring

Eg tek til med det mest konkrete: Openberre feil i omsetjinga der inga forklaring er å finna på gammalfransk side. Som me ser av tabellen ovanfor, er dei nokså få. Reknar ein med dei tekststadene som er meir usikre, er det i alt 26 feil som kan plasserast på den gammalnorske sida av tekstgenesen, men nokre av desse kan, som før sett, òg stamma frå dei gammalfranske førelegga. Ein av dei feila som truleg stammar frå ein gammalnorsk omsetjar si feillesing er omsetjinga av *un damaisel* i *Desire* (v. 693). Denne ungguten har, som me såg s. 146, blitt til ei jente i omsetjinga, og dette bryt med den logiske samanhengen i teksten.

Den største gruppa i typologien er det som samla kan kallast for tydingsforskyvingar, altså omgrep som er erstatta med nærliggjande omgrep, samleomgrep eller presiseringar. Hit høyrer i alt 37 feil. Dei endrar lite på teksten. Typiske døme på dei tre grupperingane innanfor denne kategorien er:

- Nærliggjande omgrep: *la damaisele* er attgjeve som *dotter hans* (Gui 36).
- Samleomgrep: Milun kjenner att ringen på fingeren til sonen (*al dei*), attgjeve som *hennde honum*, altså handa til sonen, i den gammalnorske teksten (Mi 430).
- Presisering: *enfant* er omsett som *rettan arfa* (Esk 324).

Endeleg er det 24 feil i kategorien “feil, endringar og tillegg i den gammalnorske overleveringa”. Storparten av desse er henta frå *Guiamar*, den einaste av dei gammalnorske forteljningane som er overlevert i fleire versjonar. Jamføringa med den islandske versjonen viser at desse to til dels utfyller kvarandre. Somme tider ligg dessutan den noko nedkorta islandske teksten nærare det gammalfranske førelegget enn det den gammalnorske gjer. I Gui 55–56 har handskriftet H *ne pout hom trover | Si bon chevalier ne sun per!*, ‘det fanst ikkje den mann | som var ein like god riddar eller jamningen hans’. Dette er i N attgjeve som *fanzk engi honum iamvaskr i vapnaskifti*, ‘det fanst ingen som var jamngod med han i våpenstrid’. Teksten i K er *fanst hans jafninge at riddaraskap*, ‘fanst jamningen hans i riddarskap’. Teksten i det felles gammalnorske førelegget til N og K har truleg hatt ein tekst som likna den som er overlevert i K. Endringa i N må dermed stamma anten frå skrivaren av N eller frå ein skrivar av eit no tapt handskrift som må plasserast mellom det felles førelegget og N, jf. siglumet γ i fig. 5.2 (s. 98) ovanfor.

Den største gruppa av korrupsjonar er skild ut i ein eigen tabell med underkategoriar. Det er avvik i pronombruken mellom dei gammalnorske og dei gammalfranske versjonane. I tab. 5.3 har eg igjen teke utgangspunkt i eit tenkt tidslinje frå venstre til høgre.

5.4. Typologisering av tekstendringane

Tabell 5.3: Pronomenskilnad mellom gammalnorsk og gammalfransk tekst

| Ulikskap, men med mogleg/sannsynleg forklaring på gammalfransk side | Skifte frå indirekte til direkte tale | Misforståing | Endring i overlevering av gammalnorsk tekst |
|---|---------------------------------------|-------------------------------------|---|
| Gui 48, 477–480 | Gui 573–574, 610–612, 723–724, 835 | Gui 440–443, 630 | Gui 251–252, 386–388 |
| | Esk 296–302 | | |
| | Eq 230–236 | Eq 74 (?) | |
| Bi 241 | | | |
| Des 32, 412(?), 438, 751, 753 | | Des 285–286, 319–321, 435, 599, 654 | |
| Ti 54–57 | | Ti 35 | |
| | Jan 376–378 | | |
| | Jon 417–420 | Jon 178 | |

Som det går fram av kommentarane i kap. 5.3 er feillesing av pronomen slett ikkje uvanleg på gammalfransk side. Det kan mellom anna forklarast med nokre av pronomenformene, både *vus* og *nus* (Bi 241) og *il* og *el* (Gui 477–480) visuelt er svært like i skrift. Veksling mellom bruk av eintal og fleirtal finn me òg på fransk (Des 32).

Den gammalnorske omsetjaren kan ha misforstått eller feillese pronomena i førelegget nokre gonger. Dei gammalfranske førelegga er somme tider tvitydige, og det går ikkje alltid klart fram kven som har kva for ei rolle. Dette gjeld mellom anna *Desire* (v. 285–286).

| T | N |
|---|---|
| Li hermites lui ottreia, e il s'asist, si li clina; | Einseto maðrenn iattaðe bæn hans. ok láut honum. |
| (Einebuaren gav han løyve til dette og han sette seg ned, og han bukka for han.) | (Einebuaren gjekk med på bøna hans og bøygde seg for han.) |

5. Tekstvandring

I denne gammalfranske tekstbolken vert skiftet i subjekt frå eit vers til neste ikkje vist gjennom noko anna enn pronomena. Då begge personane som er omtala er av hankjønn, er det ikkje pronomena i seg sjølv som viser kven som er den handlande, men den logiske samanhengen. Her må det vera Desire som bøyer seg for einebuaren, og ikkje omvendt slik det er å lesa i den gammalnorske teksten. Dette går klart fram frå den vidare samanhengen i teksten. Denne type feil talar mot den vanlege oppfatninga av at den gammalnorske omsetjaren har lese gjennom og arbeidd med teksten før han tok til med omsetjingsarbeidet.

Eit døme frå forteljinga *Guiamar* jamført med den islandske *Gvímars saga* viser dessutan at rollebyte og pronomensorveksling òg skjer i overleveringa av gammalnorsk tekst (Gui 251–252).

| H | N | K |
|---|---|---|
| Od li esteit quant il errout. | með frunne var þesse mær. þæim stundum er hon for hæiman | Med frunne var þesse mær stundum er hennar herra för heimann, þar til sem hann kom heim |
| De ci la ke il reparout, | til þess er hon hæim kom. | |
| (Ho var med henne medan han reiste Heilt fram til han kom attende.) | (Saman med frua var denne jenta i frå ho gjekk heimanfrå og til dess ho kom heim att) | (Saman med frua var denne jenta frå herren hennar for heimanfrå og til han kom heim att) |

Mellom dei endringane som Meissner (1902, 276–278) dreg fram i jamføringane sine mellom *Strengleikar* og dei gammalfranske *lais*, er skiftet frå indirekte tale i gammalfransk til direkte tale i gammalnorsk. Somme tider er det dessutan ei veksling mellom indirekte og direkte tale i dei gammalnorske tekstane. Det mest omfattande tilfellet står i v. 603–616 i forteljinga *Guiamar* (jf. s. 122 ovanfor).

5.5 Tekstendringar på makronivå

Som det går fram frå den synoptiske oppstillinga i tekstbandet, finst det dessutan ein del strukturelle ulikskapar mellom dei gammalnorske og dei gammalfranske tekstane. Dette er endringar som går utover den enkelte kupletten, og som dermed høyrer heime på eit makronivå. Men det skal med ein gong seiast at mengda og omfanget av dei er langt mindre enn det som er tilfelle med andre av dei høviske verka, som til dømes *Erex saga* (Sjå Kalinke, 1970 og 1971). I *Erex saga* er både utelatingane og tilleggga omfattande, heile episodar er strokne eller slegne saman, medan andre vert interpolerte. Noko av det som er slåande i den synoptiske

oppstillinga av dei gammalnorske og gammalfranske *Strengleikar*-tekstane som vert granska her, er nettopp nærleiken mellom førelegg og omsetjing. Framdrifta i forteljingane er den same, den ytre handlinga er lik og det er svært få døme på at heile kuplettar er ombytte i N jamført med dei gammalfranske handskriftene. Somme tider er derimot dei to versa ombytte innanfor den same kupletten. Det har ofte vorte tolka som ein tekstredaktørs medvitne handsaming av tekstane for å styrkja logikken i narrasjonen. Samstundes vitnar dei gammalfranske tekstane om at ei slik ombyting òg skjer i avskrift av desse. Vidare er ei rekkje kuplettar og lengre parti i førelegga ikkje alltid attgjevne i omsetjinga. Om dei ikkje fanst i førelegget til omsetjaren, har gått tapt i sjølve omsetjinga eller på eit seinare steg i tekstgenesen er vanskeleg å avgjera. Nokre gonger finst det spor i dei gammalnorske forteljingane som kan indikera at desse tekstbolkane har stått i førelegget til omsetjaren. Dei kan til vera samanfatta med eit enkelt ord i den gammalnorske teksten, til dømes i *Guigemar/Guiamar* (v. 375–377), der *mett* i N kan vera spor etter v. 377 i den gammalfranske teksten. Denne episoden finst det ikkje spor etter i den islandske *Gvímars saga*.

| H | N |
|---|--------------------------------|
| Quant lur mangier al vespre vint. La pucele tant en retint Dunt li chevaliers out asez: | Sem þau varo mett at // kuældi |
| (Då maten deira kom om kvelden tok møya nok til side til at riddaren fekk rikeleg.) | (Då dei var mette om kvelden) |

Døme frå den islandske *Gvímars saga* viser at teksttapet òg kan ha skjedd mellom den første omsetjinga og forteljingane slik dei er å finna i N. Samstundes har *Gvímars saga* akkurat same rekkjefølgje som den 500 år eldre gammalnorske *Guiamar*. Materialet har dermed vore svært stabilt gjennom ei tekstoverlevering i 500 år. Talet på avskrifter og tekstredaktørar i denne overleveringa er ukjent.

Nokre av ulikskapane mellom dei gammalnorske og dei gammalfranske versjonane kan ha si forklaring i førelegget som omsetjaren arbeidde med. I si jamføring av *Lanval* og *Janual* forklarar Aebischer storparten av utelatingane i den gammalnorske teksten med ord og uttrykk som han meiner har vore for vanskelege for den gammalnorske omsetjaren (1958). Der han ikkje finn slike, meiner Aebischer at den gammalnorske omsetjaren har vurdert versa som “inutiles”, ‘unødvendige’, ofte fordi dei tek opp att idear som alt har vore omtala (1958, 106). Han ser det ikkje som eit alternativ at versa mangla i førelegget til omsetjaren. På den andre sida treng ikkje alle dei gammalnorske tillegg vera ein gammalnorsk

5. Tekstvandring

tekstredaktørs eige arbeid, men kan vera omsette frå no tapte kuplettar i omsetjarens førelegg.

Eg har dermed teke føre meg tekstmaterialet og jamført strukturen i kvar enkelt strengleik med den som er å finna i dei gammalfranske handskriftene. Forholdet mellom strengleikane og dei gammalfranske handskriftene dei er overlevert i er ulikt for kvar forteljing. Dermed finst det ikkje eitt gammalfransk hovudhandskrift for alle strengleikane, men det varierer kva for eit handskrift som ligg nærast kvar gammalnorsk forteljing. Ikkje alle dei gammalfranske forteljingane er overleverte i fleire handskrifter. Eg nyttar dermed nemningane *primærhandskrift* og *sekundærhandskrift* slik dei vart definerte i innleiinga (jf. “Primær- og sekundærhandskrifter” (s. 23)).

Kategoriseringa av dette materialet er gjort i fleire steg. I den første bolken ser eg på strukturelle likskapar mellom N og dei gammalfranske sekundærhandskriftene:

1. Kuplettar med omvend rekkjefølgje i N jamført med primærhandskriftene, men i samsvar med sekundærhandskrifter.
2. Kuplettar med omvend rekkjefølgje i N jamført med alle dei gammalfranske handskriftene.
3. Kuplettar som manglar i N jamført med primærhandskriftene, men der dette er i samsvar med sekundærhandskrifter.
4. Kuplettar og lengre parti som manglar i N, men finst i alle dei gammalfranske handskriftene.

Eg har nytta materialet frå punkta 3 og 4 over for å rekna ut i kva grad dei ulike forteljingane er nedkorta:

5. Prosentvis nedkorting av dei gammalnorske omsetjingane.

Dette materialet nyttar eg deretter til:

6. Ei semantisk kategorisering av kuplettar og lengre parti som ikkje er attgjevne i dei gammalnorske tekstane, men som finst i alle dei gammalfranske handskriftene.

Målet med dette er å sjå etter mønster i kva som ikkje vert attgjeve i dei gammalnorske tekstane. Marianne Kalinke (1979 og 1980) har vist at den islandske *Gvímars saga* og den gammalnorske *Guiamar* stundom fyller kvarandre ut. Det som den eine av desse attgjev, kan vera utelate i den andre, og omvendt. Det finst ikkje fleire versjonar av dei andre strengleikane, og det er dermed ikkje mogleg å meina noko om enkelte vers eller kuplettar har funnest i den første omsetjinga av desse.¹

Den neste bolken i dette underkapitlet har motsett vinkling. Der har eg sett på kva type innskot av noko lengd som finst i dei gammalnorske tekstane jamført med dei gammalfranske.

7. Innskot i N jamført med primærhandskriftene, men i samsvar med teksten i andre gammalfranske handskrifter
8. Semantisk kategorisering av tillegga i N jamført med alle dei gammalfranske handskriftene

I dette arbeidet har eg sjølv sagt ikkje inkludert dei strengleikane som ikkje har kjende gammalfranske førelegg. Heller ikkje prologen eller dei arnamagnæanske fragmenta er tekne med, førstnemnde fordi han er såpass omarbeidd, og sistnemnde fordi dei er så stykkevis overleverte.

Det er berre eitt tilfelle av meir omfattande transposisjon i heile *Strengleikar*. Det er v. 232–254 i forteljinga *Guiamar*. Desse versa er, i noko omarbeidd versjon, plasserte etter v. 260 i den gammalnorske teksten. Eg har tidlegare argumentert for at denne transponeringa er gjort medvite av omsetjaren for å styrkja logikken i narrasjonen (Budal, 2001). Ettersom dette er det einaste dømet på slikt i heile samlinga, ser eg no denne forklaringa som lite sannsynleg. No trur eg at transposisjonen stammar frå den gammalfranske kjeldeteksten for omsetjinga.

5.5.1 Kuplettar med omvend rekkjefølgje i N jamført med primærhandskriftene, men i samsvar med sekundærhandskrifter

Den synoptiske oppstilling av tekstane i band 2 viser at rekkjefølgja på innhaldet i det som tilsvarar ein gammalfransk kuplett somme tider er bytta om i N. Det finst

1. *Gvímars saga* inneheld omsetjinga av nokre vers som ikkje er å finna i *Guiamar*. (sjå Kalinke, 1980, 144ff.).

5. Tekstvandring

nokre få tilfelle der N samsvarar med ombyting av versa i kuplettar i sekundærhandskrifter. Dette gjeld:

- Des 501–502: Samsvar mellom handskriftene N og S, men ikkje T.
- Tvl 151–152: N er i samsvar med rekkjefølgja i H. Dette kjem ikkje fram i Rychners utgåve (1966/1983), for han har endra rekkjefølgja av versa etter handskriftet S.
- Jon 417–418: Samsvar mellom handskriftene N og S, men ikkje HPQ.

5.5.2 Kuplettar med omvend rekkjefølgje i N jamført med alle dei gammalfranske handskriftene

Endring i rekkjefølgja på kuplettane er ikkje uvanleg i dei gammalfranske tekstane. Det er rimeleg at spriket mellom rekkjefølgja i N og dei gammalfranske handskriftene somme tider stammar frå eit avvikande førelegg. Som tab. 5.4 illustrerer, er det stor variasjon i mengda omrokkingar i dei ulike forteljningane.

Tabell 5.4: Kuplettar med omvend rekkjefølgje i N jamført med alle dei gammalfranske handskriftene

| Forteljing | Hss | Vers |
|------------|-----------------|--|
| Gui | HSP | 181–182, 201–202, 535–536, 563–564, 615–616, 657–658, 753–754, 865–866 |
| Esk | HS | 119–120, 185–186, 255–256, 267–268, 305–306, 309–310, 325–326, 339–340, 371–372, 379–380, 381–382, 387–388, 439–440, 507–508 |
| Eq | HS | 37–38, 181–182, 193–194, 219–220, 247–248 |
| Bi | H, S frå v. 233 | 245–246, 279–280 |
| La | H | 143–144 |
| Des | ST | 87–88, 122–123, 235–236, 239–240, 271–272, 319–320, 347–348, 351–352, 457–458, 529–530, 557–558, 677–678, 689–690, 743–744 |
| Ti | S | – |
| Che | H | – |
| Do | S | 71–72, 161–162 |
| Tvl | H, S til v. 169 | 237–238 |

| Forteljing | Hss | Vers |
|------------|----------------------|--|
| Mi | HS | 183–184, 367–368, 427–428, 459–460, 515–516 |
| Gei | HS | 5–6 |
| Lei | S | 1–2 |
| Jan | HSPC | 237–238, 257–258, 289–290, 357–358, 487–488, 631–632 |
| Jon | HSQ, P frå v. 395 | 343–344, 467–468, 475–476 |
| Nab | T | – |

5.5.3 Kuplettar som manglar i N jamført med primærhandskriftene, men der dét er i samsvar med sekundærhandskriftene

Ei jamføring med variantapparata for kvar gammalfransk forteljing viser at kuplettar som ikkje er omsette i N stundom også vantar i sekundærhandskriftene.

- Eq: NS manglar 273–274
- Tvl: NH manglar 69–70. Rychner legg til kupletten frå handskriftet S i utgåva si, men då justert til ortografien til H.
- Jon: NHS manglar 447–448. Rychner legg til kupletten frå handskriftene P og Q i utgåva si, men då justert til ortografien til H.

5.5.4 Kuplettar og lengre parti som manglar i N, men finst i alle dei gammalfranske handskriftene

I tab. 5.5 har eg jamført manglande omsetjing av kuplettar og lengre tekstparti i N med variantapparata for dei gammalfranske forteljingane. Jamføringa viser at desse tekstbolkane som oftast er å finna i alle dei gammalfranske handskriftene. I tabellen har eg ikkje inkludert enkeltvers som ikkje er omsette.

Tabell 5.5: Kuplettar og lengre parti som finst i alle dei gammalfranske handskriftene, men manglar i N

| Forteljing | Hss | Vers |
|------------|-----|---|
| Gui | HSP | 1–18, 67–68, 158–165, 234–235, 240–242, 366–369, 371–372, 399–410, 425–426, 470–474, 481–499, 503–504, 519–526, 529–534, 537–540, 730–731 |

5. Tekstvandring

| Forteljning | Hss | Vers |
|-------------|----------------------|---|
| Esk | HS | 15–16, 132–134, 137–138, 151–152, 171–172, 205–206, 486–487, 503–505 |
| Eq | HS | 25–26, 35–36, 55–59, 73–74, 81–82, 129–132, 167–168, 223–224, 273–274 |
| Bi | H, S frå v. 233 | 113–114, 179–180 |
| La | H | 11–12, 15–16, 19–22, 27–38, 43–44, 49–56, 59–60, 77–78, 88–90, 109–110, 114–116, 125–134, 145–146, 155–156 |
| Des | ST | 307–308, 311–312, 353–354, 639–640 |
| Ti | S | 17–18, 39–40 |
| Che | H | 93–94, 102–106, 110–114, 125–126, 131–135, 139–140, 153–156, 162–163, 166–172, 174–175, 177–180, 183–184, 191–192, 195–202, 209–216, 221–224, 227–228, 233–236 |
| Do | S | 2–3, 13–16, 23–28, 35–37, 42–46, 48–49, 53–54, 61–64, 73–74, 77–78, 85–86, 89–90, 97–100, 107–108, 111–112, 121–128, 135–136, 147–148, 151–152, 169–174, 181–184, 199–202, 217–218, 227–228, 249–254, 259–262, 273–274, 283–284 |
| Tvl | H, S til v. 169 | 121–124, 133–136, 157–158, 161–165, 167–168, 173–176, 201–206, 231–236 |
| Mi | HS | 3–4, 10–13, 15–20, 30–35, 47–48, 59–64, 71–76, 79–80, 87–94, 97–114, 119–120, 129–148, 153–160, 187–188, 197–198, 203–204, 207–214, 219–222, 229–230, 232–234, 247–252, 259–260, 265–266, 273–276, 280–288, 297–300, 323–332, 335–340, 345–348, 353–358, 361–364, 369–370, 375–380, 387–388, 394–408, 411–412, 437–444, 451–452, 457–458, 463–465, 469–470, 473–474, 477–480, 490–492, 495–496, 503–504, 511–512, 519–520, 523–524, 529–530 |
| Gei | HS | 32–33, 109–110 |
| Lei | S | – |
| Jan | HSPC | 177–180, 183–184, 191–192, 195–196, 267–268, 271–272, 283–286, 301–302, 305–306, 341–346, 373–376, 411–414, 420–426, 433–468, 475–476, 519–526, 531–532, 545–546, 552–553, 556–572, 589–592, 635–636 |
| Jon | HSQ, P frå v. 395 | 8–10, 13–17, 25–26, 33–50, 55–60, 73–74, 87–90, 97–98, 141–144, 153–162, 204–205, 219–220, 237–238, 289–290, 295–296, 347–348, 411–412, 535–538, 549–552 |
| Nab | T | – |

5.5.5 Nedkorting i den gammalnorske omsetjinga

Det føregåande oversynet viser at graden av nedkorting av dei enkelte gammalnorske forteljingane jamført med dei gammalfranske førelegga er svært varierende. Dette har eg oppsummert i tab. 5.6. Her har eg dessutan gått under kuplettnivået og teke med enkeltvers som ikkje er omsette. Lakuner i N gjer at delar av forteljingane *Tidorel*, *Chetovel*, *Leikara liod* og *Janual* har gått tapt. Tala for desse byggjer på dei delane som er berga. Talet på vers i heile dei gammalfranske forteljingane er gjeve i parantes i tabellen.

Tabell 5.6: Prosentvis nedkorting av dei gammalnorske forteljingane

| Forteljing | Vers | Ikkje attgjeve | Prosentvis nedkorting | Cooks estimat (1979, xxiii) |
|------------|-----------|----------------|-----------------------|-----------------------------|
| Gui | 886 | 132 | 15 % | – |
| Esk | 518 | 44 | 8,5 % | – |
| Eq | 314 | 36 | 11,5 % | – |
| Bi | 318 | 16 | 5 % | – |
| La | 160 | 64 | 40 % | 37 % |
| Des | 764 | 46 | 6 % | – |
| Ti | 58 (489) | 6 | 10,5 % | – |
| Che | 156 (240) | 74 | 47,5 % | 47 % |
| Do | 286 | 94 | 32 % | 34 % |
| Tvl | 254 | 44 | 17,5 % | 15 % |
| Mi | 534 | 263 | 49,5 % | nesten 50 % |
| Gei | 118 | 12 | 10 % | – |
| Lei | 14 (122) | 1 | 7 % | – |
| Jan | 490 (646) | 133 | 27 % | 27 % |
| Jon | 558 | 95 | 17 % | 15 % |
| Nab | 48 | 3 | 6 % | – |

Tabell 5.6 viser at det er eit knippe av forteljingane som trer fram som særskild nedkorta. Dette knippet omfattar *Laustik* som er nedkorta med 40%, *Chetovel* med 47,5%, *Doun* med 32%, *Milun* med 49,5 %, *Janual* med 27 % og kan hende

5. Tekstvandring

også *Jonet* med 17 %. Av dei er det berre *Laustik* som er skriven av Str. I, og nedkortinga er størst i dei forteljingane som er skrivne av Str. II. At forteljingane har ulikt innhald, kan forklara noko av variasjonen. Somme av dei sterkt nedkorta forteljingane skil seg ut i tekstmaterialet ved å sirkla kring ei enkelt hending eller ein episode, slik som *Laustik* og *Chetovel*. Den førstnemnde er mellom dei kortaste *lais* av Marie de France. I den er det hovudsakleg enkeltkuplettar som ikkje er attgjevne i den gammalnorske teksten. Med det er eit par unntak som må reknast for å ha eit visst omfang, fordi forteljinga i seg sjølv er så kort. *Chaitivel* er den av dei gammalfranske forteljingane som inneheld minst handling. Store delar av handlinga i denne forteljinga er ikkje attgjeve i omsetjinga. Dette bryt med den vanlege oppfatninga av kva som skjer i den omsette høviske litteraturen. Det har vore vanleg å rekna med at det der har vore ein tendens til nedkorting av omtala av kjensler og framandarta element. Derimot har den faktiske handlinga heller vorte framheva og forsterka, Dette er ikkje tilfelle i *Chetovel*, der store delar av handlinga ikkje er med i forteljinga.

Ei jamføring mellom dei forteljingane som er mest nedkorta og dei ulike dialektane i N viser at *Milun*, den forteljinga som er mest nedkorta av alle, er den einaste som viser vikkværske språkdrag. *Laustik*, *Chetovel*, *Doun*, *Janual* og *Jonet* tilhøyrer alle den gruppa av forteljingar som har vestnorske språkdrag.

5.5.6 Semantisk kategorisering av kuplettar og lengre parti som ikkje er attgjevne i dei gammalnorske tekstane, men som finst i alle dei gammalfranske handskriftene

For å sjå mønsteret i kva type kuplettar og parti som ikkje er attgjevne, har eg kategorisert desse på eit semantisk grunnlag. Dette er vist i tab. 5.7 (s. 191). I det følgjande vil eg kommentera kvar enkelt kategori i denne tabellen.

Tabell 5.7: Semantisk kategorisering av kuplettar og lengre parti som finst i alle dei gammalfranske handskriftene, men ikkje i N

| | Handling | Grunn- gjeving/ Konsekvens | Person- skildring | Detalj- skildring av objekt | Framand- arta element | Kjensler/ Monolog | Forteljar- kommentar | Repeti- sjon | Presisering | Anna førelegg? | Ikkje kategoris- erbar |
|-----|----------|----------------------------------|----------------------|-----------------------------------|-----------------------------|--|-------------------------------|---|---|-------------------|------------------------------|
| Gui | 161–165 | 503–504 | | 158–160 | 234–235, 240–242 | 398–410, 425–426, 473–474, 481–499, 519–526, 529–534, | 67–68, 481–499, 537–540 | 366–369, 730–731 | 366–369, 371–372 | 1–18 | |
| Esk | | | | | | | | 15–16, 205–206, 486–487, 503–505 | 132–134, 137–138, 151–152, 171–172 | | |
| Eq | | | 35–36 | | | 55–59, 73–74, 81–82, 129–132, | 55–59 | 223–224 | 273–274 | 25–26, 167–168 | |
| Bi | | | 179–180 | | | | | 113–114 | | | |
| La | 114–116 | 125–134 | 15–16, 19–22 | 59–60 | | 27–32, 43–44 | 77–78 | 145–146, | 33–38, 49–56, 109–110, 155–156 | 88–90 | 11–12 |
| Des | | | | | | | | 307–308, 353–354 | 311–312 | | 639–640 |
| Ti | | | | | | | 17–18 | | 39–40 | | |

5. Tekstvandring

| | Handling | Grunn- gjeving/ Konsekvens | Person- skildring | Detalj- skildring av objekt | Framand- arta element | Kjensler/ Monolog | Forteljar- kommentar | Repeti- sjon | Presisering | Anna førelegg? | Ikkje kategoris- erbar |
|-----|---|----------------------------------|----------------------|-----------------------------------|-----------------------------|--|---------------------------------|---|--|-------------------|---------------------------------------|
| Che | 102–106, 110–114, 125–126, 131–135, 174–175 | 209–216 | 153–154 | | | 153–156, 166–172, 177–180, 183–184, 191–192, 221–224, | | 166–172, 195–202, 227–228, 233–236 | 93–94, 139–140 | | 162–163 |
| Do | 121–128 | 77–78 | | | | 169–174, 273–274 | 217–218, 227–228, 283–284 | 35–37, 53–54, 111–112, 135–136, 147–148, 151–152, 249–254, 259–262 | 2–3, 23–28, 42–46, 48–49, 85–86, 89–90, 97–100, 107–108, 199–202 | | 13–16, 61–64, 73–74, 181–184 |
| Tv1 | 167–168 | 161–165, 201–206 | | 133–136 | | 231–236 | | 121–124, 157–158 | | | |

5.5. Tekstendringar på makronivå

| | Handling | Grunn- gjeving/ Konsekvens | Person- skildring | Detalj- skildring av objekt | Framand- arta element | Kjensler/ Monolog | Forteljar- kommentar | Repeti- sjon | Presisering | Anna førelegg? | Ikkje kategoris- erbar |
|-----|---|----------------------------------|---|-----------------------------------|-----------------------------|---|---|---|---|-------------------|------------------------------|
| Mi | 30-35, 87-94, 105-114, 203-204, 207-214 | 187-188 | 10-13, 15-20, 297-300 , 323-332 , 335-340 , 345-348 , 411-412 , 523-524 | 97-104 197-198, | 383-384 | 47-48, 129-148, 153-156, 219-222, 229-230, 232-234, 265-266, 273-276, 444, 477-480, 523-524 | 284-288, 379-380, 398-408, 529-530 | 247-252, 280-283, 394-396, 437-443, 451-452, 463-465, 473-474, 490-492, 495-496 | 3-4, 59-64, 71-76, 79-80, 119-120, 157-160, 259-260, 353-358, 361-364, 369-370, 375-378, 387-388, 457-458, 469-470, 503-504, 511-512, 519-520 | | |
| Gei | | | | | | | | 32, 109-110 | 33 | | |

5. Tekstvandring

| | Handling | Grunn- gjeving/ Konsekvens | Person- skildring | Detalj- skildring av objekt | Framand- arta element | Kjensler/ Monolog | Forteljar- kommentar | Repeti- sjon | Presisering | Anna førelegg? | Ikkje kategoris- erbar |
|-----|---------------------------------|----------------------------------|---|-----------------------------------|-----------------------------|---|-------------------------|---------------------------------|---|-------------------|------------------------------------|
| Jan | 177-180, 411-414, 519-526 | | 301-302 , 475-476 , 531-532 , 556-572 , 589-592 | 191-192, 552-553 | | 195-196, 267-268, 305-306, 341-346, 545-546 | 420-426 | 183-184, 271-272, 373-376 | 283-286, 635-636 | | 433-468 |
| Jon | 55-60, 153-162, 549-552 | 411-412 | 25-26, 141-144 | | | 45-50 | 295-296 | 97-98, 289-290, 535-538 | 33-44, 204-205, 219-220, 237-238, 347-348 | | 8-10, 13-17, 73-74, 87-90 |

Handling: Storparten av det som i tabellen over er kategorisert som handling er detaljar utan nemneverdig innverknad på framdrifta i forteljingane. Dette gjeld til dømes forteljinga *Lanval*, der det i v. 411–414 vert fortalt at venene til Lanual ser til han for å vera sikre på at han et, drikk og ikkje tek livet av seg. Derimot inneheld fleire av utelatingane i *Chetovel* informasjon som er naudsynt for framdrifta i denne svært nedkorta forteljinga.

Grunngjeving/konsekvens: Eit typisk døme for kategorien grunngjeving/konsekvens finst i forteljinga *Doon* (DoLA 77–78) der riddaren Doon legg i veg *por la meschine e por la terre, | savoir s'il le porra conquerre*, ‘for jenta og for eigedomane | for å vita om han klarar å erobra dei’.

Personskildring: Landskapsskildringar er sjeldsynte i *lais*-sjangeren, men derimot er hovudpersonane i kvar forteljing stereotyp skildra. Personskildringane er mellom dei tekstbolkane i dei gammalfranske handskriftene der det er størst grad av variasjon. I den mest nedkorta av alle forteljingane, *Milun*, er store delar av desse personskildringane ikkje attgjevne i den gammalnorske teksten. Det dømet eg gjev under det mest påfallande av alle i *Strengleikar* og er frå skildringa av Milun (v. 9–20):

| H | N |
|---|---|
| <p>Milun fu de Suhtwales nez. Puis le jur k'il fu adubez Ne trova un sul chevalier Ki l'abatist de sun destrier. Mut par esteit bons chevaliers, Francs e hardiz, curteis e fiers. Mut fu coneüz en Irlande, En Norwejë e en Guhtlande; En Logrë e en Albanie Eurent plusur de lui envie. Pur sa pruësce iert mut amez E de muz princes honurez.</p> <p>(Milun var fødd i Sør-Wales Frå den dagen han vart riddardubba Fanst det ikkje ein einaste riddar som kunne slå han av hesten hans. Visst var han ein god riddar, nobel og tapper, høvisk og modig. Han vart kjent i Irland, I Noreg og i Gotland; I Logres og i Albania Mange var dei som misunte han. For motet sitt var han svært omtykt og heidra av mange prinsar.)</p> | <p>Milun var i valess fœddr</p> <p>dyrlegr maðr ok vel kyniaðr.</p> <p>(Milun var fødd i Wales. Han var ein gild mann av god ætt)</p> |

5. Tekstvandring

Detaljskildring: Detaljskildringar av objekt er ofte ikkje omsette. I desse vert verdien og det uvanlege ved nokre av dei objekta som spelar ei stor rolle i narrasjonen framheva. I dei gammalnorske forteljingane er skildringar av dette slaget ofte redusert til ein presentasjon av sjølve objektet. I *Tveggia elskanda lioð* vert det i den gammalnorske teksten berre fortalt at sveinen gjer seg i stand til å reisa, medan det i den gammalfranske teksten er med detaljar om utstyret og reisefølgjet hans (Tvl 132–136).

Framandarta element: Nokre element har truleg vore framandarta, ikkje for den gammalnorske omsetjaren, men for det norske publikummet. Desse er ikkje tekne med i den gammalnorske versjonen. Dette er tilfelle til dømes med skildringa av kjærleiksgudinna Venus (Gui 234–325) og innhaldet i Ovids bok (Gui 240–242) i *Guigemar*. Begge desse er ein del av den einaste transposisjonen av noko lengd i *Strengleikar* jamført med dei gammalfranske versjonane av denne teksten. Som nemnt ovanfor (s. 185), ser eg det som sannsynleg at denne transposisjonen ikkje er gjort av ein gammalnorsk tekstredaktør, men stammar frå førelegget til omsetjaren.

Kjensler/monolog: Den kanskje mest påfallande typen utelatingar er det som eg har det nettopp i monologane kjensler vert uttrykte i dei gammalfranske *lais*. Desse bolkane er i all hovudsak anten utlatne eller sterkt forkorta på gammalnorsk. Her er eit døme henta frå *Chaitivel/ Chetovel* (v. 152–156):

| H | N |
|--|--|
| Il m'amoent sur tute rien; Pur lur beauté, pur lur pruësce, Pur lur valur, pur lur largesce, Les fis d'amer a mei entendre Nes voil tuz perdre pur l'un prendre! | varo mér yuir hvetvitna unnande. |
| (Dei elska meg over alt anna For venleiken deira, for motet deira, for dugleiken deira, for storsinnet deira. Eg fekk dei til å retta kjærleiken sin mot meg Eg ville ikkje mista alle for å ta ein av dei.) | (Dei var for meg elskande over alt anna / Dei elska meg over alt anna) |

Sameleis er omtalen av den høviske kjærleiken òg oftast sterkt nedkorta. Her er eit døme her frå *Equitan* (v. 54–59), og det er mellom dei mest påfallande slike

avsnitta i *Lais*. I den gammalnorske teksten finst ingen spor av den personifiserte *Amor*:

| H | N |
|---|---|
| Amurs l'ad mis en sa maisniee: Une seete ad vers lui traite, Ki mut grant plaie li ad faite: El quor li ad lanciee e mise! N'i ad mestier sens ne cointise: Pur la dame l'ad si suspris, (Kjærleiken/Amor har sett han i si teneste. Har skote ein pil mot han som har gjeve han eit svært stort sår. Har sikta mot hjarta hans og truffe! No har han korkje fornuft eller klokskap, for frua har overvelda han på slikt vis.) | er hann nu sua inætiaðr ast hænnar (No er han så fanga av kjærleik til henne.) |

Forteljarkommentar: Det er ein klar tendens til utelating av forteljarkommentar i omsetjinga. Dette har ofte vorte forklart med at desse ville ha vore framandarta for eit norrønt publikum som var van med ein nær usynleg forteljar i sogene. Samstundes er det berre tale om ein *tendens* til utelating, og slett ikkje ei fullstendig stryking av desse. Forteljarstemma er heile tida høyrbar i omsetjingane, først og fremst i den narrative ramma til kvar forteljing. I løpet av sjølve forteljinga er denne stemma helst til stades i korte kommentarar, av typen *men escient k'eles dormeient*, 'etter kunnskapen min søv dei', omsett til *hyg ec þár svafo*, 'eg trur dei sov' (Des 618). Derimot er fleire av forteljarkommentarane av noko lengd strokne. I dei vert ofte hendingane i forteljinga vurderte og kommenterte (MiL 398–408).

5. Tekstvandring

Repetisjon: Typisk i det gammalfranske materialet er at same tingen først vert fortalt i ein kuplett, og deretter repertert eller utdjupa i neste kuplett. Tendensen i dei gammalnorske omsetjingane er nedkorting av dette. Eit slåande døme er å finna i *Fresne/Eskia* (v. 201–202 og 205–206):

| H | N |
|--|--|
| De vostre leit le m'alaitiez! Eschaufez le e sil baignez!" | gæf þesso barne briost þitt at drækka. ok siðan gær þui laug ok lauga þat. sem bæzt kant þu. |
| (...) Eschaufez l'ad e bien baigné, Puis l'ad de sun leit aleitié. | |
| (Gjev det å drikka av mjølka di for meg, Varm det og bad det! (...) Ho varma det og bada det godt. Så gav ho det av mjølka si.) | (Gjev dette barnet brystet ditt å drikka. Og sidan gjer du i stand badevatn og badar det som best du kan.) |

Meir vanleg er det med større grad av leksikalsk variasjon i repeteringa, som i *Laüstic/Laustik* (v. 143–146):

| H | N |
|--|---|
| Tut sun message li cunta, Le laüstic li presenta. | þa færðe hann honom fuglenn (143) ok sagðe honom allt þat sem fru hans hafðe boðet honom. |
| Quant tut li ad dit e mustré E il l'aveit bien escuté, | |
| (Han fortalde han heile bodskapen sin og gav han nattergalen. Då han hadde fortalt og vist han alt og han hadde lytta godt.) | (Då gav han han fuglen og fortalde han alt det som frua hans hadde pålagt han.) |

Presisering: Ein variant av repetisjonane er ei tilsvarande presisering av det som er fortalt i førre kuplett. I desse repetisjonane vert det anten gjeve detaljar som ikkje tilfører noko til handlinga eller opplyst om noko som er underforstått. Her er eit døme frå *Milun* (v. 78–80):

| H | N |
|---|---|
| E un brief li enveierai; Escriz i ert li nuns sun pere E l'aventure de sa mere. | ok man ec sennda með barneno bráf mitt. |
| (Og sender henne eit brev. I det er namnet til far hans skrive og kva som har skjedd med mor hans.) | (og eg skal senda med barnet brevet mitt) |

Anna førelegg: Her har eg ført opp gammalnorske tekstbolkar som ser ut til å vera omsette frå gammalfranske førelegg som no er tapte. Grunnen til dette er mangelen på samsvar mellom den gammalnorske og den gammalfranske teksten. Dette opnar for at førelegget til omsetjaren har vore avvikande frå dei tekstane som er overleverte.

Dette gjeld til dømes versa 25–26 i forteljinga *Equitan*:

| H | N |
|---|---|
| Ja, se pur ostier ne fust, Pur nul busuin ki li creüst, | ok for haN sua vel með manna malom æftir logum ok landsiðom at engi vandi kunni sa geraz at herra hans þurfti i at <val>kazt |
| (Om det ikkje var for å kriga, ville han for slett ingenting (...)) | (og han tok seg så godt av sakene til folk etter lovene og det som var sedvane i landet, at det ikkje kunne oppstå noko problem som herren hans måtte bry seg med.) |

Ikkje kategoriserbare: Den siste kategorien inneheld partia som ikkje er omsette og som det ikkje er mogleg å kategorisera. Mellom desse er den første prologen til *Guigemar*. Han finst ikkje i alle dei gammalfranske handskriftene og er mykje omdiskutert (sjå til dømes Skårup, 1981).

5. Tekstvandring

5.5.7 Innskot i N jamført med primærhandskriftene, men i samsvar med sekundærhandskriftene

Det som i den synoptiske utgåva av tekstane ser ut som tillegg i N jamført med primærhandskriftene, er i nokre få tilfelle i samsvar med sekundærhandskriftene:

Eskia

- Esk >234: N har *til þess er hon var fullkomen, i fogrum likams væxti*, ‘til dess ho var fullkomen i fager kroppsskapnad’, eit innskot jamført med H. Men handskriftet S har i alt tre ekstra kuplettar etter v. 234 jamført med H. Den første av desse kuplettane: *Quant ele avoit passé .VII. anz | De son aé fu bele et granz*, ‘Då ho hadde fyllt sju år | Var ho vakker og stor for alderen’, kan ha vore førelegg for den gammalnorske omsetjinga.

Equitan

- Eq >194: N har *En um nætr kom hon til hans ok um nætr for hon fra honum er hon unni sua mikit*, ‘Og om nettene kom ho til han, og om nettene for ho frå han som ho elska så mykje’, også eit innskot jamført med H. På same stad har handskriftet S: *De nuiz venoit, de nuiz aloit | Veoir celi que il amoit* ‘Kom om nettene, for om nettene | for å sjå den som han elska’. At ein variant av denne kupletten i S har vore med i førelegget til omsetjaren er udiskutabelt. Ombytinga av roller i S og N meiner eg må ha skjedd i avskrift av den gammalfranske teksten. Der må *el* ha vorte lese og kopiert som *il*. Dette bryt med den logiske samanhengen i tekstane. Tidlegare i narrasjonen gjev kongen melding til omgjevningane sine om at han skal lata blod og at ingen må uroa han. Deretter låser han dørene til soverommat sitt. Det må derfor vera kvinna og ikkje kongen som kjem. Dermed er teksten i N truleg den rette, og ein kan tenkja seg ei emending av teksten i S på grunnlag av den gammalnorske teksten.
- Eq >276: N har *en annat herra sinom. þat er var með vormu vatne. eftir mundags hove*, ‘og eit anna (kar) til herren sin som var med nokså varmt vatn’. Mellom v. 275 og v. 276 har handskriftet S kupletten: *Et en l'une cuve ruer | L'eve boillant a fet ruer*, ‘Og i det eine karet fyller | Kokande vatn har fyllt’. Bruken av same rim i fleire kuplettar etter kvarandre er ofte rekna for å vera ein indikasjon på eit skrivartillegg. Det er òg bruken av same verb i rimet i ein kuplett. Handskriftet S har begge delar i to kuplettar, her i versa 275 (*aporter*), 275a (*ruer*), 275b (*ruer*) og 276 (*entrer*). Den gammalnorske omsetjinga av den ekstra kupletten i S jamført med H tyder på at denne kupletten har vore skoten inn i teksten på eit tidleg steg i overleveringa av denne. Handskriftet S

har frankiske språkdrag, altså frå området Île-de-France, og datert til slutten av 1200-talet. Kupletten må ha vore med i det tapte anglo-normanniske førelegget for N som truleg må daterast til ein gong før 1230.

Desire

- Des >652: N har *ottaz ei þat at ec biði ei firir þer ef ec verð þar staddr sem ec megi hiolp veita þer*, ‘ver ikkje redd for at eg ikkje skal tala di sak dersom eg er slik plassert at eg har høve til å hjelpa deg’. S har to ekstra kuplettar etter v. 650: *Volentiers, bele, ma foi, | aseür en soiez vers moi. | se je en leu venir pooie, | icest servise vos rendroie*, ‘Gjerne, vakre du, på æra mi | kan du vera trygg på meg | om eg kan vera på den staden | at eg gjengjelder deg denne tenesta’.

Både Cook og Tveitane (1979, 130–131) og Tobin (1976, 193 og 204) peikar på sambandet mellom N og S. Cook og Tveitane meiner at førelegget til omsetjinga må ha hatt rekkjefølgja 649–650–651–652– og deretter to vers som no er ukjende, men som var avvikande frå den første kupletten som er sitert ovanfor. Til slutt meiner dei at førelegget til N har hatt den andre kupletten som er sitert ovanfor.

Eit av desse tilfella er usynleggjort i den synoptiske oppstillinga av tekstane fordi Rychner (1966) har innlemma vers frå eit anna gammalfransk handskrift i utgåva si:

- Tvl 23–30: Denne tekstbolken finst ikkje i handskriftet H, men er lagt til av Rychner frå handskriftet S, men tilpassa til ortografien til H. Han grunngjev dette med dette partiet er naudsynt for å forstå forteljinga (Rychner, 1983, 262–263).

5.5.8 Semantisk kategorisering av tillegga i N jamført med alle dei gammalfranske handskriftene

Eg har kategorisert tillegga av noko lengd i strengleikane i N på eit semantisk grunnlag. Det viser seg at det er mogleg å sjå nokre mønster i kva delar av narrasjonen ein gammalnorsk tekstredaktør anten har sett høvelege for utviding, eller sett det som naudsynt å forklara. Kategoriseringa av innskota i tab. 5.8 (s. 203) er gjort ut frå ein tenkt akse frå dei truleg mest framandarta elementa til dei innskota som liknar norrøn stil. Den første kategorien er altså den narrative ramma, der forteljarstemma er tydeleg, medan den siste kategorien talande nok inneheld det som av Fjeld Halvorsen (1959) vert kalla sogefrasar. Ein del av

5. Tekstvandring

tillegga i dei gammalnorske tekstane er det ikkje mogleg å plassera. Innholdsmessig skil ein del av desse seg ut frå resten av tillegga og dei gammalnorske tekstane samla sett. Dei kan ha hatt opphav i no tapte gammalfranske kuplettar i førelegget til omsetjinga. I tabellen under har eg kategorisert innskota i den gammalnorske teksten. Deretter gjev eg døme frå kvar semantisk kategori i tabellen.

Tabell 5.8: Semantisk kategorisering av lengre tillegg i gammalnorsk tekst

| | Narrativ ramme | Forklaring av framandarta element | Objekt- eller personskilde | Forklarande presisering | Styrkt logikk | Repetering av informasjon | Sogefrase | Utypisk utviding |
|-----|--------------------|-----------------------------------|--|--|--|--|---|---|
| Gui | <884, >886 | | <213, <717 | <223, <729, <743, <772, <805, <808, <827, <868, <877 | <150, <269, <321, <579 | <800, <833, <836 | <49(?), <218, <254, <465, <634, <644, <755, <857 | <122, <217, <382, <433, <519 |
| Esk | <2, <517 | 249 | <7, <209, <237, <243, <244, <248, <250, <383, <509 | <216, <260, <378, <403 | <257, <361, <377, <452 | <57, <66, <178, <303, <309, <313, >314, <333, <345, <375, <376, <381, <397, <463 | <13, <121, <144, 196, <202, <220, <250, <251, <295, <328, <349, <360, <441, 485 | <48(?), <91, <95, <99, <141, <231 |
| Eq | <312, 312, <314 | <149 | <2, 3, 11-13 | <60, 287, <295, <303, <305 | <209 | <25, <79, <123, <129, <205, <228, <266 | <23, <102, <146, <229, <255 | <38, <67, <69, <98, <111, <129, <169, EqS II |
| Bi | | | <3 | <13, 53, 262, 299, <302 | <39, <88, <96, <123, <125, <191, <219, <276 | <86, <93, <106, >19, <120, <131, <188, <255, <262 | <120, <147, <300, | <49, <106, <158, <185, <204, <210, >314 |
| La | | <7 | | <125, <138, <141 | <148 | <81, <86 | | <66 |

5. Tekstvandring

| | Narrativ ramme | Forklaring av framandarta element | Objekt- eller personskilde | Forklarande presisering | Styrkt logikk | Repetering av informasjon | Sogefrase | Utypisk utviding |
|-----|----------------|-----------------------------------|----------------------------|--|---------------------------|---|--|---|
| Des | <5, 762 | 5, <141 | <7, <84, <90 | <59, <287, <349, <573,, >668, <702 | <128, <247, <575, <613 | <163, <164, <172, <345, <414, <441, <658, <664, <677, 743 | <86, <329(?), <409, <487, <501, <634, <641, <656, <669, <759 | <36, <67, <329(?), <587, <610, <647 |
| Ti | | | | <31, <49 | | 11 | | <17, <21 |
| Che | <238, >240 | | | <131, <162, <204 | | | | <88, <95, <111, <121, <137 |
| Do | | 8, <68 | <161, <163 | <88, <102, 275 | 139 | <35, <96, <159, 280 | <219 | |
| TvI | >254 | | | <34, <57, <76, <216, <229, <239 | <46, <79 | <35, <69, <173, <244, <245 | | 78(?) |
| Mi | >534 | | <292 | <58, <122, <151, <415, <456 | <289, <382 | <119, <152, <180, <191, <472 | <115(?), <295, <420, | |
| Gei | | <3, <77, <117 | | <107 | 81 | <41 | | |
| Lei | | | | <4 | | | | |

5.5. Tekstendringer på makronivå

| | Narrativ ramme | Forklaring av framandarta element | Objekt- eller personschildring | Forklarande presisering | Styrkt logikk | Repetering av informasjon | Sogefrase | Utypisk utviding |
|-----|----------------|-----------------------------------|--------------------------------|--|---|--|---|---------------------------------------|
| Jan | >646 | 641 | <248, 419, <517, <556 | >236, <252, <328, <329, <430, <478, <496, <500, <513, 603 | <254, <287, 311, <416, 484, <503, 515, <539, <594 | <172, <251, <253, <265, <288, <482, <605, <622, <632 | <159, <237, <359, <372, <396, <418, <488, <498, >587, <632 | <224, <405, >574 |
| Jon | >558 | >152, <493, <495, 506 | <19, <390, 390, 517 | 65, <99, <226, 251, <256, <261, <282, <311, <314, <317, <399, <473, <526, <527, <540 | <83, <265, <306, <352, <381 | 20, <68, 69, <108, <213, <230, <246, <284, <287, <357, <433, 478, <480, 543, <554 | <183, <195, <247, <301, <327, <333, <347, <360, <499, <529, <545 | <53, <85, 317, <407, <458, <533 |
| Nab | | <11 | | <32, <33 | | <19, 26, <36 | | |

5. Tekstvandring

Dei kategoriane som høver for tillegga i dei gammalnorske tekstane er påfallande like dei som kom fram gjennom den semantiske kategoriseringa av dei utelatne bolkane i dei gammalfranske tekstane. Dette tyder på at dei gammalnorske tekstane vart handsama på same måte som dei gammalfranske. Variantar av same utdanningssystemet var nytta både i Noreg, England og Frankrike, og det er sannsynleg at tekstredaktørane innanfor begge språka har fått nokolunde same trening i korleis tekstar skulle handsamast.

I det som følgjer, vil eg gje døme frå kvar enkelt av kategoriane i tab. 5.8 (s. 203).

Narrativ ramme: Ser ein heile *Strengleikar* under eitt, er det ein klar tendens til utviding av den narrative ramma. Denne utvidinga er stereotyp, allitererer ofte, og repeterer snarare enn å gje ny informasjon. For det meste vert den gammalfranske forteljarstemma teken over av den gammalnorske forteljaren i det Pettersson (upubl. foredrag 2008, under utgjeving) kallar *the adopted-narrator solution*, der “eg” i kjeldeteksten vert identisk med “eg” i målteksten. Denne handsaminga av forteljarstemma i omsetjinga er ei ukomplisert løysing og i tråd med det ein ventar seg i moderne omsetjingar. Det mest synlege unntaket frå denne *adopted-narrator solution*, er den svært personlege kommentaren i forteljinga *Bisclaret*, der ein gammalnorsk omsetjar fortel om opplevingar han hadde i barndomen:

EN sa er þessa bok norrœnaðe hann sa i bærnsko sinni æinn Rikan bonda er hamskiftisk stundum var hann maðr stundum i vargs ham. ok talde allt þat er vargar at hofðuzt mæðan er fra honom ækki længra sægiande

(og han som omsette denne boka til norrønt, han såg i barndomen sin ein rik bonde som skifta ham. Somme tider var han mann, somme tider i ulveham. Og han fortalde om alt det ulvane gjorde i mellomtida. Men det er ikkje meir å fortelja om han)
(BiS <317).

I andre delar av dei narrative rammene vert informasjon repetert, og innhaldet vert tilpassa til den nye formidlingssituasjonen. Dette er mellom anna synleg i *Chetovel* der det gammalfranske *Plus n'en oï ne plus n'en sai*, ‘korkje høyrde eller veit eg meir om dette’ (Che 239) er omsett til *af þessvm las ec ecki fleira*, ‘om dette las eg ikkje meir’. Der det munnlege opphavet til *lais* er framheva i dei gammalfranske tekstane, har den gammalnorske omsetjaren sett det som naudsynt å tilpassa desse utsegnene til den skriftlege overleveringa av forteljingane. Han markerer dessutan ved fleire høve den fleirledda overleveringa ved først å omsetja tittelen på strengleiken slik han er gjeven i den gammalfranske teksten, før han

legg til den norrøne omsetjinga av han. Her er eit døme frå *Geitarlauf* (v. 115–116):

| H | N |
|--|--|
| Gotelef l'apelent Engleis, Chievrefoil le nument Franceis | bretar kalla gotulæf. valskir menn chæfrefuill. En ver megum kalla Geitarlauf. |
| (Gotelef kallar engelskmennene han Chievrefoil er namnet franskmennene har gjeve han.) | (Bretana kallar han gotulæf. Velske menn chæfrefuill. Og me kan kalla han Geitarlauf) |

Eit indisium på at den gammalnorske omsetjaren har opphalde seg ei tid i det anglo-normanniske England kjem dessutan fram av *Eskia*, der ein anglo-normannisk uttale er spegla i det innskotne *lai de fræðni* (Esk 517).

Resultatet av omsetjinga vert ei blanda forteljarstemme i dei gammalnorske tekstane – der dels den gammalfranske forteljaren, dels ein eller fleire gammalnorske tekstredaktørar vekslar mellom å eiga tekstens “eg”. Forteljarstemma i desse tekstane er like ofte framheva som stroken i omsetjinga, men det skjer ikkje i løpet av sjølve narrasjonen, men i ramma rundt han. Sjølv i den narrative ramma er eit slikt nærvære av forteljaren uvanleg i norrøn prosalitteratur.

Framandarta element: Ein gammalnorsk tekstredaktør er òg synleg gjennom forklaringar av framandarta element eller objekt i tekstane.

Dette kan gjelda enkle objekt, som til dømes i *Jonet* (v. 506), der røykelseskara *var af gimsteini þeim er heitir amatiste*, ‘var av den edelsteinen som heiter ametyst’.

Andre gonger er det den geografiske plasseringa av stader som vert presisert, her frå *Doun* v. 8:

| S | N |
|--|--|
| En Bretagne dela la mer | sva at þetta var fregit vm allt brettlannd er liggr i frannz konungs riki. firir svnnan englandz sio. |
| (I Bretland på den andre sida av havet.) | (slik at dette var spurd om heile Bretland som ligg i den franske kongens rike, sør for Englands sjø.) |

5. Tekstvandring

Eit døme på ei rekkje av slike forklaringar finst i samband med omvisninga i klosteret i *Jonet*, der forteljaren kommenterer funksjonen til kvart enkelt rom dei er innom (v. 493–494):

| H | N |
|--|--|
| Si lur musterrat sun dortur, Sun chapitre, sun refeitur, (Han viste dei sovesalen kapittelsalen og refektoriet.) | hann leiddi þau at sia þau hin dyrlego hus. er munkarnir i biuggu. hit friða (493) svefnloft (494) ok hina dyrlego holl er muncarnir i mataðoz. (Han tok dei med for å sjå det gilde huset som munkane budde i, det vakre soverrommet og den gilde salen som munkane åt i.) |

Objekt- eller personschildring: Særleg skildringar av personar, men òg av objekt, er utvida i dei gammalnorske tekstane. Desse skildringane er ofte prega av allittererande tautologiar. Dømet under er frå forteljinga om *Equitan* (v. 11–14).

| H | N |
|--|--|
| D'Equitan, ki mut fu curteis, Sire de Nauns, jostise e reis. Equitan fu mut de grant pris E mut amez en sun païs. (Om Equitan, som var svært høvisk Herre over Nantes, dommar og konge. Equitan var ein høgverdig mann og mykje omtykt i landet sitt.) | EEinn rikr maðr ok herra høverskr ok kurtæis hofðingi ok ræfsinga stiore Namsborgar Ekuitan at nafni. hinn vaskaste i vapnom hinn traustasti i Riddara skap. vinsæll ok frægr i sinu fostr landi (Ein rik mann og ein høvisk herre og høvisk høvding og streng domar over Nantes. Ekvitan var namnet hans, han var den modigaste med våpen, den mest truverdige i riddarskap. Han var omtykt og kjent i heimlandet sitt.) |

Dei skildrande tilleggga i den gammalnorske teksten styrkjer det som allereie er sagt i den gammalfranske, men gjev ikkje nye opplysningar.

Forklarande presisering: Nye opplysningar vert derimot somme tider gjevne i det som er kategorisert som forklarande presisering. I *Eskia* spelar teppet og ringen som vert sende med jenta ei viktig rolle i resten av forteljinga. Den gammalfranske vaktaren går til abbedissa for å fortelja henne *De l'enfant cum il le trovat*, 'om

barnet og korleis han fann det'. Kva rolle gjenstandane som følgjer barnet kjem til å få seinare, er tydelegare i den gammalnorske teksten, der vaktaren fortél *um barnet. huersu ok huar hann fann þat. ok þa luti sem fylgðo barneno*, 'om barnet og om korleis og kvar han fann det, og om dei gjenstandane som fylgde barnet' (Esk 215). Dette i seg sjølv styrkjer den logiske samanhengem i forteljninga.

Styrkt logikk: Ei tydelegare form for styrking av logikken i dei gammalnorske tekstane er innskotne frasar som klargjer den logiska framdrifta i forteljninga. Bruken av prosa i staden for bunden form gjev rom for slike korte utvidingar som bind saman hendingane. Formålet med noko kan til dømes verta presisert; kona til varulvridaren fortél ikkje berre elskaren sin kvar han finn kleda til ektemannen hennar, men òg kva han skal gjera med dei (Bi 124). I slike innskot vert det òg fortalt at nokon forflyttar seg frå ein stad til ein annan, slik Desire gjer (v. 128); *aðr en hann fære uttanlændis*, 'før han reiser utanlands'. Eit av dei meir omfangsrrike tillegga finst i *Eskia* (<257), *þui at hann hafði alldregi fyrr set þa aðra er honom sua vel hugnaðezt. ne sua hugastlega likaði*, 'fordi han hadde aldri før sett noka anna (kvinne) som han tykte så godt om eller så likte så hjarteleg'. Meir typisk er innskot som til dømes forklarar kvifor nokon oppfører seg som dei gjer, eller føler det dei føler. Grunnen til at mor til *Eskia* fell om i uvit, vert presisert i den gammalnorske teksten, *at hon fann dottor sina. er hugðizc hava tynt*, 'at ho fann dotter si, som ho trudde ho hadde mist/ drept' (Esk <452).

Repetisjon: Mellom dei vanlegaste tillegga i dei gammalnorske tekstane er det som i all hovudsak er repetering av tidlegare gjevne informasjon:

Unasti vær nu fæginn. + bliðr ok glaðr, 'Kjæraste, ver no fegen, blid og glad.' (Bi 111) og *Ec em + her hertekinn ok lást i þessum turn*, 'Eg er fanga her og låst inne i dette tårnet' (Jon 69). Repetisjonen kan også vera i form av eit lengre repeterande innskot: *+ þa tignaðo hana allir. ok þionaðo henni + giarnsamlega með goðom vilia*. 'Då heidra alle henne og tente henne gjerne og med god vilje' (Jan 632).

Berre i svært sjeldne tilfelle er omtale av kjensler utvida, og den mest iaugefallande av desse tilfella er å finna i forteljninga *Desire* (<345) i eit langt allittererande tillegg i teksten som truleg stammar frå ein gammalnorsk tekstredaktør.

5. Tekstvandring

| T | N |
|--|---|
| <p>sa grant joie met en tristur, e sis chanz est turnez a plur.</p> <p>(Den store gleda hans sett i sorg, og songen hans er snudd til gråt).</p> | <p>með þessvm hætti snæriz huggan hans i harm. Gleðe hans i grat. leicr hans i mislican. ast hans i angr. søemd hans i sorg. atgerð hans til enskis. afl hans i vmát. Sialfr hann i sottar kvöl ok kvein.</p> <p>(På dette viser vert trøysten hans snudd til sorg, gleda hans til gråt, leiken hans til misnøye, kjærleiken hans til sorg, dugleiken hans til inkje, styrken hans til maktløyse, han sjølv i sjukdomens kvalar og jammer).</p> |

Omsetjinga til Robert Cook (1979, 121) er ikkje like tekstnær som mi, men absolutt meir velklingande og attgjev dessutan allitterasjonane i tekstbolken: “ (...) and in this fashion his comfort turned into care, his gladness into groans, his play into displeasure, his love into longing, his dignity into dejection, his accomplishments to emptiness, his power into puniness, his very self into the tortures and trials of sickness”.

Sogefrase: Omgrepet sogefrase, “saga phrase”, er henta frå Eyvind Fjeld Halvorsens doktorgradsavhandling om den gammalnorske versjonen av Rolandskvadet. Slike sogefrasar er, med Halvorsens definisjon, “meant to round off the narrative, and they are most often found at the beginning or end of an episode” (1959, 113). Sogefrasar er typiske for den norrøne høviske litteraturen og er komne til på gammalnorsk side av tekstframvokstreren. Desse innskota, oftast korte, driv narrasjonen framover. Eit typisk døme er *En meðan hon var i konungs hirð*, ‘Og medan ho var ved kongens hoff’ (Jan <632). For *Strengleikar* i N er sogefrasane ofte samanfallande med det som kan kallast kapittelskifte i dei gammalnorske tekstane. Ein seinare brukar eller eigar har markert desse med arabiske tal i første del av N. I forteljinga *Eskia* tek til dømes tredje kapittel til med *SEm þetta rað var gort*, ‘då denne planen var lagt’. Desse innskota er ofte ikkje

lengre enn dette, men i nokre tilfelle inneheld dei både avslutninga av ein episode og byrjinga på neste. Her er dømet henta frå *Bisclaret* (v. 119–<120).

| H | N |
|-----------------------------|--|
| E el le met par serement. | ok þui nest tok hann æið af hænni. at hann skyldi uruggr, um væra ok bua uræddr. 5. SEM formali þæirra ok felagskapr var gorr. |
| (Og ho gjev han eiden sin.) | (og deretter tok han eid av henne slik at han skulle vera trygg og leva ured. Då avtalen og kjærleiksforholdet deira var avgjort...) |

Fjeld Halvorsen inkluderer dessutan utsegnsfrasar i denne kategorien. Disse er svært ofte dublerde i den gammalnorske teksten: *+ ok mællti hon þa til hans. Unnaste kvað hon statt vpp*, ‘og så sa ho til han: Kjæraste, sa ho, stå opp’ (Jan <159–159).

Utypiske utvidingar: Det som vert kategorisert som utypiske utvidingar, kan like gjerne stamma frå dei gammalfranske førelegga som frå ein gammalnorsk omsetjar eller tekstredaktør. I den semantiske kategoriseringa av tilleggga i dei gammalnorske tekstane går det fram at desse i all hovudsak repeterer, presiserer og forklarar, men tilfører ikkje ny informasjon til forteljinga. Dei utypiske utvidingane gjev derimot somme tider informasjon av ein slik art at dei kan ha opphav i tapte gammalfranske tekststykke og ikkje i ein gammalnorsk tekstredaktør si omarbeiding av materialet. Dette gjeld mellom anna dei av innskota som inneheld vokabular som er knytt til høvisk kjærleik eller personifiserte dygder. Desse elementa er oftast strokne i dei gammalnorske tekstane. Det er lite sannsynleg at ein gammalnorsk tekstredaktør stryk dette i dei fleste tekstane, men sjølv legg til tekstbolkar med nettopp slike framandarta element i andre tekstar. Dermed verkar det rimeleg at til dømes det innskotne *natturo sinnar hvetiannde hveir annan til astar ok auca*. (Jon <53) i *Jonet* stammar frå ein kuplett i det no tapte gammalfranske førelegget til omsetjaren. Kva kriterium kan nyttast for å vurdera om opphavet til tilleggga er å finna i tapt gammalfransk tekst og ikkje stammar frå ein gammalnorsk tekstredaktør? Sær allittererande innskot må truleg plasserast på den gammalnorske sida i tekstgenesen, og kan ikkje inkluderast. Innskota bør dessutan vera av noko lengd for å gje att innhaldet i ein gammalfransk kuplett. Tendensen i *Strengleikar* er nedkorting og ikkje utviding i omtale av kjensler og personifiserte dygder. Nokre av innskota er knytte til nettopp desse framandarta elementa. Dette kan tyda på at innskota ikkje stammar frå ein gammalnorsk tekstredaktør, men frå dei

5. Tekstvandring

gammalfranske kjeldetekstane. Sett i samanheng med det samla omfanget på tekstmaterialet er talet på slike moglege tapte kuplettar nokså lågt.

I det som følgjer listar eg opp dei innskota i dei gammalnorske tekstane eg meiner kan vera omsetjingar av no tapte gammalfranske kuplettar. Eg har ordna desse etter type innhald.

Den første gruppa er innskot om kjensler. Den semantiske kategoriseringa av dei delane av dei gammalfranske tekstane som ikkje finst i dei gammalnorske viste at kjensler ofte ikkje er attgjevne.

- Gui <122: *með hueriom hætte er þit mattoð sua mykinn astar harm bera.*
- Gui <217: *er litla fyst hava til kuenna ok þat villdu er þæir mægo æigi. ok natturan syniar þæim. en jamnan avunda ok hata þa er ungir ero.*
- Gui <382: *Frua har sára riddaren med hugkæmelegre ast. ok kœnnir hann nu þat er hann kœndi all dri fyrr.*
- Gui <433: *ok at ast vollde huarotvægga hanom ok hænni.*
- Gui <465: *Siðan gecc hon til fru hænnar ok sagðe hænni huilikan harm riddarenn hafðe af ast hænnar.*
- Gui <519?: *En þu hin friða fru min sua sem ec bið vær unnasta en ec unnasti*
- Eq <67: *at harmr ok angr sem sua hava bundit mec sarom sorgum*
- Eq <98: *er byr i astar oviti. ok æerslo er gerer mer sua mikinn angr. ok uró.*
- Eq <111: *+ þui at æigin kona hans er ≈ sottar sok + herra hans hon bryddir hann ok gaddar hon ænguir honom ok hann angrar hon er hans riðu sott. ok ma vera honum sem sarbót.*
- Eq <128: *ok mynda ec þa æiga þar fiandr sem nu a ec frændr. þar ovini sem nu a ek vini.*
- Bi <49: *Nu hinn kærasti unnasti sagðe hon. ec bið þec sua sem þu villt gæta lifs mins. Bruken av Nu i Strengleikar har oftast opphav i or i førelegga.*
- La <66: *fyrir þui at Riddarenn + var astbundinn fæsti <hann> hug sinn i songum fuglanna. sem þar være allt þat er honom likaðe at hava.*
- Jon <53: *natturo sinnar hvetiannde hverr annan til astar ok auca.*

Dei gammalfranske forteljarkommentarane er ofte ikkje med i dei gammalnorske tekstane, men i ei nokså stor gruppe av innskota finst det spor av forteljarstemme:

- Esk <48: *at su hin goða kona var all dregin illmællt. ne rópað þui at alt folket er kann hana ok fræggit hævir til hænnar væit at sonnu at hon er trygg ok goð kona fræg ok lofsæl at ollum goðum lutom ok kurtæisri kuensko. ok hinnar bæzt/tu ættar þessa landz.*

5.5. Tekstendringar på makronivá

- Esk <91: *en þeir er <at> annarra livi tælia. ok ann<a>rra manna lif lasta en sina glœpi vilia alldregi hœyra.*
- Esk <99: *þuiat mandrap er hinn hæste hofuð glœpr. hættr fyrir monnum en haske fyrir guði.*
- Esk <231: *Abbadis upp hellt siolf þetta barnn j skirnn hæilagre með þui nafne sem ver gatom*
- Bi <204: *ok æf hann væri æigi hæftr þa myndi hann sua rettlega hava hæfnt sin. at allzækki myndi a hava skort.*
- Che <121: *Sva fiarre at hirðlið þeirra vissi eigi hvar þeir komo. fyrir þui keyftu þeir dyrt ofdirf<ð> sina.*
- Jan >574: *En fegrð ok heyveskleic hennar. þarf ei aðra leið geta en fyrr er sagt.*
- Jon <458: *Sva gec þat vannlega or minni hans sem hann hefðe þat alldre vitað.*

Nokre av innskota gjev detaljar:

- Ti <17: *með slicum hætti biuggv þau saman alla .xx. vetr.*
- Jan 404– <405: *eignir ok castala. + ok rikar borgir ok allzkonar aðrar rikar gíafar. er lendum monnum er<o> til sæmdar gefnar ok eignaðar.*
- Jon <533: *ok iatte hon þa firir ollum. er þar varo. at sa hinn same riddare er þar hvilldi gat hann ok var faðer hans.*

Andre innskot inneheld handling. Tendensen i *Strengleikar*-forteljingane er at dei følgjer handlinga i dei gammalfranske tekstane utan á leggja til noko nytt. Det kan dermed tenkjast at desse avsnitta ikkje stammar frá ein gammalnorsk tekstredaktør, men frå no tapte kuplettar i det gammalfranske førelegget.

- Gui <49: *G>viamar sem hann var riddare. þa dualdezt hann þar mioc længe.* ‘Då Guiamar var vorte riddar, vart han verande der svært lenge’. Dette innskotet kjem i samband med eit kapittelskifte og kan òg reknast for å vera ei sogefase, men inneheld meir informasjon enn det som er typisk for desse. Kan dette vera spor etter ein kuplett med *aduber* og *sejourner*?
- Esk <141: *a þæim tima nattar er menn sofa ok aller huilazc*
- Esk <231: *Abbadis upp hellt siolf þetta barnn j skirnn hæilagre með þui nafne sem ver gatom*
- Esk <361: *ok boðmonnum at fylgia ser til brullaups sins ok biuggu þeir ser rikaN bunað vapna ok goðra klæðna.*
- Esk <376: *með þæim er þar varo sua litillatlega ok miklu bliðlæti. sem hænni væri hinn mæsti fagnaðr a þeirra hiuskap.*

5. Tekstvandring

- Eq <25(?): *ok for haN sua vel með manna malom æftir logum ok landsiðom at engi vandi kunni sa geraz at herra hans þurfti i at <val>kazt*
- Bi <106: *ok længi bæðet hænnar ok ≈ oft læitat at fa vilia hænnar + til munugðar sinnar. Margar giafer Rikar gævet hænni*
- Des 609–<610: *+ ok ≈ gengo þeir þa baðer til þess er þeir komo þar sem bær einn var. + ok leiddi hann hann þa at holl einni sva mykilli ok friðre at alldre hafðe hann set aðra iamfriða þeirri. ok gengo þeir fram*
- Ti 20–<21: *sacar veiði marcar þeirrar + er þar var skamt ifra borgennne. þui at ≈ konungi licaðe + skemtan ok dyra veiði með miohunndum. ok at fvglym með gravalum ok gashaukum*

Nokre er del av replikkar. Mange av desse omtalar kjensler:

- Gui <519: *En þu hin friða fru min sua sem ec bið vær unnasta en ec unnasti*
- Esk <95: *en verða fyrir hatre ok hafnan allra minna ættingia. ok ropi allz folksens. fyrir þui at sonnu ef þetta kæmr upp fyrir unnasta minn ok frændr þa man ec æiga allzængan vin þar sem nu a ec marga þui at ec dæmda sialfa mec i róp. ok hatr ok amæli. allra dugandi kuenna.*
- Eq <69: *ok allan mec fra tekitt sialfum mer með sua kynlegom hætti at skynsemð min ter mer ækki. ok valld mitt. ok sua mikit riki er mer mæirr harmr en huggan.*
- Eq <98: *er byr i astar oviti. ok ærslo er gerer mer sua mikinn angr. ok uró.*
- Eq <128: *ok mynda ec þa æiga þar fiandr sem nu a ec frændr. þar ovini sem nu a ek vini.*
- Bi <49: *Nu hinn kærasti unnasti sagðe hon. ec bið þec sua sem þu villt gæta lifs mins*
- Bi <210: *at hann synir honom mæira grimlæk en engom oðrum þæim er her hævir fyrr komet*
- Des 35–<36: *ok allra hællzt + þæirrar bænar er biðia ser born + eða retta arfa. at hann hævir morgum um þetta holpet. sua sem mer er at sonnu sagt. ok nokkorer af þæim er mer ero kunnegir* Gammalfransk tekst: v. 35: *nomeement d'aver enfant.*
- Des <647: *ok myndi þa frou min reiðazc mer ok all dri siðan minn vin vera.*
- Jon <85: *er sva hevur byrgt mec i þessum turn sem þiof i myrkvastofu.*
- Jon <407: *ok drepa þec með spiotom.*

Eit þar av innskota er del av persónskildringar. Som eg tidlegare har þeika þá, er desse ofte utvida i dei gammalnorske tekstane. Desse utvidingane er stereotype i vokabular og allittererer ofte. Innskota under skil seg ut i lengd, innhald og liten

bruk av allitterasjon, og eg meiner at det er mogleg at dei stammar frá no tapte kuplettar i dei gammalfranske tekstane:

- Esk <48: *at su hin goða kona var alldregin illmællt. ne rópað þui at alt folket er kann hana ok frægit hævir til hænnar væit at sonnu at hon er trygg ok goð kona fræg ok lofsæl at ollum goðum lutom ok kurtæisri kuænsko. ok hinnar bæzt/tu ættar þessa landz.*
- Esk <376: *með þæim er þar varo sua litillatlega ok miklu bliðlæti. sem hænni væri hinn mæsti fagnaðr a þæirra hiuskap.*
- Bi <185: *Sua var þat kurtæist ok hogvárt ok miuklynt ok goð viliat ok alldri angraðezt þat við menn ok æn<gom> gærðe þat mæin. þui líkaðe þat væl ollum.*

I nokre tilfelle er innskota plasserte slik i teksten at det bør opnast for at førelegget til omsetjaren kan ha hatt enkelte vers som har vore avvikande frá dei som er overleverte:

- Bi <158: *ok kænnir mek at visu. sua sem ec hygg.* Vers 158 frá den gammalfranske teksten er ikkje omsett: *Espleitiez vus! Alum nus en!*
- Eq <169: *er æigi <ero> værðugir duganda manna felagscaps. þui tyna þæir ollum sæmdom at þæir at fara illzkum ok svikum.* Vers 167–168 er ikkje omsett, men desse kan ha hatt anna innhald i førelegget til omsetjaren: *N'est pas merveille se cil pert | Ki par s'ovreine le desert.*
- La 87–90: *lyða fogram songum. hans + ok sætom. ok ec vil ængom koste kuað hon yðr þuisa læyna længr.* Dette kan ha opphav i v. 88–90 som ikkje er omsette: *Que mut me semble grant deduit; | Tant m'i delit e tant le voil | Que jeo ne puis dormir de l'oil.*
- Che <137: *Allir þegar sacar harms ok hormvngar er þeir fengo af falle slicra hofðingia er sva varo frægir ok vaskir ok vinsælir. at hverr mað<r> unni þeim. ok tignaðe þa með allzkonar þionasto.* Dette innskotet kan ha mogleg førelegg i ein variant av dei ikkje omsette versa 131–135: *La noise levat e li criz, | Unques tels doels ne fu oiz! | Cil de la cité i alerent, | Unques les autres ne duterent. | Pur la dolur des chevaliers.*
- Des <67: *+ ok for sua mioc at þui at ængi var væiði maðr villdri með konongenom.* Det gammalfranske vers 66 kan ha hatt ein annan tekst enn *e volunters s'en entremist.*
- Des <706: *Uel samir yðr firir at sia.* Vers 705; *Volunterz devez conseiller,* er ikkje omsett. Dette, saman med tendensen til utelating av forteljar-kommentarar i dei gammalnorske tekstane opnar for ein avvikande gammal-

5. Tekstvandring

fransk kjeldetekst. Kan førelegget til omsetjaren hatt eit vers som inneheldt *vus* og *veer*?

- Jan 223– <224: *i grasgardenn vnndir turninom. + ok illmdi allskonar sætvm grosu*. Med unntak av *illmdi allskonar sætvm grosu* ligg omsetjinga i denne bolken av *Janual* nær den gammalfranske teksten frå handskriftet H: *En un vergier, desuz la tur | ÷ U la reïne ert a surjur*. Eg ser det dermed som mogleg at v. 224 i førelegget til omsetjaren kan ha hatt ein annan tekst.

Cook og Tveitane (1979, 67) peikar dessutan på at eitt av innskota er svært likt tre gammalfranske vers i ein annan *lai*:

- Eq <38: *Engi var sua ræinlifr munkr i allu þui riki. er hann sa nokkora stund annlit ok alit hænnar at hann myndi æigi skiott snua allum hug sinom til hænnar ok allum hug at unna hænni*. Dette kunne ha vore ei omsetjing av v. 36–38 i forteljinga *Graelent*: *N'a si boin abé (S: moine) dusqu'a Troie, | s'il esgardoit vostre visage, | ne cangast molt tost son corage*, 'Det finst ikkje ein så god abbed (S: munk) herfrå til Troja | at om han såg andletet ditt | ikkje straks ville endra viljen sin'.

5.6 Oppsummering

Mellomaldertekstar veks og minkar, og enkelte delar av narrasjonen gjev rom for variasjon. Denne variasjonen viser seg i ulike typar avvik og endringar, tillegg og utelatingar, i tillegg til transposisjonar av passasjar i teksten.

Granskinga mi i dette kapitlet om tekstvandring tok utgangspunkt i følgjande hypotese:

- I mange tilfelle er det mogleg å lokalisera tekstforskyvingar og -endingar i tekstgenesen.
Det vil seia at ein kan skilja mellom det som har skjedd før, under, og etter omsetjinga av *Strengleikar*.

Gjennom granskingar av ulike typar tekstforskyvingar mellom *Strengleikar*-forteljingane og *lais* på eit mikro- og eit makronivå har eg i dette kapitlet freista å finna ut om denne hypotesen stemmer. Sjølve tekstanalysen tok til med det kuplettinterne mikronivået og heva seg deretter til det kupletteksterne makronivået.

5.6.1 Mikronivået

I kap. 5.3 gjekk eg gjennom tekstforskyvingar og -vandringar frå dei gammalfranske *lais* til dei gammalnorske *Strengleikar* for kvar enkelt forteljing. Denne granskinga førte fram til typologiseringa i kap. 5.4. Den skjematisk framstillinga i dette kapitlet tok utgangspunkt i ein tenkt tidsakse med eitt fast punkt – sjølv omsetjinga frå gammalfransk til gammalnorsk. I den delen av tekstgenesen som leier fram til dette punktet, finst det variantar i N som samsvarar med dokumenterte variantar i sekundærhandskrifter heller enn primærhandskriftene. I rett mange tilfelle kan opphavet til avvika i N liggja i ei feillesing av den gammalfranske teksten. Ein gammalfransk skrivar kan like gjerne ha feillese teksten han kopierte som den gammalnorske omsetjaren har feillese teksten han omsette. Ei lita gruppe feil, reine misforståingar og feiltolkningar, kan utelukkande forklarast og forståast når dei vert sedde i samanheng med dei gammalfranske tekstane. Denne biten av tekstvandringa kan berre ha skjedd i sjølv omsetjinga og er dermed knytt til den elles ukjende gammalnorske omsetjaren. Mangelen på fleire versjonar av dei gammalnorske tekstane gjer at storparten av spora av tekstvandringa i overleveringa av gammalnorske tekstar er knytte til logiske brestar i desse. Unntaket er forteljinga *Guiamar* der den islandske *Gvímars saga* gjev eit konkret innblikk i stabilitet og instabilitet i tekstoverleveringa.

Gjennom å plassera tekstforskyvingane i tekstkjeda skilde eg mellom dei endringane som er knytte til overførsla av tekstane til gammalnorsk og dei som må ha oppstått under overleveringa av dei gammalnorske tekstane. Korrupsjonstypologien som eg i kap. 5.4.2 etablerte på grunnlag av desse forskyvingane, viser at talet på forskyvingar som er knytte til den gammalnorske delen av tekstgenesen er lågt sett i forhold til tekstomfanget. Talet på reine feil som kan knytast til omsetjaren er også lågt. Den mest omfangsrrike kategorien, endringar i pronomenbruk, inneheld mellom anna kategorien “skifte frå indirekte til direkte tale”. Eit slik skifte er i samsvar med den norrøne sogestilen. Andre gonger er avviket i pronomenbruken i samsvar med teksten i andre gammalfranske handskrifter, der pronomena ser ut til å vera eit av dei meir ustabile elementa. Døma frå *Gvímars saga* viser at endringar i pronomenbruk med påfølgjande rollebyte òg skjer i overleveringa av dei gammalnorske tekstane.

5.6.2 Makronivået

Granskinga i kap. 5.5 av det kupletteksterne makronivået i tekstane stadfesta at dei gammalnorske omsetjingane på dette nivået òg må reknast for å vera ei teksttrugen omsetjing. I denne delen har eg granska rekkjefølgje, utelatingar og

5. Tekstvandring

innskot i dei gammalnorske tekstane. Ombyting av rekkjefølgja i kuplettar er ikkje uvanleg i dei gammalfranske tekstane, og som me såg, er ombytinga i dei gammalnorske tekstane i nokre tilfelle i samsvar med sekundærhandskriftene, jf. førre side. Kuplettar og lengre parti som ikkje er attgjevne i dei gammalnorske forteljingane kan òg ha mangla i førelegget, noko som i enkelte tilfelle vert stadfesta i variantapparata der det finst fleire gammalfranske versjonar av teksten. Motsett er det òg døme på at det som tilsynelatande er tillegg i den gammalnorske teksten dersom han berre vert jamført med det gammalfranske primærhandskriftet, må stamma frå eit avvikande førelegg som har hatt nokre fleire kuplettar.

Tabellane 5.5 og 5.7 viser passasjar som finst i ein eller fleire av dei gammalfranske tekstane, men som ikkje er omsette i N. Dei fleste spenner frå eit oddetal til eit partal, t.d. 1–2, noko som viser at det er tale om heile kuplettar; nye kuplettar byrjar alltid med eit oddetal i versnummereringa. Dette viser at det er heile meiningseiningar som er utelatne i omsetjinga. Av dette følgjer ikkje at fråvære av kuplettar i omsetjinga kan reknast som eit teikn på at desse mangla i førelegget til omsetjaren.

Kartlegginga av kva kuplettar og lengre parti i dei gammalfranske tekstane som ikkje var attgjevne i strengleikane nytta eg deretter for å rekna ut den prosentvise nedkortinga av kvar av desse i kap. 5.5.5. Her viste det seg at det er stor variasjon i nedkortinga av dei ulike forteljingane innanfor det gammalnorske materialet. Mellom dei mest nedkorta er *Laüstic* og *Chetovel*. Begge har lite innslag av handling, så det er overraskande at nedkortinga også går ut over handlinga.

Både utelatingane og innskota vart kategoriserte etter semantisk innhald i kap. 5.5.6 og 5.5.8. Delane av dei gammalfranske tekstane som ikkje er med i omsetjinga, illustrerer at dette hovudsakleg gjeld dei meir stillestående partia, skildringar, repeteringar av tidlegare gjeven informasjon og ikkje minst monologar og omtale av kjensler. På den andre sida er den mest framtrèdande eigenskapen ved tilleggga i dei gammalnorske tekstane tydeleggjering. Tilleggga forklarar, presiserer og repeterer.

Sett under eitt, må *Strengleikar*-tekstane reknast for å vera ei innhaldsmessig trugen omsetjing av dei gammalfranske førelegga. Ulikskapar mellom dei gammalfranske og dei gammalnorske tekstane kan i samsvar med hypotesen eg sette opp, plasserast i tekstgenesen i mange tilfelle. Det er få faktiske feil i N som med rimeleg visse kan reknast for å stamma frå omsetjaren. Samstundes finst det tydelege ulikskapar mellom tekstane, og nokre av dei gammalnorske forteljingane må reknast for å liggja nærare førelegget enn andre. Her er ulikskapen mellom dei strengleikane som har førelegg i Marie de France sine *Lais*, dvs. i handskriftet H, og dei med førelegg i *lais anonymes* påfallande. Dei gammalnorske tekstane med

førelegg i H plasserer seg gjennom-gåande nærare dei gammalfranske tekstane enn dei som har førelegg i *lais anonymes*. Dette stemmer med og styrkjer den rådande oppfatninga om at kjeldetekstane til omsetjaren var anglo-normanniske, slik handskriftet H òg er. Alle handskriftene som inneheld *lais anonymes* er av kontinentalt og ikkje insulært opphav. Aldersmessig ligg dessutan H nærare dei gammalnorske tekstane enn det dei kontinentale handskriftene gjer. Det må igjen presiserast at kjeldeteksten til den gammalnorske omsetjinga har vore ein eldre tekst enn nokon av dei gammalfranske tekstane som er overleverte. Granskingar av dei gammalfranske *lais* av romanistar burde dermed inkludera *Strengleikar*, noko Skårup (1975, 97–115) har argumentert for og Tobin (1976) har gjennomført i praksis. Med unntak av Skårup, Tobin og dessutan Togeby sitt oversynskapittel i *Grundriss der romanischen Literaturen der romanischen Mittelalters* (1972) har dei gammalnorske omsetjingane vore lite påakta av romanistar. Dette har endra seg med Kalinkes utgåver av fleire av desse sogene i serien *Arthurian Archives*. Ho gjev parallelle engelske omsetjingar av kvar norrøn soge (3 band, 1999). Den enkelte forskaren si haldning til og forståing for omsette mellomaldertekstar er dessutan avgjerande for korleis han møter dei. Skiftet frå gammalfransk bunden form til den norrøne høviske stilen med ornamentert prosa gjer i seg sjølv at dei gammalnorske omsetjingane av *lais* trass i den innhaldsmessige likskapen skil seg så mykje frå førelegga som dei gjer.

5. Tekstvandring

Kapittel 6 Ord og uttrykk

Dei gammalfranske *lais* – og dermed også dei gammalnorske strengleikane – er oftast variasjonar over det same narrative skjemaet. Ein nobel riddar – oftast ikkje rik på anna enn høvisk framferd – møter ei vakker kvinne. Det er *coup de foudre*, kjærleik ved første blick. Før vissa om at kjærleiken er gjensidig, forårsakar han psykisk og fysisk smerte. Etter kort tid vert dei to elskande klar over deu kjenslene dei har for kvarandre. Det løynde forholdet er prega av glede og fysisk kjærleik. Så vert det ulovlege og stolne kjærleiksforholdet oppdaga, og dei elskande vert skilde frå kvarandre. Medan dei er frå kvarandre, opplever begge sorg og smerte over tapet av den dei elskar, og – ikkje minst – over tapet av kjærleiken. Dei to elskande finn oftast saman att mot slutten av forteljinga. Dette kan like gjerne vera i dauden som i livet.

Utgangspunktet for dette kapitlet er hypotese om at det kan stå fleire tekstredaktørar bak den gammalnorske omsetjinga, og at dei kan identifiserast på grunnlag av ord, ordtypar eller uttrykk. Derfor vil eg først kartleggja omsetjinga av utvalde ord og uttrykk for å sjå om dei kan nyttast i profileringa av tekstredaktørar. Deretter vil eg sjå på bruken av utvalde avleiingssuffiks, presens partisipp-former og tempohevande adverb for å finne ut om desse òg kan vera til hjelp i ei slik profilering. På grunnlag av denne andre kartlegginga vil eg rekna ut frekvens for bruken av dei utvalde orda i *Strengleikar*. Denne frekvensen vil bli jamført med frekvensen av same type ord i dei lemmatiserte tekstane i *Medieval Nordic Text Archive*, frå no av omtala som Menota.¹ Denne frekvensjamføringa gjer eg for å testa den vanlege oppfatninga om at enkelte ord og ordformer er oftare nytta i nokre norrøne stilartar enn andre. Korpuset i Menota dekkjer ikkje alle stilartar, men er likevel nyttig for ei slik jamføring.

6.1 Hypotesar og metode

Det narrative skjemaet som vart presentert ovanfor, oppsummerer handlinga i nesten alle dei gammalfranske førelegga for *Strengleikar*. Få av dei gammalfranske *lais* inneheld alle momenta, men dei fleste inneheld emna kjærleik og kjærleikspinsler. Unntaka er dei to forteljingane *Lecheor* og *Nabaret*, som er to *lais anonymes*. Det er omdiskutert om dei verkeleg kan kallast *lais* – trass i at dei vert kalla det i handskriftene. *Lecheor* er heller ein parodi på ein *lai* enn ein *lai*, og *Nabaret* har vorte karakterisert som ein “elevated fabliau” (Donovan, 1969, 99).

1. Tekstarkivet til Menota er tilgjengeleg på nett: <http://www.menota.org/texts>.

6. Ord og uttrykk

I den narrative ramma som omgjev kvar forteljing, vert det fortalt om kvar og kva tid hendingane gjekk føre seg og om overleveringa – oftast munnleg. Struktur og tema i dei fleste gammalfranske *lais* er såleis einfarmige og krinsar ikring kjærleiken. Ordlyden og -forrådet i dei delane av narrasjonen som går att i alle dei gammalfranske forteljingane er stereotype. Dei narrative rammene og kjærleikstematikken er to av delane i dei gammalfranske tekstane som ser ut til å ha vore stabile – her er det liten eller ingen variasjon mellom dei gammalfranske handskriftene.

Det stereotype ordforrådet i dei gammalfranske forteljingane ligg til grunn for første delen av den leksikalske analysen i dette kapitlet. Utgangspunkt er følgjande hypotesar:

1. I dei fleste tilfelle har det stereotype vokabularet i dei gammalfranske tekstane gjeve stereotype gammalnorske omsetjingar. Omsetjinga av gammalfranske enkeltord er nesten alltid lik. Dei har då vore stabile i overleveringa av dei gammalnorske tekstane og kan forklarast som omsetjaren sitt verk. Seinare avskrivningar kan vanskeleg ha forårsaka konsekvensen, når dei ikkje hadde kjennskap til den gammalfranske kjeldeteksten.
2. I nokre tilfelle er det stereotype vokabularet i dei gammalfranske tekstane attgjeve på varierende vis i dei gammalnorske tekstane. I slike tilfelle er det mogleg å gruppera dei gammalnorske forteljingane på grunnlag av omsetjinga av enkeltord. Her kan ein finne spor etter ein eller fleire tekstredaktørar.

Den første delen av dette kapitlet er dermed ei kartlegging av bruken og omsetjinga av eit utval gammalfranske enkeltord. Kriteria for val av ord i den første delen av kapitlet har vore at dei ofte er nytta i Marie de France sine *Lais*, er typiske i denne sjangeren og kan ha vore framandarta for eit gammalnorsk publikum. Orda grupperer eg på eit semantisk grunnlag innanfor det narrative skjemaet i forteljingane. Denne delen av granskinga mi hevar seg sjeldan over det enkelte ordet, men omfattar somme tider fleire samrøtte ord. Etersom granskinga følgjer det narrative skjemaet i *lais*, tek ho til med ei jamføring av utvalde ord i den narrative ramma. Deretter ser eg på ord som er knytte til skildringane av kjærleiken. I denne har eg først teke med nemningane som er nytta om kjærleik og om dei som elsker. Eg har òg jamført ord for smerta og pinslene kjærleiken framkallar. Til slutt har eg sett på omtalen av den fysiske kjærleiken. Dei som elsker er stundom brikker som er styrte av dei personifiserte dygdene *Amur*, *Fortune* og *Nature* i dei gammalfranske tekstane. Desse dygdene må reknast for å

ha vore framandarta for eit gammalnorsk publikum, så derfor har eg òg sett på attgjevinga av dei i dei gammalnorske tekstane.

Det kontinentale føydalsamfunnet kjem til syne i dei gammalfranske tekstane gjennom personnemningar og adelstitlar. På grunn av skilnadene mellom det gammalfranske og det gammalnorske samfunnet har dei truleg vore framandarta for det gammalnorske publikummet. Det er mogleg at den gammalnorske omsetjaren ikkje har kjent det gammalfranske systemet godt nok til at han har vore gjennomført i omsetjinga av titlane. Han kan òg ha mangla høvelege gammalnorske termar for kunna omsetja nokre av personnemningane og adelstitlane. Det har vore peika på at omsetjinga av titlane er vaklande i riddarsogene (KLN, 14, 167-172). Ei tovegs jamføring av dei personnemningane og titlane som oftast er nytta kan gje informasjon om korleis ein gammalnorsk tekstredaktør har forstått dei. Undervegs har eg sett på korleis orda fordeler seg på dei to skrivarhendene i N og dei ulike dialektane i *Strengleikar*.

Fellesnemnaren i den andre delen av kapitlet er ei kartlegging av særskilde språkdrag som anten er rekna for å vera typiske for den høviske stilen eller som merkjer seg ut ved å vera særskilt frekvente i *Strengleikar*. Mellom dei er ord som er danna med særskilde avleiingssuffiks og ein meir utstrekt bruk av partisippformer. Nokre tempohevande adverb og uttrykk, *þegar*, *i því* og *því næst*, har dessutan vore vurderte som særmerkte for den høviske stilen og har vore nytta i grupperingar av dei omsette sogene. Desse uttrykka har ein rekna som typiske for enkelte tekstredaktørar.

Med utgangspunkt i desse oppfatningane har kartlegginga i denne delen av kapitlet vore av ord med utvalde avleiingssuffiks, presens partisipp og nokre av dei tempohevande uttrykka. Ordformene har eg jamført med dei gammalfranske tekstane for å sjå om dei er innskot i dei gammalnorske tekstane eller om dei kan ha hatt opphav i førelegga. Dessutan har eg sett på korleis orda fordeler seg på dei to skrivarhendene og på dei ulike dialektane i *Strengleikar*.

Dette er gjort med utgangspunkt i følgjande hypotesar:

3. Bruken og fordelinga av substantiv, adjektiv og adverb med enkelte avleings-suffiks er spor etter tekstredaktørar.
4. Bruken og fordelinga av presens partisipp kan anten vera knytt til gammalnorske tekstredaktørar eller til bruken av liknande verbformer i dei gammalfranske førelegga.

6. Ord og uttrykk

5. Bruken og fordelinga tempohevande uttrykk kan vera knytt til enkelte gammalnorske tekstredaktørar. Ei frekvensutrekning for kvar forteljing vil gje informasjon om dette.

Eg har òg rekna ut frekvensen av ordtypane i denne andre bolken av kapitlet og jamført denne med dei lemmatiserte tekstane i Menota. Dette har eg gjort for å sjå om det er riktig at desse ordtypane er særskilt vanlege i nokre av dei norrøne prosastilane.

I denne delen av granskinga har eg nytta mi eiga synoptiske utgåve, band 2 av denne avhandlinga, men òg den digitale utgåva av *Strengleikar* i Menota. Eg har nytta den gammalnorske teksten frå Cook og Tveitane si utgåve (1979) i den synoptiske utgåva mi, medan Menota baserer seg på teksten frå Keyser og Unger si utgåve (1850), retta mot N. Eg har søkt i mine datafilar for å kartlegga dei ulike orda og ordtypane som vert granska i dette kapitlet. Der må eg søka på dei ulike ortografiske variantane av avleiingssuffiksa. I Menota er det mogleg å søka på lemma. Fordelen med den synoptiske utgåva er nettopp at ho er synoptisk, for det lettar jamføringa med den gammalfranske teksten. Ulempa med utgåva er at ho er diplomatarisk. Det gjer at ein må søka etter alle tenkjelege ortografiske variantar av eit ord eller lemma. Men når eg har søkt i begge korpusa sikrar det eit påliteleg resultat. Nokre gonger har søk i Menota gjeve ortografiske variantar eg elles ikkje ville ha funne. I nokre få tilfelle har eg funne ord i mi utgåve som ikkje er komne fram i eit lemmasøk i Menota. Det har då vist seg at nokre ord i *Strengleikar* i Menota ikkje har vore lemmatiserte. I jamføringane mine har eg teke med dei fire strengleikane utan gammalfranske førelegg der dette er relevant.

Måla med dette kapitlet er å prøva å profilera gammalnorske tekstredaktørar og å sjå på bruken av nokre av dei språktrekka som har vore rekna som særskilde for den høviske eller lærde stilen. Eg presenterer først utvalde delar av forskingshistoria i kap. 6.2. Kapitla 6.3– er leksikalske jamføringar av utvalde omgrep i dei gammalfranske og gammalnorske tekstane. Orda og omgrepa som vert jamførte er anten (1) hyppig nytta i dei gammalfranske tekstane, eller (2) truleg framandarta for eit gammalnorsk publikum. Nokre ord er begge deler. Kapittel 6.7 er ei kartlegging av gammalnorske ord med eit utval avleiingssuffiks. Kapittel 6.8 er ei jamføring mellom bruken av presens partisipp i dei gammalnorske tekstane og dei gammalfranske førelegga. Det siste kapitlet, 6.9, er ei kartlegging av bruken av det tempohevande adverbet *þegar* og uttrykka *í því* og *því næst* i *Strengleikar*.

Resultata frå kvar enkelt jamføring knyter eg til dei to inndelingane som kan gjerast i N. Desse inndelingane heng saman med overleveringa og framvoksteren av dei gammalnorske forteljingane og må tolkast som spor etter fleire lag av tekstredaktørar. Det synlegaste og yngste skiljet er skrivarskiftet i N. Ei eldre

inndeling av *Strengleikar* i N kan sjåast i ulike gammalnorske dialektane som er nytta i forteljingane. Dialektvariasjonen er på tvers av rekkjefølgja av forteljingane og er heller ikkje knytt til skrivarskiftet (meir om dette i kap. 3).

I kap. 6.7, 6.8 og 6.9 har eg dessutan jamført frekvensen av orda som har vore granska med dei tekstane som er lemmatiserte i Menota. Dei gammalnorske tekstane som er lemmatiserte i Menota, er den såkalla legendariske *Óláfs saga ins helga* frå DG 8 II (utg. Johnsen, 1922), *Thómass saga erkibyskups* frå Holm Perg 17 4° (utg. Unger, 1869) og *Barlaams ok Josaphats saga* frå Holm Perg 6 fol. Det hadde vore ønskjeleg med fleire lemmatiserte tekstar, fordelte på fleire ulike sjangrar, for eit betre samanlikningsgrunnlag. Tre av dei fire tekstane frå Menota er gammalnorske omsetjingar. *Strengleikar* er omsett frå gammal-fransk, og *Thómass saga erkibiskups* og *Barlaams ok Josaphats saga* er begge omsetjingar frå latin. *Óláfs saga ins helga* er derimot forfatta på norrønt.

Handskriftene desse fire tekstane finst i vert daterte til perioden 1225–1300. I kronologisk rekkjefølgje plasserer dei seg slik:

- DG 8 II, *Óláfs saga ins helga*, vert datert til ein gong mellom 1225 og 1250.
- DG 4–7, *Strengleikar*, vert datert til om lag 1270.
- Holm perg 6 fol, *Barlaams ok Josaphats saga*, vert datert til om lag 1275.
- Holm perg 17 4°, *Thómass saga erkibiskups*, vert datert til om lag 1300.

6.2 Forskingshistorie

Dei gammalfranske *lais* kan sjåast på som byggverk. I konstruksjonen av desse har forfattaren kunna velja frå eit utval byggesteinar. Nokre, men ikkje alle av desse byggesteinane vil vera med i kvar *lai*. Mellom elementa som er spesifikke for *lais*-sjangeren er kjærleik, kjærleiks pining og eit oppdelt samfunn. Denne samfunnsdelinga er ikkje berre mellom høg og låg, adel og tenestefolk, men også mellom menn og kvinner. I første del av analysen som følgjer er det teke utgangspunkt i ord som er knytte til kjærleik, kjærleiks pining og samfunnsdelinga i dei *lais* som er omsette til gammalnorsk. Valet av ord har i nokon grad vore styrt av statistikkane og den semantiske inndelinga i McClelland (1977) si doktorgradsavhandling. Bakgrunnen for denne er opplevinga hennar av manglane ved ordlistene i utgåvene av Marie de France sine *Lais*, der tilstøytande meiningar av ord, assosiasjonar og ord i kontekst ikkje vert førte opp. Avhandlinga hennar er ein konkordans over vokabularet i Marie de France sine *Lais*, men der det i liten grad vert drege liner til andre samtidige kjelder eller andre *lais* for ei forståing av det semantiske innhaldet i ulike ord. Til grunn for granskinga hennar ligg same utgåve av Marie de France sine *Lais* som eg har nytta, Jean Rychner si utgåve (1966). Etter å ha avgrensa det leksikalske

6. Ord og uttrykk

grunnmaterialet sitt ved å utelukka artiklar, pronomen, preposisjonar, konjunksjonar, demonstrativ osv. (1977, 8 fn. 2), grupperer McClelland vokabularet i Marie de France sine *Lais* i tre hovudkategoriar: *L'Homme*, 'Mennesket', *La Société*, 'Samfunnet' og *L'Univers*, 'Universet'. Innanfor kvar kategori grupperer ho deretter vokabularet i Marie de France sine *Lais* på semantisk grunnlag og definerer tydinga av orda i forteljingane. Dette refererer eg til der det er aktuelt. Den delen av hennar materiale som har vore nyttig i mi gransking i dette kapitlet er frekvensane for enkeltord som vert gjevne i desse underkategoriane. Dermed har eg teke utgangspunkt i dei enkeltorda ho reknar opp med høgast frekvens i underkategoriane *L'amour*, 'kjærleiken' (1977, 49–51) og *La châtelainie: les titres, les rangs et les fonctions* 'Jordegods: Titlar, rang og funksjon' (ibid., 70). McClelland (ibid., 140) gjev dessutan eit oversyn over dei ti mest nytta verba, substantiva, adjektiva og adverba i Marie de France sine *Lais*.

Den andre delen av dette kapitlet tek ikkje utgangspunkt i dei narrative elementa i forteljingane, men i nokre av dei språklege elementa som har vore rekna for stiltypiske for den norrøne omsette litteraturen. Stil er eit relativt omgrep og derfor vanskeleg å handtere i studiet av ein enkelt tekst. I analysen under står eg meg på den stilinndelinga som er etablert for norrøn prosa. Denne er ei vidareføring av den første todelinga til Nygaard (1896) i det han kalla *folkeleg* og *lærd* stil. Bakgrunnen for begge nemningane til Nygaard og inndelinga hans er dåtidas oppfatning om eit munnleg opphav for sagalitteraturen. Den folkelege stilen er å finna i sogene og kjem ifølgje Nygaard frå folket si eiga stilkjensle. I motsetnad til denne står den lærde stilen der framand, ofte latinspråkleg påverknad kjem til syne. Nygaard såg ei konflikt mellom desse stilane, ein kamp som endar med det han meinte var eit språkleg forfall. I dette forfallet verkar den lærde stilen inn på den folkelege. Språkdraga som Nygaard plasserer i kvar av stilane, hadde tidlegare vore kommenterte, men det som var den store nyvinninga hos Nygaard, var inndelinga og systematiseringa av kjenneteikna til dei to stilane.

Seinare har det vorte peika på at nemninga *lærd* stil er for vid, og det har blitt skilt ut ein eigen høvisk stil. Denne stilen høyrer særleg heime i den høviske prosalitteraturen som vart omsett til gammalnorsk frå gammalfranske versromanar på 1200-talet. Stilen er knytt til det norske hoffet og Håkon Håkonsson. Fjeld Halvorsen (1959, 10) deler den høviske stilen i tre undergrupper. Den første av desse gruppene er den eigentlege høviske stilen. Denne stilen er sterkt retorisk. Den neste gruppa er ein munnleg omsetjingsprosa med dei same retoriske mønstra som den første gruppa, men der desse sjeldnare er nytta. Mangelen på eit klårt skilje mellom desse to gruppene gjer at fleire forskarar har valt å slå desse gruppene saman (Astås, 1987, 29 og Kalinke, 1981, 134, fn. 4). Den siste undergruppa kjem til syne mot slutten av 1200-talet, og i denne finst ein særleg stor påverknad frå

latinsk syntaks og stilverkemiddel. Fjeld Halvorsen (1959, 10) kallar denne “Late Style”. Seinare har Widding (1965, 134) kalla denne for den *florissante stil*. Han meiner at dette er ei utvikling av den lærde stilen.

Den reine høviske stilen kjem tydlegast til syne i verk som er knytte til Håkon Håkonsson; *Tristrams saga*, *Elis saga* og *Strengleikar*. Fjeld Halvorsen (1962, 317–318) reknar opp ein del retoriske verkemiddel og språkleg særtrekk som kjenneteiknar denne stilen. Nokre av desse vert førte vidare og nytta i aukande grad i den florissante stilen (Astås, 1987, 31). Eit typisk trekk på framand, og då helst latinspråkleg påverknad finst i adjektivabstrakta, og då til dømes i avleiingar med *-leikr* (Jakobsen, 1969, 3–5). Astås peikar på fleire typar orddanningar som vert oftare nytta, adjektiv med avleiingssuffikset *-ligr*, og adverb med avleiingssuffikset *-liga* (1987, 32). Han dreg òg fram avleiingssuffiksa *-dómr* og *-skapr*. Eg har nytta Torp (1909, opptrykk 1974) som eit oversyn over gammalnorsk ordavleiing. Torp kommenterer ikkje frekvens eller bruk av avleiingssuffiksa i ulike prosastilar.

Ein auka bruk av presens partisipp har vore knytt til den lærde og den høviske stilen (Nygaard, 1896 og Astås, 1987, 24ff.). I ein artikkel frå 1982 gjekk Jónas Kristjánsson (1982, 437) mot dette og meinte at partisippbruken i den høviske stilen ikkje skil seg nemneverdig frå partisippbruken i annan norrøn prosa.

Hallberg (1971) og Schach (1975) viste variasjonen i bruk av enkelte tempohevande uttrykk utan førelegg i dei gammalfranske tekstane i dei omsette høviske sogene. Dei meinte at desse uttrykka kan nyttast som stilkjenneteikn og vera til nytte i ein freistnad på å gruppera soger ut frå ulike tekstredaktørar. Schach (1975) refererte Hallberg (1971) sine granskingar av fire syntaktiske og stilistiske trekk i den hypotetiske Tristram-gruppa. Denne gruppa inneheld i alt seks tekstar, *Tristrams saga* og *Ísöndar*, *Elis saga ok Rosamundu*, *Strengleikar*, *Möttuls saga*, *Ívents saga* og *Parcevals saga* med *Valvers þátr* og vart foreslått av Gísli Brynjúlfsson. Han meinte at desse seks tekstane kunne ha vore omsette av broder Robert (1878, 415). Dei tre første trekka Hallberg granska, kjem eg ikkje til å gå inn på. Det fjerde trekket Hallberg kartla i dei seks sogene i Tristram-gruppa, var frekvensen av adverbet *því næst*, som han rekna for å vera ein norvagisme. Schach (1975, 119) utvida denne granskninga ved å leggja til adverba *þegar* og *í því*. Han meinte at fordelinga og frekvensen av desse adverba må vera “a mechanical stylistic peculiarity” som stammar frå den eller dei gammalnorske omsetjarane (ibid.120). Dermed jamførte han frekvensen av desse adverba i dei ulike sogene i Tristram-gruppa med frekvensen av dei i ei kontrollgruppe. Han viste at desse adverba er oftare nytta i Tristram-gruppa enn i kontrollgruppa, men at *Elis saga* har færre tilfelle enn venta. Spørsmålet Schach stilte er om bruken av desse adverba er knytt til ein person eller til ei gruppe av tekstredaktørar med tilknytning til det norske hoffet. Han var overtydd om at desse adverba er personlege stilpreferansar

6. Ord og uttrykk

(ibid. 122). I granskinga si tok Schach ikkje omsyn til dei to skriparhendene som har arbeidd med *Strengleikar* i N, og då han la fram granskingane sine rundt Tristram-gruppa på ein konferanse i Liège i 1972 hadde ikkje Tveitane (1973) publisert arbeidet sitt om den dialektale variasjonen mellom dei ulike strengleikane.

6.3 Ord i den narrative ramma

Marga kynlega atburði havom ver her set i Brætlandi

I den narrative ramma som omsluttar kvar enkelt *lais* og strengleik kjem forteljaren til syne og etablerer fiksjonen. Han plasserer innleiingsvis hendingane i tid og rom, før han i dei avsluttande versa etablerer forteljinga som eit litterært produkt. Den leksikalske variasjonen i desse tekstbolkane er ikkje stor, og det er særleg to ord som ofte vert nytta. Det første er sjangernemninga *lais*, og det andre er substantivet *aventure*, som viser til dei spanande hendingane i forteljinga og dessutan framhevar reisa som er knytt til desse.

6.3.1 *Lais: ljóð, strengleikr*

Sjangernemninga *lais* er heilt grunnleggjande i dei gammalfranske tekstane, og på gammalnorsk er ho vekselvis omsett til *ljóð* (For 33, 47; Gui 884, Esk 1, 517; Eq 7, 312; Bi 1, 317; La 2; Des 764) og *strengleikr* (Gui 884; Esk 517; Eq 7, 312, Bi 1; La 2, 159; Des 4, 5, 763, 764; Ti 1; Che 203, 207, 225, 231; Do 1, 6; Tvl 5, 254; Mi 8, 532, Che 2, 113; Jon 1, 556; Nab 46, 47, 48; Gre 3). Ofte er dei to orda nytta synonymt (*strengleikr* og *ljóð* i Gui 884; Esk 517; Eq 7; Bi 1; La 2; Des 764 og *strengleikr* og *ljóðtala* i Des 4). Nokre variantar finst òg: *lioðsonga* i GuiS 20 og *lioða talum* i DeS 4. Til og med det franske *lai* er nytta i ein av strengleikane. *Lai de fræðni*, dei siste orda i *Eskia*, kunne nesten like gjerne tilhørt ein gammalfransk tekst.

Det er påfallande at det med eitt unntak berre er før skriparskiftet at *ljóð* er nytta synonymt med *strengleikr*. Dette skjer på tvers av dialektvariasjonen i forteljingane. Skiftet kjem i forteljinga *Desire*, og i kvar av dei seks forteljingane før dette er *strengleikr* og *ljóð(tala)* nytta synonymt. Det einaste dømet på slik synonym bruk etter skriparskiftet er i avslutninga av *Desire*. Eg ser to moglege forklaringar. Den synonyme bruken kan vera knytt til Str. I. Problemet då er Str. II sin bruk av samanstillinga i den første forteljinga han skreiv av. Den andre – og kanskje meir sannsynlege – forklaringa på dette skiljet er at samanstillinga stammar frå ein tidlegare tekstredaktør. Dermed kan Str. I ha attgjeve førelegget sitt meir trufast enn det Str. II gjer. Forklaringa på enkelttilfellet av *strengleikr* og *ljóð* i Des 764 kan vera at Str. II har kopiert teksten mest nøyaktig i byrjinga.

6.3.2 *Aventure: atburðr*

Dei underlege hendingane som skjedde med noble riddarar og vakre fruer i gamle dagar vert i *lais* omtala som *aventure* – ikkje ‘eventyr’, men heller ‘spanande hendingar’. Dei krinsar om *amur*, ‘kjærleik’, og er ofte knytte til ei reise. Substantivet *amur* er ikkje utelukkande nytta i den narrative ramma til kvar forteljing, men òg i omtale av hendingane. Tabell 6.1 viser korleis *aventure* er attgjeve i *Strengleikar*.

Tabell 6.1: Omsetjing av *aventure* (subst.)

| Gammalnorsk | Tekststad |
|-------------------------|--|
| <i>atburðr</i> (subst.) | For 36 Gui 24, 199, 676, 822 Esk 39, 78, 214, 347, 492, 496, 515 Eq 5 Bi 61, 99, 269 La 1, 157 De 2, 762 Che 143 Do 5 Tvl 2, 111, 170, 251 Mi 296 Jan 197 Jon 3 Gre 1 |
| <i>saga</i> (subst.) | Bi 315 Ti 1 |
| Omskrive | La 147 Mi 127 Jon 93 |
| Ikkje attgjeve | La 134 Che 3 Mi 80 Jan 1 |

Som me ser i tab. 6.1 er det gammalfranske *aventure* i 30 tilfelle attgjeve som *atburðr*, 2 som *saga*, omskrive 3 gonger og står 4 gonger i vers som ikkje finst i omsetjinga. *Aventure* er altså nesten alltid omsett til *atburðr*.

Somme tider er det òg informasjon å henta i kvar ord ikkje er nytta eller omsette. For forteljinga *Lanval* er det første ordet i alle dei gammalfranske handskriftene *L'aventure*. Ei lakune i N gjer at byrjinga av den gammalnorske

6. Ord og uttrykk

Janual er tapt. Ut frå jamføringane i tabellen over ser eg det som sannsynleg at det i den tapte gammalnorske teksten vart nytta *atburðr*. Korkje *aventure* eller *atburðr* er nytta i avslutninga av denne forteljinga, men tidlegare i narrasjonen, og då om Lanvals opplevingar hos fea (Jan 197). *Aventure* er ikkje nytta i *Chievrefoil*, *Lecheor*, eller *Nabaret*. Den første av desse forteljingane er den einaste som er rekna for å vera dikta av Marie de France. Den innleiande presiseringa av opphavet til forteljinga skil seg frå resten av forteljingane hennar. Vanlegvis vert det munnlege opphavet til desse forteljingane understreka: Forteljaren har høyrte eller vorte fortalt om desse *aventures*. I *Chievrefoil* er opphavet skriftleg; *E jeo l'ai trové en escrit*, 'Og eg har funne han nedskrive', omsett til *þat heui ec a boc [leset]*, 'det har eg lese i ei bok' i den gammalnorske *Geitarlauf* (Gei 6). Korkje *Nabaret* eller *Lecheor* handlar om høvisk kjærleik. Dei krinsar ikring ein enkelt episode og inneheld ikkje noko *aventure*. Fråværet av faktisk *aventure* i desse to forteljingane kan forklara at substantivet ikkje er nytta i desse.

Som vist i tab. 6.1 er *aventure* oftast omsett som *atburðr*. Då kan det vera interessant å gå andre vegen og undersøke opphavet til *atburðr* generelt i *Strengleikar*. Det er gjort i tab. 6.2.

Tabell 6.2: Førelegg for *atburðr* (subst.)

| Gammalfransk | Tekststad |
|--|--|
| <i>aventure</i> (subst.) | For 36 Gui 24, 199, 676, 822 Esk 39, 78, 214, 347, 492, 496, 515 Eq 5 Bi 61, 99, 269 La 1, 157 Des 2, 762 Che 143 Do 5 Tvl 2, 111, 170, 251 Mi 127, 296 Jan 197 Jan 3 Gre 1 |
| <i>verité</i> (subst.) | Gui 313 |
| <i>merveille</i> (subst.) | Bi 259 (<i>kynlega atburði</i>) Jon233 (<i>kynlegr atburðr</i>) |
| Omskriving av <i>avenir</i> (vb.) i førelegget | Gui 828 Bi 185 Mi 57 Jon 547 |

Tabell 6.2: Førelegg for *atburðr* (subst.)

| Gammalfransk | Tekststad |
|---------------|--|
| Presisering | Esk 12 Bi 67 La 159 Tvl 254 |
| Avvik | Jon 530 (<i>Cum Deus / hvat atburð</i>) |
| Utan førelegg | For I Esk 1, 13 Eq >7, 65 Bi >314 La 140 Des > 762 Tvl 172 Mi 532 |

Som me ser av tab. 6.2, er bruken av *atburðr* i *Strengleikar* tydeleg knytt til *aventure* og det samrøtte verbet *avenir*. I dei tilfella *atburðr* er nytta som ei presisering, erstattar det eit pronomen som viser attende til *aventure* (La 159, viser til La 157; Tvl 254, viser til Tvl 251), eller til ei oppsummering av tidlegare hendingar (Bi 67). I *Eskia* (Eks 12) viser det attende til fødselen av to tvillinggutar og fungerer som eit ordspel på *burðartími*, ‘fødselstid, -stund’. Fráværet av *atburðr* i *Geitarlauf*, *Leikara liod* og *Naboreis* er i samsvar med fráværet av *aventure* i desse forteljingane. Derimot er *aventure* nytta i den gammalfranske *Tydorel*, medan *atburðr* ikkje er nytta i den gammalnorske *Tidorel*. I den er *aventure* omsett til *saga* i den narrative ramma i byrjinga (Ti 1). Storparten av den gammalnorske forteljinga er tapt grunna ei lakune i N, og det meste av forteljinga er berre kjent frå handskriftet S. Etter at den gammalnorske teksten bryt av i det som tilsvarar v. 58 er ikkje *aventure* nytta i den gammalfranske forteljinga. Der er det i den avsluttande narrative ramma nytta *conte*, ‘forteljing’ (TiLA 490).

6.4 Ord for kjærleik

En riddarenn andvarpaðe gret

Framstillinga av den høviske kjærleiken i *lais* er knapp, og avgrensa av lengda på forteljingane. Dei fortel oftast berre om ein enkelt episode. Den høviske kjærleiken har vore og er framleis omdiskutert. Det har mellom anna vore foreslått at den høviske kjærleiken ikkje er anna enn eit produkt av akademisk kreativitet og fantasi.¹ I denne granskinga vel eg å nytta omgrepet utan å gå inn i

6. Ord og uttrykk

denne diskusjonen. Dette gjer eg fordi omgrepet femner om den intense lengsla og dei psykiske og fysiske kjenslene som er knytt til den ulovlege og ofte utrugne kjærleiken i *lais* og *Strengleikar*.¹ Eg kjem her til å sjå på korleis dei gammalfranske kjærleikstermane er omsette til gammalnorsk. I granskinga mi følgjer eg utviklinga av kjærleiken i forteljingane. Han fører først til pinsler, seinare til fysisk samvære. Etter at dei to elskande vert skilde frå kvarandre opplever dei pinslene som er knytt til kjærleiken ein gong til.

6.4.1 *Amur, a(i)mer* og *ami(e)*

Kjærleiken er omtala som *amur* i dei gammalfranske forteljingane. Det gammalfranske substantivet viser oftast til kjærleiken mellom mann og kvinne, men kan stundom visa til kjærleik mellom slektningar og vener (McClelland, 1977, 61–63). Eg har i tab. 6.3 kartlagt korleis det gammalfranske substantivet er attgjeve i *Strengleikar*.

Tabell 6.3: Omsetjing av *amur* (subst.)

| Gammalnorsk | Tekststad |
|----------------------------|--|
| <i>ást</i> (subst.) | Gui 115, 379, 430, 448, 451, 455, 711, 834 Esk 255 Eq 54, 73, 137, 163, 213, 221 Bi 55, 115 Mi 531 Gei 8 Jan 410 Jon 140 Gre 43, 87, 114 |
| <i>ástkenni</i> (subst.) | Gui 469 |
| <i>ástsamliqr</i> (adj.) | Esk 275 |
| <i>ástsemd</i> (subst.) | Gui 648 Des 417 |
| <i>ástarþokki</i> (subst.) | Eq 18 Tvl 65 Jan 265, 273, 377 Gre 43 |
| <i>ástarvili</i> (subst.) | Eq 179 |

1. Sjå til dømes Kay (2000) for ei kort oppsummering.

1. Ikkje alle har sett den høviske kjærleiken i Marie de France sine *Lais* (Sjå til dømes Wind 1964).

Tabell 6.3: Omsetjing av *amur* (subst.)

| Gammalnorsk | Tekststad |
|---------------------------------|--|
| <i>ástarákefð</i> (subst.) | Tvl 4 |
| <i>elskandi</i> (subst.) | La 63 |
| <i>gøfugleikr</i> (subst.) | Eq 140 |
| <i>søk</i> (subst.) | Jon 320, 408 |
| <i>søk ástar</i> (subst.) | Do 30 Jon 522, 558 |
| <i>søk kvennaástar</i> (subst.) | Des 244 |
| <i>unna</i> (vb.) | Gui 58 Esk 366 Eq 136 Des 241 Gre 81, 84 |
| <i>unnasta</i> (subst.) | Gui 551 |
| <i>vera fýst á</i> (vb.) | Gui 131 |
| <i>vínatta</i> (subst.) | Bi 171 |
| Omskrive | Gui 66, 237, 250 Bi 108 |
| Lakune | Che 46 Jan 24, 118, 133, 148 |
| Ikkje omsett | Gui 234, 240, 420, 459, 483, 491, 499, 529 Che 167, 214 Mi 31, 48, 145, 434 Jan 441, 520 Jon 205 Gre 92, 93, 97, 99, 100, 110, 111, 128 |

Som tab. 6.3 viser er *amur* nesten alltid omsett med *ást*, samansetjingar med *ást* eller avleiingar av *ást*. Det gammalnorske substantivet blir stort sett brukt om kjærleiken mellom mann og kvinne, til skilnad frå *kærleikr*, som særleg vert brukt om venskap eller dei kjenslene som finst mellom familiemedlemmer. Substantivet *kærleikr* er nytta to gonger i *Strengleikar*. Første gong viser det til kjenslene kongen har for varulven i *Bisclaret* (v. 169) og omset det gammalfranske substantivet *chiereté*, ‘godhug, velvilje’. Den andre gongen substantivet er nytta er i *Desire* (v. 87) som ei omsetjing av *cher*, ‘kjær’. Der viser *cher* og *kærleikr* til korleis kongen tek i mot riddaren. Her ville *ást* ha vore misvisande. Den *amur*, dei

6. Ord og uttrykk

kjenslene som finst mellom kongen og adelsmennene i *Bisclaret* (v. 171) kunne heller ikkje ha vore omsett til *ást*. Substantivet *vinátta*, ‘venskap’ er ei høveleg omsetjing av det gammalfranske *amur* på denne staden i *Bisclaret*.

I dei gammalnorske tekstane er *amur* i tydinga ‘ kjærleik mellom mann og kvinne ’ attgjeve med fleire samanstillingar. Mange av dei inneheld *ást*, men døma innanfor kvar gruppe er få. Verbet *unna* er òg nytta nokre gonger. Dei vanlegaste omsetjingane av *amur*, nemleg *ást* og *unna*, er nytta på tvers av dei skilja som kan stillast opp på grunnlag av skrivarhender og dialektar i N. Attgjevinga av *amur* er såleis ikkje til hjelp i ei profilering av gammalnorske tekstredaktørar.

Det gammalfranske verbet som er nytta for ‘å elska’ er *a(i)mer*. Som tab. 6.4 viser varierer omsetjingane av det gammalfranske verbet.

Tabell 6.4: Omsetjing av *a(i)mer* (vb.)

| Gammalnorsk | Tekststad |
|-----------------------------|---|
| <i>ást</i> (subst.) | Gre 82 |
| <i>ást tekinn</i> (adj.) | Gui 433 |
| <i>elska</i> (vb.) | Gui 120, 121 Esk 483 Eq 19, 70 Do 21 Mi 26, 28 Gei 93 Gre 78, 119 |
| <i>festa ást sina à þér</i> | Des 161 |
| <i>gera lofsæll</i> | Do 210 |
| <i>gera sér at vin</i> | Jan 228 |
| <i>hugnast</i> (vb) | Esk 348 |
| <i>láta líka sér</i> | Esk 15 |
| <i>líka</i> (vb.) | Ti 20 Jan 278 |
| <i>með vild ok virðing</i> | Esk 102 |
| <i>semja til</i> (vb.) | Des 674 |
| <i>snúa ást til</i> | Gui 6 Esk 248 |
| <i>tígna</i> (vb.) | Esk 311 |

Tabell 6.4: Omsetjing av *a(i)mer* (vb.)

| Gammalnorsk | Tekststad |
|-------------------------|--|
| <i>til min ást</i> | Eq 124 |
| <i>þykkjast</i> (vb.) | Gui 44 |
| <i>unna</i> (vb.) | Gui 39, 436, 445, 447, 449, 561, 656, 720, 723, 775 Esk 289, 308 Eq 143, 197, 314 Bi 23, 51, 80, 104, 134, 184 La 23, 26 Des 18, 67, 232, 254, 317, 417, 477, 676 Ti 12 Che 149, 217 Tvl 24, 63, 88, 99 Mi 162, 449, 489 Gei 14, 22, 126 Jan 270 Jon 24, 127, 129, 130, 304, 347 |
| <i>unnandi</i> (subst.) | Eq 83 |
| <i>vera ást á</i> | Gui 760 |
| <i>vera ástbundinn</i> | Tvl 79 |
| <i>vera ástfölginn</i> | Des 60 |
| <i>vera ástsamligr</i> | Mi 466 |
| <i>vera ásttryggr</i> | Eq 157 |
| <i>vera kær</i> | Esk 241 |
| <i>vera unnandi</i> | Che 152 |
| <i>vera vinir</i> | Jan 585 |
| <i>vinsæll</i> (adj.) | Eq 14 Bi 20 Des 74 Jon 517 Gre 38 |
| Omskrive | Eq 148 |

6. Ord og uttrykk

Tabell 6.4: Omsetjing av *a(i)mer* (vb.)

| Gammalnorsk | Tekststad |
|----------------------------|---|
| Ikkje omsett | Gui 425, 494, 496, 523 Eq 71, 82, 129 Des 596 Che 142, 155, 197, 201 Do 14, 201, 277, 284 Tvl 66 Mi 19, 53, 156, 325, 444, 492 Jan 293, 526 Jon 428 Gre 13, 31, 127, 128 |
| Lakune i gammalnorsk tekst | Che 16, 17, 20, 30, 41, 52, 71 Jan 116, 123 ,132 |

Som me ser av tab. 6.4 er dei same omsetjingane av *a(i)mer* er spreidde over dei ulike skilja i *Strengleikar*. Desse omsetjingane gjev såleis ikkje grunnlag for profilering av dei ulike tekstredaktørane. Det ser ut til at omsetjaren/-ane har kjent til dei ulike tydingane av det gammalfranske verbet. Den store variasjonen i kva uttrykk som er valt for å omsetja *a(i)mer* viser ei medviten vurdering av handlinga i kvar forteljing og høvelege gammalnorske ord har vore nytta. Det ser ut til at omsetjaren har vore merksam på dei ulike tydingane dette gammalfranske verbet kunne ha, og den manglande semantiske overlappinga i dei gammalnorske verba. Dette kjem mellom anna til syne i omsetjingane av *a(i)mer* til ulike samanstillingar med *vinr*. Uttrykket *gera sér at vin* i *Janual* (v. 228) viser til kor populær riddaren Valvein er. Seinare i same forteljing er uttrykket nytta om venene til *Janual* (v. 585). På liknande vis er adjektivet *vinsæll* nytta fleire gonger for å omsetja *a(i)mer* i omtalen av kor omtykt ein mann er (Eq 14; Bi 20; Des 74; Jon 517; Gre 38).

I tab. 6.4 har eg ikkje teke med *s'entreamer*, 'å elska kvarandre'. Det er omsett til *elskaðozc* (Tvl 3), *unni hvart þeirra oðrv* (Tvl 72), *ast* (Eq 183), *sva stoð ast þeirra* (Des 256). Ein gong er det ikkje omsett (La 29).

Dei elskande vert oftast omtala som *ami(e)*.¹ Ifølgje McClelland (1977, 63) er *ami(e)* berre nytta om gjensidig og uttalt kjærleik. I tab. 6.5 har eg sett på den gammalnorske attgjevinga av *ami(e)*.

Tabell 6.5: Omsetjing av *ami(e)* (subst.)

| Gammalnorsk | Tekststad |
|---------------------------------|--|
| <i>unnasti/unnasta</i> (subst.) | Gui 418, 509, 546, 557, 627, 683, 773, 836, 839, 856, 881 Esk 278, 350 Eq 147, 222 Bi 32, 111 La 41, 74, 140 Des 146, 212, 227, 254, 272, 289, 303, 309, 360, 410, 416, 595, 597, 622, 635, 652, 719, 741, 758 Che 193 Do 134 Tvl 81, 93, 130, 138, 195, 210, 216 Mi 12, 228, 278, 359, 509 Gei 59, 77, 102 Jan 159, 165, 181, 187, 217, 255, 293, 320, 335, 339, 368, 482, 597 Jon 125, 134, 191, 212, 268, 319, 351, 387, 401 Gre 80, 125 |
| Ymse | <i>bonde</i> : Do 168 <i>jungfru</i> : Gui 458 <i>fru</i> : Des 400; Mi 37, 168 <i>drotningarennar</i> : Gei 108 |
| Pronomen | Jan 158 |
| Rollebyte | Gui 441 |

1. Hankjønnsforma *ami* viser oftast til ein elsker i dei gammalfranske *lais*, men kan òg nyttast om vener. Med dette innhaldet fell ikkje ordet inn i vokabularet som er knytt til kjærleiken, så eg inkluderer ikkje dei i tab. 6.5 ovanfor. Dei gammalnorske omsetjingane av dei gongene det gammalfranske substantivet er nytta med tydinga 'ven' er anten til *frændi* (Gui 877; Esk 360) eller *vinr* (Gui 134, 642, 750, 847; Eq 171; Des 592, 605; Do 191; Tvl 166; Mi 36, 180, 190, 433. Jan 399; Jon 473; Gre 56). Ein gong er det attgjeve som *sveinn* (Mi 472), og to gonger er det ikkje omsett (Mi 503; Jon 40). Hokjønns-forma *amie* er nytta i tydinga 'venninne' av mor til Eskia (Esk 450). Dette er omsett til *vina*.

6. Ord og uttrykk

Tabell 6.5: Omsetjing av *ami(e)* (subst.)

| Gammalnorsk | Tekststad |
|----------------------------|---|
| Ikkje omsett | Gui 69, 667, 671, 816 Esk 431, 505 La 140 Des 220 Tvl 176, 231 Mi 138, 220 Jan 344, 452, 463, 523 Jon 219, 238, 410, 551 |
| Lakune i gammalnorsk tekst | Che 67 Jan 110, 143 |

Som me ser av tab. 6.5 er det gammalfranske *ami(e)* nesten alltid er attgjeve med *unnasti/unnasta*. Substantivet er dermed ikkje til nytte i ei profilering av tekstredaktørane.

Elles er substantiva *unnasti/unnasta* nytta i dei gammalnorske tekstane for å:

- erstatta eit gammalfransk pronomen (Gui 817, 842; Esk 351, 502; Mi 516; Jan 323, 378; Jon 223 og 393)
- attgje *dame* (subst.) (Gui 623; Eq 169; Bi 39; Jon 31)
- attgje *dru(e)* (subst.) (Eq 94; Bi 116; Jon 138; Che 109)
- attgje *bele* (adj.) (Tvl 199)
- presisera (Eq 151, La <140, Che 159; Des 560; Tvl 237; Mi 152; Jon 225)

I nokre få tilfelle er *unnasti/unnasta* nytta i det som ser ut som tillegg i dei gammalnorske tekstane, men som kan stamma frå no tapt tekst i det gammalfranske førelegget til omsetjaren (Gui <519; Esk <59, Bi <49). Det er dessutan eitt døme på at substantivet er nytta i ei innskoten sogefrase (La <69).

6.4.2 *Druërie* og *dru(e)*

Det gammalfranske *druërie* er i *lais* nytta i tydinga '(høvisk) kjærleik'. Bruken av det samrøtte *dru(e)*, 'elskar, den som er elska' er òg inkludert i oversynet her. I tab. 6.6 har eg kartlagt attgjevinga av *druërie*.

Tabell 6.6: Omsetjing av *druërie* (subst.)

| Gammalnorsk | Tekststad |
|-----------------------------|---|
| <i>ást</i> (subst.) | Des 219 |
| <i>ástarþokki</i> (subst.) | Gui 505 Eq 124, 185 Tvl 65-66 Jan 317, 336 |
| <i>ástir ok kvennaþokka</i> | Eq 15 |
| Ikkje omsett | Eq 82, 132 Tvl 69 Jan 267 |
| Lakune i gammalnorsk tekst | Che 57, 68 |

Som me ser av tab. 6.6 er det for liten variasjon i omsetjinga av det gammalfranske substantivet *druërie* til at det kan vera til hjelp for ei profilering av gammalnorske tekstredaktørar. Substantivet er nytta på tvers av inndelingane i *Strengleikar*. Det einaste tilfellet der *druërie* er omsett med eit usamansett ord i dei gammalnorske tekstane er i *Desire* (v. 219), der *ást* er nytta. Då attgjevinga av det gammalfranske substantivet elles er *ástarþokki*, ser eg det som sannsynleg at dette har vore teksten i sjølve omsetjinga. Då kan den andre lekken i denne samansetjinga, *-þokki*, ha forsvunne i avskrivning. Vidare er *ástarþokki* nytta i to av tekstane med ukjende gammalfranske førelegg (GurS og RicS). Tre gonger attgjev denne samansetjinga *amur*, men samansetjinga ser ikkje ut til å vera nytta utan førelegg i dei gammalfranske tekstane. I Gui 238, som høyrer til den mest omfattande transposisjonen i *Strengleikar*, er omsetjinga så omtrentleg at førelegget til omsetjinga kan ha hatt ein annan tekst.

6. Ord og uttrykk

Det gammalfranske substantivet *dru(e)* viser anten til den som elsker eller til den som vert elska. Som me ser i tab. 6.7 er *dru(e)* nesten alltid omsett til *unnasta/unnasti*:

Tabell 6.7: Omsetjing av *dru(e)* (subst.)

| Gammalnorsk | Tekststad |
|---------------------------------|---|
| <i>unnasta/unnasti</i> (subst.) | Eq 80, 94 Bi 116 Che 109 Jon 138 |
| Pronomen | Che 115 Jon 226 (<i>unnasta</i> er innskote i v. 225) |
| Omskrive | Gui 836 |
| Lakune | Che 75, 85 |
| Ikkje omsett | Jon 238 |

6.4.3 Kjærleikssorg og -pinsler

Med kjærleiken følgjer smerte. Denne smerta kjem ofte to gonger i løpet av forteljingane: Først umiddelbart etter det første møtet mellom dei to elskande, deretter medan dei ufrivillig er skilde frå kvarandre. Dei elskande sukker, grin, klagar seg og er sjuke og søvnlause. Med denne skjematiske handlinga følgjer liten leksikalsk variasjon mellom forteljingane.

Først og fremst er kjærleiken knytt til *anguisse*, ‘pining’, men òg *martire*, ‘liding’, *peine* og *dolur*, ‘smerte’, *suffrance*, ‘liding’ og *travail*, ‘kvalar’. Alle desse substantiva er nytta i omtale av tida der dei elskande anten ikkje veit om kjærleiken er gjensidig eller ikkje er saman med den dei elsker. I tab. 6.8 har eg kartlagt attgjevinga av desse kjærleikspinslene i *Strengleikar*.

Tabell 6.8: Omsetjing av pinslene som er knytte til kjærleiken

| Gammalfransk | Gammalnorsk | Samanstilling | Tekststad |
|-----------------------------|----------------------|---------------|--------------|
| <i>anguisse</i> (subst.) | <i>anqr</i> (subst.) | | Gui 166, 666 |
| | <i>áhyggja</i> (vb.) | | Eq 68 |
| | Ikkje omsett | | Tvl 212 |

Tabell 6.8: Omsetjing av pinslone som er knytte til kjærleiken

| Gammalfransk | Gammalnorsk | Samanstilling | Tekststad |
|--|-----------------------------|------------------------------|---|
| <i>anguissus</i> (adj.) | <i>anгр</i> (subst.) | | Gui 104, 394, 502 |
| | <i>anгрaðr</i> (vb.) | | Jan 338 |
| <i>anguisser</i> (vb.) | Omskrive | | Bi 87 |
| <i>anguissusemen</i> <i>t</i> (adv.) | <i>anгрast</i> (vb.) | | Jon 338 |
| | <i>anгрaðr</i> (adj.) | | Gui 343 |
| | | <i>mislíka (...) harmr</i> | Esk 105 |
| | Omskrive | | Tvl 84 |
| | Ikkje omsett | | Gui 138 |
| <i>dolur</i> (subst.) | | <i>anгр ok úró</i> | Gui 663 |
| | <i>harmr</i> (subst.) | | Gui 629 Eq 97, 214 Des 396 Gei 9 Jan 332, 409 Jon 335, 404, 449, 557 |
| | <i>harmafullr</i> (adj.) | | Gui 552 Bi 45 |
| | | <i>hugsótt ok harmr</i> | Gui 116 |
| | | <i>hugsjúkr ok harmfullr</i> | Jan 361 |
| | <i>pínsl</i> (subst.) | | Gui 825 |
| | <i>sár</i> (subst.) | | Gui 123 |
| | <i>verkr</i> (subst.) | | Gui 198 |
| | Omskrive | | |
| | Ikkje omsett | | For 27 Gui 423 Che 135, 180, 191 Mi 74–233 |
| | <i>martire</i> (subst.) | | <i>harmr ok hugsótt</i> |
| <i>pining</i> (subst.) | | | Gui 662 |

6. Ord og uttrykk

Tabell 6.8: Omsetjing av pinslene som er knytte til kjærleiken

| Gammalfransk | Gammalnorsk | Samanstilling | Tekststad |
|------------------------------|------------------------|---------------------------|---|
| <i>peine</i> (subst.) | <i>harmr</i> (subst.) | | Gui 882 |
| | <i>pining</i> (subst.) | | Gui 687 Eq 102 |
| | <i>pínsl</i> (subst.) | | Gui 116 |
| | Lakune | | Che 45 |
| | Ikkje omsett | | Gui 363, 482 Eq 154 Che 213 Tvl 122 Mi 233 Jon 412 |
| <i>peine e martire</i> | | <i>harmr ok hugsótt</i> | Gui 662 |
| <i>peines e tristur</i> | | <i>meinlæti ok vesöld</i> | Gui 826 |
| <i>suffrir</i> (vb.) | <i>bera</i> (vb.) | | Gui 117 Jon 558 |
| | <i>þola</i> (vb.) | | Gui 199, 664 |
| | <i>vesöld</i> (subst.) | | Gui 670 |
| | Omskrive | | Tvl 77 |
| | Ikkje omsett | | Gui 409 Che 213, 223 Mi 147 Jon 412 |
| <i>suffrance</i> (subst.) | <i>angrast</i> (vb.) | | Tvl 75 |
| <i>travailler</i> (vb.) | | <i>angr ok úró</i> | Gui 412 |
| | <i>valka</i> (vb.) | | Bi 112 Tvl 145 |
| <i>travail</i> (subst.) | <i>erfiði</i> (subst.) | | Do 265 |
| | <i>starf</i> (subst.) | | Jon 2 |
| | Ikkje omsett | | Mi 512 |
| <i>travail e peine</i> | | <i>erfiði ok vesöld</i> | Des 516 |

Som me ser av tab. 6.8 er den leksikalske variasjonen i omsetjinga av kjærleikspinslene etter måten stor. Substantivet *harmr* går igjen i ulike samanstillingar. Men ingen av omsetjingane er nytta så ofte at dei er til nytte i profilering av tekstredaktørar.

I dei gammalfranske tekstane er ulike ord med rota *dol-* ofte nytta. Adjektivet *dolent*, ‘lidande, sorgsam’ er nummer fem på lista til McClelland over dei hyppigaste nytta adjektiva i Marie de France sine *Lais* (1977, 140). McClelland (ibid., 60) ser dessutan ein skilnad i bruken av dei to samrøtte substantiva *duel* og *dolur*. Denne skilnaden er i nokon mon i samsvar med dei moderne franske substantiva *deuil* og *dolur*. Ho har funne at *duel* oftast viser til den sorga som er knytt til tapet av nokon, anten ved daude eller fråvære av den ein elsker. *Dolur* er også knytt til tap, men ikkje knytt til daude på same vis som *duel*. Substantivet

6. Ord og uttrykk

dolur peikar òg på fysisk smerte. I tab. 6.9 har eg kartlagt den gammalnorske omsetjinga av dei gammalfranske orda med rota *dol-*.

Tabell 6.9: Attgjeving av ord med rota *dol-*

| Gammalfransk | Gammalnorsk | Tekststad |
|----------------------|-------------------------|---|
| <i>dolent</i> (adj.) | <i>anгр</i> (subst.) | Gui 586, 598 |
| | <i>harma</i> (vb.) | Gui 297 La 147 Che 129 Jan 419 |
| | <i>harmr</i> (subst.) | Gui 806 Des 21 Mi 128 Jan 287 |
| | <i>harmfullr</i> (adj.) | Eq 107 Des 340 Tvl 36 Gei 23 Jan 378 |
| | <i>(h)ryggja</i> (vb.) | Gui 586, 196 La 112 Jan 419 |
| | <i>(h)ryggr</i> (adj.) | Esk 60, 71 Eq 107 Des 300, 331; Mi 152 Gei 25 Jon 409 Gre 131 |
| | <i>mislika</i> (vb.) | Mi 426: <i>Mer mislicar miok</i> |
| | Ikkje attgjeve | Do 188 Tvl 232 Jan 305 |
| | Lakune | Jan 34, 37 |

Tabell 6.9: Attgjeving av ord med rota *dol-*

| Gammalfransk | Gammalnorsk | Tekststad |
|-----------------------|-------------------------|--|
| <i>dolur</i> (subst.) | <i>harmr</i> (subst.) | Des 396 Che 135 Gei 9 Jan 332, 409 Jon 335, 404, 555 |
| | <i>hørmuliga</i> (adv.) | Gei 9 |
| | <i>hørmung</i> (subst.) | Che 135 |
| | <i>(h)ryggr</i> (adj.) | Jan 361 |
| | Ikkje attgjeve | Che 180, 191 Mi 74, 233 Jon 449 |
| <i>dol</i> (subst.) | <i>anгр ok úró</i> | Des 341 |
| | <i>harmr</i> (subst.) | Che 204 Do 167 Tvl 234 Jon 326 |
| | <i>harmfullr</i> (adj.) | Che 227 |
| | Ikkje attgjeve | Che 234 Tvl 236 |

Som me ser av tab. 6.9 er nokre av attgjevingane av *dolur* og avleiingar av dette ordet tydeleg gjennomarbeidde. Samrøtte ord er nytta fleire gonger i dei gammalnorske tekstane: *harm ok hormungar* (Che 135) og *harmulegan harm* (Gei 25). I mange av tilfella er eitt gammalfransk ord attgjeve med ein tautologi, gjerne allittererande i den gammalnorske teksten: *harm ok hugsott* (Des 21), *hugsivcr ok harms fullr* (Tvl 36) og *ryggr ok reið* (Gre 131)

Den tidlegare omtala skilnaden McClelland (1977, 60) såg mellom *duel* og *dolur* i Marie de France sine *Lais* er ikkje attgjeven i *Strengleikar*. Der er same ordet nytta i omsetjinga av begge dei gammalfranske substantiva. Men det er to tekststader i dei gammalnorske tekstane som skil seg ut med utypiske omsetjingar. Den første tekststaden er i *Janual*, der adjektivet *(h)ryggr* er nytta om kjenslene til riddaren etter at han har mista kjærasten sin (Jan 361). Ut frå McClelland sine forklaringar på skilnaden mellom *duel* og *dolur*, er det ventande at den gammalfranske teksten skulle ha nytta *duel* om dette tapet. Dette stemmer ikkje i dette verset, og den gammalfranske teksten har *dolur*. Den utypiske omsetjinga *anгр ok úró* i *Desire* (Des 341) omtalar òg kjensler som er knytte til tapet av nokon

6. Ord og uttrykk

ein elskar. Det gammalfranske førelegget til denne tautologien er *duel*, og er altså i samsvar med McClelland sine ordforklaringar.

Kjærleikslidinga gjev fysiske utslag i *maladie*, 'sjukdom' og søvnløyse. Den som elskar, vaker om nettene, ofte uttrykt med verbet *veiller*. Dei elskande *se pleindrent*, 'klagar seg', *pleurent*, 'græt' og *suspirent*, 'sukkar'. Opplevinga av kjærleiken tyngjer, *pese* (*peser* vb.). Eg har kartlagt den gammalnorske omsetjinga av desse lidingane i tab. 6.10:

Tabell 6.10: Fysiske effektar av kjærleiken

| Gammalfransk | Gammalnorsk | Tekststad |
|-------------------------|---|--|
| <i>maladie</i> (subst.) | <i>sjúkr</i> (adj.) | Des 342 |
| <i>pensif</i> (adj.) | (<i>á</i>)hyggjufullr (adj.) <i>hugafullr</i> (adj.) | Gui 306, 644 Eq 60 Mi 152 Jan 338 Jon 283, 409 |
| | <i>hugsjúkr</i> (adj.) | Gui 764 |
| | <i>úró</i> (subst.) | Gui 394 |
| | Lakune | Jan 34, 51 |
| | Ikkje omsett | Gui 161, 718 Gei 25 |
| <i>peser</i> (vb.) | (<i>all</i>)illa lika / <i>kunna</i> (vb.) | Gui 615 Eq 86, 203 |
| | <i>fyrirkunna</i> (vb.) | Gui 789 Tvl 36 |
| | <i>harmr</i> (subst.) | Esk 70, 105 Des 462 |
| | <i>iðrast</i> (vb.) | Gei 99 |
| | <i>mislika</i> (vb.) | Esk 377, 462 Eq 76 Des 358 Tvl 36 Mi 422 |
| | Ikkje omsett | Do 228 |

Tabell 6.10: Fysiske effektar av kjærleiken

| Gammalfransk | Gammalnorsk | Tekststad |
|--|--|---|
| <i>pleindre</i> (vb.) <i>pleinte</i> (subst.) | <i>kæra</i> (subst.) | Gui 286, 296, 429 Che 157 Tvl 83, 222 Mi 56 Jon 65, 105 Nab 27 |
| | <i>mislika</i> (vb.) | Mi 343 |
| | Lakune | Jan 26 |
| | Ikkje omsett | Esk 104 Do 188 Jan 341 |
| <i>pleurer</i> (vb.) <i>plur</i> (subst.) | <i>gráta</i> (vb.) <i>grátan</i> (subst.) | Gui 306, 622 Esk 103 Eq 209, 213 La 122 Des 344 Gei 104 Jan 304 Jon 61, 66, 513, 514 |
| | Ikkje omsett | Mi 229, 480 Jan 435 Jon 46 |
| <i>suspirer</i> (vb.) <i>suspir</i> (subst.) | <i>andvarpa</i> (vb.) <i>andvarp</i> (subst.) | Gui 384, 412, 443, 622, 735 Eq 89 Jon 65 |
| | Ikkje omsett | Gui 407, 782 Jan 341, 594 Jon 46 |
| <i>veiller</i> (vb.) | <i>vaka</i> (vb.) | Gui 411 La 76, 108 Jon 303 |
| | <i>hon hafði lítt sofit</i> | Gui 429 |

Som me ser av tab. 6.10 er det eit 1:1 forhold i omsetjinga av nokre av dei gammalfranske orda som er nytta om dei fysiske effektane av kjærleiken. Dei samrøtte *pleurer* og *plur* er attgjevne som dei samrøtte *gráta* og *grátan* i *Strengleikar*, og dei samrøtte *suspirer* og *suspir* er omsette til *andvarpa* og

6. Ord og uttrykk

andvarp. Slik omsetjing skjer på tvers av skrivarskiftet og dei ulike dialektane i *Strengleikar*.

I tabellen ovanfor har eg ikkje teke med *apesanti*, omsett til *þyngðizc* (Ti 29) og *pesanz*, omsett til *þungleic* (Ti 33) frå forteljinga *Tidorel*. Det er fordi desse orda ikkje er knytte til kjærleik. Det er heller ikkje verbet *pleindre* når det er nytta om klaga til dyret Guiamar har skote. Verbet er i denne forteljinga omsett til *angra* (Gui 138) og *kæra* (Gui 104, 321).

6.4.4 Uttrykk for fysisk kjærleik

Den fysiske kjærleiken er med i Marie de France sine *lais*, men svært diskret. Etter at dei elskande har skjønt at kjærleiken er gjensidig, vert det kort fortalt om det seksuelle samværet, oftast berre i eit vers eller i ein kuplett. Vokabularet som er nytta i dei gammalfranske tekstane er stereotyp. Verba *acoler*, ‘omfamna’ og *baiser*, ‘kyssa’, er dei som hyppigast er nytta. Stundom vert dei varierte med *esteindre*, ‘omfamna’, *gisir*, ‘liggja’ og *jouer*, ‘leika’, men så sjeldan at dei ikkje er med i oversynet under. Det er ikkje berre mellom elskande, men òg i samband med gjenforeining, til dømes mellom far og son (Des 465–471) at det vert gjeve fysiske uttrykk for kjensler. Vokabularet som er nytta i gjenforeiningane er samanfallande med det som er nytta om det fysiske samværet mellom mann og kvinne og er teke med i oversynet under. Ettersom skildringane av den fysiske kjærleiken er så korte, førekjem verba oftast i tautologiar. Dermed har eg sett det som teneleg å gje eit oversyn over heile vers og omsetjingane av dei, og ikkje skilja ut enkeltord. I tab. 6.11 siterer eg i nokon mon lengre bolkar frå tekstane og vel derfor å ikkje normalisera den gammalnorske teksten.

Tabell 6.11: Fysisk kjærleik

| Gammalfransk | Gammalnorsk | Tekststad |
|-------------------------------------|---|-----------|
| <i>La buche li baise e le vis</i> | <i>bæði i faðme sua sem baðom þæim likaðe</i> | Gui 545 |
| <i>Il la baisat</i> | <i>ok kysti hana</i> | Gui 785 |
| <i>baisier, estreindre e acoler</i> | <i>kossa ok halsfong ok likams losta</i> | Eq 207 |
| <i>U il gisent, entr'acolez</i> | <i>bæði i æinni ræckio.</i> | Eq 292 |
| <i>acola</i> | <i>halsfaðmaðe</i> | Bi 37 |
| <i>beisa</i> | <i>kysti</i> | Bi 38 |
| <i>baise</i> | <i>kysti</i> | Bi 148 |
| <i>l'acole e baise</i> | <i>kysti</i> | Bi 301 |

Tabell 6.11: Fysisk kjærleik

| Gammalfransk | Gammalnorsk | Tekststad |
|---|--|-------------|
| <i>beise</i> | <i>kysti</i> | Des 246 |
| <i>beise</i> | <i>kysti</i> | Des 468 |
| <i>beiseremt</i> | <i>kysto</i> | Des 471 |
| <i>besier</i> | <i>kyss</i> | Do 263 |
| <i>Baisié se sont e acolé</i> | <i>þa kystuz þeir með halsfaðmnan</i> | Do 272 |
| <i>baisa</i> | <i>kysti</i> | Mi 476 |
| <i>il la baisa</i> | <i>kyssanda hana ok halsfaðmannde</i> | Jan 172 |
| <i>Kar s'amie baisout sovent E acolot estreitement!</i> | <i>með kossum ok halsfaðman vnnasto sinnar.</i> | Jan 187–188 |
| <i>Baisier, acoler e sentir</i> | <i>at kyssa hana ok halsfaðma ok leica við hana. siðnæmilegom leic</i> | Jan 256 |
| <i>Ne d'acoler ne de baisier</i> | <i>ok ei kyssa hana ne halsfaðma</i> | Jon 168 |
| <i>Et l'acola estreitement</i> | <i>ok halsfaðmaðe hann astsamlega</i> | Gre 68 |

Det er dessutan nokre skildringar av fysisk kjærleik som ikkje er attgjevne i dei gammalnorske tekstane. Dei er anten del av lengre parti (Gui 529–534; Tvl 231–236), kuplettar (Mi 229–230) eller enkelte vers (Esk 458; Des 728; Che 221) som ikkje er omsette. Det er òg eit avvik mellom gammalfransk og gammalnorsk tekst (Des 404). Samla vurdert er det få skildringar av fysisk kjærleik i dei gammalfranske tekstane som ikkje er attgjevne i dei gammalnorske.

Som me ser av tab. 6.11 er omtalen av den fysiske kjærleiken stereotyp i både dei gammalfranske og dei gammalnorske tekstane. Verbet *baisier* er omsett med *kyssa* og *acoler* med *halsfaðma*. To av strengleikane har ikkje kjende gammalfranske førelegg og då er det ikkje mogleg å gjera noka jamføring. I *Gurun* heiter det: *Nu heuir Gurun þat með fręlsi ok leyui at kyssa ok halsfaðma hana ok atti hann mioc lengi við hana með kurteisum leikum ok sætum kossum*, ‘No har Gurun lov til å kyssa og klemma henne, og han dreiv svært lenge på med høvisk leik og søte kyss med henne’. Den vondsinna dvergen i denne forteljinga kjem òg med ein hånleg kommentar om at Gurun berre duger til kyssing og ikkje til våpenkamp. I *Tveggia elskanda strengleikr* er den same samansetjinga nytta; *kyssa hana eða halsfaðma*, ‘kyssa eller klemma henne’. Det mest lyriske partiet om fysisk kjærleik i *Strengleikar* finst i denne forteljinga; *hiarta mitt er fallit er licamr minn skelfr halsfaðma mec ok leg mec i faðm þinn. ok kyS mec at mer se hugro ok*

6. Ord og uttrykk

huggan af þér, ‘hjarta mitt har falle og lekamen min skjelv. Klem meg og legg meg i famnen din, og kyss meg slik at eg får hjartefred og trøyst av deg’.

Det er ein ulikskap i kva *kyssa* og *halsfaðma* representerer i *Strengleikar* jamført med islendingesogene. Dessutan er dei mykje meir brukte i *Strengleikar* enn i islendingesogene. Det har Daniel Sävborg vist i *Sagan om kärleken* (2007) der han mellom anna har kartlagt bruken av kyss og famntak i islendingesogene. Korpuset til Sävborg er dei islendingesogene og -tåttane som er trykte i serien *Íslensk fornrit* (bd. 1–14), med unntak av *Fljótsdæla saga* (ibid. 34). Lengda på dei varierer, frå dei korte tættene til den monumentale *Njáls saga* som åleine fyller 480 trykte sider. I materialet til Sävborg er det berre fjorten tilfelle av erotiske kyss. Der det i *Strengleikar* ser ut til å vera ein fast formel for kyssa, gjerne kombinert med famntaka, finst det ingen slik i islendingesogene (Sävborg, 2007, 64ff).

I tab. 6.11 ovanfor er òg kyss i gjensyn, til dømes mellom far og son, tekne med. Ser ein vekk frå dei, er det i *Strengleikar* åleine tolv erotiske kyss, nesten like mange som i heile korpuset av islendingesoger og -tætter.

Sävborg finn at famntaka i høgare grad er kopla til erotikk enn kyssa er (2007, 65–67). Det er likevel ikkje meir enn åtte erotiske famntak i materialet hans, mot elleve i *Strengleikar*. Skilnaden i funksjon mellom dei islandske og dei omsette famntaka er òg klar. Der famntak i stor grad vert nytta som eit middel for å oppnå noko i islendingesogener og -tættene, er dei i *Strengleikar* eit gjensidig uttrykk for brennande kjærleik.

6.5 Ord for dygder

En ast hævir nu skæint hug hans

Mellom dei elementa i dei gammalfranske *lais* som eit gammalnorske publikum truleg ville ha opplevd som framandarta, er dei personifiserte dygdene. *Amur*, *Fortune* og *Nature* i forteljarkommentarar viser til personifiserte storleikar med makt over menneskenaturen, og er ei form for romantiske førestillingar. Orda opptre i føregripingar i dei gammalfranske tekstane, og dei er ofte ikkje tekne med i dei gammalnorske tekstane. Desse delane av narrasjonen er stillestående, men er viktige for å forklara mekanismene bak hendingane. Ved at dei personifiserte dygdene grip inn, minkar sjølvstendet og handlekrafta til heltane. Den metaforiske bruken av *Amur*, *Fortune* og *Nature* finst berre i nokre få av dei *lais* som vert granska her, alle med førelegg i Marie de France sine *Lais*. Me finn han ikkje i *Bisclavret*, *Laüstic*, *Desire*, *Tidorel*, *Chaitivel*, *Doon*, *Deus Amanz*, *Milun*, *Chievrefoil*, *Lai du Lecheor*, *Nabarez* eller *Graalant*. I tabellane 6.12, 6.13 og 6.14 gjev eg eit oversyn over dei personifiserte dygdene i *Lais* og *Strengleikar*.

6.5.1 Omsetjing av *Amur*

Tabell 6.12: Omsetjing av *Amur*

| Gammalfransk | Gammalnorsk | Tekststad |
|--|---|-----------|
| <i>Mes Amur l'ot feru al vif</i> | <i>en ast hævur nu skæint hug hans</i> | Gui 379 |
| <i>E cum Amur la destreineit</i> | – | Gui 420 |
| <i>Ceo fet Amur, ki la destreint.</i> | <i>ok vollde þui uro astar hænnar er fostum bondum hafðe bundet hana.</i> | Gui 430 |
| <i>Amur est plaie dedenz cors</i> | – | Gui 483 |
| <i>Amur li dune hardement,</i> | – | Gui 499 |
| <i>Amurs l'ad mis a sa maisniee</i> | <i>er hann nu sua inætiaðr ast hænnar</i> | Eq 54 |
| <i>Amur n'est pruz se n'est egals.</i> | <i>En ast er engo nýt nema hon se trygg ok staðfost.</i> | Eq 137 |
| <i>Amurs le puint de l'estencele</i> | Lakune | Jan 118 |

Som me ser av tab. 6.12 er *Amur* like gjerne omsett som utelate i dei gammalnorske tekstane. Av dei åtte tilfella som finst i dei gammalfranske tekstane er fire omsette og tre ikkje. Om *Amur* har vore omsett til gammalnorsk i *Janual* kan ein ikkje vita. Det er påfallande at *Amur* berre finst i Marie de France sine *Lais*. Sju av åtte gonger er denne dygden omtala i dei to første forteljingane i H, det som svarar til første og tredje forteljing i N.

Fem gongar styrer *Amur* personane i *Guigemar*. To av desse er omsette i N, men berre ein av desse (Gui 430) er ført vidare i den islandske versjonen av forteljinga, *Gvímars saga*.

6.5.2 Omsetjing av *Fortune*

Tabell 6.13: Omsetjing av *Fortune*

| Gammalfransk | Gammalnorsk | Tekststad |
|------------------------------------|-------------|-----------|
| <i>Mes Fortune, ki ne s'oblie,</i> | – | Gui 538 |

Den einaste gongen *Fortune*, ‘Lagnaden’, grip inn i dei gammalfranske *lais*, er ikkje omsett til gammalnorsk. Som for *Amur* skjer dette i ein av Marie de France

6. Ord og uttrykk

sine *Lais*, den aller første forteljinga i H. Heller ikkje i den islandske *Gvímars saga* er dette med.

6.5.3 Omsetjing av *Nature*

Tabell 6.14: Omsetjing av *Nature*

| Gammalfransk | Gammalnorsk | Tekststad |
|--------------------------------------|--|-----------|
| <i>Des tant i out mespris Nature</i> | <i>En þat var undarlegst i hans nattu</i> | Gui 57 |
| <i>Pur ceo que de Nature vient.</i> | – | Gui 486 |
| <i>Que Nature furme beuté,</i> | – | Esk 236 |
| <i>En li former uvrat Nature;</i> | <i>at þo at nattu</i> <i>hæfði hænni huætvitna</i> <i>gevet þat er til fægrðar væri.</i> | Eq 34 |

Substantivet *náttúra* er dessutan nytta fire andre stader i *Strengleikar*. Først i eit innskot, men med mogleg tapt gammalfransk førelegg om gamle menn i *Guiamar* (<217): *er litla fyst hava til kuenna ok þat villdu er þeir mægo æigi. ok nattu syniar þeim. en jamnan avunda ok hata þa er ungir ero*, ‘som har lite lyst på kvinner og vil det dei ikkje kan, og som naturen nektar dei. Dei er alltid misunnelege på og hatar dei som er unge’. Det er moglege spor etter eit gammalfransk førelegg med metaforisk bruk av *Nature* i strengleiken *Gurun* som ikkje har noko kjent gammalfransk førelegg. I denne forteljinga vert det fortalt *ok heuir nattu geuit mér vit ok skynsemd. kurteisi ok goða kvnnasto*, ‘og naturen har gjeve meg vit og klokskap, høviskskap og god kunnskap’. Deretter er *náttúra* nytta i *Strandar strengleikr*, der kongens sendemenn reiser *til hinnar rauðu fru. er nattu kunni allra strengleica*, ‘til den raude frua som skjønte naturen til alle strengleikar’. Det siste tilfellet finst i *Jonet*, der det vert fortalt om fuglane som om våren syng vakre songar *nattu sinnar hvetiannde hvern annan til astar ok auca*, ‘etter naturen sin, og oppmoda kvarandre til kjærleik og avl’.

Som me ser av tab. 6.14 er *Nature* like gjerne omsett som utelate i dei gammalnorske tekstane. Også *Nature* er berre å finna i Marie de France sine *Lais*, og då berre i dei tre første forteljingane i H.

Ei jamføring med den islandske *Gvímars saga* i K viser at denne er i samsvar med forteljinga i N og har med *Nature* i v. 57.

Jamføringa med dei gammalnorske forteljingane viser at desse partia i all hovudsak ikkje er omsette. Fordelinga av alle dei tre dygdene i dei gammalfranske

tekstane er påfallande. Alle utanom eitt tilfelle er å finna i dei tre første forteljingane i H. Kan dette vera knytt til ein gammalfransk skrivar? Skrivarskiftet i H skjer allereie i byrjinga av den første forteljinga, *Guigemar* (v. 262). Den første skrivaren i H har dermed berre stått for *Nature* i v. 57. Dersom dei personifiserte dygdene vart lagde til i forteljingane av den andre skrivaren, burde ein kunna venta seg omtale av dygdene også i dei andre *lais* i H. Ein mogleg hypotese er at dei tre første forteljingane i H har sirkulert i eitt eige handskrift og at ein tekstredaktør har lagt til desse dygdene i avskrift av dette handskriftet. I notane til fleire av dei gammalfranske tekststadene som er førte opp i tabellane ovanfor dreg Rychner (1983) liner til *Eneas*, Benoît de Sainte-Maure si gammalfranske omsetjing av *Aeneiden*, datert til 1155–1160 (Zink, 2001, 132 og 362). Rychner ser desse personifiserte dygdene som moglege lån frå dette verket. Slike lån i nokre, men ikkje alle forteljingane, kan styrkja hypotesen om at desse kuplettane er skotne inn av ein skrivar. Alle omtalene av er også å finna i dei kontinentale handskriftene. Dermed må desse kuplettane eventuelt vortne lagde til av ein skrivar før forteljingane vart frakta over til Frankrike.

Forteljinga *Guigemar* skil seg ut, både frå dei gammalfranske og dei gammalnorske tekstane, med flest omtaler av dei personifiserte dygdene. Der omtale av desse dygdene til gammalnorsk er omsett, er det ein tendens til tydingsforskyving der personifiseringa har forsvunne. Dette er særleg tydeleg i *Equitan* (v. 54), der *Amurs l'ad mis a sa maisniee*, ‘Amor har verva han til si er attgjeve som *er hann nu sua inætiadr ast hænnar*, ‘no er han så fanga av kjærleik til henne’.

6.6 Ord for sosial status

Jarlla ok lændra manna ok Riddare

Universet i *lais* er delt i ulike sosiale lag. Nedst i dette hierarkiet er tenarklassa, ei klasse som sjeldan er skildra, men som består av både menn og kvinner. I mellomlaget finn ein dei fattige riddarane, noble og høviske, utan materiell rikdom, men rike på ambisjonar. Øvst er kongar og baronar. Kvinnene i dei høviske forteljingane er oftast knytte til menn i det øvste samfunnslaget, men somme tider er dei plasserte på sida av det sosiale hierarkiet, som vesen frå ei fantastisk og parallell verd. Lagdelinga i det sosiale systemet er markert gjennom bruken av titlar i dei gammalfranske tekstane. Omsetjinga av desse i dei gammalnorske strengleikane ser ut til å vera noko vaklande.

Eg har kartlagt bruken av dei mest frekvente personnemningane og titlane i det som følgjer. Inndelinga mi av materialet under følgjer hierarkiet i dei gammalfranske tekstane. Dermed er denne todelt. Først vert det gjeve eit oversyn

6. Ord og uttrykk

over personnemningar nytta om tenestefolk, kvinner og menn. Deretter kjem adelstitlane, også delt etter kjønn.

6.6.1 Dei lågare i samfunnet

Rundt hovudpersonane i forteljningane finst det ei rekkje tenestefolk. Desse kan både fungera som hjelparar og fiender – nokre av dei legg til rette for kjærleiken, medan andre hindrar eller avslører denne. Både dei mannlege og dei kvinnelege hovudpersonane held seg med tenarar av same kjønn.

Nemninga *meschine* stammar frå arabisk og refererer til ei jente eller meir spesifikt ei tenestejente.¹ Termen er òg dokumentert nytta om hoffdamer. Tabell 6.15 viser at *meschine* oftast er omsett med *mær*.

Tabell 6.15: Omsetjing av *meschine*

| Gammalnorsk | Tekststad |
|---------------------|--|
| <i>kona</i> | Gui 324 |
| <i>mær</i> | Esk 99, 155, 303 Eq 286 Des 175, 701, 735 Ti 32 Tvl 209, 230 Mi 224 |
| <i>friðla</i> | Esk 365 |
| <i>frú</i> | Esk 491 |
| <i>fylgismær</i> | Gui 273 |
| <i>þjónustukona</i> | Mi 17 |
| <i>þjónustumær</i> | Gui 265, 385 Des 625 Gei 89 Jan 369 |
| Pronomen | Gui 444, 460 Esk 514 Tvl 31 Mi 95 |
| Lakune | Jan 131 |

1. Hannkjønnsforma av ordet, *meschin*, viser til ein svært ung mann som tener på eit slott. Substantivet er nytta tre gonger i *lais*, og er omskrive med ei pronomenform i *Guimar* (v. 544), omsett til *sveinn* (Mi 508) og *ungmenni* (Jon 479).

Tabell 6.15: Omsetjing av *meschine*

| Gammalnorsk | Tekststad |
|--------------|---------------------------------------|
| Ikkje omsett | Gui 365, 470 Esk 132, 435 Do 77 |

Nemninga *friðla* i *Eskia* vert brukt i omtalen av den kvinnelege hovudpersonen etter at det har vorte arrangert ekteskap mellom kjærasten og søstera hennar (v. 365 og deretter som ei attgjeving av *damaisele* i v. 375). Termen presiserer dermed kva rolle ho no har i forhold til riddaren Gurun.

Den andre termen som er nytta om tenestejenter i dei gammalfranske tekstane, er *pucele*, ‘jente, terne’.

Tabell 6.16: Omsetjing av *pucele*

| Gammalnorsk | Tekststad |
|----------------|---|
| <i>jungfrú</i> | Des 684 |
| <i>mær</i> | Gui 59, 246, 354, 454, 652, 713, 792, 799 Esk 247 Des 182, 199, 215 Ti 25, 34 Do 9, 17, 51, 101, 131, 133 Tvl 216 Lei 6 Jan 472, 480, 510, 549, 601, 630 Jon 21, 95 |
| Pronomen | Des 653 Tvl 128 Jan 638 |
| Ikkje omsett | Gui 277, 376 Des 627, 737 Do 161 Mi 135, 204 Jan 93, 108, 587 |

Som me ser av tab. 6.16 er omsetjinga av *pucele* nestan utan unntak *mær*. I det eine tilfellet der *pucele* er omsett til *jungfrov* (Des 684) er ikkje den unge kvinna kven som helst, men dotter til Desire. Truleg har ein gammalnorsk tekstredaktør sett det som meir høveleg å nytta *jungfrov* i omtalen av denne unge adelskvinna,

6. Ord og uttrykk

og slik markera skilnaden i sosial status mellom henne og tenestejenter.¹

Nemninga som oftast er nytta om mannlege tenarar, er meir tvitydig enn *meschine* og *pucele*. Ein *vallet* kan vera ein tenar eller ein ung mann i teneste, men kan òg referera til ein ung adelsmann eller ein som i rang ligg mellom væpnar og handverkar. Termen er ikkje berre nytta om tenarar i dei gammalfranske tekstane – i *Deus Amanz* er den mannlege hovudpersonen ein *vallet*. Den mest frekvente gammalnorske omsetjinga av *vallet* er *sveinn*, som òg har ei rekkje ulike tydingar.

Tabell 6.17: Omsetjing av *vallet*

| Gammalnorsk | Tekststad |
|---------------------|---|
| <i>ungr riddari</i> | Do 221 |
| <i>sonr</i> | Do 197 |
| <i>sveinn</i> | Gui 85, 133, 638 La 95, Des 510, 700 Do 233, 244, 255 Tvl 76, 127, 169 Jab 281 |
| Pronomen | Des 472, 474 Do 215 Jan 485 |
| Ikkje omsett | Mi 201, 405 |

Som me ser av tab. 6.17 er *vallet* nesten alltid omsett til *sveinn* i *Strengleikar*. Den einaste gongen *vallet* er omsett til *riddari* (Do 221) minner om attgjevinga av *pucele* som *jungfrov* i *Desire* (684). Også i *Doun* er det i den gammalfranske teksten det vaksne barnet, no sonen, til hovudpersonen som på dette viset vert plassert i den rette sosiale klassen.

I nokre tilfelle har den mannlege tenaren ei noko meir spesifikk rolle. Ein *chamberlenc/chamberlein* var ein kammertenar som hadde hovudoppgåvene sine i dei private delane av soverommet til ein adelsmann. Han var dermed den av

1. *Jungfrú* er elles sjeldan nytta i *Strengleikar*. Det attgjev då *amie* (Gui 458), *dameisele* (Esk 335, 481; Des 683), i tillegg til at det opptrer i *Gurun*, ei av forteljningane utan kjent gammalfransk førelegg. Det er verdt å merkja seg korleis ordet er brukt i *Eskia*. Der peikar det først på Hesli, søster til *Eskia* (Esk 335). Etter at det har kome fram at også *Eskia* har eit nobelt opphav, vert nemninga også nytta om henne (Esk 481).

tenarane som herren viste mest tillit. Omsetjingane av *chamberlenc/chambrelein* er tydeleg relatert til kva oppgåver denne tenaren vert gjeven i forteljinga. Til dømes er det Guigemar sin *chambreleinc* som passar på det som han held kjærast – skjorta som kjærasten hans har falda saman. I den gammalnorske *Guiamar* er han omtala som *féhirðir*, ‘skattmeister’ (Gui 796).

Tabell 6.18: Omsetjing av *chamberlenc/chambrelein*

| Gammalnorsk | Tekststad |
|---------------------|--------------------------------|
| <i>féhirðir</i> | Gui 796 |
| <i>rekkjusveinn</i> | Gui 700 Esk 393, 419 |
| <i>riddari</i> | Gui 579 |
| Ikkje omsett | Mi 144 Jon 42 Gre 32, 57 |

Tabell 6.18 viser at *chamberlenc* er omsett til *riddari* i *Guiamar* (v. 579). Den vonde riddaren som oppdagar forholdet mellom *Guiamar* og den namnlause frua har fått auka status i den gammalnorske teksten. Stavingstalet i *chamberlenc* og *chevalier* er likt. Den visuelle likskapen mellom desse to nemningane opnar for at ein skrivar, anten gammalfransk eller gammalnorsk, har feillese førelegget sitt og erstatta *chamberlenc* med *chevalier*.

Ei av dei meir sjeldne nemningane som er nytta om menn av lågare status i heltens omgjevnader, er *esquier*, ‘væpnar’. Den gammalnorske attgjevinga av dette, *skialldsveinn* (Des 653, GurS, Mi 165 og som erstatning for pronomen i Mi 200), er så nær den gammalfranske nemninga som mogleg. Bruken av *skialldsveinn* i norrønt høyrer heime i den omsette litteraturen (KLNLM, 15, 579–592).

6.6.2 Dei høge i samfunnet

I det høviske universet i *lais* er dei høgtstående mennene delte inn i eit nedre lag med ambisiøse riddarar og ein øvre herskarklasse av kongar og baronar. Til det øvre laget er oftast kvinnene knytte, med unntak av dei som høyrer heime i ei fantastisk parallellverd, men som bevegar seg mellom denne og den reelle verda. Eg valt å ta utgangspunkt i dei vanlegaste titlane for kvinner og menn og har ordna desse etter kjønn og rang.

6. Ord og uttrykk

Adelskvinnene i *lais* er oftast omtala som *dame*, '(adels)kvinne'. Omsetjingane av dette er nesten alltid *frú*, 'frue', i *Strengleikar*-forteljingane, med unntak av at substantivet somme tider er erstatta med eit personleg pronomen. Dette gjeld:

- *ekcja* (Gui 652)
- *fostra* (Mi 314)
- *granna* (Esk 65)
- *kona* (Esk 47; Bi 133, 247, 255; Ti 25)
- *moðir* (Des 489)
- *mær* (Jan 504)
- *(s)pusa* (Des 30, Do 167)
- *unnasta* (Gui 623; Eq 169; Bi 39; Jon 31)

Det er ein klar tendens til presisering av kva rolle dei ulike *dames* har i dei gammalnorske forteljingane. Det er verdt å merkja seg at den svikefulle kona til varulvridderen frå og med sviket ikkje lenger er omtala som *frú*, men derimot med det meir prosaiske *kona*. At *dame* er erstatta med *mær* (sg.) i *Janual* (v. 504) overraskar, ettersom *mær* elles i *Strengleikar* er nytta om yngre kvinner og då helst tenestejenter. Dette skjer mot slutten av *Janual*, og dei *dames* som har vorte til *meyjar* (pl.) er nettopp dei vakre tenestejentene til den alvekvinnna som *Janual* elskar så høgt. Dei få gongene *frú* korresponderer til noko anna enn *dame* i dei gammalfranske tekstane er det til *mere* (Esk 383), *damaisele* (Des 155, 746 og Mi 44) og *amie* (Mi 37).

Elles er *reine*, 'dronning' nesten alltid omsett til *dróttning*. Berre eitt unntak er å finna i *Strengleikar*, i *Geitarlauf* (v. 108) har den gammalfranske forteljinga *amie*.

Dei adelstitlane som oftast er nytta for menn i *lais* er *chevalier*, *seneschal*, *barun*, *reis* og det meir nøytrale *seignur/sire*.

Ei jamføring med utgangspunkt i dei gammalfranske tekstane, til dømes av omsetjinga av *chevalier*, gjev eit misvisande inntrykk av eit 1:1 forhold mellom den gammalfranske og den gammalnorske teksten. Dette kan illustrerast med attgjevinga av *chevalier* i forteljinga *Guiamar*, ei av dei lengste forteljingane i både *Strengleikar* og *Marie de France sine lais*. *Chevalier* er nytta 27 gonger i denne forteljinga. Av desse er 19 omsette til *riddari*, (Gui 33, 77, 280, 295, 302, 393, 434, 438, 590, 622, 635, 728, 741, 747, 758, 784, 832, 845, 857), ein med pronomen (Gui 461), ein omskrive (Gui 754), to erstatta med eigennamn (Gui 769 og 812) og fire er ikkje omsette (Gui 56, 161, 377 og 471). Då eg snudde på jamføringa og tok utgangspunkt i *riddari* i berre denne forteljinga, viste det seg at *riddari* er innskote

eller erstattar pronomen nokre gonger, og er avvikande omsett frå *chamberlenc* i vers 579.

Avvik som det i Gui 579 som kan gje informasjon om kva forståing ein gammalnorsk omsetjar eller tekstredaktør har hatt for dei gammalfranske titlane. Eg har derfor valt å jamføra bruken av titlar med utgangspunkt både i dei gammalfranske og dei gammalnorske termene. Omsetjinga av det gammalfranske *chevalier* til *riddari* er gjennomført. I tillegg til oversynet ovanfor om attgjevinga av *riddari* i *Guigemar* blir *chevalier* omsett slik i *Strengleikar*:

- *Riddari* (Esk 4, 25, 307, 314, 483, 497; Eq 22; Bi 17, 103, 176, 191, 215, 251, 262, 299; La 9, 65; Ti 41; Che 87, 91, 149, 182, 205; Do 68, 104, 205, 213; Mi 196, 292, 344, 351, 381, 391, 487; Gei 83; Jan 186, 205, 221, 249, 407, 478, 496, 585; Jon 95, 115, 119, 187, 211, 282, 380, 384, 414, 426, 466 og Gre 17, 35).
- Ei pronomenform (Gui 328; La 144; Jan 260; Jon 137, 195, 293, 394).
- Omskrive (Esk 6, 355; Ti 55; Jon 343 og Gre 20, 60).
- Del av ei lakune i N (Che 13, 37, 63 og Jan 25, 39, 66, 77, 107)
- Ikkje omsett. (Che 104, 135, 174; Do 97, 210, 259; Mi 11, 13, 297, 325, 441; Jan 461; Jon 143, 285, 515 og Gre 11, 55).

Attgjevinga av *chevalier* i dei gammalnorske tekstane er såleis *riddari*, variert med nokre pronomen. Men ser ein på førelegget til *riddari* i dei gammalnorske forteljingane, viser det seg at termen er nytta i attgjevinga av ei rekkje gammalfranske nemningar. Dette går fram av tab. 6.19.

Tabell 6.19: Førelegg for *riddari*

| Gammalfransk | Tekststad |
|---------------|--|
| <i>aduber</i> | <i>gera/vera riddari</i> Des 726, 733, 751 |
| <i>barun</i> | Bi 187 Mi 124 |

6. Ord og uttrykk

Tabell 6.19: Førelegg for *riddari*

| Gammalfransk | Tekststad |
|--|--|
| <i>chevaler</i> | Gui 33, 77, 280, 295, 302, 393, 434, 438, 590, 622. 635, 728, 741, 747, 754, 758, 784, 832, 845, 857 Esk 4, 25, 307, 314, 483, 497 Eq 22, Bi 17, 103. 176, 191, 215, 251, 262, 299 La 9, 65 Des 68, 76, 112, 144, 150, 211, 243, 399, 545, 550, 569, 581, 591, 605, 641, 706 Ti 41 Che 87, 91, 149, 182, 205 Do 68, 104, 205, 213 Mi 196, 292, 344, 351, 381, 391, 487 Gei 83 Jan 186, 205, 221, 249, 407, 478, 496, 585 Jon 95, 115, 119, 187, 211, 282, 380, 384, 414, 426, 466 Nab 3 |
| <i>chamberlenc</i> | Gui 579 |
| <i>compaignnun</i> | Des 80 |
| <i>hum liges/ hum</i> | Gui 843 Esk 19 |
| <i>nobles</i> | Lei 5 |
| <i>sire</i> | Esk 23 |
| <i>vavasur</i> | Des 13 |
| <i>vallet</i> | <i>unga riddara</i> Do 221 |
| <i>vassal</i> | <i>riddara hirðliðs pins.</i> Jan 615 |
| Presisering. Substantivet erstattar pronomen, demonstrativ eller er implisitt i verbforma. | Gui 386, 436, 592, 746, 864 Esk 13 Bi 209 La 23 Des 73, 89, 556, 580 Che 165, 186 Do 281 Mi 341, 385, 475 Jan 247, 538 Jon 283, 304 |

Tabell 6.19: Førelegg for *riddari*

| Gammalfransk | Tekststad |
|---------------|---|
| Utan førelegg | Gui >48, 286, >474, >867 Esk >243, >249, >310, 360 Eq>27 Bi>2, 213 La 147 Des 700 Mi 121, 309, 391 Jan 227, 418, >587 Jon 532 |

Som me ser av tab. 6.19, er tendensen ei erstatning av meir vage nemningar som *hum* (Gui 843), *hum liges* (Esk 19) og *nobles* (Lei 5) med det meir presise *riddari*. At *chamberlenc* i Gui 579 er omsett på dette viset kan, som før nemnt, stamma frå ei feillesing av den gammalfranske teksten. Den einaste gongen *vavassur* er nytta i førelegga til *Strengleikar* er i *Desire* (v. 13), og det kan tenkjast at tittelen har vore ukjend for omsetjaren.¹ Attgjevinga av *barun* som *riddari* (Bi 187 og Mi 124) er overraskande, men i *Bisclaret* er dette del av ei utviding av teksten: *Riddarom ok rikom monnum. ok vinum sinum er æigner ok Riki ok sæmder helldo af honom*, ‘riddarar og mektige menn og venene sine, dei som frå han hadde eigedomar og makt og rang’. I *Milun* (v. 124) kan opphavet til skiftet frå *barun* til *riddari* ha sprunge ut av eit ønske om å nytta allitterasjonar i den gammalnorske teksten: *Einum rikum ok raustum riddara*.

Ei kartlegging av attgjevinga av det gammalfranske *barun* viser stor variasjon i dei gammalnorske tekstane. Dette vert vist i tab. 6.20

Tabell 6.20: Omsetjing av det gammalfranske *barun*

| Gammalnorsk | Tekststad |
|--------------------------------------|-----------|
| <i>barrún</i> | Gei 38 |
| <i>dýrligr maðr</i> | Eq 1 |
| <i>jarl</i> | Bi 296 |
| <i>jarl ok lendr maðr</i> | Des 672 |
| <i>jarl ok lendr maðr ok riddari</i> | Bi 187 |

1. Det har vore foreslått at GuiL 693 har hatt *vavassin*, feillese som *veisin* og dermed omsett til *granni*. Om dette, sjå “Tekstvandring” (s. 95).

6. Ord og uttrykk

Tabell 6.20: Omsetjing av det gammalfranske *barun*

| Gammalnorsk | Tekststad |
|-------------------|--|
| <i>lendr maðr</i> | Gui 29, 657 Mi 21 Gei 38 Jan 416, 499, 542, 624 |
| <i>riðdari</i> | Mi 124 |
| <i>vinr</i> | Jan 330 |
| Omskrive | Jan 395 |
| Lakune | Jan 14 |
| Ikkje omsett | La 11 Che 33 Mi 491 Jan 426 |

På den tida dei gammalfranske *lais* vart omsette til gammalnorsk, var dei to øvste laga i hirda lendmennene og skutelsveinane. Først i løpet av styringstida til Magnus Lagabøte vart desse erstatta med dei kontinentale titlane baron og riddar. Den vanlegaste omsetjinga av *barun* i *Strengleikar*, *lendr maðr*, er i tråd med dette. Skiftet frå *lendr maðr* til *barun* i den norske hirda er rekna for å vera ei rein terminologisk endring. Frå 1308 vart tittelen lendmann erstatta for godt av baron (KLN M 7, 498–505; KLN M 14, 167–172).

Bortsett frå i den gammalnorske *Equitan* er omsetjinga av *rei*, ‘konge’, *konungr*, variert med pronomen. Det einaste unntaket utanom *Equitan* er i tråd med den generelle tendensen til presisering i dei gammalnorske tekstane, og ein stad i *Tveggia elskanda liod* vert *rei* omsett til *faðer* (Tvl 27).

Vender ein seg til omsetjinga av *rei* i *Equitan*, vert det tydeleg at alle spor av kongsstatusen hans har forsvunne i den gammalnorske teksten. Han vert omtala som *herra* (Eq 38, 189, 210, 261, 279, 291, 293, 302), *hofðingi* (Eq 38, 121, 133, 141, 170, 177), ved bruk av personnamn (Eq 221, 264), eller pronomen (Eq 27, 47, 101, 197).¹ Dette er gjort så gjennomført at det ser ut til å vera medvite. Har innhaldet i teksten – ein konge forfører kona til ein av lendmennene sine, planlegg å drepa denne, men endar opp daud i eit kar med kokande vatn – vorte oppfatta som potensielt fornærmande mot den som tinga omsetjinga? Kongsstatusen til *Equitan* har forsvunne ein stad på vegen mellom gammalfransk og gammalnorsk tekst.

1. Endeleg er det fleire døme på at *rei* ikkje er omsett i Eq 12, 109, 193, 215, 306.

Spor av kongen er å finna i den innskotne moraliseringa, men då er det fleirtydige *dróttinn*, ‘styrar, hovding, konge’ nytta. Forteljninga sluttar med eit latinsk sitat, vurdert av Cook og Tveitane til å vera eit klønete innskot av den gammalnorske omsetjaren (1979, 83). Dei latinske linene er ein freistnad på ein kuplett med enderim, men dei bryt med stavingstalet og enderimet haltar: *Equitanus rex fuit sed silenda est dignitas | ubi nulla bonitas sed finis iniquitas*, ‘Equitan var konge. Men ein skal teie om verdigheit der det ikkje var godleik, men der urett var eit mål’. Her vert det altså sagt at Equitan ikkje fortener kongsnamnet og at ein derfor skal teie om statusen hans. Dét har òg ein gammalnorsk tekstredaktør gjort i sjølve forteljninga. Koplinga mellom det latinske *rex* og handlingar som er rette og urette, kan vera knytt til den etymologiske forklaringa av *rex* gjeven av Isidore av Sevilla. Verka hans var velkjende i heile Vest-Europa i mellomalderen. Isidore meinte at *rex* stamma frå *recta* og siterte det latinske ordtaket *Rex eris, si recte facias: si non facias, non eris*, ‘Konge er den som gjer rett, dersom han ikkje gjer rett, er han ikkje konge’ (*Etymologiarum Libri*, ix, iii, 4).

Equitan er dessutan den einaste av dei gammalfranske forteljningane der tittelen *seneschal* er nytta. Denne tittelen er for det meste omsett til *ræðismaðr* (Eq 21, 29, 45, 85, 107, 202, 266, 268, 287, 301, i tillegg til i oppsummeringa i EqS II). Det er òg nokre få andre omsetjingar som presiserer kva rolle denne mannen har i forhold til omgjevnadene sine; han er *rikisstjóri* (Eq 195) og *bóndi* (Eq 276). Den meir opne termen *herra* er dessutan nytta ein gong (Eq 270). Med motsett vinkling er *ræðismaðr* nytta tre gonger i *Strengleikar* med andre førelegg enn *seneschal* i den gammalfranske teksten. To av desse er òg i *Equitan*, der *produme* (Eq 277) og *seignur* (Eq 281) vert omsette på dette viset. Den siste gongen *ræðismaðr* førekjem er det som omsetjing av *despensier* i *Milun* (v. 267).

Med unntak av *Equitan* er resten av kongane i *Strengleikar* og *lais* heller ein del av ramma kring helten, enn hovudpersonar.¹ Som vist ovanfor er den gammalfranske tittelen *rei* nesten alltid attgjeve som *konungr* i dei gammalnorske

1. Som det har vore peika på tidlegare er den høviske kjærleiken, mellom anna avhengig av ein ulikskap i status mellom mann og kvinn. Oftast er det ein mann av låg rang som må visa seg verdig til kvinnas kjærleik. Unntaket er *Equitan*, der det i den gammalfranske teksten – men ikkje i den gammalnorske – er kongen som innleier eit forhold til ei kvinne med lågare rang enn det han sjølv har. Sjangermessig er denne *lai* omdiskutert, og har ofte vorte plassert som ein slags *fabliau* (Bloch, 2003, 75).

6. Ord og uttrykk

forteljningane. Korleis plasserer så *konungr* seg i forhold til ordbruken i dei gammalfranske tekstane? Dette er emne for tab. 6.21.

Tabell 6.21: Førelegg for *konungr*

| Gammalfransk | Tekststad |
|--|--|
| <i>rei</i> | For 43 Gui 29, 42 Bi 136, 145, 149, 161, 165, 177, 181, 186, 201, 221, 229, 239, 261, 275, 281, 293, 298, 300 Des 16, 64, 84, 86, 252, 259, 417, 423, 451, 470, 473, 669, 676, 679, 690, 695, 696, 711, 725, 734 Ti 5, 19, 52 Do 198 Tvl 13, 21, 61, 63, 68, 156, 159, 182, 242 Gei 11, 36, 40, 47, 98 Jan 232, 240, 309, 311, 325, 329, 352, 359, 362, 381, 395, 397, 402, 417, 469, 488, 491, 499, 528, 535, 603, 607, 615, 626, 631 Jon 260, 519 |
| <i>seignur</i> | Jan 432 |
| <i>sire</i> | Ti 4, 10 Jon 258, 279 |
| Presisering. Substantivet erstattar pronomen, demonstrativ eller er implisitt i verbforma. | Bi 147, 183, 184, 212, 225, 227, 278, 295, 303, 305 Des 261, 263, 418, 475, 680, 727, 739, 744 Ti 7, 20 Tvl 16, 55, 166 Gei 99 Jan 246, 304, 328, 354, 379, 384, 392, 495, 538, 542 |
| Utan førelegg | For I, 50 Gui 27, 32, 42, 44, 47, 49 Bi 175, 176, 178, 213, 265 Des >66, >89, >92, 671, 697, 729, 729, 746 Do 67, 204 Tvl >42, 60 Gei 106 Jan 221, 327, 396, 415, 416, 418, >587, >631 Nab 1 |

Som me ser av tab. 6.21, er *rei* nesten alltid omsett til *konungr*. Det gammalnorske substantivet *konungr* er derimot både nytta for å gje att *rei* og som ei presisering av pronomenformer i dei gammalfranske tekstane i tråd med tendensen elles i *Strengleikar*.

Dei vagaste personnemningane som er nytta om adelsmenn i dei gammalfranske tekstane, er *seignur* og *sire*. *Seignur* er nytta i nær alle forteljingane og er oftast attgjeve som *herra* (Gui 32, 71, 339, 584, 639, 838; Esk 58, 243, 353, 404, 454; Eq 234, 244; Bi 151; La 102, 113; Des 674; Jan 229, 274, 374; Jon 206, 418; Nab 33). Det er ikkje mange gongene det ikkje er omsett (Esk 368; Mi 134; Jan 35 (lakune), 447; Jon 412, 428, 447) og det er aldri erstatta med pronomen. Inntrykket av at det i dei gammalnorske tekstane er ein tendens til presisering vert forsterka gjennom omskrivingane av *seignur* i omsetjingane. Desse er ikkje særskilt mange, men opptrer oftast eit stykke ut i forteljingane og poengterer forholdet mellom den som er *seignur* og andre personar i teksten. Dermed har *seignur* vorte til *bóndi*, ‘husbond, ektemann’ (Esk 388; Bi 250, 266, 308; Mi 499; Jon 30, 455), *púsa*, ‘ektemann’ (Des 26), *konungr* (Jan 390, 432), *hofðingi* (Jon 523, 553) og *ræðismaðr* (Eq 281). Det er verdt å merkja seg at den som vert omtala som *bóndi* i *Bisclaret* er den nye ektemannen til den utrugne kona, og at nemninga vert nytta frå og med desse tek til med samlivet sitt. Unntaket er Gui 880 der det er nytta eit personnamn i attgjevinga av *seignur*.

Sire har så godt som identisk tyding som *seignur*, og same tendensen til presisering er å spora i omsetjinga av denne nemninga til gammalnorsk. Det er oftast omsett til *herra*, som ser ut til å inspirera til tautologiar, ofte allittererande. Eg har kartlagt omsetjinga av det gammalfranske *sire* i tab. 6.22.

Tabell 6.22: Omsetjinga av *sire*

| Gammalnorsk | Teksstad |
|-----------------------|---|
| <i>bonde</i> | Esk 12, 76, 124, 194 Mi 515 |
| <i>granni</i> | Esk 331 |
| <i>herra</i> | For 50 Esk 360, 395, 465 Eq 117, 134, 226, 241, 247 Bi 32, 43, 79, 240, 283 La 70, 83, 91 Des 27, 37, 39, 283, 455, 487, 495, 581, 621, 643 Do 240, 271 Tvl 14 Mi 425 Jan 503 Jon 178, 221, 228, 242, 472 |
| <i>herra ok bonde</i> | La 80 |

6. Ord og uttrykk

Tabell 6.22: Omsetjinga av *sire*

| Gammalnorsk | Teksstad |
|--------------------------------|--|
| <i>herra ok hofðingi</i> | Gui 209 |
| <i>herra konungr</i> | Des 697 |
| <i>hofðingi</i> | Eq 12 |
| <i>konungr</i> | Ti 4, 10 Jon 258, 279 |
| <i>riddari</i> | Esk 23 |
| <i>(s)pusa</i> | Esk 43 Des 51 |
| Omskrive | Gui 30 (<i>reð</i>) Esk 366 (<i>hann</i>), 485 (<i>faðer hænnar</i>) Bi 121 (<i>hann</i>) Mi 150 (<i>faðer hennar</i>) Jon 53 (<i>hinn riki maðr</i>), 298 (<i>hann</i>) |
| Ikkje omsett | Esk 163 Eq 213 Des 464, 599, 651 |
| Del av ikkje attgjevne vers | Jan 71, 284, 519, 589 Jon 14, 41, 58, 496, 538 |

Det er ikkje grunnlag for sikre slutningar om bruken av herretittelen i norrønt (KLMN 6, 505–512). Som me ser av tab. 6.22, strekkjer attgjevinga av *sire* seg frå å framstå som ein adelstittel til å verta omsett som dei meir nøytrale nemningane *bóndi* (til dømes i Esk 12), *granni* (Esk 331) og eit lånord frå gammalfransk; *(s)pusi* frå *espus* (Esk 43).

6.7 Ord med særskilde avleiingar

Mellom dei språklege draga som er rekna for å kjenneteikna stilen i omsetjingar til norrønt – både i den lærde stilen allmennt og i den høviske stilen – er bruken av særskilde avleiingssuffiks i orddanning. Ei av nydanningane som kjem med omsetjingslitteraturen under påverknad frå latin, er dei mange adjektivabstrakta med avleiingssuffikset *-leikr*. Denne ordtypen er ikkje ny i norrønt, og er å finna i dei fleste typar norrøn litteratur (Astås, 1987, 32). Bruken av desse adjektivabstrakta er hyppigast i den florissante stilen (Jakobsen, 1969, 3–5).

Vidare er òg bruken av adjektiv med avleiingssuffikset *-ligr* og adverb med *-liga* mellom særtrekka ved omsetjingslitteraturen, særleg i den florissante stilen (Astås, 1987, 32). Astås peikar òg på bruken av avleiingar med *-dómr* og *-skapr* som eit av kjenneteikna i denne stilen. Med eitt unntak, *konungdómr* i *Guimarr* (v. 38), er ikkje avleiingssuffikset *-dómr* nytta i *Strengleikar*. Derimot er suffikset *-semd* relativt hyppig, og dette er dermed inkludert i oversynet under. Vidare har det vore hevda at partisippbruken, både av presens og perfektum partisipp, er vanlegare i dei stilartane som fell inn under Nygaard (1896) sine lærde stilar, altså lærd, høvisk og florissant stil, enn i den folkelege stilen.

I granskinga under har eg først kartlagt bruken av utvalde gammalnorske avleiingssuffiks i orddanning. Desse har eg så jamført med moglege førelegg dei gammalfranske tekstane. Deretter har eg sett på bruken av presens partisipp i dei gammalnorske tekstane. Til slutt har eg sett på bruken av det tempohevande adverbet *þegar* og dei tempohevande uttrykka *í því* og *því næst* i dei gammalnorske tekstane.

Fordelinga og bruken av desse avleiingssuffiksa, presens partisipp-formene og dei tempohevande uttrykka har eg undervegs jamført med to av inndelingane i N – skrivarskiftet og dei ulike dialektane i forteljingane. Som før nemnt har eg òg inkludert ei jamføring med frekvensen av kvart av desse språkdraga med dei gammalnorske tekstane som er lemmatiserte i Menota.

6.7.1 Substantiv med avleiingssuffikset *-leikr*

Avleiinga *-leikr* har opphavleg hatt tydinga ‘leik, snøgg rørsle’. I nordisk vart dette eit svært produktivt suffiks som vart nytta til å laga abstrakt av både enkle og samansette adjektiv, sjeldnare av substantiv (Torp, 1974, 37). Den opphavlege tydinga av suffikset er då heilt avbleikt. I *Strengleikar* er den mest påfallande bruken av substantiv med avleiingssuffikset *-leikr* den som ein finn i sjøve sjangernemninga. Bruken av dette ordet er kartlagt under “Lais: ljóð, strengleikr” (s. 228) og vert derfor ikkje inkludert her. I tab. 6.23 har eg registrert 20 andre ord med suffikset *-leikr*. Det er i alt 42 førekomstar av desse.

Tabell 6.23: Substantiv med avleiingssuffikset *-leikr* i *Strengleikar*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|------------------|--------------|--------------------|
| <i>friðleikr</i> | – | Gui 415 Des 694 |

6. Ord og uttrykk

Tabell 6.23: Substantiv med avleiingssuffikset *-leikr* i *Strengleikar*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|----------------------|------------------------|--------------------------------------|
| <i>góðleikr</i> | <i>(grant) bien</i> | For 46 La 25 Che 151 Mi 531 |
| | <i>pris</i> | Gre 85 |
| | – | ForS I For 7 Esk <313 |
| <i>grimmleikr</i> | – | Bi <210, 246 |
| <i>gǫfugleikr</i> | <i>amur</i> | Eq 140 |
| <i>hagleikr</i> | <i>bien apparillee</i> | Gui 153 |
| | <i>entailé</i> | Des 548 |
| | <i>ovre</i> | Gui 172 |
| | <i>tres bien asis</i> | La 153 |
| | – | Gui 170 |
| <i>(h)ryggleikr</i> | – | Gui 298 Des 462 |
| <i>hæverskleikr</i> | – | Jan <575 |
| <i>kærleikr</i> | <i>cher, chierté</i> | Bi 169 Des 87 |
| <i>margfaldleikr</i> | – | Esk 381 |
| <i>mildleikr</i> | Utan kjent førelegg | StraS |
| <i>ofprúðleikr</i> | – | Nab <19 |
| <i>prúðleikr</i> | – | Nab <11 |
| <i>sjúkleikr</i> | – | Gui 298 |
| <i>sæmileikr</i> | Omskriving | Esk 384 |
| <i>tortryggleikr</i> | – | Bi 82 |
| <i>tryggleikr</i> | <i>loiauté</i> | Gre 134 |
| | – | Eq 182 |
| <i>þungleikr</i> | <i>pesanz</i> | Ti 33 |
| | – | Eq 107 |

Tabell 6.23: Substantiv med avleiingssuffikset *-leikr* i *Strengleikar*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|------------------|---------------------|------------|
| <i>vaskleikr</i> | <i>sens</i> | Gui 46 |
| | <i>valur</i> | Des 87 |
| | – | Des 73, 75 |
| <i>vænleikr</i> | <i>bel</i> | Jon 463 |
| <i>ørleikr</i> | <i>bone escole</i> | Esk 239 |
| | – | Esk <313 |
| | Utan kjent førelegg | StraS |

Som me ser av tab. 6.23, er det nokså stor leksikalsk variasjon i desse substantiva. Nokre har rot i dei gammalfranske førelegga, medan andre har vore lagde til av ein gammalnorsk tekstredaktør – det vere seg omsetjaren eller ein seinare skrivar. Det viser seg å vera like mange av kvar, 19 med førelegg og 19 utan.¹

Det mest påfallande er fordelinga av desse substantiva. Kartlegginga viser ein tendens til todeling i *Strengleikar*-materialet. Substantiv med avleiingssuffikset *-leikr* er oftast nytta i prologen og dei første sju forteljingane i N, altså 25 før skrivarskiftet i vers 163 av forteljinga *Desire* og 14 etter. Av dei 25 tilfella før skrivarskiftet er 15 innskotne. Etter skrivarskiftet er 5 innskotne. Dei to skrivarhendene i N har kvar kopiert om lag like mange blad, og det er dermed mogleg at bruken av desse substantiva på eitt eller anna vis er knytt til skrivaren Str. I, anten ved at det er tale om ei trufast kopiering av førelegget, der Str. II har hatt tendensar til nedkorting, eller som nylaga innskot. Det at halvdelen av substantiva tydeleg har rot i gammalfransk tekst, viser at desse må stamma frå eit eldre lag i tekstgenesen enn nedskrivninga av N, noko som kan støtta opp under hypotesen om at Str. II i avskrift har korta ned tekstane han arbeidde med.

Som nemnt ovanfor (mellom anna s. 63) reknar ein med at den islandske *Gvímars saga* har eit felles opphav med N, men døme frå tekstane viser at dette truleg ikkje kan vera sjølv omsetjinga av den gammalfranske teksten, men heller ei avskrift av denne (Kalinke, 1979 og 1980). Ein av konsekvensane av dette er at

1. Eg har då ikkje teke med den første delen av *Forræða*, eller strengleikane utan kjende gammalfranske førelegg. Inkluderer ein desse, er fordelinga som følgjer: Av dei 42 gongene desse substantiva er nytta i *Strengleikar*, stammar 28 frå Str. I og 14 frå Str. II. Str. I har 15 utan førelegg i gammalfransk tekst, 12 med førelegg og 1 der det ikkje finst noko gammalfransk førelegg. Str. II har nytta 14 slike totalt. Av desse er 5 utan førelegg i gammalfransk tekst, 7 med innskotne og 2 finst i tekstar utan kjende gammalfranske førelegg.

6. Ord og uttrykk

dersom substantiva med suffikset *-leikr* stammar frå den opphavlege gammalnorske omsetjinga, vil det sannsynlegvis vera spor av desse i både den islandske og den gammalnorske versjonen av *Guigemar*. Ei nærlesing av tekstane stadfestar dette. I den gammalnorske teksten er det sju tilfelle av slike substantiv. Fem av desse er vidareførte i den islandske teksten med same ord (GuiK 153, 170, 172, 298, 415). Eitt av substantiva er erstatta med eit anna substantiv, men slik at det allitererande uttrykket i teksten er vidareført. Der det i den gammalnorske forteljinga står *Síðan sem honum vox vit ok vasklæikr*, ‘etterkvart som vitet og dugleiken hans voks’, er dette i den islandske teksten variert med *enn hann var snemma vitur og vinsæll*, ‘då han tidleg vart vitug og omtykt’ (Gui 45–46). Berre eitt av tilfella er ikkje vidareført i den islandske teksten. I GuiS 298 er to slike substantiv nytta rett etter kvarandre. Frua *harmaðe miok æsko hans ok ryggslæik ok varkyndi siuklæik hans*, ‘var svært lei seg over ungdomen og sorga hans og hadde vondt av sjukdomen hans’. I *Gvímars saga* er dette noko nedkorta; *og harmade mióg æsku hanz, vorkinte mióg siúkleika hanz*, ‘var svært lei seg over ungdomen hans og hadde vondt av sjukdomen hans’. Den islandske teksten har eit etterord som korkje har førelegg i gammalfransk eller gammalnorsk tekst. I dette etterordet finst eit tilfelle av *örfrödleik* (utg. Kalinke, 1979, 138 l.18).

Dei av forteljingane som er skrivne av Str. II, viser ein større tendens til nedkorting enn det som er å finna hos Str. I. Den semantiske kategoriseringa av kuplettar og lengre parti i gammalfransk tekst som ikkje er attgjevne i dei gammalnorske (s. 190), viser dessutan at det i stor grad er gammalfranske tekstbolkar som inneheld nettopp slike abstrakte omgrep som ikkje finst i dei gammalnorske tekstane.

Samla tyder dette på at bruken av desse substantiva ikkje stammar frå skrivaren Str. I. Dei har derimot dels opphav i dei gammalfranske tekstane og dels i det felles førelegget til handskriftene N og K. Dermed ser eg to moglege forklaringar på denne todelinga.

- Skrivaren Str. II har aktivt utført ei stryking av denne typen substantiv.
- Variasjonen stammar frå eit eldre tekstlag.

Substantiv på *-leikr* er ikkje nytta i alle *Strengleikar*-forteljingane. Som nemnt på s. 56 og dessutan i kap. 3.4 identifiserte Tveitane (1973) ulike dialektale trekk i desse gammalnorske forteljingane. Desse går på tvers av både rekkjefølgja av forteljingane i handskriftet og skrivarskiftet. Ser ein bruken av substantiv med avleiingssuffikset *-leikr* i samband med desse dialektstilja, viser det seg at 31 av 38 førekjem i tekstar med vestnorske språkdrag. Av dei resterande sju, finst seks i tekstane som Str. I har kopiert. Str. II har eitt tilfelle av *góðleikr* som er ei omsetjing av *bien* i *Milun* (v. 531). Av desse seks finst tre i *Forræða*, eitt i den

6.7. Ord med særskilde avleiingar

nyskrivne delen, og to som omset *góðleikr* (For 7 og 46). Dei siste tre finst i *Equitan*, to innskotne (Eq 107 og 182) og eitt som omset *amur* (Eq 140).

Eg ser det dermed som sannsynleg at variasjonen i bruken av substantiv med avleiingssuffikset *-leikr* stammar frå eit eldre tekstlag og er knytt til ein eller fleire tekstredaktørar med vestnorsk opphav. Dette utelukkar ikkje at skrivaren Str. II i tillegg kan ha vald å ikkje attgje desse substantiva.

Til slutt i dette underkapitlet skal eg sjå på frekvensen av substantiv på *-leikr* i dei fire gammalnorske tekstane som er lemmatiserte i Menota. Fordelinga er overraskande jamn..

Tabell 6.24: Frekvens av substantiv med avleiingssuffikset *-leikr* i dei lemmatiserte tekstane i Menota

| Handskrift | Innhald | <i>-leikr</i> | Total ordmengd | Frekvens / 1000 ord |
|-----------------|-----------------------------------|---------------|----------------|---------------------|
| DG 4–7 | <i>Strengleikar</i> | 110 | 39835 | 2,8 |
| DG 8 II | <i>Óláfs saga ins helga</i> | 14 | 40935 | 3 |
| Holm Perg 17 4° | <i>Thómass saga erkibiskups</i> | 29 | 59884 | 3 |
| Holm Perg 6 fol | <i>Barlaams ok Josaphats saga</i> | 129 | 76411 | 1,7 |

Tabell 6.24 viser at frekvensen av substantiv på *-leikr* er høgast i *Óláfs saga ins helga* og *Thómass saga erkibiskups*. Begge har ein frekvens på 3 per 1000 ord. Nær desse følgjer *Strengleikar* med 2,8 per 1000 ord før *Barlaams ok Josaphats saga* med 1,7 per 1000 ord. Frekvensutrekninga gjev ikkje grunnlag for å meina at substantiv med avleiingssuffikset *-leikr* oftare er nytta i dei omsette tekstane, korkje dei som er omsette frå latin eller dei som er omsette frå gammalfransk. Til det er ulikskapen i frekvens for stor mellom dei to verka som er omsette frå latin, *Thómass saga erkibiskups* og *Barlaams ok Josaphats saga*. Det einaste verket som ikkje er omsett, *Óláfs saga ins helga*, har dessutan same frekvens som *Thómass saga erkibiskups*.

6. Ord og uttrykk

6.7.2 Adjektiv med avleiingssuffikset *-ligr*

Opphavet til dette avleiingssuffikset er rekna for å vera ei “possessiv samansetjing med ordet *lik*, ‘skapnad, kropp’” (Torp, 1974, 33), og endinga *-ligr* avleier adjektiv av substantiv, adjektiv og verb. Det finst dessutan somme adverb som får dette suffikset. Avleiingsendinga gjev først og fremst uttrykk for likskap. I tab. 6.25 har eg registrert 40 ord på *-ligr* med i alt 135 førekomster.

Tabell 6.25: Adjektiv med avleiingssuffikset *-ligr*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|-----------------------|--------------------|-------------------|
| <i>almanligr</i> | – | TvS |
| <i>ástsamligr</i> | <i>ducement</i> | Jon 325 |
| | Avvik | Esk 257 |
| | – | Eq 39 Jon 272 |
| <i>bráðskeytiligr</i> | <i>trop hastis</i> | Gui 510 |
| <i>dáligr</i> | <i>li pis</i> | Esk 86 |
| | – | EqS II Des 656 |
| <i>dauðligr</i> | – | Che 159 Ti 555 |
| <i>dýrligr</i> | <i>bon</i> | Esk 414 |
| | <i>chier</i> | Jon 438 |
| | <i>franc</i> | Des 657 Mi 14 |
| | <i>gentil</i> | Jon 122 Gre 6 |
| | <i>glorius</i> | Des 29 |

6.7. Ord med særskilde avleiingar

Tabell 6.25: Adjektiv med avleiingssuffikset *-ligr*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|---------------------|------------------------------|--|
| <i>dýrligr</i> | <i>noble</i> | Eq 1 Jan 321, 368 Nab 7 |
| | Omskrive | Esk 332 Bi 15 Tvl 58 |
| | – | Gui 866 Mi 471 Jan 419 Jon 493, 494 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | GurS 2x |
| <i>einkanligr</i> | <i>grant</i> | Nab 25 |
| | <i>mut</i> | Des 87 |
| | <i>tant</i> | Gui 760 |
| | – | Gui 32 Jan 555 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | GurS |
| <i>elskuligr</i> | – | Esk <237 |
| <i>félagligr</i> | – | Eq <205 |
| <i>harmanligr</i> | – | Esk 108 Gei 9 Jon 446 |
| <i>hátiðligr</i> | <i>por la feste</i> | Lei 4 |
| <i>hirðligr</i> | Omskrive | Des 144 Do 203 Jan 250 |
| <i>hugkvæmiligr</i> | – | Gui <382 |
| <i>hæfiligr</i> | Ukjent gammalfransk førelegg | GurS |
| <i>konungligr</i> | Ukjent gammalfransk førelegg | StraS 2x |

6. Ord og uttrykk

Tabell 6.25: Adjektiv med avleiingssuffikset *-ligr*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|-------------------------|--------------------------------|---|
| <i>kynligr</i> | <i>bien</i> | Gui 153 |
| | <i>esmaier</i> | Jon 358 |
| | <i>merveille, esmerveiller</i> | Gui 197, 271 Bi 97, 168, 218, 259 Des 357 (<i>esmerveiller</i>), 440 Gei 21 (<i>esmerveiller</i>) Jan 582 Jon 233 Gre 77, 164 |
| | Omskrive | Gui 119, 124, 187, 384, 812 Esk 31 Bi 204 |
| | – | For 36 Gui 199, 476 Eq <69 Bi <315 Jon <94, 108 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | GurS 2x |
| | <i>leynligr</i> | Avvik |
| <i>litillátligr</i> | – | Esk <376 Jan 481 |
| <i>løgligr</i> | – | Esk 320, 324 |
| <i>margfalligr</i> | <i>grant</i> | Gui 662 |
| | – | For 45 Esk 240, <375 |
| <i>optsamligr</i> | <i>tant</i> | La 79 |
| | – | Gui 412 |
| <i>prúðligr</i> | <i>avenantement</i> | Bi 228 |
| <i>rikuligr</i> | <i>grant</i> | Do 96 |
| <i>siðnæmiligr</i> | – | Jan 256 |
| <i>siðvenjuligr</i> | – | Jon 52 |
| <i>skemtanarsamligr</i> | Ukjent gammalfransk førelegg | StraS |
| <i>sómasamligr</i> | – | ForS I |

6.7. Ord med særskilde avleiingar

Tabell 6.25: Adjektiv med avleiingssuffikset *-ligr*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|------------------------|------------------------|---|
| <i>sundrskiptiligr</i> | <i>diversement</i> | Mi 2 |
| <i>svívirðuligr</i> | <i>mie boens</i> | Esk 425 |
| | – | Esk <403 |
| <i>sæmiligr</i> | Omskrive | Eq 43 |
| | – | Gui 360 Esk <237, <243, 482 Bi 16 |
| <i>tígurligr</i> | – | Gui 48 |
| <i>tryggiligr</i> | – | Gui 238 Eq 73 |
| <i>úbrigðiligr</i> | – | Des 417 TvS |
| <i>úbætiligr</i> | <i>mesavenir</i> | Do 118 |
| | <i>mut grant</i> | Bi 200 |
| <i>úendiligr</i> | Avvik | Des 116 |
| <i>úhófsamligr</i> | <i>a demesure</i> | Gui 213 Nab 11 |
| | <i>fole</i> | Jan 410 |
| | <i>grant</i> | Nab 25 |
| | – | Gui 392 |
| <i>undarligr</i> | <i>merveille</i> | Tvl 9 Jan 582 |
| | Omskrive | Gui 57, 384 |
| | – | ForS I |
| <i>úsækiligr</i> | <i>fort</i> | Gui 690 |
| <i>virðuligr</i> | <i>genz/granz</i> | Ti 46 |
| | <i>pluz forz/fierz</i> | Jon 516 |
| | – | ForS I Esk <309 |

6. Ord og uttrykk

Tabell 6.25: Adjektiv med avleiingssuffikset *-ligr*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|-----------------|--------------|-------------------|
| <i>yndiligr</i> | Omskrive | Jon 215 |
| | – | Esk <314 La <7 |
| <i>ynniligr</i> | – | La <7 |

Tabell 6.25 viser at den leksikalske variasjonen i desse adjektiva er stor. Mange av dei er knytte til høvisk framferd og kjensler. Men ingen av dei er nytta så mange gonger i *Strengleikar* at dei kan vera til nytte i ei profilering av tekstredaktørar.

Dei 135 førekomstane av adjektiv på *-ligr* fordeler seg overraskande jamnt mellom skriarane i N, men med ei hovudvekt på skrivaren Str. I, som har 75 tilfelle medan Str. II har 60. Fordelinga hos Str. I er på 34 utan og 33 med gammalfransk førelegg. I tillegg er 3 avvikande jamført med gammalfransk tekst og 5 finst i dei delane av *Strengleikar* som ikkje har rot i gammalfransk tekst (ForS I og EqS II). For Str. II er 20 utan og 30 med gammalfransk førelegg. I tillegg finst 10 i dei strengleikane som ikkje har kjende gammalfranske førelegg.

Dei fleste av forteljingane har berre eitt eller nokre få tilfelle av denne typen adjektiv, men nokre forteljingar skil seg ut. Dette gjeld *Guiamar* (25), *Eskia* (20), *Bisclaret* (10), *Desire* (9), *Janual* (11) og *Jonet* (15). Nokre av desse seks tekstane er blant dei lengste i *Strengleikar*, noko som kan forklara dei relativt høge tala. Det som er meir påfallande, er at dei alle viser vestnorske språkdrag.

Adjektiv på *-ligr* førekjem i alle dei fire tekstane frå Menota, men her er det stor variasjon i frekvensen.

Tabell 6.26: Frekvens av adjektiv med avleiingssuffikset *-ligr* i dei lemmatiserte tekstane i Menota

| Handskrift | Innhald | <i>-ligr</i> | Total ordmengd | Frekvens/ 1000 ord |
|-----------------|-----------------------------------|--------------|----------------|--------------------|
| DG 4–7 | <i>Strengleikar</i> | 135 | 39835 | 3,4 |
| DG 8 II | <i>Óláfs saga ins helga</i> | 96 | 40935 | 2,3 |
| Holm Perg 17 4° | <i>Thómass saga erkibiskups</i> | 584 | 59884 | 9,6 |
| Holm Perg 6 fol | <i>Barlaams ok Josaphats saga</i> | 868 | 76411 | 11,1 |

Tabell 6.26 viser at adjektiv på *-ligr* er tre gongar oftare nytta i dei to tekstane som er omsette frå latin, *Thómass saga erkibiskups* og *Barlaams ok Josaphats saga* enn i *Strengleikar* og *Óláfs saga ins helga*. Eg vil likevel peika på at frekvensen i *Strengleikar* er noko høgare enn i *Óláfs saga ins helga*.

6.7.3 Adverb med avleiingssuffikset *-liga*

Desse adverba har same opphav som adjektiva med avleiingssuffikset *-ligr*. Som tab. 6.27 viser er det i alt 62 ulike adverb av denne typen i *Strengleikar*, med i alt 189 førekomstar. 20 av desse er variantar av adjektiva med avleiingssuffikset *-ligr* i *Strengleikar*.

Tabell 6.27: Adverb med avleiingssuffikset *-liga*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|-------------------|---------------------|-----------|
| <i>ástsamliga</i> | <i>ducement</i> | Jon 400 |
| | <i>estroitement</i> | Gre 68 |
| | Omskrive | Mi 466 |
| | – | Des 214 |

6. Ord og uttrykk

Tabell 6.27: Adverb med avleiingssuffikset *-liga*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|-----------------------|------------------------------|---|
| <i>berliga</i> | <i>suvent</i> | Gui 63 |
| | – | Esk 85 Jan 296 |
| <i>bliðliga</i> | Omskrive | Gui 789 |
| <i>bráðliga</i> | – | Jan 266 |
| <i>djarfliga</i> | Ukjent gammalfransk førelegg | TvS |
| <i>einkannliga</i> | <i>durement</i> | Ti 12 |
| | <i>molt</i> | Gre 21 |
| | – | Des 691 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | StraS |
| <i>elskuliga</i> | <i>cheriseit</i> | Mi 118 |
| <i>ffjølmenniliga</i> | – | Lei 5 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | GurS StraS |
| <i>fullgerliga</i> | <i>durement</i> | Esk 289 |
| <i>gjarnsamliga</i> | <i>ben</i> | Jan 611 |
| | <i>bonement</i> | Tvl 125 |
| | <i>volentiers</i> | Jan 495 |
| | – | ForS I Gui <373, 795 Bi <121 Jan 632 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | GurS StraS |
| <i>glaðliga</i> | Ukjent gammalfransk førelegg | TvS |
| <i>gløggliga</i> | <i>mieuz</i> | Jan 606 |
| <i>gløggsýniliga</i> | – | Jan 604 |
| <i>harmanliga</i> | – | Esk 72, 103 Jan 347 |
| <i>heilhugliga</i> | Ukjent gammalfransk førelegg | TvS |
| <i>heimskliga</i> | <i>folement</i> | Esk 29 |

Tabell 6.27: Adverb med avleiingssuffikset *-liga*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|---------------------|------------------------------|-------------------|
| <i>hjalpsamliga</i> | – | Mi 471 |
| <i>(h)ryggiliga</i> | – | Eq 211 |
| <i>hugástliga</i> | – | Esk <257 |
| <i>hugfastliga</i> | <i>mut</i> | Esk 308 |
| <i>hversdagliga</i> | – | Gre 23 |
| <i>hæverskliga</i> | <i>cortoisement</i> | Gre 74 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | TvS |
| <i>iðuliga</i> | <i>sovent</i> | Nab 18 |
| <i>konungliga</i> | – | Bi 186 Jan 516 |
| <i>kurteisliga</i> | <i>avenaument</i> | Gui 508 Gre 51 |
| | <i>cortoisement</i> | Ti 55 Jan 490 |
| | <i>simplement</i> | Gre 72 |
| | – | Esk 379 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | GurS |
| <i>leyniliga</i> | <i>priveement</i> | Nab 19 |
| | – | Mi 200 Jon <99 |
| <i>listuliga</i> | – | Tvl 74 |
| <i>litillátliga</i> | – | Esk 435 |
| <i>løgliga</i> | – | Esk 330 |
| <i>mjúkliga</i> | – | Mi 217 |
| <i>náliga</i> | <i>pur un petit</i> | Tvl 208 |
| | <i>tant que pur poi</i> | Bi 143 |
| | – | Des <664 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | GurS TvS |
| <i>ofprúðliga</i> | Omskrive | Nab 14 |

6. Ord og uttrykk

Tabell 6.27: Adverb med avleiingssuffikset *-liga*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|--------------------|------------------------------|---|
| <i>opinberliga</i> | – | Esk 52 Eq <202 Jan 308 |
| <i>optliga</i> | – | Gui 417 |
| <i>optsamliga</i> | <i>meintefeiz</i> | Bi 92 Tvl 64 |
| | <i>sovent</i> | Gui 28, 719 Esk 271 (<i>soventefeiz</i>) Eq 203 Bi 6, 243 (<i>lungement</i> , men <i>sovent</i> i v. 244) Des 22 Che 218 Jon 91, 226 |
| | <i>tuz jurs</i> | Gui 834 |
| | Omskrive | Eq 42 Nab 15 |
| | – | ForS I |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | GurS |
| <i>prúðliga</i> | Omskrive | Jon 234 |
| <i>réttliga</i> | – | Bi <204 |
| <i>riddaraliga</i> | <i>aturnez</i> | Bi 192 |

6.7. Ord med særskilde avleiingar

Tabell 6.27: Adverb med avleiingssuffikset *-liga*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|---------------------|------------------------------|--|
| <i>rikuliga</i> | <i>bien</i> | Des 616 Jon 488 |
| | <i>noblement</i> | Bi 18 |
| | <i>richement</i> | Gui 47, 717, 762 Esk 288, 373, 513 Bi 192 Des 685, 733 Mi 372 Lei 10 (<i>riche</i>) |
| | – | Gui 278, 716, 748, 865 Bi 212 Des 610, 628, 753 Ti 45 Do 197 Jan 175, 511 Jon 476 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | TvS |
| <i>samþykkiliga</i> | Omskrive | Mi 466 |
| | – | Do 280 |
| <i>sannliga</i> | – | Esk 280 EqS II |
| <i>skyndiliga</i> | <i>hastifs</i> | Jon 284 |
| | <i>hastivement</i> | Gui 701, 853 Tvl 132 Mi 199, 261 |
| | <i>sans demorance</i> | Des 41 |
| | Omskrive | Esk 493 Do 79 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | GurS StraS |
| <i>snjalliga</i> | <i>avenantement</i> | Jan 534 |
| <i>snyrtiliga</i> | – | Nab 9 |
| <i>staðfastliga</i> | Omskrive | Gui 462 |
| <i>svívirðliga</i> | <i>vilein</i> | Jan 364 |

6. Ord og uttrykk

Tabell 6.27: Adverb med avleiingssuffikset *-liga*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|--------------------|------------------------------|---|
| <i>sæmiliga</i> | <i>grant honur</i> | Gui 756, 833 Do 280 |
| | – | Esk 288, <314 |
| <i>tígurliga</i> | <i>ben</i> | Des 616 |
| | Avvik | Gui 48 |
| | – | Bi 212 Des 472, 733 Jan 513 Jon 512 |
| <i>trúliga</i> | – | Des 232 |
| <i>tryggliga</i> | <i>lealment</i> | Eq 162 Tvl 72 Gei 22 Jon 304 |
| | Omskrive | Ti 13 |
| | – | Eq 198 |
| <i>tómliga</i> | <i>targaunt</i> | Gui 84 |
| | <i>tout a loisir</i> | Ti 42 |
| | Avvik | Jon 336 |
| <i>þakksamliga</i> | – | Des 33 |
| <i>úhófsamliga</i> | Omskrive | Eq 17–18 |
| <i>undarliga</i> | – | Eq 209 |
| <i>vandliga</i> | <i>bien</i> | Jon 459 |
| | <i>n'out cure</i> | Gui 58 |
| | <i>volentiers</i> | Jan 477 |
| | Omskrive | Des 689 Jon 201 |
| | – | Gui <65, 295 Esk 446 Do 196 Jon 275, 457 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | GurS RicS |

Tabell 6.27: Adverb med avleiingssuffikset *-liga*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|------------------|------------------------------|------------------------------|
| <i>vaskliga</i> | – | Gui 873 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | GurS |
| <i>venjuliga</i> | – | Lei <4 |
| <i>virðiliga</i> | <i>bien richement</i> | Jan 208 |
| | <i>noblement</i> | Nab 35 |
| | – | Eq 195 Des 583 Jon 488 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | TvS |
| <i>yndiliga</i> | Ukjent gammalfransk førelegg | StraS |
| <i>øngliga</i> | – | Jon <94 |
| <i>øruggliga</i> | – | Eq 172 |
| <i>ævinliga</i> | <i>a tuz jurs</i> | Esk 264 |

Tabell 6.27 viser at det er rett mange ulike adverb med avleiingssuffikset *-liga* som er nytta i dei gammalnorske tekstane. Fordelinga av dei 189 førekomstane på dei to skrivarane er ei anna enn for substantiva med avleiingssuffikset *-leikr*. Skrivaren Str. I står for 76 tilfelle fordelt på 39 med og 36 utan førelegg i gammalfransk tekst, i tillegg til 1 frå den nyskrivne moraliseringa på slutten av *Equitan*. Frå Str. II si hand finst det heile 113 slike adverb, 54 med og 38 utan førelegg i gammalfransk tekst, i tillegg til 21 frå strengleikane utan kjende gammalfranske førelegg.

Ei jamføring av bruken av denne typen adverb med dialektskilja i tekstane viser at også dette avleiingssuffikset oftast er nytta i forteljingane med vestnorske språkdrag. Forteljingane med flest tilfelle av desse adverba er *Guamar* (27), *Eskia* (21), *Bisclaret* (12), *Desire* (17), *Janual* (18) og *Jonet* (16). Det er likevel nokre av dei vikkværske forteljingane som har ein relativt høg frekvens av desse adverba: *Equitan* (11) og *Milun* (10).

Nokre av dei vanlegaste av desse adverba finst hovudsakleg i tekstane med vestnorske språkdrag. *Kurteisliga* finst berre i desse. Med eitt unntak i *Milun*, gjeld dette også for både *rikuliga* og *skyndiliga*.

6. Ord og uttrykk

I tekstane frå Menota er innslaget av adverb på *-liga* vesentleg høgare enn adjektiv på *-ligr*. Tabell 6.27 gjev tala for adverba.

Tabell 6.28: Frekvens av adverb med avleiingssuffikset *-liga* i dei lemmatiserte tekstane i Menota

| Handskrift | Innhald | <i>-liga</i> | Total ordmengd | Frekvens/ 1000 ord |
|-----------------|-----------------------------------|--------------|----------------|--------------------|
| DG 4–7 | <i>Strengleikar</i> | 189 | 39835 | 5 |
| DG 8 II | <i>Óláfs saga ins helga</i> | 79 | 40935 | 2 |
| Holm Perg 17 4° | <i>Thómass saga erkibiskups</i> | 569 | 59884 | 10 |
| Holm Perg 6 fol | <i>Barlaams ok Josaphats saga</i> | 556 | 76411 | 7 |

Ei jamføring av tab. 6.26 og 6.28 viser at rangeringa av dei fire tekstane er nesten den same, berre at *Thómass saga erkibiskups* og *Barlaams ok Josaphats saga* har bytta plass. Adverb med avleiingssuffikset *-liga* er oftast nytta i dei to sogene som er omsette frå latin, *Thómass saga erkibiskups* og *Barlaams ok Josaphats saga*, og særleg i *Thómass saga*. Ikkje så langt etter *Barlaams ok Josaphats saga* følgjer *Strengleikar*, medan adverb med dette avleiingssuffikset er relativt sjeldan nytta i *Óláfs saga ins helga*. Dette tyder på at adverb på *-liga* er knytte til omsette tekstar, og då særskilt til dei tekstane som har vore omsette frå latin.

6.7.4 Substantiv med avleiingssuffikset *-skapr*

Dette avleiingssuffikset hadde opphavleg tydinga ‘skapnad, form’, seinare ‘tilstand, måte, vis’. Etterkvart kom så den kollektive tydinga som ofte er å finna i desse avleiingane. I tyding ligg substantiva på *-skapr* tett opp til dei med avleiingssuffikset *-dómr*. Oftast er det avleide ordet eit substantiv, sjeldnare adjektiv og verb. I eddadikta finst det berre eitt slikt ord: *vinskapr* (Torp, 1974,

6.7. Ord med særskilde avleiingar

37). I tab. 6.29 har eg ført opp dei 6 orda eg har funne i *Strengleikar*. Det er i alt 37 førekomstar av desse orda.

Tabell 6.29: Substantiv med avleiingssuffikset *-skapr*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|---|------------------------------|--|
| <i>drengskapr</i> | Omskrive | Des 196 |
| | – | ForS I 2x Esk <244 Eq 139 Gre 82 |
| <i>félagskapr</i> | <i>cumpainie</i> | Eq 250 Do 213 |
| | <i>ensemble</i> | Gui 536 Eq 266 |
| | Omskrive | Eq 42 |
| | – | Gui 715, 841 Eq <169 Bi <120 Jan <237 |
| <i>fjándskapr</i> | Omskrive | Gui 855 |
| <i>hjónskapr</i> (<i>hjúskapr</i>) | <i>fiancee/juree</i> | Des 376 |
| | – | Gui 578 Esk 281, <368, <376, 476 EqS II |
| <i>høfðingjaskapr</i> | – | Eq 122 Gre <138 |
| <i>ridðaraskapr</i> | <i>chevalier</i> | Esk 6 Eq 16 Des 75 |
| | <i>pris</i> | Mi 333 |
| | Omskrive | Eq 13 Mi 313–314 |
| | – | Gui 51 Esk <250 Des 242 Mi 308 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | GurS |

6. Ord og uttrykk

Som me ser av tab. 6.29 er substantiva med avleiingssuffikset *-skapr* oftast nytta utan førelegg i gammalfransk tekst.¹ Med 37 førekomstar, men berre av 6 ulike slike substantiv, er det liten leksikalsk variasjon. Felles for desse substantiva i *Strengleikar* er at dei er knytte til forholdet mellom menneske. Dette kan vera *hjónskapr*, ‘ekteskap’, men òg i meir overført tyding, der til dømes *riddaraskapr* plasserer den som er omtala i eit særskilt sosialt lag.

Skrivaren Str. I har stått for brorparten med 26 førekonstar, fordelt på 16 utan og 8 med førelegg i gammalfransk tekst, i tillegg til 2 i den nyskrivne delen av *Forræða*. Str. II har stått for 11 slike substantiv, og av desse er 3 utan og 7 med førelegg i gammalfransk tekst. Eitt av substantiva er i ein av strengleikane utan kjent gammalfransk førelegg.

Ser ein på bruken av desse avleiingssuffiksa i kvar enkelt forteljing, er det tre tekststar som skil seg ut på grunnlag av frekvens; *Guiamar* (6), *Eskia* (7) og *Equitan* (9). Desse representerer både vestnorske (*Guiamar* og *Eskia*) og vikværske (*Equitan*) dialektar. Fellesnemnarane for desse forteljingane er skrivaren Str. I og den kronologiske rekkjefølgja dei står i N.

Det er ikkje så mange døme på substantiv på *-skapr* i Menota, særleg ikkje i *Óláfs saga ins helga*.

Tabell 6.30: Frekvens av substantiv med avleiingssuffikset *-skapr* i dei lemmatiserte tekstane i Menota

| Handskrift | Innhald | <i>-skapr</i> | Total ordmengd | Frekvens/ 1000 ord |
|-----------------|-----------------------------------|---------------|----------------|--------------------|
| DG 4–7 | <i>Strengleikar</i> | 37 | 39835 | 0,9 |
| DG 8 II | <i>Óláfs saga ins helga</i> | 3 | 40935 | 0,000073 |
| Holm Perg 17 4° | <i>Thómass saga erkibiskups</i> | 63 | 59884 | 1,1 |
| Holm Perg 6 fol | <i>Barlaams ok Josaphats saga</i> | 24 | 76411 | 0,3 |

1. Eit søk på lemmaet “*.skapr” i *Strengleikar* i Menota (<http://gandalf.uib.no:8008/corpus/menota.xml>) gjev ikkje 37, men 35 treff. Ei jamføring med mine egne oppføringar av substantiv med dette lemmaet viser at det er to slike som er nytta i *Equitan* som ikkje er talde med i Menota si søketeneste. Dette er *drengskapr* i v. 139 og deretter *hjónskapr* i moraliseringa mot slutten av forteljinga (EqS II). Det viser seg at *drengskapr* (v. 139) ikkje er blitt kopla mot ordbok og lemma i Menota. *Hjónskapr* slik det er nytta i uttrykket *hiuscaps felaga* (EqSII) er merkt med normalisert form *hiúskapsfélagi*. Dette viser ingen stad. Eit slikt substantiv finst korkje i Fritner eller Heggstad.

Tabell 6.30 viser at substantiv med avleiingssuffikset *-skapr* oftast er nytta i dei omsette tekstane. Samstundes er dei nytta nesten fire gongar så ofte i *Thómass saga erkibiskups* som i *Barlaams saga ok Josaphat*, begge omsette frå latin. Desse substantiva er oftast nytta i *Thómass saga* og *Strengleikar*.

6.7.5 Adjektiv med avleiingssuffikset *-samr*

Avleiingssuffikset *-samr* hadde opphavleg grunntydinga ‘sams med, som høver til, samstavast med’. Storparten av orda er avleidde frå abstrakte substantiv, og kan då få følgjande tydingar: ‘som har den eller den eigenskapen’, ‘som har ønske om’, eller ‘full av’ (Torp, 1974, 35).

Det er tre døme på adjektiv med avleiingssuffikset *-samr* i *Strengleikar*, kvart med ein førekomst.

Tabell 6.31: Adjektiv med avleiingssuffikset *-samr*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|------------------|--------------|-----------|
| <i>skartsamr</i> | Avvik | Gui 515 |
| <i>skynsamr</i> | – | Gui 515 |
| <i>úhófsamr</i> | – | Nab <23 |

Det er så få slike adjektiv i *Strengleikar* at det ikkje går an å dra slutningar ut frå bruken og fordelinga av desse. Heller ikkje i tekstane frå Menota er adjektiv på *-samr* særleg frekvente, som vist i tab. 6.32.

Tabell 6.32: Frekvens av adjektiv med avleiingssuffikset *-samr* i dei lemmatiserte tekstane i Menota

| Handskrift | Innhald | <i>-samr</i> | Total ordmengd | Frekvens/ 10 000 ord |
|-----------------|-----------------------------------|--------------|----------------|----------------------|
| DG 4–7 | <i>Strengleikar</i> | 3 | 39835 | 0,8 |
| DG 8 II | <i>Óláfs saga ins helga</i> | 7 | 40935 | 1,7 |
| Holm Perg 17 4° | <i>Thómass saga erkibiskups</i> | 15 | 59884 | 2,5 |
| Holm Perg 6 fol | <i>Barlaams ok Josaphats saga</i> | 47 | 76411 | 6,2 |

6. Ord og uttrykk

I tab. 6.32 har eg valt å gje frekvensar per 10 000 ord, og ikkje per 1000 ord slik eg til no har gjort. Trass låge tal er skilnadene store. Dei to verka som er omsette frå latin rangerer øvst, men det er eit langt sprang frå *Barlaams ok Josaphats saga* med 6,2 til *Thómass saga erkibiskups* med 2,5 slike adjektiv per 10 000 ord. Eg vil òg peika på at desse adjektiva dobbelt så ofte er nytta i *Óláfs saga ins helga* som i *Strengleikar*. Tala for desse er så låge at denne variasjonen kan vera reint tilfeldig.

6.7.6 Substantiv med avleiingssuffikset *-semd*

Opphavet til substantiva med avleiingssuffikset *-semd* finn Torp i adjektiva med avleiingssuffikset *-samr*. Desse er omtala ovanfor. Torp peikar samstundes på at det finst substantiv med avleiingssuffikset *-semd* utan at noko opphavleg adjektiv er kjent. Dermed har truleg *-semd* vore eit sjølvstendig suffiks (1974, 35). Det finst fem substantiv med avleiingssuffikset *-semd* i *Strengleikar*, med i alt 22 førekomstar.

Tabell 6.33: Substantiv med avleiingssuffikset *-semd*

| Gammalnorsk | Gammalfransk | Tekststad |
|-----------------|------------------------------|----------------------------------|
| <i>ástsemd</i> | <i>amur</i> | Gui 648 Des 417 |
| | Avvik | Bi 265 |
| | – | Gui <577, 758 |
| <i>grunsemd</i> | <i>mescreauncē</i> | Jon 148 (<i>illa grunsemd</i>) |
| | <i>nule rien</i> | Bi 82 (<i>illa grunsæmd</i>) |
| | Omskrive | Des 165 |
| | – | Gui 436 Jon 32 |
| <i>hófsemd</i> | <i>mesure</i> | Tvl 189 |
| <i>skynsemd</i> | <i>reisun</i> | Eq 20 Mi 83 |
| | – | ForS I Eq <69, 307 Mi <291 |
| | Ukjent gammalfransk førelegg | GurS 3x |
| <i>úhófsemd</i> | – | Eq <79 |

6.7. Ord med særskilde avleiingar

Av dei 22 førekomastane i tab. 6.33 stammar 11 frå skrivaren Str. I og 11 frå Str. II. Av dei 11 som er nedskrivne av Str. I, er 6 utan og 3 med førelegg i gammalfransk tekst. I tillegg er ein av førekomstane ei avvikande omsetjing og ein annan stammar frå den nyskrivne delen av *Forræða*. Av dei 11 som kjem frå handa Str. II, er 5 med og 3 utan førelegg i gammalfransk tekst. Dei tre siste av desse substantiva står i *Gurun*, ein av tekstane utan kjent gammalfransk førelegg.

Bruken av dei fem substantiva på *-semd*, fire om ein reknar *úhófsemd* som den nektande varianten av *hófsemd*, er klart todelt. *Ástsemd* og *grunsemd* er berre nytta i tekstar med vestnorske språkdrag, medan (*ú*)*hófsemd* og *skynsemd* berre finst i tekstar med vikkværske språkdrag.

Tekstane frå Menota har noko fleire døme på substantiv på *-semd* enn adjektiv på *samr*, men nokon høg frekvens er det ikkje. Tabell 6.34 viser fordelinga.

Tabell 6.34: Frekvens av substantiv med avleiingssuffikset *-semd* i dei lemmatiserte tekstane i Menota

| Handskrift | Innhald | <i>-semd</i> | Total ordmengd | Frekvens/ 10 000 ord |
|-----------------|-----------------------------------|--------------|----------------|-------------------------|
| DG 4–7 | <i>Strengleikar</i> | 22 | 39835 | 5,5 |
| DG 8 II | <i>Óláfs saga ins helga</i> | 4 | 40935 | 1 |
| GKS 2364 4° | <i>Völuspá</i> | 0 | 1486 | 0 |
| Holm Perg 17 4° | <i>Thómass saga erkibiskups</i> | 46 | 59884 | 7,7 |
| Holm Perg 6 fol | <i>Barlaams ok Josaphats saga</i> | 93 | 76411 | 12,1 |

Også i tab. 6.34 gjev eg derfor her frekvensen per 10 000 ord og ikkje per 1000 ord. Rangeringa av tekstane er den same som for adjektiva med avleiingssuffikset *-samr*. Dei tekstane som er omsette frå latin rangerer øvst, men nok ein gong er frekvensen klart høgast i *Barlaams saga ok Josaphats*. *Strengleikar* hamnar i eit mellomlag, medan *Óláfs saga ins helga* har færrest slike substantiv. Det ser ut til at desse substantiva er knytte til omsetjingslitteraturen, og då særleg dei verka som er omsette frå latin.

6.8 Presens partisipp

Den hyppige bruken av presens partisipp har av ein rekkje forskarar vore rekna for å vera sær eigen for den lærde eller høviske stilen (Nygaard, 1906, §179; Iversen 1946, §174; Halvorsen, KLM 7, 315-318; Astås, 1987). Jónas Kristjánsson (1982, 437) meiner derimot at det ikkje er slik. Eg vil i det som følgjer først sjå på bruken av presens partisipp i *Strengleikar* jamført med *lais*. Deretter kjem ei statistisk jamføring av frekvensen av presens partisipp i dei lemmatiserte tekstane i Menota.

Presens partisipp er nytta 107 gonger i dei gammalnorske tekstane.¹ Forma er ofte nytta i samsvar med den gammalfranske teksten:

- Substantiverte partisipp-former vert omsette til substantiverte partisipp: *que rien vivant* i *Chievrefoil* (v. 93) er attgjeve som *yuir alla livannde* i den gammalnorske forteljinga *Geitarlauf*.
- Presens partisipp nytta attributivt vert attgjeve attributivt: *Flot muntant* i *Guigemar* (v. 267) er omsett til *jnnfallande floð*.
- Presens partisipp nytta i predikativt vert attgjeve predikativt: *En la fenestre vint volant* i *Yonec* (v. 309) er attgjeve som *ok kom fliugannde i glyggenn*.
- Den franske *gérondif*-forma som er danna av *en* + presens partisipp er omsett til presens partisipp: *Tut en riant li dit* i *Guigemar* (v. 509) er omsett til *ok læiande mællte til hans*.

I eitt tilfelle er ein type presens partisipp erstatta med ein annan type:

- Den substantiverte partisipp-forma i vers 176 i *Equitan*, *Vus orguilluse e jeo preianz*, er attgjeve som verbalforma i den gammalnorske teksten: *Ver þu mikillot en ec biðill | þinn. þic biðiande*.

Slett ikkje alle presens partisipp-former i dei gammalfranske tekstane har fått presens partisipp på gammalnorsk. Nokre av dei er utelatne eller del av vers som

1. Eit søk på denne grammatiske forma i *Strengleikar* i Menota gjev ikkje 107, men derimot 102 døme på denne forma i N. Dei fem ekstra døma som eg tel med, er tre tilfelle av *viðrkomandi* (to i ForS I og eitt i EqS II). Både i *Forræða* og i *Equitan* er denne partisipp-form nytta i tautologien *verandi ok viðrkomandi*. *Verandi* er analysert som ei presens partisipp-form i Menota, og det burde også *viðrkomandi* vera. Det substantiverte partisippet *elskandi* er nytta fleire gongar i *Tveggia elskanda ljóð*, der det er analysert som substantiv i Menota.

ikkje er omsette, som til dømes *ferre semblant* (Des 561). Partisipp-formene kan også vera omskrivne: *aleitant* i Esk (192) er attgjeve som *a brioste var*.


Fordelinga av dei gammalnorske partisippa på dei to skrivarhendene er nær lik. Str. I har 50 presens partisipp-former, medan Str. II har 57. Av dei 50 som Str. I har, er 32 utan og 12 med førelegg i partisipp-former i gammalfransk tekst. I tillegg er det 6 slike i den nyskrivne delen av *Forræða* og moraliseringa i *Equitan*. På den andre sida er det 36 utan og 11 med førelegg i partisipp-former i gammalfransk tekst av den delen Str. II har skrive. Det er dessutan 10 slike partisipp i dei tekstane der det ikkje finst kjende gammalfranske førelegg.

Eg kjem altså fram til at storparten av partisipp-formene i dei gammalnorske tekstane ikkje har førelegg i dei gammalfranske tekstane. Fellesnemnaren for mange av desse er at dei er nytta for å signalisera at noko er vedvarande; *ok þessa mœy mer fylgiande* (Gui 354), eller at det er ei handling som vert repertert fleire gonger over tid; *æggiande hann* (Esk 316). Begge desse døma er omskrivingar av dei gammalfranske førelegga. Andre er nytta som adjektiv, mellom anna *dugandi* er skote inn fleire gonger (til dømes Esk, 47, >97 og 115). Nokre få er substantiverte partisipp-former; *lifandi* (Gui 39; Tvl 24) og *verandi* (Esk >377).

Ser ein på fordelinga av presens partisipp-formene i forhold til inndelinga på grunnlag av dialektar, er det flest tilfelle av presens partisipp i nokre av dei forteljingane som viser vestnorske språkdrag; *Guiamar* (11), *Eskia* (13), *Janual* (10) og *Jonet* (13). Samstundes er det to av dei vikværske forteljingane som har mange slike partisipp-former, særskilt med tanke på at desse forteljingane er nokså korte; *Equitan* (14, der har EqS I 11 og EqS II har 3) og *Tveggia elskanda lioð* (8). Forklaringa på at det er mange slike partisipp-former i *Tveggia elskanda lioð* er at den substantiverte partisipp-forma *elskandi* er nytta 4 gonger i tittelen og den narrative ramma.

I dei gammalfranske tekstane er det 63 førekomstar av presens partisipp eller *gérondif*-formar. Av desse er berre 24 attgjevne med presens partisipp i den gammalnorske tekstane. Som vist ovanfor er det slik at storparten av presens partisipp-formene i dei gammalnorske tekstane ikkje har gammalfranske førelegg. Det er såleis eit forbausande mishøve i bruksmåten. Dersom presens partisipp skal reknast som ein stilmarkør i *Strengleikar*, er det såleis ikkje kopiering av førelegget, men ein sjølvstendig bruk. Dette kan illustrerast i eit Venn-diagram.

6. Ord og uttrykk



Figur 6.1. Bruken av presens partisipp-former i *Strengleikar* og *lais*

Dei gammalnorske tekstane i Menota har overraskande stor variasjon i frekvensen av presens partisipp.

Tabell 6.35: Frekvens av presens partisipp i dei lemmatiserte tekstane i Menota

| Handskrift | Innhald | Presens partisipp | Total ordmengd | Frekvens/ 1000 ord |
|-----------------|-----------------------------------|-------------------|----------------|--------------------|
| DG 4–7 | <i>Strengleikar</i> | 102 | 39835 | 3 |
| DG 8 II | <i>Óláfs saga ins helga</i> | 11 | 40935 | 0,0003 |
| Holm Perg 17 4° | <i>Thómass saga erkibiskups</i> | 552 | 59884 | 9 |
| Holm Perg 6 fol | <i>Barlaams ok Josaphats saga</i> | 160 | 76411 | 2 |

Tabell 6.35 viser at frekvensen av presens partisipp er særleg høg i *Thómass saga erkibiskups*. Dette er i samsvar med den vanlege oppfatninga om at presens partisipp oftare er nytta i omsetjingane frå latin. Derimot er tala for dei tre andre tekstane låge. Presens partisipp er litt oftare nytta i *Strengleikar* enn i *Barlaams ok Josaphats saga*, medan dei 11 førekomstane i *Óláfs saga ins helga* gjev ein så låg frekvens at han i tabellen ovanfor må førast opp med fire desimalar. Samla tyder desse resultatane på at bruken av presens partisipp klart er større i dei omsette tekstane enn i dei som ikkje har hatt utanlandske førelegg. Samstundes er det eit stort spenn i frekvensen av presens partisipp-former mellom dei omsette tekstane, ikkje berre omsetjinga frå gammalfransk, *Strengleikar*, men òg mellom dei to

omsetjingane frå latin, *Barlaams ok Josaphats saga* og *Thómass saga erkibiskups*. Dette gjer at eg ikkje meiner at det med dette korpuset er grunnlag for å meina noko anna enn at det ser ut til at presens partisipp er oftast nytta i dei omsette tekstane, men at det er stor variasjon mellom desse. Når Menota utvidar tekstarkivet sitt vil det vera interessant med ei jamføring av frekvensen av presens partisipp-former i fleire tekstar.

6.9 Tempohevande uttrykk

i því, því næst og þegar

Som nemnt i forskingshistoria (s. 225 ovanfor) såg Hallberg (1971) og Schach (1975) dei tempohevande uttrykka *i því, því næst* og *þegar* som individuelle stilkjenneteikn som kunne knytast til særskilte tekstredaktørar. Dersom dette stemmer, kan fordelinga av adverba i *Strengleikar* fortelja noko om framvoksteren til desse forteljingane. Det er mogleg at:

- Adverba kan vera knytte til dei to dialektane som er synlege i *Strengleikar*.
- Adverba kan vera knytte til dei to skrivarhendene.
- Adverba kan vera jamt nytta på tvers av alle skilje i N og kan stamma frå eit eldre tekstlag.
- Adverba kan vera fordelte i tekstane utan at det er mogleg å sjå noko mønster i bruken av dei.

6.9.1 Bruk av *i því*

I *Strengleikar* er *i því* nytta utan gammalfransk førelegg 6 gonger (Gui 303; Des 536, <634, 635; Ti 54 og Jon 109). Ein gong attgjev det *quant* (Jan 548) og ein gong er det nytta i ei av forteljingane som ikkje har kjent gammalfransk førelegg (GurS). Dette talet er lågare enn det som vert gjeve av Schach (1975, 121), som meiner at *i því* er nytta 10 gonger i *Strengleikar*. Eg kan ikkje sjå noka anna forklaring på avviket enn at Schach har vore uheldig og teke med to demonstrativ av typen *i því lande funndusk* (Gui <718) i oppteljingane sine. I sju av åtte tilfelle er *i því* nytta av skrivaren Str. II, og i sju av åtte tilfelle er adverbet nytta i forteljingar med vestnorske språkdrag.

6. Ord og uttrykk

Dei gammalnorske tekstane i Menota viser at *i því* er eit lite frekvent uttrykk.

Tabell 6.36: Frekvens av *i því* i dei lemmatiserte tekstane i Menota

| Handskrift | Innhald | <i>i því</i> | Total ordmengd | Frekvens/ 10 000 ord |
|-----------------|-----------------------------------|--------------|----------------|-------------------------|
| DG 4–7 | <i>Strengleikar</i> | 8 | 39835 | 2 |
| DG 8 II | <i>Óláfs saga ins helga</i> | 2 | 40935 | 0,5 |
| Holm Perg 17 4° | <i>Thómass saga erkibiskups</i> | 3 | 59884 | 0,5 |
| Holm Perg 6 fol | <i>Barlaams ok Josaphats saga</i> | 6 | 76411 | 0,8 |

Også i tab. 6.38 er tala så låge at eg vel å gje frekvensen på 10 000 ord. Dei høviske omsetjingane i *Strengleikar* merkjer seg ut med klart høgast frekvens av *i því*. Det er såleis grunnlaf for å rekne bruken av *i því* som eit stilkjenneteikn for *Strengleikar*.

6.9.2 Bruk av *því næst*

Uttrykket *því næst* er mykje oftare nytta i *Strengleikar* enn *i því*. Det skjematisk oversynet i tab. 6.37 viser fordelinga av adverbet i kvar strengleik. Totalt er *því næst* nytta 63 gongar i *Strengleikar*.

Tabell 6.37: Bruk av *því næst* i *Strengleikar*

| Med førelegg | Utan førelegg | Total | Frekvens/ 10 000 ord | |
|--|--|-------|-------------------------|-----|
| <i>Aprés</i> : 105 <i>De ci</i> : 144 <i>Puis</i> : 141, 576, 617, 741 | 76, 147, 291, 308, 570, 630, 655, 871 | 14 | 2,2 | Gui |
| <i>Quant</i> : 409 | 135, 149, 155, 276, 471 | 6 | 1,4 | Esk |
| <i>a tant</i> : 161 <i>après</i> : 185 | 43, 119 | 4 | 1,3 | Eq |
| – | 138 | 1 | 1,3 | La |

Tabell 6.37: Bruk av *pvi næst* i *Strengleikar*

| Med førelegg | Utan førelegg | Total | Frekvens/ 10 000 ord | |
|--|----------------------------|-------|-------------------------|-------|
| <i>Puis</i> : 68, 247 <i>A tant</i> : 404 | 274, 453, 610 | 6 | 1,1 | Des |
| – | 19 | 1 | 2,6 | Ti |
| <i>A l'ainz qu'il pot</i> : 79 | 131, 266 | 3 | 2,2 | Do |
| <i>Puis</i> : 80 | – | 1 | 0,7 | Tvl |
| – | 5x | 5 | 2,3 | Gur |
| – | 124–126, 195, 507 | 3 | 1,6 | Mi |
| <i>A tant</i> : 102 | 76 | 2 | 2,8 | Gei |
| – | 3x | 3 | 5,1 | StraS |
| – | 311, 329 | 2 | 0,7 | Jan |
| <i>Puis</i> : 278, 547 <i>Aprés</i> : 257 | 355, 360, 382, 454, 540 | 8 | 2,4 | Jon |
| – | 2x | 2 | 1 | TvS |
| <i>Quant</i> : 49 | 80 | 2 | 2,8 | Gre |

Som me ser av tab. 6.37 er *pvi næst* oftast nytta utan førelegg i gammalfransk tekst (19 med førelegg og 44 utan). Fordelinga på dei to skriarhendene er nokså jamn. Str. I står for 37 tilfelle, 9 med og 18 utan førelegg i gammalfransk tekst. I tillegg er det 10 tilfelle av *pvi næst* skrivne av Str. II i tekstar utan kjende gammalfranske førelegg. Str. I har 26 førekomstar av *pvi næst*, 16 med og 10 utan førelegg i gammalfransk tekst. I tabellen ovanfor kjem det fram at forteljingane *Guimar*, *Eskia*, *Desire*, *Gurun* og *Jonet* har flest tilfelle av *pvi næst*. Dei er alle lange forteljingar og med ei meir innfløkt handling enn dei som berre fortel om ein episode. På den andre sida er frekvensen av *pvi næst* høgast i dei kortaste av strengleikane, der ein forekomst gjev stort utslag i frekvensutrekninga. Når fordelinga er så jamn som ho er her, er det vanskeleg å nytta den til ei profilering av tekstredaktørar.

6. Ord og uttrykk

Dei andre gammalnorske tekstane i Menota viser at *því næst* er eit lite frekvent uttrykk.

Tabell 6.38: Frekvens av *því næst* i dei lemmatiserte tekstane i Menota

| Handskrift | Innhald | <i>því næst</i> | Total ordmengd | Frekvens/ 1000 ord |
|-----------------|-----------------------------------|-----------------|----------------|--------------------|
| DG 4–7 | <i>Strengleikar</i> | 63 | 39835 | 1,6 |
| DG 8 II | <i>Óláfs saga ins helga</i> | 15 | 40935 | 0,4 |
| Holm Perg 17 4° | <i>Thómass saga erkibiskups</i> | 0 | 59884 | 0 |
| Holm Perg 6 fol | <i>Barlaams ok Josaphats saga</i> | 16 | 76411 | 0,2 |

Tabell 6.38 viser at *Strengleikar* har den klart høgste frekvensen. Bruken i dei to omsetjingane frå latin er svært ulik – det er ikkje eitt tilfelle i *Thómass saga erkibiskups*, medan *Barlaams og Josaphats saga* trass alt har nokre førekomster. *Óláfs saga ins helga* har dobbelt så høg frekvens som den omsette *Barlaams og Josaphats saga*.

Plasseringa av *því næst* i *Barlaams og Josaphats saga* er påfallande. Uttrykket er berre å finna i den siste delen av handskriftet. Første tilfelle av *því næst* finst på bl. 88, og deretter er uttrykket jamt fordelt utover i handskriftet. Handskriftet Holm Perg 6 fol er skrive av ein skrifvar (Rindal, 1981, *17), og dermed heng ikkje bruken av *því næst* saman med eit skrifvarskifte. Men det kan ha samanheng med eit skrifvarskifte på eit tidlegare steg i overleveringa.

6.9.3 Bruk av *þegar*

Adverbet *þegar* er nytta ikkje mindre enn 133 gonger i *Strengleikar*. Tabell 6.39 viser korleis bruken fordeler seg på dei ulike forteljingane.

Tabell 6.39: Bruk av *þegari* *Strengleikar*

| Med førelegg | Utan førelegg | Totalt | Frekvens/ 1000 ord | Forteljing |
|--|--|--------|-----------------------|------------|
| <i>demeintenaunt</i> : 96 <i>Al plus tost</i> : 633 <i>ki tost</i> : 688 | 41, 81, 93, 304, 306, 330, 387, 432, 460, 466, 500, 528, 579, 584, 592, 614, 619, 637, 699, 769, 801, 805, 809, 821, 866 | 28 | 4,4 | Gui |
| – | 136, 191, 196, 252, 289, <295, 400, 403, 427, 443, 445, 455, 493 | 13 | 3,4 | Esk |
| – | 101 (x2), 103, 106, 229, 287, 293, 298, 301 | 9 | 2,9 | Eq |
| <i>quant</i> : 139 | 37, 68, 146, 231, 261, 278, <300 | 8 | 2,9 | Bi |
| – | <7, 96, 103, 104, <117, <149 | 6 | 7,5 | La |
| <i>hastivement</i> : 70 <i>si tost</i> : 558 | 145, 199, 207, 215, 286, 361, 465, 496, 546, 637, <641, <646 | 14 | 2,6 | Des |
| – | <95, <137, 137, 144, 206 | 5 | 7,6 | Che |
| <i>hastivement</i> : 245 | 87, 103, 235, 236 | 5 | 2,2 | Do |
| – | 147, 156, 223 | 3 | 2,0 | Tvl |
| – | 10x | 10 | 4,7 | GurS |
| – | 173, 245, 261, 264, 270, 416, 429, 432, 482 | 9 | 4,7 | Mi |
| – | 167, 240, 325, 382, 487, 601, 608, 626 | 8 | 3,0 | Jan |
| <i>si tost cum</i> : 393 | 269, 513, 543 | 4 | 1,2 | Jon |
| Ikkje kjent førelegg | 2x | 2 | 4,2 | Ric |
| Ikkje kjent førelegg | 3x | 3 | 1,5 | Tvs |
| – | 54 | 1 | 1,4 | Gre |

6. Ord og uttrykk

Av dei 128 førekomstane i *Strengleikar* er 8 med og 120 gonger utan førelegg i gammalfransk tekst. I tillegg er adverbet nytta 5 gonger i forteljingar utan kjende gammalfranske førelegg. Fordelinga på dei to skriarhendene er jamn. Str. I har 66 førekomstar. Av desse har 5 førelegg i gammalfransk tekst. Str. II har 62 førekomstar av *pegar*, og av desse har 3 førelegg i gammalfransk tekst. Det er dermed ikkje sannsynleg at bruken av *pegar* er knytt til skriarane.

Fordelinga av *pegar* på dialektane i kvar forteljing i *Strengleikar* er jamn. Nokre av forteljingane peiker seg ut med ein høg frekvens. Dette gjeld særleg *Laustik* og *Chetovel*. Som før nemnt er desse både mellom dei kortaste, og samstundes dei mest nedkorta, forteljingane i *Strengleikar* og det skal ikkje mange tilfelle av eit ord til før det slår mykje ut på frekvensutrekninga. Begge forteljingane tek for seg ein enkelt episode.

I dei gammalnorske tekstane i *Menota* er det ein viss skilnad i frekvensen, men ikkje dramatisk. Dette går fram av tab. 6.40.

Tabell 6.40: Frekvens av *pegar* i dei lemmatiserte tekstane i *Menota*

| Handskrift | Innhald | <i>pegar</i> | Total ordmengd | Frekvens/ 1000 ord |
|-----------------|-----------------------------------|--------------|----------------|--------------------|
| DG 4–7 | <i>Strengleikar</i> | 126 | 39835 | 3,2 |
| DG 8 II | <i>Óláfs saga ins helga</i> | 61 | 40935 | 1,5 |
| Holm Perg 17 4° | <i>Thómass saga erkibiskups</i> | 153 | 59884 | 2,6 |
| Holm Perg 6 fol | <i>Barlaams ok Josaphats saga</i> | 128 | 76411 | 1,7 |

Adverbet *pegar* er oftast nytta i den teksten som er omsett frå gammalfransk, altså *Strengleikar*. Deretter kjem *Thómass saga erkibiskups* og til slutt plasserer *Barlaams ok Josaphats saga* og *Óláfs saga ins helga* seg nokså likt. Kanskje det mest interessante resultatet her er at det er så liten skilnad mellom den heimlege *Óláfs saga ins helga* og den omsette *Barlaams ok Josaphats saga*. Sjølv om frekvensen av *pegar* er høgst i *Strengleikar*, er han ikkje så mykje lågare i *Thómass saga erkibiskups*. Det er derfor vanskeleg å rekna *pegar* som noko stilkjenneteikn for *Strengleikar*.

6.10 Oppsummering

I dette kapitlet såg eg først på attgjevinga av sentralt gammalfransk vokabular i *Strengleikar* og jamførte eventuelle variasjonar i attgjevinga med dei to inndelingane i N, skrivarskiftet og dialektvariasjonen. Deretter såg eg på bruk og fordeling av ord med utvalde avleiingssuffiks, presens partisipp og nokre tempohevande ut-trykk. I denne andre delen av kapitlet jamførte eg også bruken og fordelinga av orda som vart granska med skrivarskiftet og dialektvariasjonen. Eg rekna dessutan ut frekvensen for desse orda i både *Strengleikar* og i dei lemmatiserte tekstane i Menota og jamførte desse.

6.10.1 Kjernevokabular

Kjernevokabularet i *Strengleikar* omfattar sjangernemningar, og uttrykk for kjærleik, dygder og sosial status. For den første delen av granskinga formulerte eg derfor to hypotesar:

1. I dei fleste tilfelle har det stereotype vokabularet i dei gammalfranske tekstane gjeve stereotype gammalnorske omsetjingar. Omsetjinga av gammalfranske enkeltord er nesten alltid lik. Dei har då vore stabile i overleveringa av dei gammalnorske tekstane og kan forklarast som omsetjaren sitt verk. Seinare avskrivningar kan vanskeleg ha forårsaka konsekvensen, når dei ikkje hadde kjennskap til den gammalfranske kjeldeteksten.
2. I nokre tilfelle er det stereotype vokabularet i dei gammalfranske tekstane attgjeve på varierende vis i dei gammalnorske tekstane. I slike tilfelle er det mogleg å gruppera dei gammalnorske forteljingane på grunnlag av omsetjinga av enkeltord. Her kan ein finne spor etter ein eller fleire tekstredaktørar.

Den første gruppa av dei gammalfranske orda som vart granska er knytt til dei mest stabile delane av narrasjonen, det vil seia den narrative ramma og kjærleiken.

Granskinga av den narrative ramma i kap. 6.3 var todelt. Som me såg i kap. 6.3.1 er den gammalfranske sjangernemninga *lais* omsett med samanstillingar av dei nær synonyme nemningane *strengleikr* og *ljóð* i den første halvdelan av N, medan det i andre halvdelan berre er nytta *strengleikr*. Dette skiljet er nesten heilt samanfallande med skrivarskiftet i *Desire* – det einaste tilfellet av synonym bruk av *strengleikr* og *ljóð* hos Str. II er på slutten av denne forteljinga. Eg ser det som sannsynleg at den varierende bruken av *strengleikr* og *ljóð* er knytt til skrivarskiftet. Den synonyme samanstillinga kan stamma frå ein tidlegare tekstredaktør, slik at Str. I kan ha attgjeve førelegget sitt meir trufast enn det Str. II

6. Ord og uttrykk

gjorde. I kap. 6.3.2 fann eg at det gammalfranske *aventure* nesten gjennomført er omsett til *atburðr*. Med motsatt vinkling fann eg at dei gammalfranske førelegga til *atburðr* oftast var *aventure* eller ei form av verbet *avenir*.

I kap. 6.4 granska eg attgjevinga av ord knytt til dei ulike fasane av kjærleiken. Denne granskinga gjekk frå dei generelle termane om kjærleik til omgrep som høyrer til både dei fysiske uttrykka for kjærleikspinsler og den fysiske kjærleiken. sjølvSom me såg i kap. 6.4.1 kan ikkje omsetjinga av *amur* ha vore mekanisk, men ein gammalnorsk tekstredaktør har skjönt at *amur* femner både om kjærleiken mellom mann og kvinne, det som svarar til det norrøne omgrepet *ást* og samansetjingar med dette, og den formen for kjærleik som finst mellom familie eller venner. Attgjevinga av det gammalfranske verbet *a(i)mer* er varierende. Verbet kan på gammalfransk både nyttast om kjærleik mellom mann og kvinne, men som *amur* kan det òg nyttast om kjærleik mellom vener og familiemedlemmer. Attgjevingane i *Strengleikar* viser at ein gammalnorsk tekstredaktør har vurdert situasjonane *a(i)mer* er nytta i og attgjeve dei med eit høveleg omgrep. Substantiva *amie* og *ami* er oftast omsett til *unnasta* og *unnasti*. Dei gammalfranske omgrepa *druërie* og *dru(e)* er knytte til den høviske kjærleiken. Som me såg i kap. 6.4.2 er dei gammalnorske attgjevingane av desse gjennomførte. Det gammalfranske vokabularet som er nytta om smerta og pininga kjærleiken framkallar, jamførte eg med dei gammalnorske tekstane i kap. 6.4.3. Smerta har gjeve ein etter måten stor leksikalsk variasjon i omsetjingane. der substantivet *harmr* merkjer seg ut ved å gå igjen i ulike samanstillingar. Gammalfranske ord med rota *dol-* er oftast attgjeve med *harmr* eller ei avleiing av eller samansetjing med dette substantivet. Elskhugen eller den fysiske kjærleiken i *Strengleikar* er òg stereotyp, og dei gammalfranske verba *acoler* og *baiser* er oftast attgjeve med *kyssa* og *halsfaðma*. Som vist i kap. 6.4.4 finst ikkje elskhugen omtala i *Strengleikar* utan at det er førelegg i gammalfransk tekst. Samstundes vert den gammalfranske fysiske kjærleiken oftast omsett til gammalnorsk. Eg jamførte dessutan talet på skildringar av fysisk kjærleik med Sävborg sine granskingar av kjærleiken i islendingesogene (2007) og fann at det er fleire slike skildringar i *Strengleikar* enn i det samla korpuset hans.

Den andre gruppa av dei gammalfranske orda som vart granska, er knytt til element som kan ha vore framandarta for eit gammalnorsk publikum, det vil seia dei personifiserte dygdene og personnemningar og titlar. Som me såg i kap. 6.5 er dygdene *Amur*, *Fortune* og *Nature* oftast ikkje attgjevne i *Strengleikar*. Det er òg teikn i nokre av forteljingane på at dei *lais* omsetjaren arbeidde med, kan ha hatt no tapte kuplettar om desse dygdene.

Kapittel er ei til dels tovegs gransking av bruk og attgjeving av personnemningar og titlar i *lais* og *Strengleikar*. Resultatet av denne granskinga var at det er liten variasjon i attgjevinga av nemningane som er nytta om dei låge i samfunnet,

men at det er større variasjon i attgjevinga av titlane. Dette har vanlegvis vore vurdert som vakling i omsetjinga, men eg meiner at det er ein tendens til medviten presisering av rolla til kvar enkelt person etterkvart som denne endrar seg i narrasjonen. I det det vert allment kjent at *Eskia* ikkje berre er ei frille, men av nobel ætt, vert dette presisert i omtalen av henne. Den moralske statusen til kvinna og den nye ektemannen hennar endrar seg i løpet av den gammalnorske *Bisclaret*, og det vert spegla i nemningane som vert nytta om dei. Den mest omfattande endringa i statusen til ein person er å finna i *Equitan*. I denne forteljinga er kongsstatusen til hovudpersonen nær forsvunnen frå den gammalnorske omsetjinga. Ei slik sletting av kongsstatus kan henga saman med dei umoralske handlingane og den lite ærefulle dauden hans. Det truleg nyskrivne latinske verset på slutten av forteljinga grunngjev utelatinga av kongsstatusen.

Berre ei av attgjevingane av dei gammalfranske orda som vart granska i kapitla 6.3, 6.4, 6.5 og , er til hjelp i ei profilering av tekstredaktørar i *Strengleikar*. Det er dei to termene *strengleikar* og *ljóð*. Det ser ut til at den synonyme bruken av desse i attgjevinga av det gammalfranske *aventure* er knytt til skrivarskiftet. Det kan hende at Str. I kopierer teksten i førelegget sitt, medan Str. II kortar ned teksten i førelegget sitt, og stryk mellom anna eit av desse to substantiva der desse er nytta synonymt.

Om ikkje granskinga har vore til hjelp i å skilja ut fleire tekstredaktørar, har ho likevel gjeve resultat. For det første har den gammalnorske omsetjaren hatt forståing for at det semantiske innhaldet i ein del av dei gammalfranske kjærleiksomgrepa er kontekstavhengig og ikkje overlappande med dei gammalnorske orda. Resultatet av dette er at det ikkje alltid er eit 1:1 forhold i omsetjinga av gammalfranske enkeltord. Det andre resultatet eg vil framheva er knytt til dei gammalfranske tekstane, og då berre nokre av desse. Kartlegginga av dei personifiserte dygdene viste at desse, bortsett frå eitt tilfelle i *Lanval*, berre førekjem i dei tre første forteljingane i H. Dette er òg dei tre første forteljingane i N, men med ei anna rekkjefølgje. Det vert rekna med at dei gammalfranske kuplettane om dei personifiserte dygdene er lån frå *Eneas*, ein gammalfransk versjon av *Aeneiden* frå 1155–1160. Kan ein skivar ha lagt til desse kuplettane og kan dette vera eit teikn på at desse forteljingane har sirkulert i eit eige handskrift, ein mindre *lais*-samling, før dei vart skrivne av i handskriftet H? Til slutt vil eg peika på at ei jamføring av dei vanlegaste gammalnorske og gammalfranske titlane viser at det som kan sjå ut som ei vakling i omsetjing av gammalfranske titlar heller bør lesast som ein medviten tendens til kontekstavhenging presisering. Personane i dei gammalnorske tekstane kan, etter å ha handla ille eller umoralsk, ikkje berre mista æra, men òg titlane sine.

Dermed har den første bolken av dette kapitlet langt på veg stadfesta den første hypotesen min: Det stereotype vokabularet i dei gammalfranske tekstane har ofte

6. Ord og uttrykk

gjeve stereotype omsetjingar. Omsetjinga av enkeltord er i høg grad gjennomført, men det er mogleg å sjå ei medviten vurdering av kva som er den mest høvelege omsetjinga i ulike kontekstar. Det ser derimot ikkje ut til å vera særleg hald i den andre hypotesen min. Kartlegginga av omsetjinga av det stereotype vokabularet i dei gammalfranske tekstane har vore til lita nytte i ei profilering av gammalnorske tekstredaktørar.

6.10.2 Avleiingar, partisipp og adverb

I andre delen av dette kapitlet kartla eg bruken av ord med utvalde avleiingssuffiks, presens partisipp og nokre tempohevande uttrykk. Til grunn for denne delen av granskinga låg tre hypotesar:

3. Bruken og fordelinga av substantiv, adjektiv og adverb med enkelte avleiingssuffiks er spor etter tekstredaktørar.
4. Bruken og fordelinga av presens partisipp kan anten vera knytt til gammalnorske tekstredaktørar eller til bruken av liknande verbformer i dei gammalfranske førelegga.
5. Bruken og fordelinga tempohevande uttrykk kan vera knytt til enkelte gammalnorske tekstredaktørar. Ei frekvensutrekning for kvar forteljing vil gje informasjon om dette.

Også i denne delen av granskinga vart orda og uttrykka jamførte med skrivarhendene Str. I og Str. II og dialektvariasjonen i N.

Som me såg i kap. 6.7.1 ser substantiva med avleiingssuffikset *-leikr* ut til å vera knytt til ein eller fleire skrivarar med vestnorsk dialekt. Deretter tok eg føre meg adjektiva med avleiingssuffikset *-ligr* i kap. 6.7.2. Denne granskinga viste at dei høgaste førekomstane av adjektiv med avleiingssuffikset *-ligr* var i tekstane med vestnorske språkdrag. Resultata frå granskinga av adverba med avleiingssuffikset *-liga* i kap. 6.7.3 var i samsvar med dette, også dei er oftast å finna i tekstane med vestnorske språkdrag. Nokre av dei vanlegaste slike adverba, til dømes *kurteisliga*, finst berre i tekstar med vestnorske språkdrag. I kap.6.7.4 såg eg på substantiv med avleiingssuffikset *-skapr*. Fordelinga av substantiva ser ikkje ut til å vera knytt til dialektskiftet, og kanskje heller ikkje til skrivarskiftet i N. Derimot skil dei tre første forteljingane i N seg ut med den høgaste førekomsten av slike substantiv. Kartlegginga av adjektiv med avleiingssuffikset *-samr* i kap. 6.7.5 viste at det var for få slike i *Strengleikar* til at ein kan dra slutningar ut frå dei. I *Strengleikar* er det berre fire ulike substantiv med avleiingssuffikset *-semd*, og i kap. 6.7.6 peikte eg

på at to av desse utelukkande er nytta i tekstar med vikværske språkdrag, medan dei andre to berre er nytta i tekstar med vestnorske språkdrag.

Under jamføringa mellom bruken av presens partisipp i *Strengleikar* og den i *lais* i kap. 6.8 fann eg at attgjevinga av dei gammalfranske presens partisipp-formene og *gérondif* varierer i *Strengleikar*. Presens partisipp-formene i *Strengleikar* har oftast ikkje førelegg i dei gammalfranske tekstane. I den grad bruken av presens partisipp er eit stildrag i *Strengleikar*, er det eit sjølvstendig innslag, og ikkje noko som byggjer på slavisk kopiering.

Hallberg (1971) og Schach (1975) peikte på tre tempohevande adverb og uttrykk som dei meinte kunne nyttast i ei profilering av tekstredaktørar, *i því*, *því næst* og *þegar*. Førekomsten av *i því* i *Strengleikar* kartla eg i kap. 6.8. Dei fleste *i því* er knytte til Str. II og til dei forteljningane som har vestnorsk målform. Det er likevel for få slike uttrykk til at det er grunnlag for å meina noko sikkert. Bruken av *því næst* vart kartlagd i kap. 6.9.2. Uttrykket ser heller ut til å vera knytt til lengda på forteljningane, og dermed forteljingar med meir innfløkt handling, enn til skrivar-hender og språkdrag i N. I kap. 6.9.3 kartla eg fordeling og førelegg for *þegar* i *Strengleikar*. Som tilfelle var for *því næst* ser bruken av adverbet ut til å vera kontekstavhengig.

6.10.3 Dialektskifte og skrivarhender

Variasjonen i omsetjingar av ord og uttrykk vart i dette kapitlet knytt til dialektskifta og skrivarhendene i N.

Det var særleg kartlegginga av bruken av utvalde avleiingssuffiks som gav resultat som kan knytast til dialektane. Bruken av ein del av desse avleiingssuffiksa ser ut til å vera knytt til dialektskifta i *Strengleikar*, og då særleg til den gruppa forteljingar som har vestnorske språkdrag i N. Dette er den største gruppa. Det høgste frekvensen av ord med avleiingssuffiksa *-leikr*, *-ligr* og *-liga* er å finna i forteljningane med vestnorske språkdrag. Det er berre fire ulike substantiv med avleiingssuffikset *-semd* i *Strengleikar*. To av dei er berre nytta i forteljingar med vestnorske språkdrag, medan dei andre to berre er nytta i forteljingar med vikværske språkdrag.

Eit av dei tempohevande uttrykka, *i því*, er dessutan oftast nytta i forteljingar med vestnorsk målform.

Uttrykket *i því* ser dessutan ut til å vera knytt til skrivaren Str. II. Det andre resultatet frå granskingane i dette kapitlet som kan knytast til skrivarhendene er den synonyme bruken av *strengleikr* og *ljóð* i den narrative ramma av forteljningane. Samanstillinga i N ser ut til å vera knytt til Str. I, og Str. II nyttar desse substantiva synonymt berre ein gong. Dette er i den første narrative ramma han skriv av, sluttlinene av *Desire*. Hos Str. I. er samanstillinga på tvers av dialektskiftet. Med

6. Ord og uttrykk

andre ord er samanstillinga nytta på tvers av dialekt- og skrivarskiftet i N. Samanstillinga kan stamma frå eit tidlegare lag i tekstgenesen. Dette må då liggja før dialektvariasjonen kom til i samlinga. Kan samanstillinga opphavleg ha vore nytta i alle forteljingane og Str. II har stroke desse i arbeidet sitt? På den andre sida kan den synonyme bruken av *strengleikr* og *ljóð* stammar frå Str. I. Enkelttilfellet hos Str. II må då forklarast med at han har vore mest samvitsfull i byrjinga av arbeidet sitt og har kopiert stilen til Str. I.

Substantiva med avleiingssuffikset *-skapr* er oftast nytta i dei tre første forteljingane i N: *Guimar*, *Eskia* og *Equitan*. Dette er òg dei tre første forteljingane i det gammalfranske handskriftet H, men i rekkjefølgja *Guigemar*, *Equitan*, *Fresne*. Så nær som ein av omtalene av dei personifiserte dygdene i dei gammalfranske forteljingane finst i desse tre forteljingane. Dersom det i granskingane finst fleire trekk som tyder på eit særskilt samband mellom desse forteljingane, kan det vera eit teikn på ein bør tala om ei eiga *Guigemar*-gruppe.

6.10.4 Frekvensjamføringar med Menota

I den andre bolken av dette kapitlet inkluderte eg ei frekvensjamføring mellom dei enkelte språkdraga i *Strengleikar* og dei lemmatiserte tekstane i Menota. Dei språkdraga eg såg på, var ord med utvalde avleiingssuffiks, presens partisipp og tempohevande uttrykk. Dette gjorde eg for å testa dei vanlege oppfatningane av at enkelte ordtypar og språkdrag er vanlegare i nokre norrøne prosastilar enn i andre. For dette korpuset fann eg at:

- Det ikkje er grunnlag for å meina noko om kva for tekstar der substantiv med avleiingssuffikset *-leikr* oftast er nytta.
- Adjektiv med avleiingssuffikset *-ligr* er oftast nytta i dei omsette tekstane, og oftast i omsetjingane frå latin.
- Adverb med avleiingssuffikset *-liga* er oftast nytta i omsetjingane frå latin, rett ofte i omsetjinga frå gammalfransk og sjeldan i den heimlege saga (*Óláfs saga ins helga*).
- Substantiv med avleiingssuffikset *-skapr* er oftast nytta i dei omsette tekstane, men dette ser ikkje ut til å henga saman med kva språk dei er omsette frå.
- Adjektiv med avleiingssuffikset *-samr* er oftast nytta i omsetjingane frå latin, men det er stor skilnad mellom frekvensane i dei to omsetjingane i korpuset.
- Substantiv med avleiingssuffikset *-semd* er sjeldan nytta, men oftast i omsetjingane og oftast i omsetjingane frå latin. Men det er stor skilnad mellom frekvensane i dei to tekstane som er omsette frå latin.
- Presens partisipp er nytta i omsetjingane, men knapt i den heimlege saga (*Óláfs saga ins helga*). Samstundes er det stor variasjon mellom bruken av

presens partisipp i omsetjingane. Oftast er presens partisipp nytta i ei av omsetjingane frå latin.

- *i því* er oftast nytta i omsetjinga frå gammalfransk, men tala er så låge at det er vanskeleg å meina noko sikkert.
- *því næst* er oftast nytta i omsetjinga frå gammalfransk.
- *þegar* er oftast nytta i omsetjinga frå gammalfransk, deretter i ei av omsetjingane frå latin. Til slutt kjem den heimlege saga og ei anna omsetjing frå latin.

6. Ord og uttrykk

Kapittel 7 Tekstklang

Allitterasjon er den viktigaste forma for rim i den norrøne poesien, men den førekjem også i mykje av prosaen. I vidaste tyding er allitterasjon ein oppattakingsfigur der fleire og helst tydingsberande ord i nærleiken av kvarandre har lik initial konsonant eller vokal. Døme frå *Strengleikar* er *hinn vaskaste i vapnom* (EqS 13), *harm ok hormung* (EqS 30) og *allr angrs fullr ok ahyggio* (EqS 60). Allitterasjon av initial vokal kan kallast assonans, men slik mange gjer, kjem eg til å nytta samleomgrepet allitterasjon om både konsonantisk og vokalisk allitterasjon. Systematisk veksling mellom allitterasjon på ulike fonem vert kalla kryssallitterasjon. Den kan opptre i *abab*-mønster; *hunda gauð ok hana galdr* (EskS 145), eller i *abba*-mønster; *ok margfallæik goðgærðar ok goðra meðfærða* (EskS 381).

Målet mitt i dette kapitlet er å kartleggja allitterasjonsbruken i *Strengleikar*. Eg tek til med å gje eit oversyn over tidlegare granskingar av allitterasjon i norrøn høvisk prosa. Så vil eg freista å etablere retningslinjer for kva som kan reknast som allitterasjon i norrøn prosa, og då særskilt i *Strengleikar*. Deretter refererer eg dei fonologiske reglane for allitterasjon i norrøn poesi. Dei vil eg jamføra med allitterasjonsreglane i norrøn prosa, og igjen særskilt for *Strengleikar*. Så gjev eg eit oversyn over allittererande tautologiar i dei gammalfranske tekstane og leiter etter eit eventuelt samsvar i dei tilsvarende tekststadane i *Strengleikar*. Ei slik jamføring kan anten visa eit samsvar eller ein mangel på samsvar mellom allitterasjonsbruken i kjelde- og måltekst.

Eg vil analysere allitterasjonsbruken i tekstane på tre nivå; først semantisk, deretter strukturelt og tilslutt ei jamføring av forteljingane på grunnlag av allitterasjonsfrekvens.

For å finna ut kvar i *Strengleikar* allitterasjonar oftast er nytta, vil eg i kap. 7.6 nytta ei semantisk kategorisering av allitterasjonane i kvar forteljing. Ei slik kategorisering gjev òg informasjon om kva type samansetjingar som oftast er nytta. Høgfrequente allittererande uttrykk kan lesast som spor etter tekstredaktørar. Eg gjer deretter ein ministudie og jamføring av fleire av tekstane for å illustrere den moglege bruken av dette retoriske grepet på eit strukturelt nivå i forteljingane, både i sceneskifte og i relaterte episodar i narrasjonen. Dette gjer eg i kap. 7.7. Til slutt vil eg i kap. 7.8 gjera ein statistisk komparativ analyse av allitterasjonsbruken i dei enkelte tekstane i *Strengleikar*. Der vil eg leggja vekt på det som må reknast som den mest stabile delen av narrasjonen i kvar forteljing, nemleg skildringane av hovudpersonane. Denne jamføringa vil kunna gje grunnlag for ei profilering av

7. Tekstklang

tekstens redaktørar, men først og fremst vil denne typen statistisk analyse kunna gje grunnlag for ei ny inndeling av forteljningane.

7.1 Hypotesar og metode

Allitterasjonsbruken i *Strengleikar* er så variert, både i type og frekvens at ein får inntrykk av at han skriv seg frå meir enn ein tekstredaktør si handsaming av materialet. Den kan dermed gje informasjon om kva stilistiske preferansar tekstredaktørane har hatt og om samhøvet mellom tekstane og førelegga. Likskapar mellom tekstar kan indikera at dei har eit felles opphav og dermed seia noko om kor mange tekstredaktørar det har vore og gje støtte for ei eventuell inndeling av materialet.

Utgjevarane Cook og Tveitane (1979, xxvi–xxvii) meinte at den *Strengleikar*-teksten som dei to skrifvarane av N skreiv av, ikkje var eit homogent eksemplar. Dei såg det som lite sannsynleg at eit slikt eksemplar har eksistert, og foreslo minimum ei todeling av tekstsamlinga. Første bolc, tekstane *Forræða*, *Guiamar*, *Eskia*, *Equitan*, *Bisclaret*, *Desire* og *Tidorel*, altså sju av dei åtte første tekstane i handskriftet, er alle rekna for å stå nær dei gammalfranske førelegga. Resten skil seg i større grad frå førelegga. Det er denne siste delen av handskriftet som har nokre lakuner, men i tillegg er fleire av forteljningane i denne delen mykje nedkorta jamført med førelegga (jf. s. 189). Saman med dialektvariasjonen i tekstane får denne variasjonen i omsetjingsteknikk Cook og Tveitane til å foreslå at minst to, truleg fleire, omsetjarar har arbeidd med forteljningane. Dei går dermed imot det tradisjonelle synet om at *Strengleikar* er omsett av ein lærd og from mann, gjerne i eit kloster på Vestlandet, kan hende Lyse kloster. Deira hypotese er at dei gammalnorske forteljningane er arbeidet til fleire omsetjarar som stod for éi eller kanskje så mange som tre eller fire forteljingar kvar. Dei opnar òg for at strengleikane først vart samla til eitt verk, éi bok, i handskriftet N (Cook og Tveitane 1979, xxxviii). Ei gransking av allitterasjonsbruken i kvar enkelt forteljing og i samlinga som heile kan gje utdjupande informasjon om individuelle stilpreferansar for den enkelte tekstredaktør. Ei slik gransking kan i tillegg anten byggja opp under eller avvisa Cook og Tveitane sin hefte-teori og gje ein peikepinn om kva innhaldet i kvart enkelt hefte har vore.

Utgangspunktet for analysen har vore desse hypotesane kring bruken av allitterasjonar i *Strengleikar*.

- Det har vore vanleg å sjå den høge frekvensen av allitterasjonar i den omsette høviske litteraturen som ein freistnad på å overføra noko av det poetiske i kjeldetekstane til dei nyskrivne prosatekstane. Allitterasjonar kan sjåast som eit “mekanisk” retorisk grep som er uløseleg bunde saman med den høviske

stilen. Bruken av allitterasjonar er ein freistnad på å erstatta det poetiske i dei gammalfranske oktosyllabiske kuplettane, og det er utelukkande eit dekorativt element.

- Variasjonen i allitterasjon innanfor *Strengleikar* reflekterer fleire tekstredaktørar som har arbeidd med førelegga sine på ulikt vis. Større kunnskap om allitterasjonane kan dermed vera til hjelp for profilering av tekstredaktørane og gje informasjon om kva innhaldet i dei enkelte hefta kan ha vore.
- Allitterasjon har vore nytta medvite i omsetjinga eller kopieringa av enkelte av tekstane. Kryssallitterasjon i overgangar mellom to episodar knyter dei saman. Repetisjon av enkelte fonem i allitterasjon i relaterte episodar bind dei saman og fungerer dermed som eit strukturerande element. Dette er ikkje gjennomført i alle forteljingane.

Allitterasjonsbruken i forteljingane vert analysert på tre nivå, semantisk og strukturelt og i tillegg til ei jamføring av allitterasjonsfrekvens i forteljingane. På eit semantisk nivå granskar eg den semantiske plasseringa av allitterasjonane. Mønster i denne plasseringa vil gje ei oversikt over kva delar av narrasjonen som har vorte vurdert som høvelege for utviding og vektlegging. Innanfor kva semantiske kategori jamfører eg dei mest nytta allittererande uttrykka med førelegg, tekstane mellom og dessutan kort med andre tekstar av same sjanger. Desse særskilde allittererande uttrykka kan lesast som ein tekstredaktørs individuelle stilistiske særpreg.

Nærlesing av utvalde tekstar kan gje informasjon om allitterasjon har vore nytta som eit strukturerande element i dei gammalnorske tekstane. Allitterasjon kan ha vore nytta for å binda saman narrasjonen ved scenskifte, men òg på eit høgare nivå, der allitterasjon bind saman relaterte episodar på ulike stader i teksten. Dersom allitterasjonar er nytta på eit strukturelt nivå i nokre, men ikkje alle dei gammalnorske tekstane er det sannsynleg at variasjonen kan vera spor etter ulike tekstredaktørars tilnærming til materialet.

Jamføringa av allitterasjonsfrekvens er todelt. I den første bolken samanliknar eg allitterasjonsfrekvensen i dei heile tekstane. Deretter jamfører eg allitterasjonsfrekvensen i den delen av forteljingane ein kan venta seg mest likskap, nemleg skildringane av hovudpersonane. Av delane i narrasjonen som er prega av allitterasjonsbruk, er denne bolken den mest stabile og stereotype. Ulike tekstredaktørane kan ha handsama desse tekstbolkane på ulikt vis.

7.2 Forskingshistorie

Oppfatninga om at bruken av allitterasjonar i den omsette høviske litteraturen er ein freistnad på å overføra noko av det poetiske i kjeldetekstane til dei nyskrivne prosatekstane stammar frå Cederschiölds innleiing til *Fornsögur Suðrlanda* (1884). I denne utgåva nyttar Cederschiöld fleire sider på denne retoriske figuren. Han lister opp dei mest nytta allitterasjonane i sytten soger, mellom dei fleire av dei omsette høviske sogene.¹ Storparten av lista er ei alfabetisk opprekning av allittererande par han har funne i tekstmaterialet sitt. I byrjinga av oversikta grupperer han nokre av allitterasjonane på semantisk grunnlag og viser på dette viset at bruken av allitterasjon i den høviske litteraturen er knytt saman med dei narrative elementa, at form er knytta saman med innhald, men presiserer ikkje dette sjølv (Cederschiöld, 1884, v).

Ei oppramsing av allitterasjon som liknar Cederschiöld si, finst i Gering sitt føreord til *Islendzk Æventyri* (Band II, 1883, xxxi–xlvi). I denne oppramsinga er grupperingane gjort på grunnlag av ordklassekombinasjonar og talet av allitterasjonar i eit samband, og dermed ikkje på eit semantisk grunnlag. Gering problematiserer dessutan kort allitterasjonsomgrepet, og peikar på vanskaner med å avgjera om ein allitterasjon er intendert eller ikkje.

Den til no mest omfattande granskninga av allitterasjonar i *Strengleikar* er Meissners studie (1902). Han kategoriserer allitterasjonane i dei gammalnorske tekstane på grunnlag av form, og reknar dei deretter opp alfabetisk innanfor kvar gruppe. (1902, 208–219).² Dei tretten kategoriane hans er ikkje einsarta. Fellesnemnaren for dei fleste er kombinasjonar av ymse ordklassar (til dømes “Substantiv mit dem dazu gehörigen adjektiv oder partizipium, durch alliteration gebunden”, s. 211), medan andre er grupperte på eit retorisk eller metrisk grunnlag (“halbreim”, s. 217). Meissner (ibid., 208) refererer til Cederschiöld (1884, vi–xvi) sine granskningar og hans teori om at allitterasjonar i denne type prosa, så sant dei ikkje er tilfeldige, som ei heving av det poetiske i stilen. Dette ser Cederschiöld som ein omsetjars medvitne freistnad på å erstatta det poetiske i dei gammalfranske oktosyllabiske kuplettane i omsetjinga. Ein slik teori meiner Meissner er tvilsam, og foreslår at det bak stilen i denne litteraturen låg ein vilje til å heva seg over stilen i dei heimlege sogene, og at allitterasjonsbruken bør lesast som ein del av denne. Han problematiserer deretter kort om allitterasjonar kan reknast som tilfeldige eller medvitne, og ser allitterasjonar som medvitne “wenn sie in bestimmten

1. Materialet til Cederschiöld inkluderer *Bevens saga*, *Bærings saga*, *Clarus saga*, *Elis saga*, *Erex saga*, *Flovents saga*, *Ivents saga*, *Karlamagnus saga*, *Konraðs saga*, *Magus saga jarls*, *Mirmans saga*, *Möttuls saga*, *Parcevals saga*, *Partalopa saga*, *Tristrams saga*, *Valvers þáttrog Þiðreks saga*. (Cederschiöld 1884, IV).

2. Arbeidet hans baserer seg på Keyser og Unger si utgåve frå 1850

syntaktischen verbindungen, in parallelen satzgliedern auftritt, dem sinne nach betonte wörter hervorhebt, wenn sie ein deutlich fühlbare rhythmische bewegheit verleiht” (Meissner, 1902, 208).

Ei anna gransking som omtalar allitterasjonsbruk i norrøne prosatekstar som er påverka av utanlandske førelegg er Berulfsens *Kulturtradisjon fra en storhetstid* (1948, særleg s. 255–262). Berulfsen tek for seg privat brevlitteratur frå første halvdel av 1300-talet, og materialet hans er dermed noko yngre enn dei høviske omsette sogene. Som bakgrunn for allitterasjonsbruken i den private brevlitteraturen peikar han på at allitterasjonar er svært vanlege både i lovane og i mykje av den latinske litteraturen brevskrivarane må ha kjent til. Berulfsen omtalar kort motivasjonen bak stilen i dei høviske omsette tekstane, og ser det som mogleg at den sterkt retoriske stilen i desse tekstane kan ha vore meint som ei erstatning for dei gammalfranske rima (Berulfsen, 1948, 256). Han peikar dessutan på dåtidas lærebøker i *trivium* (*ars rhetorica*, *ars poetica* og truleg òg *dictamina*) og meiner at desse kan ha vore føringsgjevande i stilutviklinga.

I si gransking av *Den lærde stil* bruker Tveitane (1968, 67–76) eit kapittel på allitterasjonar. Han ser på utviklinga av desse innanfor den lærde stilen og jamfører denne med korleis grepet vart nytta i latin. Tveitane gjer mellom anna merksam på forklaringa til Cederschiöld på overfloden av allitterasjonar i omsette tekstar som ei erstatning for enderima i dei gammalfranske førelegga (1884, v), og meiner at denne forklaringa ikkje kan vera gyldig for den utstrekke bruken av allitterasjonar i til dømes legender. Legendene er omsette frå latin, og stilen i originaltekstane gjev lite rom for bruken av dette verkemiddelet, som der må seiast å opptre tilfeldig. Noko gjennomgåande stiltrekk i dei norrøne legendene kan ikkje denne bruken av allitterasjonar seiast å vera. Dette vert stadfesta av dei pågåande granskingane til Kjersti Bruvoll av fire norrøne jomfrulegender.¹ For materialet sitt, dei to norrøne omsetjingane av *Vitæ Patrum*, har ikkje Tveitane mykje tru på meir djuptgåande granskingar av allitterasjonsbruken: “Denne språklige akrobatikken lønner det seg knapt å analysere nærmere.” (1968, 74). Han meiner at det ser ut til at stilidealet ser ut til å vera at kvart ord i teksten skal allitterera med eit anna. Tveitane peikar dessutan på at ei gjennomgåing av dei allittererande uttrykka i desse to tekstane ville kunna ut i ei alfabetisk ordna oppattskrivning av heile tekstane (ibid. 76).

I hovudoppgåva si granska Gimse (1980) allitterasjonar i *Elis saga ok Rosamundu* og ser på utviklinga av allitterasjonar i prosa. Ho såg på bruken av allitterasjonar som stilistisk verkemiddel og grupperer desse for det meste etter ulike retoriske figurar. Ei slik gruppering er vanskeleg å gjennomføra, og ho

1. Dei fire jomfrulegendene ho arbeider med er *Agötu saga*, *Cecilíu saga*, *Katrínar saga* og *Margrétar saga*. I sitt samla tekstmateriale har ho lokalisert ein einaste allitterasjon i *Cecilíu saga*.

7. Tekstklang

avsluttar analysen sin ved kort å sjå på allitterasjonar innanfor særskilde delar av narrasjonen. I denne nyttar ho ei lite einsarta, men tildels semantisk, inndeling. *Elis saga* er å finna saman med *Strengleikar* i N. Gimse konkluderer sin med at allitterasjonane i *Elis saga* skil seg frå “den heimlege tradisjon” i mengd og type. Ho finn dessutan at bruk av kryssallitterasjonar er eit framtrudande trekk i denne saga, men er utan førelegg i den norrøne poesien.

Noko av det Schach (1965, 63–86) dreg fram i sin stilistiske analyse av *Tristrams saga ok Ísöndar* er at stilen i denne saga kan framstå som repeterande og einsformig for ein tilfeldig lesar. Noko av grunnen til dette meiner Schach å finna i bruken av *stock phrases*, allitterasjon og forsterkingar av episodar. Gjennom ei gransking av teksten demonstrerer han det som ser ut til å vera ein medviten variasjon av vokabular og frasar, med mellom anna bruk av synonym, omrokering av tautologiar i relaterte episodar, bruk av samrøtte ord (*figura etymologica*). Variasjonen meiner Schach er omsetjarens medvitne bruk av stilistiske teknikkar. Formålet med dette var å unngå einsformigheit og å framheva særskilde delar av narrasjonen. Schach knyter dermed form til innhald. Vidare omtalar han kort den utstrekke bruken av parallellismar og forsterking, ofte allittererande, i denne høviske saga, og då særskild i sær dramatiske og kjensleladde episodar. Avslutningsvis samtykkjer han med Cederschiöld (1884) sitt syn på allitterasjonsbruken i desse høviske omsetjingane og meiner dermed at allitterasjonane er ein freistnad på å erstatta det poetiske i dei gammalfranske versromanane.

Sambandet mellom form og innhald spinn Kalinke (1979) vidare på i sin artikkel om allitterasjonar i *Ívens saga*. I denne artikkelen viser ho at dette retoriske grepet er nytta som eit strukturerande element i denne omsette saga. Kalinke demonstrerer at allitterasjonar er nytta på tre nivå i *Ívens saga*. På det første nivået er allitterasjonar, og då gjerne kryssallitterasjonar nytta for å binda saman to fortløpande episodar. På det andre nivået viser Kalinke at allitterasjonar er nytta for å framheva til dømes antitetiske forhold i ein episode. På det tredje og siste nivået er figuren nytta for å binda saman relaterte episodar i narrasjonen. Her vert enkelte allitterasjonar tekne opp att, ikkje nødvendigvis på eit leksikalsk nivå, men på eit fonologisk nivå. Dermed viser ho at allitterasjonane i *Ívens saga* ikkje berre er eit mekanisk retorisk grep, nytta på høvelege stadar i narrasjonen. Heller ikkje er allitterasjonane ein freistnad på å erstatta dei oktosyllabiske kuplettane med ein like høgverdige stil. Allitterasjonane er meir enn allmenn prydnad, og har ein strukturell funksjon i saga.

Det som er slående i det meste av omtalen av bruken av allitterasjonar i ei gruppe til dels svært ulike stilartar (legender, lærde tekstar, høvisk stil, lovttekstar og private brev) er kva påverknad Cederschiöld's korte vurdering av allitterasjonane

funksjon har hatt. Teorien hans har i stor grad vorten akseptert og det er få som har utfordra denne. Som sett ovanfor er unntaket her Meissner (1902). Felles for mange av desse granskingane av allitterasjonar er at dei er katalogar, opprekningar av allitterasjonar, riktignok grupperte på ulikt vis, men der ei vurdering av allitterasjonane sin funksjon i denne svært retorisk forma prosaen har vore fråverande. Det er denne vinklinga, både nyvinnande og viktig, som byrjar å ta form i granskingane til Schach (1965) og som Kalinke (1979) vidarefører og reindyrkar, og det med stort hell. Resultata deira, og då særskild Kalinkes, synleggjer at allitterasjonar i denne prosaen ikkje må reduserast til å vera språkleg akrobatikk utan mål og mening, og at det er på høg tid med ei nygransking av allitterasjonsbruk, og då ei gransking som ikkje ser på form åleine, men, som Kalinke har demonstrert, ser på form for å forsterka funksjon, altså allitterasjonar nytta som eit bindande element på strukturelt nivå. Dermed er det òg naturleg å lufta moglegheita for at den utbreidde bruken av allitterasjonar i desse tekstane ikkje berre kan reknast for å vera ein freistnad på å erstatta noko, men er i tillegg noko som vert tilført.

7.3 Trykk, tyding, avstand og intensjon

Avgrensing av allitterasjonsomgrepet

Ei avgrensing av kva som skal reknast som allitterasjon i denne type tekstar har vist seg vanskelegare enn venta. Signal om dette er å lesa i Gering (1883), Cederschiöld (1884) og Meissner (1902). Sett vekk frå Gering løyser alle floka ved å unngå å eksplisitt ta stilling til dette. Sjølv freistar Gering å avgrensa kva han reknar for allitterasjonar, men berre for ein bestemt kategori, allitterasjonar i samansetjingar av adjektiv og substantiv.

Basisen for kva som kan reknast som allitterasjon ligg i fonologiske retningsliner, og i prinsippet rimer lik initial konsonant eller vokal. Ulike sjangrar og periodar har sine variantar av denne norma. Der det i den norrøne poesien er klare reglar på kvar stavrima skal plasserast, er kva som kan reknast for allitterasjon innanfor norrøn prosa i stor grad basert på skjønn. Meissner (1902) seier noko rundt om trykk, følbare rytmikk, parallelle samband og tydingsberande ord. Kategoriseringa hans gjev eit empirisk grunnlag for kva han meiner kan inkluderast som allitterasjonar, men dette kan dessverre ikkje seiast å vera fullstendig dekkande. Eit av problema som melder seg er om ein skal rekna allitterasjon ut frå intensjon eller effekt. Gering (1883, xxxv–xxxvi) lot intensjon styra utvalet når han utelukka både allitterasjonar med dei høgfrekvente adjektiva *margr*, *mikill* og *mestr* og det han reknar som unngåelege samansetjingar av to allittererande ord. Kalinke (1979, 872) refererer til dette, og justerer avgrensinga

7. Tekstklang

når ho meiner at allitterasjonar er nytta medvite dersom mønster i desse trer fram og dei fungerer til å byggja opp under sentrale scener eller episodar i verket, “if indeed there appears to be an intrinsic relationship between the plot and the use of alliteration, that is, between content and form”. Cederschiöld (1884) er meir restriktiv i utvelgjinga av allitterasjonar enn det Meissner er. Han inkluderer ikkje kryssallitterasjonar, og det ser ut som om han har eit krav om at dei allittererande orda følgjer etter kvarandre og opptreer parvis. Grupperingsmetoden hans vitnar om dette, og han nyttar ofte talet på allittererande par i inndelingane sine. Han signaliserer likevel i ein fotnote (1884, xiv) at han ikkje er ferdig med dette materialet.

Den grundigaste gjennomgåinga av utvelgjingskriterier for allitterasjonar i norrøn prosa finst i hovudfagsavhandlinga til Gimse (1980, 39). Ho vel å dela allitterasjonsmaterialet sitt i to. Første kategori er det ho kallar ein bevisst bruk av allitterasjon, altså eit signal om forfattarens intensjon bak bruken av figuren. Den andre kategorien hennar er tilfeldig allitterasjon, der ho inkluderer allittererande formlar og faste uttrykk i tillegg til ein høg frekvens av ord på ein bokstav innanfor ei ytring. Her tek ho opp at desse allitterasjonane kan ha tvunge seg fram ut frå det semantiske innhaldet i ytringa. Desse, meiner ho, må granskast i lys av konteksten dei står i. Mellom kriteria hennar for ein intendert allitterasjonsbruk er markert ordstilling og det som Meissner kallar “ein Spielen mit formgleichen Worten” (Meissner, 1902, 208), noko Gimse (1980, 41) meir presist definerer som *polyptoton* og *annomiatio*. Vidare kan parallellisme vera eit kriterium for allitterasjonar. I Meissner sine døme frå *Strengleikar* finst storparten av allitterasjonane som parallellismar. Gimse sine kriterium for allitterasjonar er nyttige, men heller ikkje fullstendig dekkande.

Felles for fleire av desse granskingane av allitterasjonsbruk er det problematiske spørsmålet om forfatarintensjon. Ligg det eit medvit bak bruken av allitterasjonane, og i så fall i kva delar av narrasjonen kjem dette til syne? Bruken av ei inndeling i bevisste og tilfeldige allitterasjonar (Gimse, 1980) er vanskeleg å handtera. Omgrepa gjev i seg sjølv signal om ein kjennskap til tekstredaktørane arbeidsmetodar og -vurderingar ein ikkje på noko vis kan hevda å ha. Dermed har eg har vurdert og forkasta ei inndeling av allitterasjonane basert på forfatarintensjon, og då med omgrep som til dømes mekaniske og medvitne allitterasjonar. Her ville mekaniske allitterasjonar peika på allittererande tautologiar og andre samansetjingar som var knytt til identiske delar av narrasjonen i fleirtalet av forteljingane, medan medvitne allitterasjonar indikerte allitterasjonar nytta som strukturerande element. Ordvalet i desse omgrepa ville ha ein kjennskap om ein tekstredaktørs haldning til tekstane. Det som ligg føre oss er det handfaste tekstmaterialet, og i ei gransking av dette er det mogleg å meina noko om effekten av allitterasjonane og mønster i bruken av desse i narrasjonen.

Dersom det er slik at allitterasjonsbruk er nytta av tekstredaktøren for å framheva antitetiske forhold og som strukturerande element i episodar og overgangar mellom scener, kan desse ikkje reknast som tilfeldige, men derimot som svært intenderte, og på eit heilt anna nivå enn dei allittererande tautologiane som er rekna for å vera eit av stilkjenneteikna i den høviske omsetjingsprosaen.

I døma til Gering, Cederschiöld og Meissner kjem det òg fram at avstanden – eller kanskje heller nærleiken – mellom dei allittererande orda spelar ei stor rolle, då desse i eksempla deira er plasserte i løpet av eit par ord i ei frase.

Problemet med kva trykk som skal liggja på dei allittererande stavingane er heller ikkje nytt, og Hallbergs (1966) kommentarar til Lönnroth (1965) sine granskingar av det litterære portrettet i sogelitteraturen illustrerer tydelig kva grad av usemje det ligg kring kva som kan reknast som ein allitterasjon og ikkje:

Begreppen alliteration och assonans tilldelas en avgörande roll i Lönnroths resonemang om det litterära porträttet. Men hans exemplifiering röjer en mycket osäker insikt i vad dessa begrepp egentligen innebär. (...) Lönnroth synes sakna all känsla för att såväl alliteration som assonans måste bäras upp av stavelser med huvudtryck eller åtminstone bitryck.

(Hallberg, 1966, 207 f.)

Ei avgrensing på grunnlag av trykk og nærleik i tekst kan ikkje alltid kan vera gjeldande. Med basis i Kalinke (1979) si gransking av bruken av figuren som strukturerande element, meiner eg at det enkelte gonger kan vera mogleg å argumentera for allitterasjonsbruk som går over setningsgrensene. Dette demonstrerer Kalinke skjer i *Ívens saga*. Dermed kan nokre allitterasjonar bryta kravet om nærleik i teksten i visse tilfelle, og vil heller ikkje alltid vera avgrensa av dei syntaktiske einingane. Det er naudsynt å operera med eit todelt, men tildels overlappande allitterasjonsomgrep. Allitterasjonsomgrepet vil vera vidare enn det tradisjonelle omgrepet slik ein finn det hos Gering, Cederschiöld og Meissner der allitterasjonar fungerer samanbindande innanfor ei kortare syntaktisk eining og knyter saman sentrale element i til dømes ei setning eller ei tankerekkje. Med ein modernisert ortografi vil dermed punktum ofte markere avslutninga av det som kan reknast som eit allitterasjonssamband. Eg vil argumentera for at denne avgrensinga ikkje er dekkjande for alle typar allitterasjonsbruk. Det finst døme, både frå eldre og nyare tid og både frå prosa og poesi, på bruk av dette retoriske grepet på det som må kallast eit høgare, strukturelt nivå i tekstane. I analysen sin av *Ívens saga* peikar Kalinke mellom anna på bruken av to ulike allitterasjonsmønster for å framheva det antitetiske forholdet mellom *sofa* (galskap) og *vakna* (vit) i ei scene der helten får attende vitet når han vert smurt

7. Tekstklang

med ein magisk salve:

þui næst gekk hon ath honum sofanda
ok smyrði henn með smyrslunum,
þar til er or var allt vr budkinum.
Sidan lett honn hann ligia j solskininu ok sofa.
þornudu nu smyrslin ahonum.
Hon lagði nidr hia honum gangveruna ok gekk brottu sidan.
Ok er hon var ei langt komunn fra honum, þa nam hon stadar
ok vildi vita, huatt hann hefdiz ath.
Ok litlu sida vaknadi Iv(ent) ok hafði feingit vitt sitt.
Sahann sik svarthan ok solbrunnin,
noktan ok hneistann,
ok vissi eigi huat valda mundi.

(91:8, sitert i Kalinke, 1979, 874)

Kalinke demonsterer korleis *sofa* og *vakna* ved hjelp av allitterasjonar vert knytt til andre omgrep. Ho nyttar termen “durchkomponiert” for å karakterisera tekstredaktørens handsaming av dette avsnittet, og då særleg bruken av *s-* og *v-* allitterasjonar for å framheva dei to tilstandane sove/galskap og vaken/vit, representert av kvar sin aktør. Meir moderne døme på bruk av allitterasjonar på eit strukturelt nivå, til dømes med ein samanbindande effekt, er godt kjende frå til dømes modernistar om T.S. Eliot, James Joyce og William Carlos Williams.¹

Eg kjem dermed her til å nytta eit todelt allitterasjonsomgrep, men då med to til dels overlappande allitterasjonskategoriar; *forsterkande* og *strukturerande allitterasjonar*. Omgrepet *forsterkande allitterasjonar* viser til det tradisjonelle allitterasjonsomgrepet og følgjer tidlegare kriterier for kva som kan reknast som allitterasjon. Forsterkande allitterasjonar inkluderer allittererande par, nærleik i teksten av dei allittererande orda og allitterasjonar på trykktunge stavingar i tydingsberande ord. Typiske døme frå *Strengleikar* er tautologiar av substantiv; *virðing. ok villd* (DesS 59), verb; *frægði ok framði* (DesS 83) og adjektiv; *hoska ok hygna* (MiS 24). Dessutan fell adjektiv nytta attributivt til substantiv inn under

1. I *Book II* av diktet *Asphodel, that greeny Flower* av modernisten Willam Carlos Williams (Williams, 1976, 200–207) finst til dømes allitterasjonar som skapar lydlege samband mellom fleire fortløpande tankar: *The bomb speaks. | All suppressions, | from the witchcraft trials at Salem | to the latest | book burnings | are confessions | that the bomb | has entered our lives | to destroy us. | Every drill | driven into earth | for oil enters my side | also. | Waste, waste! | dominates the world. | It is the bomb's work.*(206). Liknande døme finst hos både T.S. Eliot og James Joyce.

denne kategorien, både i enkle samansetjingar; *goðom gangværium* (DesS 99) og i større og meir komplekse strukturar som *hinn friðasti Riddare. með fogrum fotum ok friðum ok væl voxnum bæinum* (DesS 112–113) og parallellismen *hæstrenn var hinn villdasti ok mykill væxti. en hann hinn liosasti at allum likam* (DesS 107). Også kryssalliterasjonar er avgrensa av trykk og nærleik i tekstane, og fell dermed inn under dei forsterkande allitterasjonane: *ok margfallæik goðgærðar ok goðra medfærða* (EskS >381). Denne kryssallitterasjonen gjev mønsteret *abba* dersom ein berre reknar allitterasjonar på trykktunge stavingar, medan om ein òg reknar med bitrykk får ein mønsteret *abcccab*. Bruken av verkemiddelet er dessutan slåande i enkelte parti som til dømes framhever antitetiske forhold i den gammalnorske teksten:

með þessvm **hætti** snæriz **huggan** hans i **harm**. **Gleðe** hans i **grat**. **leicr** hans i **mislican**. **ast** hans i **anгр**. **sœmd** hans i **sorg** **atgerð** hans til **enskis**. **afl** has i **vmát**. **Sialfr** hann i **sottar** **kvol** ok **kvein**.

(DesS 343–344)

Kryssalliterasjonar for å framheva antitetiske forhold er også nytta i ein annan av strengleikane:

þa myndi **harmr** **hans** nokot **huggazt** ok **lass** hans **letazc**. en nu gærer hann **blæikan** ok **bloðlausan**.

(GuiS 421–424).

Allitterasjonsbruken i desse to tekstbolkane frå *Guiamar* og *Desire* er likevel ikkje den same som den Kalinke demonstrerte i *Ívens saga* der det antitetiske forholdet vart framheva av at kvar side av dikotomien vit-galskap hadde sitt allittererande fonem. I desse to forteljingane frå *Strengleikar* har derimot kvar enkelt dikotomi sitt allittererande fonem som understreker forholdet mellom dei to sidene.

Dei forsterkande allitterasjonane er gjerne knytt til særskilde delar av narrasjonen og mønster i bruken av desse vil tre tydeleg fram i ei semantisk klassifisering av allitterasjonar i dei 21 *Strengleikar*-forteljingane. Innanfor denne kategorien vil storparten av allitterasjonane Meissner (1902) reknar opp hamna. Det er denne typen allitterasjonar som saman med kryssalliterasjonar vert talde for den seinare analysen av allitterasjonsfrekvens i dei gammalnorske tekstane.

7. Tekstklang

Dei to allitterasjonskategoriane mine grip inn i kvarandre og alle forsterkande allitterasjonar kan i prinsippet inngå i ein strukturerte allitterasjon. For å vurdere om dette er tilfelle må kvar enkelt forteljing nærlesast med dette for auge.

Strukturerte allitterasjonar er vanskelegare både å definere og å telje enn dei forsterkande allitterasjonane. Dei er dermed ikkje del av det allitterasjonsmaterialet som vert nytta til frekvensutrekningane i siste del av denne granskinga. Det er to moglege bruksmåtar av denne typen allitterasjonar. I den første er det retoriske grepet nytta for å binda saman fortløpande, men frittstående, scener i narrasjonen, medan den andre bruksmåten er allitterasjonar som knyter fleire relaterte episodar saman. Ei slik vinkling samsvarar med det Kalinke (1979) granska i *Ívens saga* og omgrepet *clusters of alliterations*, allitterasjonsklynger, er sentralt. Omgrepet indikerer ein høg konsentrasjon av allitterasjonar i eit lengre parti av teksten. Dermed kan ikkje den konvensjonelle avgrensinga av allitterasjonar på grunnlag av nærleik i teksten vera gjeldande, og allitterasjonssamband går dermed over både setnings- og episodegrenser. Kravet om plassering på trykkunge stavingar i tydingsberande ord må òg revurderast. Som Kalinke (1979) presiserer må òg høgfrekvente adjektiv (*margr, mikill, mestr*) og sjølv personlege pronomen og refleksive pronomen stundom inkluderast. Dette tyder ikkje at dei i seg sjølv er eit allittererande samband, og dei er heller ikkje sjølvstendige allitterasjonar. Men lydleg sett er dei med på å byggja opp under allereie eksisterande allitterasjonar og dermed forsterka effekten av desse. Som døme på ein slik lydleg forsterking viser Kalinke til følgjande avsnitt frå *Ívens saga*: *ok þegar greip hann munlaugina | ok fylði sem mest matti hann*, (24:11, sitert i Kalinke, 1979, 876). Eit slikt vidtfamnande allitterasjonsomgrep kan ikkje utelukkande representere ein tekstredaktørs intensjon, men inkluderer òg språkets og lydanes sjølvstendige effekt i ei tekstframføring, det vera seg lesing eller opplesing. Ein av vanskane som oppstår med ein så vid definisjon er at alt etterkvart kan framstå som allitterasjonar. I tillegg er vurderinga av kva som er ein allitterasjon og ikkje i stor grad basert på individuelt skjønn.

Det er å venta at bruken av begge typar allitterasjonar varierer innanfor tekstmaterialet. Ikkje alle tekstane inneheld episodar som vert repeterte fleire gonger, og det vil dermed ikkje alltid vera grunnlag for bruk av strukturerte allitterasjonar. Variasjonar i tekstmaterialet vil òg vera spor av tekstredaktørane som har arbeidd med dette, kvar på sitt vis. Det er dessutan viktig å presisere at sjølv om Kalinke (1979) overtydande demonstrerer at allitterasjonar er nytta som eit strukturerte element i *Ívens saga*, er det ikkje sikkert at dette er tilfelle for strengleikane.

7.4 Fonologisk avgrensing

Allitterasjonsnormen i norrøn poesi og i *Strengleikar*

7.4.1 Allitterasjonsnormen i norrøn poesi

Som stilistisk verkemiddel i nordiske språk har allitterasjonar vore nytta i dei fleste sjangrar, og er kjent frå dei tidlegaste overleverte tekstane, urnordiske runeinnskrifter, til dømes som stavrim i Tune-innskrifta frå 400-talet. Holm-Olsen (1974, 24) stiller innskrifta opp som ei strofe og peikar på at avstanden til eddaversemålet *fornyrðislag* ikkje er stor:

ek wiwar after
 woduride
 wita(n)dahalaiban
 worahto r(runor)

Det finst fleire allittererande runeinnskrifter, og det som det er viktig å merka seg er ikkje likskapen deira med eddaversemåla, men at allitterasjonar var nytta frå urnordisk tid for å framheva innhaldet.¹ Dette ser ein igjen i faste uttrykk, ordtak og til dømes i lovspråk og private brev (Berulfsen, 1948, 256). Saman med andre retoriske grep som til dømes parallellismar gjev dette struktur og kraft til uttrykka, og er eit mnemoteknisk hjelpemiddel. Allitterasjonsbruk i poesien er eit fellesgermansk fenomen, men er ikkje eksklusivt germansk. Allittererande frasar var vanlege, og opptrer mellom anna i mellomalderens latin, i kyrkjeleg og folkeleg litteratur, i private brev og i poesi. Verkemiddelet var tilrådd nytta i latinsk poesi der effekten er både rimande og lydmalande, men det hadde lita tyding i klassisk latinsk prosa, der figuren er nytta reint tilfeldig. Derimot gjer allitterasjonen seg meir gjeldande i seinlatinens prosa (200–600 e. Kr) (Tveitane, 1968, 68).

Funksjonen til det retoriske grepet innanfor det norrøne språkområdet skil seg frå den det hadde i latinsk litteratur. Den latinske poesien i mellomalderen var dominert av enderimet (Lie, 1967, 86) som vart vidareført i den folkespråklege romanske litteraturen. I denne litteraturen var den vanlegaste forma parrima okto-syllabiske kuplettar, slik ein møter i Marie de France sine *Lais* og i *Lais anonymes*. Sjølv om enderimet, *runhending*, eksisterte i norrøn poesi ser det ikkje ut til å ha vore særleg populært. Det finst berre eit par overleverte døme på heile norrøne dikt med ende-rim, eitt av Skallagrim frå om lag 890 (iflg. *Egilssaga*) og *Hqfuðlausn* av Egil Skallagrimsson frå ca. 936. Egils kvad vert rekna for å ha vore inspirert av

1. For døme på desse, sjå Noréen (1970, 374–394); “Die wichtigsten urnordischen inschriften”.

7. Tekstklang

latinsk lyrikk med enderim som Egil kan ha høyrte i England. Begge strofane frå *Egilssaga* har stavrim i tillegg til enderim, og det framande poetiske elementet, enderimet, er altså lagt oppå det heimlege.¹ Ein kuriositet er den eldste kjende norrøne salmen *Heyr himna smiðr* av Kolbeinn Tumason (1173–1208). Salmen har tre parrima vers, og er framleis i bruk på Island i dag, men då med ei noko modernisert språkdrakt.²

Allitterasjonen i latinsk poesi er ein klangverknad. Stavrimet, altså allitterasjonar med fast plassering i eit kvad, er sjølv villkåret for den norrøne poesien. Stavrimet er det strukturerande elementet i kvar strofe, og bind saman kort- og langliner i syntaktiske einingar. Dei ulike norrøne versemåla er basert på allitterasjonar på bestemte trykktunge stavingar i kvar strofe. I eddadiktinga er stavrimet den einaste forma for rim, medan det i skaldediktinga òg er andre typar, innrim og enderim, men desse opptreir alltid i samband med stavrim (Lie, 1967, 108). Sjølv om omgrepa allitterasjon og stavrim ofte vert nytta synonymt, er dei ikkje fullstendig overlappende. Allitterasjon er eit vidare omgrep enn stavrim, og omfattar ein meir tilfeldig bruk av framlydsrim, uavhengig av plassering. Til skilnad frå den norrøne poesien finst det ikkje nokon norm for plassering av allitterasjonane i prosatekstar, og i denne samanhengen er det dei fonologiske avgrensingane for allitterasjonane som er interessant. Sjølv om reglane for kvar stavrima skal plasserast varierer med versemålet, er reglane for kva fonem som allittererer dei same:

1. Lik initial konsonant allittererer med nokre unntak, sjå punkt 2.
2. Konsonantkombinasjonane *sk-*, *sp-*, og *st-* allittererer berre med seg sjølve.
3. Initial vokal allittererer. Det er rekna for ein fordel om desse er ulike.
4. Halvvokalen *j-* rimer som vokal.
5. Den opphavlege halvvokalen *v-* rimer vanlegvis som konsonant, men det finst døme på at *v-* allittererer som vokal.

1. For datering av *Hqfuðlausn* og eit oversyn over *runhent*, sjå Gade 2002, 864

2. Tre strofer, daterte til ca. 1208: 8. *Heyr himna smiðr*; | *hvers skáldit biðr*; | *komi mjúk til min* | *miskunniu þín*; | *því heitk á þik*, | *þú hefr skaptan mik*; | *ek em þrællinn þinn*, | *þú 'st dróttinn minn* (Utg. Finnur Jónsson, 1967-1973, 48–49).

7.4.2 Jamføring mellom allitterasjonsnormen i norrøn poesi og den i *Strengleikar*


Dei fonologiske reglane for allitterasjon i norrøn poesi er for det meste identiske med den allitterasjonsnormen som er nytta i *Strengleikar*. Den snevraste definisjonen av allitterasjon er repetering av initial konsonant i to ord som følgjer tett etter kvarandre, og dette er òg den vanlegaste forma for allitterasjon i *Strengleikar*, der ein til dømes møter denne i tautologien *rygg ok rædd* (BiS 43)¹ og i samanstillinga mellom attributivt adjektiv-substantiv *dalegi dvergr* (DesS 656). Den konsonantiske allitterasjonen er i poesien avgrensa av at konsonantkombinasjonane *sk-*, *sp-* og *st-* berre rimer på seg sjølve. Det finst døme på dette i *Strengleikar*-tekstane: *skomm ok skaðe* (EskS 322) og *skil ok skynsemd* (MiS 83). Avgrensinga ser ikkje ut til å vera gjennomført, og trass ei rekkje regelbundne *sk-*, *sp-* og *st-* allitterasjonar, finst det nokre, om ikkje mange, unntak frå regelen, til dømes: *suivirðir ok spottaðer* (DesS 429, ein variant av denne i JanS 365–366). Dette er i samsvar med Gimse (1980) sine resultat i granskinga hennar av allitterasjonsbruken i *Elis saga*, der ho konkluderer med at kravet om at konsonantsambanda *sk-*, *sp-* og *st-* berre rimer på seg sjølve ikkje har vore like strengt gjennomført i denne prosalitteraturen som i den norrøne poesien. Ho etterlyser dessutan ei liknande gransking for *Strengleikar*. Funna mine for *Strengleikar* tyder på at normen for konsonantisk allitterasjon i desse høviske tekstane er mindre streng enn det som er tilfelle for den norrøne poesien.

Initial vokal allittererer i *Strengleikar*, men ved vokalisk allitterasjon er det i poesien rekna for å vera ein fordel med ulike initiale vokalar. Den substantiviske doblinga *angre ok uró* (GuiS 412) var dermed å foretrekka foran *uræddr ok uruggr* (GuiS >222). Eg har rekna ulik vokallengd som ulik initial vokal. Samanstillinga *angraðr ok abrugðir* (GuiS 343), der første adjektivet har kort vokal, andre har lang, er dermed rekna som vokalisk allitterasjon med ulik vokal. Vidare er diftongar rekna som eigne vokalar. Uttrykket *augna ok anndliz* (GuiS 415) er dermed eit døme på allitterasjon med ulik initial vokal. I tekstane fins det nokre få døme, og då særskild i forteljinga *Eskia*, der manglande u-omlyd førekjem i vokaliske allitterasjonar. Desse har eg handsama som det fonemet som er markert, og dermed opptreir begge typar vokalisk allitterasjon i *mæler hon þa allom ahæyrandi ok læyndi allzækki* (EskS 449). Det hadde òg vore mogleg å sjå vekk frå desse, og argumentera for at den ortografiske mangelen på markert u-omlyd ikkje speglar ein slik mangel i tale. I dømet over allittererer *allom* med identisk vokal i *allzækki*, men med ulik vokal i *ahæyrandi*, der den initiale a- er lang. Bruken av vokalisk allitterasjon er svært ulik i tekstane, i åtte av desse (*Tidorel*, *Doun*, *Milun*,

1. Denne allitterasjonen er berre mogleg i gammalnorsk grunna bortfall av initial *h-* foran /l/, /n/ og /t/, og ikkje i gammal-islandsk der denne heldt seg.

7. Tekstklang

Geitarlauf, Strandar strengleicr, Leikara lioð, Ricar hinn gamli og Grelent) finst det ingen slike allitterasjonar. Storparten av dei vokaliske allitterasjonane førekjem i dei første forteljingane i samlinga, *Guiamar, Eskia* og *Equitan*, men òg med ein relativt høg førekomst i *Desire*. Fordelinga av vokaliske allitterasjonar i *Strengleikar* kan indikera eit særskild samband mellom desse første tre forteljingane. Eit samband mellom dei første tre forteljingane i N vert støtta av at dei har nær like forhold i bruken av lik og ulik initial allittererande vokal. På den andre sida kan bruken av vokaliske allitterasjonar vera knytt til skrivarhendene. Det er ein tydeleg reduksjon i bruken av vokaliske allitterasjonar etter skrivarskiftet i forteljinga *Desire*. Det er då to moglege forklaringar. Ei forklaring kan vera at har vore Str. I trufast i attgjevinga av teksten i førelegget sitt, medan Str. II. har korta ned. Den andre forklaringa kan vera at dei vokaliske allitterasjonane er noko Str. I. legg til i forteljingane. Ein gjennomgang av dei vokaliske allitterasjonane i *Strengleikar*, viser at 85 av 136 vokaliske allitterasjonar (62,5 %) har ulik initial vokal. Dette vert vist i fig. 7.1 (s. 323).



Figur 7.1. Fordeling av vokaliske allitterasjonar med lik/ulik inital vokal i *Strengleikar*

Halvvokalen *j*- ser derimot ikkje ut til å allitterera vokaliske i *Strengleikar*, og førekjem berre i ein einaste allitterasjon med lik initial halvvokal: *iamfriðr ne*

7. Tekstklang

iamningi hans (JonS 463). Den opphavlege halv vokalen *v*- rimer for det meste som konsonant i *Strengleikar*: *vexti ok vizzo* (EskS >294), men det er òg eit par tilfelle der det kan argumenterast for at *v*- allittererer vokalisert. I desse allittererer *v*- alltid med *u*-: *uruggom vorðom* (GuiS 224). I *þa vacnaðe hann ok vppsettizc* (DesS 356), er uttrykket ei attgjeving av ein allittererande tautologi i den gammalfranske teksten: *esveilla sei e esperi* (DesLA 356).

7.4.3 Kryssallitterasjonar i *Strengleikar*

Bruken av ulike typar kryssallitterasjonar i norrøn poesi er omdiskutert, og eg kjem ikkje til å referera diskusjonen her, men nøya meg med å seia at det vanlege synet er at denne typen allitterasjon ikkje vert rekna som eit grep som medvite vart nytta i norrøn poesi. Det finst nokre døme på bruk av grepet frå så tidleg som det gammalengelske helteediktet *Beowulf*; *brunfagne helm, hringde byrnan* (v. 2615, utg. Klaeber, 1950). Bruken av kryssallitterasjonar i norrøn prosa, og meir spesifikt i høvisk prosa ser ut til å vera utbreidd, og fell inn under det som må reknast som ein intendert allitterasjonsbruk. I si gransking av *Elis saga* viser Gimse at grepet er relativt hyppig nytta i ulike delar av narrasjonen (1980, 86ff.: “Direkte tale” og “Episk framstilling”). Meissner (1902, 217) gjev tre døme på slik rimfletting, og karakteriserer denne som “beispiele für verschränkte Stellung der Stäbe”: *sa er a annan lygr oc a oðrum likar at amæla* (EskS 87); *hunda gauð ok hana galdr* (EskS 145) og *illr oc af acrkorum vesæll auki* (GurS). Vidare demonstrerer Kalinke (1979) i granskinga si av *Ívens saga* at kryssallitterasjonar er nytta for å binda saman frittstående episodar i saga. I desse er det fleire tilfelle av ulike typar rimfletting *abba, abab, abac*.

Eg har i oversynet under sett vekk frå to tekstbolkar i *Strengleikar*, det nyskrive føreordet til *Forræða* og den innskotne moraliseringa mot slutten av *Equitan*. I desse er allitterasjonstettleiken så høg at det er vanskeleg å avgjera kva som kan reknast som ein kryssallitterasjon og ikkje. Allitterasjonsmønstera varierer.

- GuiS +392: *uhofsamlegom hætte ok hug ok ollu hiarta*
- GuiS +566: *næma með knifi skæri eða með soxum klippi*
- EskS 87: *sa er a annan lygr oc a oðrum likar at amæla*
- EskS 145: *hunda gauð ok hana galdr*
- EskS 337–340: *skifta æskionni i hæslu at askr berr alldri alldin ne huggan*
- EskS >381: *margfallæik goðgærðar ok goðra meðfærða*
- EqS >1: *Dyrleger menn ok daða fuller hygner menn ok hæverskir*
- EqS +176: *biðill þinn. þic biðiande*
- EqS +65: *huilik orlog ok harðr atburðr*
- DoS +210–212: *lofsæll ok frægr firir anna felaga sina. ok lognaut*

- Tv1S +228: *morg goð gros siðan er morgvm monnum*
- GurS: *illr oc af acrkorlum vesæll auki*
- MiS +308: *hann er sva rica manna. ok faðer hans sva frægr af reysti ok riddaraskap*
- MiS +471: *ok snerezc hann þa aftr skyndilega. ok leiddi hann þa skialldsveinenn sva leynilega*
- JonS +18: *hann var rikum auðæfom ok morgvm miclum eignum auðgaðr*
- Jon S +372–373: *gec þa frun i borgena. ok fylgði forvegi bloðsens*
- JonS 463–464: *iamfriðr ne iamningi hans at vánleic ne reysti. hinn milldazti ok hinn mesti reysti maðr*
- NabS +4: *grimr uvinum. goðgiarn vinum*

Felles for dei fleste av desse døma er at dei er innskot i tekstane jamført med dei antekne gammalfranske førelegga. Kryssallitterasjonane er dermed verket til ein tekstredaktør. Dette kan vera den gammalnorske omsetjaren eller ein seinare skrivar. Talet på slike allitterasjonar er høgt nok til at eg meiner at grepet har vore nytta medvite. Særs påfallande er det at av dei 20 tilfella som her er rekna opp, er 11 henta frå dei tre første forteljingane i N; *Guimar*, *Eskia* og *Equitan*. Kryssallitterasjon er nytta på tvers av både skrivarskiftet og dei ulike dialektane i N.

7.4.4 Fleirledda allitterasjonar i *Strengleikar*

Fleirledda allitterasjonar definerer eg i denne granskinga som forsterkande allitterasjonar med meir enn to ledd. Bruken av slike fleirledda allitterasjonar varierer i dei ulike *Strengleikar*-forteljingane og kan lesast som ein tekstredaktørs individuelle stilkjenneteikn. Skilnaden i sjangen mellom forteljingane i *Strengleikar* på ei side og *Forræða* og den innskotne moraliseringa i *Equitan* (EqS II) på den andre sida, gjer at eg ikkje har inkludert desse i granskinga. Eg har dessutan vurdert dei arnamagnæanske fragmenta som så skadd at dei ikkje er til nytte her.

7. Tekstklang

Tabell 7.1: Fleirledda forsterkande allitterasjonar í *Strengleikar*

| Tekst | Vers | Allitterasjonar |
|-------|----------|---|
| Gui | 45–46 | <i>vox vit ok vasklæikr</i> |
| | 51 | <i>ræyna ræysti ok riddaraskap sinn</i> |
| | 59–60 | <i>sua frið ne agæt fru. ne frið mæc.</i> |
| | >212 | <i>kurtæisra kuenna kuenskum</i> |
| | 341–343 | <i>a alldr siginn. angraðr ok abrugðir</i> |
| | 348 | <i>bol ok bál brænni</i> |
| | 382 | <i>fostrlande sinu fæðr ok frændom ok fostrbræðrum</i> |
| | 384 | <i>andvar<par> hann af ollu hiarta með kynlego angre ok undarlegre úro</i> |
| | 392 | <i>uhofsamlegom hætte ok hug ok ollu hiarta</i> |
| | 394 | <i>angrs ok astar uroar</i> |
| | 412 | <i>með angre ok uró ok optsamlegom anduorpum</i> |
| | 415 | <i>augna ok anndliz ok allr friðlæikr</i> |
| | 480 | <i>þat sem hon hafðe hugfast at hann myndi hata hana. ok hafna hænni.</i> |
| | 501–502 | <i>þinn hugr ok minn ok hiarta er harms ok angrs fullr</i> |
| | >666 | <i>allzænga huggan. ne hiolp sinna harma.</i> |
| | >836 | <i>i frælse ok friði saman bua. ok með fagnaðe framlaeðis liva.</i> |
| | 886–>866 | <i>með hinum frægstum notum er a brætlande funnumsc en yðr se fræðe ok friðr ok fagnaðr</i> |

Tabell 7.1: Fleirledda forsterkande allitterasjonar í *Strengleikar*

| Tekst | Vers | Allitterasjonar |
|-------|---------|--|
| Esk | 1 | <i>annan atburð annarrar</i> |
| | >76 | <i>hafnaðr ok hæddr ok hataðr</i> |
| | 89–90 | <i>mannum mego menn mismæla er mæira (...)</i> |
| | >98 | <i>hinn hæste hofuð glæpr. hættr fyrir monnum en haske fyrir guði</i> |
| | 144–145 | <i>a hægre hond hunda gauð ok hana galdr</i> |
| | >236 | <i>ælskulegom athæfom ok atgærðom ok allzkonar (...)</i> |
| | >243 | <i>reð um þa daga sua ríkr herra ok raustr riddare (...)</i> |
| | 249 | <i>þar sem riddara at riðaz æinir imote oðrum. at rœyna riddaraskap sinn.</i> |
| | 302 | <i>fostrat þec ok framm drægit sem æigna frændkono mina. ok fostr dottor</i> |
| | 340 | <i>askr berr alldri alldin</i> |
| | 436 | <i>Fru min kuað hon frendkona min er fostraði mec</i> |
| | 449 | <i>allum ahæyrandi ok læyandi allzækki</i> |
| Eq I | 22 | <i>ræðes mann æinn er var raustr riddare</i> |
| | 23–24 | <i>fengit gaumgæfð ok gæzlo allz rikis sins með rettyndom ok ræfsingom.</i> |
| | 60 | <i>allr angrs fullr. ok ahyggio</i> |
| | >78 | <i>akefð ok ohofsemð astar hænnar.</i> |
| | 97–>97 | <i>hætta ok hafna þessom hæimska harm er byr i astar oviti. ok ærslo</i> |
| | 107 | <i>Ræðes maðr hans ok rikis stiori varð ryggr</i> |
| | 177 | <i>Sa hinn ríki herra ok hofðingi het henni (...)</i> |
| | 202–203 | <i>at kona ræðes mannzens hæyrði roð þæirra. ok ræðor</i> |
| | >265 | <i>æigi til hæilsu. ok hugganar hældr til ugævo ok ukommennar uhamengiu.</i> |
| | 277–278 | <i>allra uppstaðenn ok utgængenn</i> |
| | 307 | <i>at skynia ok skynsemd hævir rett at skilia. af þessarre sogu man hann sannfræðazc</i> |

7. Tekstklang

Tabell 7.1: Fleirledda forsterkande allitterasjonar í *Strengleikar*

| Tekst | Vers | Allitterasjonar |
|-------|----------------------|--|
| Bi | 1 | <i>sægja yðr liöða ok strænglæiks sagur</i> |
| | 118 | <i>viðr tok tru hænnar ok trygðar fæstum</i> |
| | 288 | <i>skomm ok suivirðing at skæpnnu sinni.</i> |
| La | 103 | <i>fagnaðe at hann hafðe fengit fuglenn</i> |
| | 137 | <i>lik lostik. ok likam</i> |
| Des | >35 | <i>þeirrar bænar er biðia ser born</i> |
| | 112–113 | <i>hinn friðasti riddare. með fogrum fotum ok friðum (...)</i> |
| | 279 | <i>syna honum syndir sinar i skrifta gang sinvm.</i> |
| | >328 | <i>bað ok beiddiz með hinum bliðaztom orðvm</i> |
| | 682/687 | <i>a huitvm hesti. hinum hægazta</i> |
| Ti | 1 | <i>Nv er at segia fra þeirre strengleics sogu</i> |
| | 34 | <i>þa kennde mæren miclu meira</i> |
| | 46 | <i>virðulegr. ok vel vaxinn</i> |
| Che | >161 | <i>micla ok millda miskunn.</i> |
| | 205–206 | <i>þegar sem hann hafðe skild svaraðe skiot</i> |
| Do | 32 | <i>or suðantun er stenndr a synnanverðo englannde.</i> |
| | 68–69 | <i>Einn ricr ok raustr riddare</i> |
| | >223–224 | <i>sigra spiotið ok stefnde (...)</i> |
| | 231 | <i>særðe sveinnen hann miclu sare</i> |
| Tvl | 77 | <i>var betra. at biða með biðlunnd</i> |
| GurS | 174 ^{10–11} | <i>betre er raustr skialldsveinn en ragr riddare</i> |

Tabell 7.1: Fleirledda forsterkande allitterasjonar i *Strengleikar*

| Tekst | Vers | Allitterasjonar |
|-------|---------|--|
| Mi | 1 | <i>þeir er sogvr vilia segia. þa samir þeim með sunðskiftilegum hátti</i> |
| | 124–126 | <i>Einum rikum ok raustum riddara</i> |
| | 254–55 | <i>gat syst ser blec ok bocfell. ok gerðe bref.</i> |
| | 416 | <i>splot skaptið i sunndr</i> |
| | 420–421 | <i>unndir hialm hans at huitnat var har hans (...)</i> |
| | 426/428 | <i>Mer mislicar mioc. at ec skyllde sa mikit misgera</i> |
| | 460 | <i>fysir mic at fara i fostr land mitt</i> |
| | 471 | <i>hevir þu holpit mér. ok hialpsamlega huggat mic.</i> |
| Gei | 40 | <i>hallda þar hatið. ok veita ollu hirðliði sinu ok hofðingivm</i> |
| Jan | 208 | <i>veita vel ok virðulega</i> |
| | 226 | <i>friði frænnde ok felage</i> |
| | 380 | <i>sem konungs hirðlið setr sannazt sét</i> |
| Jon | 52 | <i>at syngia siðveniolegum saungvm</i> |
| | 287–288 | <i>let hvetia sva hvassa. Sem hinn hvassasta harknif</i> |
| | 365–366 | <i>votn reyr vaxin ok veiði skogar</i> |
| | 425 | <i>hann verðr vaxinn maðr ok fullkominn at vexti</i> |
| | 515–517 | <i>hinn vaskasti ok hinn villdazti hinn friðazti ok hinn harðazti i vápnvm hinn virðulegste ok hinn vinsælazti.</i> |
| Nab | 4 | <i>vaskr ok vapndiarfr. grimr uvinum. goðgiarn vinum.</i> |
| | 36 | <i>engan annan orsturð orðzenninga hans.</i> |


Som det kjem fram av tab. 7.1 ovanfor, er storparten av dei fleirledda forsterkande allitterasjonane å finna i dei tre første forteljingane i N. Variasjonen av talet på slike allitterasjonar er delvis å venta, dei lengste tekstane vil sannsynlegvis visa ein høgare førekomst enn det dei korte gjer. Dersom ein jamfører talet på forsterkande allitterasjonar i forteljingane med om lag 2000 ord eller meir, er det framleis eit stort sprang: *Guimar* toppar med 17 tilfelle, deretter kjem *Eskia* (12), *Equitan* (11), *Milun* (8), *Desire* (5), *Jonet* (5), *Bisclaret* (3), *Janual* (3) og *Gurun* (1). Korkje kvaliteten eller talet på allittererande ledd i dei fleirledda forsterkande allitterasjonane vert vurderte i ei slik jamføring. Den stilistiske ulikskapen mellom

7. Tekstklang

til dømes GuiS 46–47: *vox vit ok vasklæikr* og CheS >161: *micla ok millda miskunn* er påfallande. Variasjonen er dessutan delvis kontekstavhengig, effekten av *unndir hialm hans at huitnat var har hans (...)* i *Milun* (420–421) er allittererande, men er samstundes ei tekstnær attgjeving av dei gammalfranske versa: *Desuz la ventaille choisi | La barbe e les chevoz chanuz*. Dette er forklaringa på det store talet fleirledda forsterkande allitterasjonar i *Milun*. Ei jamføring av dei åtte tilfella i denne teksten med det gammalfranske førelegget viser at berre eitt av døma (MiS 471) inneheld eit tillegg i den gammalnorske teksten. Vidare er *riddara* i MiS 124 ei noko overraskande attgjeving av *barun*. S, det einaste andre gammalfranske handskriftet som inneheld ein versjon av denne forteljinga, skil seg ikkje frå H i dette verset, og det er dermed mogleg at ein gammalnorsk tekstredaktør medvite har gjort denne endringa for å forsterka allitterasjonen i teksten.

På den andre sida viser ein jamføring mellom dei sytten tilfella i *Guiamar* med den gammalfranske teksten, at storparten av desse er tillegg i den gammalnorske teksten, og gjerne del at lengre allittererande innskot (GuiS 51, >212, 341–343, 348, 382, 384, 392, 394, 412, 415, 480, 501–502, >666, >836 og >886). Det første tilfellet, *vox vit ok vasklæikr* er ei svært velklingande attgjeving av to tautologiar, den eine allittererande, i *Guigemar*: *Quant fu venu termes e tens | Ke il aveit eage e sens*. Utanom dette er det berre eitt anna tilfelle der den fleirledda forsterkande allitterasjonen ikkje er eit innskot i den gammalnorske forteljinga jamført med den gammalfranske. Dette er å finna i v. 59–60.

Dei fleirledda forsterkande allitterasjonane i N plasserer seg på begge sider av skrivarskiftet, men er oftast nytta hos Str. I. Slike allittererande samband er nytta i både tekstar med vestnorsk og vikkværsk målform.



Figur 7.2. Fleirledda forsterkande allitterasjonar i *Strengleikar*-tekstar på over 2000 ord. Tilfelle/ 1000 ord

Jamføringa mellom dei fleirledda forsterkande allitterasjonane i *Guiamar* og *Milun* viser at dei i *Guiamar* er noko ein tekstredaktør tilfører teksten, oftast i

7. Tekstklang

form av innskot, medan dei i *Milun* i stor grad vert tvungne fram av innhaldet i det som vert omsett. Dermed ser eg vekk frå denne teksten når eg konkluderer med at grepet hyppigast er nytta i dei tre første forteljingane i *Strengleikar*; *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan* utan den inkorporerte moraliseringa (EqS I), og at dette kan vera ein indikasjon på eit felles omsetjar eller tekstredaktør for desse tre forteljingane.

7.4.5 Allitterasjonsnormen i *Strengleikar*

Granskinga av allitterasjonane i *Strengleikar* viser at allitterasjonsnormen i desse forteljingane er noko annsleis enn den som gjeld for den norrøne poesien:

1. Lik initial konsonant allitterer utan unntak.
6. Initial vokal allittererer. Storparten av desse er ulike. Innanfor tekstmaterialet er det stor variasjon i bruken av vokalisk allitterasjon, nokre tekstar har ein relativt høg førekomst av slik allitterasjon, medan han er fråverande i andre tekstar.
7. Det er tvilsamt om halv vokalen *j*- allittererer vokalisk.
8. Den opphavlege halv vokalen *v*- rimer sannsynlegvis konsonantisk, trass nokre få døme mogleg vokalisk allitterasjon.
9. Kryssallitterasjonar er så hyppig nytta at dette må reknast for å vera medvite. Hovudtyngda av kryssallitterasjonane er å finna i dei tre første forteljingane i *Strengleikar*.
10. Fleirledda forsterkande allitterasjonar er nytta i nær alle tekstane. Kvaliteten og talet på desse varierer, og det er igjen dei tre første forteljingane i tekstsamlinga som skil seg ut med både flest fleirledda forsterkande allitterasjonar. Desse viser, som me sett over, òg størst variasjon i type samansetjingar og i ordval.

I jamføringa av bruken av lik og ulik initial vokal i allitterasjon i *Strengleikar* i fig. 7.1 (s. 323) kom det fram at det i tekstmaterialet førekjem store ulikskapar i bruken av vokalisk allitterasjon. Dei første forteljingane i samlinga, *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan* skil seg klart ut med ein mykje høgare frekvens av vokalisk allitterasjon enn føreordet og dei resterande sytten forteljingane. Forholdet mellom allitterasjonar med lik og ulik initial vokal er dessutan svært likt i desse.

Det må peikast på at desse tre forteljingane er mellom dei lengste i *Strengleikar*, men samanliknar ein med to av dei andre lange forteljingane, *Janual* og *Jonet*, er det tydleg at bruken av vokalisk allitterasjon ikkje er lik. Dette kan vera ein peikepinn på eit særskild samband, til dømes ein felles tekstredaktør, for *Guimmar*, *Eskia* og *Equitan*.

7.5 Allitterasjonar i dei gammalfranske lais

I ein analyse av allitterasjonane i *Strengleikar* er det naudsynt med ei jamnføring med dei gammalfranske førelegga. Har allitterasjonsbruken i dei gammalnorske tekstane rot i desse? For ein indikasjon på allitterasjonsbruk i *lais*, har eg valt å granska ei gruppe allitterasjonar i dei gammalfranske tekstane. Av praktiske grunnar har eg avgrensa granskinga til allittererande tautologiar. Viser det seg at allitterasjonar et hyppig nytta i desse, kan dette vera eit mogleg opphav til allitterasjonsrikdomen i *Strengleikar*. Eg har rekna lik initial konsonant eller vokal som allitterasjon i den gammalfranske teksten, men har avgrensa oppteljinga til å gjelda dei allittererande tautologiane av typene *X et Y*, *X u Y* eller *ni X ni Y*. Dette tyder at parallellismar der til dømes *mut* eller *tant* er repetert og dermed allittererer, ikkje er inkluderte. For eit best mogleg bilete har eg dessutan valt å inkludera tautologiar der eine ordet tek til med *c-*, det andre med *ch-*. Desse allittererer ikkje ut frå lydlege kriterium. Men den visuelle likskapen mellom dei kan ha ført til at ein gammalnorsk tekstredaktør har lese dei som allitterasjonar, og eg meiner dermed at det er rett å ta med tautologiane med *c-* og *ch-*. Dersom det er gjort freistnader på å omsetja gammalfranske allittererande tautologiar, så stammar dette frå den gammalnorske omsetjaren. Seinare gammalnorske tekstredaktørar kan ikkje ha etterlikna stilen i ein tekst dei ikkje var i kontakt med.

Eg har granska og samanlikna av det samla korpuset. Dette er vist i tab. 7.2 (s. 334). Jamføringane mine viser at dei allittererande doblingane i *Strengleikar* sjeldan har førelegg i den gammalfranske teksten, der desse heller er unntaket enn regelen, og må reknast for å vera tilfeldig. Dette stemmer med Anders Melkersson (1992) sine funn i hans analyse av *l'itération lexicale* i ei gruppe på elleve gammalfranske tekstar frå 11- og 1200-talet.¹ I korpuset sitt fann Melkersson at allitterasjonsfrekvensen i tautologiar var på 8,6 %, og meiner dermed med rette at "rien, dans nos matériaux n'indique que les auteurs aient éprouvé un engouement particulier pour ce genre d'itérations (1992, 101). Dette bryt med Nordahl som

1. Chrétien de Troyes: *Cligès*, *Erec et Enide*, *Lancelot* og *Guillaume d'Angleterre*; *La Deuxième Continuation de Perceval*; Gerbert de Montreuil: *La Continuation de Perceval*, *Le Roman de le Violette ou de Gerart de Nevers*; Raoul de Houdenc: *Meraugis von Portlesguez* og *La Vengeance Raguidel*

7. Tekstklang

tidlegare hadde hevda at “La préférence pour des tautologies à membres allitérants semble fondamentale” (1982, 130), men stemmer med Löffstedt (1976, 457–458) og Dembrowski (1976, 85) som begge meiner at bruken av allittererande tautologiar i gammalfranske tekstar var svært avgrensa.

For førelegga til *Strengleikar* slik ein finn dei i *Lais anonymes* og Marie de France sine *Lais* finst det allittererande tautologiar i nokre få av tekstane, og dette er unntaka heller enn regelen. Eitt slikt unntak finst i *Deus Amanz* og dette allittererer òg i den gammalnorske *Tveggia elskanda liod*. Møya fortel kjærasten sin kva som kjem til å henda når han vitjar frendkona hennar: *Ele en prendra cunseil e cure*, ‘Ho kjem til å gje deg råd og botemiddel for dette’, der det i *cure* både ligg ei medisinsk tyding, men òg ei meir generell tyding i retning ‘omtanke, omsorg’. Dette verset er attgjeve i den gammalnorske teksten som *þa man hon til leggja rað ok ræct*, ‘då vil ho gje deg råd og omtanke om dette’ (Tvl 112). Dette vert i den gammalnorske teksten forsterka ved at det nokre liner seinare igjen er nytta ein allitterasjon på *r*- der halvdelen av den tidlegare nytta doblinga vert repetert: *Sem sveinnen hafðe heyrð ræðo ok rað hennar*, ‘då sveinen hadde høyrð talen og rådet hennar’, ei omsetjing av det gammalfranske *Li valles oi la novele | Ele cunseil a la pucele*, ‘Sveinen hørde denne nyhenda | og dette rådet som jenta gav’ (Tvl 127–128).

Tabell 7.2: Attgjeving av gammalfranske allittererande tautologiar

| Forteljing | Vers | Tekst | Kommentar |
|------------|-------|--|--|
| Gui | 45–46 | H: <i>Quant fu venu termes e tens Ke il aveit eage e sens</i> N: <i>Sidān sem honum vox vit ok vasklæikr.</i> | Tautologien er erstatta med trippel allitterasjon. |
| | 156 | H: <i>N'i out cheville ne closture</i> N: <i>ne nægling naglanna</i> | Tautologien er erstatta med allitterasjon av samrøtte ord. |
| | 226 | H: <i>Nuls ne pout eissir ne entrer</i> N: <i>ok matte þaN væg ækki at komazt</i> | Allitterasjonen er ikkje attgjeven. |
| | 306 | H: <i>La dame, pluranz e pensive,</i> N: <i>en hon gret þegar ahyggio full fyrir honum.</i> | Allitterasjon er ikkje attgjeven. |
| | 321 | H: <i>La bise se pleint e parlat;</i> N: <i>þa kærðe hon miok at ek hafðe dræpit hana. ok mællte hon þa (...)</i> | Allitterasjon er ikkje attgjeven. |
| | 353 | H: <i>Ci ai ma chambre e ma chapele,</i> N: <i>hær a ec loft ok kapello</i> | Allitterasjon er ikkje attgjeven. |

7.5. Allitterasjonar i dei gammalfranske lais

Tabell 7.2: Attgjeving av gammalfranske allittererande tautologiar

| Forteljing | Vers | Tekst | Kommentar |
|------------|------|--|---|
| Gui | 453 | H: <i>Vus estes bels e ele est be!</i> N: <i>þui at þu ert hinn friðasti maðr hon er hin frægiasta fru.</i> | Tautologien er attgjeven som trippel allitterasjon. |
| | 480 | H: <i>Qu'el l'enhaist e esloinast</i> N: <i>þat sem hon hafðe hugfast at hann myndi hata hana. ok hafna hænni.</i> | Tautologien er attgjeven som fleirledda allitterasjon |
| | 648 | H: <i>ne pur aveir ne pur amur;</i> N: <i>huarki sakar rikis ne fiar ne fægrðar ne astsæmdar</i> | Tautologien er ikkje attgjeven. Ein allitterasjon er skoten inn i den gammalnorske teksten. |
| | 764 | H: <i>La dame fu pensive e pale.</i> N: <i>hon var litlaus ok hugsiuk</i> | Allitterasjon ikkje attgjeven. |
| Esk | 87 | H: <i>Ki sur autrui mesdit e ment</i> N: <i>Sa er a annan lygr ok oðrum likar at amæla ok halla</i> | Attgjeve allitterasjon, ikkje tautologi. |
| | 145 | H: <i>Chien abaiet e coks chanter:</i> N: <i>Hunda gauð ok hana galdr</i> | Attgjeve som kryssallitterasjon: <i>abab</i> |
| Eq | 15 | H: <i>Deduit amout e druërie,</i> N: <i>let lika ser skæmtan ok kurtæisi riddarascap</i> | Attgjeve allitterasjon |
| | 92 | H: <i>Sui en estrif e en effri?</i> N: <i>hævi ec slikan angr. ok gere ec mér uró.</i> | Attgjeve allitterasjon |
| La | 98 | H: <i>N'i ot codre ne chastainier</i> N: <i>a huern kuist allra viðá</i> | Omskrive i omsetjing. Allitterasjonar ikkje attgjevne. |
| Des | 356 | T: <i>esveilla sei e esperi.</i> N: <i>vacnaðe hann ok vppsettizc.</i> | Endring i innhald Den tidlegare halv vokalen v- allittererer her som vokal? |
| Che | 90 | H: <i>A enseignes e as escuz;</i> N: <i>merki þeirra ok vapnabunað</i> | Allitterasjon ikkje attgjeven. |

7. Tekstklang

Tabell 7.2: Attgjeving av gammalfranske allittererande tautologiar

| Forteljing | Vers | Tekst | Kommentar |
|------------|------|---|---|
| Tvl | 112 | H: <i>Ele en prendra cunseil e cure:</i> N: <i>þa man hon til leggja rað ok ræct</i> | Attgjeve allitterasjon |
| | 133 | H: <i>De riches dras e de diniers,</i> Nl: – | Utelatt vers |
| Mi | 214 | H: <i>Veez cum il est bons e beaus!</i> N: – | Utelatt vers |
| Jan | 348 | H: <i>Ne debatre ne sei detraire</i> Nl: – | Utelatt vers |
| | 560 | H: <i>De chainse blanc e de chemise</i> N: – | Utelatt vers |
| Jon | 30 | H: <i>Veille ert e vedve (...)</i> N: <i>ok var gomul ok æckia</i> | Allitterasjon ikkje attgjeven |
| | 85 | H: <i>A forte corde trai e tir,</i> N: – | Utelatt vers |
| | 222 | H: <i>e tost e tart</i> N: <i>snimma ok siðla</i> | Attgjeve allitterasjon |
| | 390 | H: <i>Li cirgë e li chandelier,</i> N: <i>En kerta stickur þær er þar stoðo firir reckiunni er upp helldo kertum</i> | Allitterasjon ikkje attgjeven |
| | 475 | H: <i>Sa femme e sun fiz (...)</i> N: <i>sun sinn ok spusu sina</i> | Attgjeve allitterasjon |
| | 516 | H: <i>E li plus forz e li plus fiers</i> N: <i>hinn vaskasti (...) hinn virðulegste</i> | Attgjeve allitterasjon Inngår i eit større samband |


Det er to grupper tekstar som ikkje er førte opp i tab. 7.2 ovanfor. Den første er dei fire tekstane utan kjende gammalfranske førelegg: *Gurun*, *Strandar strengleikr*, *Ricar hinn gamli* og *Tveggia elskanda strengleikr*. Den andre gruppa er dei åtte gammalfranske tekstane der eg ikkje har lokalisert allittererande tautologiar: *Prologue*, *Bisclavret*, *Tydorel*, *Doun*, *Chievrefoil*, *Lecheor*, *Nabaret*, og *Grelent*.

Det totale talet på allittererande tautologiar i dei gammalfranske tekstane er 28, og det på ei total ordmengd i desse på 32323 ord. Av dei 28 allittererande tautologiane er ti (35,7 % av totalen) henta frå *Guigemar*. Talet på allittererande tautologiar er likevel forsvinnande lite. Av dei atten gammalnorske tekstane med gammalfranske førelegg som er del i denne analysen, er allittererande tautologiar

berre nytta i ti. For åtte av desse ti dreier det seg om eitt eller to enkelttilfelle, medan *Guigemar* (10) og *Jonet* (5) saman står for over halvdelan av tilfella. Den lengste teksten som er omsett til gammalnorsk av *Lais*-forteljningane er nettopp *Guigemar*, og det er dermed ikkje overraskande at det er i denne frekvensen er høgast. Sjølv dette er så låge tal at det er må reknast som sannsynleg at dette i stor grad dreier seg om tilfeldige ordsamansetjingar; *De chainse blanc e de chemise*, ‘Med kvit kjortel og underkjole’ (Jan 560), faste uttrykk; *tost e tart*, ‘seint eller tidleg’ (Jon 222) eller handlingsrelaterte samansetjingar; *Ci ai ma chambre e ma chapele*, ‘Her har eg rommet og kapellet mitt (Gui 353). To av desse døma illustrerer at allitterasjonar på *ch*- har vore attgjevne på gammalnorsk. Som omtala tidlegare valde eg å inkludera gammalfranske tautologiar mellom *ch*- og *c*- i oversynet. Eit slikt samband er attgjeve som ein gammalnorsk allitterasjon i *Guiamar* der det gammalfranske vers 156; *N'i out cheville ne closture*, ‘der var korkje naglar eller krampar’ er attgjeve med ein allitterasjon av samrøtte substantiv; *ne nægling naglanna*. Dette er derimot ikkje tilfelle i *Laustik*, der vers 98: *N'i ot codre ne chastainier*, ‘Der var korkje hassel- eller kastanjetre’ er omskrive til *a huern kuist allra viða*, ‘på kvar ein kvist i heile skogen’, i den gammalnorske forteljninga. Heller ikkje i *Jonet*, i det som tilsvarar det gammalfranske vers 390 er dette tilfelle; *Li cirgë e li chandelier*, ‘Stearinlysa og lysestaken’ er omskrive til *En kerta stickur þær er þar stoðo firir reckiunnu er upp helldo kertum*, ‘Og dei lysestakane som der sto føre senga og som heldt opp lysa’.

Ei oppteljing av talet på tautologiar i dei gammalfranske *lais* ville ha vore tidkrevjande. Det seier seg sjølv at med 28 allittererande tautologiar på eit såpass stort tekstmateriale, er den prosentvise andelen av slike tautologiar forsvinnande låg, mykje lågare enn det Melkersson (1992) fann for sine tekstar. Det kan dermed korkje vera snakk om eit stilkjenneteikn eller eit så utbreidd nytta retorisk grep at det er å forventa at det vart attgjeve i den norrøne omsetjinga. Som tala viser skjer likevel dette i 14 av dei 28 tilfella (50 %), medan allitterasjonen ikkje er attgjeven i 9 tilfelle (32,1 %). Dei resterande 5 (18 %) er del av gammalfranske vers som ikkje er omsette. Dette er illustrert i stolpediagrammet i fig. 7.3. Attgjevinga av dei allittererande gammalfranske tautologiane i *Strengleikar* går på tvers av både skrivarskiftet og dialektane i N.

7. Tekstklang



Figur 7.3. Attgjeving av allittererande gammalfranske tautologiar i *Strengleikar*

Allitterasjonsbruk kan i seg sjølv ikkje ha vore ein freistnad på å imitera stilen til førelegget, og er dermed noko dei gammalnorske tekstredaktørane tilfører teksten. Storparten av allitterasjonane i *Strengleikar* er slett ikkje som attgjevingar av allittererande tautologiar, og heller ikkje av doblingar i den gammalfranske teksten, men i nylaga doblingar innskotne på det som må ha vore rekna som høvelege stadar i den gammalnorske teksten.

Den store og grundige studien til Meissner (1902) inneheld ein bolck der han kategoriserer allitterasjonane i *Strengleikar*, i all hovudsak på grunnlag av form. Vurderinga av dette stilistiske verkemiddelet som er å spora i *Die Strengleikar* er kort, men Meissner er ein av dei få som tek ein annan posisjon enn Cederschiöld (1884) når det gjeld motivasjonen for den utstrekte allitterasjonsbruken. Der Cederschiöld ser tekstane i forhold til føreleggas stil, kontrasterer Meissner dei til den heimlege litteraturen og meiner at dei er nytta for å heva stilen i dei omsette høviske sogene over den heimlege prosalitteraturen. Han går derimot ikkje inn på kva funksjon allitterasjonane har i sjølve tekstane, og kommenterer heller ikkje noko om plasseringa av dei. Det er i dette tomrommet min analyse i det som følgjer plasserer seg, og då sterkt påverka av Kalinke (1979) sine idéar og metodar.

7.6 Allitterasjonar i *Strengleikar*. Semantisk analyse

For å kartleggja kva ein gammalnorsk omsetjar eller tekstredaktør har sett som passende delar av narrasjonen for innskotne allitterasjonar har eg valt å kategorisera dei forsterkande allitterasjonane som er nytta i *Strengleikar* semantisk. Denne er å finna som appendikset “Semantisk kategorisering av allitterasjonane i kvar tekst” (s. 427). Ei slik kartlegging viser òg variasjonen i allitterasjonskombinasjonar og -plassering mellom dei 21 forteljningane. Føreordet til tekstsamlinga kan sjølvstøtt ikkje inkluderast i ei slik semantisk kategorisering, til det er innhaldet for ulikt resten av materialet. Det er likevel på sin plass å jamføra allitterasjonskombinasjonane som er nytta i *Forræða* med resten av materialet.

Ei slik vinkling på allitterasjonsbruken i *Strengleikar* og i det meste av omsette høviske litteraturen er ny. Det som gjer tekstmaterialet mitt, *Strengleikar*-samlinga, særleg eigna til ein slik studie, er at denne av fleire grunnar står i ei særstilling innanfor den høviske omsetjingslitteraturen. For denne delen av granskinga er den viktigaste grunnen inndelingane av samlinga i fleire kortare tekstar med plot og tema, og dermed vokabular og forteljeteknikk, som viser stor slektskap. Desse tekstane utgjer dermed eit materiale som er eigna for ein komparativ analyse av særskilde trekk. Det er dessutan overlevert gammalfranske tekstar som er rekna for å ligga svært nær kjeldeteksten omsetjaren/ane arbeide med, og ei jamføring med desse vil gje ein indikasjon på kva som er lagt til i dei gammalnorske tekstane. Dette vil dessutan illustrera eventuell konsekvens i omsetjinga av enkeltord.

Som sett i oversynet av tekstmaterialet i kap.3, er det tre inndelingar i dette som resultat frå ei semantisk kategorisering må sjåast i samheng med. Den første av desse er skrivarskiftet i *Desire*, den andre er dei ulike språkformene i tekstane (Tveitane, 1973) og den tredje er ei todeling i kjeldetekstane som anten er rekna for å vera ei av Marie de France sine *Lais* eller *Lais anonymes*. Dei mest frekvente allittererande kombinasjonane jamfører eg dessutan med Cederschiöld (1884) og Gimse (1980) sine opprekningar av allitterasjonar i annan høvisk litteratur. Ei slik jamføring vil gje ein indikasjon på om uttrykka er spesifikke for *Strengleikar* eller om dei er typiske for den høviske omsetjingslitteraturen. Vidare står to tekstar i ei særstilling i ei slik samanlikning. Den første av desse er *Forræða*, der første halvdel av teksten er nyskriven av ein av tekstredaktørane som har arbeidd med teksten. Det er vanleg å rekna med at dette er omsetjaren. Eg har derfor valt å dela teksten i to, og omtalar når det er naudsynt den første nylaga delen som ForS I, medan delen med førelegg i Marie de France sin *Prologue* er ForS II. Sjangeren i denne teksten gjer at han fell utanfor i ei gransking av allitterasjonsbruk i personskildringar. Deretter skil *Equitan* seg ut frå resten av materialet med ein

7. Tekstklang

tekstredaktørs nylaga moralisering, interpolert mellom vers 310 og 311 i omsetjinga av den gammalfranske teksten, det vil seia tekststykket som ei seinare hand har nummerert 11. og 12. i N. Eg har derfor valt å skilja ut denne bolken av teksten i delar av analysen og nyttar sigla EqS for heile teksten, EqS I for teksten utan interpolasjonen og EqS II for interpolasjonen åleine. Forhaldet i lengd mellom desse bolkane er ujamnt.

Den nyskrivne første halvdel av *Forræða* og den innskotne moraliseringa i *Equitan* er to lange avsnitt dominert av allitterasjonar. Eg har ikkje rekna opp alle allitterasjonane som er nytta i desse i den semantiske kategoriseringa av allitterasjonane i appendikset (s. 427), då dette i hovudsak ville ha vore å skriva inn heile tekstane på nytt. Dermed har eg valt å føra opp dei mest påfallande tautologiane og samansetjingar av attributivt adjektiv-substantiv osv. Stilen i desse to er, ut frå det inntrykket allitterasjonsbruken gjev, svært lik. Derimot er ulikskapen i sjanger så stor at det er lite sannsynleg at same allitterasjonar er nytta i begge desse. Første delen av *Forræða* fortel om opphavet til omsetjinga og intensjonen med ho, og avsluttar med å kommentera den musikalske framføringa av *lais* og rekna opp dei ulike strengeinstrumenta som er nytta i denne. Det er kanskje mest korrekt å omtala den nyskrivne delen av *Equitan*, bolkane 11 og 12 i den seinare nummereringa av teksten, som ei moralisering over handlinga i forteljinga. Den homiletiske stilen i denne, saman med allusjonane til Bibelen og til Sankt Augustin får Cook og Tveitane (1979, 65) til å foreslå at dette arbeidet var gjort av ein geistleg. Dei meiner at han har handsama og kommentert forteljinga slik ein prest i mellomalderen ville ha gjort med eit *exemplum*.¹ Med unntak av eitt tilfelle er ikkje same allitterasjonar nytta i desse to tekstbolkane, og dermed kan ikkje dette nyttast som ein indikasjon på eit eventuelt felles opphav for delane. Det som derimot kan vera til nytte er ei jamføring av allitterasjonstettleiken, eller allitterasjonsfrekvensen i desse to bolkane. Denne kjem i siste del av dette kapitlet, i 7.8.4 og er rekna med allitterasjonar på totalt tal ord i tekststykket.

Den semantiske kategoriseringa av dei forsterkande allitterasjonane i kvar enkelt tekst viser at frekvensen av desse er høgast i enkelte delar av narrasjonen, sjølv om det er stor variasjon tekstane mellom. Delar av denne variasjonen spring ut frå innhaldet i forteljinga, andre delar kan ha opphavet sitt i ulike tekstredaktørar eller i førelegga til forteljingane.

Ei samanlikning av kvar allitterasjonar særleg opptre viser at førekomsten av allitterasjonar er stor i det eg omtalar som narrativ ramme, det vil seia dei korte

1. Berre ei gransking har vore gjort av denne innskotne moraliseringa. Hamer (1994) knyter innhaldet i denne til dei ein del av dei andre endringane i *Strengleikar*-forteljingane jamført med dei gammalfranske *lais* i ei artikkel med den talande tittelen *Moralised Translation*.

linene som dannar innleiing og avslutning til kvar forteljing. Vidare er bruken av dette retoriske grepet og ikkje minst allittererande innskot slåande i skildringar av personar og kjensler. Dei to siste kategoriane som skil seg ut er meir kontekstavhengige, nemleg kommunikasjonssituasjonar og i omtale av tid, stad og gjenstandar. I desse to siste kategoriane er det ventandes med større variasjon i allitterasjonsbruken, og dermed òg mindre samanfall mellom dei ulike forteljingane. Eg går i det som følgjer gjennom dei vanlegaste allitterasjonane i kvar av desse kategoriane.

7.6.1 Narrativ ramme

Eit av særtrekka ved Marie de France sine *lais* slik ein finn dei i H er bruken av verb og pronomer i første person i byrjinga og slutten av kvar enkelt forteljing.¹ I løpet av desse innleiande og avsluttande versa kjem forteljaren til syne og etablerer fiksjonen. Handlinga i vert oftast plassert i tid og rom i dei innleiande versa, medan avslutninga av kvar tekst etablerer teksten som eit litterært produkt. Her vert det ofte fortalt om nedskrivninga av hendingane og namngjevinga av teksten. Formuleringane som er nytta er stereotype i dei gammalfranske tekstane, men er prega av noko meir variasjon i dei gammalnorske. Dette ser ut til å ha vore ein del av narrasjonen rekna som høveleg for utviding, og då særskild den avsluttande kommentaren, til dømes: *hinum fægrstum notum er a brætlande funnusc en yðr se fræðe ok friðr ok fagnaðr er hæyrt haveð* (GuiS 886→886). Ikkje alle forteljingane med kjende gammalfranske førelegg har overlevert desse korte tekstbolkane, nokre av tekstane har berre dei innleiande linene (Ti, Lei og Gre), medan andre berre dei avsluttande (Che og Jan). Heile den narrative ramma er overlevert i tolv av tekstane (Gui, Esk, Eq, Bi, La, Des, Do, Tvl, Mi, Gei, Jon og Nab). Slett ikkje alle av desse forteljingane har noko særleg til narrativ ramme. *Doun* kvalifiserer nesten til inga slik ramme, *Laustik* og *Naboreis* har nær inga innleiing, medan slutten av *Bisclaret* og *Jonet* er forsvinnande knapp. Nokre forteljingar skil seg ut med det som framstår som ei ekstra gjennomarbeidd narrativ ramme. Dei to innleiande linene i *Milun*, ei forteljing som elles er mykje nedkorta, er tydeleg gjennomarbeidd for allitterasjonen: *Þeir er sogvr vilia segia. þa samir þeim með sundrskiftilegum hátti* (MiS 1–2). At *s*-allitterasjonen vert teken opp att i dei avsluttande innskotne linene i forteljinga understrekar ramma kring denne: *Vm ast þeirra ok goðleic gerðo þeir i fyrnskunni vm þenna atburð*

1. Dette fellestrekket grupperer desse tekstane og er eit av argumenta som vert nytta for at dette er verket til ein enkelt forfattar, i dag kalla Marie de France. Dei fleste forskarane er samde om dette, igjen er Baum (1968) unntaket. Han hevdar at berre ei *lai* frå handskriftet Harley 978 kan reknast for å vera skriven av Marie de France, nemleg *Guigemar*. Resten klassifiserer han som anonyme *lais*.

7. Tekstklang

strengleic. er nv þesse saga rita sva sem ec gat giorst skyniat ok skild. (MiS 531→543). Innleiinga i *Equitan* er uvanleg lang og attgjevinga av dei gammalfranske versa 1–4 er sláande i bruken av allitterasjonar: *Dyrleger menn ok daða fuller hygner menn ok hæverskir voru i fyrnskunni i brætlandi at riki ok at ræysti. at vizko ok at valde (...).*

Desse linene som dannar dei narrative rammene til kvar forteljing er korte og sjablongprega, men gjev likevel lite grunnlag for ei jamføring av tekstane på grunnlag av allitterasjonsbruken. Tilbakevendande ord og uttrykk er mangelvare, med unntak av allitterasjonar som inkluderer *strengleikr: sogu i strenglæiks lioð* (EskS <517); *sægja yðr lioða ok strænglæiks sagur* (BiS 1), *Nv er at segia fra þeirre strengleic sogu* (TiS 1); dømet ovanfor frå *Milun; Met þui at ec hof strengleica sogur. þa vil ek fram hallda starvi minu* (JonS 1–2), og *þeir er skola helldo at gera streingleiki gerðo fagran strengleics song* (NabS 46–47). Ein allitterasjon av denne typen er ikkje overraskande i desse forteljingane, og eg vurderer dermed ikkje desse til å vera til hjelp ei profilering av gammalnorske tekstredaktørar eller i ei inndeling av tekstane.

7.6.2 Personskildringar

Korkje Cederschiöld (1884) eller Meissner (1902) nemner at personskildringane i dei høviske sogene utmerkjer seg med ein sær sars allittererande stil. Dette kjem likevel fram i eksempelsamlingane deira, og til dømes er mange av Cederschiölds døme på triple allitterasjonar henta frå personskildringar: *hann var auðigr at eignum ok vaskr í vápnaskipti,... frægr ok fullgerr* (*Parcevals saga*, 27^{13–15}, sitert i Cederschiöld, 1884, VII). Døme på tilsvarende bruk av allitterasjon i personskildringar i dei “klassiske” sogene er gjevne av Lönnroth (1965, 68–117) som meiner å finna mønster for desse skildringane i eldre latinsk historieskriving. Den allittererande stilen finn han døme på i latinske tekstar, men gjer merksam på at det i desse oftare er nytta assonansfigurar enn allitterasjonar (Lönnroth, 1965, 89, fn. 1). Han peikar på at fleire av dei litterære portretta i dei “klassiske” sogene kan jamførast med strofer, der òg rytme vert nytta for å framheva innhaldet. Lönnroth illustrerer dette med å stilla opp Skarphedin-portrettet i *Njáls saga* som ei strofe (1969, 69):

Hann var *mikill maðr* vexti ok strykr,
vígr vel,
 syndr sem selr,
 manna fóthvatastr,
 skjótráðr ok øruggr,
 gagnorðr ok skjótorðr,
 en þó lǫngum vel stilltr.
 Han var jarpr á *hár*
 ok sveipr i *hárinu*,
 eygðr vel,
 fǫlleitr ok skarpleitr,
 liðr á nefi
 ok lá hátt tanngarðrinn,
 munnljótr nokkut
 ok þó *manna hermannligastr*.

(Lönnroth si utheving, etter ÍF 12, s 70)

Trass likskapen med den norrøne poesien er liknande personskildringar i denne nær fråverande. Forma som er nytta i personskildringar i sogene er eit resultat av ei utvikling i skriftkulturen innanfor det norrøne området. Påverknad frå eldre klerkial litteratur og latinsk historieskriving er å spora i det litterære portrettet slik det viser seg i riddarsoger og islendingesoger på 1200-talet. Lönnroth (1965, 75) meiner at det er mykje som peikar på at opphavet til dei retorisk utforma personskildringane i begge desse sogetypene er å finna i den klerkiale sogeskrivinga på Island – og då særskild Skálholt-miljøet – kring år 1200. Gjennom ei oppteljing av kvalitetar tillagde hovudpersonane i sogene han granskar demonstrerer Lönnroth at dei mest omfattande personskildringane er å finna i dei sogene som er rekna for å vera “særskilt litterära” (1965, 70). Der det i sogelitteraturen, og då særskild i islendingesoger, samtidssoger og yngre kongesoger, er realismen som dominerer og lovprisande eller sterkt retoriske uttrykk ikkje vert nytta, er det allittererande lovtalar som skyv realismen på sidelina i riddarsogene. Også desse er forma av den eldre sogeskrivinga (ibid. 99). I *Strengleikar* er den første presentasjonen av frua i *Guiamar* ein god illustrasjon på ei panegyrisk skildring. I denne er det gammalfranske *Une dame de haut parage*, | *Franche, curteise, bele e sage*, ‘Ei kvinne av god ætt | edel, høvisk, vakker og klok’, attgjeve som *þessa fru var hinnar bæztu ættar mildd ok kurtæis hyggin ok hæversk ok hinn mæstasta i allom kurtæisra kuenna kuenskum hin friðasta ok fægrsta*, ‘Denne frua var av den beste ætta, mild og kurteis, klok og høvisk, og den gjevaste i alle kurteise kvintedygdar, den fagraste og den vakraste’

7. Tekstklang

(Gui 211–212). Ei slik asyndetisk oppramsing av adjektiviske og substantiviske doblingar bundne saman ved allitterasjon eller assonans i personskildringar er ikkje særeigen eller ny for den høviske stilen. Den er tidlegast kjent i eldre religiøse tekstar frå 1100-talet (Seip, 1954, 33ff., 47ff., 93ff.). Det er likevel ein aukande tendens til slike oppramsingar i løpet av 1200-talet. Samanstillingar av same slag finst òg i dei “klassiske” sogene, og nokre av desse er identiske med dei allittererande adjektivpara som hyppigast er nytta i *Strengleikar*, til dømes *vítr ok vinsæll* (*Fóstbræðra saga*, ÍF 6, s. 24). Denne allittererande tautologien er ein av dei mest frekvente kombinasjonane i skildringa av mannlege hovudpersonar i *Strengleikar* og er med på å forsterka eit allereie stereotyp personbilete. Eit slikt flatt glansbilete av personane skil seg frå personskildringane i til dømes islendingesogene, der det realistiske i skildringane vert styrka ved at det vert fortalt om ein eller fleire personspefikke eigenskapar. Dette er gjerne eit trekk ved utsjånaden eller lynnet som ikkje er ideelt. Gunnlaug Ormstunge vert presentert med ei rekkje positive indre og ytre kvalitetar, men han er òg *nøkkut nefljótr*, ‘litt styggnasa’ (ÍF 3, s. 59). Ein variant av dette er å finna i portretta i bispesogene. I desse sogene vert det gjeve heller realistisk informasjon om utsjånaden til biskopane, men dei personlege kvalitetane deira er skildra i tråd med dåtidas kristne ideal. Det stereotype idealet personane i *Strengleikar* er forma over, stemmer overeins med dei gammalfranske førelegga. Desse personane er, i motsetnad til dei i sogene, fiktive, noko som gjev rom for nett slike panegyriske skildringar. Personane i dei gammalfranske *lais* viser lita utvikling, og må reknast for å vera reine aktørar. Det er handlinga og kjærleiken – ikkje personane – som er det sentrale. Dermed er personskildringane forma som korte stiliserte oppsummeringar der både ytre framtoning og moralske eigenskapar hos dei mannlege hovudpersonane liknar på kvarandre. Slett ikkje alle kvinnene er skildra (Mickel, 1974, 134–135; Ménard, 1979, 108–121 og Sienaert, 1984, 39–44). Bipersonar og hjelparar er for det meste ikkje tillagde nokon kvalitetar. I tråd med dei gammalfranske førelegga vert desse sjablongperga personskildringane attgjevne i dei gammalnorske tekstane. Trass forsterkinga av desse skildringane, er det knapt noko nytt eller noko djupne som her vert lagt til. Ta til dømes byrjinga av forteljinga *Fresne* der dei to naboane vert introdusert: *En Bretagne jadis maneient | Dui chevalier; veisin esteient. | Riche humme furent e manant | E chevalier pruz e vaillant*, ‘I gamle dagar i Bretagne budde det | To riddarar som var naboar | Dei var rike og mektige menn | og djerve og modige riddarar’ (Fre 3–6). Riddarane vert presenterte med fem eigenskapar. Ei jamføring med den gammalnorske attgjevinga og innskota i denne viser at sjølv om dei her er portretterte med fleire og meir aksentuerte eigenskapar, endrar dette knapt noko i biletet av dei: *J brætlande i fyrnskonne bioggu tvæir riddarar. goðer grannar ok hinir bæztu felagar rikir menn ok væl æignaðer. ok mioc fiaðer vasker ok traustir*

at riddarascap. hinir hæverscasto at kurtæisi ok ollum goðum hirðsiðum, ‘I gamle dagar i Bretland levde to riddarar. Desse var gode grannar og dei beste vener. Dei var mektige menn og med store eigedomar og rikdomar. Og dei var modige og sterke i riddarskap. Dei var dei mest høviske i høgferd og i alle gode hirdseder’.

Nokre av tillegga er reine modifikasjonar av det som er fortalt i den gammalfranske teksten. Riddarane er ikkje berre naboar, dei er gode naboar. Dei er i tillegg beste vener. Rikdomen og makta er forsterka ved eit adjektiv og ein tautologi. Det lengste innskotet er å finna i skildringa av dei høviske kvalitetane deira, men det vert ikkje presisert kva desse inneheld.

Sogene skildra derimot liva til reelle personar for eit publikum som anten har kjent personane, er i slekt med dei, eller i alle fall kjenner dei av omtale og munnlege forteljingar. Forteljesituasjonen er ein annan og det å forskjønna personane i narrasjonen ved gje dei andre og betre eigenskapar enn det dei historiske førelegga hadde, vil publikum oppleve som løgn. På dette viset ville både truverdet til forteljaren og interessa for saga gå tapt. Denne vinklinga på dei heimlege sogene vert stadfesta av det ofte siterte avsnittet frå Snorres *Prologus* til *Heimskringla*:

En þat er hátttr skálda at lofa þann mest, er þá eru þeir fyrir, en engi myndi þat þora at segia sjálfum honum þau verk hans, er allir þeir, er heyrði, vissi, at hégómi bæri ok skrök, ok svá sjálf hann. Þat væri þá háð, en eigi lof.

(ÍF 26, 5)

Den einaste granskinga av bruken av allitterasjonar i personskildringar i dei omsette sogene finst i kapitlet “Allitterasjoner sett i forhold til innholdet” i hovudfagsoppgåva til Gimse (1980, 100ff.), der dett er ein av dei semantiske kategoriane hennar (104ff.). I granskingane hennar av *Elis saga* finn ho at personskildringane heller tek føre seg mennesketypen enn individet. Bileta som vert gjevne av både menn og kvinner er stereotype og positive, og tek i all hovudsak for seg heltane og ikkje motstandarane i saga. Nokon utførlig gjennomgang av personskildringane i saga gjev Gimse ikkje, men ho konkluderer med at funksjonen deira er didaktisk og at dei tener til å framheva det høviske idealet. Hovudvekta av desse skildringane ligg på dei mannlege protagonistane.

Også i *Strengleikar* er det dei mannlege hovudpersonane som er skildra – om ikkje med djupne – så med flest ord. Personar som er skildra ved hjelp av allitterasjonar i desse forteljingane er mange, 62 i talet, og eg vil her nøya meg med ei kort omtale av allitterasjonsbruken i desse. Talet på personar varierer i kvar tekst, men den generelle tendensen er at ein møter to hovudpersonar, ein mann og ei kvinne, eit varierende tal hjelparar eller motstandarar, i tillegg til eit mogleg

7. Tekstklang

umælende publikum. Typisk for portretta er karakterisering gjennom ei opprekning av allittererande adjektiv, ein form for *enumeratio*. Den nanmlause kvinna i *Laustik* er til dømes skildra som *friðre ok fagre kono. hyggenne ok hæværskre* (LaS 14). Dette vert oftast kombinert med allittererande attributive adjektiv-substantiv. Ein av dei få bipersonane som er skildra på dette viset er presten i *Guiamar* som er *blæikr ok bloðlaus. kalldr ok kolnaðr or ollum likams losta* (GuiS 257). Dei allittererande sambanda mellom attributive adjektiv og substantiv står òg ofte åleine: *riki riddare* (EskS 19).

Mange av dei innskotne allitterasjonane dukkar opp nettopp i personskildringane, men biletet dei gjev er stereotyp og trass mengda av innskot endrar dei lite på det som allereie var fortalt i dei gammalfranske førelegga. Vidare ser det ut til å vera ein konsekvens i kva allitterasjonar som er nytta for å omsetja visse gammalfranske ord. Variasjonen i desse allittererande innskota, for det meste tautologiar, er minimal. Nokre allittererande uttrykk er typiske tillegg. Det er òg ein skilnad i kva type samansetjingar som er nytta for å skildra menn og kvinner.

Typiske allitterasjonar som er nytta i skildringar av menn er:

- Kombinasjonar med *friðr* og avleiingar av denne: *þu ert hinn friðasti maðr hon er hin frægiasta fru* (GuiS 453), *hinn friðasti riddare með fogrum fotum ok friðum ok væl voxnum bæinum* (DesS 112–113), *friði frænnde ok felage* (JanS 226)
- Variantar av *herra ok hofðingi* (GuiS 209; EskS 325, 332; EqS 11–12, 38, 133–134, 170, 177, EqS II)
- Kombinasjonar med *hæverskr*: *herra hæverskr ok kurtæis hofðingi* (EqS 11–12), *hirðlegre heyveski* (DesS 203)
- Kombinasjonar med *lofsæll*: *sua goðr ok gævo fullr. frægr ok vinsæll. ok at ollum drængskap sua lofsæll* (EskS 243), *allom sæmelegom siðom lærð ok lofsæl* (EskS 482), *hinn sæmelegste ok hinn lofsælasti* (BiS 16), *lofsæll ok frægr firir alla felaga sina. ok lognaut* (DoS 210)

Allitterasjonar med *(h)raustr* og *(h)reysti* er berre moglege i gammalnorsk og ikkje gammalislandsk. Dette grunna bortfallet av initial h- føre /l/, /n/ og /r/ (Hagland, 2004, 380, punkt 9)

- Kombinasjonar med *(h)raustr*: *rikr herra ok raustr riddare* (EskS 243), *ræðes mann æinn er var raustr riddare* (EqS 21–22), *raustasti riddari* (DesS 89), *ok reyndozc þeir þa ráustir* (CheS 110–115), *ricr ne raustr* (DoS 20), *ricr ok ráustr riddare* (DoS 68), *betre er raustr skialldsveinn en ragr riddare* (GuS),

7.6. Allitterasjonar i Strengleikar. Semantisk analyse

- einum rikum ok raustum riddara* (MiS 124–126), *hann verðr vaxinn maðr ok fullkominn at vexti ok ráustr riddare ok hinn vaskasti* (JonS 425–426)
- Kombinasjonar med *(h)reysti*: *at rœyna rœysti ok riddaraskap sin* (GuiS 51), *af reysti ok riddaraskap* (MiS 308), *reysti hans ok riddaraskapr* (MiS 333).¹
 - Kombinasjonar med *rikr* og avleiingar av denne: *rikulega ollum riddara hærlæðom* (GuiS 47–48), *riki riddare* (EskS 4), *rikr herra ok raustr riddare* (EskS 243), *ricr ne raustr* (DoS 20), *ricr ok ráustr riddare* (DoS 68), *hann er sva ricra manna. ok faðer hans sva frægr af reysti ok riddaraskap* (MiS 307–308), *einum rikum ok raustum riddara* (MiS 124–126), *rikir riddarar* (LeiS 5)
 - Kombinasjonar med *vaskr*: *hinn vaskaste riddare i vapnom* (GuiS 33), *vittr ok vaskr* (GuiS 43), *hinn vaskaste maðr ok hinn vapndiarfaste* (GuiS 593), *vaskaste i vapnom* (EqS 13), *vaskr ok kurtæiss vapndiarfr ok oflugar* (BiS 2), *vaskr ok vapndiarfr* (JanS 516), *hann verðr vaxinn maðr ok fullkominn at vexti ok ráustr riddare ok hinn vaskasti* (JonS 425–426), *hinn vaskasti ok hinn villdazti hinn friðazti ok hinn harðazti vápnvm hinn virðulegste ok hin vinsælazti* (JonS 515–517), *vaskr ok vapndiarfr* (NabS 4)
 - Kombinasjonar med *vild* og avleiingar av denne: *villd ok goðvilia* (GuiS 29), *villdasta vin* (GuiS 750), *villdasto vinir* (EskS 53), *villdasta vin* (EqS II), *villd ok vinsæll* (DesS 83), *hinn vaskasti ok hinn villdazti hinn friðazti ok hinn harðazti vápnvm hinn virðulegste ok hin vinsælazti* (JonS 515–517)
 - Kombinasjonar med *vinr* og avleiingar av denne: *vinsæll ok vinatto* (GuiS 40), *var vittr ok vaskr þokkaðezt ok vinsælldezt* (GuiS 43–44), *villdasta vin* (GuiS 750), *villdasto vinir* (EskS 53), *sua goðr ok gævo fullr. frægr ok vinsæll. ok at ollum drængskap sua lofsæll* (EskS 243), *vaskaste i vapnom (...)* *vinsæll* (EqS 13–15), *villdasta vin* (EqS II), *vinsæll ok goðviliaðr allum gronnum* (BiS 20), *villd ok vinsæll* (DesS 83), *vaskir ok vinsælir* (CheS 135), *hinn vaskasti ok hinn villdazti hinn friðazti ok hinn harðazti vápnvm hinn virðulegste ok hin vinsælazti* (JonS 515–517)

Typiske allitterasjonar som er nytta i skildringar av kvinner er:

- Kombinasjonar med *fagr*: *hin friðasta ok fægrsta* (GuiS 212), *fagra fru* (GuiS 428), *fagra fund* (GuiS 707), *fogr ok frið* (EskS 236), *fogru frægð* (EskS 248), *friðre ok fagre kono* (LaS 14), *æinni fru harðla friðre i ollum hæimunom finnzc æigi fægre* (DesS 155–156), *alldre friðare annlit. alldre sva fagnar*

1. Allitterasjonane med *(h)raustr* og *(h)reysti* er mellom dei som viser handskriftets, skrivaranes (og mogleg omsetjaranes?) norske opphav. Dette er i samsvar med skilnaden mellom gammalnorsk og gammalislandsk, der norsk har bortfall av /h/ i framlyd føre /l/, /n/ og /r/ (Hagland, 2004, 380 pkt 9).

7. Tekstklang

henndr ne sva vel vaxna armleggi ne sva friðan licam. i klæðom lagðan. ne friðare hár. ne hægge at hannlla. ne betr samannði kvenmannz hofði. með sva fogrvm harflettom. (DesS 190–192), *fegrð ok friðleic* (DesS 694),

- Kombinasjonar með *friðr* og avleiingar av denne: Av desse er epiteten *friða fru* hyppigast nytta (GuiS 263, 333, 337, 381, 397, 518, 655, 703, 715, 760; EqS 46, 79, 117; DesS 400, 711, 746; CheS 107; JanS 239, LeiS 5–6). Andre kombinasjonar með *friðr* er: *frið ne agæt. ne frið mær* (GuiS 59–60), *hin friðasta ok fægrsta* (GuiS 212), *fogr ok frið* (EskS 236), *þesse fru var sua frið orðen at væxti ok fægrð ok allri likams skæpnu. at þo at naturan hæfði hænni huætvitna gevet þat er til fægrðar væri.* (EqS 31–34), *friðre ok fagre kono* (LaS 14), *æinni fru harðla friðre i ollum hæimunom finnc æigi fægre* (DesS 155–156), *alldre friðare annlit. alldre sva fagarar henndr ne sva vel vaxna armleggi ne sva friðan licam. i klæðom lagðan. ne friðare hár. ne hægge at hannlla. ne betr samannði kvenmannz hofði. með sva fogrvm harflettom.* (DesS 190–192), *fegrð ok friðleic* (DesS 694), *hin fatækazta i hennar þionasto er friðare. en þér frú drotning.* (JanS 298–300), *of friðr ok of dyrlegr* (JanS 368)
- *hygginn ok hæverskr*: (GuiS 212; EskS 254; EqS 51, 155–156; LaS 14; Tvls 238; JonS 22)
- *kurteiss kona*: (GuiS >212; EskS >48, >236, >242, >302; NabS >35; GreS 74–75).

Allitterasjonane som er nytta i skildringar av kvart kjönn i forteljingane i *Strengleikar* ser i stor grad ut til å vera kjönnsspesifikke. Det er berre eit par ord som vert nytta i allitterasjonar om begge kjönn: *friðr*, *hæverskr* og *kurteiss*, og sjölv desse ser ut til å ha vore foretrukne i skildringar av eitt av kjönn.

Tabell 7.3: Framtredande vokabular i allitterasjonar i personskildringar

| Ord | Menn | Kvinner |
|----------------------------|---|--|
| <i>fagr</i> | 2 (DesS 113, JonS 110). Begge har <i>fogrum fotum</i> | 10 |
| <i>friðr</i> | 4 | 32, 19 av desse er epiteten <i>friða frú</i> |
| <i>herra ok hofðingi</i> | 9 | – |
| <i>hygginn ok hæverskr</i> | – | 7 |
| <i>hæverskr</i> | 2 | |
| <i>kurteiss</i> | 3 | 7 |

7.6. Allitterasjonar i Strengleikar. Semantisk analyse

Tabell 7.3: Framtredande vokabular i allitterasjonar i personskilddingar

| Ord | Menn | Kvinner |
|------------------|------|---------|
| <i>lofsæll</i> | 4 | 1 |
| <i>(h)raustr</i> | 9 | – |
| <i>(h)reysti</i> | 3 | – |
| <i>ríkr</i> | 8 | 2 |
| <i>vaskr</i> | 8 | – |
| <i>vildr</i> | 6 | – |
| <i>vinr</i> | 11 | – |

At det her dreier seg om eit skilje i kva ord som vert nytta i skilddingar av menn og kvinner er tydeleg, og som eg kjem til å gå nærare inn på i dette kapitlet er menn karakterisert i generelle ordelag som rike og mektige, godt omtykte og med ei åtfærd som sømer seg for ein riddar i ei høvisk verd.

Til skilnad frå fleire av dei andre semantiske kategoriane er det visse allittererande samansettingar som går att i fleire av forteljingane. Desse samansettingane kan vera til hjelp i ei profilering av tekstredaktørane og til ei eventuell ny inndeling av tekstmaterialet.

For menn gjeld dette dei allittererande samansettingane:

- *herra ok høfðingi*. Tautologien finst heile 9 gonger i *Strengleikar*, men berre i dei tre første forteljingane i N, og då med storparten av tilfella i *Equitan* (6). Tautologien erstattar *sires* (GuiS 209, EqS 11–12), *seinur* (normalisert: *seignor*) (EskS 325) og *reis* (EqS 170 og 177) i 5 av tilfella, er ein gong nytta for i omsetjinga av tautologien *reis/sires* (EqS 133–134) og er innskoten i *Eskia* (332) og *Equitan* (38, EqS II). Dette er mellom dei vanlegaste allittererande tautologiane, og er òg å finna i mellom anna *Elis saga* (82⁸, 82¹³), *Ívens saga* (103¹, 130³) og *Tristrams saga* (26¹⁷, 32²⁰)¹. Det er likevel påfallande at tautologien utelukkande er nytta i *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan*. Desse tre forteljingane har alle førelegg i Marie de France sine *Lais*, og er skrivne av Str. I, men representerer to språkdrag, vestnorsk i *Guiamar* og *Eskia*, ytre vikværsk i *Equitan*.
- *vaskr í vápnum*: Uttrykkjer førekjem ikkje meir enn tre gonger i *Strengleikar*, men plasseringa av desse er påfallande: Første gong i den nyskrivne delen av

1. Referansane her er henta frå innleiinga til Cederschiöld (1884)

7. Tekstklang

Forræða (ForS I), neste gong i *Guiamar* (GuiS 33; attgjev *pruz e vaillanz*) og siste gong innskoten i *Equitan* (EqS 13). Liknande, men ikkje identiske, uttrykk er å finna i Cederschiölds opprekningar (1884); *vaskastr í vápnaskiptum* (*Tristrams saga* 8⁸⁻⁹), *vaskr í vápnaskipti* (*Parcevals saga* 27¹³⁻¹⁵). Dei uttrykka som ligg nærast er variantane *hinn vaskasti at vápnum* (*Möttuls saga* 1⁵) og *hinir vöskustu til vápns* (*Tristrams saga* 50¹⁵). Samansetjinga kan moglegvis reknast for å vera så særeigen av ho kan nyttast for ei gruppering av tekstane. Desse tre forteljingane er av same skrifvar; Str. I, og har førelegg i Marie de France sine *Lais*. Dei representerer ulike språkdrag, ytre vikværsk i *Forræða* og *Equitan*, vestnorsk i *Guiamar*.

- *vildasti vinr*: Samanstillinga er nytta tre gonger, i *Guiamar* (GuiS 750), *Eskia* (Esk 53) og i den nyskrivne moraliseringa mot slutten av *Equitan* (EqS II). At uttrykket er nytta i moraliseringa er ein indikasjon på det høyrer med til ein tekstredaktørs standardvokabular, eller i det minste mellom dei uttrykka som det fall naturleg for han å nytta, og som han tykte høvde for denne typen tekstar. Ei jamføring med den gammalfranske teksten *Guigemar* viser at adjektivbruken er utan førelegg. Uttrykket er innskote i *Eskia*. Ein veikskap med Cederschiölds liste over allittererande uttrykk er at denne i hovudsak, men ikkje utelukkande, reknar opp allittererande par, bundne saman med *ok*, *eða* eller *ne*. At samanstillinga *vildasti vinr* ikkje er å finna i lista hans, tyder dermed ikkje at ho ikkje finst i tekstane han granskar. Ei jamføring med allitterasjonane i *Elis saga* (Gimse 1980) viser at samansetjinga heller ikkje er å finna i den soga. Ei gjennomlesing av *Möttuls saga*, *Ívens saga* og *Parcevals saga* (utg. Kalinke 1999) viser at *vildast vinr* ikkje finst i desse sogene. *Erex saga* står i ei særstilling blant dei høviske sogene som vart omsette frå fransk, fordi det er få allitterasjonar og doblingar i denne soga (Kalinke, 1999, 220). Uttrykket *vildasti vinr* er heller ikkje å finna i denne. Dei tre strengleikane som inneheld dette uttrykket er skrivne av Str. I og har førelegg i Marie de France sine *Lais*. Dei representerer ulike språkdrag, ytre vikværsk i *Equitan*, vestnorsk i *Guiamar* og *Eskia*.

For kvinner gjeld dette dei allittererande samansetjingane:

- *friða frú*: Epitetet er nytta 19 gonger i *Strengleikar*. 15 av desse er utan førelegg i fransk tekst. *Guiamar* utmerkjer seg med 10 tilfelle. Det første, GuiS 263, kjem ikkje ved første presentasjon av frua, men i det ho intetanande er på veg til første møte med Guiamar, altså i det ho er på veg til å møta lagnaden sin. Bruken av epitetet framstår som mekanisk, og vert ein gong variert med *fagra fru* (GuiS 428). I *Equitan* er epitetet nytta tre gonger, og to av desse er innskotne, desse har same preg av mekanisk nytta epitet som i *Guiamar*. Siste

gongen er varianten *sua frið fru* ei korrekt atgjeving av det gammalfranske *Si bele dame* (EqL 79). Bruken i *Desire* kan ikkje seiast å vera utan førelegg i den gammalfranske teksten. I v. 400 erstattar epitetet *bele amie*, og det er ikkje utenkeleg at varianten *bele dame* har eksistert i eit no tapt gammalfransk handskrift, men denne finst ikkje i dei overleverte handskrifter. Det substantiverte adjektivet *bele* er nytta i DesLA 711 og ei atgjeving av dette som *friða fru* er å venta. Det siste tilfellet erstattar *la damaisele* i DesLA746. Allitterasjonen er ikkje mellom dei som vert rekna opp hos Cederschiöld (1884), men så er dette heller ikkje ein tautologi. Epitetet er ikkje nytta i *Elis saga* (Gimse, 1980, 66–67), men kan ikkje på dette grunnlaget seiast å vera fråverande frå den omsette høviske litteraturen. Ei kort jamføring med *Ívens saga* viser at epitetet er i bruk der (mellom anna s. 58, l. 11 og s. 60, l. 25 og l. 33, s. 70, l.34 og ein variant s. 66, l. 3, utg. Kalinke, 1999). I *Strengleikar* er epitetet nytta på begge sider av skrivarskiftet, i tekstar av ulike språkdrag og med begge typar gammalfranske førelegg. Den gjennomførte bruken av *friða frú* skil ut *Guiamar* frå resten av forteljningane i *Strengleikar*.

- *hygginn ok hæverskr*. Tautologien er nytta 7 gonger i omtale av kvinner i dei gammalnorske tekstane, i tillegg til ein gong i eit innskot om menneske generelt i *Forræða*. Ei jamføring med dei gammalfranske førelegga viser at denne omsetjinga ikkje er utan førelegg i dei gammalfranske tekstane og erstattar i kvart tilfelle to fortløpande adjektiv nytta i personschildringa. I 5 av tilfella dreier det seg om *sage/curteise* (Esk 254; Eq 51, 155–156; La 14 og Jon 22), i eit tilfelle *sage/bele* (Tvl 238), medan det i det siste tilfellet er nytta i ei atgjeving av *Franche, curteise, bele e sage*, omsett til *milld ok kurtæis hygginn ok hæversk* (Gui 212). Ei jamføring med Cederschiöld (1884) viser at uttrykket er nytta i *Tristrams saga* (*hygginn ok hæversku*, 41¹⁰) og i *Ívens saga* (*hygginn ok hæverskr*, 26⁴, 60¹⁷, 72⁴). Ein utvida variant av denne tautologien er uttrykket *hygginn ok heyvesk ok hinn friðazta* som er nytta to gonger i *Strengleikar* (Tvl 238 og Jon 22). I *Tveggia elskanda liod* omset uttrykket det gammalfranske *Ki tant ert pruz e sage e bele*, ‘Som er så vis og klok og vakker’ (Tvl 238), og har eit nær likelydande førelegg i *Jonet: Sage, curteise e forment bele*, ‘Klok og høvisk og svært vakker’ (Jon 22). Frekvensen av tautologien i *Strengleikar* er etter måten høg, og det er igjen grunn til å tru at dette er ein tekstredaktørs særegne uttrykksmåte som kjem til syne i tekstane. Alle dei seks forteljningane der tautologien er nytta er mellom dei som har førelegg i Marie de France sine *Lais*. Vidare plasserer dei seg på begge sider av skrivarskiftet. Ei jamføring med Tveitane (1973) si inndeling av ulike språkdrag i forteljningane, viser at alle språkdraga her representerte, vestnorsk i *Guiamar*, *Eskia*, *Laustik* og *Jonet*, ytre vikværsk i *Equitan* og indre vikværsk i *Tveggia elskanda liod*.

7. Tekstklang

- *kurteiss kona*. Allitterasjonen er nytta 7 gonger i *Strengleikar*. 4 av desse i *Eskia*. Ei jamføring med dei gammalfranske førelegga viser at alle tilfella utanom i det *Greilent* er del av lengre skildrande innskot i dei gammalnorske tekstane, og er dermed utan opphav i førelegga. Teksten i *Greilent* er både fragmentarisk overlevert og stammar truleg frå ein insulær handskriftstradisjon, medan dei to kjende gammalfranske versjonane har eit kontinentalt opphav (Tobin, 1976, 85–86). Cook og Tveitane (1979, 279) meiner at den gammalnorske omsetjinga ligg tett opp til den gammalfranske teksten og, noko eg stiller meg tvilande til. Det avsnittet av teksten (v. 73ff.) som inneheld allitterasjonen *kurteisum konom* ser ut til å plassera seg eit godt stykke frå den gammalfranske teksten frå handskriftet P. Ei truverdig jamføring av tekstane på dette punktet av narrasjonen er vanskeleg grunna teksttapet i det gammalnorske handskriftet.

Denne allitterasjonen finst i *Guiamar*, *Eskia*, *Naboreis* og *Greilent*. Allitterasjonen er dermed å finna på begge sider av skrivarskiftet. Dei gammalfranske førelegga stammar både frå Marie de France (GuiS, EskS) og *Lais anonymes* (NabS, GreS). På den andre sida har desse forteljingane felles språkdrag (Tveitane, 1973). Alle har vestnorske trekk.

Denne samanlikninga av allitterasjonsbruken i personskildringar i *Strengleikar* kan gje ein peikepinn om tekstane opphavleg har funnest i fleire mindre hefte slik det tidlegare har vore foreslått (Cook og Tveitane, 1979, xxvi–xxvii), kva tekstar kvart hefte har inneheldt, og eventuelt om eitt eller fleire av desse kan knytast til ulike tekstredaktørar, kvar med sine språklege preferansar som kjem til syne i tekstane dei arbeidde med. Resultata frå jamføringa over er ikkje eintydige, og kan inntil fleire aspekt av dei gammalnorske tekstane er granska, berre reknast for indikasjonar på eit felles opphav.

Det som det førebels er grunn til å hevda er at bruken av tautologien *herra ok hofðingi* kan indikera at dei tre første forteljingane, *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan* dannar ei eiga gruppe. Dette vert delvis støtta opp at allitterasjonen *vaskr í vápnnum* som kan samla *Forræða*, *Guiamar* og *Equitan* og samanstillinga av attributivt adjektiv og substantiv *vildasti vinr*. Dette kan samla forteljingane *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan*. Ei liknande inndeling gjev bruken av tautologien *hygginn ok hæverskr* som lenkjer saman *Guiamar*, *Eskia*, *Equitan*, men òg moglegvis *Laustik*. For siste bolken av samlinga gjev varianten *hygginn ok heyvesk ok hinn friðazta* ein mogleg peikepinn på eit samband mellom *Jonet* og *Tveggia elskanda lioð*. Samansetjinga *kurteiss kona* opptre kun innskot i den gammalnorske teksten, og støttar opp under ei mogleg gruppe av *Guiamar*, *Eskia*, *Naboreis* og *Greilent*. Den påfallande bruken av epitetet *friða frú* skil forteljinga *Guiamar* fullstendig ut frå resten av

tekstsamlinga, men med hint om band til *Equitan*, og ei lausare tilknytning til *Desire*.

Ut frå denne granskinga kan det vera at dei fire første tekstane i N, *Forræða*, *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan*, dannar ei gruppe, fordi desse forteljingane vert knytte saman av fleire felles allittererande uttrykk. Den særleine bruken av epitetet *fríða frú* skil forteljinga *Guiamar* ut frå resten av tekstsamlinga. Moglege forklaringar på dette kan vera at denne forteljinga er den einaste ein av omsetjarane arbeidde med, eller at ein seinare tekstredaktør her har lagt vekt på å føya denne til i kopieringa av teksten. Dersom denne seinare tekstredaktøren arbeidde med fleire av forteljingane er det ikkje usannsynleg at han gjekk lei og dermed ikkje la like mykje ned i arbeidet med andre forteljingar.

7.6.3 Kjensler

Som sett i kap. 7.6.2 er allitterasjonar i *enumeratio* i den gammalnorske teksten hyppig nytta i personskildringar. Andre *enumeratio* med allitterasjonar i *Strengleikar* skildrar kjensler, og eit typisk døme er tautologien *hugsiucr ok harms fullr* som mellom anna er nytta i attgjevinga av *Mut fu pensis, taisanz e muz, | De grant dolur mustre semblant*, ‘han var svært tankefull, taus og stille | han viste teikn på stor smerte’, omsett til *hugsiucr ok harms fullr. litlaus ok ryggr*, ‘hugsjuk og sorgfull, bleik og stur’ (JanS 360–361). Som i dette dømet dominerer adjektivtautologiar i skildringane av kjensler. Andre samband som er nytta er substantivtautologiar: *harmr ok hormung* (EskS 345) og samanstillingar av substantiv og adjektiv: *sarom sorgum* (EqS 66). Også lengre og meir kompliserte samansetjingar er nytta: *andvarpar hann af ollu hiarta með kynlega angre ok undarlegre úro* (GuiS 384). Allitterasjonar er nytta rett ofte i omtale av kjensler, og variasjonen i ordval er ikkje særleg stor. Typiske slike allitterasjonar er:

- Tautologien *anгр ok úró*: 8 tilfelle der 2 er utan førelegg i fransk tekst (Esk >462 og Eq >97). *Guiamar* utmerkjer seg 4 tilfelle (Gui 384, 394, 412 og 663). Opphavet til tautologien er 3 av gongene i *Guiamar* det gammalfranske substantivet *anguisse* og avleiingar av dette (Gui 384, 394, 663). Førelegga til den allittererande tautologien er i resten av tilfella *travaillé* (Gui 412), *estri/effrei* (Eq 92), og *dul* (Des 341). Tautologien er òg nytta fleire gonger i *Tristrams saga* (9³, 15³⁰, 65³, 66¹⁷, 82²², 84³, 98¹)¹, men ikkje i *Elis saga* (Gimse 1980). Dei gammalnorske forteljingane plasserer seg på begge sider i alle dei tre inndelingane av tekstane, skrivar, språk og opphav. Nok ein gong skil *Guiamar* seg ut frå resten av forteljingane, men med moglege band til dei

1. Som sitert i Cederschiöld (1884)

7. Tekstklang

forteljningane der tautologien er nytta utan førelegg i gammalfransk tekst, altså *Eskia* og *Equitan*.

- Allitterasjonar med *harmr*: Frekvensen av allittererande samansetjingar med *harmr* er høg, og ei samanlikning med dei gammalfranske tekstane viser at det er mønster i kva ord dei erstattar.

harmr ok hørmung: 4 tilfelle (Esk 345 (*mesavenu*), 451 (*pitié*); Eq 30 (*mals*) og Che 135 (*dolur*)).

harmr ok hugsótt: 10 tilfelle (Gui 116, 552, 662, 664; La 136, 140; Des 21, 340, 408; Tvl 98). Med fire tilfelle av ei allittererande dobling trer *Guiamar* igjen fram med høgast førekomst. I v. 116 og v. 552 erstattar doblinga *dolur*, og i v. 662 er det ei grei attgjeving av det gammalfranske verset *Sa grant peine, ne le martire*. I v. 664 er doblinga del av eit lengre allittererande innskot som omtalar pinslene frua må gjennom i fangeskap. Begge tilfella i *Laustik* er del av innskot som omtalar fruas sorg over nattergalens død. Adjektivet *dolent* ligg til grunn for to av dei tre førekomstane i *Desire* (Des 21 og 340), medan det i v. 408 er ei omsetjing av *turment*. Enkeltilfellet i *Tveggia elskanda lioð* er som i *Guiamar* (v. 662) ei attgjeving av *martire*.

hugsjúkr ok harmsfullr: 4 tilfelle (Gui 856; Bi 45; Tvl 36; Jan 360–362) Fellesnemnaren er bruken av dei samrøtte *dol/dolur/dolent* i dei gammalfranske førelegga (Bi 45, TvlS 36 og Jan 360–362), (jf. tab. 6.9 (s. 244)). I *Janual* er tautologien del av ein lengre delvis allittererande *enumeratio* som ligg nokså tett opp til det gammalfranske førelegget: *Mut fu pensis, taisanz e muz | De grant dolur mustre semblant*. Denne skildringa er omsett til *þa syndizc hann slicr sem hann var. hugsjuocr ok harms fullr. litlaus ok ryggr*. Tautologien er ei intensivering av *Mut li peise* i *Guiamar* (Gui 856). Ein variant av denne er *hiarta er harms ok angrs fullt* i v. 502 (Gui 502) der han forsterkar det gammalfranske *Mis quors en est mut anguissus*.

Bruken av *harmr* i allitterasjonar av samrøtte ord førekjem tre gonger i *Strengleikar*:

Esk 72: *harmaðe hormulega sialfa sec*. Dette attgjev *A sei meïsmes se desmente*.

Gei 9: *harmulegan harm* er ei omsetjing av *dolur*.

Esk 103–104: *hormulega* i *Sem hon læit fru sina hormulega grata þa mislikaðe henne mioc harmr hænnar* må reknast for å vera ei omsetjing av *doluser*. Då er *harmr hænnar* eit innskot. Allitterasjonen her er bunden saman med *hætt*

7.6. Allitterasjonar i Strengleikar. Semantisk analyse

þæssom hormulegom latom nokre liner seinare (EskS 108), ei tydingsforskyving av *Leissiez cest dol*.

Det er eit par allitterasjonar som knyter saman *hætta* og *harmr*, mellom anna i *Equitan* (EqS 97) der: *hætta ok hafna þæssom hæimska harm* attgjev det gammalfranske *Je perdreie ceste dolur*.

Resten av tilfella der *harmr* allittererer i *Strengleikar* er i samansetjingar av *harmr* og *hugga*. Det ikkje er noko mønster i kva desse allitterasjonane attgjev: To av tilfella er del av lengre innskot i den gammalnorske teksten: *fecc þar allzænga huggan. ne hiolp sinna harma* (Gui 666) og *harmr en huggan* (Eq 68). I *Desire* (Des 353) er *huggan i harm* ei velklingande omsetjing av det gammalfranske *joie (...) en tristur*. Ei tydingsforskyving frå ei fysisk til ei psykisk helbreding finst i *Guiamar* (Gui 397), der det gammalfranske *est gariz* er attgjeve som *hugga harm hans*, medan ei motsett vinkling finst i v. 421 der *harmr hans nokot huggazt* attgjev det gammalfranske *Mut en fust liez*.

Ordvala i dei gammalnorske tekstane reflekterer ein konsekvens i ordval samanlikna med førelegga. Denne granskinga må knytast til den leksikalske granskinga av *harmr* og *dolur* som demonstrerer eit tydeleg samband mellom allittererande doblingar med *harmr*- og det gammalfranske *dolur* og avleiingar av dette substantivet. Dette vert stadfesta av den leksikalske granskinga av omsetjingar av *dolur/ dolent/ dols* som i oftast er attgjeve som *harmr* eller ei avleiing av denne (sjå “Attgjeving av ord med rota dol-” (s. 244)).

Cederschiöld (1884) gjev ei rekkje døme på *harmr*-allitterasjonar. Tautologien *harmr ok hugsótt* er mellom anna å finna i *Ívens saga*, *Tristrams saga* og *Elis saga*.

Allitterasjonar med *harmr* er nytta på begge sider av skrivarskiftet, men med hovudtyngda på Str. I. Alle språkdrag er representerte, og det er òg tekstar frå både Marie de France sine *Lais* og frå *Lais anonymes*.

- Allitterasjonar med *svívirð/svívirða/svívirðing*: Desse allitterasjonane grip delvis inn i allitterasjonar nytta i kommunikasjonssituasjonar. Orda som *svívirð/svívirða/svívirðing* allittererer med plasserer desse allitterasjonane i denne kategorien. Denne typen allitterasjonar i *Strengleikar* er som følgjer: *skom sina ok svivirðeng at kona hans hævir fæðtt tva sunu af huæim þau era bæði suivirð* (EskS 34–36), *svivirði hana saklausu* (EskS 65), *svivirðing boanda sins. ef hann svæfi undir sliku pelli. Sua sviuirðilego abræizle* (EskS 402), *þui at hænni syndiz ok sviuirðelegt* (EskS 425), *svik ne*

7. Tekstklang

svivirðingar (EqS II), *svæik ok svivirði sinn villdasta vin sinn* (EqS II), *svæik ok sviuirði puso hans ok samþyctiz dauða hans* (EqS II), *skomm ok suivirðing at skæpnu sinni* (BiS 288), *suivirðir ok spottaðer* (DesS 429), *svicare ne suivirðing* (JanS 274), *hon syniaðezc honum þa suivirðe hann hana* (JanS 319–319), *Snapr kvað hann mioc heuir þu svivirt mic ok við mic gort suivirðlega* (JanS 363–364), *Suivirðir mic ok spottaðer drotningena* (JanS 365–366), *skom ne sviuirðung* (GreS 127). Slett ikkje alle allitterasjonane som er rekna opp over er i samsvar med allitterasjonsnormen for norrøn poesi der konsonantsambanda *sk-*, *sp-* og *st-* berre allittererer med seg sjølve. Unntaka er allitterasjonane med *skømm* og *spotta*. Dei gammalfranske *deshonur/honte/hunir* er kjelda til allitterasjonane i nokre av tilfella (EskS 34–36, BiS 288, JanS 365, GreS 127), medan det i andre er reine tillegg i den gammalnorske teksten, (EskS 402, dei tre tilfella i *Equitan* (EqS II)). I resten av tilfella har allitterasjonane opphav i enkeltord i dei gammalfranske tekstane, og intensiverer uttrykket i omsetjinga: EskS 65 har opphav i *mesparla*, EskS 435 i *ne li sembla mie boens*, JanS 318–319 i verba *escundist/ laidi*, og i JanS 274 erstattar den allittererande doblinga *ne mes ferai*. Kryssrimet i *Janual* (JanS 363–364) er nylaga. Tautologien *suivirðir ok spottaðer* i *Desire* (DesS 429) vert jamført med *teneient a escharni* i den gammalfranske teksten frå T (utg. Tobin, 1976), Verbet *escharnir* har sitt samsvar i det gammalnorske *spotta*. Teksten i det andre gammalfranske handskriftet som inneheld *Desire*, S, har i dette verset varianten *malbaillir* som må reknast for å ligga nærare *svivirða* enn *spotta*. Dette verset er eit av dei Cook og Tveitane (1979, 107) nyttar i oversikta si over tekststader der den gammalnorske teksten ligg nærare handskriftet T enn S. Eg meiner at verba i dette verset viser like sterke band til begge handskrifta, og dermed er verset ubrukeleg i ei vurdering av kva gammalfransk tekst som ligg nærast førelegget til N.

Dei to tautologiane som trer fram i opprekninga over er *skømm ok svivirðing* (EskS, BiS og GreS) og *svik ok svivirðing* (3 gonger i EqS II, ein gong i JanS). Desse tautologiane er innhaldsrelaterte og kan berre vurderast til å vera ein indikasjon på eit eventuelt band mellom forteljingane. Gimse fører opp fleire allitterasjonar med *svivirð/svivirða/svivriðing*, (1980, 57–60, 64, 69 og 84) og mellom desse eit par med *skømm* (ibid. 89) i det kapitlet der ho foreslår at *sk-*, *sp-* og *st-*regelen ikkje nødvendigvis gjer seg gjeldande i *Elis saga*. Dette meiner eg òg er tilfelle med *Strengleikar*. Cederschiöld følgjer allitterasjonsnormen for norrøn poesi i sine døme, og reknar dermed ikkje opp samband av dette slaget, sjølv om han gjev fleire døme på ymse allitterasjonar med

7.6. Allitterasjonar i Strengleikar. Semantisk analyse

svivirðing i sitt materiale (1884, xii), mellom anna eitt tilfelle av *svik* og *svivirðr*: *er mik svikr ok svivirt* i *Tristrams saga* (51³³).

Tautologien *angr ok úró* gjer at *Guiamar* nok ein gong skil seg ut frå resten av forteljingane i *Strengleikar*. Allitterasjonen gjev også hint om moglege band til dei to forteljingane der tautologien er nytta utan førelegg i gammalfransk tekst, altså *Eskia* og *Equitan*. Slike band er det òg mogleg å skilna gjennom bruken av allitterasjonar med *hætti* og *harmr* som berre finst i desse tre forteljingane. På den andre sida er den allittererande synonymfordoblinga *harmr ok hugsótt* er eit argument mot denne grupperinga av dei fire første tekstane i *Strengleikar*. Variantar av denne samansetjinga er nytta i alt 10 gonger, men korkje i *Eskia* eller i *Equitan*. Fire av tilfella er i *Guiamar* og tre i *Desire*, og då på begge sider av skrivarskiftet i denne forteljinga. Forteljinga *Guiamar* skil seg dermed her òg ut frå resten av forteljingane.

Allitterasjonane med *svivirðir* gjer dessverre lite haldepunkt for ein eventuell inndeling av tekstane, då desse må seiast å vera spesifikke for enkelttekstar.

7.6.4 Kommunikasjonssituasjonar

Fleire ulike typar allitterasjonar er nytta i kommunikasjonssituasjonar i *Strengleikar*, og då med større variasjon i uttrykket enn i personskildringane. Dette gjer at gjennomgåinga av desse er meir summariske enn den av allitterasjonar i personskildringar. Utsegn vert i dei gammalfranske tekstane ofte forsterka ved bruk av tautologiar. Desse er stundom attgjevne som allittererande verbdoblingar i dei gammalnorske tekstane, til dømes i det frua i *Desire* fortel elskaren sin korleis han skal komma i kontakt med henne att, *si li ad dit e enseigné*, omsett til *ok sagðe honum ok synde* (Des 224). Bruk av allittererande adjektiv intensiverer somme tider uttrykket. Eit døme på dette er når *Guiamar* takkar frua for hjelpa (Gui 360): *Ducement la dame mercie*, attgjeve som *Þa þakkaðe hann hænne með sætom ok sæmelegom orðum*. Ein annan type allitterasjon som er nytta i samband med kommunikasjon er substantivtautologiar, til dømes i referanse til tenestjenta sitt råd om å setja ut barnet i *Eskia* (Esk 118): *raðe ok rædo*. Ein variant av denne er substantiv som allittererer med eitt eller fleire attributive adjektiv, som nattergalens song i *Laustik* (La 87): *fogrum songum hans. ok sætom*, eller allitterasjon mellom utsegnsverbet og det relaterte substantivet, her med samrøtte ord (*figura etymologica*): *ok þaccaðe henni morgum þockum* (Jan 171). Allitterasjonane er ikkje alltid knytt til kommunikasjonen, og fungerer òg somme tider for å binda saman ulike typar handlingar: *klæddæzc ok kærðe* (Gui 429).

7. Tekstklang

Talet på allittererande tautologiar verb-verb er så lite at ei jamføring med det totale talet på slike tautologiar i *Strengleikar* ikkje er til noko nytte. Det er fleire grunnar til at det innanfor denne kategorien er vanskelegare å sjå mønster i samansetjinga av allitterasjonane. For det første er ikkje talet på allitterasjonar nytta i kommunikasjonssituasjonar særskild høgt. Allitterasjonane viser dessutan stor variasjon, både når det gjeld samansetjing av ulike ordklassar og i ordvalet, og dette er heilt klart relatert til handlinga i dei ulike tekstane. Eit par av allitterasjonane som er nytta i samband med kommunikasjon skil seg ut ved å gå att i fleire av forteljingane:

- Allitterasjonar med: *biða, biðja, boð, bæn*: *bað ok bæiddezc* (GuiS 507), *biðill þinn. þic biðiande* (EqS 176), *bænom ok bliðlæti* (BiS 60), *þeirrar bænar er biðia ser born* (DesS 35), *þinum boðvm (...) bað ok beiddiz með hinvm bliðaztom orðom (...) hann bað miskunn* (DesS 328–329), *bað hann biða* (DesS 503), *bænom ok beiðingum* (JanS 236). For desse allitterasjonane er det korkje noko bestemt samansetjing som går att, eller noko mønster i korleis dei forhold seg til dei gammalfranske tekstane. Allitterasjonen i *Guiamar* (GuiS 507) er eit innskot, det er òg delar av allitterasjonen i *Desire* v. 35, men resten er ei tydingsforskyving: *aver enfant* er omsett til *biðia ser born*. For det lange avsnittet i *Desire* v. 328–329, er delar av det ei innskoten sogefrase, medan byrjing og slutt ligg nær det gammalfranske førelegget, i v. 328 er *boðvm* ei attgjeving av *comandemenz* og i v. 329 er *bað miskunn* ei attgjeving av *merci crier*. Liknande nærleik til førelegga finst i *Janual* der *par preiere* er erstatta med den allittererande tautologien *af bænom ok beiðingum* (Jan 236). For *Bisclaret* er *bænom ok bliðlæti* (Bi 60) ei akseptabel attgjeving av tautologien *blandi e losenga*, der verbtautologien har vorte substantivert. Det siste dømet er frå *Equitan*, og der er halvdelan av allitterasjonen av samrøtte ord eit innskot i den gammalnorske teksten. Denne allitterasjonen er dessutan eit døme på kryssallitterasjon *abba* i denne teksten.

Det er ikkje noko særskild allittererande uttrykk som står fram og som er frekvent nok til at det kan reknast for å vera typisk for ein av tekstredaktørane av samlinga. Tautologien *bað ok beiddiz* er nytta i innskot både i *Guiamar* og i *Desire*, men dette er enkelttilfelle som berre bør reknast med dersom det viser seg at desse to forteljingane har fleire fellestrekk. Korkje Cederschiöld (1884) eller Gimse (1980) fører opp denne tautologien i sine opprekningar.

- Allitterasjonar med *ráð* og *ræða*: Dette er dei mest frekvente allitterasjonane i kommunikasjonssituasjonar i *Strengleikar*: *raðe ok ræðo* (EskS 118), *ræðom ok raða/gærðom* (EskS 316), *raðom ok ræðom* (EskS 327), *ræðor ok rað*

7.6. Allitterasjonar i Strengleikar. Semantisk analyse

(EskS >327) saman med *reðu* (EskS 329), *En raðgiofum hans ok vinum mislikaðe þat miok ok sagðo þat vera mykit urað. ok ræddo þær slikt sua openberlega at kona ræðes mannzens hæyrði roð þeirra ok ræðor oftsamlega* (EqS 201–203), dette vert dratt vidare i (...) *at ræða við hann* (EqS 205), *ræðo ok raðe hans (...) raðgiafa hans* (BiS 261), *rað ok ræct* (Tv1S 112), *ræðo ok rað* (Tv1S 127). Omsetjinga er noko meir gjennomført i forhold til dei gammalfranske førelegga enn dei som vart granska i punktet over, men ikkje i nærleiken av det som vart vist i personskildringane. I eit par av tilfella atgjev desse allitterasjonane *cunseil* i førelegga, (BiS 261, EskS 329). Eit av dei sjeldne døma på at ein allittererande tautologi i den gammalfranske teksten er omsett til ein tilsvarende ein finst i *Tveggia elskanda liod* (v. 112), der *cunseil e cure* er atgjeve som *rað ok ræct*. Eitt av tilfella er eit innskot som erstattar det gammalfranske adverbiale pronomenet *en* (EskS 118), Ei jamføring av resten av allitterasjonane med dei gammalfranske tekstane illustrerer kva tydingsforskyving som førekjem i desse tekstane; *ræðom ok raðagærðom* i *Eskia* v. 326 er ei omskriving og utviding av det gammalfranske verbet *parlerent*, og i v. 327 er *raðom ok ræðom* ei atgjeving av substantivet *volenté*. Den gammalfranske tautologien *la novele e le cunseil* i *Deus Amanz* er endra til den allittererande tautologien *ræðo ok rað* (Tv1S 127). Det mest interessante her er dei to avsnitta der allitterasjonar på *r-* pregar ein lengre tekstbolc. Den første slike tekstbolken finst i *Eskia* (v. 327–329) med ei innskoten sogefrase der *raðom ok ræðom* vert repetert og snudd om på til *ræðor ok rað*, og slik ikkje berre allittererer med lik initial konsonant, men òg skapar eit slags kryssrim. Avsnittet i *Equitan* (EqS 201–205) viser variasjon i bruken av allitterasjonen. Tautologiar med *rað/ræða* i *Eskia*, *Equitan*, *Bisclaret* og *Tveggia elskanda liod* har for det meste førelegg i dei gammalfranske tekstane. Ei jamføring med Cederschiöld (1884) gjev ingen resultat. Heller ikkje Gimse (1980) fører opp denne allittererande tautologien. Tekstane denne tautologien er nytta i har alle førelegg i Marie de France sine *Lais*, plasserer seg på begge sider av skrivarskiftet i N og representerer ulike språkdrag.

Begge dei allittererande kombinasjonane som eg har sett på ovanfor må reknast for å vera avhengige av innhaldet og temaet i den enkelte forteljing, og representerer dermed ikkje eit like stabilt narrativt element som det personskildringane gjer. Allitterasjonsbruken i kommunikasjonssituasjonane i *Strengleikar* er derfor ikkje eit like godt grupperingskriterium som den personskildringar er. Dersom allitterasjonar med *rað/ræða* kan reknast for å vera typisk for ein av tekstredaktørane av *Strengleikar* kan bruken av denne indikera ei gruppering av tekstane *Eskia*, *Equitan*, *Bisclaret* og *Tveggia elskanda liod*.

7. Tekstklang

7.6.5 Tid, stad og gjenstandar

Den semantiske kategorien tid, stad og gjenstandar er ein lite einsarta samlekategori. Allitterasjonane er dermed i stor grad er spesifikke til den enkelte forteljinga. Ei følge av dette er at få allittererande kombinasjonar som går att. Ettersom det her er snakk om eit lite tal, har eg ikkje ordna desse etter innhald, men alfabetisk.

- *horðum hoggum*: 5 tilfelle (La 80; Che 99; Do 225; GurS) og dessutan varianten *harðo hoggi* (Mi 415). Allitterasjonen er innskoten i *Laustik*. I *Chetovel* og *Doun* omset han det refleksive verbet *s'entreferir*, medan han i *Milun* attgjev verbet *ferir*. Det er berre eit anna tilfelle av verbet *entreferir* i Marie de France sine *Lais* (Che 84). Dette verset er ikkje attgjeve i det gammalnorske handskriftet. Med ei liknande tyding, det vil seia i omtale av slag mellom to riddarar, er infinitivsforma *ferir* nytta både eit par vers før og seinare i *Milun* (Mi 410 og 418), der *Si bien puindre e si ferir* er attgjeve som *ok gaf stor hogg. ok kennde hann af vápnom* (Mi 410), medan *Ja l'aveit cil lui si feru*, er omsett til det meir spesifikke *En sveinninn festi sva spiot sitt a honum* (Mi 418). Uttrykket må reknast for så situasjonsavhengig av det vil vera til lita hjelp i ei profilering av omsetjarane eller seinare tekstredaktørar. Cederschiöld (1884) reknar i all hovudsak opp allittererande tautologiar, og uttrykket er ikkje å finna hos han.

Uttrykket er å finna i forteljingar på begge sider av skrivarskiftet, av begge typar gammalfranske førelegg og forteljingar som viser ulike typar språkdrag, vestnorsk i *Laustik*, *Chetovel* og *Doon*, ytre vikværsk i *Gurun*.

- *misverk*-allitterasjonar: 3 tilfelle (Esk 459; to i EqS II). I det første tilfellet her er *bað hann miskunnar af misverkum sinum* ei velklingande omsetjing av *Pardun li quiet de sun mesfait* (Esk 459). Dei to døma frå *Equitan* er begge henta frå omsetjarmoraliseringa: *misværkum mannanna* og i *mæinum ok misverkum*. I tillegg til desse tre tilfella er substantivet *misverk* nytta utan å allitterera i *Guiamar* (GuiS 512), og det kan indikera eit samband mellom desse forteljingane. Cederschiöld gjev eitt døme på ein *misverk*-allitterasjon frå *Ívens saga* som minnar om den frå *Eskia*: *miskunn beiðaz misverkar* (*Ívens saga*, 135³³). Forteljingane der desse allitterasjonane opptre er alle skrivne av Str. I og har førelegg i Marie de France sine *Lais*. Dei viser ulike typar språkdrag, vestnorsk i *Eskia* og ytre vikværsk i *Equitan*.
- *snimma ok silla*: 2 tilfelle (Che 219; Jon 222). Begge desse allitterasjonane er omsetjingar av gammalfranske faste uttrykk: *matin e seir* (Che 219) og *tost e tart* (Jon 222) til det som ser ut som eit fast allittererande uttrykk i norrønt. Manglen på oppføring av kombinasjonen hos Cederschiöld (1884, iv ff. om

7.6. Allitterasjonar i Strengleikar. Semantisk analyse

allitterasjonar og xxii ff. om “stående uttryck”), Gimse (1980), Fritzner (1973) og i *Norrøn ordbok* (1997) kan indikera at det her er snakk om eit uttrykk som er særlege for omsetjaren av *Strengleikar*. Utrykkjet er heller ikkje nytta i moderne islandsk. Begge forteljingane der uttrykket er nytta er skrivne av Str. II i N, har førelegg i Marie de France sine *Lais* og viser vestnorske språkdrag.

Dermed kan allitterasjonsbruken i samband med skildringar av objekt indikera samband mellom forteljingane *Eskia* og *Equitan (misverk)* og *Chetovel* og *Jonet (snimma ok silla)*. Dette kan berre vera tale om ein indikasjon og at fleire teikn på eit slik band må finnast før noko kan stadfestast. Bruken av *snimma ok silla* i *Chetovel* og *Jonet* er særlegen. Begge desse tekstane har felles førelegg i Marie de France sine *Lais*, er skrivne av Str. II og har vestnorske språkdrag.

7.6.6 Oppsummering av den semantiske analysen

Eg har granska på allitterasjonsbruken innanfor ulike semantiske kategoriar i dei gammalnorske tekstane og då med vekt på allitterasjonar som går att i fleire av tekstane. Dette er gjort med utgangspunkt i ei hypotese om at den enkelte omsetjar har favorisert særskilde allitterande uttrykk og at dette kan vera til hjelp i ei gruppering av tekstane. At det i det heile teke er mogleg å kategorisera allitterasjonane semantisk illustrerer at dei som har arbeidd med desse tekstane har vurdert spesifikke delar av narrasjonen passande for ei slik utviding. Eg har i granskinga over vist variasjonen i allitterasjonsbruken i enkelte tekstar eller grupper av tekstar ved å jamføra dei hyppigaste nytta allitterasjonane med førelegga og samanlikna bruken av desse mellom forteljingane. Den semantiske kategoriseringa viser at spesifikke delar av narrasjonen er meir stereotype og stabile enn andre, og dermed meir eigna for ei samanlikning. Delane som trer fram er personskildringar og omtale av kjensler, der det er mogleg å påvisa samanfall i vokabularet i fleire av forteljingane. Særleg personskildringane er den delen av forteljingane der vokabularet er minst avhengig av tema og motiv i desse. På grunnlag av allitterande uttrykk som eg har vurdert som så særlegne at dei kan vera spesifikke for ein tekstredaktør av tekstane skil nokre førebels grupperingar seg ut. Påfallande nok gjeld dette særleg dei første forteljingane i *Strengleikar*.

Spora etter omsetjaren i dei nylaga delane av *Forræða* og *Equitan* kan indikera eit samband mellom desse to. I Tveitane (1973) si gruppering av forteljingane etter språkdrag fell dessutan desse to i den minste gruppa, dei har begge “ytre vikværske” drag. Argumenta for at desse to høyrer til same gruppe vert dessutan styrka ved at dei begge har uttrykket *vaskr i vápnum*, som òg bind *Guiamar* til

7. Tekstklang

desse. Allitterasjonen *vildasti vinr* knyter *Guiamar* endå tettare til *Eskia* og *Equitan*. Dei tre tilfella av allitterasjonar med *misverk* knyter *Eskia* og *Equitan* saman, og dette vert mogleg styrka gjennom allitterasjonane med *råd/ ræða*. Desse siste er tett bundne saman med innhaldet i kvar forteljing og er dermed eit veikare teikn på eit samband mellom desse. Slike allitterasjonar førekjem dessutan i *Bisclaret* og *Tveggia elskanda lioð*. Koplinga mellom *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan* vert tydeleggjort ved bruken av tautologiane *herra ok höfðingi* og *hygginn ok hæverskr* og dessutan delvis ved allitterasjonar med *hætta/harmr*. Dette gjeld òg til dels tautologien *anгр ok úró*. Sistnemnde er så hyppig nytta i *Guiamar* at den kan skilja forteljinga ut frå resten av gruppa. Eitt tungtvegande argument mot ei slik gruppering er den høgfrekvente bruken av epitetet *friða frú* i *Guiamar* som ikkje har samsvar i nokon av dei andre forteljingane. Epitetet er nytta i *Equitan* og *Desire*, men ikkje på same nivå som i *Guiamar*. Allitterasjonen *harmr ok hugsott* dreg òg *Guiamar* ut frå denne gruppa. Denne tautologien finst òg tre gonger i *Desire*. Førekomstane av *kurteiss kona* er ikkje til mykje hjelp i ein gruppering, uttrykket opptre i *Guiamar*, *Eskia*, *Naboreis* og *Grelent*. Ei oppsummering av resultatata så langt gjer at det er mogleg å rekna med ei tilknytning mellom *Forræða*, *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan*, men der *Guiamar* kan hende skil seg så mykje ut frå resten av forteljingane i *Strengleikar* at denne forteljinga bør reknast for å vera i ein eigen kategori.

Det er få indikasjonar på band mellom grupper av forteljingar i andre halvdelen av *Strengleikar*. Dei svake hinta som allitterasjonsbruken gjev er på dette punktet om ein relasjon mellom *Jonet* og *Tveggia elskanda lioð* på grunnlag av uttrykket *hygginn ok hæverskr ok hin friðazta* og ein tilsvarande lenk mellom *Chetovel* og *Jonet* ut frå det som eg oppfattar som eit heller uvanleg uttrykk; *snimma ok silla*.

Dersom Tveitane (1973, 47–48 og 1979, xxxviii) har rett når han seier seg einig med Holtsmark (1959, 161–170) og meiner at tekstane ikkje var samla i ei bok frå byrjinga av, men i fleire mindre hefte, kan allitterasjonsbruken vera eit signal om at *Forræða*, *Eskia* og *Equitan*, og kan hende òg *Guiamar* utgjorde eit eige hefte, verket til ein enkelt omsetjar. Det er òg mogleg å tenkja seg at ulikskapen mellom desse tre, kanskje fire, tekstane og resten av strengleikane kan ha opphav i dei gammalfranske førelegga. Kan dei fire tekstane i byrjinga av N stamma frå eit eige anglo-normannisk handskrift? Vender ein seg til dialektane i desse i N, så er samlar ikkje desse forteljingane i ei gruppe. Tveitane plasserer *Forræða* og *Equitan* i ei gruppe med austnorske språkdrag, medan *Guiamar* og *Eskia* viser vestnorske språkdrag (1973, 48). Forteljingane har derimot alle førelegg i Marie de France sine *Lais*, og rekkjefølgja av dei er ikkje så ulik den som er å finna i H, der dei fire første tekstane er *Prologue*, *Guigemar*, *Equitan* og *Fresne*.

Andre tilnærmingar til tekstmaterialet vil stadfesta eller avkrefta grupperinga mi av dei fire første tekstane i samlinga. Dette vil dessutan gje nye og andre data som vonaleg vil gje eit grunnlag for ei inndeling av resten av tekstmaterialet.

7.7 Strukturerte allitterasjonar

Utgangspunkt for denne strukturelle granskninga er Kalinke (1979) sin artikkel *Alliteration in "Ívens saga"*, og metoden som vil bli nytta har rot i hennar. Den store nyvinninga hennar i analysen av denne høviske omsetjinga er samanhengane ho ser mellom allitterasjonsbruk og struktur, mellom form og innhald. Ho lausriv seg frå dei tidlegare opprekningane av allitterasjonar (Cederschiöld, Meissner) og ser bruken av allitterasjonar i overgangar og særskilde episodar i narrasjonen som eit uttrykk for ein intendert bruk av desse på eit strukturelt nivå. Ho ser i si granskning vekk frå enkelttilfelle av allittererande doblingar (til dømes tautologien *anгр ok úró*) som ofte er så hyppig nytta at dei ikkje lenger har nokon verknad. I sin studie av *Ívens saga* gjer Kalinke (1979) greie for allitterasjonsbruken i denne, og meiner at allitterasjonar truleg er intenderte dersom allittererande mønster ikkje opptrer tilfeldig, men er knytt til å byggja opp under sentrale episodar, altså der det er ein samanheng mellom bruken av dette retoriske grepet og plottet, mellom form og innhald (1979, 872). Allitterasjonar fungerer for å binda teksten på fleire nivå. Formålet hennar er å kartleggja bruken av allitterasjonar som eit strukturelt samanbindande element i narrasjonen, og i dette granskar ho mellom anna bruken av kryssrimande allitterasjonar (*abba*) som til dels vert nytta for å knyta saman to frittståande scener (ibid. 873). Desse vert somme tider utvida til rimmønsteret *abba cbbc*. Allitterasjonane er ofte knytt til sentrale scener, gjerne dramatiske, og Kalinke introduserer omgrepet *clusters of alliterations* (ibid. 874), og peikar på at det i slike scener ofte er eit fonem som dominerer. Dette omgrepet omset eg til allitterasjonsklynger og det fell inn under det som tidlegare er omtala som strukturelle allitterasjonar. Omgrepet peikar på den høge tettleiken av allitterasjonar, gjerne med ein preferanse for eit par utvalde fonem, i sentrale delar av narrasjonen. Allitterasjonsomgrepet i allitterasjonsklynger er vidt og inkluderer mellom anna pronomen, refleksivpronomen, og adjektiv som indikerer mengd (til dømes *margr, mikill* og *mestr*). Gering (1883, xxxv–xxxvi) rekna desse adjektiva som så frekvente at han såg vekk frå allittererande samband der desse forekom. Cederschiöld (1884, xii) inkluderer dei derimot i opprekninga si utan å kommentera dette nærare. Ei nærlesing av *Strengleikar* i N viser berre nitten allitterasjonar som inneheld desse adjektiva, og storparten av desse er ein kombinasjon av to av dei, til dømes EqS >7; *mioc margir* eller JonS 360; *mioc micla borg*. Desse er spreidd i nesten alle tekstane, og storparten av uttrykka har førelegg i dei gammalfranske tekstane (For 39; Esk 269; Bi 7, 286, 304; Ti 34;

7. Tekstklang

Do 116; Mi 428, 429; Jon 18, 360 og Nab 5, 13). Det låge talet på denne typen allittererande samband er i seg sjølv grunn nok til å inkludera dei i ei gransking av bruken av dette retoriske grepet i tekstane. Det sentrale er dessutan den auditive effekten av allitterasjonane, lydmalinga, og denne vert i allitterasjonsklynger forsterka av repetering av fonem, uansett om det er i tydingsberande ord eller ikkje.

Funksjonen til allitterasjonsklyngene er fleirdelt. Dei framhevar særskilde element i plottet, men bind òg saman narrasjonen på eit høgare strukturelt nivå ved å knyta saman setningsledd, setningar og sjølv scener som følgjer etter kvarandre. Kalinke demonstrerer til dømes at kryssallitterasjonar vert nytta for å binda saman fortløpande men frittstående episodar, og i tillegg er nytta for å framheva intern struktur og antitetiske forhold i enkelte episodar. Kalinke finn òg at repetering, om ikkje av samme allittererande ord, så av same allittererande fonem, bind saman relaterte episodar på ulike stader i narrasjonen (1979, 875). Teksten ho har analysert, *Ívens saga*, er mykje lengre enn nokon av forteljingane i *Strengleikar*. Eg ser det ikkje som sannsynleg at ein analyse av desse korte forteljingane vil gje same resultat.

I lys av dette meiner eg at Cederschiöld sitt framlegg om at allitterasjonar var ein freistnad på å erstatta det poetiske i dei gammalfranske parrima må revurderast (1884, iv–v). Distribusjonen av parrim og allitterasjonar er ulik, og som sett over er det klåre mønster i kvar allitterasjonane er plasserte i dei gammalnorske tekstane. Dette semantiske mønsteret kan vera ein indikasjon på at allitterasjonar ikkje berre er form, men er òg nytta på eit strukturelt nivå i narrasjonen. Hadde det vore slik at ein rekna med at det var ein omsetjar og ein seinare skripar som stod bak *Strengleikar*-samlinga slik me kjenner den frå N, ville det vore aktuelt med ei strukturell analyse av allitterasjonbruken i sentrale episodar i tekstsamlinga sett under eitt. No er ikkje dette situasjonen og eg vil derfor i det som følgjer granska allitterasjonsbruken i enkeltforteljingar for å leita etter ein samanheng mellom struktur og form.

Kalinke (1979) si gransking tek for seg ein lengre tekst med meir komplisert struktur enn den ein finn i dei enkelte forteljingane i *Strengleikar*. I ein analyse av allitterasjonar i ei av desse forteljingane, med dét som hypotese at dei fungerer som eit strukturerande element som knyter saman relaterte episodar, er det naudsynt å vera selektiv i materialvalet. Ideelt sett skulle tekstane ha vore av same sjanger, ha same type førelegg, vera utan lakuner, ligga nærast mogleg dei gammalfranske førelegga når det gjeld lengd og vera lange nok til at sentrale episodar vert repetert. Vidare burde dei representera kvar si skriparhand og ulike språkdrag.

Eg har valt å granska fem forteljingar frå Marie de France sine *Lais*, og sett vekk frå *Lais Anonymes* grunna ulikskapen i stil mellom desse. Eg har sett ei grense på lengd på dei gammalnorske tekstane på om lag 2000 ord. Granskinga mi er todelt

og tek for seg fem tekstar som kan reknast for å vera representative for ulike delar av tekstsamlinga. Frå Str. I. har eg valt *Guiamar* (vestnorsk), *Eskia* (vestnorsk) og *Equitan* (ytre vikkværs) utan den nyskrivne moraliseringa (EqS II). Frå Str. II vert *Jonet* (vestnorsk) og *Milun* (indre vikkværs) granska.

Dei fem utvalde forteljingane er alle mellom dei lengste i *Strengleikar*, men det er likevel eit stort sprang frå *Milun* (1906 ord) via *Equitan* (EqS I: 2613 ord), *Jonet* (3359 ord) og *Eskia* (4176 ord) til *Guiamar* (6374 ord). Det må òg peikast på at *Milun* skil seg ut fordi forteljinga ser ut til å vera svært nedkorta jamført med det gammalfranske førelegget. Det forteljingane har til felles er at ein sentral episode tidleg i narrasjonen vert teken opp att og formar hendingar som ligg lengre fram i tid. Dersom allitterasjonar er nytta som eit strukturierende element i *Strengleikar* er det sannsynleg at dette vil vera synleg i forteljingar av denne typen. I det som følgjer kjem eg til å ta for meg forteljingane i same rekkjefølgje som dei står i N, altså først *Guiamar*, deretter *Eskia*, *Equitan* og *Jonet* og tilslutt *Milun*. Med utgangspunkt i definisjonen av strukturierende allitterasjonar vert granskinga av mogleg bruk av strukturierende allitterasjonar todelt, og som tidlegare nemnt opnar ei slik vinkling for allitterasjonsbruk over setningsgrenser. Første del av granskinga er avgrensa til allitterasjonar som bind saman fortløpande episodar i narrasjonen. Deretter ser eg etter allitterasjonar kan ha vore nytta for å knyta saman relaterte episodar. Til grunn for kartlegginga av mogleg bruk av allitterasjonar, gjerne kryssallitterasjonar, for å binda saman fortløpande, men frittstående episodar ved sceneskifte ligg ei gransking av overgangane mellom dei enkelte scenene ut frå skjematisk oversyn over handlinga i kvar enkelt tekst. I desse skjematisk oversyna har eg nummerert kvar episode. Mi nummerering er ikkje alltid i samsvar med kapittelnummereringa med arabiske tal ført inn i N av ei seinare hand. Denne kapittelnummereringa finst i *Guiamar*, *Eskia*, *Equitan* og *Milun*, men ikkje *Jonet*.

Der det er mogleg å identifisera moglege strukturierende allitterasjonar har eg leita etter trekk som byggjer opp under dette. Slike trekk kan til dømes vera element som kan tolkast til å vera noko ein tekstredaktør har tilført forteljinga. Dermed vil bruk av allitterasjonar i samband med tydingsforskyvingar, innskotne enkeltord og innskotne frasar styrka moglegheita for at desse er nytta medvite på eit strukturelt nivå.

Ei viss grad av leksikalsk samanfall er å venta i ein strukturierende allitterasjonar for å knyta saman relaterte episodar på ulike stader i narrasjonen. Å avgjera om desse er intenderte eller ikkje er umogleg. Slike samanfall kan oppfattast på ulikt vis. Dei kan anten vera prov på ein tekstredaktør som har vore gjennomført i ordvalet sitt eller like gjerne ein tekstredaktør som ikkje har hatt eit stort nok vokabular til at han har meistra å variera.

7. Tekstklang

7.7.1 *Guiamar*

Overgang mellom episodar i *Guiamar*

Tabell 7.4: Skjematisk oversyn over handlinga i *Guiamar*

| Bolk | Vers | Handling |
|------|---------|--|
| 1 | 19–26 | Kapittelnummerering 2. Narrativ ramme. |
| 2 | 27–48 | Presentasjon av bakgrunnen og kvalitetane til <i>Guiamar</i> . |
| 3 | >48–68 | Kapittelnummerering 3. <i>Guiamar</i> er ved kongens hoff og viser seg å vera ein perfekt høvisk riddar, men med eitt unntak. Han er ikkje i stand til å elska, sjølv om det ikkje manglar på kvinner som er interesserte i han. |
| 4 | 69–88 | Kapittelnummerering 4. <i>Guiamar</i> vender attende til foreldra sine. Her fer han på jakt saman med eit jaktlag. |
| 5 | 89–122 | <i>Guiamar</i> skyt ein snøkvit kolle, men pilen snur attende og sårer han gjennom låret. Dyret forbannar han og seier at han ikkje vert frisk med mindre han opplever gjensidig kjærleik og kjærleiks smerte. |
| 6 | 123–152 | Kapittelnummerering 5. <i>Guiamar</i> lurer følgjesvenen sin og rir frå følgjet sitt. Han kjem til ei vik der det ligg eit vakkert skip. |
| 7 | 153–206 | Skipet vert skildra, <i>Guiamar</i> går ombord men finn ikkje noko mannskap. Han legg seg i ei seng og sovnar. Når han vaknar er skipet til havs. Han fryktar framtida si. |
| 8 | 207–260 | Kapittelnummerering 6. Skildring av borga der ei vakker gift kvinne er stengt inne saman med ei tenestejente og ein gamal prest. Det er to måtar for å komma seg inn i borga, den første er gjennom ei lita dør som er overvaka heile tida, den andre er sjøvegen. |
| 9 | 261–272 | Kapittelnummerering 7. Frua går seg ein tur saman med tenestejenta si. Dei ser skipet som kjem inn i hamna og frua uroar seg over dette. |
| 10 | 273–286 | Tenestejenta trøystar henne og går ned for å undersøkja. Ombord finn ho <i>Guiamar</i> , men trur han er død. Ho vender attende til frua si og fortel henne kva ho har sett. |
| 11 | 287–310 | Kapittelnummerering 8. Dei vender attende til skipet saman og oppdagar at riddaren er i live. Han vaknar og dei samtalar. |
| 12 | 311–336 | Kapittelnummerering 9. <i>Guiamar</i> fortel frua kva han har opplevd og ber om hjelp. |
| 13 | 337–358 | Kapittelnummerering 10. Frua lovar å hjelpa og fortel om sin eigen situasjon. |
| 14 | 359–376 | Kapittelnummerering 11. <i>Guiamar</i> takkar og vert leidd til eit soverom der dei to kvinnene pleier han. |

Tabell 7.4: Skjematisk oversyn over handlinga i *Guiamar*

| Bolk | Vers | Handling |
|------|----------|---|
| 15 | 377–426 | Guiamar er forelska. Kvinnerne går sin veg etter tur. Han er att åleine og opplever kjærleikskvaler. Kapittelnummerering 12. i v. 393. |
| 16 | 427–436 | Kapittelnummerering 13. Også frua ooplever kjærleik for riddaren. |
| 17 | 437–>474 | Tenestejenta snakkar med Guiamar, gjev han kjærleiksråd og fortel at også frua opplever dei same kjenslene. Ho fortel òg fru om kva kjensler Guiamar har for henne. |
| 18 | >474–542 | Kapittelnummerering 14. i eit innskot mellom v. 474 og 475. Dei to elskande avslører kjenslene sine for kvarandre og innleier eit kjærleiksforhold. Dette varar i halvtanna år. |
| 19 | 543–576 | Kapittelnummerering 15. Dei to elskande er redd for å bli oppdaga. Dermed utvekslar dei kjærleikssymbol. Han knyter eit belte kring livet hennar på ein slik måte at ingen andre kan opna det. Ho faldar saman ei skjorte slik at ingen andre enn henne kan løysa på denne utan å øydeleggja ho. |
| 20 | 577–600 | Kapittelnummerering 16. Forholdet vert oppdaga og ektemannen til kvinna vil drepa riddaren. |
| 21 | 601–617 | Guiamar fortel om korleis han hamna hos frua. Dette trur ikkje ektemannen på, og tek han med seg ned i hamna. Dersom det mystiske skipet ikkje er der, vil ektemannen drepa Guiamar. |
| 22 | 618–629 | Skipet ligg i hamna, Guiamar går ombord og skipet fer til havs. Riddaren grin over tapt kjærleik. |
| 23 | 630–654 | Skipet fører Guiamar attende til vika der han gjekk ombord første gong. Her møter han på ein tidlegare tenar og tek seg heimatt. Han sturar så mykje at venene hans vil at han skal gifta seg, men han vil berre gifta seg med den som kan løysa skjorta hans. Mange freistar, men ingen lukkast i dette. |
| 24 | 655–687 | Kapittelnummerering 17. Frua vert stengd inne i eit tårn og lir vondt. Ho klagar seg over tapt kjærleik og ønskjer ho aldri hadde møtt Guiamar. Ein dag bestemmer ho seg for at om ho slepp ut av tårnet skal ho drukna seg. Denne dagen er døra ulåst, kvinna går ned i hamna, men der finn ho skipet og går ombord. |
| 25 | 688–743 | Kapittelnummerering 18. Skipet fraktar kvinna til ein by i Bretagne som vert styrt av Meriadus. Han går ombord i skipet og finn den fagre frua der. Han vert forelska i henne, men ho vil berre ha den som kan opna beltet ho har kring livet. Når Meriadus får vite dette fortel han henne om ein riddar i området som har ein liknande historie men med ei skjorte. |

7. Tekstklang

Tabell 7.4: Skjematisk oversyn over handlinga i *Guiamar*

| Bolk | Vers | Handling |
|------|----------|---|
| 26 | 744–763 | Kapittelnummerering 19. Meriadus krigar mot ein riddar og kallar inn til turnering. Først av alle kjem Guiamar og følgjet hans og vert tekne vel i mot. Meriadus presenterer frua og syster si for Guiamar. |
| 27 | 765–787 | Frua heldt på å besvima av å høyra namnet til Guiamar. Han ser henne og lurar på om dette er kjærasten hans. Kjærleikskvaler. Dei helser på kvarandre. |
| 28 | 788–821 | Kapittelnummerering 20. Meriadus observerer paret og utfordrar Guiamar til å la kvinna freista å løysa skjorta hans. Ho gjer dette, og Guiamar gleder seg over å ha funne att kjærasten sin. |
| 29 | 822–>836 | Guiamar spør kvinna korleis ho har komen seg dit. Ho fortel kva ho har vore gjennom. Dei gleder seg over å vera saman igjen. |
| 30 | 837–845 | Kapittelnummerering 21. Guiamar bønfall Meriadus om å la han få attende kjærasten sin og tilbyr han ein generøs byttehandel. |
| 31 | 846–852 | Meriadus nektar. |
| 32 | 853–878 | Guiamar samlar troppene sine og slår seg saman med fienden til Meriadus. Dei kringset og svelte ut byen og vinn slik over Meriadus. |
| 33 | 879–882 | Guiamar drep Meriadus og kan igjen vera saman med kjærasten sin. |
| 34 | 883–>886 | Narrativ ramme. |

Første moglege tilfelle av denne typen leksikalsk og allittererande samanbinding finst overgangen mellom bolkane 5 og 6. Den noble riddaren Guiamar er nær fullkommen, men kan ikkje elska. Overgangen mellom den kvite hjortekollas forbanning og dei påfølgjande handlingane hans er knytt saman med både allitterasjonar og leksikalsk repetisjon (GuiS 119–125).

Hjortekolla forbannar Guiamar i slutten av bolk 5: *manu undra ok kynlegt þykkia með hueriom hætte er þitt mattoð sua mykinn astar harm bera. Skrið brott sem skiotast ok lat mec hava frið fyrir þer þesse orlog skulo sannast þer*. Allitterasjonane vert dratt vidare til byrjinga av neste scene, der Guiamar undrar seg over kva som har hendt: *Gviamar var skæindr ok þotte honom kynlegt þat sem dyret hafðe sagt honum ok ihugaðe hann (...)*

Den leksikalske samanbindinga er gjennom repetering og omrokering av verbfrasen *kynlegt þykkia*. Dei to bolkane vert ytterlegare knytte saman gjennom allitterasjonane med *h-* og *sk-*. Det norrøne uttrykket *kynlegt þykkia* er ei god omsetjing av det refleksive gammalfranske verbet *s'esmerveiller* (GuiL 119), men ligg langt frå innhaldet i *esmaier* (GuiL 124) som tyder 'skremma, forferda'. Verba er visuelt nokså like, og det kan tenkjast at dette stammar frå ei feillesing av ein

skrivar på gammalfransk side. Eg ser dette likevel som usannsynleg. Den naudsynte verbforma i v. 124 ville ha ført til eit brot på stavingstalet i verset. Det er heller ikkje kjent ein variant av dette slaget frå dei to andre handskrifa som inneheld teksten. Andre moglegheit er at omsetjaren av *Guimard* har feilse kjeldeteksten sin eller vore rive med i arbeidet og dermed repetert eit uttrykk han nett har nytta. Ei jamføring med attgjevingar av det gammalfranske verbet *esmaier* viser at det er nytta i alt fem gonger i førelegga til *Strengleikar*, og det ser ut til at omsetjinga av verbet har vore ei utfordring. Refleksivforma *s'esmaier* er nytta i *Guigemar* v. 197; *N'est merveille se il s'esmaie*. Den gammalnorske attgjevinga av dette verset; *var þat æigi kynlegt*, speglar berre første halvdel av det gammalfranske verset, men det er påfallande at adjektivet *kynligr* òg er nytta her. Dei siste tre gongene det gammalfranske verbet *esmaier* er nytta er i *Yonec*. Også i to av desse ser det ut til at omsetjaren har hatt problem. Dersom ein aksepterer utgjevarane Cook og Tveitane si lesing er *s'esmaia* i det første tilfellet korrekt omsett til *reiddizc* (JonS 182), av *hræða* (Cook og Tveitane, 1979, 235). Den gammalnorske verbforma kan like gjerne vera ei fortidsform av *reiða*, 'å verta sint'. I så fall ligg den gammalnorske omsetjinga langt frå den gammalfranske teksten. Ei slik lesing høver like godt inn i konteksten som det Cook og Tveitane si lesing gjer. Mitt syn vert støtta av bruken av verbet *reiða* i resten av strengleikane. Ei gransking av desse viser at refleksivforma av verbet i all hovudsak er nytta for å attgje det gammalfranske *corucer*, og alle har dei ortografiske variantane med diftong; *ræiddizc* eller *reiddizc* (Esk 284, 378; La 80, 112; Jan 275; Nab 14. Alle desse er omsette til "become angry" av Cook og Tveitane, 1979). Sett vekk frå *Jonet* v. 182 er det berre eit tilfelle av *reiddizc* i *Strengleikar* som har eit anna førelegg enn *corucer*. I forteljinga *Desire*, v. 416 omset dette *haïst* av *hair*, 'å hate'. Ikkje i eitt einaste tilfelle er det gammalnorske verbet er nytta for å attgje redsle i førelegget. Derimot er den ortografiske varianten *ræddæzk* gjennomgåande nytta for å omsetja redsle i førelegga.¹ Det ser ut til det er eit 1:1 forhold i kva desse refleksivformene omset, trass i at fleire skrivarar og mogleg fleire omsetjarar har arbeidd med *Strengleikar*. Eg ser ikkje noko grunnlag i det gammalnorske tekstmaterialet for den engelske omsetjinga Cook og Tveitane gjev for JonS 182. Refleksivforma *reiddizc* er knytt til sinne elles i *Strengleikar*. Det kan hende at Cook og Tveitane si lesing er påverka av den gammalfranske *Yonec*. Eg meiner at den korrekte lesinga av verbet i Gui 124 bør vera *reiða* og ikkje *hræða*.

1. Gui 270: *La dame voelt turner en fuie* er omsett til *Sem hon hafðe þetta sett þa ræddæzk hon ok villdi brott ganga*
 Bi 149: *grant poür ad* er omsett til *ræddæzk hann miok*
 Jon 277: *De ceo ot ele grant poür* er omsett til *ræddizc hon mioc*.
 Desse tre er alle omsette av Cook og Tveitane til "become frightened".

7. Tekstklang

Neste gong verbet *esmaier* er nytta i dei gammalfranske tekstane er *s'esmaie* i Jon 318. Omsetjinga av dette er ei tydingsforskyving; *angraðez*, omsett av utgjevarane Cook og Tveitane til "was saddened" (1979, 239). Det tredje og siste tilfellet av *s'esmaier* i *Yonec* er i v. 358 og er særleg interessant jamført med *Guiamar*. Omsetjinga av *s'est ele mut esmaiee* er den same (feil?)-lesinga som i *Guiamar* 124, nemleg *þotti henni þat kynlect*. Ei jamføring med variantapparatet til dei gammalfranske tekstane gjev ingen variantar til desse versa.

Den einaste andre allitterasjonen som kanskje fungerer for å binda saman fortløpande scener finst mellom bolkane 20 og 21 i konfrontasjonen mellom *Guiamar* og ektemannen til frua. Bolk 20 sluttar med eit innskot: *ok aðr en þæir skilezk þa man <hann> sua læika þa ok læmia at þæim være hægra hæima* (GuiS >600). Allitterasjonane på *h-* og *l-* vert førte vidare i byrjinga av bolk 21 der ektemannen forhøyrer seg om kven *Guiamar* er og kvar han kjem frå: *En herra þæirra læit þa længi (...)* (GuiS 601).

To tilfelle av mogleg bruk av allitterasjonar for å binda saman fortløpande scener på ein så lang tekst som *Guiamar* er lite. Til grunn for den første av desse ligg mellom anna repeteringa av uttrykket *kynlegt þykkia*. Det er sjølv sagt mogleg å lesa dette intendert, men eg meiner, som eg viser ovanfor, at bruken av uttrykket stammar frå ein omsetjars manglande kjennskap til tydinga av det gammalfranske verbet *esmaier*.

Bruk av allitterasjonar for å binda saman relaterte episodar i *Guiamar*

Dei to motiva som vert repeterte i forteljinga om *Guiamar* er møtet hans med hjortekolla og forbanninga hennar og skildringar av kjærleikskvaler. Møtet med det snøkvite dyret skjer i bolk 5 og vert repetert to gonger. Første gong er når *Guiamar* fortel kvinna om det i bolk 12 og deretter når ektemannen hennar får vita om det i bolk 21. I skildringa av den faktiske hendinga i bolk 5 er fleire allitterasjonar nytta; *kollo æina ok kalf hennar* (GuiS 90), *þændi boga* (GuiS 94), *hætte harmer* (GuiS 105), *grosom ne grasa rotom* (GuiS 110) og *hugsotta ok harma* (GuiS 116). Desse vert korkje tekne opp att i bolk 12 eller bolk 21, men det er som venta noko leksikalsk repetering. Særleg gjeld dette former av *græða*, men berre i bolkane 5 og 12 (GuiS 114, 127, 132, 320, 323 og 324).

Bolkane 15–19 inneheld skildringar av kjærleikskvalene og forholdet til *Guiamar* og frua. Dette vert seinare teke opp att i *Guiamars* indre monolog i bolk 27. Vokabularet som er nytta i denne typen skildringar, og dermed også allitterasjonane, er stereotyp (Sjå kap. 6.4 s. 231). Dette skapar sjølv sagt band mellom dei ulike delane, men desse kan ha tvunge seg fram grunna repetering av liknande motiv og kan dermed ikkje reknast som prov på bruk av strukturerande allitterasjonar. Allittererande par som til dømes *anгр/úró* (GuiS 394, 412, 430) og *harmr/hjarta/hugga/hugr/hugsótt* (GuiS 392, 397, 421, >501–502, 552, 782) vert

hyppig nytta i denne typen skildringar i alle forteljingane. Allitterasjonar av dette slaget er påfallande nok òg nytta i den delvis innskotne skildringa av kor ille kvinna har det medan ho sit fengsla i tårnet (GuiS 661–664).

Oppsummering for *Guiamar*

Noko strukturell bruk av allitterasjonar i *Guiamar* kan det knapt vera tale om. Dei to døma på at allitterasjonar kan ha vore nytta for å binda saman fortløpande, men frittstående scener, er to moglege døme på ein tekst på over 6000 ord og med 34 bolkar. Dei moglege banda allitterasjonar kunne ha skapt mellom relaterte episodar i narrasjonen er få. Skildringa av møtet med kolla er kortare for kvar gong det vert fortalt, medan det stereotype vokabularet som er nytta i skildringa av kjærleik og kjærleikskvaler gjer det vanskeleg å konkludera med noko på dette punktet.

7. Tekstklang

7.7.2 *Eskia*

Overgang mellom episodar i *Eskia*:

Tabell 7.5: Skjematisk oversyn over handlinga i *Eskia*

| Bolk | Vers | Handling |
|------|---------|---|
| 1 | 1–2 | Kapittelnummerering 1. Narrativ ramme. |
| 2 | 3–8 | Presentasjon av aktørar og stad |
| 3 | 9–12 | Tvillingfødsel |
| 4 | 13–64 | Bodet om fødselen vert sendt til naboen. Konas reaksjon og korleis denne verkar inn på omgjevnadane. |
| 5 | 65–94 | Kapittelnummerering 2. Konas fødsel og hennar reaksjon på det å få tvillingar sjølv. Trøyst frå omgjevnadane. |
| 6 | 99–116 | Løysinga på problemet. |
| 7 | 117–119 | Konas reaksjon på tilbodet. |
| 8 | 120–134 | Kapittelnummerering 3. Førebuingar for å setje ut barnet. |
| 9 | 135–176 | Før v. 165 er kapittelnummerering 4. Tenestejenta set ut barnet og vender attende. |
| 10 | 177–180 | Generelt om vaktaren i klosteret. |
| 11 | 181–192 | Vaktaren finn barnet. |
| 12 | 193–210 | Vaktaren og dotter hans tek seg av barnet. |
| 13 | 211–234 | Kapittelnummerering 5. Abbedissa vert informert, tek til seg barnet og jenta veks opp. |
| 14 | 235–242 | Venleiken til jenta. |
| 15 | 243–248 | Kapittelnummerering 6. Presentasjon av riddaren Gurun og kjærleiken hans til jenta etter han har høyrte om henne. |
| 16 | 249–256 | Møte mellom Gurun og Eskia. |
| 17 | 257–270 | Guruns strategi for å møte Eskia |
| 18 | 271–275 | Dei to innleier eit forhold. |
| 19 | 276–292 | Kapittelnummerering 7. Eskia vert overtala til å følgje han til slottet hans. |
| 20 | 293–302 | Eskia får teppet og ringen ho hadde med seg då ho vart funnen. Abbedissa fortel henne om kva som hende. |
| 21 | 303–306 | Kapittelnummerering 8. Eskia passsar på arven sin. |

Tabell 7.5: Skjematiske oversyn over handlinga i *Eskia*

| Bolk | Vers | Handling |
|------|---------|---|
| 22 | 307–313 | Samliv med riddaren. |
| 23 | 314–344 | Ved v. 331 er kapittelnummerering 9. Omgjevnadane til Gurun pressar han til å gifta seg for å få ein ektefødd arving. |
| 24 | 345–348 | Forteljarkommentar om at Eskia og den nye brura er tvillingar. |
| 25 | 349–358 | Eskia sin lagnad og reaksjonen hennar på giftarmålet. |
| 26 | 359–364 | Kapittelnummerering 10. Førebuingar til bryllupet |
| 27 | 365–372 | Moras uro kring elskerinna og planane hennar om å kvitta seg med henne. |
| 28 | 373–374 | Kapittelnummerering 11. Bryllupet |
| 29 | 375–388 | Eskia er omtykt av folket til Gurun. Mora tykkjer òg om henne. |
| 30 | 389–409 | Brurekammeret vert gjort i stand. Eskia rer senga på det viset ho veit Gurun likar, men tykkjer ikkje at sengeteppe er bra nok og hentar sitt eige teppe. |
| 31 | 410–412 | Mora og brura kjem til soverommet. |
| 32 | 413–426 | Mora kjenner att teppet og anar korleis det heng sama. Ho får tenaren til å fortelja kvar teppet kjem frå. |
| 33 | 427–440 | Møte mellom mora og Eskia. Eskia fortel om kvar ho voks opp og om arven sin. |
| 34 | 441–448 | Kapittelnummerering 12. Samtale mellom Eskia og mora. Eskia viser henne ringen. |
| 35 | 449–452 | Mora fortel Eskia kven ho er. |
| 36 | 453–484 | Ved v. 465 er kapittelnummerering 13. Mora tilkallar mannen sin og fortel han kva ho har gjort og kven Eskia er. |
| 37 | 485–496 | Farens reaksjon. Han informerer Gurun og erkebiskopen om kva som har hendt. |
| 38 | 497–510 | Løysinga. Ekteskapet vert annullert og Gurun giftar seg med Eskia. |
| 30 | 511–514 | Avslutning. Ekteskapet til søstra. |
| 40 | 515–518 | Narrativ ramme |

Det første tilfellet av mogleg bruk av allitterasjonar på eit strukturelt nivå i *Eskia* er i overgangen mellom det første fødselen og bodet som vert sendt til naboen med dei gode nyhendene. Dette er mellom det eg har kalla bolk 3 og 4. Den

7. Tekstklang

nybakte faren var *miok fagnade þæssom atburð burðar hænnar* (EskS 12) i avslutninga av ein episode. Allitterasjonar med *f-* og *b-* vert ført vidare i den innskotne sogefrasa som markerer overgangen til neste episode: *Nu af þæssom fagra atburðr ok þæim fagnaðe er riddarenn fecc af gætnaðe sinom*. Dersom dette kan reknast for å vera variant av kryssallitterasjon står ein her ovanfor eit *abbaba-*mønster, men det leksikalske samanfallet er i dette skiftet så stort at det i dette dømet ikkje kan seiast noko sikkert. Sogefrasar som dette er rekna for å vera omsetjarens eige bidrag i narrasjonen (E. F. Halvorsen, 1959, 112–113) og dersom dette her er tilfelle kan det bruken av ordspel av samrøtte substantiv og repertering av tydingsberande ord tolkast som uttrykk for ein tekstredaktør som har tenkt gjennom valet av ord og som har leikar seg med dei leksikalske samanfalla. Problemet er at det kan like gjerne vitna om manglande evne til variasjon i arbeidet.

I overgangen mellom bolkan 7 og 8 markerer den innskotne sogefrasa byrjinga av kapittel 3 (EskS <121) og heng leksikalsk saman med tautologien nytta på slutten av kapittel 2 (EskS 118): *Nu er fru hænnar hæyrði þetta þa huggaðez hon mioc ok fagnaðe raðe ok ræðo hænnar (...)* (Kapittelskifte) *Sem þetta rað var gort*. Denne overgangen til kapittel 4 (v. 165) viser òg teikn på mogleg bruk av strukturerande allitterasjonar. Tenestejenta avsluttar bønene til Gud om at han må verna barnet ho skal setja ut og oppdagat etter dette asketreet: *Ef vili þinn er varðvæitt þetta barnn i miskunn þinni. at æigi tynizc. 4. Nv sem hon lauk bæn sinni Þa læit hon a bak ser ok sa ein mykinn askvið vaxinn margum Ok þykkum kuistum* (EskS 163–168). Avstanden mellom dei mogleg allittererande orda kan vera for stor til at dette kan reknast som ein strukturell allitterasjon, og dessutan er begge orda *miskunn* allittererer med mellom dei Gering (1883) rekna som så høgfrekvente adjektiv at dei burde utelatast i ei slik gransking; *mikill* og *margr*. Som tidlegare vist er bruken av adjektiva *margr*, *mestr* og *mikill* oftast i samsvar med dei gammalfranske tekstane, og adjektiva inngår sjeldan i allittererande samband. I dette tilfellet har *mykinn* ikkje førelegg i kjeldeteksten, og kan dermed tolkast som ein tekstredaktørs tillegg for å framheva allitterasjonen.

Mogleg strukturell bruk av allitterasjonar i *Eskia*, denne gongen med *b-*, opptreer neste gong i overgangen mellom bolkan 11 og 12 (v. 192–195). Vaktaren har funne barnet, ber det heim og let dotter si, ei enke, amma barnet: *ok skunndaðe hæim berande barnet. En hann atte dottor ok var ækkia at bonda sinum dauðom. ok atti barnn i voggu er a brioste var*, ‘og han skunda seg heim berande på barnet. Og han hadde ei dotter som ver enkje etter mannens daud. Ho hadde eit barn i vogga som vart amma’. Heile dette avsnittet ligg svakt på sida av den gammalfranske teksten i H og den nær likelydande i handskriftet S: *A sun ostel ariere vait. | Une fille ot, ki vedve esteit; | Sis sire ert morz, enfant aveit, | Petit, en berz e aleitant*, ‘Han gjekk attende til husveret sitt | Han hadde ei dotter som var

enkje | Mannen hennar var daud, og ho hadde eit barn | som var lite, låg i vogga og vart amma'. Den gammalnorske vaktaren skundar seg heim, *berande barnet*. Ektemannen er *sire*, herre, i den gammalfranske teksten, men *bóndi* i den gammalnorske. Denne omsetjinga i omtalen av ektemenn i *Eskia* ser ut til å vera gjennomført. *Bóndi* er òg nytta i v. 12, 76, 124. Ein gong er *sire* attgjeve med den nylaga tautologien *Spusi hænnar ok herra* (Esk 43), men ektemannen opptreir då som ektemann og herre. Han er arg over baksnakkinga til kona si og iretteset henne for dette. Omsetjinga av *sire* er i seg sjølv eit døme på tendensen til presisering av personanes rolle i *Strengleikar*.

Barnet er bokstavleg talt 'ved brystet' i den norrøne teksten, men vert amma i den gammalfranske. Denne vesle tydingsforskyvinga kan vera ei medviten endring for å framheva alliterasjonen på *b*-. Sjølv om det finst eit verb, *mylkja*, som uttrykkjer nett dette, er uttrykk av typen *verb-brjóst*¹ oftare nytta i norrønt og denne tydingsforskyvinga er ikkje uventa.

Noko seinare, i overgangen mellom bolk 13 og 14, vert venleiken til jenta når ho veks til skildra i det som ser ut til å vera eit kort innskot i v. 234: *til þess hon var fullkomen. i fogrum likams væxti*. Det einaste andre kjende gammalfranske handskriftet som inneheld *Fresne*, S, har på dette punktet i narrasjonen seks vers som skildrar venleiken til jenta. Det kan hende at førelegget til den gammalnorske omsetjinga har inneheldt ein variant av desse versa, og at der er desse som er opphavet til både innskotet i v. 234 og den lange allitererande personskiltringa etter v. 236.² Alliterasjonane på *f*- og *v*- vert tekne med inn i dette innskotet som er byrjinga av neste bolk av teksten: *Sem hon var at ollu vaxen þa syndizt hon sua fogr ok frið*, dels som morfologiske variantar av same ord (*fagr*), dels som samrøtte ord (*væxti*, *vaxen*).

1. Fritznerns oppføring under *brjóst* gjev fleire variantar av dette.

2) Diebryst, lat. mamma;

ek greip í brjóstin á henni ok reif þau bæði af henni niðr at bringuteinum *Fld.* III, 392²⁴;
jvf *Mar.* 1029¹⁵;

þá fundust brjóstin af Gró *Sturl.* II, 168²⁰;

hafa barn sítt við brjóst *Borg.* I, 3;

fœligða barn á brjósti *Sturl.* I, 181³⁷;

vera á brjósti (om Die- barn) *Stj.* 429¹⁴.

drekka brjóst dvs. die, *Mar.* 39⁶ *Str.* 18¹³;

hafa barn af brjósti dvs. ophøre med at give et Barn Die, *Stj.* 429¹⁰.

2. Etter v. 234 har handskriftet S: *Quant ele avoit passé .VII. anz | De son aé fu bele et granz | Des qu'ele pot reson entendre | La baesse la fet aprendre | Car molt l'amoit et chierissoit | Et molt richement la vestoit.* (Rychner, 1983, 208). Varianten *la baesse* går att fleire stader i dette handskriftet (v. 154 og i eit tillegg etter v. 242) og er truleg ein skrivarfeil for *l'abaesse*. Andre stader i handskriftet er dette attgjeve som i H, til dømes i v. 212 og 216: *L'abbeesse*.

7. Tekstklang

Overgangen mellom bolkane 22 og 23 er neste stad allitterasjonar kan ha vore nytta for å binda saman to episodar i *Eskia*. Bolk 22 sluttar med *ne hafa hann fyrir hofðingia ok herra. nema hann gere þat æftir raðom ok ræðom þeirra. sem hann hafðe ræðor ok rað þeirra hæyrt þa iatte hann þui at þeir reðu at pusa ser æigna kono. æftir forsio þeirra. en nu se þer fyrir huar þat scal vera. at þat mege loglega vera.* Det mest påfallande med dette avsnittet er allitterasjonen *raðom ok ræðom* der rekkjefølgja er bytta om den innskotne sogefrasen i neste line (*ræðor ok rað*). Substantivet *raðom* i EskS 327 er ei tydingsforskyving av det gammalfranske *volenté* i begge handskrifta, medan *rað* er lagt til. Både *r-* og *h-* allitterasjonen er tekne med vidare i samtalen som følgjer, og det er byta om på rekkjefølgja i den innskotne tautologien *hofðingia ok herra* frå EskS 325. Bolk 23 (v. 331) tek til med: *Granni kuaðo þeir her scamt ifra oss byr æinn dyrrlegr maðr.* Deretter følgjer den innskotne frasen som er interessant i denne granskinga: *rikr herra ok goðr hofðingi ok hævir hann rætt við oss.* Allitterasjonsmønsteret er *aabbbb* - (Kapittelskifte) - *baab*. Den leksikalske oppattakinga i desse linene ser ut til å vera ein medviten leik med ordstilling i allittererande tautologiar.

Forteljinga om *Eskia* er ikkje lang nok for å dra konklusjonar om bruken av strukturerande allitterasjonar i *Strengleikar*. Døma over på mogleg bruk av dette er ikkje mange, men mange nok til å meina at det for denne teksten kan vera noko meir enn leksikalske samanfall. Dette vert støtta opp av at fleire av allitterasjonane finst i det som må kategoriserast som innskot i den gammalnorske teksten, og bruken av ordspel, samrøtte ord og allittererande synonym i desse innskota.

Bruk av allitterasjonar i episodar i *Eskia*.

Det er eitt tilfelle i *Eskia* der det ser ut til at bruken av allitterasjonar fungerer strukturerande i episoden. Skildringa av bryllupet mellom riddaren og Hesli, søster til *Eskia*, og førebuingane til dette (v. 373–382), vert dregen fram av Cook og Tveitane (1979, 42–43) som eit døme på korleis denne teksten til dels vert utvida i omsetjing. Avsnittet inneheld utelukkande positive vurderingar og det er ingen antitetiske forhold som kan framhevast ved bruk av allitterasjonar:

Brullaup var þa væitt þa væl ok rikulega þa ok var þa allzkonar skæmtan þa er huggar þetta lif. með margfallegru ok goðri goðgát. En frilla þa herra Guruns þionaði i svæfnlofti þa með þeim er þar varo sua litillatlega ok miklu bliðlæti. sem hænni væri hinn mæsti fagnaðr a þeirra huiskap. sua at engi fann a hænni at nokot væri hænni mislikandi þa af ollu þui er hon sa þar værandi. ok all dri ræiddizc hon þa ne angraðesc jamnan gloð ok bliðlát þionaði með goðom vilia þa ok buenni þionosto frunni þa moðor brudarennar. sua kurtæislega ok myklo goðlyndi ok litillæte. At aller þeir er þar þa i þeirri hinni myklo samkund varo

samnaðer. undraðo hœversko hænnar + ok margfallæik goðgærðar ok goðra medfærða.

Innskotne allitterasjonar pregar avsnittet, og det er særskild nokre som går att. Dette gjeld allitterasjonar *góðr* og samansette ord som inneheld dette adjektivet: *goðri goðgát* (EskS >374), teke opp att seinare i avsnittet utan å allitterera i *goðom vilia* (EskS 380), så i allitterasjonen på bitrykk *goðlyndi ok litillæte* (EskS >379), og til slutt i ein innskoten kryssallitterasjon *ok margfallæik goðgærðar ok goðra medfærða* (EskS >381). Allitterasjonsmønsteret i denne for hovudtrykk er *abba*, medan om ein òg reknar med bitrykk får *abcccab*. Begge delar gjev tyngde og symmetri til uttrykket.

L-allitterasjonen, og då særleg med *látr* førekjem fleire stader i avsnittet; *litillatlega ok bliðlæti* (EskS >375), teke opp att i eit tillegg i v. 380; *bliðlát* og så i allitterasjonen på bitrykk i EskS >379 som nemnt over.

Bruk av allitterasjonar for å binda saman relaterte episodar i *Eskia*.

Den gjennomførte attgjevinga av sentrale omgrep i *Strengleikar* fører ofte til leksikalske samanfal. Dersom ein skal hevda at ein står ovanfor ein intendert bruk av allitterasjonar for å binda saman relaterte episodar på ulike stader i forteljninga, bør dette òg sannsynleggjerast med meir enn berre leksikalske samanfall. Som i granskinga over er det naudsynt å sjå på tydingsforskyvingar i forhold til gammalfransk tekst og moglege tillegg i den gammalnorske. Dersom det er i desse partia allitterasjonane er å finna, kan dette støtta opp under ein mogleg strukturell bruk av allitterasjonar.

Bruken av *atburðr* og *burðr* i *Eskia* har ein samanbindande effekt i teksten som heile. I tråd med bruken av *atburðr* i mange av tekstane er substantivet nytta som ei attgjeving av det gammalfranske *aventure* i den narrative ramma i både byrjing og slutt av forteljninga (Esk 1 og 515). Den første kona i teksten er gravid fram til *burðar i tima* (EskS 10) før *atburðr* og *burðar* vert nytta i kombinasjon i EskS 12–13 (sjå omtale over). *Atburðr* omset *aventure* i v. 39. Hendinga som er omtala er tvillingfødselen, og likskapen mellom *atburðr* og *burðr* kan lesast som eit ordspel. Substantivet *burðr* vert seinare nytta i EskS 69 i samband med den andre tvillingfødselen, og kort etter (EskS 79) som ei omsetjing av *aventure*, men det *aventure* som vert omtala er tvillingfødselen. Same omsetjing kjem att i EskS 214, og igjen er viser det til fødselen. Etter å ha oppdaga at *Eskia* er dotter hennar fortel mora først faren (EskS 347) og deretter *Eskia* (EskS 492) om kva som skjedde då ho fekk tvillingdøtre og omtalar dette begge stader som *atburðr*. Ordvalet er det same når erkebispfen får fortalt om hendinga i EskS 496.

7. Tekstklang

Same type ordval er ikkje å finna i dei andre *Strengleikar*-forteljingane som omhandlar fødsel (*Milun*, *Jonet*, *Desire*), sett vekk frå eitt enkelttilfelle i *Desire* (DesS 54) der *terme* er attgjeve som *burðar tima*, men så er heller ikkje hendingane kring fødslane med på å forma hendingane i desse andre forteljingane.

Den samanbindande effekten av dette i *Eskia* kan ikkje berre reknast for å vera eit leksikalsk samanfall eller ein tekstredaktørs konsekvens i omsetjinga av enkeltord, til det er det for gjennomført. Ordspel med samrøtte substantiv, som til dømes *atburðar burðar hænnar* (EskS 12), bind saman hendingane generelt og fødsel spesielt, og fører dermed til ei ekstra vektlegging av fødselen i den gammalnorske teksten jamført med den gammalfranske. Ei jamføring av bruken av *atburðr* i *Eskia* og *aventure* i *Fresne* med den i det samla tekstkorpuset (“Lais: ljóð, strengleikr” (s. 228)), indikerer òg dette at det er tale om noko spesielt. Som i *Eskia* er substantivet er vanlegvis nytta for å attgje *aventure*, men i storparten av tilfella er det plassert i den narrative ramma til den enkelte forteljinga, og ikkje i handlinga.

Det neste motivet i *Eskia* som trer fram er skam, og dette er første gong omtala i v. 34–36: *ok þo skom sina ok svivirðeng at kona hans hævir fæðtt tva sunu af huæim þau ero bæði suivirð*. Allitterasjonen bryt allitterasjonsnormen frå norrøn poesi om at *sk-*, *sp-* og *st-* berre allittererer med seg sjølv. Det vert peikt attende på dette utsegna først i irettesettinga frå ektemannen i eit innskot etter v. 48 der *svivirðing* er nytta, og deretter i byrjinga av bolc 5 (kapittel 2) i eit presiserande innskot der den baksnakkande kona vert karakterisert ved denne handlinga: *En granna hænnar er laug a hana þesso rope ok suivirði hana saklausu*. Allitterasjonen med *svivirða* vert teken opp att, men no kopla med *saklauss*. Etter fødselen klagar ho seg: *at visu em ec sviuirð* (EskS 75), der *s*-allitterasjonen kontrasterer utsegna til den allittererande tautologien *sæmd/ soma* ei line tidlegare. Den innskotne tautologien *skomm ok svivirðing* går att i EskS 92 der kona fortel kva ho må gjera for å unngå dette, og *svivirðing* er nytta i utsegna til tenestejenta i EskS 111. *Svivirða* er òg nytta, men ikkje allittererande i v. 256 (*maubailli*) om riddaren som vert dette dersom han ikkje vert elska av *Eskia*. Deretter kjem ein innskoten allittererande tautologi om kva skade det vil gjera riddaren dersom han ikkje giftar seg og får ein ektefødd arving: *skomm ok skaðe (grant damage)* i v. 322. Innskotet etter 402 tek opp att *svivirðing*, og no det dårlege sengeteppe som skal nyttast på bryllupsnatta til riddaren: *ok mislikaði henni svivirðing boanda sins ef hann svæfi undir sliku pelli. Sua sviuirðlego abræizle*. Lengda på dette innskotet opnar for ein ekstra kuplett i det gammalfranske førelegget til N. Ein slik kuplett finst ikkje i dei to gammalfranske handskrifa som inneheld forteljinga. Omtalen av sengeteppe dukkar opp att i v. 425 der mora ser dette og spør ein tenar kvar det kjem frå. Han svarar at det er *Eskia* som har lagt det på *þui at hænni syndizc of sviuirðelegt þat sem undir liggr*, noko som er ei klar tydingsforskyving frå, og

forsterking av, det gammalfranske *Kar ne li sembla mie boens*. Fram til dette punktet i narrasjonen ser det ut til at allitterasjonar med *skomm/svívirða* kan ha vore intenderte på eit strukturelt nivå i teksten. I den bolken som står att av forteljinga vert det fleire gonger referert til fødselen (særleg EskS 465ff. der mora tilstår til ektemannen kva ho har gjort) utan at denne typen allitterasjonar er nytta der. Saman med konsekvensen i kva *svívirða/svívirðing* omset både i denne forteljinga spesielt (EskS 34 (*hunte/deshonur*), >48 og >65 (innskote), 74 (*pris/honur*), 75 og 111 (*hunie*)) og i *Strengleikar*-samlinga generelt, fører dette til at eg meiner at *skomm* og *svívirða* ikkje fungerer som strukturerande allitterasjonar i *Eskia*.

Baksnakkinga fører til at kvinna som har født tvillinggutar vert *hataðo ok hafnaðo* (EskS 54–55) i heile landet. Desse allittererande verba vert tekne opp att i eit innskot etter v. 56, og deretter om ektemannens kjensler for kona si i v. 61. Allitterasjonen vert snudd om på og bygd ut i det den baktalande kvinna omtalar eigen lagnad etter tvillingfødsel i eit innskot etter v. 76: *hafnaðr ok hæddr ok hataðr* og i v. 94: *en verða fyrir hatre ok hafnan*. *Hatr* åleine går att i eit langt tillegg etter dette, og litt seinare i eit innskot i trøysta frå tenestejenta i v.111. Der dette ikkje er innskot (EskS 56, 61 og 94) er dei attgjevingar av *hair/enhair* (FreL 54, 56 og 61), *malbaillir* (FreL 55) og *hunir e vergunder* (FreL 94). Det er nokså stor variasjon i kva orda attgjev. I tillegg finst dei i gammalnorske innskot og er nytta i varierende rekkjefølgje. Dette kan vera ein indikasjon på bruk av strukturerande allitterasjonar.

Rådgjevarar for dei ulike aktørane i teksten fører handlinga framover. Ein av desse hjelparane, tenestejenta, gjev *raðe ok ræðo* (EskS 118). Denne nylaga allittererande tautologien omset det adverbiale pronomenet *en* i den gammalfranske teksten. Substantivet *ráð* knyter dette avsnittet til neste kapittel ved hjelp av ei innskoten sogefrase: *Sem þetta rað var gort* (EskS <121). Etter at *Eskia* og *Gurun* har vorte kjæraster er han redd for konsekvensane dersom *Eskia* vert gravid. Då kjem abbedissa til å *ræiðaz þer ok ræka þec i brott* (EskS 284). Allitterasjonen i parallellismen vert forsterka i neste line: *Nu ef þu villt min rað hava* (EskS 285). Det vert referert til dette nokre liner seinare og no er *rað* variert med innskotet *ræða*: *Eskia iatti hans orðum. Ok ræðom* (EskS 290). Ein nylaga tautologi som kombinerer *rað* og *ræða* kjem når folket til *Gurun* insisterer på at han må gifta seg: *kuomo til han með ræðom ok raða gerðom sinum* (EskS 316). Dette vert teke opp att i innskot av *ráð* og *ræða* i overgangen mellom kapittel 8 og 9 (EskS 325–332). Ei jamføring med den gammalfranske teksten viser at dei fleste tilfella er innskotne i teksten eller omskrivingar. Berre *rað* i EskS 285 og *reðu* i EskS 329 attgjev *cunseil*.

Tre personar i teksten fungerer som vern for *Eskia*, Gud, abbedissa og *Gurun*. Ordvalet i omtale av vernet er nær likt teksten gjennom. Tenestejenta som har teke

7. Tekstklang

på seg oppgåva med å leggja det nyfødde barnet ut i skogen ber til Gud i avslutninga av kapittel 3 om at han må verna det (EskS 162–164). Ho opnar bønen sin med: *Ef vilia þinn er varðvæitt þetta barnn i miskunn þinni* (EskS 163–164). Ein variant av dette finst i ein nylaga allittererande tautologi når tenestejenta plasserer barnet under asken: *fal þat undir guðs varnaði. ok varðvæizlo* (EskS 174). Riddaren Gurun vel liknande ord når han overtaler Eskia til å flytta saman med han i ein innskoten frase (EskS <289): *Ec skal hallda ec ok varðvæita ok virða rikulega*. I det Eskia tek avskjed med abbedissa samanfattar den eldre kvinna si rolle i oppdraginga av jenta i eit langt avsnitt i den gammalnorske teksten utan førelegg i nokon av dei kjende gammalfranske versjonane av denne. Dette tek til med *Nu hævi ec siðan varðvæitt ok viröt ok sæmt þec* (EskS >320). Verbet *varðveita* er nytta ein einaste gong utanom desse i teksten; Eskia sjølv har i oppgåve å passa på teppet sitt: *ec skyllda þetta pel vel varðvæita* (EskS 438). Berre to av tilfella over har førelegg i gammalfransk tekst, og i EskS 164 og 438 attgjev verbet *varðveita* det gammalfranske verbet *garder*.

Oppsummering for *Eskia*

Granskinga av moglege strukturerande allitterasjonar i *Eskia* viser at det er teikn på ein slik bruk i samanbinding av fortløpande, men frittstående episodar. Allitterasjonar fungerer til dels samanbindande i enkelte episodar og då særskild som tillegg jamført med den gammalfranske teksten. Dette kan vera reine leksikalske samanfall. Dersom ein slik bruk av allitterasjonar ikkje finst i dei andre tekstane som vert granska er det rimeleg å tru at dette er leksikalske samanfall. Det er òg teikn på at strukturerande allitterasjonar er nytta for å binda saman relaterte episodar i *Eskia*. Noko påfallande bruk av kryssallitterasjonar i samanbindinga av fortløpande episodar slik Kalinke (1979) var tilfelle i *Ívens saga* finst det få spor av.

7.7.3 *Equitan*

Som tidlegare omtala er siste delen av *Equitan* ei moralisering over hendingane i forteljinga, truleg skriven av omsetjaren. Både innhald og sjanger i denne fell utanfor emnet for denne granskinga. Det finst sjølvsagt ikkje noko gammalfransk

førelegg for denne delen av teksten. Dermed er det det eg omtalar som EqS I som vert granska.

Overgang mellom episodar i *Equitan*

Tabell 7.6: Skjematisk oversyn over handlinga i *Equitan*

| Bolk | Vers | Handling |
|------|---------|---|
| 1 | 1–10 | Kapittelnummerering 1. Narrativ ramme. |
| 2 | 11–20 | Kapittelnummerering 2. Presentasjon av hovudpersonen Equitan. |
| 3 | 21–28 | Presentation av lendmannen og kva Equitan nyttar tida si til. |
| 4 | 29–37 | Presentation av kona til lendmannen. |
| 5 | 38–64 | Kapittelnummerering 3. Equitan fattar interesse for lendmannens kone og vitjar henne. |
| 6 | 65–100 | Kapittelnummerering 4. Equitan ber til Gud og fortel om den umoglege kjærleiken han føler for kvinna. |
| 7 | 101–116 | Neste dag reiser Equitan på jakt, men kjem snøgt attende og seier at han er sjuk. Han sender bod på kvinna for å underhalda seg og legg fram kjenslene sine for henne. |
| 8 | 117–148 | Kapittelnummerering 5. Kvinna svarar og og peikar på vanskane med og dei moglege konsekvensane av eit kjærleiksforhold mellom dei. |
| 9 | 149–176 | Kapittelnummerering 6. Equitan svarar kvinna og lovar å gjera det ho måtte ønskja. |
| 10 | 177–194 | Kvinna samtykkar, forholdet pågår ei tid. |
| 11 | 195–204 | Omgjevnadane til Equitan pressar han fordi dei vil at han skal gifta seg. Kvinna får nyss i dette og uroar seg for kjærleiken deira. |
| 12 | 205–220 | Kapittelnummerering 7. Neste møte mellom dei elskande. Kvinna er fortvila og fortel Equitan om uroa si. |
| 13 | 221–240 | Kapittelnummerering 8. Equitan trøystar kvinna og seier at han ville ha gifta seg med henne dersom ektemannen hennar døydde. Kvinna gleder seg over dette og luftar moglegheita for å ta livet av ektemannen sin. Equitan samtykkjer. |
| 14 | 241–262 | Kapittelnummerering 9. Kvinna legg fram dei reelle planane om korleis drapet skal skje. Ektemannen skal lurast til å bada i kokande vatn. Kapittelnummerering 10 ved vers 261. Equitan er eining med planen. |

7. Tekstklang

Tabell 7.6: Skjematisk oversyn over handlinga i *Equitan*

| Bolk | Vers | Handling |
|------|---------|--|
| 15 | 263–286 | Tre månader seinare vert planen freista gjennomført. Etter å ha vorte årelatt, er ektemannen ute ein tur medan kvinna gjer klar badevatnet. Det elskande lar lystene styra og hamnar i senga med ei tenestejente som vakt. |
| 16 | 287–306 | Ektemannen kjem attende og tvingar opp døra. Equitan skjemst så mykje over synda si at for å gøyma seg hoppar hann opp i karet med det kokande vatnet. Etter å ha skjønt korleis det heng saman kastar lendmannen kona si i karet. Equitan og kvinna døyr. |
| 17 | 301–311 | Forteljarkommentar om kva som hender med dei som vil annanmann vondt. Etter v. 310 kjem den innskotne gammalnorske moraliseringa over hendingane. Denne inneheld kapittelnummerering 11 og 12. |
| 18 | 312–314 | Narrativ ramme. Kommentar om Equitans og kvinns død. |

Ei nærlesing av overgangane i den gammalnorske teksten gjev ikkje resultat når det gjeld bruken av allitterasjonar for å binda saman fortløpande episodar i *Equitan*. Eg finn ikkje noko som kan kallast eit tvilstilfelle. Allitterasjonar er ikkje nytta som strukturerande element for å binda saman frittstående, men fortløpande, episodar i *Equitan*.

Bruk av allitterasjonar for å binda saman relaterte episodar i *Equitan*

Som det går fram av det skjematiske oversynet over handlinga i *Equitan*, er det to motiv som opptrer fleire gonger i teksten. Det første er skildringar av ulovleg kjærleik og moralske kvaler kring denne. Dette er omtala i bolkane 5–12. Det andre elementet som vert teke opp att er drapsplanane og den faktiske freistnaden på å gjennomføra desse, og då i bolkane 13–16. Det er å venta at det til ei viss grad er eit leksikalsk samanfall i desse, og særskild interessant er der dersom uttrykk på forma *X ok Y* vert omrokeret og varierte med *Y ok X*. Ei slik omrokering er mellom det Schach i sin studie av stil og struktur i *Tristrams saga* les som ein medviten leik med språket for å oppnå variasjon i teksten (Schach, 1965, 67).

Utruskapen og den brennande kjærleiken mellom Equitan og kvinna er prega av allitterasjonar på *h*-. Kjenslene hans for henne vert omtala første gong i v. 50–51 og deretter følgjer eit tillegg i den gammalnorske teksten om korleis Equitan oppfattar kvinna: *ok fann hann hana hyggna ok hæverska ok goðviliða. hina bliðasto i orðum. ok sæmeleg i hirðsiðum. ok sua vel ser likande yvir allar þær er honum hofðu fyrr hugnat* (Eq 50–51). Allereie eit par liner seinare i den gammalnorske teksten held *h*-allitterasjonen fram, for det meste i eit tillegg.¹ Den kjærleikshungrande Equitan er så plaga av kjenslene sine at han ikkje klarar å kvila

(EqS 63–60). Her er mellom anna personlege pronomener med på å støtta opp om allitterasjonen: *at alla nott fecc hann huarki huilld ne svæfn saker þessara fru. er hann hafði ollum hug sinum til snuit. Sua er hann af ollum hug ok henni um snuinn. at hann er allr angrs fullr. ok ahyggio* (Eq 63–60).

I første delen av dette avsnittet er vekslinga mellom allitterasjonar på *h*- og *s*-ein kryssallitterasjon. To variantar av uttrykket *snúa einhverju til/snúa einhverjum einhvers* er forsterkar kvarandre. *Harmr* er repetert i eit innskot i v. 64, og så held bruken av *h*-allitterasjonen fram i eit kort og eit langt innskot i bolk 6. Det første innskotet kjem etter v. 66: *at harmr ok angr sem sua hava bundit mec sarom sorgum*. Vers 68 er attgjevne som *ok losteð hug minn ok hiarta*, og deretter kjem det lange tillegget i den gammalnorske teksten: *sua unytri ahyggio ok allan mec fra tekit sialfum mer með sua kynlegom hætti at skynsemð min ter mer ækki. ok valld mitt. ok sua mikit riki er mer mæirr harmr en huggan* (Eq >68).

Ordlyden i desse stemmer overeins med idealet for *l'amour courtois*, der helten er bunden og råka/såra i sinnet og hjarta av kjærleiken til kvinna.¹ Det bør opnast for at avsnitta i *Equitan* ikkje er gammalnorske tillegg i teksten, men stammar frå det gammalfranske førelegget omsetjaren arbeidde med. Då kan det ha vore ein kuplett etter v. 66 og minst to, kan hende tre, etter v. 68. Teksten er kjent frå eitt anna gammalfransk handskrift, S. Desse versa i S er like dei i H. Fleire ting taler for nokre ekstra kuplettar i førelegget til omsetjaren. Begge innskota i den gammalnorske teksten er plasserte etter heile kuplettar og ordlyden i desse stemmer med den høviske kjærleiken. Som sett i kapitlet om tekstvandring (s. 95), er det ein tendens til nedkorting av skildringar av kjærleik og kjensler i dei gammalnorske tekstane. På den andre sida er allitterasjonar vanlege i det som kan vera innskot i dei gammalnorske tekstane, og bruken av grepet kan vera ein indikasjon på dette. Eg hallar likevel mot den første forklaringa. Omsetjarens førelegg har hatt nokre ekstra kuplettar. Effekten av *h*-allitterasjonane og det delvise samanfallet i vokabular (*áhyggja, harmr, hjarta, hugga/huggan, hugr,*

1. Dei gammalfranske versa 52–59 er ikkje attgjevne i den gammalnorske teksten. I tillegg er det ei tekstrokking i den gammalnorske teksten jamført med den gammalfranske. Det som svarar til dei gammalfranske versa 60–64 står i rekkjefølgja 63–60–61–62–64. Det er lite sannsynleg at forklaringa på dette er å finna i ei ombyting av kuplettar i det gammalfranske førelegget for omsetjinga, versa 63 og 64 utgjer nemleg ei kuplett. Dersom det gammalfranske førelegget til *Strengleikar* hadde hatt denne rekkjefølgja av versa her, ville ein stått ovanfor eit rimmønster av typen *abba*. Korkje kiastisk rim (*abba*) eller kryssrim (*abab*) som enderim førekjem nokon annan stad i Marie de France sine verk eller i *Lais anonymes*.
1. *losteð*, av verbet *ljósta* er nytta i den gammalnorske teksten. Dette heng mellom anna saman med *lost*, altså 'slag, hogg'. Andre stadar i *Strengleikar* er verbet nytta i samband med reell fysisk skade, til dømes i *Guiamar* der pilen helten skyt mot kolla vender attende og råkar han i låret (GuiS 95 og 98; *laust hana framan i briostet og laust Gviamar*).

7. Tekstklang

hygginn) frå v. 50 og heilt fram til v. 69 er bindande. Vokabularet i skildringar av kjærleik er så stereotyp at dette like gjerne kan vera tilfeldig.

Dei to elskande planlegg å drepa ektemannen hennar ved å lura han til å bada i eit kar med kokande vatn. Første gong kvinna fortel elskaren sin korleis dei skal gå fram, bolk 14, er utan allitterasjonar, men med ei påfallande oppattaking av enkelte ord og uttrykk; *láta blóð/blóðlát* (EqS 245, 246, 247) og *laug/lauga/(laugar-)ker* (EqS 246, 248, 251, 252, 253, 255, 256, 260). I tråd med tendensen til presisering og repetering av tidlegare hendingar i den gammalnorske teksten, kunne det ha vore ventande at storparten av desse tilfella var innskot. Men berre 4 av desse er gammalnorske innskot. Den gammalfranske teksten nyttar *seigner* (EqL 245, 247) og *bain/baigner/cuve* (EqL 246, 248, 251, 252, 253, 260). Effekten er samanbindande i begge tekstane. Ordlyden er den same i skildringa av den faktiske hendinga i bolk 15; *láta blóð/blóðlát* (EqS 265, 266, 267) er knytt til *seigner* (EqL 265) og *laug/lauga/(laugar-)ker* (EqS 267, 269, 271, 272) med *bain/baigner/cuve* (EqL 267, 269, 271, 272). Denne bolken har nokre allitterasjonar, men berre ein av desse framhever det planlagde brotsverket; *vællande vatne* (EqS 275), ei velklingande attgjeving av det gammalfranske *l'ewe buillant*. Denne vert variert med *vormu vatne* i eit innskot i neste line (EqS 276). Allitterasjonen *vællande vatnet* vert teken opp att i det Equitan hoppar i karet for å gøyma seg, no som eit presiserande tillegg i den gammalnorske teksten.

Skildringane av drapsplanane i *Equitan* er ikkje prega av allitterasjonar, men av ei repetering av enkelte ord og uttrykk. Denne repeteringa finst i både den gammalnorske og den gammalfranske forteljninga. I skildringar av kjærleiken er derimot allitterasjonar med *h-* påfallande – ikkje utelukkande som ei repetering av det same vokabularet, men med ei stor grad av leksikalsk variasjon.

Oppsummering for *Equitan*

Det er ingenting som tyder på at allitterasjonar er nytta for å binda saman fortløpande, men frittstående episodar i *Equitan*. At det er så få moglege teikn på at grepet er nytta for å knyta saman relaterte episodar på ulike stader i teksten gjer at eg meiner at allitterasjonar ikkje er nytta som strukturerande element i denne forteljninga. Derimot pregar enkelte allitterasjonar skildringa av kjærleiken, og framhever dette partiet. I samsvar med den gammalfranske teksten er enkelteord og frasar nytta svært hyppig i skildringa av drapsplanane og -forsøket, noko som gjev ein forsterkande, men ikkje allittererande effekt.

7.7.4 *Milun*

Overgang mellom episodar i *Milun*

Av dei forteljningane som vert handsama i denne delen av analysen er det *Milun* som i lengd skil seg mest frå den gammalfranske teksten frå handskriftet Harley 978. I jamføringa mi av lengda til desse to tekstane fann eg at denne forteljninga var korta ned med om lag 50% jamført med teksten frå H (tab. 5.6 (s. 189)). Dette var i samsvar med Cooks utrekningar (1979, 183). *Milun*-teksten i handskriftet S skil seg frå den gammalnorske teksten på fleire punkt. Denne versjonen av forteljninga er rekna for å liggja lengre vekke frå førelegget til den gammalnorske omsetjinga enn det teksten i H gjer.

Tabell 7.7: Skjematisk oversyn over handlinga i *Milun*

| Bolk | Vers | Handling |
|------|---------|--|
| 1 | 1–8 | Kapittelnummerering 1. Narrativ ramme. |
| 2 | 9 | Presentasjon av <i>Milun</i> . |
| 3 | 21–46 | Presentasjon av kvinna som vert forelska i <i>Milun</i> . Ho beilar og <i>Milun</i> samtykkjer og sender henne ein ring. |
| 4 | 49–66 | Skildring av kjærleiksforholdet. Kvinna vert gravid. |
| 5 | 67–86 | Barnet skal sendast til syster til kvinna for å bli oppfostra der. Med barnet sender kvinna ringen og eit brev. |
| 6 | 95–118 | Sonen vert født og sendt bort. Tanta hans tek godt vare på han. |
| 7 | 121–122 | <i>Milun</i> reiser rundt som riddar. |
| 8 | 123–150 | Kjærasten til <i>Milun</i> vert gifta vekk mot sin vilje. |
| 9 | 151–172 | Kapittelnummerering 2. <i>Milun</i> vender attende og tykkjer ille om giftemålet. Ved hjelp av ei tenar sender han kjærasten eit brev, gøymt i fjærdrakta til ei svane. Han forklarar tenaren kva han må gjera for å få levert svana til kvinna. |
| 10 | 173–202 | Tenaren gjer det han vert beden om. |
| 11 | 205–227 | Kvinna tek i mot svana og oppdagar brevet. Ho trekkjer seg attende til rommet sitt for å lesa brevet i fred. |
| 12 | 241–246 | Instruks om kva kvinna må gjera for at svana flyg attende til <i>Milun</i> . |
| 13 | 253–271 | Kvinna følgjer instruksjonen og sender eit brev til <i>Milun</i> . |
| 14 | 277–279 | Kapittelnummerering 3. Svana er sendebodet deira i tjue år. |
| 15 | 289–296 | Sonen deira vert vaksen og får fortalt om opphavet sitt. |

7. Tekstklang

Tabell 7.7: Skjematisk oversyn over handlinga i *Milun*

| Bolk | Vers | Handling |
|------|---------|---|
| 16 | 301–340 | Sonen reiser ut for å røyna riddarskapen sin. |
| 17 | 341–368 | Milun høyrer lovord om den unge riddaren og mislikar dette. Han bestemmer seg for å leita etter han for å slåst mot han. Han gjev melding til kjærasten sin om dette og lovar samstundes å leita etter sonen deira. |
| 18 | 371–422 | Milun reiser rundt. Ved påsketider er det ei stor turnering ved Mont Saint Michel, og her møtest far og son i kamp. Sonen vinn, men gremmest over dette når han oppdagar at motstanderen både er kvithåra og -skjeggga. |
| 19 | 423–444 | Høvisk møte mellom far og son der sonen ber om orsaking for at han har kjempa mot han. Milun kjenner att ringen som sonen ber. |
| 20 | 445–487 | Sonen fortel om opphavet sitt. Dei opplever begge stor glede over å ha funne kvarandre. |
| 21 | 488–496 | Milun fortel sonen korleis han har halde kontakt med mor hans. |
| 22 | 497–500 | Sonen ønskjer å ta livet av ektemannen til mora slik at foreldra hans kan gifta seg med kvarandre. |
| 23 | 501–526 | Milun og sonen reiser heimover. På vegen møter dei eit sendebod med melding om at ektemannen er død. Dei reiser uhindra til kvinna slott. |
| 24 | 527–530 | Sonen vier foreldra. |
| 25 | 531–534 | Narrativ ramme. |

Med eitt unntak er det ingen teikn på bruk av strukturerande allitterasjonar i *Milun*. I denne forteljinga er det få allitterasjonar i samband med sceneskifte. Unntaket finst gjennom heile bolk 15 og eit stykke inn i bolk 16 der ein *r*-allitterasjon går att, og då med leksikalsk repetering. Dette tek til i MiS >308–308 med *pui at hann er sva ricra manna. ok faðer hans sva frægr af reysti ok riddaraskap*. Det vert så teke opp att i vers 333: *for þa hvervitna reysti hans // ok riddaraskapr* før det til slutt i byrjinga av bolk 16, v. 334 kjem *sa riddare var sva raustr*. Dette er ikkje berre det einaste moglege dømet på ein slik bruk av allitterasjonar i *Milun*, men også avstanden mellom *r*-allitterasjonane er uvanleg stor. I tillegg er ikkje det leksikalske samanfallet prega av ordspel. Samansetjingane som er nytta er dessutan svært vanlege i desse forteljingane. Eg er dermed uvillig til å karakterisera dette som noko anna enn fleire liknande forsterkande allitterasjonar i løpet av eit avsnitt.

Bruk av allitterasjonar for å binda saman relaterte episodar i *Milun*

To motiv vert tekne opp att fleire gonger i *Milun*. Det første er kva som skjer med barnet (bolkane 5, 6, 15 og 20) og det andre er korleis Milun og kjærasten hans held kontakt med kvarandre ved hjelp av ei svane (bolkane 9, 10, 11, 13 og 12). Desse bolkaner er prega av få allitterasjonar, og ingen av allitterasjonane som er nytta vert repeterte.

Oppsummering for *Milun*

Granskinga av allitterasjonsbruk i samband med sceneskifte og i relaterte episodar på ulike stader i forteljinga viser at strukturerande allitterasjonar ikkje er nytta i *Milun*.

7.7.5 *Jonet***Overgang mellom episodar i *Jonet***

Den seinare handa som har ført inn kapittelnummerering med arabiske tal i N, har ikkje gjort det i alle forteljingane. Inga slik nummerering finst i *Jonet* i N. Granskinga av mogleg samanbindande bruk av allitterasjonar i overgangar mellom episodar i *Jonet* er basert på det skjematisk oversynet i tabellen under

Tabell 7.8: Skjematisk oversyn over handlinga i *Jonet*

| Bolk | Vers | Handling |
|------|---------|--|
| 1 | 1–7 | Narrativ ramme |
| 2 | 11–32 | Presentasjon av aktørar og stad. |
| 3 | 51–54 | Mannen forlet huset for å gå på jakt. |
| 4 | 61–104 | Frua er fortvila over situasjonen sin og ønskjer seg ein elskar. |
| 5 | 105–112 | Gåsehauken dukkar opp i vindauga og kjem inn. |
| 6 | 113–168 | Gåsehauken skiftar ham. Samtale mellom frua og riddaren. |
| 7 | 169–187 | Kvinna som vaktar frua vender attende og vert sendt for å henta presten. Riddaren tek i frua sin skapnad i mot nattverden. |
| 8 | 189–212 | Forholdet vert inngått. |
| 9 | 213–227 | Frua vaknar neste morgon. Ho tek frå no av betre vare på seg sjølv. |
| 10 | 228–253 | Ektemannen fattar mistanke til at noko tek stad bak ryggen på han. Han legg planar for å avsløra dette. |
| 11 | 254–256 | Forteljarkommentar om sviket mot dei to elskande. |

7. Tekstklang

Tabell 7.8: Skjematisk oversyn over handlinga i *Jonet*

| Bolk | Vers | Handling |
|------|---------|---|
| 12 | 257–278 | Ektemannens plan vert sett i verk. Forholdet vert avslørt. |
| 13 | 279–293 | Ektemannen vert informert om kva som skjer og får laga ei felle for å drepa gåsehauken. |
| 14 | 297–306 | Ektemannen reiser på jakt og frua bed elskaren sin komma. |
| 15 | 308–318 | Riddaren kjem og vert dødeleg såra av fella i vindauget. |
| 16 | 319–332 | Riddaren fortel frua om kva som no kjem til å skje og seier at ho ber sonen hans. |
| 17 | 333–359 | Riddaren forlet frua. Ho følgjer etter blodsporet hans. |
| 18 | 360–392 | Frua kjem til ein rik by. I det tredje rommet i slottet finn ho att elskaren sin. |
| 19 | 393–440 | Siste møte mellom dei elskande. Han ber henne rømma og gjev henne ein ring som vil få ektemannen hennar til å gløyma det som har hendt og eit sverd som ho skal ta vare på til sonen er vaksen nok til å hemna dei. |
| 20 | 441–453 | Frua, ulukkeleg over elskarens død, reiser heim att. |
| 21 | 454–466 | Fruas liv med ektemannen. Presentasjon av sonen Jonet. |
| 22 | 468–495 | Jonet, no vaksen, reiser saman med foreldra sine til ein fest, men følgjet går seg vill på vegen og får nattely i eit kloster. Abbeden gjev dei ei omvisning. |
| 23 | 497–526 | Følgjet ser grava til far til Jonet og får høyra historia om han og kjærleiken hans. |
| 24 | 527–542 | Frua fortel sonen sin at det er far hans som er gravlagd der og at det er ektemannen hennar som fekk han drept. Deretter gjev ho han farens sverd før ho døyr. |
| 25 | 543–546 | Jonet hemnar foreldra sine. |
| 26 | 547–551 | Jonet overtek farens posisjon. |
| 27 | 553–556 | Narrativ ramme. |

Ei gransking av allitterasjonsbruken i overgangane mellom frittstående episodar i *Jonet*, viser at det på dette nivået ikkje er spor av strukturelle allitterasjonar i forteljinga. Berre i eitt einaste tilfelle er det mogleg å opna for ein allitterasjon i ein overgang, og det er i bruken av *s-* og *f-* i JonS v. 227–228: *þa hon um snære siði sinum ok oll pryddiz fegrð hennar. þa fann herra hennar smasmugall. At snære siði sinum* er ein allitterasjon er klart, og effekten av denne vert forsterka av

eigedomspronomenet *sinum*. Avstanden til allitterasjonen på *s*-internt i adjektivet *smasmugall* er i lengste laget for at dette skal kunne klassifiserast som ein strukturerte allitterasjon i overgang mellom episodar, og dermed reknar eg her *f*-allitterasjonen *fegrð - fann* som tilfeldig. Når dette i tillegg er det einaste moglege dømet på allitterasjonar nytta på eit slikt vis i teksten, meiner eg at slike allitterasjonar ikkje er nytta i *Jonet*.

Bruk av allitterasjonar for å binda saman relaterte episodar i *Jonet*

Ei nærlesing av *Jonet* for å leita etter strukturerte allitterasjonar som knyter relaterte episodar på ulike stader i narrasjonen saman, viser at dette ikkje er tilfelle i denne teksten. Det er berre ei hending det vert fortalt om fleire gonger, drapet på Jonet. Dette vert gjort i fleire steg; planlegging, førebuing, gjennomføring og til slutt kort i Jonets ettermæle (bolkane 10, 12, 13, 15, 23 og 24). Den einaste av desse bolkaner som er prega av allitterasjonar er v. 515–517 i bolk 23 der abbeden lovprisar den no daude kongen. Denne bolken er dermed ikkje knytt direkte til drapet.

Oppsummering *Jonet*

Allitterasjonar er ikkje nytta strukturerte på noko nivå i *Jonet*.

7.7.6 Oppsummering av granskinga av mogleg bruk av strukturerte allitterasjonar i *Guiamar*, *Eskia*, *Equitan*, *Milun* og *Jonet*

Dei fem tekstane frå *Strengleikar* som har vore granska ovanfor, *Guiamar*, *Eskia*, *Equitan*, *Milun* og *Jonet* er representative for ulike trekk i tekstmaterialet. Forteljingane er skrivne av begge skrivarhendene og viser ulike språkdrag. Desse fem tekstane er kan hende òg representative for ulike måtar å handsama førelegg på. Dei to forteljingane som står først i N, *Guiamar* og *Eskia* er heller trufast omsette, medan *Milun* er sterkt nedkorta.

Den todelte granskinga mi av kvar tekst demonstrerer at det ikkje er hald i hypotesen min om at allitterasjonar er nytta på eit strukturelt nivå i *Strengleikar*. For fire av dei fem tekstane som har vore granska her, *Guiamar*, *Equitan*, *Milun* og *Jonet*, er det vist at allitterasjonsbruken i overgangane mellom fortløpande scener viser få, om nokon, spor etter strukturerte allitterasjonar. Det kan heller ikkje seiast at verkemiddelet er nytta for å binda saman relaterte episodar ulike stader i narrasjonen. For den femte forteljinga som har vore granska, *Eskia*, finst det nokre teikn på strukturerte allitterasjonar. Slike teikn finst på begge nivå av teksten. Allitterasjonar kan ha vore nytta strukturerte i overgangar mellom fortløpande, men frittståande episodar og i fleire tilfelle av relaterte episodar ulike stader i *Eskia*. I allitterasjonane finst det meir enn leksikalske samanfall. Også ordspel,

7. Tekstklang

variasjon, tydingsforskyvingar jamført med gammalfransk førelegg og innskotne fraser og -sogefraser er prega av allitterasjonar. På den andre sida er det ikkje mogleg å sjå ein slik allitterasjonsbruk nokon av dei fire andre forteljingane som eg har granska. For den første forteljinga i N, *Guiamar*, var det to døme på at allitterasjonar kan fungera samanbindande i fortløpande scener. Den eine av desse stammar som vist ovanfor ut frå det som kan vera ein feil i omsetjinga av *esmaier* (Gui 124). Allitterasjonar er ikkje på noko vis nytta for å binda saman relaterte episodar i forteljinga, og eg meiner at dei to døma på mogleg bruk av strukturerande allitterasjonar i samband med scenskifte sannsynlegvis er tilfeldige.

Forteljinga *Equitan* inneheld korkje allitterasjonar i overgangar eller som knyter saman relaterte episodar. Bruken av *h*-allitterasjonar i denne forteljinga framhever kjensler, og ei leksikalsk repetering i skildringane av drapsplanar og -forsøk knyter desse saman. I den sterkt nedkorta forteljinga *Milun* er allitterasjonar nær fråverande både i scenskifte og i relaterte episodar. Dette gjeld òg for *Jonet*.

Av dei fem tekstane som har vore granska viser berre ein av dei, *Eskia*, mogleg teikn på bruk av strukturerande allitterasjonar. Teorien om ein medviten bruk av allitterasjonar på eit strukturelt nivå i tekstane er spanande. Men det er ikkje grunnlag for å meina at allitterasjonar er nytta på dette viset i *Strengleikar*. Resultata av denne delen av analysen er ikkje til hjelp i ei inndeling av tekstmaterialet eller i profileringa av tekstredaktørar. Strukturerande allitterasjonar har truleg ikkje vore nytta av nokon av tekstredaktørane som har arbeidd med *Strengleikar*.

7.8 Analyse på grunnlag av allitterasjonsfrekvens

I den semantiske og strukturelle analysen av allitterasjonsbruken i kap. 7.6 og 7.7 kjem det klart fram at allitterasjonsbruken i dei ulike forteljingane varierer. Ei svært kort jamføring av den semantiske kategoriseringa for kvar enkelt tekst i appendikset (s. 427), gjev førebels, men talande resultat. Utan at det her vert teke omsyn til lengda på tekstane, er det nokre tekstar som skil seg ut med svært få allitterasjonar. Desse kan delast i to grupper, men der nokre tekstar høyrer til i begge.

- Første gruppe er tekstar med lakuner i N eller som er mykje nedkorta samanlikna med teksten i dei ulike gammalfranske handskrifter; *Tidorel*, *Milun*, *Leikara liod*, *Janual*, *Ricar hinn gamli*, *Tveggia elskanda strengleikr* og *Grelent*.

7.8. Analyse på grunnlag av allitterasjonsfrekvens

- Den andre gruppa er tekstar med ukjende førelegg eller førelegg i *Lais anonymes; Tidorel, Gurun, Strandar strengleikr, Leikara lioð, Naboreis, Ricar hinn gamli, Tveggia elskanda strengleikr, Grellent*.
- Berre ein tekst, *Geitarlauf* fell utanfor i ei slik inndeling, og denne er, saman med *Milun* og *Janual*, dei tre av desse tekstane har førelegg i Marie de France sine *Lais*.

7.8.1 Avgrensing

For å meina noko om variasjonen i allitterasjonstettleik i kvar enkelt tekst må det takast omsyn til tekstlengd. Ei jamføring av allitterasjonsfrekvens i *Strengleikar* kan vera til nytte i ei inndeling av tekstane. Formålet med dette er todelt. For det første vil ein frekvensanalyse av dei omsette delane av tekstane åleine gje eit truverdig jamføringsgrunnlag med resten av samlinga. Dessutan vil ein frekvensanalyse av dei nyskrivne delane for seg sjølv gje ein indikasjon om det kan ha vore ein felles forfattar som har skrive desse to. Eg har valt å skilja ut den mest stabile og stereotype allittererande delen i desse forteljingane, skildringar av hovudpersonar, for å jamføra allitterasjonstettleiken i desse. Eg har dessutan valt å sjå på kva allittererande tillegg som er å finna i desse personskildringane jamført med dei gammalfranske tekstane.

Grunnlaget for jamføringa er ei oppteljing av allitterande uttrykk i kvar enkelt tekst. Denne er så nytta for å rekna ut allitterasjonsfrekvensen av total ordmengd i kvar tekst. Eg har i dette arbeidet ikkje teke omsyn til enklitiske ordformer eller til mogleg orddeling av samansette ord, men har nytta ordteljingsverktøy for tala på “total ordmengd i kvar forteljing”. Desse tala må reknast for omtrentlege tal. Feilmarginen er truleg nokolunde lik for kvar tekst.

Eg har vore langt strengare i kva eg har rekna som allitterasjonar i denne delen av analysen enn det eg var i granskingane av moglege strukturerande allitterasjonar. For granskinga av strukturerande allitterasjonar inkluderte eg både høgfrekvente ord (adjektiva *margr, mestr, mikill*) og ord som ikkje går inn under kategorien “tydingsberande” (mellom anna personlege og refleksive pronomen). For frekvensanalysen som følgjer har eg berre talt opp forsterkande allitterasjonar. Dette er allitterasjonar som fell inn under det tradisjonelle allitterasjonsomgrepet. Dette inkluderer allitterasjonar som er nytta i tautologiske eller antitetiske figurar, bundne saman med *ok, eða* eller *ne*, og dei allittererande sambanda av til dømes attributivt adjektiv-substantiv og adverb-verb. Vidare har eg inkludert kryssallitterasjonane som er rekna opp ovanfor (s. 324). To allittererande ord er talde som ein allitterasjon, og tre allittererande ord som to allitterasjonar. Det hadde vore mogleg å rekna på eit anna vis i dei fleirledda allitterasjonane. Kvart av dei allittererande orda i eit tre- eller fleirledda uttrykk heng lydleg saman med kvart

7. Tekstklang

einaste av dei andre. Ein kunne tenkja seg at det er kvart av desse sambanda som burde teljast. Det eg har tald som to allitterasjonar, til dømes *Síðan sem honum vox vit ok vasklæikr* (GuiS 45–46) ville med slike kriterium teljast som tre allitterasjonar: *vox–vit/vox–vasklæikr/vit–vasklæikr*. Fordelen med denne typen oppteljing ville ha vore ein markant høgare allitterasjonsfrekvens i dei forteljingane i *Strengleikar* med eit høgt tal slike fleirledda forsterkande allitterasjonar. Ei slik oppteljing ville ha vore tidkrevjande, og målet med jamføringa av allitterasjonsfrekvens i dei ulike forteljingane er å sjå om det er nokre av desse som stikk seg fram med ein uvanleg låg eller høg frekvens. Så lenge oppteljingsmåten er den same for alle tekstane, vil slike forhold koma fram.

7.8.2 Allitterasjonsfrekvens i kvar forteljing i *Strengleikar*

Som eg har vist i den semantiske analysen i kap. 7.6 ovanfor, er bruken av allitterasjonar knytt til enkelte delar av narrasjonen. Allitterasjonane finst ofte i innskot i dei gammalnorske tekstane. For at resultata frå ei utrekning av allitterasjonsfrekvens skal kunna nyttast som eit samanlikningsgrunnlag er det dermed naudsynt med nokre atterhald. Tekstane med lakunar i N bør dermed utelatast frå ei slik jamføring. Storparten av *Tidorel*, *Chetovel* og *Leikara lioð* manglar grunna manglande blad i handskriftet og kan ikkje nyttast. Trass lengda av det som er overlevert av *Janual*, bør òg denne forteljinga utelukkast. Dette mellom anna fordi mange av allitterasjonane i kvar enkelt tekst opptrer i den innleiande forteljarkommentaren om opphavet til forteljinga, og i presentasjonen av personane tidleg i narrasjonen. Likeeins er den siste forteljinga i N, *Ricar hinn gamli*, og dei arnamagnæanske fragmenta av *Tveggia elskanda strengleikr* og *Grelent*, for fragmentarisk overleverte til å gje resultat i ein slik statistikk, og data frå desse er utelukkande er inkludert som ein kuriositet i granskinga. Eg gjev frekvensen av allitterasjonar per 1000 ord.

Tabell 7.9: Frekvens av allitterasjonar per 1000 ord i kvar tekst i *Strengleikar*

| Tekst | Allitterasjonar | Ordmengd | Frekvens/1000 ord |
|----------------|-----------------|----------|-------------------|
| <i>Forræða</i> | 38 | 600 | 63 |
| <i>ForS I</i> | 21 | 266 | 79 |
| <i>ForS II</i> | 17 | 334 | 51 |
| <i>Guiamar</i> | 151 | 6374 | 24 |
| <i>Eskia</i> | 146 | 4176 | 35 |
| <i>Equitan</i> | 144 | 3162 | 46 |


7.8. Analyse på grunnlag av allitterasjonsfrekvens

Tabell 7.9: Frekvens av allitterasjonar per 1000 ord i kvar tekst i *Strengleikar*

| Tekst | Allitterasjonar | Ordmengd | Frekvens/1000 ord |
|-------------------------------------|-----------------|----------|-------------------|
| <i>EqS I</i> | 94 | 2613 | 36 |
| <i>EqS II</i> | 50 | 549 | 91 |
| <i>Bisclaret</i> | 51 | 2773 | 18 |
| <i>Laustik</i> | 21 | 800 | 26 |
| <i>Desire</i> | 126 | 5287 | 24 |
| <i>Tidorel</i> | 12 | 389 | 31 |
| <i>Chetovel</i> | 33 | 662 | 50 |
| <i>Doun</i> | 32 | 1343 | 24 |
| <i>Tveggia elskanda lioð</i> | 32 | 1481 | 22 |
| <i>Gurun</i> | 15 | 2128 | 7 |
| <i>Milun</i> | 39 | 1906 | 20 |
| <i>Geitarlauf</i> | 11 | 718 | 15 |
| <i>Strandar strengleikr</i> | 8 | 593 | 13 |
| <i>Leikara lioð</i> | 4 | 89 | 45 |
| <i>Janual</i> | 31 | 2657 | 12 |
| <i>Jonet</i> | 55 | 3359 | 16 |
| <i>Naboreis</i> | 12 | 386 | 31 |
| <i>Ricar hinn gamli</i> | 0 | 481 | 0 |
| <i>Tveggia elskanda strengleikr</i> | 26 | 1948 | 13 |
| <i>Grelent</i> | 7 | 715 | 10 |

Den store ulikskapen mellom allitterasjonsfrekvensen i *Strengleikar*-forteljningane vert synleggjort i stolpediagrammet i fig. 7.4:

7. Tekstklang



Figur 7.4. Frekvens av allitterasjonar/1000 ord for *Strengleikar*-tekstane

7.8. Analyse på grunnlag av allitterasjonsfrekvens

Som me ser av stolpediagrammet i fig. 7.4 ovanfor er det nokre av tekstane i N som merkjer seg ut med ein særleg tettleik av allitterasjonar. Dette gjeld *Forræða*, *Equitan*, *Chetovel*, *Leikara lioð* og *Naboreis*. For dei to første av tekstane er dette venta. Det allmenne inntrykket er at allitterasjonar særleg finst i tillegg og nyskrivne delar av strengleikane. Halvparten av *Forræða* har ikkje gammalfransk førelegg og ein rimeleg stor bolck av *Equitan* er òg rekna for å vera nyskriven. Den høge allitterasjonsfrekvensen i *Chetovel* er uventa, men noko av forklaringa ligg kan hende i at dette er ei kort forteljing. Forteljinga *Leikara lioð* vart teke med i jamføringa som ein kuriositet. Berre nokre få liner frå byrjinga av omsetjinga er kjende. Konsekvensen av dette er at det skal få allitterasjonar til for å gje ein høg frekvens. Den siste av forteljingane som merkjer seg ut i stolpediagrammet er *Naboreis*. Dette er den kortaste av dei heile forteljingane i *Strengleikar*. Lengda på denne forteljinga forklarar den høge allitterasjonsfrekvensen.

7.8.3 Allitterasjonsfrekvens i heile strengleikar

Som eg peikte på ovanfor er det sannsynleg at variasjonen i kva grad dei enkelte tekstane er overleverte i fullstendig form, og kva delar av dei enkelte tekstane som er overleverte, verkar inn på allitterasjonsfrekvens i kvar enkelt tekst. Eit stoplediagram over alle *Strengleikar*-forteljingane gjev ikkje eit rettferdig bilete av allitterasjonsbruken i kvar enkelt tekst. Dette vil koma betre fram i eit stolpediagram over fullstendige tekstar.


Den store variasjonen i lengd på forteljingane gjer at det er naturleg å forventa at strukturen i dei lengste forteljingane er meir komplisert, og at dei gjerne har eit større persongalleri, fleire dramatiske høgdepunkt og kommunikasjonssituasjonar enn dei kortare forteljingane. Det kunne tenkjast at dette var delar med ein relativt høg allitterasjonsfrekvens. Dette stemmer ikkje for *lais* og *Strengleikar*. Som sett i den semantiske analysen over er det av desse delane av narrasjonen særleg personskildringane og kjenslene som merkjer seg ut med bruk av allitterasjonar. Persongalleriet er lite og stereotyp i alle forteljingane, og storparten av personskildringane er knytte til hovudpersonen. Det er dermed mogleg å anta at allitterasjonsfrekvensen er noko lågare for dei lengste *Strengleikar*-tekstane *Guiamar*, *Eskia*, *Equitan*, *Bisclaret*, *Desire*, *Gurun*, *Milun*, *Janual*, *Jonet*, *Tveggia elskanda strengleikr*.¹ I denne gruppa har forteljingane *Janual* og *Tveggia elskanda strengleikr* så store lakuner at dei ikkje her vert inkludert. På den andre sida tyder dette at det sannsynlegvis er ein relativt høg allitterasjonstettleik i dei aller kortaste tekstane, *Laustik*, *Chetovel*, *Geitarlauf*, *Strandar strengleikr* og *Naboreis*.

1. Eg har sett grensa ved om lag 2000 ord. Dermed har eg inkludert *Milun* (1906 ord) og *Tveggia elskanda strengleikr* (1948 ord). For sistnemnde er mykje av det som vert talt som "ord" ved hjelp av dataverktøy enkeltbokstavar.

7. Tekstklang

Den påfallande ulikskapen i stil mellom det nyskrive føreordet og moraliseringa i *Equitan* på den eine sida og resten av forteljningane på den andre, gjer at eg har valt å handsama desse to nyskrivne teksbolkane separat. Eg har skild ut moraliseringa frå *Equitan* frå jamføringa av allitterasjonsfrekvens. Berre den delen av *Equitan* som har gammalfransk førelegg (EqS I) er teken med her.

7.8. Analyse på grunnlag av allitterasjonsfrekvens



Figur 7.5. Allitterasjonar/1000 ord i heile tekstar i *Strengleikar*

Som venta, og som fig. 7.5 viser, er allitterasjonstettleiken høg i den omsette delen av føreordet. Sett under eitt ser det ut til å vera ein generell tendens til ei negativ


7. Tekstklang

utvikling. Allitterasjonsfrekvensen er høgast i dei første forteljingane i *Strengleikar*, og deretter minkar allitterasjonstettleiken. Hypotesen om at allitterasjonsfrekvensen er lågare i dei lengste forteljingane, høgare i dei kortaste, gjev ei forklaring på dei relativt låge tala for forteljingane *Bisclaret* og *Jonet*, og dei relativt høge tala for *Laustik* og *Naboreis*. Dei to forteljingane som skil seg ut med ein uvanleg høg allitterasjonsfrekvens er *Eskia* og *Equitan*, dette gjer òg den lengste av *Strengleikar*-forteljingane, *Guiamar*. Dette kan gje ein indikasjon på at desse tre første forteljingane i N er knytte saman av ein tekstredaktør som har nytta allitterasjonar på tilnærma likt vis i dei tekstane han har arbeidd med.

7.8.4 Allitterasjonsfrekvens i *Forræða* og *Equitan*

Det er ikkje berre stilen, men òg sjangeren som er ein annan i *Forræða* og *Equitan* enn i resten av *Strengleikar*-tekstane. *Forræða* er eit tradisjonelt føreord der det vert gjeve informasjon om intensjonen bak og opphavet til omsetjinga, medan moraliseringa mot slutten av *Equitan* har ein homiletisk stil. Dette er dei einaste to partia i *Strengleikar* som står fullstendig utan førelegg i dei gammalfranske tekstane. Desse to nyskrivne bolkane vert rekna for å vera skrivne av ein gammalnorsk tekstredaktør, høgst sannsynleg omsetjaren. Teksten i desse delane vil spegla den stilen han tykte var høveleg for denne type tekstar. Begge desse partia er prega allitterasjonar. Allitterasjonstettleiken ser ut til å vera mykje høgare enn i dei omsette tekstane. Dette gjev ein indikasjon på kva type stil ein gammalnorsk tekstredaktør meinte høvde for denne type tekstar. Stilistisk sett har moraliseringa i siste del av *Equitan* (EqS II) og den nyskrivne første halvdelen av *Forræða* (ForS I) mykje felles, men det er lite overlapping av allittererande uttrykk. Ei nærlesing av dei nyskrivne tekstbolkane for å finna allitterasjonar som er nytta i begge, gjev lite resultat. Berre er ein einaste allitterasjon som er nytta i begge, tautologien *verandi ok viðrkomandi* er nytta ein gong i første del av *Forræða* (ForS I) og to gongar i moraliseringa i *Equitan* (EqS II). Uttrykket er òg nytta i *Strandar strengleikr* (StraS), men er ikkje rekna opp som nytta i materialet til Cederschiöld (1884).

7.8. Analyse på grunnlag av allitterasjonsfrekvens



Figur 7.6. Allitterasjonar/ 1000 ord i dei enkelte delane av *Forræða* og *Equitan*

7. Tekstklang


Som me ser av fig. 7.6 er allitterasjonsfrekvensen for dei nyskrivne delaneventa mykje høgare enn dei omsette delane, og ligg dessutan på tilnærma same nivå. Dette kan vera eit teikn på at dei er verket av same tekstredaktør, og dermed er det mogleg at samme mann har arbeidd med *Forræða* og *Equitan*.

7.8.5 Allitterasjonsfrekvens i personskildringar

Som vist i den semantiske analysen i fig. 7.6 er personskildringane i *Strengleikar* det mest stabile elementet som har vorte utvida ved hjelp av allitterasjonar. I jamføringa av personskildringane i *Strengleikar* og dei i Marie de France sine *Lais* og i *Lais anonymes* kom det òg fram at dei fleste personskildringane, og då dei som er utvida i dei gammalnorske tekstane, er skildringar av hovudpersonane. Det er særleg dei mannlege hovudpersonane som er skildra.

Tilnærminga mi til dette materialet er todelt. Eg har først sett på allitterasjonar/talet på hovudpersonar som er skildra ved bruk av allitterasjonar i dei gammalnorske forteljingane. Dette forholdet vil gje informasjon om korleis desse delane av narrasjonen har vore handsama og kan dermed byggja opp under ei profilering av ein eller fleire tekstredaktørar. Deretter har eg samanlikna allitterasjonane i desse personskildringane i dei gammalnorske tekstane med dei gammalfranske førelegga, talt innskotne allittererande ledd og så delt dette på talet av hovudpersonar i kvar enkelt tekst. Målet med dette er å illustrera ulikskapen i tilnærming til desse delane av narrasjonen. Det er sannsynleg at ein tekstredaktør kan ha lagt ned mykje arbeid i å utvida personskildringane ved hjelp av allittererande ledd, medan andre ikkje nytta denne teknikken. I denne jamføringa er det ikkje allitterasjonane som er talde, men talet på innskotne allittererande ledd. Til dømes i den innleiande skildringa av Bisclaret (BiS +2) vert det i eit innskot fortalt at han var *vaskr ok kurtæiss vapndiarfr ok oflugr*. I dette dømet er det ein allitterasjon *vaskr–vapndiarfr*, men dei same to adjektiva representerer samstundes to innskotne allittererande ledd.

7.8. Analyse på grunnlag av allitterasjonsfrekvens




Figur 7.7. Allitterasjonar i skildringar av hovudpersonar.
Allitterasjonar/tal på hovudpersonar.

7. Tekstklang

Tendensen i stolpediagrammet i fig. 7.7 er påfallande. Ser ein på forteljingane i kronologisk rekkjefølgje er utviklinga, med unntak av *Desire*, negativ. Det er tale om noko som heller bør karakteriserast som eit fall enn ein jamn nedgang. Dei tre første forteljingane i *Strengleikar* skil seg ut med ein allitterasjonsfrekvens i skildringar av hovudpersonar som er mangedobla av den i dei fleste andre tekstane. Dette er på tvers av dialektbruken i N, men desse tre første forteljingane er alle skrivne av Str. I.

Det kan då vera interessant å skilja ut dei allitterasjonane i personskildringar som ikkje har førelegg i gammalfransk tekst, men som er nyskrivne av ein gammalnorsk tekstredaktør. Dette gjer eg for å sjå på variasjonen i talet på allitterasjonar i desse innskota. Fordelinga og frekvensen av desse er vist i stoplediagrammet i fig. 7.8.

7.8. Analyse på grunnlag av allitterasjonsfrekvens



Figur 7.8. Innskotne allittererende ledd i skildringar av hovudpersonar. Allitterande ledd/tal på personar.

7. Tekstklang

Utviklinga i stoplediagrammet i fig. 7.8 er nok ein gong negativ, og igjen er det dei tre første forteljingane i *Strengleikar* som markerer seg med eit høgt tal innskotne allittererande ledd i skildringar av hovudpersonane. Det er her ein annan tekst, *Desire*, som òg stikk seg fram. Dette resultatet støttar opp under det som kom fram i granskinga av både allitterasjonsfrekvens i heile tekstar og allitterasjonsfrekvens i personschildringar. Heller ikkje her ser allitterasjonsbruken ut til å vera knytt til målformene i N, og kanskje heller ikkje til skrivarskiftet. Trass i at det er Str. I som har dei forteljingane slike allitterasjonar oftast er nytta, har han òg skrive to forteljingar med låg allitterasjonsfrekvens, *Laustik* og *Bisclaret*.

7.8.6 Oppsummering av granskinga av allitterasjonsfrekvens

Resultata av denne granskinga av allitterasjonsfrekvens i *Strengleikar* har i kvar del gjeve same slags indikasjonar. I jamføringa av allitterasjonsfrekvens i heile tekstar vart det vist eit mogleg samband mellom *Forræða* (ForS II), *Guiamar*, *Eskia*, *Equitan* (EqS I) og kan hende *Desire*. For *Forræða* og *Equitan* som heile tekstar er dette styrkt av samanlikninga av allitterasjonsbruken både i tekstane som heile og i todelinga av tekstane i nyskrive/omsett. Deretter gav granskinga av allitterasjonsfrekvens i skildringar av hovudpersonar same resultat som den av allitterasjonsfrekvens i heile tekstar og støtta dermed opp under sambandet mellom *Guiamar*, *Eskia*, *Equitan* (EqS I) og mogleg *Desire*. Tilslutt vart det sett på talet på innskotne allittererande ledd i skildringar av hovudpersonar, og då med same resultat. Denne granskinga av allitterasjonsfrekvens i *Strengleikar* har dermed gjeve same resultat sett frå fleire vinklar, og eg meiner at dette gjer det sannsynleg at *Forræða*, *Guiamar*, *Eskia*, *Equitan* og kan hende *Desire* er har eit felles opphav. Desse tekstane har førelegg både i Marie de France sine *Lais* og i *Lais anonymes*, i tillegg til at dei av Tveitane (1973) vert plasserte i ulike grupper ut frå språklege kriterier, *Forræða* og *Equitan* viser ytre vikværske språkdrag, medan *Guiamar* og *Eskia* viser vestnorske. *Desire* viser, ifølge Tveitane, eldre vestnorske språkdrag heile teksten gjennom trass skrivarskifte midt i handlinga i denne forteljinga. Fellestrekk for allitterasjonsfrekvens går på tvers av alle inndelingar av tekstmaterialet. Det einaste punktet som her kan modererast er eventuelt skrivarskiftet. Storparten av allitterasjonane opptre i byrjinga av kvar tekst, og dermed truleg i DesS I, den delen som er skriven Str. I, same skivar som har arbeidd med *Forræða*, *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan*. Dette fører til at eitt mogleg opphav for allitterasjonsbruken i denne gruppa forteljingar er skrivaren Str. I. Denne skrivaren har òg arbeidd med tekstane *Bisclaret* og *Laustik*, to korte forteljingar. Ingen av desse utmerker seg med ein særskild høg førekomst av allitterasjonar. Dersom det er Str. I som står bak allitterasjonsbruken i *Forræða*,

Guiamar, *Eskia Equitan* og første del av *Desire*, har han dermed ikkje vore gjennomført i arbeidet sitt.

7.9 Oppsummering

7.9.1 Allitterasjonar i *Strengleikar*

Det har vore ei vanleg oppfatning at den allittererande stilen i den gammalnorske høviske omsette prosalitteraturen er ein freistnad på erstatta det poetiske i dei gammalfranske versromanane. Denne oppfatninga stammar frå Cederschiöld (1884). Jamført med den heller knappe stilen i dei heimlege sogene har overfloda av synonym og allitterasjonar i den høviske litteraturen vore rekna for eit forfall og eit kjenneteikn på litteratur av låg kvalitet, der framande stilideal dominerer. Synet til Cederschiöld (1884) har stått nær utfordra i seinare granskingar av allitterasjonsbruken i norrøn høvisk prosa.

Utgangspunktet for dette kapitlet var tre hypotesar om funksjon og fordeling av allitterasjonar i *Strengleikar*. Den første hypotesen var i samsvar med den vanlege oppfatninga; allitterasjonar er eit reint mekanisk retorisk grep som høyrer til den høviske stilen. Den andre hypotesen var at variasjonen i allitterasjonsbruken reflekterer fleire tekstredaktørar som har arbeidd med førelegga på ulikt vis. Den tredje og den siste hypotesen var at allitterasjonar i nokre av strengleikane har vore nytta medvite på eit strukturelt nivå.

For å testa desse hypotesane har eg i dette kapitlet sett på allitterasjonsbruken i *Strengleikar* frå fleire vinklar. Til grunn for desse granskingane låg eit todelt allitterasjonsomgrep der eg har nytta omgrepa forsterkande og strukturerande allitterasjonar. Dei forsterkande allitterasjonane svarar til det tradisjonelle allitterasjonsomgrepet. Dei strukturerande allitterasjonane viser til ein allitterasjonsbruk som tener til å binda saman episodar på ulike stader i narrasjonen.

Jamføringa i kap. 7.4 viste at allitterasjonsnormen i den norrøne poesien og den i *Strengleikar* ikkje er identiske. Kravet om at konsonantsambanda *sk-*, *sp-* og *st-* berre allittererer med seg sjølve er ikkje gjennomført i *Strengleikar*, og kravet om at vokaliske allitterasjonar helst skal ha ulik initial vokal er berre delvis følgt. Innanfor dei gammalnorske tekstane er det dessutan stor variasjon både i talet på vokaliske allitterasjonar i kvar enkelt tekst, og fordelinga av allitterasjonar med lik og ulik initial vokal. Det som tydeleg kom fram, var at dei tre første forteljingane i samlinga, *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan* har liknande forhold mellom allitterasjonar på lik og ulik initial vokal, i tillegg til at vokaliske allitterasjonar er mykje hyppigare nytta i desse enn i resten av tekstkorpuset. Det einaste unntaket er *Desire* som òg har ei nokså stor mengd vokaliske allitterasjonar, om ikkje like mange som i

7. Tekstklang

Guiamar, *Eskia* og *Equitan*. Vidare er allitterasjonar med halvvokalane *j*- og *v*- få, og det er dermed vanskeleg å meina noko om korleis dei allittererer. Men det ser ut til at dei to halvvokalane i all hovudsak allittererer konsonantisk. Som det vart vist i kap. 7.4.3 er det ganske mange kryssallitterasjonar i *Strengleikar*. Storparten av kryssallitterasjonane er nye jamført med dei gammalfranske tekstane. Dette kan tyda på at denne varianten av allitterasjonar har vore nytta medvite i desse tekstane. Talet på kryssallitterasjonar varierer frå tekst til tekst, men som me såg i kap. 7.4.3 (s. 324) finst over halvparten av dei i dei tre første forteljingane i N, *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan*. Eg gav eit oversyn over fleirledda forsterkande allitterasjonar i *Strengleikar* og jamførte desse med dei gammalfranske førelegga i kap. 7.4.4. Som me såg der, tyder òg fordelinga av desse på at det er ein særskilt samanheng mellom dei tre første strengleikane. I desse er denne typen konstruksjonar oftast innskot i dei gammalnorske tekstane.

Jamføringa i kap. 7.5 (s. 333) mellom dei allittererande tautologiane i dei gammalfranske tekstane med dei tilsvarande tekststadene i *Strengleikar*, viste at det er for få slike tautologiar i dei gammalfranske tekstane til at det er sannsynleg at desse kan ha påverka stilen i omsetjinga. Samanlikninga viste variasjon både i talet på gammalfranske allittererande tautologiar i kvar *lais* og attgjevinga i *Strengleikar*. Den gammalfranske forteljinga som har flest slike tautologiar, er *Guigemar*. Det er òg i denne forteljinga dei oftast er attgjevne med allittererande samband i *Strengleikar*.

Med utgangspunkt i ei semantisk kategorisering av allitterasjonane i kvar av strengleikane (s. 427) vart allitterasjonsbruken innanfor ulike kategoriar analysert i kap. 7.6. Det er flest allitterasjonar i den narrative ramma, personskildringar, kjensler, kommunikasjons-situasjonar og dessutan kategorien tid, stad og gjenstandar i *Strengleikar*. Dei oftast nytta allittererande uttrykka innanfor kvar kategori vart i dette underkapitlet jamførte med dei gammalfranske førelegga, med opprekningar av allitterasjonar i andre høviske soger og med dei ulike inndelingane av det gammalnorske tekstmaterialet. Som me såg tyder resultatane av desse jamføringane på at det er eit samband mellom *Forræða*, *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan*, kan hende også *Desire*. Dette vert styrkt av leksikalske samanfall i allittererande uttrykk nytta i personskildringar og av omtalen av kjensler i desse forteljingane.

Granskinga i kap. 7.7 av bruken av strukturerande allitterasjonar i fem *Strengleikar*-forteljingar, gav ikkje dei resultatane eg hadde venta. Kalinke (1979) demonstrerte overtydande ein medviten bruk av strukturerande allitterasjonar i sin studie av *Ívens saga*. Eg kan ikkje sjå at allitterasjonar er nytta på dette viset i *Strengleikar*. Berre i ei av dei fem forteljingane som vart granska, *Eskia*, finst det spor etter mogleg bruk av strukturerande allitterasjonar. Dette må truleg reknast

som tilfeldig, fordi det ikkje fanst teikn på ein slik bruk av den retoriske figuren i dei fire andre forteljingane som vart granska; *Guiamar*, *Equitan*, *Milun* og *Jonet*.

Den siste delen av granskinga, kap. 7.8, var ei jamføring av allitterasjonsfrekvensar i *Strengleikar*. Allitterasjonstettleiken er høgast i personskildringar. Desse finn ein i alle forteljingane, og dei fører til ein høgare frekvens i dei korte forteljingane, ein noko lågare i dei lange. I første delen av denne granskinga tok eg for meg allitterasjonstettleik i strengleikane utan lakuner i N, og som me såg skil *Forræða*, *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan* seg ut med ein høgare allitterasjonstettleik enn resten av materialet.

Deretter skilde eg ut dei to *Strengleikar*-tekstane som har lange nyskrivne delar, *Forræða* og *Equitan*, og jamførte allitterasjonstettleiken både i kvar enkelt del og i tekstane sett under eitt. Teorien om ein mogleg felles tekstredaktør for desse to, og då særskilt dei nyskrivne bolkane, er styrkt av samsvaret i allitterasjonsfrekvens.

Til slutt samanlikna eg allitterasjonstettleiken i den mest stabile og stereotype delen av forteljingane; skildringar av hovudpersonar. Første del av dette kapitlet, var ei rein jamføring av talet på allitterasjonar per hovudperson i dei heile tekstane i *Strengleikar*. Som vist i fig. 7.7 er førekomsten av allitterasjonar i *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan*, kan hende *Desire*, markant høgare enn i resten av strengleikane. Den påfølgjande jamføringa i fig. 7.8 av talet på innskotne allittererande ledd per hovudperson for dei heile *Strengleikar*-tekstane, styrkte denne grupperinga.

Resultata frå granskinga mi tyder på at to av dei tre opphavlege hypotesane er korrekte, medan den tredje ikkje stemmer. Den semantiske analysen av *Strengleikar*-tekstane viste at visse delar av narrasjonen har vorte vurdert som meir høvelege for utviding ved hjelp av allitterasjonar enn andre. Dei delane som skil seg ut er (hovud)personskildringar og omtale av kjensler. Dermed tilfører allitterasjonane tekstane noko og fungerer som meir enn berre dekorative element. Variasjonen i allitterasjonsbruken i *Strengleikar* tyder på eit særskilt samnhøve mellom dei tre første forteljingane i N, *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan*. Allitterasjonsbruken i den nyskrivne delen av *Forræða* og den innskotne moraliseringa i *Equitan* kan tyda på at desse to tekstbolkane er knytte til kvarandre.

7.9.2 Dialektskifte og skrivarhender

Variasjonen i allitterasjonsbruken i *Strengleikar* vart i dette kapitlet knytt til dialektskifta og skrivarhendene i N for å sjå om han kunne vera til hjelp i ei profilering av tekstredaktørar.

7. Tekstklang

Det er ingen allittererande samanstillingar eller noko samsvar i nivået på allitterasjonsfrekvens som peiker i retning av at fordelinga og bruken av allitterasjonar er knytt til dei tekstredaktørane som viser seg gjennom dialektvariasjonen i N.

Derimot er det nokre trekk med allitterasjonane som kan knyta dei til skrivaren Str. I. Han har skriva første delen av N. I denne delen er det flest vokaliske allitterasjonar med lik og ulik initial vokal og det er flest kryssallitterasjonar. Fleirledda forsterkande allitterasjonar er oftast nytta i hos Str. Vidare er bruken av allitterasjonar i skildringar av hovudpersonar høgare hos Str. I enn hos Str. II. Men dette er ikkje jamt hos Str. I, han har òg to forteljingar med låg allitterasjonsfrekvens. Dette er dei same to forteljingane som kjem svært lågt ut i ei jamføring av talet på innskotne allittererande ledd i skildringar av hovudpersonar i *Strengleikar*.

Samla meiner eg at det ser ut som om Str. I har halde seg nær førelegget sitt i avskrift, medan Str. II har hatt ein klar tendens til nedkorting. Dei ulike typene allitterasjonsbruk i *Strengleikar* går på tvers av dialektar og skrivarskifte og kan stamma frå ein felles tekstredaktør på eit tidlegare steg i framvoksteren til tekstane.

I dei tre første forteljingane i N er det så mange trekk i allitterasjonsbruken som skil dei både frå resten av *lais* og resten av strengleikane, at det kan vera rett å omtala desse som ei eiga gruppe. Denne gruppa inneheld *Guimmar*, *Eskia* og *Equitan*, i tillegg til *Forræða*. Dette er den gruppa eg tidlegare har omtala som *Guigemar*-gruppa (jf. s. 303). På den gammalfranske sida er det desse forteljingane, og særleg *Guigemar*, som oftast har allittererande tautologiar. Det er også i omsetjinga av denne forteljinga gammalfranske allitterasjonar oftast er attgjevne med gammalnorske allitterasjonar (jf. 7.5, s. 333). Forteljingane i *Guigemar*-gruppa har dessutan liknande forhold når det gjeld allitterasjonar på lik og ulik initial vokal. Førekomstane av vokaliske allitterasjonar i denne gruppa er markant høgare enn i resten av korpuset. Storparten av kryssallitterasjonane i *Strengleikar* finst òg i desse tre forteljingane.

Jamføringane av dei hyppigast nytta allittererande uttrykka i den semantiske analysen styrkjer ei slik *Guigemar*-gruppe ut frå dei leksikalske samanfalla i allitterasjonane som er nytta. Granskinga av allitterasjonsfrekvensen i kvar av strengleikane støtta opp under ei *Guigemar*-gruppe. I denne jamføringa inkluderte eg òg *Forræða*.

Allitterasjonsfrekvensen i *Forræða* er også høg, og på nivå med dei tre andre tekstane i *Guigemar*-gruppa. Utrekninga av allitterasjonsfrekvensen i dei to nyskrivne tekstbolkane i *Strengleikar*, dvs, første del av *Forræða* og moraliseringa i *Equitan*, tyder på eit samband mellom desse to passasjane. Trass i at dei har ulikt innhald og funksjon, er det òg eit leksikalsk samanfall i desse to bolkane. Alt i alt

7.9. Oppsummering

er det så mange felles trekk i allitterasjonsbruken i *Forræða*, *Guigamar*, *Eskia* og *Equitan* at det er grunnlag for å rekne dei som ei eiga gruppe.

7. Tekstklang

Kapittel 8 Samanfatning

I byrjinga av denne avhandlinga stilte eg tre spørsmål: Kva skjer i møtet mellom gammalfranske høviske versnoveller og ein gammalnorsk omsetjar? Kva kan ein lesa om framvoksteren til mellomaldertekstar ut frå dei versjonane som er overleverte? I kva grad viser tekstredaktørar seg gjennom ordval og stilistiske særdrag?

Denne granskinga av tilhøvet mellom *lais* og *Strengleikar* har vore gjort for å auka kunnskapen om kva som skjer i omsetjing av gammalfranske høviske versnoveller til gammalnorsk prosa. Til grunn for jamføringane i avhandlinga ligg tidlegare vurderingar av at det er eit nært samhøve mellom dei gammalfranske *lais* og dei gammalnorske strengleikane. Eit slikt samhøve er stadfesta av den synoptiske utgåva i band 2 av denne avhandlinga. Det er denne synoptiske tekstoppstillinga som ligg til grunn for detaljgranskingane i den tredelte analysen i kap. 5–7. Det eg skal gjera her i samanfatninga er å samla trådane på tvers av analysen i kap. 5–7. Eg tek då utgangspunkt i dei to hypotesane om tekstgenese og tekstredaktørar som eg la fram i innleiinga av avhandlinga og dessutan framlegget om at omsetjinga av *Strengleikar* ikkje treng å ha vore gjort i Noreg, men kan ha vore utført i England.

8.1 Tekstgenese og profilering av tekstredaktørar

Dei to hypotesane eg presenterte i innleiinga til denne avhandlinga var:

- Det er mogleg å plassera mange endringar, avvik og tekstforskyvingar i tekstgenesen gjennom jamføringar av ulike versjonar av same tekst.
- Tekstredaktørane trer fram i teksten på ulikt vis. Nokre viser seg gjennom stilistiske særdrag eller gjennom bruk av særeigne ord og uttrykk. Andre er vanskelegare å spora då dei er synlege i det som manglar i ein tekst jamført med andre versjonar av teksten.

Desse hypotesane grip inn i kvarandre. Dei ulike stega i framvoksteren til tekstane er knytte til ulike tekstredaktørar, og dermed vil dei stilistiske særdraga og eventuelle særeigne ord og uttrykk høyra heima hos ein spesifikk tekstredaktør ein stad i tekstgenesen. I denne avhandlinga meiner eg å ha vist at desse to hypotesane stemmer for *Strengleikar* og *lais*. Det er mogleg å plassera tekstforskyvingar i tekstgenesen. Fleire tekstredaktørar viser seg i *Strengleikar* og

8. Samanfating

kan hende òg i *lais* gjennom sine stilistiske preferansar. Det har vore minst fem tekstredaktørar som har arbeidd med *Strengleikar* frå omsetjinga og fram til tekstane i handskriftet De la Gardie 4–7 (N). Den første av desse var omsetjaren, og det første eksemplaret av *Strengleikar* har truleg vore ei samling med same innhald som N. Dersom det har vore ei forteljing på dei tapte blada i det sjuande legget i N, har omsetjinga og avskriftene mellom ho og N innehalde eit forord og 22, ikkje 21, forteljingar. Forteljingane har seinare vore gjennom to nye tekstredaktørar, ein skrivar med vestnorske språkdrag og ein annan med vikværske. Det er noko variasjon innanfor kvar av språkformene som kan vera teikn på at denne gruppa av skrivarar har vore større (Tveitane, 1973). Skrivaren med vestnorske språkdrag har gjort storparten av arbeidet. Vekslinga av dialektane på tvers av rekkjefølgja av forteljingane tyder heller på at skrivarane har avløyst kvarandre i arbeidet, enn at førelegget dei skreiv av var i form av fleire hefte, slik det tidlegare har vore foreslått. Den avskrifta der dialektvariasjonen oppstod, kan ha vore den første avskrifta av omsetjinga, men ho kan òg plassera seg på eit seinare steg i overleveringa av *Strengleikar*. Sjølv om det ikkje er mogleg å plassera dette tapte handskriftet i forhold til den første omsetjinga, er det sannsynleg at ho har vore det direkte førelegget for N. Det er er rimeleg å tru at teikna på dialektvariasjon vil reduserast i kvar ny avskrift av ein tekst. I N er dialektvariasjonen mellom forteljingane synleg og går på tvers av dei to siste tekstredaktørane, skrivarane Str. I og Str. II. Kvar av desse to skrivarane har sine paleografiske særdrag, noko eg fekk stadfesta under ei gransking av N under eit studieopphald ved Carolinabiblioteket i Uppsala i august 2008. Her var min konklusjon at det har vore to skrivarar av N, og at skiftet går i forteljinga *Desire* (bl. 29v–30r).

Plassering av endringar, avvik og tekstforskyvingar var særleg emnet for granskinga i kapitlet om tekstvandring (s. 95), men òg i nokon grad i dei to andre analysekapitla. I kapitlet om tekstvandring var det heile framvoksteren av *Strengleikar* i N som var emnet, og dermed ikkje dei enkelte tekstredaktørane bak N. Dermed venta eg ikkje i dette kapitlet å finna spor etter dei enkelte tekstredaktørane. Dét gjorde eg likevel i granskinga av ei tekstforskyving der eit omgrep var erstatta av eit nærliggjande eitt. Den medvitne vekslinga mellom *kveld* og *nått* i omsetjingane av det gammalfranske *nuit* peiker seg ut. Gjennom heile *Strengleikar*, på tvers av både dialektar og skrivaraskifte, er det gammalfranske substantivet *nuit* alltid omsett til *kveld* i omtale av ankomst til ein stad på slutten av dagen. Dersom *nuit* viser til hendingar som skjer om natta, varar heile natta, eller er nytta i faste uttrykk, er det omsett til *nått* (jf. omtale under Gui 77, s. 112). Denne vekslinga kan vanskeleg stamma frå andre enn omsetjaren av *Strengleikar*. Dette er også eitt av fleire drag som tyder på at *Strengleikar* er omsett av éin, ikkje fleire omsetjarar.

8.1. Tekstgenese og profilering av tekstredaktørar

Tekstvandringa og framvoksteren til *Strengleikar* tek til med alle versjonane av dei gammalfranske førelegga, går deretter til dei gammalnorske forteljingane i N og sluttar med *Gvímars saga*, den einaste forteljinga som er kjend frå ei yngre avskrift, Lbs 840, 4° (K). Det særskilde med forteljingane i *Strengleikar* er nettopp at dei er omsette, og dét gjev eit fast haldepunkt i framvoksteren til tekstane. Det er framfor alt tekstrørslene på mikronivå som kan plasserast i tekstgenesen. Nokre tekstforskyvingar kan berre ha skjedd på gammalfransk side, andre berre i omsetjinga og andre må ha oppstått under avskrivninga av dei gammalnorske tekstane. Den delen av dette kapitlet som tok føre seg det kupletteksterne makronivået i tekstane, viste at det berre i få tilfelle var mogleg å finna forklaring på avvik mellom dei gammalfranske og gammalnorske forteljingane på dette nivået. Jamført med dei gammalfranske primær- og sekundærhandskriftene er forteljingane i N nedkorta i varierende grad. Dette ser ikkje ut til å vera knytt til dialektane, men heller til dei synlegaste tekstredaktørane i N, skrivarane Str. I og Str. II. Berre ei av forteljingane som er mykje nedkorta, *Laustik*, er skriven av Str. I. Det er sannsynleg at skrivaren Str. II har stått for ein del av nedkortinga av forteljingane i den siste delen i N. Det kanskje viktigaste resultatet frå dei semantiske kategoriseringane av dei delane av dei gammalfranske tekstane som ikkje er attgjevne i den gammalnorske omsetjinga og det som ser ut til å vera tillegg i den same omsetjinga, er at også gammalnorske tekstredaktørar ser ut til å handsama forteljingane relativt fritt. Eg har argumentert for at dette er i samsvar med opplæringa i tekstarbeid i mellomalderen.

I kapitlet om “Ord og uttrykk” (s. 221), såg eg på omsetjing av sentralt vokabular frå gammalfransk til gammalnorsk. Her har eg lagt til grunn at når enkelte ord blir omsett på same viset gjennom *Strengleikar*, må det stamma frå omsetjaren, fordi ein seinare skrivar ikkje hadde tilgang på dei gammalfranske kjeldetekstane. Den gammalnorske attgjevinga og overleveringa av det gammalfranske kjernevokabularet ser ut til å ha vore påfallande stabilt. Denne kjernen i tekstane kan vanskeleg stamma frå andre enn den gammalnorske omsetjaren. Rundt det stabile kjernevokabularet ligg gammalfranske omgrep som har gjeve større leksikalsk variasjon i omsetjinga. Denne variasjonen speglar truleg ein gammalnorske tekstredaktør med ei forståing for at det semantiske innhaldet i dei gammalfranske orda ikkje er overlappende med dei gammalnorske. Denne tekstredaktøren kan ha vore omsetjaren, men òg ein seinare skrivar som har reagert på ein uvanleg bruk av enkelte ord og uttrykk, og justert slike formuleringar under avskrifta. I fleire av forteljingane, og då særskilt i *Equitan*, ser det ut som om ein gammalnorsk tekstredaktør har vurdert innhaldet i forteljingane og tilpassa personnemningar og titlar i pakt med den moralske utviklinga til personane undervegs. Det mest slåande dømet er at kongen i *Equitan* er *herra* eller *hofðingi*, men aldri *konungr* i omsetjinga. Dette er i samsvar med dei to nyskrivne bolkane

8. Samanfatning

på slutten av denne forteljinga: moraliseringa og det nyskrivne latinske verset. Begge desse tekststykkja vert tradisjonelt knytte til omsetjaren og ikkje ein seinare avskrivar. Dersom dét er tilfelle, er det sannsynlegvis omsetjaren si medvitne handsaming av desse tekstane som kjem til syne i justeringane. Samstundes er det nokre døme på logiske brot i strengleikane som peiker i retning av ein omsetjar som har hatt hastverk eller ikkje lese gjennom teksten før han tok til med arbeidet med han. Dette gjeld særleg forvekslingar i pronomer og kjønn.

Den synonyme bruken av *strengleikar* og *ljóð* i dei narrative rammene ser ut til å vera knytt til skrivarhendene Str. I og Str. II. Hos Str. I er desse substantiva nytta synonymt i kvar forteljing som ei omsetjing av det gammalfranske substantivet *lais*, til dømes i byrjinga av *Bisclaret* (v. 1). Der er *QUANT des lais faire m'entremet*, omsett til *NV með þui at ec viðrlæita. at gæra ok sægia yðr lioða ok strænglæiks sagur*. Skrivaren Str. II gjer dette berre ein gong. Denne førekomsten er i den første narrative ramma han kopierer. Det er dermed mogleg at den synonyme bruken stammar frå ein tidlegare tekstredaktør, og Str. I kopierer dette, medan Str. II kortar ned.

Kartlegginga av avleiingssuffiks, partisipp og dei tempohevande uttrykka knyter nokre av desse til dialektskifta i N. Det tydelegaste resultatet i desse kartleggingane er at den eller dei tekstredaktørane som har nytta vestnorsk målform trer fram med ein hang til å nytta ord med avleiingssuffiksa *-leikr*, *-ligr* og *-liga*. Vidare er det ikkje meir enn fire ulike substantiv med avleiingssuffikset *-semð* som er nytta i *Strengleikar*. Men to av desse er berre nytta i dei forteljingane som har vestnorske språkdrag, medan dei andre to berre finst i forteljingane med vikkværske språkdrag. Det tempohevande uttrykket *i því* er knytt til forteljingane med vestnorske språkdrag, og det ser òg ut til at dette er knytt til skrivaren Str. II. Fordelinga av det tempohevande adverbet *þegar* har vore rekna for ein individuell stilmarkør for nokre av dei omsette høviske verka (Hallberg, 1971 og Schach, 1975). Den jamne fordelinga av *þegar* i N kan lesast som eit teikn på ein felles tekstredaktør på eit tidleg steg i tekstgenesen. Dette kan vera omsetjaren.

I kapitlet om tekstklang (s. 307) granska eg allitterasjonsbruken i N frå fleire ulike vinklar. Den gruppa av forteljingar som eg har omtala som *Guigemar*-gruppa skilde seg ut med ein særeigen bruk av allitterasjonar. Forteljingane i denne gruppa er skrivne av Str. I, men dei viser ulike språkdrag. Gruppa og allitterasjonsbruken kan dermed kanskje knytast til omsetjaren av *Strengleikar* og fortel noko om sjølve omsetjingssituasjonen for *Strengleikar*. Dét kan gje informasjon om dei gammalfranske kjeldetekstane til omsetjaren. Dette kjem eg attende til i kap. 8.2 nedanfor. Det er slåande at allitterasjonar oftast er nytta i dei forteljingane som er avskrivne av Str. I. Dersom den særeigne allitterasjonsbruken i *Strengleikar* stammar frå omsetjaren, og ikkje nokon av dei seinare tekstredaktørane, tyder dette på ei nedkorting hos skrivaren Str. II.

Skrivarane Str. I og Str. II er klart dei mest handfaste og, bokstavleg talt, synlegaste tekstredaktørane i N. I ei samla vurdering av arbeidet deira, meiner eg at det er grunn til å hevda at Str. I har lagt seg nær førelegget han arbeidde med. Derimot har Str. II korta ned forteljingane han skreiv av. Sjølve dialektvariasjonen i N har ikkje vore granska i denne avhandlinga og eg har teke utgangspunkt i funna til Tveitane (1973). Granskingane har ikkje gjeve grunnlag for ei ny oppdeling, men heller stadfesta Tveitane si inndeling. I freistnadene på å knyta særskilde ord og uttrykk til gammalnorske tekstredaktørar, er det særleg fordelinga av nokre av orda med utvalde avleiingssuffiks og uttrykket *i því*, som trer fram som kjenneteikn for den eller dei tekstredaktørane som har vestnorske språkdrag. Det som er tydeleg, er at alle dei synlege tekstredaktørane i N har attgjeve ein stabil kjerne som må reknast for å stamma frå den gammalnorske omsetjaren på grunn av samsvaret med dei gammalfranske forteljingane. Samstundes ser det ut til at desse tekstredaktørane har lagt til, korta ned og endra forteljingane under avskrivninga av *Strengleikar*. Dei gjer seg dermed i nokon grad synlege i forteljingane på andre vis enn gjennom skrift- og dialektvariasjon.

I kapitlet “Ord og uttrykk” (s. 221) jamførte eg dessutan frekvensen av utvalde avleiingssuffiks, presens partisipp-former og dei tempohevande uttrykka i dei fire gammalnorske tekstane som er lemmatiserte i Medieval Nordic Text Archive (Menota). Resultata av denne jamføringa viser mellom anna at bruken av presens partisipp ser ut til å vera særigen for den omsette litteraturen. Nokre av dei tempohevande uttrykka, til dømes *því næst* og *þegar*, er klart oftast nytta i omsetjingane frå gammalfransk. Ei slik jamføring er i seg sjølv verdifull fordi det gjev handfast, talfesta informasjon om variasjonen mellom desse tekstane. Slike konkordansstudiar kan gje mykje kunnskap om dei ulike norrøne stilartane, men det er ønskeleg med fleire lemmatiserte tekstar frå ulike sjangrar, regionar og periodar.

8.2 Fanst det ei Guigemar-gruppe?

Gammalfranske kjeldetekstar og den staden der omsetjinga av *Strengleikar* kan ha vore gjord

Eg har fleire stader i denne avhandlinga opna for at omsetjinga av *Strengleikar* ikkje har skjedd i Noreg, men like gjerne kan ha vore gjort av ein gammalnorsk omsetjar som har vore send til England. Ein slik omsetjingssituasjon gjev ei forklaring på fleire av dei problematiske momenta kring framvoksteren av *Strengleikar*. Her skal eg utvikla dette synspunktet i større detalj.

I første omgang ser eg vekk frå sjølve tekstane, og ser dermed berre på dei ytre omstenda for omsetjinga. Omtalen av Håkon Håkonsson i dei omsette tekstane

8. Samanfatning

fortel oss at kongen sjølv tinga omsetjingar. I forordet til *Strengleikar* vert det fortalt at *<E>N bok þessor er hinn virðulege hacon konongr let norræna or volska male ma hæita lioða bok*. Dét er samstundes alt som vert gjeve av direkte informasjon om omsetjingssituasjonen i desse verka. Kongen gav truleg ordre om kva for type verk han ønskte omsett, men det er ikkje sannsynleg at han hadde god nok kjennskap til den gammalfranske samtidslitteraturen til at han tinga omsetjingar av namngjevne verk.

Det er ikkje overlevert mellomalderhandskrifter med gammalfransk tekst frå Noreg, og slike handskrifter er heller ikkje kjende gjennom omtale i eldre kjelder. Handskrifter var kostbare. Eit handskrift som var meint som kjeldetekst for ei omsetjing, har ein svært avgrensa nytteverdi. Etter sjølve omsetjinga ville det ha vore få i Noreg som hadde språkkunnskapar nok til å ha glede av slike handskrifter. Alternativet ville då ha vore at handskriftene anten ikkje vart nytta – ein dårleg bruk av investeringa – eller at dei vart selde ut av landet, mest sannsynleg til England, men òg kan hende til Frankrike.

Holtmark (1959) meinte at handskriftene som ligg til grunn for gammalnorske høviske omsetjingar, ikkje treng å ha vore henta i utlandet, men at dei vart frakta inn og ut av landet som såkalla sjonglørhandskrifter. Omsetjing som eit samarbeid mellom ein gammalnorsk omsetjar og ein gammalfransk gjøglar meinte Holtmark ville forklara korleis språkvanskane vart løyste. Nemninga sjonglørhandskrifter har vore nytta om kompilasjonar som kan ha innehalde repertoaret til omreisande gjøglarar. Nyare granskingar kring fleire av handskriftene som har blitt omtala som sjonglørhandskrifter, til dømes dei gammalfranske kompilasjonane BnF fr. 837 og BnF fr. 1553, tyder på at desse handskriftene heller har vore boksamlingar for adelen (Collet, 2007). Det er heller ikkje kjent at fransktalande gjøglarar har vore i Noreg. Holtmarks forklaring er dermed ikkje så overtydande.

Seinare har Cook og Tveitane (1979) foreslått at arbeidet har vore utført av ei gruppe omsetjarar, der kvar av desse har arbeidd med ei eller så mykje som tre eller fire forteljingar. Ein slik omsetjingssituasjon er problematisk, og forslaget deira har også nokre uklare punkt. Med 22 tekstar i *Strengleikar* må det ha funnest ei gruppe på minst 5 skrivekunnige som kunne gammalfransk på same stad i Noreg rundt midten av 1200-talet. Dette går på tvers av Holtmark si meining om at det var lite sannsynleg at éin mann i Noreg hadde gode nok språkkunnskapar til å utføra eit slike arbeid. Ho såg det som “nesten utenkelig at han skulle gjøre det uten leksikon og andre hjelpemidler” (1959, 163), men meinte at problemet ville ha vore løyst dersom omsetjinga var eit samarbeid mellom ein nordmann og nokon med fransk som morsmål. Cook og Tveitane seier ikkje noko om kva for førelegg desse omsetjarane kan ha hatt. Dette gjev to moglegheit. Kvar av omsetjarane har arbeidd med kvart sitt hefte. Då må nokon ha funne og gått til innkjøp av 5–7 mindre handskrifter med *lais*. Dette held eg for å vera usannsynleg. Dersom det var

så mange handskrifter i Noreg på midten av 1200-talet, aukar sjansane for at eitt av desse skulle finnast i Noreg eller at det i det minste er omtala i kjelder. Det er dei ikkje. Den andre moglegheita er at denne omsetjargruppa delte arbeidet med eit samlehandskrift av *lais* mellom seg. Det stabile kjernevokabularet i *Strengleikar* er eit indisium på at omsetjinga er arbeidet til ein, og ikkje fleire omsetjarar. Samstundes ser eg det som usannsynleg at det har funnest ei så stor gruppe menn på same stad og til same tid med gode nok kunnskapar i gammalfransk.

Cook og Tveitane avviser ikkje Holtsmarks framlegg om sjonglørhandskrifter, og meiner at dette er like sannsynleg som noko anna. Dersom ein både ser vekk frå at sjonglørhandskriftene kan hende er ein moderne konstruksjon, og at det ikkje er dokumentert at gammalfranske sjonglørar nokon gong var i Noreg, men kombinerer hefte-teorien til Cook og Tveitane med Holtsmark sin sjonglørhandskrift-teori, ville desse gammalfranske sjonglørane på reise i Noreg hatt med seg 5–7 mindre handskrifter med *lais*. Dei måtte dessutan ha teke med seg desse handskrifterne til Håkon Håkonsson som må ha bede om å få dei omsette. Dersom omreisande gjøglarar hadde repertoaret sitt nedskrive i handskrifter, må då anten 5–7 grupper av sjonglørar med hefte som inneheld *lais* kome til Noreg, eller ei sjonglørgruppe med 5–7 slike hefte. Berre verdien av handskrifter i seg sjølv gjer det usannsynleg at ei sjonglørgruppe skulle hatt eitt, og langt mindre mange slike. Dersom Cook og Tveitane har rett i at kjeldetekstane til *Strengleikar* var i form av fleire hefte, er det meir sannsynleg at desse hefta fanst i England, kan hende i tilknytning til eit kloster, ein lærestad eller ein stad der det var bokproduksjon enn at dei vart innkjøpte til Noreg.

Fråværet av gammalfranske handskrifter i Noreg og det språkproblemet som Holtsmark peiker på, vert løyst dersom ein tenkjer seg at omsetjinga har vore utført i England. Dersom den gammalnorske omsetjaren oppheldt seg ved ein engelsk lærestad eller i eit kloster, ville han for det første ha tilgang på fleire, kan hende mange gammalfranske handskrifter. Det ville ikkje ha vore naudsynt å kjøpa handskrifter, og han kunne arbeida med dei, truleg i eit skriptorium på staden. Om han opplevde at språkkunnskapane hans ikkje strakk til, ville han ha vore del av eit miljø der han kunne bli forklart både ord og tema som han opplevde som framandarta.

Den kunnskapen me har om handskrifter med *lais* i England, peiker ut tre stader. Dei første er dei to stadene som vert rekna for å vera knytte til nedskrivinga og samlinga av tekstane i det anglo-normanniske handskriftet Harley 978 (H). Dette er Reading Abbey og Oxford. Dernest er det den såkalla Shrewsbury-lista (Shrewsbury School Ms. VII, bl. 200). På 1300-talet var dette handskriftet i Chester, Cheshire, ved grensa til Wales. Det var då anten eigd av det benediktinske klosteret St. Werburg eller av dominikanarane i same by (Brereton, 1950, 40). Vidare er ei Marie som forfatta *lais* ved det engelske hoffet på slutten av 1100-talet

8. Samanfatning

omtala hos Denis Piramus i eit verk datert til ein gong mellom 1170 og 1200 (sjå omtale og sitat s. 44). Dei gammalfranske *lais* har dermed vore kjende i England utanfor Reading, Oxford og hoffet.

No ser det ut til at omsetjinga av *Strengleikar* i N er nært knytt til handskriftet H. Dette handskriftet fanst i Reading Abbey og truleg i Oxford mellom 1250 og 1265. På denne tida var Oxford alt etablert som lærestad, der det òg var utanlandske studentar. Det er kjent at Anders Sunesøn, erkebiskop av Lund 1201–1224, var der på 1180-talet. Studentane kopierte bøker til eige bruk og det voks fram ein profesjonell bokproduksjon. Bøker kom til Oxford, vart kopierte og forsvann derifrå med menn på gjennomreise (Parkes, 1987–1988).

Dersom den gammalnorske omsetjaren hadde tilgang til ei eller fleire boksamlingar, kan dette forklara at N korkje har same innhald eller rekkjefølgje av forteljingane som nokon av dei gammalfranske handskriftene, H medrekna. Det er ikkje utenkjeleg at omsetjaren har nytta fleire gammalfranske handskrifter med ulikt innhald i arbeidet. Dersom dét er tilfelle, styrkjer det framlegget om at omsetjinga har vore gjord i England. Det er ikkje usannsynleg at ein gammalnorsk utsending på jakt etter høvisk litteratur skaffa seg eit handskrift med gammalfranske *lais*. Det er mindre sannsynleg at han skaffa seg to eller fleire slike handskrifter.

Ein gammalnorsk omsetjar med eit omsetjingsoppdrag frå kongen reiste truleg over Nordsjøen med eit handelsskip. Svært mange av desse skipa gjekk til hamnebyen Lynn, no King's Lynn, i Norfolk for å henta korn (Carus-Wilson, 1964, 185). Kvar omsetjaren har teke vegen etter dette er uvisst, men bandet mellom handskriftene N og H opnar for å tenkje seg at han kan ha reist til Reading Abbey i Berkshire eller til Oxford.

Det er ikkje mogleg å namngje denne gammalnorske omsetjaren. Utfrå kunnskapen me har om *Strengleikar*, er det ei rekkje krav ein slik omsetjar må møta. Han må ha hatt god nok utdanning til å kunna lesa og skriva. Han må ha meistra gammalnorsk, gammalfransk og sannsynlegvis latin. Han må ha vore knytt til Håkon Håkonsson og kan hende til Lyse kloster. Han må ha reist til England ein gong mellom 1220 og 1260.

Bandet mellom handskriftet H og Reading Abbey og Oxford i perioden 1250–1265 gjer at det er mogleg at førelegga til dette handskriftet kan ha vore i området før denne perioden. Ein gammalnorsk lærd eller geistleg som oppheldt seg i Oxford i løpet av andre tredel av 1200-talet høver dermed med det biletet ein har av omsetjaren av *Strengleikar*. Dessverre har oppteikningane over studentar i Oxford på 1200-talet gått tapt. Namna på eventuelle nordmenn som oppheldt seg der er like eins tapte (Goodwin, 1988, 7).

8.2. Fanst det ei Guigemar-gruppe?

Den kjelda som er tilgjengeleg for jamføring, er det gammalnorske diplomaterialet. Lista over reisande, særleg lærde og geistlege frå Noreg i England i perioden 1220–1260 er rett lang, men det finst lite informasjon om kvar dei reiste vidare i England. Her finst òg personar som både er knytte til Lyse kloster og til Håkon Håkonsson.¹ Det finst dessutan fleire sendebod til England som sjølve er utlendingar. Det er ikkje språklege teikn i *Strengleikar* som tyder på at omsetjaren ikkje hadde norsk som morsmål, og eg har dermed sett vekk frå desse.

- Cisterciensermunken Rikard er sendebod i 1218–19, kan hende i Yarnouth. Han er i London saman med erkediakonen Nikolas i 1221. (DN 19, nr. 118, 119, 120, 121, 132 og 133).
- Nikolas, erkediakon på Hjaltland er utsending med munken Rikard i 1221, er i 1223 på riksmøte i Noreg og paveleg kollektor i 1226 (DN 1, nr. 9).
- Ivar Bodde med følgje er sendemenn for Håkon Håkonsson i London i 1222 (DN 19, nr. 137).
- Andreas, erkediakon i Bergen, var sendebod i England 1223–1224 (DN 19, nr. 153, 155, 156 og 165).
- Asgaut, sendebod for Håkon Håkonsson til England i 1223 og 1225 (DN 19, nr. 148 og 172).
- Galfrid Munk, abbed Sigvald, abbeden av Hovedøya og Gaut prest er i Bedford i 1224 (DN 19, nr. 159).
- Vilhelm, munk ved Lyse kloster var i Lynn i 1225 (DN 19, nr. 176).
- Peter av Husastad reiste via England i 1225 då han vart vald til erkebiskop av Nidaros (DN 19, nr. 177 og 178).
- Åskjell Jonsson var som erkediakon i Bergen i England i 1225. Han vart i 1226 erkebiskop i Stavanger (DN 19, nr. 172 og 175).
- Kanniken Benedikt og klerken Radulf er sendebod for Håkon Håkonsson til England i 1228. Dei kjøper dessutan korn, truleg i Grimsby (DN 19, nr. 191).
- Andreas, prior i Lyse, var i England, truleg i Westminster, som sendebod i 1229 (DN 19, nr. 195 og 197).
- Ernisius, kjellarmeister frå Lyse kloster, og kanniken Nikolaus er i King's Lynn i 1233 (DN 19, nr. 211).
- Lendmannen Ivar Nef er i England, kan hende i London eller Grimsby, i 1235 (DN 19, nr. 215).
- To skip tilhøyrande Sigurd, erkebiskopen av Nidaros, har fritt leide i engelske hamner i 1236–1237 (DN 19, nr. 222).
- Jon eller Johannes munk, kan hende frå Hovedøya i Oslo, er i Lynn i 1237 (DN 19, nr. 230 og 231).

1. Eg er Bjørn Bandlien stor takk skuldig for hjelp med denne lista.

8. Samanfatning

- Torlak er sendebod frå Håkon Håkonsson til England i 1250 (DN 19, nr. 249).

Nokre kandidatar på denne lista er meir sannsynlege enn andre. Det er vanleg å rekna *Tristrams saga ok Ísöndar* som den første høviske saga som vart omsett frå gammalfransk. I eit av handskriftene som inneheld denne saga, vert det fortalt at omsetjinga var gjord i 1226. Dette gjev ein terminus post quem for omsetjinga av *Strengleikar*. Bandet mellom *Strengleikar* og Lyse kloster gjer at dei reisande frå dette klosteret, altså prioren Andreas, kjellarmeisteren Ernisius og kanniken Nikolaus, peiker seg ut som dei mest sannsynlege kandidatane på lista ovanfor. Ser ein vekk frå det moglege bandet til Lyse kloster, viser lista at det er rett mange menn på reise i den aktuelle perioden som hadde dei eigenskapane og sambanda som ein må rekna med at den gammalnorske omsetjaren av *Strengleikar* har hatt. Det namnet som elles er knytt til gammalnorske omsetjingar frå gammalfransk er den broder Robert som er nemnd i *Tristrams saga ok Ísöndar* og som kan vera den same mannen som abbed Robert i *Elis saga*. Nokon Robert er ikkje kjend frå andre kjelder, og er heller ikkje med på lista ovanfor. Han må reknast for å vera ein like sannsynleg kandidat til å vera omsetjaren av *Strengleikar* som nokon av dei som er nemnde ovanfor. Eit nærmare svar på denne spørsmålet krev ei jamføring mellom alle dei gammalfranske og gammalnorske verka. Det ligger utanfor ramma av denne avhandlinga.

At den gammalnorske omsetjaren av *Strengleikar* har vore kjend med den anglo-normanniske uttalen, kjem fram i forteljinga *Eskia*. Den siste lina av den gammalnorske forteljinga gjev det gammalfranske namnet på forteljinga: *lai de fræðni*. Stavemåten *fræðni* har vore vurdert som ei korrumpert form av personnamnet *Fresne*, men speglar truleg den anglo-normanniske uttalen av dette namnet (jf. Esk 517, s. 130). Ein reknar med at konsonantsambandet [sn] i anglo-normannisk vart uttalt [dn], og *Fresne* ville då ha vore uttalt [fredne]. Det er eit sannsynleg grunnlag for den gammalnorske forma *fræðni*. Elles i *Strengleikar* berre i attgjevinga av eigennamna at det kan vera spor av den opphavlege gammalfranske skrivemåten av desse. Det er ikkje mange slike namn, men bruken av *u* i attgjevinga av *ou*, *u* og *eu* i nokre av dei, tyder òg på at førelegget til omsetjaren har vore anglo-normannisk og ikkje fastlands-fransk. Denne distinksjonen mellom insulær og kontinental fransk er til dømes å finna i eigennamnet *Milun*. I handskriftene H og N er dette skriva *Milun*, medan namnet til riddaren er *Milon* i det handskriftet S (Togeby, 1972, 333). S er i frankisk dialekt, dvs. at skrivaren har vore knytt til området Île-de-France. Dette kan lesast som teikn på at den gammalnorske omsetjaren har arbeidd med anglo-normanniske førelegg og at han har kjent til anglo-normannisk uttale.

I analysen av tekstane er det ei gruppe som skil seg ut frå dei andre og dét både på gammalfransk og gammalnorsk side. Det er dei fire første tekstane i

Strengleikar: *Forræða*, *Guiamar*, *Eskia* og *Equitan*. Disse har eg tidlegare omtala som *Guigemar*-gruppa, namngjeven etter den første forteljinga i ho. Resten av forteljingane i *Strengleikar* kjem eg i det som følgjer til å omtala som *Bisclavret*-gruppa. Også her har eg namngjeve gruppa etter den første forteljinga i ho.

Rekkjefølgja av tekstane i *Guigemar*-gruppa i N er på eitt unntak nær den same som i det anglo-normanniske handskriftet H. Unntaket er at H har den omvende rekkjefølgja av *Equitan* og forteljinga *Fresne*, den gammalfranske versjonen av *Eskia*. Tekstane i *Guigemar*-gruppa har òg andre fellestrekk. På gammalfransk side er dette særleg låna av dei personifiserte dygdene frå *Eneas*. Også i bruken av allittererande tautologiar, då særskilt i *Guigemar*, skil desse gammalfranske forteljingane seg ut frå resten av *lais*.

På gammalnorsk side merkjer dei fire tekstane i *Guigemar*-gruppa seg ut gjennom ei rekkje fellestrekk. Komposisjonsmessig kan ein tenkja seg at den nyskrivne delen av forordet og den innskotne moraliseringa mot slutten av *Equitan* ramar inn teksten og fungerer som ein ny prolog og ei form for epilog for denne tekstgruppa. Innhaldet i moraliseringa kan rett nok ikkje reknast som ein typisk epilog, til det er han for nært knytt til denne eine forteljinga og ikkje til tekstgruppa som heile. Men alt i alt trer dei fire tekstane fram som ei eiga eining i *Strengleikar*.

I kap. 6, “Ord og uttrykk” (s. 221) er det berre bruken av substantiv med avleiingssuffikset *-skapr* som skil ut ei *Guigemar*-gruppe. Derimot er det ei rekkje drag i granskinga av tekstklangen i kap. 7 som støttar opp om ei slik gruppering. Eg vel å lista dei opp, utan å gå i detalj på kvart av draga (her viser eg lesarane til kap. 7):

- Vokalisk allitterasjon.
- Fordelinga av lik og ulik initial vokal ved vokalisk allitterasjon.
- Kryssallitterasjonar.
- Fleirledda allitterasjonar.
- Attgjeving av gammalfranske allittererande tautologiar.
- Særskilte allittererande samanstillingar.
- Allitterasjonsfrekvens i heile forteljingar.
- Allitterasjonar i skildringar av hovudpersonar.
- Talet på innskotne allittererande ledd i skildringar av hovudpersonar.

Alle desse trekka gjer at det er gode grunnar til å hevda at *Guigemar*-gruppa skil seg frå resten av strengleikane. Eksistensen av *Guigemar*-gruppa er vidare eit indisium på at *Strengleikar* har vore omsette i minst to bolkar, og då kan hende frå minst to gammalfranske handskrifter. Det kan hende at ein gammalnorsk omsetjar først har kome over eit handskrift som inneheld *Guigemar*-gruppa, omsett desse forteljingane til gammalnorsk, og avslutta arbeidet med eit eigenkomponert

8. Samanfating


latinsk vers på slutten av *Equitan*. Deretter kan han ha vorte merksam på eitt eller fleire handskrifter – kan hende eit enkelt samlehandskrift – som har innehalde resten av dei gammalfranske førelegga til *Strengleikar* og omsett desse i neste runde. Det er det som eg har kalla *Bisclavret*-gruppa. Dersom det har lege minst to gammalfranske handskrifter til grunn for den gammalnorske omsetjinga, styrkjer det teorien om at omsetjinga har skjedd i England.

Eg heldt det derfor som sannsynleg at strengleikane har vortne omsette i England, høgst sannsynleg i bolkar. Den gammalnorske omsetjaren frakta deretter omsetjinga si attende til Noreg, og då truleg til kongen i Bergen. På eit seinare tidspunkt i Noreg har strengleikane blitt skrivne av. Bandet mellom *Strengleikar* og Håkon Håkonsson gjer at både Bergen og Lyse kloster er sannsynlege alternativ for den første avskrifta. I fig. 8.1 har eg prøvd å visa korleis tekstvandringa kan ha vore, like frå omsetjaren kom til England.

Ei av avskriftene i framvoksteren til *Strengleikar* i N har blitt gjort av ei gruppe skrivarar med ulike dialektbakgrunnar som har farga forteljingane. I storparten av forteljingane finst det vestnorske språkdrag, medan det i ei mindre gruppe er vikværske språkdrag. Det har vore opna for at desse to gruppene kan delast opp ytterlegare (Tveitane, 1973). Språkdraga er spor av ei gruppe av to eller fleire skrivarar, og ei slik gruppe må ha vore knytt til ein større stad. Det er teikn i strengleikane på at desse skrivarane har handsama tekstane slik ein vart trent til i utdanninga i mellomalderen. Dermed har delar av forteljingane vore vurderte som høvelege for nedkorting, medan andre har vore sett som høvelege for utviding. Enkelte ordtypar ser dessutan ut til å vera knytte til den eller dei skrivarane som har hatt ein vestnorsk bakgrunn. Det er ikkje noko som gjer det mogleg å avgjera talet på steg mellom den opphavlege omsetjinga og N, men det har vore minst eitt steg, truleg fleire. Dialektvariasjonen mellom strengleikane høyrer altså til på dette steget.

Ei avskrift mellom den første omsetjinga og N har vore førelegget til den islandske *Gvímars saga* i K. Det er ikkje grunnlag for å gje noko vurdering av korleis *Gvímars saga* plasserer seg i forhold til dialektvariasjonen i N. Den islandske forteljinga kan dermed anten stamma frå omsetjinga, ei avskrift av denne eller frå den avskrifta der dialektvariasjonen i N oppstod, altså steget før N i tekstgenesen. Det er denne uvissa om rekkjefølgje eg i fig. 8.1 nedanfor har markert med pilar og spørsmålsteikn.

8.2. Fanst det ei Guigemar-gruppe?



Figur 8.1. Mogleg framvokster av *Strengleikar* i N og *Gvímars saga* i K


Handschriftet H er datert til om lag 1250 og det er rekna med at forteljingane i *Strengleikar* vart omsette ein gong mellom 1226 og 1250. Det er dermed ikkje heilt usannsynleg at det er det same gammalfranske handskriftet (og då med innhaldet *Prologue*, *Guigemar*, *Equitan* og *Fresne*) som både vart omsett til gammalnorsk og skrive av i H. Dersom referansane til dei personifiserte dygdene frå *Eneas* i desse forteljingane er eit skrivartillegg, så må desse ha blitt lagde til i

8. Samanfatning

forteljingane før dei vart omsette til gammalnorsk. Desse kuplettane finst òg i dei kontinentale handskriftene som inneheld forteljingane frå *Guigemar*-gruppa. Av dette følgjer det at dei personfiserte dygdene må ha vore lagde til i forteljingane både før dei vart omsette til gammalnorsk og før dei vart frakta til Frankrike.

Både Keyser og Unger (1850) og Meissner (1902) hadde tru på ei kort tekstvandring mellom den gammalfranske kjeldeteksten og dei gammalnorske strengleikane (jf. ill. 5.1 s. 97). Forskinga om *Strengleikar* etter 1975, og då tenkjer eg særleg på Tveitane sine granskingar om språkform og førelegg i *Strengleikar* (1973), dei vurderingane som kjem fram i føreordet til Cook og Tveitane si *Strengleikar*-utgåve (1979), og seinare Kalinke sine granskingar av *Gvímars saga* (1979 og 1980), har vist at *Strengleikar* i N er eit meir komplekst og heterogent materiale enn ein før har trudd. Samhøvet mellom den gammalfranske *Guigemar*, den gammalnorske *Guíamar* og den islandske *Gvímars saga* viser at den gammalnorske tekstvandringa frå den første omsetjinga av gammalfranske *lais* og til N har innehalde ukjende mellomledd. I denne bolken av tekstvandringa har det lege minst eitt, kan hende fleire, ukjende gammalnorske handskrifter. Granskingane i denne avhandlinga tyder dessutan på at det er eit særskilt samhøve mellom den gruppa av forteljingar som eg har gjeve namnet *Guigemar*-gruppa. Dette samhøvet kan forklarast med at omsetjinga av *Strengleikar* har skjedd i fleire bolkar, og der *Guigemar*-gruppa har vore ein eigen bolk, kan hende i eit eige gammalfransk handskrift.

Ei maksimal tekstvandring som inkluderer desse vurderingane, er vist i fig. 8.2 nedanfor. Her har eg sett opp *Guigemar*- og *Bisclavret*-gruppa som to separate kjelder. Handskriftene H, S og P inneheld tekstar frå begge gruppene, som er formidla gjennom mellomleddet α . Handskriftene T, Q og C har berre tekstar frå *Bisclavret*-gruppa, formidla gjennom mellomleddet β . Det har vore gjort freistnader på å etablere stemma for dei gammalfranske handskriftene, men det er inga semje om korleis desse står i forhold til kvarandre (for eit oversyn sjå Rychner 1983, xx–xxi og Tobin 1976, passim.). Eg har heller ikkje grunnlag for å meina noko om dette. I fig. 8.2 har eg derfor brukt ein trekant som peikar nedover for å visa at forholdet mellom desse handskriftene er stemmatisk uavklart. Ettersom den gammalnorske omsetjinga og jamvel handskriftet N er eldre enn alle dei gammalnorske handskriftene, gjev ikkje denne modellen eit stemmatisk korrekt bilete av forholdet mellom handskriftene, men snarare eit forenkla og stilisert bilete av tekstvandringa. Eit fullstendig stemma ville krevja ein uttømmende resensjon av alle dei gammalfranske handskriftene, men det ligg utanfor rammene av denne avhandlinga. Det er store skilnader i resultata frå dei ulike granskingane, og det ser ut til at dei gammalfranske handskriftene grupperer seg på ulikt vis for kvar *lai*. Dette sannsynleggjer eksistensen av fleire gammalfranske *lai*-samlingar med varierende innhald, òg dermed også eksistensen av ei *Guigemar*-gruppe.



Figur 8.2. Maksimal tekstvandring for *Strengleikar* med minst to gammalfranske førelegg

Den maksimale tekstvandringa i fig. 8.2 er ein justert versjon av tekstvandringa i fig. 5.2 (s. 98). I figuren ovanfor vert det opna for at det ikkje er eitt, men minst to handskrifter som ligg til grunn for dei gammalnorske strengleikane. *Guigemar*-gruppa kan ha funnest i eit eige gammalfransk handskrift. Forteljingane i *Bisclavret*-gruppa treng ikkje å ha vore samla i eit eige handskrift. Men det er ikkje noko i resultatata i denne avhandlinga som gjev grunn til å dela *Bisclavret*-gruppa opp i mindre einingar.

8. Samanfating

Etter mitt syn står tilhøvet både mellom *Strengleikar* og *lais*, og mellom strengleikane innbyrdes, i ei særstilling i den gammalnorske omsetjingslitteraturen. Dette er både på grunn av handskriftssituasjonen og på grunn av tekstnærleiken mellom dei gammalfranske primærhandskriftene og det gammalnorske handskriftet (De la Gardie 4–7). Strengleikane og dei gammalfranske førelegga deira omfattar ei rekkje variasjonar over same tema, og dei eignar seg dermed godt for jamføringar mellom gammalfranske førelegg og gammalnorske omsetjingar, men òg for jamføringar mellom dei ulike forteljingane innanfor kvart språk. I denne avhandlinga har eg valt å analysere tre drag i tekstane – det som eg har kalla “Tekstvandring” (s. 95), “Ord og uttrykk” (s. 221) og “Tekstklang” (s. 307) – men det finst utan tvil fleire drag, både av lingvistisk og stilistisk art, som kunne ha vore undersøkte.

Kompleksiteten og mangfaldet i den gammalnorske omsetjingslitteraturen, både i forhold til kjeldetekstar, overlevering og handskriftssituasjon, gjer at det ikkje finst éin metode, éi tilnærming, som høver for denne gruppa. Verka bør granskast både individuelt og i forhold til moglege kjeldetekstar. Dessutan bør både forholda mellom dei omsetta verka og mellom dei omsette verka og annan litteratur, granskast.

Appendiks: Semantisk kategorisering av allitterasjonane i kvar tekst

Sjangeren i *Forræða* er ein annan enn i resten av tekstane. Allitterasjonane i denne er det ikkje mogleg å handsama på same vis som dei ein finn i forteljingane. Dermed er dei rekna opp i kronologisk rekkjefølgje for *Forræða*.

Forræða

ForS I

- *vaskir i vapnom*
- *hæverskir i hirðsiðum*
- *frægiazto. ok fyrir þui at i fyrnskunni*
- *marger undarleger lutir ok ohæyrðir atburðir*
- *verande ok viðrkomande*
- *margfróðer menn (...) margfræðes*
- *ævenlægrar aminningar*
- *bæta ok birte*
- *liðenna luta*
- *kunnasto ok koste*
- *ollu afle freme ok fullgere með ollum fongum at bua ok bæta sialvan sec til rikis guðs með/ somasamlegum siðum*
- *athævom ok hælgom*
- *daðer ok drængskaper*
- *frægðost ok vinsældost i fyrnskonne*

ForS II

- >4: *likaðe þæim at lia*
- >9: *hygginna ok hæverskra*
- 15: *lysa með liosom*
- 16: *skyringar horfðe ok retrrar skilnengar*
- <23: *margfróðasto menn mælande*
- 24: *ihuga ok iðna*
- 44: *vizku ok valld*
- 45–46: *gævo ok gnot margfallegs hins frægiazta goðlæiks*
- 50: *herra minn hinn hæverske konongr*
- 53– : *hugnar sua hygnum hofðingia ok hans hirðar kurtæisom klærkom. ok hævæskom hirðmonnon*

Guamar

Narrativ ramme

886→886: *hinum fægrstum notum er a brætlande funnusc en yðr se fræðe ok friðr ok fagnaðr*

Personskildringar

- Faren
- +29: *villd ok goðvilia*
- +33: *hinn vaskaste riddare i vapnom*

Appendiks

- Guiamar

+43–44: *var vitr ok vaskr þokkaðezt ok vinsælldezt*

Dette heng saman med:

45–46: *Síðan sem honum vox vit ok vasklæikr*

47–48: *rikulega ollum riddara hærlæðom*

>50: *vinsælld ok vinatto*

+51: *at ræyna ræyssti ok riddaraskap sinn*

+282: *blæikan ok bloðlausan*

421–423: *blæikan ok bloðlausan*

453: *þu ert hinn friðasti maðr hon er hin frægiasta fru*

+593: *hinn vaskaste maðr ok hinn vapndiarfaste*

+750: *villdasta vin*

- Frua

212→212: *hyggin ok hæversk ok hinn mætasta i allom kurtæisra kuenna kuenskum hin friðasta ok fægrsta*

+263: *friða fru*

333: *friða fru*

+ 337: *friða fru*

+381: *friða fru*

+397: *hin friða fru hugga harm hans*

+415: *augna ok anndliz*

+428: *fagra fru*

453: *þu ert hinn friðasti maðr hon er hin frægiasta fru*

>518: *friða fru*

+655: *friðu fru*

+703: *friða fru*

+707: *fagra fund*

+715: *friðv fru*

+760: *friða fru*

- Ektemannen

+209: *herra ok hofðingi*

213: *ohofsamlega abrugðir.*

>222: *uræddr ok uruggr*

+341: *oflugr ok ætgoðr*

Denne heng saman med:

342–343: *a alldr siginn angraðr ok aburðigr*

- Presten

>257: *blæikr ok bloðlaus. kalldr ok kolnaðr or ollum likams losta*

260: *byrllaðe at borðe*

348 *bol ok bál brænni*

- Tenestejenta

+275: *urugga ok uredda*

- Andre kvinner
59–60: *frið ne agæt. ne frið mæ*

Kommunikasjonssituasjonar

- +286: *kærðe miok ok kúiddi*
- +360: *sætóm ok sæmelegóm*
- +429: *klæddezc ok kærðe*
- >507: *bað ok bæiddezc*

Kjensler

- 105: *hætte harmer*
- +116: *hugsotta ok harma*
- +286: *kærðe miok ok kúiddi*
- +384: *andvarpar hann af ollu hiarta með kynlega angre ok undarlegre úro*
- +392: *uhöfsamlegóm hætte ok hug ok ollu hiarta*
- +394: *fuller angrs ok astar uroar*
- +397: *hin friða fru hugga harm hans*
- +412: *angre ok uró ok optsamlegóm anduorpum*
- 421–423: *harmr hans nokot huggazt ok lass hans letazc. en nu gærer hann blæikan ok blöðlausan*
- +480: *hun hafðe hugfast at hann myndi hata hana. ok hafna hænni*
- <502–+502: *þinn hugr ok minn ok hiarta er harms ok angrs fullt*
- +552: *harms full ok hugsottar*
- 554: *friðr ne fagnaðr*
- +648: *ne fiar ne færgðar*
- 662: *harm ok hugsott*
- 663–>664: *angr ok uro sorg ok sæfnlæysi. ok allzkonar mæin ok mæinlæte at engi gætr ritat ne rannsakað sua netr sem daga var likamr hænnar ok lif i harm ok hugsott*
- +666: *valkom ok væsalldóm*
- >666: *huggan. ne hiolp sinna harma*
- +670: *læiðar ok langar*
- 760: *æinkannlega ast*
- +782: *hugr minn ok hiarta*
- 833: *villd ok vinatto*
- 835: *fagnað minn fundinn*
- Denne heng saman med:
- >836: *i frælse ok i friði saman bua ok með fagnaðe framlæiðis liva*
- 848–849: *ængðr með ufriði ne uvinum*
- >855: *fullan fiandskap*
- +856: *harmsfullr ok hugsuokr*
- +881: *fogrum sigri ok miklum fagnaðe*

Tid, stad og gjenstandar

- 90: *kollo æina ok kalf hennar*
- 94: *bændi boga*
- 110: *grosom ne grasa rotom*
- 146: *gatu grasvaxna*
- 156: *ne nægling naglanna*
- 182: *æfra abázl*
- 181: *Sabelina Skinna*

Appendiks

231: *hit fægrsta ok friðasta*
267–268: *skipet siglande*
+278: *fritt ok fagrt*
+365: *hægja húilo*
+378: *gnogom mat ok goðom dryck*
>382: *fostrlande sinu fæðr ok frændom ok forstbræðrum*
+566: *næma með knifi skæri eða með soxum klippi*
738: *bliat bonden*
>794: *fallda folldenn*

Helse

+365: *bætezt ok batnar*
421–423: *harmr hans nokot huggazt ok lass hans letazc. en nu gærer hann blæikan ok bloðlausan*

Episodar

+28: *i úro ok i ufriði*
398: *buenn bana*
+517: *ok mætazt ok myklazt*
>600: *læika þa ok læmia at þæim være hægra hæima*
+739–740: *viðr læitaðe at læysa ok gat allzækki at gort*
+756: *herbyrgði hann ok herlið hans*

Eskia

Narrativ ramme

>1: *annan atburð annarrar*

Personskildringar

- Ektemennene
+4: *goðer grannar*
+19: *riki riddare*
+60: *mioc ryggr af þesso ropi*

- Tvillingbrørne
>11: *tviburur tvau*

- Mor til Eskia
28: *illmalog ok ovunds<iuk>*

- Kona til naboen
>48: *fræg ok lofsæl at ollum goðum lutom ok kurtæisri kucensko*

- Omgjevnadene
53: *villdasto vinir*

- Klokkaren
177: *garðzliðs gæzlo maðr*

- Abbedissa

101: *fostre frunnar*

+224: *fostro ok frændkono*

437–440: *Fru min (...) frændkona min er fostraði mic fru abbadis er pellit fecc mer (...) til fostrs lego fylgia mer...*

- Eskia

>236: *fogr ok frið (...) sua sæmeleg at goðom siðom. sua hyggen i vælskipaðom orðom. ok ælskulegom athæfom ok atgærðom ok allzkonar kurtæisom kuenna meðfærðom.*

240: *goðom kænningom margfallegrar kunnasto*

>242: *frægia i goðom frasogum seenna athæfa hænnar. hygginna orða ok sæmelegra meðfærða. hinnar kurtæisazto kuensko*

+248: *fogru frægð*

254: *hæversk ok hyggin*

>294: *fullkomen. at vexti ok vizzo*

>302: *Nu hævi ec siðan varðvæitt ok virðt ok sæmt þec ok siðat lært þæc goðom kenningom hæverskri ok kurtæsri kuensku. ok fostrat þec ok framm drægit sem æigna frændkono mina. ok fostr dottor jafnan við villd ok virðeng.*

337–340: *skifta æskionni i hæslu at ask berr all dri all din ne huggan*

379–>380: *jamnan gloð ok bliðlát þionaði með goðom vilia ok buenni þionosto frunni moðor bruðarennar. sua kurtæislega ok myklo goðlyndi ok litillæte.*

>381: *ok margfallækik goðgærðar ok goðra meðfærða*

>384: *sæmelæikr hænnar ok siðer*

- Elskaren

+243: *reð um þa daga sua ríkr herra ok raustr riddare*

>243: *sua goðr ok gævo fullr. frægr ok vinsæll. ok at ollum drængskap sua lofsæll*

+325: *hafu hann fyrir hofðingia ok herra*

>482: *allom sæmelegom siðom lærð ok lofsæl*

- Far til Eskia

>332: *ríkr herra ok goðr hofðingi*

+334: *æig<n>azt ok auðgast morgum ok rikum æignum*

>507: *hann var honom hinn kærasti ok hinn kurtæisazti herra*

- Ektemannen til Hæslu

+514: *auðgom ok agætom*

Kommunikasjon

+118: *raðe ok rædo*

+316: *ræðom ok raða / gærðom*

+327: *raðom ok ræðom*

>327: *ræðor ok rað*

449: *allum ahæyrande ok læyndi allzækki*

+462: *satt ok samþykk*

Kjensler

+61: *hataðe ok hafnaðe*

+65: *svivirði hana saklausa*

Appendiks

- +72: *harmaðe hormulega sialfa sec*
74: *sæmd ne soma*
>74: *virðing ne vinsælld frægð ne lofsælo*
+76: *hafnaðr ok hæddr ok hataðr*
89–90: *mannum mego menn mismæla er mæira...*
+91: *sialfa mec fyrir skomm ok svivirðing*
94: *hatre ok hafnan*
+102: *villd ok virðing*
103–106: *Sem hon læit fru sina hormulega grata þa mislikaðe henne mioc harmr hænnar ok gæcc hon þa til hænnar ok huggaði hana*
Denne heng saman med:
+108: *hætt þæssom hormulegom latom*
>256: *þui at hann hafði alldregi fyrr set þa aðra er honom sua vel hugnaðezt. ne sua hugastlega likaði*
>312: *goðvilia (...) gnogom goðlæk*
345: *harmr ok hormung*
+353: *Litillæti ok goðlyndi*
379–>380: *jamnan glöð ok bliðlát þionaði með goðom vilia ok buenni þionosto frunni moðor brúðarennar. sua kurtæislega ok myklo goðlyndi ok litillæte.*
Goð i 380/ 379 og deretter:
>381: *ok margfallæk goðgærðar ok goðra meðfærða*
>402: *svivirðing boanda sins. ef hann svæfi undir sliku pelli. Sua sviuirðilego. abræizle.*
425: *þui at hænni syndizc of sviuirðelegt..*
+451: *harm ok hormung (...) hugðizc hava tynt*
>462: *til angrs ok uroar*

Tid, stad og gjenstandar

- 101: *fostre frunnar*
+130: *hinum hagasta hætte*
144–145: *þa hæyrði hon miok fiarre a hægre hond hunda gauð ok hana galdr*
+170: *skugga um sumrum. fyrir solarbruna*
182: *lysti lampa*
>249: *atræiðar þar sem riddarar at riðaz (...) ræyna riddaraskap sinn*
+373: *væitt væl ok ...*
+511: *i fylkit ok fostr land sitt*

Episodar

- +12–13: *miok fagnade þæssom atburð burðar hænnar. Nu af þæssom fagra atburð ok þæim fagnaðe er riddarenn fecc (...)*
34–36: *skom sina ok svivirðeng at kona hans hævir fæðtt tva sunu af huæim þau ero bæði suivirð*
+92–93: *myrða aðra mæyna (...) mandrap*
>98: *þuiat mandrap er hinn hæste hofuð glæpr. hætr fyrir monnum en haske fyrir guði.*
337–340: *skifta æskionni i hæslu at ask berr all dri all din ne huggan*
>360: *ok boðmonnum at fylgia ser til brullaups sins ok biuggu þæir ser rikan bunað vapna (...)*
>382: *i þæirri hinni myklo samkund varo samnaðer*
Denne heng saman med:
>384: *sæmelækir hænnar ok siðer*
437–440: *Fru min (...) frendkona min er fostraði mic fru abbadis er pellit fecc mer (...) til fostrs lego fylgia mer...*

Vern/skade/helse

114: *hæila ok halldna*

+174: *varnaði. ok varðvæizlo*

+192: *berande barnet*

>288: *varðvæita ok virða*

>302: *Nu hævi ec síðan varðvæitt ok virðt ok sæmt þec ok síðat lært þæc goðom kenningom hæverskri ok kurtæsri kuensku. ok fostrat þec ok framm drægit sem æigna frændkono mina. ok fostr dottor jafnan við villd ok virðeng.*

+322: *skomm ok skaðe*

Ikkje kategorisert

>374: *goðri goðgát*

459: *miskunnar af misverkum*

+465: *saker minar ok syndir*

Equitan**Narrativ ramme**

>1: *Dyrleger menn ok daða fuller hygner menn ok hæverskir*

>3: *at riki ok at ræysti. at vizko ok at vallde*

>9: *mioc margir*

>10: *læitom lioða bok*

+307–309: *skynia ok skynsemd hævir rett at skilia. afþessarre sogu. man hann sannfræðazc at sa er oðrum gerer svik*

Personskildringar

• Equitan

+11–12: *herra hæverskr ok kurtæis hofðingi ...*

13–15: *vaskaste i vapnom (...) vinsæll ok frægr i sinu fostr landi let lika ser*

+38: *Herra ekuitan er hofðingi ok herra var þæss lanndz ok rikis hæyrð<i> lof frægðar hænnar ok frægðar*

>122: *ne sua mattogra manna*

133–134: *hinn rikaste hofðingi ok minn herra hæfir (...)*

+170: *herra ne hofðingia*

+177. *Sa hinn riki herra ok hofðingi het henni*

• Lendmannen

21–22. *ræðes mann æinn er var raust riddare vel mannaðr ok tryggr maðr*

+107: *Ræðes maðr hans ok rikis stiori varð ryggr ok harms fullr*

300: *hinn hæill ok væl halldenn*

• Frua

+31–34: *fru (...)frið (...) frægð (...) frægðar*

>37: *annlit ok alit*

+37: *Herra ekuitan er hofðingi ok herra var þæss lanndz ok rikis hæyrð<i> lof frægðar hænnar ok frægðar*

+46: *friða fru*

>51: *ma hann nu syna hænni allan hu//ga sinn ok vilia ok fann hann hana hyggna ok hæverska (...) hirðsiðum (...) er honum hofðu fyrr hugnat*

Appendiks

79: *frið fru*

+117: *friða fru*

155–156: *hyggin ok hæversk*

- Menn generelt

+138: *felauss maðr ok friðr*

>139: *at daðom ok drængskap*

+141: *mattofum manne*

+144: *kyns ok mattar. en hans kynkuisl eða valldi fellr*

154: *auðgast ok æignast*

Kommunikasjon

+176: *biðill þinn. þic biðiande*

201–203: *raðgiofum (...) urað. ok ræddo (...) ræðes mannzens hæyrði roð þæirra ok ræðor*

Avtalen

>182: *fæsti huart oðru oruggan / tryggilæik upp a tru sina*

183: *hælldo þau væl handsol sin*

+187: *sotto stætnu*

Kjensler

+30: *harmr ok hormung*

>51: *ma hann nu syna hænni allan hu//ga sinn ok vilia ok fann hann hana hyggna ok hæverska (...) hirðsiðum (...) er honum hofðu fyrr hugnat*

+54: *inætiaðr ast*

60: *allr angrs fullr. ok ahyggio*

>63: *huarki huilld ne svæfn saker þessarrar fru. er hann hafði ollum hug sinum til snuit. Sua er hann af ollum hug ok henni um snuinn*

>66: *sarom sorgum*

>68: *hug minn ok hiarta sua unytri ahyggio (...) harmr en huggan*

>70: *ast mina ok æinorð*

>78: *akefð ok ohofsemð astar hænnar*

Assonansen vert dregen vidare:

79: *Osyniom være hon sua frið fru*

92: *angr ok (...) uró*

>97: *hætta ok hafna þessom hæimska harm er byr i astar oviti. ok ærski er gerer mer sua mikinn angr. ok uró*

+107: *Ræðes maðr hans ok rikis stiori varð ryggr ok harms fullr*

110→110: *sottar sok (...) sott (...) sem sarbót*

161–162: *tigna hana ok trygglega unna hænni*

+163: *i astom otrygguit*

+216: *hatað ok hafnað*

+294: *synd sina. ok svivirðing hins*

Objekt

>28: *hundum ok haukom*

275: *vællande vatne*

>276: *vormu vatne*

>295: *vællande vatnet*

Høvísk framferð

20: *tynar skynsæmð rett at skilia*

+23: *gaungæfð ok gæzlo*

+24: *rettyndom ok refsingom*

>24: *með manna malom ættir logum ok landsiðom*

>51: *ma hann nu syna hænni allan hu//ga sinn ok vilia ok fann hann hana hyggna ok hæverska (...)* *hirðsiðum (...) er honum hofðu fyrir hugnat*

+195: *vel ok virðulega*

207: *likams losta*

Episodar

+65: *Hov herra (...) hann huilik orlog ok harðr atburðr*

+75: *verðr við varr nokkorri niosn*

78: *fyrir farmoc*

121–122: *mikils rikis, rikis, rikar i + mattogra manna*

>128: *æiga þar fiandr sem nu a ec frændr. þar ovini nu a ek vini*

>265: *til hæilsu. ok hugganar hældr til ugævo ok ukomennar uhamengiu*

Omsetjarens nyskrivne moralisering (EqS II)

- *hæyra ok hæyrt hava*
- *huarke fe ne huiscaps felaga*
- *ovunde alldre annars gott næ gævo*
- *Gæfr þeim er hann vill gævet hava*
- *at ræinsa þa ok ræyna*
- *dæyia þeir fyrr illum dauða er oðrum æfna ok ætla skiotan dauðan*
- *misværkum mannanna*
- *ok ser illvilia þeirra snyr upp a þa sialfa þær illzkur er þeir oðrum gilldra. Guð er vornn ok varnaðr gnog // gæva ok urugg gæzla saklausra ok mæinlausra. ryðr skiott ok af þeim rindr uvini ok umsætr allz/kyns. Girmizsk ok alldrægi at gera þeim svik ne svivirðingar er yðr gera tign ok þionosto sæmder ok sama. þuiat þær ero dalegstir i þæsso livi. en væsalastir i oðru livi. er giallda illt fyrir goð vilia i þæsso livi*
- *i mæinum ok misverkum*
- *yðr þionat hava ok yðr tignat*
- *brauðmola borðz sins*
- *rikr herra. ok agætr hofðingi. svæik | ok svivirði sinn villdasta vin sinn.*
- *ræðes mann allz rikis sins.*
- *hanum þionaðe. ok hann tignaðe með goðom raðom. ok rettom raðom. ok ræðom með starve sinu ok stiornn.*
- *logum ok landzsiðum*
- *ollum ahyggio*
- *svæik hann ok sviuirði puso hans. ok samþyktiz dauða hans*
- *sac/lauss var. ok aftr snere svikunum a þau er svikin gærðo. ok sæk vari*
- *i fyrnskunni ok þo at þetta se fornn saga*
- *verandom ok viðrkomandom*
- *skynsamre snilld sannlega mællt*
- *lauk livi sinu*

Appendiks

Bisclaret

Narrativ ramme

1: *strængleiks sagur*

Personskildringar

- Varulvriddaren

>2: *vaskr ok kurtæiss vapndiarfr ok oflugr*

16: *hinn sæmelegste ok hinn lofsælasti*

+20: *vinsæll ok goðviliadr allum gronnum*

157: *skyn ok skilning*

- Hamskiftande menn

7: *marger menn*

7: *vurðu vargar*

- Kona

+126: *illa halldenn. af jllzko kono sinnar*

192: *rikolega klæddr ok riddaralega*

- Kongens følgje og gjestar

+191: *fylgð ok fioldá*

>286: *morgum monnum*

Kommunikasjon

60: *bænom ok bliðlæti*

<99: *þa oskraðe hon ok ottaðezc þenna atburð*

118→119: *ok viðr tok tru hænnar ok trygðar fæstum. ok þui nest tok hann æið af hænni. at han skyllði uruggr um væra ok bua uræddr.*

<120: *formali þæirra ok felagskapr*

+>2616: *ræðo ok raðe hans (...) raðgiafa hans*

Kjensler

+43: *rygg ok rædd*

45: *hugsiuk ok harms full*

118→119: *ok viðr tok tru hænnar ok trygðar fæstum. ok þui nest tok hann æið af hænni. at han skyllði uruggr um væra ok bua uræddr.*

169→175: *varðvæitte með myklom kærlægik. goðum vistum ok hinum villdasta drykk. ok gættó aller þess er konongrenn bað at væra væl við*

235; *astsemdar ok ognar*

>288: *skomm ok suivirðing at skæpnu sinni*

+310: *oll auðkænd*

Tid, stad og gjenstandar

+8: *atto hus ok rik hibili*

92: *stæinn æinn skorenn*

169→175: *varðvæitte með myklom kærlægik. goðum vistum ok hinum villdasta drykk. ok gættó aller þess er konongrenn bað at væra væl við*

Episodar

+92: *gort gott. ok þer oftsamlega gagn.*

120→122: *huerssu hann skifti ham sinum ok huert hann for. ok huar hann var. meðan hann var i vargs ham. Hon gærðe hanom (...)*

169→175: *varðvæitte með myklom kærlægik. goðum vistum ok hinum villdasta drykk. ok gættu aller þess er konongrenn bað at væra væl við*

+209: *mæinat honom ok misgort*

270: *huersu hann hamskiptizk / ok huert hann for*

Laustik**Narrativ ramme**

–

Personskildringar

- Kona

+14: *friðre ok fagre kono. hyggenne ok hæværskre*

Kommunikasjon

>6: *yndelegt ok ynnelegt*

>80: *horðum orðum*

>85: *hinn litla fugl ok hans rodd huersu fagre roddu hann syngr nottena alla. at hann ma æigi huggazt ok glæðiazt. af sua fogrum songum sem hann syngr*

+87: *fogrum songum hans ok sætom*

160: *laustik lioð*

Kjensler

<62: *astar auka*

+103: *fagnaðe at hann hafðe fengit fuglenn*

112: *ræiddezc hon ok rygðizc*

>136: *harm ok hugsott*

>140: *harm ok hugsott*

Tid, stad og gjenstandar

>137: *lik lostik ok likam*

160: *laustik lioð*

Episodar

>85: *hinn litla fugl ok hans rodd huersu fagre roddu hann syngr nottena alla. at hann ma æigi huggazt ok glæðiazt. af sua fogrum songum sem hann syngr*

+103: *fagnaðe at hann hafðe fengit fuglenn*

Appendiks

Desire

Narrativ ramme

–

Personskildringar

- Den heilage mannen
+38–39: *hins halæita hæilags mannz herra hænnar jattaðe hænni*
- Desire
+83: *frægði ok framði*
>83: *villd ok vin/sælld*
>89: *raustasti riddari vel i hinum harðastom viðrskiftum ok hinn friðasti at vexti ok ollum limun <ok> likams skæpnu*
+112–113: *hinn friðasti riddare með fogrum fotum ok friðum ok væl voxnum bæinum*
469: *hofuð hans ok hals*
- Frua
155–156: *æinni fru harðla friðre i ollum hæimunom finnc æigi fægre*
+188–192: *alldre friðare annlit. alldre sva fagnar henndr ne sva vel vaxna armleggi ne sva friðan licam. i klæðom lagðan. ne friðare hár. ne hægre at hannla. ne betr samannði kvenmannz hofði. með sva fogrvm harflettom.*
400: *friða frv*
+694: *fegrð ok friðleic*
+711: *friða frov*
+746: *friða frov*
- Andre
+480: *foðvr sinn ok frændr*
- Dvergen
+656: *dalegi dvergr*

Kommunikasjon

- +35: *þæirrar bænar er biðia ser born*
>35: *sua sem mer at sonnu sagt*
123: *lysti til at lyða*
224: *sagðe honum ok synde*
+279: *ok syna honum syndir sinar i skrifta gang sinum*
329–<329: *bað (...) bað ok beiddiz með hinvm bliðaztom orðvm*
371: *þu gecc til skrifta ok sagðir vpp syndir ockrar*
+429: *suivirðir ok spottaðer*
503: *bað hann biða sin*

Kjensler

- +21: *harm ok hugsott*
>59: *virðing. ok villd*
+60: *astfolgenn ok oll lifs*
+121: *hugr hans allr ok hiarta*

+340: *hugsvttar ok harms fvlr*
 +341: *micla angre ok uru*
 343: *með þæssom hætti snærur huggan hans i harm*
 344→344: *Gleðe hans i grat leicr hans i mislican. ast hans i angr. sæmd hans i sorg. atgerð hans til enskis. afl hans i vmát. Sialfr hann i sottar kvöl ok kvein.*
 +408: *harmar hans ok hugsottir*
 740: *lysti ok til langaðe*

Tid, stad og gjenstandar

9–10. *sem hættir huitiskógr. hia havi hinu mykla*
 +99: *goðom gangværium*
 101–103: *skyrta (...) silki (..) sumars (...) skarllati*
 107→107: *villdasti ok mykill væxti. en hinn líosasti at allum likam*
 142: *upp uællande vatne. undir æinum myklom viði*
 143: *mæyiar munnlaugar*
 +177: *líosvm laufskala*
 431: *castaðo þeir þa bogum sinum ok toco af benzlvn*
 444: *clæddan kyrtli*
 +682/687: *huitvm hesti. hinum hægazta.*

Episodar

>66: *ok // nam hann at væiða allzkonar dyr með hundum. ok huersonar fugla með haukom.(...)*
væiði maðr villdri
 77: *fære at frægia*
 244–245: *fyrirlata frægð sina sacar kvenna asta. ok færðe hon þa fingrgullit a fingr hans*
 +279: *ok syna honum syndir sinar i skrifta gang sinum*
 +290–292: *hverso hann kom hondum a hana i fyrstu. ok gaf einseti maðrenn honum hiolp heilagra cristni ok heilræðe lagðe fyrir hann*
 305: *dvalldezc þar allan daginn*
 371: *þu gecc til skrifta ok sagðir vpp syndir ockrar*
 +636–637: *ok æpte hare roddv. hialper. hialper. þegar hirðen oll i hollinni*
 >640: *liop ok lauc*

Høvísk framferd

+151: *fræmð ne frægð*
 +242: *reysti þinni ok riddara skap*
 >586: *ok tigna þic. ok þiona þer*

Helse

+414: *batnaðe honum þa skiott ok bættizc*
 >668: *með miclum verc. ok meinlætum*

Appendiks

Tidorel

Narrativ ramme

–

Personskildring

- Riddaren
46: *virðulegr. ok vel vaxinn*

Kjensler

34: *mæren miclu meira*

Kommunikasjon

+8: *bað ok beiddizc*
>11: *i leynd ok i liose*

Tid, stad og gjenstandar

>20: *gravalum ok gashaukum*

Episodar/handlingar

35: *hallaðe hofðe*
41: *riddara riða*

Chetovel

Narrativ ramme

226: *vesæll heita ok harms fullr*
+231: *efni ok upphaf*
+237: *callaðr chetovel i volsku. veslengr i norræno*

Personskildringar

- Riddarane
+91: *fiorom fiorir*
110→115: *er imoti þeim riðv. ok reyndozc þeir þa ráustir*
135→136: *harms ok hormvngar er þeir fenga af falle slicra hofðingia er sva varo frægir ok vaskir ok vinsælir (...) tignaðe þa með allzkonar þionasto*
+203: *fiora felaga*

- Frua
+107: *friða frou*

Kommunikasjon

205–206: *sem hann hafðe skilt svaraðe skiot*

Kjensler

135→136: *harms ok hormvngar er þeir fenga af falle slicra hofðingia er sva varo frægir ok vaskir ok vinsælir (...) tignaðe þa með allzkonar þionasto*
137–138: *hialma af hofðvm sér ok slitu har sitt*
151: *gnogan goðleic*

182–189: *rædde frovuan mart við riddarann ok ihugaðe mart. En riddarenn hugðe þa at henne ok sa at hon var i mikilli ihugan. ok mællte hann þa til hennar (...) hvat ihugar þu með sva miclu athygli*

Tid, stad og gjenstandar

97: *siga spiott sin*

+99: *horðum hoggvm*

158: *leyna lunderni*

219: *snimma ok silla*

Episodar

96: *fyrir ufusir at flyia*

+98: *caus hverr sér felaga. allir fusir at finnazc.*

110–115: *er imoti þeim riðv. ok reyndozc þeir þa ráustir*

121: *þui at þeir varo drepner þrir*

>161: *þeim er i dag varo grafnir gerðe gvð micla ok millda miskunn*

182–189: *rædde frovuan mart við riddarann ok ihugaðe mart. En riddarenn hugðe þa at henne ok sa at hon var i mikilli ihugan. ok mællte hann þa til hennar (...) hvat ihugar þu með sva miclu athygli*

+194: *fall felaga þinna*

Doun

Narrativ ramme

–

Personskildringar

- Frua

+18: *metnaðezc af mikillæte*

66: *mikillato mey*

264: *Mikil metnaðar*

- Friarar

+20: *ricr ne raustr*

- Doun

+68–69. *ricr ok ráustr riddare er i brettlannde bio*

- Rådgievarane

>157–158: *syniazc honum ok stefndi þa til sin ollvm hofðingivm ok hinum hygnaztom monnvm.*

- Sonen

>203: *hirðlegre heyveski*

210–215: *lofsæll ok frægr firir ala felaga sina. ok lognaut. ok gecc i felagskap hans mikill fioldi riddara. Siðan for hann með felagum sinum*

Appendiks

Kommunikasjon

–

Kjensler

–

Tid, stad og gjenstandar

+32: *or suðantun er stenddr a svnnanverðo englannde*

57: *dyrum kultum ok rikum klæðum*

79–81: *for hann skyndelega yuir ænglandz sio ok lendi i suðhantun. þaðan sende hann sendi mann sinn...*

<224: *siga spiotið ok stefnde at..*

225: *horðvm hoggvm*

Episodar

79–81: *for hann skyndelega yuir ænglandz sio ok lendi i suðhantun. þaðan sende hann sendi mann sinn...*

>157–158: *syniazc honum ok stefndi þa til sin ollvm hofðingivm ok hinum hygnaztom monnvm.*

210–215: *lofsæll ok frægr firir anna felaga sina. ok lognaut. ok gecc i felagskap hans mikill fioldi riddara. Siðan for hann með felagum sinum*

<224: *siga spiotið ok stefnde at..*

226: *svnrenn fellde foður sinn*

231: *særðe sveinnen hann miclu sare*

263: *kom ok kyss mic*

>280: *friðe ok fagnaðe marga vetr | samþyckilega ok sæmilega*

Helse

+116: *mioc moðer*

+119: *moðr maðr*

Tveggja elskanda lioð

Narrativ ramme

–

Personskildringar

- Den kvinnelege slektningen

104: *rica frændkono með rikum eignvm*

- Tilskodarane

181: *mikill mannfiolde*

- Møya

238: *hyggin ok heyvesk ok hin friðazta*

Kommunikasjon

+34: *asacaðo ok avitaðo*

Denne heng saman med:

+35: *um orðaaðo. ok at taldo*

112: *rað ok ræct*
 127: *Sem sveinnen hafðe heyrt ræðo ok rað hennar*
 +211: *eigi heyra orð hennar ne trva orðvm hennar*

Kjensler

+4: *af astar akefð*
 +36: *hugsivcr ok harms fullr.*
 Denne heng saman med :
 37–38: *at ihuga með hverivm hætti*
 +83: *astar angr*
 +98: *harm ok hugsott*
 222–225: *kærðe þa dauða hans. með havi ope. ok kastaðe þegar keralldena frá sér er drycrenn var i. ok rann drycrenn or ok dreifðizc ...*
 >243: *loddi liuit*

Tid, stad og gjenstandar

9–11: *fiall, fialleno fiallzens fialleno*
 >149: *fullkominn styrc ok fullgort megin ok allt afl*
 195: *drecc drycc þinn*
 +219: *dryckinn at drecca*
 222–225: *kærðe þa dauða hans. með havi ope. ok kastaðe þegar keralldena frá sér er drycrenn var i. ok rann drycrenn or ok dreifðizc ...*
 228–229: *morg goð gros siðan er morgvm monnum bættiz er af drvcku þeim drycc*

Episodar

77: *at honum var betra. at biða með biðlunnd*
 >78: *fallande von / sio sinnar. ok vettande vanar*
 >215: *ok la hann þar þa svabuit sprunginn*
 222–225: *kærðe þa dauða hans. með havi ope. ok kastaðe þegar keralldena frá sér er drycrenn var i. ok rann drycrenn or ok dreifðizc ...*
 228–229: *morg goð gros siðan er morgvm monnum bættiz er af drvcku þeim drycc*

Gurun

Narrativ ramme

nyia nota
fegrsta finna
upphaf astar hans ok fram færðer

Personskildringar

- *Rådgievarane*
raðom raðgiafa

Kommunikasjon

–

Kjensler

vannlega at viðrskifti
illr oc af acrkorum vesæll auki

Appendiks

Høvísk framferð/kjærleik

leic ok látr

*frægiaz af riddaraskap. betre er raustr skialldsveinn en | ragr riddare
kurteisum leikum ok sætum kossom*

Tid, stad og gjenstandar

giafar ok gæzkv

illa syslu. ok vand atávi

horðum hoggum

kurteisi ok goða kvnnasto

Episodar

–

Milun

Narrativ ramme

1–2: *sogvr vilia segia. þa samir þeim með sundr /skiftilegum hættri*

533→533: *er nv þesse saga rita sva sem ec gat giorst skyniar ok skilt*

Personskildringar

- Frua

+24: *hoska ok hygna*

- Sonen

+83: *skil ok skynsemð*

>307–308: *hann er sva ricra manna. ok faðer hans sva frægr af reysti ok riddaraskap*

314–315: *reynaz at riddara skap*

333: *reysti hans ok riddaraskapr*

- Ektemannen

124–126: *Einum rikum ok raustum riddara*

- Omgjevnadene til frua

>190: *nema hyski hennar ok heima monnum*

525: *hvarki frændr né vini*

- Milun

>307–308: *hann er sva ricra manna. ok faðer hans sva frægr af reysti ok riddaraskap*

420–421: *sa hann unndir hialm hans. at huitnat var har hans ok skegg*

Kommunikasjon.

472: *Sveinn minn kvað hann þu ert at sannv sun minn*

Kjensler

+58: *ok sacar hans hafðe hon tynt allre sæmd sinni.*

426–428: *Mer mislicar mioc. at ec skyllde sva mikit misgera*

471→471: *Hou drottin gvð kvað hann dyrlega hevir þu holpit mér. ok hialpsamlega huggat mic.*

Tid, stad og gjenstandar

254–255: *hon gat syst ser blec ok bocfell. ok gerðe bráf*

415: *harðo hoggi*

416: *spiot/skaptið i sunndr*

Episodar

85: *varðveiti vel*

199–200: *ok snerezc hann þa aftr skyndilega. ok leiddi hann þa skialldsveinenn sva leynilega*

456–459: *faður mins at leita. ok nu fysisir mic at fara i fostr land mitt. ok finna hann yuir ænglanndz sio með skunnda*

507: *riðo rettleiðis heim*

Geitarlauf

Narrativ ramme

+9: *harmulegan harm*

Personskildringar

–

Kommunikasjon

98: *sátt ok samræðe*

Kjensler

44: *Sem tristram hafðe heyrtr þat. þa huggaðizk hann miok*

Tid, stad og gjenstandar

69–70: *viuindil hæslivið viðir viðe uiðvivvdillenn*

Episodar

42: *skorta skemtan*

Strandar strengleikr

Narrativ ramme

- *Nv samer oss þeSo nest at skilia þann er heitir strannar strengleicr*
- *En allzecki uil ec uiðr aúca. nema þat at guð signi. konunginn ok sæmi. varðveiti ok uirðe er...*
- *veranndom ok viðkommandom til skemtanar. ok miskunni...*

Appendiks

Personskildringar

–

Kommunikasjon

–

Kjensler

–

Tid, stad og gjenstandar

- *barbeflar bæar*
- *strandar strengleicr*
- *stranndar strengleicr*

Episodar

fornir færannde

Leikara lióð

Narrativ ramme

–

Personskildringar

- +3: *folc ok fiolde*
- +5: *rikir riddarar*
- 5–6: *friðaztu frúr*
- 13: *korlvm ok konum*

Kommunikasjon

–

Kjensler

–

Tid, stad og gjenstandar

–

Episodar

–

Janual

Narrativ ramme

–

Personskildringar

- Sira Iven

+226: *fríði frænnde ok felage*

- Følgjet til dronninga

+239: *fríðar frur*

- Tenestejentene til elskerinna

298–300: *at hin fatækazta i hennar þionasto er fríðare. en þér frú drotning.*

- Elskerinna

+368: *of fríð ok of dyrleg*

- Janual

516: *vaskr ok vapndiarfr*

- Kongen

+607: *konungr hinn kurteisaztu*

Kommunikasjon

>171: *ok þaccaðe henni morgum þockum*

+236: *bænom ok beiðingum*

318–319: *hon syniaðezc honum þa suivirðe hann hana*

363–364: *Snapr (...) svivirt mic ok við mic gort suivirðlega.*

Denne heng saman med:

365–366: *Suivirðir mic ok spottaðer drotningena*

Kjensler

+274: *svicare ne suivirðing*

338: *ahyggio fullr ryggr ok mioc angraðr*

360–361: *hugsiucr ok harms fullr*

410: *uhofsamlegvm astum*

Tid, stad og gjenstandar

328: *bal brenna*

Episodar

208: *veita vel ok virðulega*

363–364: *Snapr (...) svivirt mic ok við mic gort suivirðlega.*

>364: *illa ok unyta deilld*

Høvísk framferd

>250: *hirðlegre heyveski*

380: *setr sannazt sét*

>650: *þa tignaðo hana allir. ok þionaðo henni giarnsamlega með goðom vilia*

>429: *hialpar ok hugganar*

>587: *En hann er fyr sat gnufa ryggr. ok ræddizc*

Appendiks

Jonet

Narrativ ramme

1: *strengleica sogur*

6–7: *En nv vil ec framleiðiz telia yðr fra Jonet. hvaðan hann var fæddr ok fra feðr hans*

Personskildringar

- Jonet

6–7: *En nv vil ec framleiðiz telia yðr fra Jonet. hvaðan hann var fæddr ok fra feðr hans*

+20: *til erfða ok auðáfa*

425–426: *hann verðr vaxinn maðr ok fullkominn at vexti ok ráustr riddare ok hinn vaskasti*

463–464: *iamfriðr ne iamningi hans at vánleic ne reysti. hinn milldazti ok hinn mesti reysti/maðr.*

- Ektemannen til mor til Jonet

18→18: *hann var rikum auðæfom ok morgvm miclum eignum auðgaðr*

- Mor til Jonet

22: *hyggin ok heyvesk ok hinn friðazta*

+227: *snære siði sinum*

Denne heng saman med

228: *smasmugall*

- Far til Jonet

110–112: *fogrum fotum sva sem hann være fimm sinnum eða sex mutaðr. hinn fegrsti fugl. ok settiz hann fyrir huilu frunnar*

515–517: *hinn vaskasti ok hinn villdazti hinn friðazti ok hinn harðazti vápnvm hinn virðulegste ok hin vinsælazti*

- Bibelske personar

+149: *skapara allrar skepnu*

+151: *hinn fyrsti faðer*

+469–470: *at hatið hins helga arons er halldin er ok helgat*

Kommunikasjon

+52: *syngia siðveniolegum saungvm*

>229: *ok ihugaðe hann þa at allir hagir hennar ok hamnar hennar*

Kjensler

>52: *hvetiannde hverr annan til astar ok auca*

124: *urædd ok urugg*

Tid, stad og gjenstandar

222: *snimma ok siðla*

287–288: *hvetia sva hvassa. Sem hinn hvassasta harknif*

309–312: *i glyggen. en gaddarnir stoðo fyrir glyggenum. ok láust einn i gegnum licam hans. Sva at blóðit gáus (...)*

+363: *sva skinnande sem silfr klæðe*

372–373: *gec þa frun i borgena. ok fylgði forvegi blóðsens*

+433: *skal hon fa syni sinum sverðet*

+434: *allan atburð*

Episodar

+32: *grunsemd ok gæzlu*

+70: *dauð dregin*

>98–99: *sva leynliga vnnande at þau lifðu lengi ...*

372–373: *gec þa frun i borgena. ok fylgði forvegi bloðsens*

+433: *skal hon fa syni sinum sverðet*

469–470: *at hatið hins helga arons er halldin er ok helgat*

Naboreis

Narrativ ramme

47: *strengleics song*

Personskildringar

- Naboreis

4→4–5: *vaskr ok vapndiarfr. grimr uvinum. goðgiarn vinum. atti mikit riki mioc rika ok auðga fòðurleifð*

- Kona til Naboreis

+7: *vel vaxna*

>35: *kurteisra kvenna*

Kommunikasjon

+36: *ec engan annan orskurð orðzenndinga*

Kjensler

–

Tid, stad og gjenstandar

–

Episodar

–

Ricar hinn gamli

Ingen allitterasjonar

Tveggia elskanda strengleikr

Narrativ ramme

–

Personskildringar

- *helgi herra*
- *vorðr þeirra ok varðmaðr*

Appendiks

Kommunikasjon

- *veit ec at visu*

Kjensler

- *at hugr unna[s]ta mins er með þeim hætti. eftir þui sem ec hygg at skiot man honum snuaz [til] dauða. ef ec hafne hann at hugga.*
- *hiarta mitt er fallit er licamr minn skelfr halsfaðma mec ok leg mec i faðm þinn. ok kyS mec at mer se hugro ok huggan af þér.*

Tid, stad og gjenstandar

- *rekinnor riki*

Episodar

- *[baðu ?]m. biðu þau bæðe*
- *þetta fylki se fri/[tt] ok ufriðenom hætti.*
- *fullir ok fonnum*
- *luku þau livi*
- *baðo hann leti be/ra lic þeitta til bæiarens ok klæða lic þeirra*
- *toctu þeir barnanna lic ok baro til bæiarens*

Grelent

Narrativ ramme

—

Personskildringar

84: *kurteisum konom*

Kommunikasjon

41: *kvadde h[ann kurt]eislega*

Kjensler

+33: *ast mina ok astar þoc[ka]*

126: *hug ok hiarta*

127: *skom ne sviuirðung*

141: *rygg ok reið*

143: *ast ok ætlan*

Tid, stad og gjenstandar

—

Episodar

—

Litteraturliste

- Aebischer, Paul. 1958. *Le lai de Lanval*, Textes littéraires français; [77]. Genève: Libraire Droz.
- Ahlström, Axel. 1925. *Marie de France et les lais narratifs*, Göteborgs Kungl. vetenskaps- och vitterhets-samhälles handlingar. 4. Följden; 29:3. Göteborg
- Amos, Flora Ross. 1920. *Early theories of translation*. New York: Columbia University Press.
- Anglade, Joseph. 1965. *Grammaire élémentaire de l'ancien français*. Paris: Colin. *Anglo-Norman Dictionary* 2001– . Nettressurs: www.anglo-norman.net.
- Antonsen, Alina Dominte. 2006. *Lost in translation? An examination of concept of courtoisie in the Old French Le Conte de Floire et Blancheflor and in the corresponding Old Norse Flóres saga ok Blankiflúr*. Masteravhandling: Universitetet i Oslo.
- Astås, Reidar. 1987. “Lærd stil, høvisk stil og florissant stil i norrøn prosa.” *Maal og minne* 1-2: 24–38.
- Baader, Horst. 1966. *Die Laís: zur Geschichte einer Gattung der altfranzösischen Kyrzerzählungen*. *Analecta romanica*; 16. Frankfurt am Main.
- Bagge, Sverre. 1984. “Nordic Students at Foreign Universities until 1660.” *Scandinavian journal of history* vol.9 (no. 1):1–29.
- . 1996. *From gang leader to the Lord's anointed: kingship in Sverris saga and Hákonar saga Hákonarsonar*, The Viking collection; vol. 8. Odense: Odense University Press.
- Bailey, H.W. 1981. “Bisclavret in Marie de France”. *Cambridge medieval Celtic studies* 1: 95–97.
- Barnes, Geraldine Robyn. 1974. *The riddarasögur: a literary and social analysis*. University College London, Department of Scandinavian Studies.
- Bassnett, Susan. 1980. *Translation studies, New accents*. London: Methuen.
- Bately, J. 1984. “The Literary Prose of King Alfred’s Reign: Translation or Transformation”. *Old English Newsletter Subsidia* 10:1-21.
- Baum, Richard. 1968. *Recherches sur les oeuvres attribuées à Marie de France*, *Annales / Universität des Saarlandes*. Philosophische Fakultät; 9. Heidelberg.
- Bekker-Nielsen, Hans, Ole Widding, og Thorkil Damsgaard Olsen. 1965. *Norrøn fortællekunst: kapitler af den norsk-islandske middelalderlitteraturs historie*. København: Akademisk Forlag.
- Bennett, Philip E. og Marianne E. Kalinke. 1987. *Mǫttuls saga*. Editiones Arnarnagnæanæ. Series B; vol. 30. Copenhagen: C.A. Reitzel.

Litteraturliste

- Berulfsen, Bjarne. 1948. *Kulturtradisjon fra en storhetstid: en kulturhistorisk studie på grunnlag av den private brevlitteratur i første halvdel av det 14. hundreår*. Oslo: Gyldendal.
- Bjarni Aðalbjarnarson (utg.). 1941–51. Snorri Sturluson. *Heimskringla*. ÍF bd 26–28. 3 bd. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag. Opptrykk, Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag, 1979.
- Blaisdell, Foster W. Jr. 1966. “A Stylistic Feature in ‘Erex Saga’.” *Studies in language and literature: In honour of Margaret Schlauch*: 27–47.
- . 1974. “The so-called ‘Tristram-group’ of the *Riddarasögur*.” *Scandinavian studies: the journal of the Society for the Advancement of Scandinavian Study* 46 (2):134–139.
- Bliss, Alan (utg.). 1960. Thomas Chestre: *Sir Launfal*. London: Thomas Nelson.
- Bloch, R. Howard. 1991. *Medieval misogyny and the invention of Western romantic love*. Chicago: University of Chicago Press.
- . 2003. *The anonymous Marie de France*. Chicago: University of Chicago Press.
- Boureau, Alain. 1998. *The lord's first night: the myth of the droit de cuissage*. Chicago: University of Chicago Press.
- Brereton, Georgine E. 1950. “A Thirteenth-Century List of French Lays and Other Narrative Poems”. *The Modern Language Review* 45 (1):40–45.
- Broberg, Sven Grén. 1908. “Ormr Snorrasons bok”. *Arkiv för nordisk filologi* 24:42–66.
- Brown, Dennis. 1992. *Vir Trilinguis: a study in the biblical exegesis of Saint Jerome*. Kampen, The Netherlands: Kok Pharos Pub. House.
- Brucker, Charles. (utg.). 1991. Marie de France. *Les Fables. Édition critique accompagnée d'une introduction, d'une traduction, de notes et d'un glossaire par Charles Brucker*, Ktemata; 12. Louvain: Peeters.
- Bruckner, Matilda Tomaryn. 1991. “Strategies of Naming in Marie de France's *Lais*: At the Crossroads of Gender and Genre.” *Neophilologus* 75: 31-40.
- Brugger, Ernst. 1928. “Almain and Ermonie as Tristan's Home”. *Modern philology* 25 (3): 269–290.
- Bruneau, Charles. 1955. *Petite histoire de la langue française*. Paris: Colin.
- Brunner, Karl. 1913. *Der mittelenglische Versroman über Richard Löwenherz: kritische Ausgabe nach allen Handschriften mit Einleitung, Anmerkungen und deutscher Übersetzung*, Wiener Beiträge zur englischen Philologie; Bd. 42. Wien: W. Braumèuller.
- Budal, Ingvil Brügger. 2001. *Omsetjing frå gammalfransk til gammalnorsk: ein samanliknande studie av Guigemar i Lais og Guiamar i Strengleikar*. Upubl. hovudfagsavhandling. Universitetet i Bergen

- . under utgjeving. “Ei historie om naselause kvinner og varulvklede.” *Bibliotheca Nordica*. Oslo.
- Bullock-Davies, Constance. 1965. “Marie, Abbess of Shaftesbury, and her brothers.” *The English historical review* 80 (315):314-322.
- Burgess, Glyn S. 1987. *The Lais of Marie de France. Text and context*. Manchester: Manchester University Press.
- Burgess, Glyn S og Busby, Keith (utg.). 1999. *The Lais of Marie de France*, Penguin Classics.
- Burgess, Glyn S. 1977. *Marie de France: an analytical bibliography*, Research bibliographies & checklists; 21. London.
- Burgess, Glyn S., og Leslie C. Brook (utg.). 1999. *Three Old French Narrative Lays: Trot, Lecheor, Nabaret*. Nettressurs: www.liv.ac.uk/soclas/los/narrativelays.pdf.
- Burgess, Glyn S. og Leslie C. Brook (utg.). 2005. *Doon and Tyolet. Two Old French Narrative Lays*. Nettressurs: <http://www.liv.ac.uk/sml/los/narrativelaysdoontyolet.pdf>
- Cahill, Peter. 1983. *Duggals leiðsla*. Rit / Stofnun Árna Magnússonar á Íslandi; 25. Reykjavík: Stofnun Árna Magnússonar.
- Carus-Wilson, Eleanora. 1964. “The medieval trade of the ports of the Wash.” *Medieval Archaeology* 6-7:182-201.
- Cederschiöld, Gustaf (utg.). 1884. *Fornsögur Suðrlanda: Magus saga jarls, Konraðs saga, Bærings saga, Flovents saga, Bevers saga*. Lund: Berlings.
- Cerquiglioni, Bernard. 1989. *Éloge de la variante: histoire critique de la philologie*. Paris: Seuil.
- . 1999. *In praise of the variant: a critical history of philology*. Parallax. Baltimore: Johns Hopkins University Press.
- Chabaille, P. 1860. “Marie de France.” *Nouvelle Biographie générale, depuis les temps les plus reculés jusqu'à nos jours*. Paris: Firmin Didot Frères.
- Chrétien de Troyes. 1960. *Les romans de Chrétien de Troyes*, Les Classiques Français du Moyen Âge. Paris: Librairie Honore Champion.
- Clover, Carol J. 1986. “Volsunga saga and the Missing Lai of Marie de France.” *Sagnaskemmtun: studies in honour of Hermann Pálsson on his 65th birthday, 26th May 1986*. *Philologica Germanica*; 8, utg. R. Simek, Jónas Kristjánsson og H. Bekker-Nielsen. Wien: Böhlau.
- Coates, Alan. 1999. *English medieval books: the Reading Abbey collections from foundation to dispersal, Oxford historical monographs*. Oxford: Oxford University Press.
- Collet, Olivier. 2007. “Du ‘manuscrit de jongleur’ au ‘recueil aristocratique’: réflexions sur les premières anthologies françaises”. *Le Moyen Âge* 3–4: 481–499.

Litteraturliste

- Copeland, Rita. 1991. *Rhetoric, hermeneutics and translation in the Middle Ages: academic traditions and vernacular texts*. Cambridge studies in medieval literature; 11. Cambridge: Cambridge University Press.
- Crosland, Jessie. 1956. *Medieval French literature*. Oxford: Blackwell.
- Curley, Michael J. 1993. *Saint Patrick's Purgatory: A Poem by Marie De France*, Medieval and Renaissance Texts and Studies.
- Curnow, Maureen Cheney. 1975. *The Livre de la Cité des Dames of Christine de Pisan: A Critical Edition*. Upublisert doktorgradsavhandling. Vanderbilt University.
- Curtius, Ernst Robert. 1911. *Li quatre livre des Reis: die Bycher Samuelis und der Könige in einer französischen Bearbeitung des 12. Jahrhunderts: nach der ältesten Handschrift unter benutzung der neu aufgefundenen Handschriften*. Gesellschaft für romanische Literatur; 26. Dresden.
- Dedec-Héry, V. L. (utg.) 1952: "Boethius *De concolatione* by Jean de Meun." *Mediaeval Studies* 14: 165–275.
- Dembrowski, Peter. 1964. "Les Binômes synonymiques en ancien français". *Kwartalnik neofilologiczny* 23: 81–90.
- Diplomatarium Norvegicum*. Bd. 1–20, 1849–1915; bd. 21, 1976; bd. 22, 1990–1992. Kristiania/Oslo: Kjeldekriftsfondet (Det Norske Historiske kildeskriftsfond). Nettressurs: http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html
- Donovan, Mortimer J. 1969. *The Breton lay: a guide to varieties*. Notre Dame. University of Notre Dame Press.
- DN. Sjå *Diplomatarium Norvegicum*.
- Dragonetti, Roger. 1986. "*La musique et les lettres*": études de littérature médiévale. Publications romanes et françaises; 171. Genève: Droz.
- Dufournet, Jean (utg.). 1997. Chrétien de Troyes: *Perceval, ou le Conte du graal*. Éd. bilingue. Paris: Flammarion.
- Easting, Robert. 1974. "The Date and Dedication of the *Tractatus de purgatorio sancti Patricii*." *Speculum: a journal of medieval studies* 53 (4):778–783.
- Eide, Tormod. 1999. *Retorisk leksikon*. Oslo: Spartacus.
- Evergates. 1995. 'Vassal'. *Medieval France: an encyclopedia*, utg. G. A. Zinn og W. W. Kibler. New York: Garland.
- Ewert, Alfred (utg.). 1969. Marie de France. *Lais*. Oxford: Blackwell.
- Fidjestøl, Bjarne. 1996. "Norrøn felleslitteratur." *Norsk litteratur i tusen år: teksthistoriske linjer*. LNU's skriftserie; nr 97, utg. Fidjestøl, Kirkegaard, Aarnes, Aarseth, Longum og Stegane. Oslo: Landslaget for norskundervisning: Cappelen akademisk forlag. 32–132.
- Finnur Jónsson. 1912–1915, opptrykk 1967–1973. *Den norsk-islandske skjaldedigting*. Vol. 2 B. København: Rosenkilde og Bagger.

- Fischer, Frank. 1909. *Die Lehnwörter des Altwestnordischen*. Palaestra; 85. New York.
- Flum, P. N. 1961–1962. “Additional Thoughts on Marie de France.” *Romance notes* 3:53–56.
- Foote, Peter. 1982. “Latin Rhetoric and Icelandic Poetry: Some Contacts.” *Saga och Sed* .107–127.
- Foulet, Lucien. 1908. “Marie de France et la Légende de Tristan.” *Zeitschrift für romanische Philologie* xxxii:161–183.
- Fox, John, C. 1910. “Marie de France.” *The English historical review* XXV: 303–306.
- . 1911. “Mary, Abbess of Shaftesbury.” *The English historical review* XXVI: 317–326.
- Fritzner, Johan. 1883–1896. *Ordbog over Det gamle norske Sprog*. 2. utg. 3 bd. Kristiania: Den norske Forlagsforening. Tilleggsband ved Finn Hødnebo, 1972. Oslo: Universitetsforlaget. – Opptrykt Oslo: Universitetsforlaget.
- Gade, Kari Ellen. 2002. “History of Old Nordic metrics.” I: *The Nordic languages*, utg. Oskar Bandle, mfl., kap. 99, bd. 1: 856–870. Berlin: de Gruyter.
- Geffroy, Auguste. 1856. “Notices et extraits des manuscrits concernant l'histoire ou la littérature de la France qui sont conservés dans les bibliothèques ou archives de Suède, Danemark et Norvège”. *Archives de missions scientifiques et littéraires*. Choix de rapports et instructions publié sous les auspices du Ministère de l'Instruction Publique et des Cultes. Paris: Imprimerie Impériale 4:194–218.
- Gering, Hugo (utg.). 1882. *Islendzk æventyri: isländische Legenden, Novellen und Märchen*. Halle an der Saale: Verlag der Buchhandlung des Waisenhauses.
- Gerritsen, Willem P., og Anthony G. van Melle (utg.). 1998. *A Dictionary of medieval heroes: characters in medieval narrative traditions and their afterlife in literature, theatre and the visual arts*. Woodbridge: Boydell Press.
- Gillingham, Bryan. 2006. *Music in the Cluniac Ecclesia: a pilot project*, Wissenschaftliche Abhandlungen; Bd. 83. Ottawa: Institute of Mediæval Music.
- Gimse, Astrid. 1980. *Allitterasjon i Elis saga ok Rosamundu: med en generell drøfting av allitterasjon i prosa*. Upublisert hovudfagsavhandling. Universitetet i Oslo
- Gísli Brynjúlfsson (utg.). 1878. *Saga af Tristram ok Ísönd, samt Möttuls saga*. København, Det kongelige Nordiske Oldskriftselskab.
- Glauser, Jürg. 2007. “Romance (Translated *riddarasögur*).” *A Companion to Old Norse-Icelandic Literature and Culture*, utg. R. McTurk: Blackwell Publishing. 372–388.

Litteraturliste

- Godefroy, Frédéric. 1880–1902. *Dictionnaire de l'ancienne langue française et de tous ses dialectes du IXe au XVe siècle ...* 10 bd. Paris: Vieweg. Optrykk 1965.
- Goodwin, Clia Marie Doty. 1991. *Old Norse and Middle English versions of the lays of Marie de France and the translatio studii*. Ann Arbor, Mich.: University Microfilms.
- Gravier, Maurice. (utg.). 1975. *Les relations littéraires franco-scandinaves au Moyen Âge : actes du Colloque de Liège 1972*. Bibliothèque, Université de Liège. Faculté de philosophie et lettres.
- Greimas, A. J. 1994. *Dictionnaire de l'ancien français. Le Moyen Âge*. Paris: Larousse.
- Grimes, Evie Margaret. (utg.). 1976. *The lays of Desiré, Graeent and Melion*. Genève.
- Guðni Jónsson og Björn K. Þórolfsson (utg.). 1943 *Fóstbræðra saga*. 1943. ÍF bd. 6. *Vestfirðinga sogur*. Reykjavík: Hið Íslenska fornritafélag.
- Gullichsen, Harald (omsetj.) 1994. François Villon. *Testamentet; og Spredte ballader*. Thorleif Dahls kulturbibliotek. Oslo: Aschehoug.
- Hagland, Jan Ragnar. 2004. "Gammalislandsk og gammalnorsk språk". *Handbok i norrøn filologi*, utg. Odd Einar Haugen: Fagbokforlaget.
- Hallberg, Peter. 1966. "Medeltidslatin och sagaproza. Några kommentarer till L. Lönnroths studier i den isländska sagalitteraturen." *Arkiv för nordisk filologi* 81: 258–276.
- . 1968. *Stilsignalement och författarskap i norrön sagalitteratur: synpunkter och exempel*, Nordistica Gothoburgensia; 3. Göteborg: Acta Universitatis Gothoburgensis.
- . 1971. "Norröna riddarsagor. Några språkdrag." *Arkiv för nordisk filologi* 86:114–138.
- . 1973. "Broder Robert, *Tristrams saga* och *Duggals leizla*. Anteckningar till norska översättningar." *Arkiv för nordisk filologi* 88: 55–71.
- . 1975. "Is there a 'Tristram-group' of the *Riddarasögur*?" *Scandinavian studies: the journal of the Society for the Advancement of Scandinavian Study* 47 (1): 1–17.
- Halvorsen, E.F. 1959. *The Norse Version of the Chanson de Roland*. Vol. XIX, Bibliotheca Arnamagnæana. København: Den Arnamagnæanske Kommission.
- . 1974. "Translation - Adaptation - Imitation." *Influences on and attitudes of Early Icelandic-Norse literature: a symposium, Odense, April 1973*, Utg. P. Foote, H. Bekker-Nielsen. Institut for nordisk sprog og litteratur. Odense: Odense University Press.

- Hamer, Andrew. 1994. "Moralised Translation." *Samtíðarsögur*. Akureyri: Ninth International Saga Conference.
- Hanning, Robert og Joan M. Ferrante (utg.). 1982. *The Lais of Marie de France*. Durham, N.C.: Labyrinth Press.
- Harris, Julian (utg.). 1930. *The lays Gugemar, Lanval and a fragment of Yonec*. New York.
- Haugen, Odd Einar. 1993. *Grunnbok i norrønt språk*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- . 1994. *Merknader til tekstpensum i norrønt: utdrag frå Óláfs saga ins helga, Den yngre Edda, Strengleikar*. 3. utg. Bergen: Fagbokforlaget.
- . 1994. *Norrøne tekster i utval*. Oslo: Ad notam Gyldendal.
- . (utg.). 2004. *Handbok i norrøn filologi*: LNUs skriftserie ; nr 157. Bergen: Fagbokforlaget.
- . 2008. *Norrøn grammatikk i hovuddrag. Kortfatta utgåve bygd på Grunnbok i norrønt språk. Preliminær utgåve*. Bergen.
- Heggstad, Leiv, Finn Hødnebo og Erik Simensen. 1990. *Norrøn ordbok*. 4. utg. Oslo: Samlaget. – 1. utg. ved Hægstad og Torp 1909.
- Helle, Knut. 1964. *Norge blir en stat: 1130-1319*. Handbok i Norges historie; 1:3 utg. Knut Mykland mfl. Bergen: Universitetsforlaget.
- Helle, Knut og Kr. Audne (omsetj.). 1963. Sturla Tordsson. *Soga om Hákon Hákonsson*. 2. utg. *Norrøne bokverk*; 22. Oslo: Det norske samlaget.
- Henry, Albert og Jean Rychner (utg.). 1974. François Villon. *Le testament Villon*. Genève: Droz.
- Hertz, Wilhelm. 1886. *Spielmannsbuch: Novellen in Versen aus dem zwölften und dreizehnten Jahrhundert*. Stuttgart: Gebrüder Kröner.
- Hoepffner, Ernest. 1935. *Les lais de Marie de France*. Paris: Boivin.
- Holmes, Peter. 1952. *Les Lais anonymes de Graelent, Doon et Melion. Edition de texte, chacune précédée d'une étude linguistique et d'une introduction littéraire, et suivie d'un commentaire et d'un glossaire complet*. Lettres, Université de Strasbourg, Strasbourg.
- Holmes, Urban T. Jr. 1932. "New Thoughts on Marie de France." *Studies in philology* 29: 1–10.
- . 1949. "Further on Marie de France". *Symposium* 3: 335–339.
- Holm-Olsen, Ludvig. 1940. *Den gammelnorske oversettelsen av Pamphilus: med en undersøkelse av paleografi og lydverk*. Avhandlinger utgitt av Det norske videnskaps-akademi i Oslo. II, Historisk-filosofisk klasse; 1940 no. 2. Oslo
- . 1974. "Middelalderens litteratur i Norge". *Norges litteraturhistorie*, utg. E. Beyer. Oslo: Cappelen. 19–342.
- . 1981. *Lys over norrøn kultur: norrøne studier i Norge*. Oslo: Cappelen.
- . 1990. *Med fjærpenn og pergament : vår skriftkultur i middelalderen*. Oslo : Cappelen.

Litteraturliste

- Holmsen, Andreas. 1964. *Norges historie: fra de eldste tider til 1660*. 4. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Holtmark, Anne. 1956. *Legendarisk Olavssaga : etter Uppsala Universitetsbiblioteks Delagardieska samlingen nr 8 II. Corpus codicum Norvegicorum medii aevi*. Oslo: Selskapet til utgivelse av gamle norske håndskrifter.
- . 1959. “Anmeldelse av E.F. Halvorsen: The Norse version of the *Chanson de Roland*”. *Maal og minne*:161–170.
- Hægstad, Marius. 1906–1942. *Vestnorske maalføre fyre 1350*. Videnskabsselskapet Skrifter II. Hist.-filos. Klasse. *Innleidning* (1906) I. *Nordvestlandsk* (1907), II. *Sudvestlandsk*: 1. *Rygjamaal* (1915), 2. *Indre sudvestlandsk, færøymaal, islandsk*. (1916, 1917). *Tillegg* (1936, 1942). Kristiania: Dybwad.
- Hægstad, Marius, og Alf Torp. 1909, opptrykk 1974. *Innleiding til Gamalnorsk ordbok*. Kristiania: Samlaget.
- Hødnebo, Finn. 1984. “Vokalharmonien i Strengleikar.” *Festskrift til Ludvig Holm-Olsen på hans 70-årsdag den 9. juni 1984*. 162–174.
- . 1987. “De la Gardie 4-7 Folio”. *Festskrift til Alfred Jakobsen*. 91–105.
- Iversen, Ragnvald. 1946. *Norrøn grammatikk*. 4. rev. utg. Oslo: Aschehoug.
- Jakobsen, Alfred. 1969. *Norrøne adjektivabstrakter på -leikr <-leiki> og deres latinske motsvarigheter*. Årbok for Universitetet i Bergen, Humanistisk serie; 1969:2. Bergen.
- . 1978. “En avskrivertabbe i *Bisclaretz Lioð*.” *Maal og minne*: 26–29.
- Jenkins, Thomas Atkinson (utg.). 1974. *Marie de France. Espurgatoire seint Patriz: an old French poem of the twelfth century*. Genève.
- Johnsen, Oscar Albert (utg.). 1922. *Óláfs saga hins helga: efter pergamethaandskrift i Uppsala Universitetsbibliotek, Delagardieske samling nr. 8:2*. Den Norske Historiske Kildeskriftkommission . Kristiania.
- Jón Karl Helgason. 1999. *The rewriting of Njáls saga: translation, ideology, and Icelandic sagas*, Topics in translation; 16. Clevedon: Multilingual Matters.
- Jónas Kristjánsson. 1982. “The Court Style.” *Les sagas de chevaliers. Actes de la Ve Conférence Internationale sur les Sagas*, utg. R. Boyer. Toulon. 431–440.
- Jubainville, H. d'Arbois de. 1879. “Lai”. *Romania* VIII:422–425.
- Kalinke, Jane Aza. 1970. *The Erex Saga and its relation to Chrétien de Troyes' Erec et Enide*. Avhandling - Indiana university. Opptrykk 1982.
- . 1970. “The structure of the Erex Saga.” *Scandinavian Studies* 42 (3): 343–355.
- Kalinke, Marianne. 1971. “A structural comparison of Chrétien de Troyes' Erec et Enide and the Norse Erex saga.” *Mediaeval Scandinavia: A Journal*

- Devoted to the Study of Mediaeval Civilization in Scandinavia and Iceland* 4: 54–65.
- . 1979. “Aliteration in ‘Ívén’s saga’.” *Modern language review* LXXIV: 871–883.
- . 1979. “Gvímars saga.” *Opuscula VII*. København: Den Arnamagnæanske Kommission. Særtrykk av 106–139.
- . 1980. “Stalking the elusive Translator: A Prototype of *Guíamars Ljóð*.” *Scandinavian studies: the journal of the Society for the Advancement of Scandinavian Study* 42 (2): 142–162.
- . 1981a. “A Werewolf in Bear’s Clothing.” *Maal og minne* 3-4:137–144.
- . 1981b. *King Arthur North-by-Northwest: the matière de Bretagne in Old Norse-Icelandic romances*, Bibliotheca Arnamagnæana; vol. 37. København: Reitzel.
- . 1990. *Bridal-quest romance in medieval Iceland*. *Islandica*; 46. Ithaca, N.Y.: Cornell University Press.
- utg. 1999. *The Tristan legend*. *Arthurian archives* 3. Cambridge: D.S. Brewer.
- utg. 1999. *The knights of the round table*. *Arthurian archives* 4. Cambridge: D.S. Brewer.
- utg. 1999. *Hærra Ivan*. *Arthurian archives* 5. Cambridge: D.S. Brewer.
- Kalinke, Marianne og Foster Warren Blaisdell (utg.). 1977. *Erex saga and Ívén’s saga: the Old Norse versions of Chrétien de Troyes’s Erec and Yvain*. Lincoln: University of Nebraska Press.
- Kalinke, Marianne og P. M. Mitchell. 1985. *Bibliography of Old Norse-Icelandic romances*. *Islandica*; 44. Ithaca, N.Y.: Cornell University Press.
- Katalog over Den Arnamagnæanske Håndskriftsamling*. Utg. Kristian Kålund 2 bd. København: Kommissionen for Det Arnamagnæanske Legat, Gyldendalske Boghandel, 1889.
- Kay, Sarah. 2000. “Courts, Clerks and Courtly Love.” *The Cambridge Companion to Medieval Romance*, utg. R. L. Krueger. Cambridge: Cambridge University Press. 81–97
- Kelly, Douglas. 1966. “The Scope of the Treatment of Composition in the Twelfth- and Thirteenth-Century Arts of Poetry.” *Speculum* 41 (2): 261–278.
- Keyser, R., og C. R. Unger. 1850. *Strengleikar eða Ljóðabók: en Samling af romantiske Fortællinger efter bretoniske Folkesange (Lais): oversat fra fransk paa norsk ved Midten af trettende Aarhundrede efter Foranstaltning af Kong Haakon Haakonsson*. Christiania: Feilberg & Landmark.
- Keyser, R., C. R. Unger, og P. A. Munch. 1848. *Konge-speilet : et filosofisk-didaktisk Skrift, forfattet i Norge mod Slutningen af det tolfte Aarhundrede; tilligemed et samtidigt Skrift om den norske Kirkes Stilling til Staten / udg.*

Litteraturliste

- efter Foranstaltning af det akademiske Collegium ved det kongelige norske Frederiks-Universitet. Christiania.*
- Kinck, Hans E. 1922. *Storhetstid: om vort aandsliv og den literære kultur i det trettende aarhundrede*. Kristiania: Aschehoug.
- Kjellman, Hilding. (utg.). 1935. Denis Piramus. *La Vie Seint Edmund Le Rei: Poème anglo-normand du 12 siècle*. Handlingar / Gøteborgs kungl. vetensk.-och vitterh. samb. 5.följd. ser. A.; 4:3. Gøteborg.
- Klaeber, Fr. (utg.) 1950. *Beowulf and The fight at Finnsburg*. 3. utg. Lexington, Mass.: Heath.
- Knapton, Antoinette. 1975. *Mythe et psychologie chez Marie de France dans Guigemar*. North Carolina studies in the Romance languages and literatures; no. 142. Chapel Hill: U.N.C. Dept. of Romance Languages.
- . 1976–1977. “La Poésie enluminée de Marie de France.” *Romance philology* XXX:177–187.
- . 1978. “À la recherche de Marie de France.” *Romance notes* 19 (2): 248–253.
- Koht, Halvdan. 1921. *Innhogg og utsyn i norsk historie*. Kristiania: Aschehoug.
- Krueger, Roberta L. 2000. *The Cambridge companion to medieval romance*. Cambridge companions to literature. Cambridge: Cambridge University Press.
- Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder*. 22bd. Oslo – Stockholm – København, 1956–1978. Optrykt, København: Rosenkilde og Bagger. 1980
- Kölbing, Eugen (utg.). 1881. *Elis Saga ok Rosamundu: mit Einleitung, deutscher Übersetzung und Anmerkungen zum ersten mal*. Heilbronn: Henninger.
- La Rue, Gervais de, og François de Malherbe. 1834. *Essais historiques sur les bardes, les jongleurs, et les trouvères normands et anglo-normands. Suivis de pièces de Malherbe (Le bouquet des fleurs de Sâenæque)*. Caen.
- Leach, Henry Goddard. 1921. *Angevin Britain and Scandinavia*. Harvard studies in comparative literature; vol. 6. Cambridge: Harvard University Press.
- . 1966. “The Lais Bretons in Norway.” *Studies in language and literature: In honour of Margaret Schlauch*: 203–212.
- Levi, Ezio. 1921. “Il Re giovane e Maria di Francia.” *Archivum Romanicum*. Firenze: Olschki. 448–471.
- Lie, Hallvard. 1967. *Norsk verslære*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lind, E. H. 1905. *Norsk-isländska dopnamn ock fingerade namn från medeltiden*. Uppsala: Lundequistska bokhandeln.
- . 1931. *Supplementband*. Oslo: Jakob Dybwads bokhandel.

- Lindsay, W.M. (utg.). 1911. Isidorus Hispalensis. *Isidori Hispalensis episcopi Etymologiarum sive originum libri XX, Scriptorum classicorum bibliotheca Oxoniensis*. Oxonii ;: E Typographeo Clarendoniano.
- Locke, F. W. 1965. "A New Date for the Composition of the *Tractatus de purgatorio sancti Patricii*." *Speculum: a journal of medieval studies* 40 (4): 641–646.
- Lods, Jeanne (utg.). 1959. *Les lais de Marie de France*. Les Classiques français du moyen âge; 87. Paris: Champion.
- Löfstedt, Leena. 1976. "La Réduplication synonymique de Jean de Meun dans sa traduction de Végèce." *Neuphilologische Mitteilungen* 77: 449–470.
- Lönnroth, Lars. 1965. "Det litterära porträttet i latinsk historiografi och isländsk saga skrivning – en komparativ studie". *Acta Philologica Scandinavia* 27: 68–117.
- Magoun Jr., F. P. 1941–1942. "Norman History in 'The Lay of the Beach'." *Modern language notes* 57 (1):11–16.
- Mall, Eduard. 1867. *De aetate rebusque Mariae Francicae nova quaestio instituitur*. Romance monographs. Bd. 111. Halis: Saxonum.
- . 1877. "Noch einmal: Marie de Compiègne und das *Evangelie aux femmes*." *Zeitschrift für romanische Philologie* I: 337–356.
- . 1885. "Zur Geschichte der mittelalterlichen Fabellitteratur und insbesondere des *Esope* der Marie de France." *Zeitschrift für romanische Philologie* (IX): 161–203.
- McCash, June Hall. 2002. "La vie seinte Audree: A Fourth Text by Marie de France?." *Speculum* 77 (3): 744–777.
- McClelland, Denise. 1977. *Le vocabulaire des Lais de Marie de France*. Publications médiévales. Ottawa: Éditions de l'Université d'Ottawa.
- McCreesh, Bernadine. 1999. "Translation and Adaptation in *Lay le Freine*." *Forum for Modern Language Studies* 35 (4): 386–395.
- Meissner, Rudolf. 1902. *Die Strengleikar: ein Beitrag zur Geschichte der altnordischen Prosalitteratur*. Halle a.Saale: Niemeyer.
- . 1904. "Die geschichte vom ritter Tiodel und seiner ungetreuen frau." *Zeitschrift für deutsches Altertum und deutsche Literatur* XLVII: 247–267.
- Melkersson, Anders. 1992. *L'itération lexicale: étude sur l'usage d'une figure stylistique dans onze romans français des XIIe et XIIIe siècles*, Romanica Gothoburgensia; 41. Göteborg: Acta Universitatis Gothoburgensis.
- Ménard, Philippe. 1979. *Les Lais de Marie de France: contes d'amour et d'aventure du Moyen Âge*. Littératures modernes; 19. Paris: Presses universitaires de France.
- Méon, D.M. 1826. *Le Roman de Renart*. 4 vols. Paris.
- Meyer, P. 1876. "Récit de la première Croisade." *Romania* 5: 1–63.

Litteraturliste

- Micha, Alexandre (utg.). 1982. Chrétien de Troyes: *Cligès: roman*, Traductions des classiques français du Moyen Âge; 3. Paris: Champion.
- . (utg.). 1994: *Lais de Marie de France*. Paris: Flammarion.
- Mickel, Emanuel J. 1974. *Marie de France*. New York: Twayne Publishers.
- Munch, P. A. 1852. *Det norske Folks Historie*. Christiania: Tønsbergs Forl.
- . (utg.). 1853. Oddr Snorrason. *Saga Olafs Konungs Tryggvasunar: Kong Olaf Tryggvesøns Saga*. Christiania.
- . 1862. *Det norske Folks Historie*. Christiania: Tønsbergs Forl.
- Mundt, Marina. 1969. *Sturla Þórdarson und die Laxdæla saga*. Bergen: Universitetsforlaget.
- . (utg.). 1977. Sturla Tordsson. *Hákonar saga Hákonarsonar etter Sth. 8 fol., AM 325 VIII, 4:o og AM 304, 4:o*, Kjeldeskriftfondet. *Norrøne tekster*; 2. Oslo.
- Nordahl, Helge (omsetj. og utg.). 1982. Marie de France. *Fortellinger*. Thorleif Dahls kulturbibliotek. Oslo: Aschehoug.
- . 1982. “Figure rhétorique, rhétorisabilité et rhétorisation (quelques réflexions sur les tautologies binaires en ancien français)”. *Zeitschrift für französische Sprache und Literatur* 92: 124–131.
- Noréen, Adolf. 1970. *Altisländische und altnorwegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre): unter Berücksichtigung des Urnordischen*. 4. vollständig umgearb. Aufl. ed, *Sammlung kurzer Grammatiken germanischer Dialekte; 4 A Hauptreihe*.
- Norges gamle Love*. Utg Rudolf Keyser og Peter Andreas Munch. Christiania: Chr. Grøndahl, 1846–1895.
- Norrøn ordbok*. Sjø Heggstad, Leiv, Finn Hødnebo og Erik Simensen. 1990.
- Nygaard, M. 1896. “Den lærde stil i den norrøne prosa.” *Sproglig-historiske studier tilegnede professor C. R. Unger*. Christiania: Aschehoug.
- . 1906. *Norrøn syntax*. Oslo: Aschehoug. Opptrykk 1966.
- Ohlsson, Tove Hovn (utg.) . Upubl. *Tiódels saga*.
- ONP. Sjø *Ordbog over det norrøne prosasprog*.
- Ommundsen, Åslaug. 2007. *Books, scribes and sequences in medieval Norway*. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Ordbog over det norrøne prosasprog*. København: Den Arnamagnæanske Kommision. 1989–.
- Otaka, Yorio. (utg.)1987. *Marie de France. Œuvres complètes*. Tokyo: Maison d'Édition Kazama.
- . 1994. *Léxique de Marie de France*. Tokyo: Maison d'Édition Kazama.
- Owen, D. D. R. 1970. *The vision of hell: infernal journeys in medieval French literature*. Edinburgh: Scottish Academic Publications.

- Painter, Sidney. 1933. "To Whom were Dedicated the *Fables* of Marie de France?" *Modern language notes* 48 (6): 367–369.
- Palæografisk atlas*. Utg. Kristian Kålund. 3 bd. København: Kommissionen for Det Arnamagnæanske Legat. 1903–1906. Gyldendal.
- Paris, Gaston. 1879. "Lais inédits." *Romania* 8: 59–64.
- . 1883. "Lancelot du Lac: Le Conte de la Charrette." *Romania* 12: 459–534.
- Paris, G. og Mario Roques (utg.). 1966. *Mélanges de littérature française du Moyen Âge la littérature française au Moyen Âge: l'épopée, le roman, l'histoire, la poésie lyrique, la littérature du quinzième siècle*. Paris: Librairie Honoré Champion.
- Parkes, M. B. 1987–88: "Book provision and Libraries at the Medieval University of Oxford". The Robert F. Metzdorf Memorial Lecture 1978. University of Rochester Library Bulletin. Bd. XXXX. Nettressurs: <http://www.lib.rochester.edu/index.cfm?PAGE=4038>.
- Pettersson, Jonatan. under utgjeving. 'Translators and narrators - the translation of subjectivity in Old Norse literature.' *Bibliotheca Nordica*. Oslo.
- Poirion, Daniel. 1983. *Précis de littérature française du Moyen Âge*. Paris: Presses universitaires de France.
- Power, Rosemary. 1985. "Le Lai de Lanval and Helga þátr Þórissonar." *Bibliotheca Arnamagnæana vol. XXXVIII. Opuscula VIII*. København: Den Arnamagnæanske Kommission.
- Prettyman, C. William. 1906. "Peter von Staufenberg and Marie de France." *Modern Language Notes* 21 (7): 205–208.
- Puckett, H. W. 1918. "The Fay, Particularly the Fairy Mistress, in Middle High German." *Modern philology* 16 (6): 297–313.
- Raynaud, Gaston (utg.). 1879. *Elie de Saint Gille*. Société des anciens textes français. Paris.
- Raynaud de Lage, Guy. 1964. *Manuel pratique d'ancien français*. Connaissance des Langues; 2. Paris: Picard.
- . 1970. *Introduction à l'ancien français*. 7. utg. Paris: Sedes.
- Reaney, Gilbert. 1958. "Concerning the Origins of the Medieval *Lai*." *Music & letters: a quarterly publication* XXXIX: 343–346.
- Reaney, P. H. 1967. *The origin of English surnames*. London: Routledge & Kegan Paul.
- Reaney, P. H., og R. M. Wilson. 1976. *A dictionary of British surnames*. 2. utg. London: Routledge & Kegan Paul.
- Rindal, Magnus (utg.). 1981. *Barlaams ok Josaphats saga*, Norrøne tekster; 4. Oslo.
- (omsetj.). 2003. *Soga om Tristram og Isond*, Norrøne bokverk. Oslo: Samlaget.

Litteraturliste

- . 2009. 'Barlaams ok Josaphats saga i det norske litterære miljøet'. I *Barlaam i nord*, utg. K. G. Johansson og Maria Arvidsson. Oslo: Novus.
- Ringger, Kurt. 1973. "Die "Lais": zur Struktur der dichterischen Einbildungskraft der Marie de France." *Zeitschrift für romanische Philologie Beihefte*; 137. Tübingen: Niemeyer.
- Roquefort, Jean-Baptiste-Bonaventure de (utg.). 1820. *Poésies de Marie de France ... , ou Recueil de lais, fables et autres productions*. Paris: Chasseriau.
- Ross, D. J. A. 1970."Review of Richard Baum: Rechercher sur les œuvres attribuées à Marie de France." *The Modern Language Review* 65 (4): 896–898.
- Rothwell, William. *Introduction to the online Anglo-Norman Dictionary*. Nettressurs: www.anglo-norman.net.
- Rumble, Thomas C. 1965. *The Breton lays in Middle English*. Detroit, Mich.
- Rychner, Jean (utg.). 1958. *Le lai de Lanval*. Textes littéraires français; [77]. Genève: Libraire Droz.
- (utg.). 1966. *Les lais de Marie de France*. Les Classiques français du Moyen âge; 93. Paris: Champion. Optrykk 1983.
- Sayers, W. 1982. "Bisclavret in Marie de France. A Reply." *Cambridge medieval Celtic studies* 4:77–82.
- Schach, Paul. 1965. "The Style and Structure of Tristrams saga." *Scandinavian studies: essays presented to Dr. Henry Goddard Leach on the occasion of his eighty-fifth birthday*, utg. E. J. Friis, H. og C. F. Bayerschmidt. Seattle: University of Washington Press.63–86.
- Seip, Didrik Arup. 1945. "Et pseudo-Cypriansk skrift i norsk oversettelse fra 12. hundreår." *Maal og minne*. 21–29.
- . 1954. *Nye studier i norsk språkhistorie*. Oslo: Aschehoug.
- . 1955. *Norsk språkhistorie til omkring 1370*. 2. utg. Oslo: Aschehoug.
- Sienaert, Edgard. 1984. *Les lais de Marie de France: du conte merveilleux à la nouvelle psychologique*, Collection essais; 2. Paris: Champion.
- Sigurður Nordal (utg.). 1933. *Egils saga Skalla-Grimssonar*. ÍF. bd. 2. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag.
- Sigurður Nordal og Guðni Jónsson (utg.). 1938. *Gunnlaugs saga ormstungu*. ÍF bd. 3, *Borgfirðinga sogur*. Reykjavík: Hið Íslenska fornritafélag.
- Simek, Rudolf, og Hermann Pálsson. 1987. *Lexikon der altnordischen Literatur*. Stuttgart: Kröner.
- Simpson, J. A., og Edmund Weiner. 1989. *The Oxford English Dictionary*. 2. utg. Oxford: Clarendon Press. Nettressurs: www.oed.com
- Skrá um handritasöfn landsbókasafnsins*. Utg. Páll Eggert Ólason 3 bd. Landsbókasafn Íslands. 1918. Reykjavík: Prentsmiðjan Gutenberg.

- Skårup, Povl. 1971. "Notes sur le texte du *Lai de Lecheor*." *Revue romane* 6: 52–62.
- . 1973. "Le lai de *Nabaret*." *Revue romane* 8: 262–271.
- . 1975. "Les *Strengleikar* et les lais qu'ils traduisent." *Les relations littéraires franco-scandinaves au Moyen Âge: actes du Colloque de Liège 1972*, Bibliothèque / Université de Liège. Faculté de philosophie et lettres; 208. Paris: Société d'Édition "Les Belles Lettres".
- . 1979. "Oversætter- og afskriverfejl i *Strengleikar*." *Maal og minne*, 30–33.
- . 1981. "Les prologues qui précèdent le lai de *Guigemar*." *Revue romane* 16 (1-2): 166–175.
- Snell-Hornby, Mary. 2007. "Theatre and Opera Translation". *A Companion to translation studies*. I Topics in translation; 34, utg. K. Littau og P. Kuhiwczak. Clevedon: Multilingual matters. 102–120.
- Soudée, Madeleine. 1981. "Le dédicataire des *Ysopets* de Marie de France." *Les Lettres romanes* 35: 183–198.
- Storm, Gustav. 1880. "Den Bergenske Biskop Arnes Bibliothek." *Historisk Tidsskrift* 2: 185–192.
- Sverrir Tómasson. 1977. 'Hvenær var Tristrams saga snúið?'. I *Gripla*, utg. Jónas Kristjánsson. Reykjavík: Stofnun Árna Magnússonar. 47–78.
- Sävborg, Daniel. 2007. *Sagan om kärleken. Erotik, känslor och berättarkonst i norrön litteratur*. Vol. Historia litterarum 27, Acta Universitatis Upsaliensis. Uppsala: Uppsala Universitet.
- Södergård, Östen. 1955. *La Vie Seinte Audree: poeme anglo-normand du XIIIe siecle*, Uppsala universitets årsskrift; 1955: 11. Uppsala.
- Taylor, Andrew. 2002. *Textual situations: three medieval manuscripts and their readers, Material texts*. Philadelphia, Pa.: University of Pennsylvania Press.
- Thomas, Ian Short, Brian Foster, Laurence Harf-Lancner, og Catherine Gaullier-Bougassas (utg.). 2003. *Le roman d'Alexandre, ou, le roman de toute chevalerie*. Champion classiques Moyen Âge; 5. Paris: Honoré Champion.
- Tobin, Prudence Marie O'Hara. 1976. *Les lais anonymes des XIIe et XIIIe siècles édition critique de quelques lais Bretons*, Publications romanes et françaises; 143. Genève: Droz.
- Tobler, Adolf. 1886. "Zu den *Lais* der Marie de France." *Zeitschrift für romanische Philologie* 10: 164–169.
- Tobler, Adolf, og Erhard Lommatzsch. 1925. *Altfranzösisches Wörterbuch*. Wiesbaden: Steiner.
- Togebj, Knud. 1972. "L'influence de la littérature française sur les littératures scandinaves au moyen âge." *Grundriss der romanischen Literaturen des Mittelalters*, utg. J. Frappier mfl. Heidelberg: Winter.

Litteraturliste

- Torp, Alf. 1909. *Gamalnorsk ordavleiding*. Vol. 2, Scripta minora, 1973-1974: 2. Nyutgåva med rättelser och register ombesörjd av Gösta Holm. Fyrsteutgåva i innleiinga til Gamalnorsk ordbok av Marius Hægstad og Alf Torp, 1909. Lund: Kungl. humanistiska vetenskapssamfundet i Lund.
- Trotter, David. 2003. "L'anglo-normand; variété insulaire, ou variété isolée?" *Médiévales* 45. Nettressurs: <http://medievales.revues.org/document760.html>.
- Trübner, N. (utg.). 1873: *Palladius on husbandrie*. London: published for the Early English text Society.
- Tveitane, Mattias. 1968. *Den lærde stil: oversetterprosa i den norrøne versjonen av Vitæ Patrum*. Årbok for Universitetet i Bergen. Humanistisk serie; 1967:2. Bergen, Universitetsforlaget.
- . (utg.) 1972. *Elis saga: Strengleikar and other texts: Uppsala University Library, Delagardieska samlingen nos. 4-7 folio and AM 666 b quarto, Corpus codicum Norvegorum medii aevi. Quarto series; vol. 4*. Oslo: Selskapet til utgivelse av gamle norske håndskrifter.
- . 1973. *Om språkform og forelegg i Strengleikar*. Årbok for Universitetet i Bergen, Humanistisk serie. 1972:3. Bergen: John Grieg.
- Tveitane, Mattias og Robert Cook (utg.). 1979. *Strengleikar. An Old Norse translation of twenty-one Old French lais*. Kjeldeskriftfondet. Norrøne tekster; nr. 3. Oslo.
- Unger, C. R. (utg.). 1860. *Karlamagnus Saga ok Kappa hans: Fortællinger om Keiser Karl Magnus og hans Jævnninger*. Christiania.
- . (utg.). 1869. *Thomas saga Erkibyskups: Fortælling om Thomas Becket Erkebiskop af Canterbury: to Bearbejdelser samt Fragmenter af en tredje*. Christiania.
- . (utg.). 1877. *Heilagra Manna Sögur: Fortællinger og Legender om hellige Mænd og Kvinder: efter gamle Haandskrifter*. Christiania.
- Vaughan, Richard. 1958. *Matthew Paris*. Cambridge studies in medieval life and thought. New series; 6.. Cambridge: University Press.
- Venås, Kjell, og Henrik Rytter. 1962. *Strengleikar eller Songbok*, Norrøne bokverk; 38. Oslo: Samlaget.
- de Vries, M og E. Verwijs (utg.). 1863–79. *Jacob van Maerlant's Spiegel historiale*. 3 bd. Leiden: Brill. Nettressurs: http://www.dbnl.nl/tekst/maer002spie01/maer002spie01_0009.htm.
- Vågslid, Eivind. 1988. *Norderlendske fyrenamn: namnebok*. Eidsvoll: Skjæveland.
- Wallace, Kathryn Young Wallace. (utg.). 1983. *Matthew Paris. La estoire de Seint Aedward le Rei*. Anglo-Norman texts; 41. London: Anglo-Norman Text Society.
- Walsh, P. G (utg.). 1982. *Andreas Capellanus on love*. London: Duckworth.

- Ward, H. L. D. og J. A. Herbert for British Museum. Department of Manuscripts. 1883. "Harley 978, ff. 118-160." *Catalogue of romances in the Department of manuscripts in the British Museum*. London.
- Warnke, Karl. (utg.) 1885. *Die Lais der Marie de France*. Bibliotheca Normannica; 3. Halle.
- . 1900. 'Die Quellen des *Esope* der Marie de France'. *Festgabe für Hermann Suchier*. Halle: Niemeyer.
- . (utg.) 1925. *Die Lais der Marie de France*. 3. verbesserte Aufl. Bibliotheca Normannica; 3. Halle: Niemeyer.
- Weiss, Judith. (utg.). 1999. *Wace's "Roman de Brut": a history of the British*. Exeter: University of Exeter Press.
- Weingartner, Russell (utg.). 1985. *Graelent and Guingamor: two Breton lays*. Garland library of medieval literature; 37. New York: Garland.
- Wellendorf, Jonas. 2006. *Kristelig visionslitteratur i norrøn tradition: Senter for middelalderstudier (CMS)* Universitetet i Bergen.
- West, M. L. 1973. *Textual criticism and editorial technique: applicable to Greek and Latin texts*. Stuttgart: B.G. Teubner.
- Williams, William Carlos, og Charles Tomlinson (utg.). 1976. *Selected poems*. Harmondsworth: Penguin.
- Wind, Bartina H. (utg.). 1950. Thomas d'Angleterre. *Les fragments du roman de Tristan: poème du XIIIe siècle*. Leiden: Brill.
- . 1963. "L'Idéologie courtoise dans les lais de Marie de France." *Mélanges de linguistique romane et de philologie médiévale offerts à Maurice Delbouille*, utg. J. Duculot. Liège: Gembloux. 741–748.
- Winkler, Emil. 1918. *Französische Dichter des Mittelalters. II. Marie de France*, Kaiserliche Akademie der Wissenschaften in Wien. Philosophisch-historische Klasse, 188:3. Wien: Hölder.
- Winter-Hjelm, H. 1850. *Strenglege eller Sangenes Bog*. Kristiania: Feilberg & Landmark.
- Wolledge, B. 1969. "Bons vavasseurs et mauvais sénéchaux." *Mélanges offerts à Rita Lejeune, professeur à l'Université de Liège*, utg. R. Lejeune. Université de Liège. Gembloux. 1263–1277.
- Wolf, Ferdinand. 1841. *Über die Lais: Sequenzen und Leiche: ein Beitrag zur Geschichte der rhythmischen Formen und Singweisen der Volkslieder und der volksmässigen Kirchen- und Kunstlieder im Mittelalter*. Osnabrück.
- Zink, Michel. 2001. *Littérature française du Moyen Age*. Paris: Presses Universitaires de France.
- Zumthor, Paul. 1972. *Essai de poétique médiévale, Poétique*. Paris: Seuil.

Litteraturliste